



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

St.meld. nr. 35

(2007–2008)

Mål og meining

Ein heilskapleg norsk språkpolitikk





DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

St.meld. nr. 35

(2007–2008)

Mål og meining

Ein heilskapleg norsk språkpolitikk

Innhald

1	Formål og bakgrunn	13	3.1.1	Overordna språkpolitiske mål	24
1.1	Formål	13	3.1.2	Grunnlag for oppfølging av dei språkpolitiske måla	24
1.1.1	Ny, strategisk språkpolitikk	13	3.1.3	Tre språkpolitiske innfallsvinklar	24
1.1.2	Kontekst og grunnlag	13	3.1.4	Haldningar og handlingar	24
1.1.3	Hovudinnhaldet i språkpolitikken	14	3.1.5	Makt	25
1.1.3.1	Det overordna perspektivet – å styrkja norsk språk	14	3.2	Nærare om prinsippa for den nye språkpolitikken	25
1.1.3.2	Det norskspråklege mangfalds- og jamstillingsperspektivet	14	3.2.1	Språkpolitikken skal vera sektor- overgripande	25
1.1.3.3	Det mangespråklege og fleir- språklege perspektivet	14	3.2.2	Språkpolitikken skal vera konsistent og einskapleg	25
1.1.3.4	Det nordiske perspektivet	15	3.2.3	Språkpolitikken skal ha klar kultur- politisk forankring	25
1.1.3.5	Det framandspråklege perspektivet	15	3.2.4	Språkpolitikk i kulturpolitikken	26
1.1.4	Ein politikk for å motverka domenetap	15	3.3	Eit permanent språkpolitisk oppfølgingsregime	27
1.1.4.1	Det sektorovergripande perspektivet	15	3.3.1	Innleiing	27
1.1.4.2	Domenetapsperspektivet	15	3.3.2	Språkpolitiske høyrings- og konsultasjonsordningar	27
1.1.5	Språkpolitiske innfallsvinklar	16	3.3.3	Det språkpolitiske kunnskaps- grunnlaget	28
1.1.5.1	Språkoplæring og andre språklege rettar	16	3.3.4	Ein årleg språkpolitisk tilstands- rapport – eit språkbarometer	29
1.1.5.2	Språkstyrking	16	3.3.5	Ei fireårig stortingsmelding om språk og språkpolitikk	29
1.1.5.3	Språkdyrking	16	3.4	Språkpolitisk lovgjeving	30
1.1.5.4	Samla kapitteldisposisjon	16	3.4.1	Eksisterande språklover	30
1.1.6	Historisk perspektiv på språk- politikken	17	3.4.2	Frå Norsk språkråd til Språkrådet ...	30
1.2	Bakgrunnen for meldinga	17	3.4.2.1	Tidlegare lov om Norsk språkråd	30
1.2.1	Norsk bakgrunn	17	3.4.2.2	Spørsmålet om lovforankring av Språkrådet	30
1.2.1.1	Soria Moria-erklæringa	17	3.4.2.3	Oppsummerande vurdering	31
1.2.1.2	Omdanninga av Språkrådet	17	3.4.3	Spørsmålet om ei allmenn språklov .	31
1.2.1.3	Strategidokumentet Norsk i hundre!	18	3.4.3.1	Utgangspunkt	31
1.2.1.4	Følgjeskrivet frå Språkrådet	18	3.4.3.2	Nasjonal språklovgjeving i nokre andre land	32
1.2.1.5	Annan bakgrunns litteratur	18	3.4.3.3	Lov- eller grunnlovfesting?	32
1.2.2	Nordisk bakgrunn	18	3.4.3.4	Fråsegn frå Språkrådet om eventuell grunnlovfesting	33
1.2.2.1	Innleiing	18	3.4.3.5	Nærare om eit konkret framlegg til grunnlovfesting	33
1.2.2.2	Sverige	19	3.4.3.6	Tilhøvet til mållova	34
1.2.2.3	Danmark	19	3.4.3.7	Spørsmålet om språklov i Danmark .	34
1.2.2.4	Finland	19	3.4.3.8	Spørsmålet om språklov i Sverige	35
1.2.2.5	Nordisk ministerråd	19	3.4.3.9	Oppsummerande vurdering	37
1.2.2.6	Den nordiske språkdeklarasjonen ...	20	3.4.4	Verkeområdet for mållova	38
2	Samandrag	21	3.4.4.1	Tidlegare vurderingar	38
2.1	Mål for språkpolitikken	21	3.4.4.2	Retningslinjer for målbruk i samferdselsverksemdene	38
2.2	Struktur og innhald i meldinga	21	3.4.4.3	Nærare om målbruk i NRK	39
2.3	Hovudtiltaka i meldinga	22			
2.3.1	Overordna tiltaksområde	22			
2.3.2	Tiltak på ulike område	22			
3	Ny språkpolitikk - overordna mål og verkemiddel	24			
3.1	Mål og prinsipp for ein ny språk- politikk	24			

3.4.4.4	Utgangspunkt for den framtidige grensdraginga	39	4.2.5	Urfolksspråk	56
3.4.4.5	Offentleglova som mønster	39	4.2.6	Språk knytte til nasjonale minoritetar	57
3.4.4.6	Nærare om innhaldet i mållova	40	4.2.7	Historiske regions- eller minoritets- språk	57
3.4.4.7	Utgreiingsbehov	41	4.2.8	Nyare innvandrarspråk i Noreg	58
3.5	Språkrådet – oppgåver og organisering	42	4.2.9	Andre nordiske språk i Noreg	58
3.5.1	Innleiing	42	4.2.10	Eit mindre brukt språk	58
3.5.2	Språkrådet sitt ansvar for norsk språk	42	4.2.11	Status for teiknspråk	59
3.5.2.1	Frå språkdyrking til språkstyrking	42	4.3	Kva er eit eige språk?	59
3.5.2.2	Jamføring med andre nordiske land .	42	4.3.1	Kvensk som eige språk	59
3.5.2.3	Nye oppgåver som tidlegare er lagde til Språkrådet	44	4.3.2	Norsk, dansk og svensk – bokmål og nynorsk	59
3.5.2.4	Språkrådet i dag – ressursar og oppgåver	45	4.3.3	Samisk – eitt eller fleire språk	59
3.5.2.5	Nye og utvida oppgåver foreslått andre stader i denne meldinga	45	4.4	Nordisk kontekst	60
3.5.2.6	Oppsummerande vurdering	45	4.4.1	Språka i Norden	60
3.5.3	Språkrådet – ansvar for andre språk i Noreg	45	4.4.2	Alle språk i Norden	60
3.5.3.1	Problemstilling	45	4.4.3	Nordens språk	60
3.5.3.2	Språkpolitisk ansvar for andre tradisjonelle språk i Noreg enn norsk	45	4.4.4	Samfunnsberande språk	60
3.5.3.3	Om Språkrådet bør ha eit ansvar knytt til nyare innvandrarspråk	46	4.4.5	Samfunnsberande og komplette språk	60
3.5.3.4	Merknader i Norsk i hundre!	46	4.4.6	Statsberande språk	60
3.5.3.5	Språkrådets generelle språkpolitiske ansvar i dag	47	4.4.7	Dei skandinaviske språka	60
3.5.3.6	Nordisk jamføring	47	5	Språk og makt	61
3.5.3.7	Oppsummerande vurdering	48	5.1	Innleiing	61
3.5.4	Organiseringa av Språkrådet	49	5.1.1	Maktperspektivet i språkpolitikken .	61
3.5.4.1	Nytt fagråd for språkopplæring og språklege mindretal	49	5.1.1.1	Språk og makt i historisk perspektiv	61
3.5.4.2	Konsekvensar for fagrådssystemet elles	49	5.1.1.2	Grunnlag	61
3.5.4.3	Gjennomgang av organisasjons- og styringsmodellen	50	5.2	Språklege maktmekanismar og maktstrukturar	62
3.6	Oppsummering av prioriterte, overordna tiltak	50	5.2.1	Makt	62
4	Det norske og nordiske språklandskapet	52	5.2.1.1	Språk og makt	62
4.1	Språk og språkvariantar i Noreg	52	5.2.1.2	Språk i norske maktutgreingar	62
4.1.1	Innleiing	52	5.2.1.3	Omgrepet «makt»	63
4.1.2	Norsk – bokmål og nynorsk	52	5.2.1.4	Formell og uformell makt	63
4.1.3	Samisk – nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk	53	5.2.1.5	Marknadsmakt	63
4.1.4	Kvensk, romani og romanes	53	5.2.2	Språkleg makt og avmakt	63
4.1.5	Norsk teiknspråk	54	5.2.2.1	Språk som system	63
4.1.6	Nyare innvandrarspråk	54	5.2.2.2	Språk og samfunn	64
4.2	Formell status for språka i Noreg	55	5.2.2.3	Ein språkdelt norsk felleskultur i eit fleirkulturelt samfunn	64
4.2.1	Hovudspråk og nasjonalspråk	55	5.2.2.4	Språkleg makt i kraft av det «naturlege» og «nøytrale»	64
4.2.2	Offisielt språk	55	5.2.2.5	Språk og identitet	65
4.2.3	Lovforankring av språk	56	5.2.2.6	Språkleg avmakt	66
4.2.4	Språkleg forvaltningsområde	56	5.2.2.7	Skrift og tale	66
			5.2.3	Samfunnsendingar som flyttar språkleg makt	67
			5.2.3.1	Strukturelle prosessar	67
			5.2.3.2	Globalisering	67
			5.2.3.3	Individualisering	67
			5.2.3.4	Privatisering.....	67
			5.2.4	Språklege og kulturelle maktmekanismar	67
			5.2.4.1	Maktmekanismar	67

5.2.4.2	Dominans	68	5.7.5	Aktiv lovgjeving	82
5.2.4.3	Hegemoni	68	5.7.6	Målretta støtteordningar	82
5.2.4.4	Marginalisering	68	5.7.7	Lokale folkerøystingar	83
5.2.4.5	Ignorering	69	5.7.8	Minoritetar og mindretal	83
5.2.4.6	Stigmatisering og trakassering	69	5.7.9	«Norsk når du kan, engelsk når du må»	83
5.2.4.7	Assimilering	69	5.7.10	Språklege rollemodellar innanfor populærkulturen	83
5.3	Motmakt og demokratisk makt over språket	69	5.7.11	Jamføring med andre land	83
5.3.1	Motmakt	69	5.7.12	Offentlege informasjonskampanjar ..	83
5.3.1.1	Svar på makt	69	6	Språklege rettar og interesser	84
5.3.1.2	Institusjonalisering	70	6.1	Språkets funksjon for språkbrukarane	84
5.3.1.3	Frivillig organisering	70	6.1.1	Innleiing	84
5.3.1.4	Synleggjering og dokumentasjon	70	6.1.2	Grunnleggjande funksjonar	84
5.3.2	Demokratisk makt over språket	70	6.1.3	I skule og utdanning, i arbeid og yrke	84
5.3.2.1	Språk og demokrati	70	6.1.4	Krav til språkmeistring	84
5.3.2.2	Skiftande fleirtal og mindretal	71	6.1.5	Sosiale skilnader i språkmeistringa ..	85
5.3.2.3	Tilgang på makt gjennom språkleg deltaking	71	6.1.6	Særleg om lesekompetanse	85
5.3.2.4	Forståing og definisjonsmakt gjennom språket	71	6.1.7	Norsk språkmeistring for fleir-språklege	85
5.3.2.5	Språkmakt og massemedia	72	6.2	Språkleg variasjon, toleranse og kvalitet	85
5.3.2.6	Språkpolitisk lokaldemokrati	72	6.2.1	Innleiing	85
5.3.2.7	Den demokratiske verdien av usemje	73	6.2.2	Talespråket	85
5.3.2.8	Språkleg diskriminering	73	6.2.3	Skriftspråket	86
5.4	Språkleg makt og sosiale skilnader .	74	6.2.4	Språkopplæring	86
5.4.1	Sosiale samanhengar	74	6.3	Språk – ein demokratisk rett	86
5.4.2	Etnisitet	74	6.3.1	Tre grunnleggjande rettar	86
5.4.3	Yrke	75	6.3.2	Svensk og dansk jamføring	87
5.4.4	Kjønn	75	6.3.3	Den nordiske språkdeklarasjonen ...	87
5.4.5	Sosial status	76	6.3.4	Ei verdserklæring om språklege rettar	88
5.4.6	Regionar	76	7	Språkstyrking – eit komplett og samfunnsberande språk	89
5.4.7	Målform	77	7.1	Generelt	89
5.5	Offentleg maktspråk	77	7.1.1	Språkmangfald og språkdød	89
5.5.1	Uklart språk er urasjonelt og eit velferds- og demokratiproblem	77	7.1.1.1	Verdien av språkleg og kulturelt mangfald	89
5.5.2	Språklege maktbarrierar	77	7.1.1.2	Språk – fleire funksjonar	89
5.6	Domenetap, språkskifte og målbyte	78	7.1.1.3	Språkdød	90
5.6.1	Reell valfridom eller utslag av dominans?	78	7.1.1.4	Engelsk – dagens lingua franca	90
5.6.2	Språklege domenetap	78	7.1.2	Framtidsutsikter for norsk språk	90
5.6.3	Frå norsk til engelsk	79	7.1.2.1	Norsk språk – storleik og styrke	90
5.6.4	Privat og offentleg makt over språkbruk	79	7.1.2.2	Gruppering av meir og mindre utsette språk	91
5.6.5	Språkmøte for innvandrarar	80	7.1.2.3	Vurderingar av trugsmålet for norsk språk	91
5.6.6	Språkskifte frå samisk og kvensk til fleirtalsspråket	80	7.1.2.4	Kva trugsmålet består i	91
5.6.7	Målbyte mellom bokmål og nynorsk	80	7.1.3	Verdien av norsk språk	92
5.6.8	Situasjonstilpassa språkskifte	81	7.1.3.1	Språkleg sjølvkjensle	92
5.7	Strategi for omfordeling av språkleg makt	81	7.1.3.2	Norsk språk mellom det nasjonale og internasjonale	92
5.7.1	Rett til å delta	81			
5.7.2	Språkleg berekraft	82			
5.7.3	Ein reell tospråkspolitikk i eit kulturelt mangfald	82			
5.7.4	Prinsippet nynorsk	82			

7.1.3.3	Usynleggjering av norsk språk	92	7.2.3.3	Folkeopplysningsargumentet	103
7.1.3.4	Nasjonalspråkleg mobilisering	93	7.2.3.4	Demokratiargumentet	103
7.1.4	Presset frå engelsk	93	7.2.3.5	Identitetsargumentet	103
7.1.4.1	Innleiing	93	7.2.3.6	Tryggingsargumentet	103
7.1.4.2	Engelsk ovanfrå og nedanfrå	93	7.2.3.7	Lønnsemdsargumentet	103
7.1.4.3	Fleire former for engelskpåverknad	94	7.2.3.8	Det kulturelle argumentet	104
7.1.4.4	Import av lånord	94	7.2.4	Nasjonalt terminologiarbeid i Noreg	104
7.1.4.5	Kodeveksling	94	7.2.4.1	Utfordringa i dag	104
7.1.4.6	Domenetap	94	7.2.4.2	Ulike former for terminologiarbeid ..	104
7.1.4.7	Frå kulturpåverknad til domenetap ..	94	7.2.4.3	Datamaskinell termbehandling	104
7.1.5	Konsekvensar av domenetap	95	7.2.4.4	Terminologiske ordbøker	105
7.1.5.1	Domenetap – to tydingar	95	7.2.4.5	Nasjonale terminologiorgan	105
7.1.5.2	Reduserte prestasjonar	95	7.2.4.6	Norsk terminologiarbeid dei siste åra	105
7.1.5.3	Negative haldningar til norsk	95	7.2.4.7	Standard Norge	106
7.1.5.4	Stengjer for kommunikasjon over		7.2.4.8	Nynorsk terminologi	106
	faggrenser	95	7.2.5	Framlagde forslag til tiltak på	
7.1.5.5	Skilje mellom høgspråk og lågspråk	95		terminologiområdet	106
7.1.5.6	Språkkløfter	96	7.2.5.1	Organisering av framtidig	
7.1.5.7	Maktutgreiinga	96		terminologiarbeid	106
7.1.6	Haldningar til språk og språkskifte .	96	7.2.5.2	Andre forslag i Norsk i hundre!	107
7.1.6.1	Nordiske haldningar	96	7.2.5.3	Framlegg frå Standard Norge	107
7.1.7	Verdien av engelsk og andre		7.2.6	Oppsummerande vurderingar	107
	framandspråk	96	7.2.6.1	Utgangspunkt	107
7.1.7.1	Nytten av engelsk som eit felles,		7.2.6.2	Prinsipielle føresetnader	108
	internasjonalt språk	96	7.2.6.3	Samordning og initiering av	
7.1.7.2	Nytten av andre framandspråk enn			framtidig terminologiarbeid	108
	engelsk	97	7.2.6.4	Terminologi og standardisering m.m.	108
7.1.7.3	Sviktande kunnskap i framandspråk	97	7.2.7	Oppsummering av prioriterte tiltak .	109
7.1.8	Parallellspråksbruk	98	7.3	Språkbruk innanfor høgare	
7.1.8.1	Innleiing	98		utdanning og forskning	109
7.1.8.2	Uttrykket parallellspråksbruk	98	7.3.1	Innleiing	109
7.1.8.3	Parallellspråksbruk for å motverka		7.3.1.1	Generelt	109
	domenetap	98	7.3.1.2	Internasjonaliseringsbakgrunnen ...	109
7.1.8.4	Ein fleksibel strategi	98	7.3.1.3	Frykt for domenetap	110
7.1.8.5	Med preferanse for norsk	99	7.3.1.4	Språkstrategiar tufta på	
7.1.8.6	Parallellspråksdugleik	99		parallellspråksbruk	110
7.1.8.7	Språkdomene definert gjennom		7.3.2	Omfanget av engelskbruk i ulike	
	produkt på ein marknad	100		samanhengar	111
7.2	Terminologi og fagspråk	100	7.3.2.1	Generelt	111
7.2.1	Innleiing	100	7.3.2.2	Nordisk domenetapsrapport	111
7.2.1.1	Generelt	100	7.3.2.3	Publiseringsspråk – utviklinga fram	
7.2.1.2	Nærare om fagterminologi og			til 2000	111
	fagspråk	100	7.3.2.4	Publiseringsspråk – nyare tal og	
7.2.2	Kunnskaps- og terminologiimport før			vurderingar	112
	og no	101	7.3.2.5	Undervisningsspråket	112
7.2.2.1	Utgangspunkt	101	7.3.2.6	Fag- og studielitteratur	113
7.2.2.2	Vitskapleg basert terminologi	101	7.3.3	Nærare om forskingsspråket	114
7.2.2.3	Terminologi basert på internasjonale		7.3.3.1	Innleiing	114
	standardar	101	7.3.3.2	Forskinga sin internasjonale karakter	114
7.2.2.4	Behovet for nasjonalt terminologi-		7.3.3.3	Forskingskomponenten i	
	arbeid	102		finansieringssystemet	115
7.2.3	Kvifor ein eigen norsk fag-		7.3.4	Nærare om undervisningsspråket	115
	terminologi?	102	7.3.4.1	Tidlegare lovregulering av	
7.2.3.1	Generelle synspunkt	102		undervisningsspråket	115
7.2.3.2	Det faglege argumentet	102			

7.3.4.2	Val av undervisningsspråk – haldningar og strategiar	116	7.4.7.5	Språkpolitisk samarbeid med partane i arbeidslivet	128
7.3.4.3	Undervisningsspråk - læringseffekt og seinare yrkesutøving	116	7.4.7.6	Kartlegging av språk og arbeidsvilkår	128
7.3.4.4	Grenseoppgangen mellom norsk og engelsk	117	7.4.8	Oppsummering av prioriterte tiltak	128
7.3.5	Nærare om språket i læremiddel og faglitteratur	118	7.5	Språk og teknologi	129
7.3.5.1	Tilgang på norskspråklege bøker som stettar faglege krav	118	7.5.1	Innleiing	129
7.3.5.2	Verkemiddel for å sikra norskspråklege fag- og lærebøker	118	7.5.1.1	Informasjonsmedium	129
7.3.6	Vurderingar og framlegg frå ulike språkutval ofl.	119	7.5.1.2	Språkdomene	129
7.3.6.1	Overordna strategisk vurdering i Norsk i hundre!	119	7.5.2	Oppsummering av tidlegare ambisjonar og tiltak	130
7.3.6.2	Framlegg om lovfesting	120	7.5.2.1	«Bit for bit», rapport frå eit statssekretærutval 1996	130
7.3.6.3	Organisering av særskilde språktenester	120	7.5.2.2	Handlingsplan for IT på kulturområdet 1997	130
7.3.6.4	Initiativ frå Språkrådet i april 2008 ...	120	7.5.2.3	Språk og teknologi i målbruksmeldinga 1997	130
7.3.7	Oppsummerande vurderingar	121	7.5.2.4	IKT-stillingar i Norsk språkråd i 2000	130
7.3.7.1	Utfordringa	121	7.5.2.5	Handlingsplan for norsk språk og IKT frå 2001	130
7.3.7.2	Prinsippet om parallellspråksbruk ...	121	7.5.2.6	Utgreiinga om ein norsk språkbank frå 2002	131
7.3.7.3	Norsk må vera hovudspråket	121	7.5.2.7	Tiltak for å fremja nynorsk programvare	131
7.3.7.4	Institusjonelle språkstrategiar	122	7.5.2.8	Nynorsk innhald på Internett	131
7.3.7.5	Lovfesting av ansvaret for norsk fagspråk	122	7.5.2.9	Parallellsøk	131
7.3.7.6	Evaluering av finansieringssystemet	123	7.5.3	Tilgang til norsk programvare i begge målformer	132
7.3.7.7	Tilgang til norskspråkleg studielitteratur	123	7.5.4	Revisjon av handlingsplanen for språk og IKT	132
7.3.8	Oppsummering av prioriterte tiltak	124	7.5.5	Ein norsk språkbank	133
7.4	Nærings- og arbeidslivet	124	7.5.5.1	Språkteknologi	133
7.4.1	Innleiing	124	7.5.5.2	Døme på språkteknologiske løysingar i praktisk bruk	133
7.4.2	Konsernspråk	125	7.5.5.3	Teknologiutvikling og språkversjonar	133
7.4.2.1	Omfanget av engelskbruk når offisielt konsernspråk er engelsk	125	7.5.5.4	Språkteknologi utan norske språkversjonar	134
7.4.2.2	Noko om omfanget av engelsk konsernspråk	125	7.5.5.5	Føresetnader for utvikling av norske språkversjonar	134
7.4.2.3	Verknader av vedtak om konsernspråk	125	7.5.5.6	Røynsler frå forskingsprogrammet KUNSTI	135
7.4.2.4	Døme frå eit storkonsern i Noreg	125	7.5.5.7	Språkteknologiske fagmiljø og forskning i Noreg	135
7.4.3	Språk i stillingsannonser	126	7.5.6	Vidare arbeid med etablering av ein norsk språkbank	135
7.4.4	Språk i marknadsføring og informasjon	126	7.5.6.1	Behovet for ein norsk språkbank	135
7.4.5	Eit språk- og teknologibasert arbeidsliv	126	7.5.6.2	Ein norsk språkbank skal etablerast	136
7.4.6	Spørsmålet om lovregulering av språk i arbeidslivet	127	7.5.6.3	Innhaldet i ein norsk språkbank	136
7.4.7	Oppsummerande vurdering	127	7.5.6.4	Kostnadsspørsmålet	136
7.4.7.1	Ein optimal parallellspråkleg strategi	127	7.5.7	Oppsummering av prioriterte tiltak	137
7.4.7.2	Terminologi og fagspråk	127	7.6	Kultur- og mediesektoren	137
7.4.7.3	Næringslivet – eit særleg utsett domene	128	7.6.1	Innleiing	137
7.4.7.4	Eit språkpolitisk samfunnsansvar i næringslivet	128	7.6.1.1	Utgangspunktet	137

7.6.1.2	Vurderinga i Norsk i hundre!	137	7.6.5.7	Støtte til tidsskrift og ymse publikasjoner	146
7.6.1.3	Utfordringa	138	7.6.5.8	Støtte til nynorsk litteratur	146
7.6.1.4	UNESCO-konvensjonen om kulturelt mangfald	138	7.6.5.9	Støtte til teikneseriar	147
7.6.2	Språkbruk i mediesektoren	138	7.6.5.10	Støtte til e-bøker og lydfiler	147
7.6.2.1	Medievanar	138	7.6.5.11	Støtte til formidlingstiltak	147
7.6.2.2	Ein arena for den offentlege samtalen	139	7.6.5.12	Nllsats for meirverdiavgift på bøker	147
7.6.2.3	Ein scene for framvising av språklege uttrykk	139	7.6.5.13	Bokavtalen	147
7.6.2.4	Engelskspråkleg programmateriale i fjernsynet	139	7.6.5.14	Bibliotekvederlag	148
7.6.2.5	Kvotereglar for europeisk programmateriale i fjernsyn	140	7.6.5.15	Stipend- og kunstnarpolitikk	148
7.6.2.6	Situasjonen i den norske fjernsynsmarknaden	140	7.6.5.16	Oppsummerande vurdering	148
7.6.2.7	NRK og TV2 som norskspråkleg motvekt	140	7.6.6	Bibliotek som språkpolitisk verkemiddel	149
7.6.2.8	Mangel på framandspråkleg mangfald i kanaltilbodet	141	7.6.6.1	Nærare om bibliotekpolitikken	149
7.6.2.9	Teksting eller dubbing	141	7.6.6.2	Bibliotekreform 2014	149
7.6.3	Krav til allmenkrinkingastarane om bruk av norsk språk	141	7.6.6.3	Stortingsmelding om bibliotek	149
7.6.3.1	Generelle krav til bruk av norsk språk	141	7.6.7	Særskilt om leselyst, lesestimulering og litteraturformidling	150
7.6.3.2	Norsk drama	142	7.6.7.1	Status og utfordringar	150
7.6.3.3	Norskspråklege program for barn og unge	142	7.6.7.2	Leseopplæring og lesemotivasjon	150
7.6.3.4	Norsk og norskspråkleg musikk	142	7.6.7.3	Litteraturformidling i biblioteka	150
7.6.4	Generelt om språk, litteratur og bibliotek	142	7.6.7.4	Norsk Forfattersentrum	151
7.6.4.1	Språk som estetisk og kunstnarleg uttrykk	142	7.6.7.5	Foreningen !les	151
7.6.4.2	Kunsten og dei nasjonale språka	142	7.6.7.6	Norsk barnebokinstittutt	151
7.6.4.3	Norskspråkleg kunst	143	7.6.7.7	Leser søker bok	152
7.6.4.4	Kunsten som språkleg kontinuitetsberar og fornyande kraft	143	7.6.7.8	Nynorsk kultursentrum	152
7.6.4.5	Litteratur- og bibliotekpolitikk i eit språkperspektiv	143	7.6.7.9	Den kulturelle skulesekken	152
7.6.4.6	Hovudmål for litteratur- og bibliotekpolitikken	144	7.6.7.10	Nynorsk i Den kulturelle skulesekken	153
7.6.5	Språkpolitisk relevante verkemiddel i litteraturpolitikken	144	7.6.8	Andre problemstillingar på kultur- og medieområdet	153
7.6.5.1	Innkjøps-, produksjons- og tilskotsordningar for litteratur	144	7.6.8.1	Digitalisering av kultur- og kunnskapskjeldene	153
7.6.5.2	Innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur	144	7.6.8.2	Dataspel	153
7.6.5.3	Innkjøpsordninga for omsett skjønnlitteratur	145	7.6.8.3	Film	153
7.6.5.4	Innkjøpsordninga for ny norsk faglitteratur for barn og unge	145	7.6.8.4	Presse	154
7.6.5.5	Innkjøpsordninga for ny norsk sakprosa	146	7.6.9	Norsk språk i utlandet	154
7.6.5.6	Innkjøpsordninga for fonogram	146	7.6.9.1	Innleiing	154
			7.6.9.2	Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU)	154
			7.6.9.3	Ordninga for Noregs-kunnskap ved høgare lærestader i utlandet	154
			7.6.9.4	Omsetjing av norsk litteratur	154
			7.6.9.5	NORLA - Senter for norsk skjønn- og faglitteratur i utlandet	155
			7.6.10	Oppsummering av prioriterte tiltak ..	155
			8	Språkdyrking – eit korrekt og velfungerande språk	156
			8.1	Språkdyrking og språkpolitikk	156
			8.1.1	Språkdyrking	156
			8.1.2	Språkdyrking i språkpolitikken	156
			8.2	Språkutvikling og nye språklege kommunikasjonsformer	156
			8.2.1	Språkutvikling	156

8.2.1.1	Stabilitet og endring	156	8.4.1.2	Sentrale normeringsinstansar	169
8.2.1.2	Språkleg identifikasjon	157	8.4.1.3	Det svenske eksemplet	169
8.2.2	Talemåsendringar	157	8.4.1.4	Det danske eksemplet	169
8.2.2.1	Lydverket	157	8.4.1.5	Grunnlaget for norsk språk-	
8.2.2.2	Regional og sosial utjamning	157	normering	170	
8.2.2.3	Talestil og dialektfrigjering	158	8.4.2	Norsk normeringspolitikk 1997–2005	170
8.2.3	Nettspråket	158	8.4.2.1	Målet om større stabilitet i rett-	
8.2.3.1	Nye rammevilkår for språkbruk	158	skrivninga	170	
8.2.3.2	Opplysning av språknormer	158	8.4.2.2	Eit endeleg punktum for	
8.2.3.3	Innslag av engelsk	158	tilnæringspolitikken	171	
8.2.3.4	Krav til språkmeistring	159	8.4.2.3	Departementets behandling av rett-	
8.2.3.5	Demokratisering av skriftspråks-		skrivingsframlegga frå 2003	171	
	bruken	159	8.4.2.4	Nærare om bokmålsrettskrivinga	
8.2.3.6	Oppsummerande vurdering	159	av 2005	172	
8.3	Språkleg dokumentasjon	159	8.4.2.5	Oppsummerande vurdering	172
8.3.1	Verdien av språkleg dokumentasjon	159	8.4.3	Grunnlaget for eit framtidig	
8.3.2	Generelt om språksamlingar	160	normeringsregime	173	
8.3.2.1	Innhald og organisatorisk status	160	8.4.3.1	Utgangspunkt	173
8.3.2.2	Evaluering av dei universitets- og		8.4.3.2	Noverande vedtekter for Språkrådet	173
	høgskulebaserte samlingane	160	8.4.3.3	Høyringa om det nye Språkrådet	
8.3.2.3	Andre vurderingar av samlings- og		i 2004	173	
	digitaliseringssituasjonen	160	8.4.3.4	Fagrådet for normering og språk-	
8.3.2.4	Oppsummerande vurdering	161	observasjon	174	
8.3.3	Spesielt om innsamling av stadnamn	161	8.4.3.5	Utgreiingsnotat frå Språkrådet i	
8.3.3.1	Å hindra eit omfattande kulturtap ..	161	2006	174	
8.3.3.2	Verdien av bevarte stadnamn	161	8.4.3.6	Oppsummerande vurdering	174
8.3.3.3	Tidlegare innsamling av stadnamn ..	162	8.4.4	Rettsgrunnlag og kunnskaps-	
8.3.3.4	Innsamlingssituasjonen i dag	162	grunnlag for rettskrivinga	174	
8.3.3.5	Oppsummerande vurdering	162	8.4.4.1	Generelt om rettsgrunnlaget	174
8.3.4	Ordbøker og andre leksikalske		8.4.4.2	Rettskrivinga i statstenesta	175
	oppslagsverk	163	8.4.4.3	Rettskriving i lærebøker til bruk i	
8.3.4.1	Ordbøker og leksika	163	skulen	176	
8.3.4.2	Leksika	163	8.4.4.4	Undervisningsspråket i skulen	176
8.3.4.3	Tospråklege ordbøker	163	8.4.4.5	Godkjenning av ordlister til	
8.3.4.4	Eittspråklege ordbøker	164	skulebruk	177	
8.3.4.5	Generelt om dokumentasjons-		8.4.4.6	Behovet for tilpassa ordbøker til	
	ordbøker	164	skulebruk	177	
8.3.4.6	Langsiktige prosjekt av høg kulturell		8.4.4.7	Allmenne definisjonsordbøker	178
	verdi	164	8.4.4.8	Elektroniske ordboksressursar	179
8.3.4.7	Ordboksituasjonen i Noreg jamført		8.4.5	Fastsetjing og normering av namn ..	179
	med andre land	165	8.4.5.1	Namnekulturen i språket	179
8.3.5	Spesielt om Norsk Ordbok	165	8.4.5.2	Reglar og ikkje-reglar om ulike	
8.3.5.1	Stutt historisk riss	165	namneobjekt	180	
8.3.5.2	Reorganisering av prosjektet og opp-		8.4.5.3	Avvikande språkbruk i namnelaginga	180
	trapping av den statlege innsatsen ..	166	8.4.5.4	Språkfaglege konsultasjonsrutinar ..	180
8.3.5.3	Oppsummerande vurdering	166	8.4.5.5	Oppsummerande vurderingar	181
8.3.6	Nærare om dokumentasjonen av		8.5	Språkrøkt	182
	bokmål	166	8.5.1	Generelt	182
8.3.6.1	Utgangspunkt og planar	166	8.5.1.1	Meir enn rettskriving	182
8.3.6.2	Nærare om Det Norske Akademis		8.5.1.2	Talespråk og talekunst	182
	store ordbok	167	8.5.1.3	Språkrøkt i NRK og andre	
8.3.6.3	Oppsummerande vurdering	168	etermedium	182	
8.4	Språknormering	168	8.5.1.4	Kvalitet i skriftspråket	182
8.4.1	Grunnlaget for språknormeringa	168	8.5.1.5	Avisspråket som døme	182
8.4.1.1	Kva er språknormering?	168	8.5.2	Språkleg kvalitet i lærebøker	183

8.5.2.1	Innleiing	183	9	Nynorsk – status og korpus	195
8.5.2.2	Oppheving av tidlegare godkjenningsordning	183	9.1	Nynorskens status og bruk	195
8.5.2.3	Den tidlegare lærebokgranskninga i Norsk språkråd	184	9.1.1	Grunnleggjande perspektiv	195
8.5.2.4	Lærebokspråket etter godkjenningsordninga	184	9.1.1.1	Innleiing	195
8.5.2.5	Oppsummerande vurdering	184	9.1.1.2	Nynorsk – formelt likestilt, reelt diskriminert	195
8.5.3	Språket i film og fjernsynsteksting spesielt og media generelt	185	9.1.1.3	Nynorsk domeneerobring i kampen mot norsk domenetap	195
8.5.3.1	Innleiing	185	9.1.1.4	Nynorsk – ein sjølvstendig og nødvendig del av norsk språkkultur	196
8.5.3.2	Omfanget av film- og fjernsynsteksting	185	9.1.1.5	Utjamning av konkurransevilkår	196
8.5.3.3	Verknader for språkkompetansen hos barn og unge	185	9.1.1.6	Positiv særbehandling og aktiv støtte	196
8.5.3.4	Kostnadssparande omsetjingsmåtar og arbeidsvilkår	185	9.1.1.7	Nynorsk for nynorskbrukarane – nynorsk for alle	197
8.5.3.5	Kva som blir gjort	186	9.1.1.8	Nynorsk – bruksfrekvens og bruksområde	197
8.5.3.6	Oppsummerande vurdering	186	9.1.1.9	Sidemålsundervisning i skulen og språkkrav i staten	197
8.6	Det offentlege språket	186	9.1.2	Nynorsk for minoritetsspråklege	197
8.6.1	Offentleg språk som føredøme	186	9.1.2.1	Innvandrar-Noreg og Nynorsk-Noreg	197
8.6.1.1	Det offentlege særansvaret	186	9.1.2.2	Nødvendig lemping av språkkrav	198
8.6.1.2	Verdien av kvalitet i offentleg språkbruk	187	9.1.2.3	Språkleg kompetanseplan	198
8.6.2	Analyse av forvaltningsspråket før og no	187	9.1.2.4	Rett til nynorsk for alle minoritetsspråklege	198
8.6.2.1	Mindre kansellistil, men framleis mykje språkleg ukrut	187	9.1.3	Oppslutninga om nynorsk	199
8.6.2.2	Språkmeistring og språkhaldning	187	9.1.3.1	Talet på nynorskbrukarar	199
8.6.2.3	Språkleg utforming av offentleg informasjon	187	9.1.3.2	Utviklinga i skulemålsprosenten	199
8.6.2.4	Særleg om betre nynorsk forvaltningsspråk	188	9.1.3.3	Den nynorske lekkasjen	200
8.6.3	Klarspråk	188	9.1.3.4	Tre spørjeundersøkingar om målform	200
8.6.3.1	Bruken av omgrepet klarspråk	188	9.1.3.5	Prosent nynorskbrukarar etter region og busetjingsmønster	200
8.6.3.2	Klarspråksarbeid i andre land – særleg i EU	188	9.1.3.6	Nynorskkommunar og språknøytrale kommunar	200
8.6.3.3	Sverige	189	9.1.3.7	Regionalisering og nasjonal institusjonalisering	201
8.6.3.4	Danmark	189	9.1.4	Nynorsken si stilling innanfor utvalde språkdomene	201
8.6.3.5	Tidlegare klarspråksarbeid i Noreg	189	9.1.4.1	Generelt om næringslivet	201
8.6.4	Språktenesta for statsorgan	190	9.1.4.2	Aviser og vekeblad	201
8.6.4.1	Utgangspunkt og føresetnader	190	9.1.4.3	Krav til nynorsk i NRK og TV2	202
8.6.4.2	Rapport frå arbeidet i språktenesta ..	191	9.2	Nynorske korpusspørsmål	202
8.6.5	Oppsummerande vurdering	191	9.2.1	Nynorsknorma	202
8.6.5.1	Generelt	191	9.2.1.1	Innleiing	202
8.6.5.2	Etablering av ein standard for språkleg kvalitet	192	9.2.1.2	Arbeidet med nynorsknorma frå 1997 til 2000	203
8.6.5.3	Etablering av eit system for språkleg internkontroll	192	9.2.1.3	Utgreiing, høyring og vedtak 2001–2003	203
8.6.5.4	Etablering av eit nettverk av språkkontaktar og språkkonsulentar	192	9.2.1.4	Ulike omsyn i normeringa av nynorsk	204
8.6.5.5	Etablering av eit system for språkleg kvalitet i lover og forskrifter	193	9.2.1.5	Vedtaket hausten 2007 om ny gjennomgang av nynorsknorma	205
8.7	Oppsummering av prioriterte tiltak ..	193	9.2.1.6	Oppsummerande vurdering	205
			9.2.2	Ordtilfanget i nynorsk	206
			9.2.2.1	Innleiing	206

9.2.2.2	To hovudsyn	206	10.2.2.2	Evaluering av språkreglane i samelova	217
9.2.2.3	Arbeidet med retningslinjer for nynorsk ordtilfang	206	10.2.2.3	Stadnamnlova	218
9.2.2.4	Inntak av mykje nytt ordtilfang i 2000	207	10.2.3	Samisk språk og IKT	218
9.2.2.5	Nynorsk mellom tilpassing og identitetsmarkering	207	10.2.3.1	Generelt	218
9.2.2.6	Premissar for godkjenning av ordtilfang i nynorske ordlister	208	10.2.3.2	Bruk av samisk teiknsett – samisk i offentlege register	219
9.2.2.7	Oppsummerande vurdering	208	10.2.3.3	Samisk korrekturprogram	219
9.3	Politikk for nynorsk	209	10.2.3.4	Talesyntese	220
9.3.1	Det politiske grunnlaget	209	10.2.4	Samisk terminologiutvikling	220
9.3.1.1	Soria Moria-erklæringa og Kulturloftet	209	10.2.4.1	Generelt om terminologi	220
9.3.1.2	Stortingsbehandlinga av den siste kulturmeldinga	209	10.2.4.2	Spesielt om samisk juridisk terminologi	220
9.3.2	Tiltaksområde	210	10.2.5	Sametinget sitt arbeid for samisk språk	221
9.3.2.1	Prinsipielt utgangspunkt	210	10.2.5.1	Innleiing	221
9.3.2.2	Haldningsskapande arbeid	210	10.2.5.2	Samefolkets fond – språkut- viklingstiltak	221
9.3.2.3	Større språkleg variasjon i kultur- og medieverda	211	10.2.5.3	Tilskot til kommunar og fylkes- kommunar i forvaltningsområdet ..	221
9.3.2.4	Meir nynorsk på Internett	211	10.2.5.4	Samiske språksenter	221
9.4	Oppsummering av prioriterte tiltak	212	10.2.5.5	Andre språktiltak	222
10	Det mangespråklege Noreg	213	10.2.5.6	Samisk språknemnd	222
10.1	Innleiing	213	10.2.6	Oppfølginga av Noregs tredje rapport til Europarådet	222
10.1.1	Nemningsbruk	213	10.2.7	Oppsummerande vurdering	223
10.1.1.1	Mangespråkleg og fleirspråkleg	213	10.3	Kvensk	224
10.1.1.2	Språkleg og kulturelt mangfald	213	10.3.1	Situasjon og status for kvensk språk i dag	224
10.1.1.3	Mangespråklegheit i eit fleirkulturelt samfunn	213	10.3.1.1	Innleiing	224
10.1.1.4	Kategoriar av språk i det mange- språklege	213	10.3.1.2	Revitalisering av kvensk	224
10.1.2	Urfolksspråk og språka til nasjonale minoritetar	214	10.3.1.3	Aktiv språkplanlegging	224
10.1.2.1	Meir utsette språk	214	10.3.1.4	Godkjenninga av kvensk som eige språk	225
10.1.2.2	Folkerettslege plikter	214	10.3.2	Grunnleggjande tiltak for styrking av kvensk	225
10.1.2.3	Nasjonalt og internasjonalt ansvar .	214	10.3.2.1	Kvensk institutt	225
10.1.2.4	Individuelle språkrettar	214	10.3.2.2	Kvensk språkråd	226
10.1.2.5	Verdien av det eigne morsmålet	215	10.3.2.3	Grunnlaget for standardiserings- arbeidet	226
10.1.3	Politisk-administrative ansvars- tilhøve	215	10.3.2.4	Kvensk i barnehagen	226
10.2	Samisk	215	10.3.2.5	Kvenskundervisning i skulen	226
10.2.1	Situasjonen for samisk språk	215	10.3.2.6	Vaksenopplæring i kvensk	227
10.2.1.1	Innleiing	215	10.3.2.7	Høgare utdanning og forskning i kvensk	227
10.2.1.2	Samiske språk er i ulik grad utsette eller truga språk	216	10.3.2.8	Tiltak innanfor kultur- og medie- sektoren	227
10.2.1.3	Tidlegare fornorskings- og assimileringspolitikk	216	10.3.2.9	Innsamling og registrering av kvenske stadnamn	228
10.2.1.4	Den nordiske domenerapporten frå 2002	216	10.3.2.10	Trespråkleg kulturbakgrunn	228
10.2.2	Oppfølging av relevant lov- og regelverk	217	10.3.3	Merknader til oppfølging av Minoritetsspråkpakta	228
10.2.2.1	Krav til samisk i allmennkring- kastinga	217	10.3.3.1	Oppmodingar frå ekspertkomiteen i Europarådet	228

10.3.3.2	Tilråding frå Ministerkomiteen i Europarådet	229	11	Nordisk språkfelleskap og språksamarbeid	240
10.3.4	Oppsummerande vurdering	229	11.1	Nordisk språksamarbeid	240
10.4	Romani og romanes	230	11.1.1	Historisk forankring	240
10.4.1	Bakgrunn og noverande situasjon ..	230	11.1.2	Organisatorisk forankring	240
10.4.1.1	Opphavet til romani og romanes ..	230	11.1.3	Den nordiske språkfelleskapen	241
10.4.1.2	Norsk romani og romanes i dag	230	11.2	Internordisk språkforståing	241
10.4.1.3	Nærare om romani i dag	230	11.2.1	Nabospråkforståing	241
10.4.1.4	Tiltak for styrking av romani	231	11.2.2	Undersøkingane i 1972 og 2005	242
10.4.1.5	Nærare om romanes i dag	232	11.2.3	Intern språkkontakt og eksternt språkpress	242
10.4.2	Merknader om oppfølging av Minoritetsspråkpakta	232	11.3	Verkemiddel i det nordiske språksamarbeidet	242
10.4.2.1	Vurderingar frå ekspertkomiteen i Europarådet	232	11.3.1	Verkemiddel på utdannings- området	242
10.4.2.2	Tilråding frå Ministerkomiteen i Europarådet	232	11.3.2	Verkemiddel på kulturområdet	243
10.4.3	Oppsummerande vurdering	232	11.4	Oppfølging av den nordiske språkdeklarasjonen	244
10.5	Norsk teiknspråk	232	11.4.1	Bakgrunn og innhald	244
10.5.1	Språkbrukarar i ei særstilling	232	11.4.1.1	Innleiing	244
10.5.1.1	Utgangspunkt	232	11.4.1.2	Språkforståing og språkkunnskap ..	244
10.5.1.2	Medisinsk-tekniske framskritt	233	11.4.1.3	Parallellspråksbruk	244
10.5.1.3	Ulike perspektiv på teiknspråk	233	11.4.1.4	Det mangespråklege og fleir- språklege	244
10.5.1.4	Teiknspråk i eit språkpolitisk perspektiv	233	11.4.1.5	Norden som språkleg føregangs- region	245
10.5.2	Tilhøvet mellom teiknspråk og talespråk	233	11.4.2	Generelt om oppfølgingsarbeidet ..	245
10.5.2.1	Likt og ulikt talespråk	233	11.4.3	Språkforståing og språkkunnskap ..	245
10.5.2.2	Teiknspråk som førstespråk og andrespråk	234	11.4.3.1	Språk og kultur	245
10.5.2.3	Teiknspråkbrukarar som tospråkleg minoritet	234	11.4.3.2	Nabospråkundervisning	245
10.5.2.4	Verknader av koklea-implantat	234	11.4.3.3	Språkdimensjonen i kultur- samarbeidet	246
10.5.3	Offisiell status for teiknspråk	235	11.4.3.4	Dataspel	246
10.5.3.1	Initiativ frå Norges Døveforbund	235	11.4.3.5	Nabolandsfjernsyn	247
10.5.3.2	Utgreiinga frå ABM-utvikling	235	11.4.4	Språkteknologi	247
10.5.3.3	Uttrykket «offisielt språk»	235	11.4.4.1	Generelt	247
10.5.3.4	Svensk og finsk jamføring	236	11.4.4.2	Ein nordisk språkbank	248
10.5.3.5	Offisiell godkjenning av norsk teiknspråk	236	11.4.4.3	Satsing på språkteknologi	248
10.5.3.6	Tilhøvet til Minoritets- språkkonvensjonen	237	11.4.5	Oppsummerande vurdering	248
10.5.4	Anna arbeid for norsk teiknspråk ..	238	11.5	Oppsummering av prioriterte tiltak	249
10.5.4.1	Eksisterande rettar for teiknspråkbrukarar	238	12	Økonomiske og administrative konsekvensar	250
10.5.4.2	Pågåande arbeid og vidare initiativ	238			
10.6	Oppsummering av prioriterte tiltak	239		Litteraturliste.....	251



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

St.meld. nr. 35

(2007–2008)

Mål og mening

Ein heilskapleg norsk språkpolitikk

*Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 27. juni 2008,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Formål og bakgrunn

1.1 Formål

1.1.1 Ny, strategisk språkpolitikk

Formålet med denne meldinga er å leggja grunnlaget for ein ny, strategisk språkpolitikk med eit heilskapleg perspektiv på språk og samfunn.

Meldinga legg opp til å definera ein språkpolitikk med klarare innhald og rammer enn i dag og å etablera språkpolitikk som eit sektorovergripande politikkområde med kulturpolitisk forankring.

Det inneber ei klar presisering av at Kultur- og kyrkjedepartementet skal ha eit overordna ansvar for å forma, tolka og fremja språkpolitiske mål. I tillegg må også dei andre departementa ta språkpolitiske omsyn med i vurderinga når dei utformar og gjennomfører relevante delar av sin eigen sektorpolitikk.

Å gjera det tydeleg at Kultur- og kyrkjedepartementet har eit overordna språkpolitisk ansvar og eit samordningsansvar, er nødvendig for å sikra ein språkpolitikk med heilskap og samheng.

For at dette skal kunna følgjast opp i praksis, er det nødvendig at Språkrådet – statens fagorgan i språkspørsmål – får ei meir sentral rolle å spela på det utøvande og operative nivået. Meldinga legg

også opp til å gje Språkrådet eit utvida og dermed eit meir heilskapleg språkpolitisk ansvars- og arbeidsområde.

1.1.2 Kontekst og grunnlag

Meldinga må sjåast i samheng med den nyleg framlagde meldinga frå Kunnskapsdepartementet om språkstimulering og språkopplæring, jf. St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer*. Den språkopplæringspolitikken som der er skissert, og som Kunnskapsdepartementet har ansvaret for, inngår som ein del av den heilskapelege språkpolitikken som elles blir skissert i meldinga her.

Som det er gjort greie for nedanfor, er det vilkåra og utfordringane for norsk språk som er gjennomgangstemaet, og som dermed utgjer tyngdepunktet av framstillinga i denne meldinga. Det er samstundes streka under at den nye språkpolitikken som denne meldinga skal leggja grunnlaget for, må omfatta den totale språksituasjonen i landet.

Det finst likevel inga utgreiing som gjev ein samla, oppdatert dokumentasjon og analyse av dagens språksituasjon, og heller ingen større del-

utgreiingar verken om norsk språk, om samisk eller om ulike minoritetsspråklege spørsmål. I arbeidet med meldinga har det difor vore nødvendig å gå gjennom eit stort kjeldetilfang og å konsultera ein omfattande bakgrunns litteratur.

Det har i denne prosessen ikkje vore råd å gå like djupt inn i alle relevante spørsmål. Difor er det behov for å arbeida vidare med å samanstilladokumentasjon og analyse om ulike sider ved den norske språksituasjonen. Dette gjeld for norsk språk generelt og nynorsk spesielt.

Det gjeld også situasjonen for samisk språk og ulike minoritetsspråklege spørsmål i brei meining. Den spesifikke behandlinga av spørsmål som gjeld alle desse språka, er i denne meldinga samla i kap. 10. Når det gjeld samisk spesielt, viser vi til den nyleg framlagde meldinga frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet om samepolitikken. Der er det mellom anna varsla at det skal utarbeidast ein eigen handlingsplan for samisk språk, jf. St.meld. nr. 28 (2007–2008) *Samepolitikken*.

Behovet for å skaffa fram vidare kunnskap og dokumentasjon om ulike sider av språksituasjonen vil elles bli vurdert som ledd i det komande språkpolitiske oppfølgingsarbeidet.

1.1.3 Hovudinnhaldet i språkpolitikken

1.1.3.1 Det overordna perspektivet – å styrkja norsk språk

Som dei fleste andre nasjonalspråk er også norsk språk i ein pressa situasjon. Globalisering og internasjonalisering krev at det i stadig fleire samanhengar er nødvendig å kommunisera på engelsk, og det moderne mediesamfunnet gjer at vi i stadig sterkare grad blir eksponerte for engelskspråklege kulturimpulsar.

Norsk språk har ikkje lenger ein like sjølvstendig posisjon og status i det norske samfunnet som tidlegare. For alle folk er språket det viktigaste kulturuttrykket. Som kulturnasjon har vi difor ei plikt både overfor oss sjølve og verda elles til å ta vare på vårt eige språk.

Det overordna målet for språkpolitikken må difor vera å sikra det norske språkets posisjon som eit fullverdig, samfunnsberande språk i Noreg. Dette perspektivet er det grunnleggjande gjennomgangstemaet i denne meldinga.

Med omgrepet *samfunnsberande språk* er meint eit overordna fellesspråk som i eit moderne, fleirkulturelt samfunn blir brukt til administrasjon og samfunnsdebatt, som held storsamfunnet saman og gjev det identitet, samstundes som det også gjev gode leve- og utviklingsvilkår for alle dei språklege delkulturane som finst i samfunnet.

At språket er *komplett* eller *fullverdig*, betyr at det i tillegg har slik status at det kan brukast i alle samanhengar, og at det har utvikla eit spesialisert ordforråd som gjer at det er i levande bruk i alle delar av samfunnslivet, på alle språklege bruksområde og i alle språklege bruksfunksjonar.

I dette perspektivet er det ei særleg utfordring å sørgja for at språket held tritt med den raske kunnskapsutviklinga som skjer innanfor eit stadig meir spesialisert samfunn. At det heile tida blir utvikla ein oppdatert norsk terminologi som grunnlag for fagleg kommunikasjon, er på mange måtar ein føresetnad både for å vitalisera allmennspråket og for å effektivisera og demokratisera den alminnelege informasjons- og kunnskapsformidlinga i samfunnet.

Det overordna målet for språkpolitikken fordrar eit kontinuerleg arbeid over eit breitt felt med sikte på å styrkja og utvikla norsk språk som eit rikt og funksjonelt bruks- og kulturspråk og som uomstridt nasjonalspråk og hovudspråk i Noreg.

1.1.3.2 Det norskspråklege mangfalds- og jamstillingsperspektivet

Det overordna målet for språkpolitikken byggjer på den erkjenninga at norsk er kløyvd i to skriftspråk. Desse er formelt likestilte, men har i røynda svært ulike rammevilkår.

Det er behov for eit meir heilhjarta og systematisk arbeid for å styrkja nynorsk språk og den nynorske skriftkulturen på brei basis. Dette er eit særskilt språkpolitisk mål og utgjer det andre gjennomgangstemaet i meldinga.

Den meirverdien det representerer for norsk kultur- og samfunnsliv å halda begge dei to skriftkulturane våre i hevd, er langt større enn dei praktiske utfordringane som følgjer med. Det ligg dessutan ein særleg språkpolitisk skyldnad i å varetta dei språklege rettane til nynorskbrukarane.

I den nye språkpolitikken vil det vera eit underforstått prinsipp at tiltak til styrking av norsk språk generelt også må omfatta tiltak for å fremja nynorsk språk spesielt, når dette er relevant.

1.1.3.3 Det mangespråklege og fleirspråklege perspektivet

Ein heilskapleg språkpolitikk må også ha som mål å verna og styrkja samisk språk og dermed det språklege grunnlaget for det samiske urfolket i Noreg.

Vidare må språkpolitikken leggja til rette for å verna og fremja språka til nasjonale minoritetar, slik at dei kan bevare og utvikla sin eigen språklege identitet.

Elles må norsk teiknspråk få høgare offisiell status, og arbeidet med å byggja ut dei språklege rettane for norske teiknspråkbrukarar må halda fram.

Språkpolitikken må dessutan ta omsyn til alle grupper av nordmenn med nyare innvandrarbakgrunn, i det heile alle dei som er to- eller fleirspråklege med eit anna morsmål enn norsk. Desse gruppene har gjort at Noreg i dag i endå større grad enn i tidlegare tider er eit mangespråkleg samfunn, og at ein større del av språkbrukarane no har fleirspråkleg bakgrunn og kompetanse.

Til saman representerer samisk språk, språka til nasjonale minoritetar, norsk teiknspråk og alle dei nyare innvandrarspråka eit språkleg mangfald som i dag er med på å utfylla biletet av den totale språksituasjonen i landet. Dette språklege mangfaldet må utgjera eit tredje element i den nye språkpolitikken.

1.1.3.4 *Det nordiske perspektivet*

Samanlikna med mange andre nasjonar og skriftkulturar både i Europa og verda elles utgjier Noreg åleine eit heller lite språkområde.

Med eit slikt utgangspunkt blir det desto viktigare å utvida det språkpolitiske perspektivet til også å omfatta våre språklege grannar i Norden. Det at dei tre skandinaviske språka ligg så nær kvarandre at dei er gjensidig forståelege, inneber at vi i Noreg får direkte tilgang til eit mykje større språk- og kulturområde enn vårt eige norske. Den nordiske språkfelleskapen representerer såleis eit verdifullt supplement til norsk språkkultur.

At vi i Noreg gjer det vi kan for å halda ved like og utvikla den gjensidige språkforståinga i Norden, er ikkje berre med på å utvida den direkte språklege og kulturelle horisonten vår og stimulera all mellommenneskeleg kontakt internt i Norden. Dette gjer det også lettare på nordisk plan, ved å byggja vidare på eit allereie veletablert språksamarbeid, å møta dei språkpolitiske utfordringane som vi i stor grad deler med dei nordiske naboane våre.

Jamvel om det nordiske samkvemmet generelt og det nordiske språksamarbeidet spesielt har lang tradisjon, må det heile tida haldast ved like og fornyast. Difor må det nordiske perspektivet utgjera eit fjerde element i den nye språkpolitikken.

1.1.3.5 *Det framandspråklege perspektivet*

I ei verd der internasjonalt samkvem får stadig meir å seia, må det også stillast auka krav til den framandspråklege kompetansen hos nordmenn

flest. Særleg er det behov for å heva kunnskapane og dugleiken i engelsk.

Dette står ikkje i motsetnad til behovet for å styrkja konkurranseevna til norsk språk i høve til engelsk på den heimlege arenaen.

Derimot er det viktig å streka under verdien av å søkja kunnskap og internasjonale kontaktar også gjennom andre framandspråk enn engelsk. Difor er det om å gjera at det på ulike nivå i det norske samfunnet finst eit breitt tilbod om framandspråkleg opplæring.

Dette framandspråklege perspektivet vil utgjera eit femte element innanfor ein heilskapleg språkpolitikk.

1.1.4 **Ein politikk for å motverka domenetap**

1.1.4.1 *Det sektorovergripande perspektivet*

Alle dei fem perspektiva som er nemnde ovanfor, høyrer med i ein heilskapleg språkpolitikk og er med på å gje innhald til eit slikt uttrykk.

Men også hovudmålet for den nye språkpolitikken – å sikra det norske språkets posisjon som komplett og samfunnsberande språk i Noreg – fordrar i seg sjølv ei heilskapleg tilnærming.

Ein slik politikk kan ikkje definerast og utformast åleine innanfor ei sektorpolitisk ramme. Den må i prinsippet handla om språk og språkbruk innanfor alle samfunnssektorar. Det er grunnen til at den nye språkpolitikken må ha ein klart uttalt sektorovergripande eller tverrgåande karakter.

1.1.4.2 *Domenetapsperspektivet*

Eit sentralt utviklingstrekk i mange land er ein aukande tendens til bruk av engelsk også i situasjonar der sjølve kommunikasjonen ikkje krev det. Engelsk har i dag vunne seg ein unik posisjon som vår tids internasjonale hjelpespråk. Det knyter seg difor så sterk prestisje til bruk av engelsk at både små og store nasjonalspråk verda over møter stadig sterkare tevling frå engelsk også på sin eigen språklege heimemarknad.

Hos oss synest norsk språk allereie å ha mist noko av posisjonen sin som det naturlege brukspråket på ein del område som er viktige for å halda ved lag og vidareutvikla eit fullverdig nasjonalspråk i eit sterkt spesialisert samfunn.

Når engelsk vinn stadig sterkare innpass til fortrengsel for norsk, står vi overfor faren for såkalla domenetap, dvs. at norsk språk blir trengt til sides og ikkje lenger er i bruk innanfor eit bestemt samfunnsområde. I den grad denne tilstanden smittar frå eitt samfunnsdomene til eit anna, kan eit fullverdig norsk språk vera truga.

Mange vil truleg ha vanskeleg for å ta inn over seg slike framtidsperspektiv. Eit hovudsynspunkt i ei rekkje land i dag er likevel at ein framtidsretta språkpolitikk må byggja på den erkjenninga at nasjonalspråka våre vil stå seg stadig dårlegare dersom vi ikkje har ei medviten haldning til verdien av vårt eige språk og utviklar ein strategi for aktiv språkstyrking.

Til grunn for slike synspunkt ligg ei tru på verdien av språkleg og kulturelt mangfald. Dette krev at alle land og kulturar tek eit primæransvar for å sikra og utvikla sitt eige språk. Norsk språk kan ikkje vidareutviklast som eit levande bruks- og kulturspråk dersom vi i Noreg ikkje tek dette alvorleg.

Slik sett er dette eit kulturelt ansvar vi har også overfor det internasjonale samfunnet, eit bidrag til å halda oppe det språklege og kulturelle mangfaldet i verdssamfunnet. Eit målmedvite arbeid for å styrkja norsk språk er dermed ikkje nasjonal arroganse og sjølvhevdning, men eit internasjonalt ansvar.

1.1.5 Språkpolitiske innfallsvinklar

Eit språkpolitisk heilskapsperspektiv tilseier elles at språkspørsmål blir behandla ut frå ulike innfallsvinklar.

1.1.5.1 Språkopplæring og andre språklege rettar

Eit naturleg utgangspunkt er å behandla språket som instrument for kvar enkelt språkbrukar. Dette reiser spørsmål om korleis menneske med ulike føresetnader kan tileigna seg språket og læra seg å meistra det best mogleg. Det handlar om språkkompetanse som nøkkel til suksess og framgang i samfunns- og yrkesliv, om språket som kulturell døroppnar og om den identitetsskapande og danningmessige funksjonen som språket har.

Det som er grunnleggjande i så måte, er den *språkopplæring* kvar enkelt språkbrukar får. Denne delen av språkpolitikken er behandla i ei eiga melding som Kunnskapsdepartementet har lagt fram om språkstimulering og språkopplæring, jf. St.meld. nr. 23 (2007–2008). I meldinga her blir difor språkbrukarperspektivet berre behandla relativt kort, med vekt på temaet språklege rettar sett i utvida og overordna perspektiv, jf. kap. 6.

1.1.5.2 Språkstyrking

Det følgjer av det som sagt i innleiinga om det overordna perspektivet for den nye språkpolitikken, at den innfallsvinkelen som er grunnleggjande i meldinga her, er spørsmålet om kva status og posisjon språket har i samfunnet. Dette dreier seg om kor

utbreitt språket er som morsmål og skriftleg bruksspråk, kva offisiell stilling det har, men først og fremst i kva grad det faktisk er i levande bruk på alle område av samfunnslivet.

I denne meldinga nyttar vi uttrykket *språkstyrking* som samlenemning på den delen av språkpolitikken som rettar seg direkte mot å fremja språkets status og bruk. Kap. 7 er det grunnleggjande språkstyrkingskapitlet i meldinga.

1.1.5.3 Språkdyrking

Ein tredje innfallsvinkel er språket sjølv, kva tilstand språkssystemet er i, kor godt språket er dokumentert, tilhøvet mellom talespråk og skriftspråk, mellom standardspråk og dialekt, korleis språket utviklar seg, språkleg variasjon, tilhøvet mellom tradisjon og fornying og i det heile korleis språket fungerer både som kulturuttrykk og som reiskap for effektiv kommunikasjon.

I denne meldinga nyttar vi uttrykket *språkdyrking* som samlenemning på den delen av språkpolitikken som har å gjera med slike spørsmål. Kap. 8 er det grunnleggjande språkdyrkingskapitlet i meldinga.

1.1.5.4 Samla kapitteldisposisjon

Både kap. 7 og 8 konsentrerer seg om styrking og dyrking av norsk språk generelt. Situasjonen for nynorsk spesielt er behandla i kap. 9, urfolks- og minoritetsspråk i kap. 10 og den nordiske språkfelleskapen i kap. 11.

Dermed har vi i alt dekt fire av dei fem grunnleggjande perspektiva som er skisserte ovanfor under kap. 1.1.3.

Det femte av desse, det framandspråklege perspektivet, handlar primært om utvikling av kompetanse i framandspråk og må først og fremst løysast innanfor det ordinære utdanningssystemet. Dette kjem vi difor i liten grad inn på som eige tema i denne meldinga. Her viser vi i staden til den nemnde meldinga frå Kunnskapsdepartementet.

I eit særskilt bakgrunnskapittel, kap. 4, gjev meldinga eit oversyn over det norske og nordiske språklandskapet.

I tillegg søkjer meldinga i eit meir omfattande kapittel, kap. 5, å kasta lys over forholdet mellom språk og makt. I større eller mindre grad vil maktperspektivet også liggja under i dei andre kapitla.

I eit innleiande hovudkapittel behandlar meldinga meir overordna språkpolitiske verkemiddel. Her drøftar vi også grunnlaget for eit vidare arbeid med sterkare lovmessig og organisatorisk forankring av språkpolitikken. I tillegg blir det skissert eit

meir systematisk opplegg for permanent språkpolitisk oppfølging.

Også innanfor kap. 7–11 blir det formulert språkpolitiske mål og tiltak.

Først følgjer i kap. 2 eit samandrag av dei språkpolitiske verkemidla og tiltaka i meldinga.

I kap. 12 blir det på vanleg måte gjeve ein omtale av økonomiske og administrative konsekvensar.

1.1.6 Historisk perspektiv på språkpolitiken

Det hender frå tid til anna at avgrensa språkspørsmål blir behandla i Stortinget, og at ein kjem inn på temaet språk som ledd i behandlinga av større sakskompleks. Men ikkje sidan 1970 har Stortinget hatt ein brei språkpolitisk debatt på grunnlag av ei eiga melding frå regjeringa.

Mykje av bakgrunnen for ordskiftet den gongen var forsøka på å finna ein veg ut av den striden som kløyvinga mellom bokmål og nynorsk og dei tilhøyrande rettskrivingsspørsmåla hadde gjeve opphav til. Dei språkpolitiske revurderingane i åra før og etter 1970 førte til at den mest opprivande språkstriden gradvis vart dempa, og at ein større grad av språkfred senka seg over landet.

I ettertid vil mange likevel hevda at den norske språkstriden ikkje berre var av det vonde. Han gjorde også sitt å til å lyfta fram språkkulturen i folks medvit og førte til eit engasjement for språk og språkspørsmål som ein i andre land til dels har misunnt oss.

Dessutan er språkstriden nettopp ei påminning om at språk ikkje er eit nøytralt og friksjonsfritt kommunikasjonsmiddel. Det avspeglar også sosiale motsetnader og makttilhøve i samfunnet. Språket sjølv kan også fungera som ein maktreiskap på mange plan. Dette er noko av bakgrunnen for at denne meldinga vil retta eit særleg søkjelys mot forholdet mellom språk og makt.

1.2 Bakgrunnen for meldinga

1.2.1 Norsk bakgrunn

1.2.1.1 Soria Moria-erklæringa

Den direkte bakgrunnen for meldinga er utsegna i Soria Moria-erklæringa om behovet for ein offensiv språkpolitikk, slik at norsk språk blir det føretrekte språket i alle delar av norsk samfunnsliv. Her er det vist til at Noreg er eit lite språkområde, og at det norske språket er under konstant press.

Det blir slått fast at skriftkulturen er berebjeleken i norsk samfunns- og kulturliv, og regjeringa peiker på det verdifulle mangfaldet som ligg i det å ha to norske skriftkulturar. Fordi nynorsk har vanskelegare rammevilkår enn bokmål, er det særleg viktig å sikra ei god utvikling også for nynorsk.

Elles er forholdet mellom språk og makt nemnt i regjeringsplattforma under kapitlet om folkestyre, lokalsamfunn og demokrati. Det heiter at regjeringa vil leggja fram sak for Stortinget om språk og makt.

1.2.1.2 Omdanninga av Språkrådet

Meldinga har også bakgrunnen sin og grunnlaget sitt i det språkpolitiske strategiarbeidet som er skjedd som ledd i omdanninga av det tidlegare Norsk språkråd.

Norsk språkråd vart etablert i 1972 og bestod av, forutan eit fast sekretariat, eit medlemsbasert råd valt av ulike institusjonar og organisasjonar, og i tillegg to organ valde av og blant rådet, ei fagnemnd og eit styre.

Dette systemet vart avvikla frå 1. januar 2005, etter at eit interimsstyre oppnemnt av departementet i juni 2004 hadde fått i oppgåve å leia arbeidet med å reorganisera institusjonen.

Tufta på eit grunnleggjande forslag frå interimsstyret fastsette departementet i vedtekter våren 2006 at den nye institusjonen skal leiast av eit departementsoppnemnt styre, og at styret i sin tur nemner opp inntil fire fagråd for å sikra brei samfunnsforankring av verksemda. Den tidlegare kortforma – Språkrådet – er no det offisielle namnet på den reorganiserte institusjonen.

I samband med den tilstundande omdanninga gav departementet i ei prosjektskisse våren 2003 uttrykk for at det også kunne bli aktuelt å gjennomføra nødvendig fagleg utgreiingsarbeid som ein del av denne prosessen.

Bakgrunnen var mellom anna at Norsk språkråd på rådsmøtet sitt i februar 2002 hadde vedteke å tilrå overfor regjeringa å oppnemna ein breitt samansett språkkommisjon til å utgreia vilkåra for norsk språk og for språk i Noreg i dag og i framtida med sikte på å utforma ein nasjonal språkpolitikk.

I eit brev til styret 21. juni 2002 konkluderte departementet med at det ikkje ville vera formålsstenleg å ha eit langvarig og uavhengig utgreiingsarbeid gåande parallelt med omdanninga av Norsk språkråd. Departementet meinte den gongen at nødvendig utgreiingsarbeid i staden burde gjerast som ledd i denne prosessen og etter kvart i regi av den nye institusjonen.

1.2.1.3 Strategidokumentet *Norsk i hundre!*

I tråd med dette gav departementet interimsstyret i oppdrag som ein del av omdanningsprosessen å få utarbeidd eit strategidokument for den nye institusjonen. I mandatet vart det fastsett at interimsstyret for dette formålet kunne oppnemna ei arbeidsgruppe med i hovudsak eksterne medlemmer, men der også interimsstyret sjølv og dei tilsette var representerte.

Saka var elles førebudd ved at departementet i eit høyringsdokument i januar 2004 hadde invitert ei rekkje instansar til å fremja synspunkt på aktuelle språkpolitiske utfordringar, særleg med tanke på å skaffa grunnlagsmateriale for arbeidet med å utforma eit strategidokument for den nye institusjonen. Det kom inn over 50 høyringsfråsegner, og departementet sende desse over til Språkrådet i brev av 1. juni 2004 til behandling og bruk i strategiarbeidet og den vidare omdanningsprosessen.

I september 2004 vedtok så interimsstyret eit utgreiingsmandat og oppnemnde ei strategigruppe med sju medlemmer under leiing av professor Gjert Kristoffersen. Det vart også utpeikt meir enn 40 ressurspersonar som strategigruppa kunne trekkja med i arbeidet etter behov. Arbeidet i strategigruppa resulterte i ein rapport på om lag 150 sider med den programmatisk tittelen *Norsk i hundre!* og med undertittel *Norsk som nasjonalspråk i globaliseringens tidsalder. Et forslag til strategi*. Rapporten vart presentert på ein konferanse med om lag 170 inviterte gjester i Bærum kulturhus 27. oktober 2005.

Sidan det var interimsstyret i Språkrådet som var oppdragsgjevar for strategirapporten, var det også interimsstyret som i første omgang hadde hand om oppfølginga. Rapporten vart oversend departementet 6. mars 2006 saman med eit følgeskriv frå interimsstyret som var vedteke på styremøtet 28. februar 2006. Det heitte at følgeskrivet strekar under og prioriterer det styret ser som dei viktigaste utfordringane og tiltaka for norsk språkpolitikk i framtida.

1.2.1.4 Følgeskrivet frå Språkrådet

I følgeskrivet gav interimsstyret full stønad til hovudtenkinga i rapporten og gav uttrykk for at det må utformast ein samla språkpolitikk for å sikra at norsk skal bestå som nasjonalspråk i Noreg. Det overordna målet må vera å sikra at nynorsk og bokmål blir brukte på alle område i samfunnet, og at norsk språk er det naturlege valet i alle situasjonar der det ikkje er nødvendig å bruka framandspråk.

Styret peikte på at det mandatet strategigruppa hadde fått, ikkje gjorde det naturleg å behandla minoritetsspråklege spørsmål. I strategirapporten er det likevel peikt på at også dette høyrer med i ein heilskapleg språkpolitikk.

I tråd med dette gav interimsstyret uttrykk for at det er behov for å få laga ein generell analyse av språksituasjonen i Noreg, der det også blir lagt vekt på dei nye minoritetsspråka. Interimsstyret meinte at det i samband med dette også måtte vurderast om det nye Språkrådet skal ha eit ansvar for språk i Noreg reint allment, ikkje berre, slik det tradisjonelt har vore, for norsk språk.

Som konklusjon rådde interimsstyret til at det vart utarbeidd ei stortingsmelding som behandlar dei prinsipielle synspunkta i strategirapporten og i følgeskrivet. Målet med meldinga, heitte det, måtte vera å få vedteke ein overordna norsk språkpolitikk som det skal takast omsyn til ved utforminga av politikk på alle relevante område av samfunnslivet.

Interimsstyret gav også uttrykk for at måla for det nye Språkrådet bør utformast gjennom ei lov med forskrift, slik at vi får eit lovfesta uttrykk for den statlege språkpolitikken.

1.2.1.5 Annan bakgrunns litteratur

Det ligg elles føre ei rekkje andre rapportar og dokument av ulike slag som har vore med og danna grunnlaget for denne meldinga. Departementet har også gjennomgått ein omfattande bakgrunns litteratur som ledd i meldingsarbeidet. Vi viser til den samla litteraturlista til slutt i meldinga.

1.2.2 Nordisk bakgrunn

1.2.2.1 Innleiing

Ein viktig del av bakgrunns materialet for meldinga er også det språkpolitiske grunnlagsarbeidet som dei siste åra er gjennomført i dei nordiske grannelanda våre og i regi av Nordisk ministerråd.

For både dei nye nasjonalspråklege og fleirspråklege utfordringane er i høg grad erkjent også utanfor Noregs grenser. Ikkje minst i dei nordiske nabolanda våre har det skjedd ei interessant språkpolitisk oppvakning dei siste åra, og på visse måtar kan det sjå ut som vi her i landet er i ferd med å bli forbigått av dei næraste grannelanda våre når det gjeld språkpolitisk medvit og interesse. Det er på tide at Noreg no kjem etter med ein ny og offensiv språkpolitikk, i tråd med det som blir skissert i denne meldinga.

1.2.2.2 Sverige

I Sverige kom det i 2002 ei omfattande språkpolitisk utgreiing frå ein parlamentarisk komité sett ned av regjeringa, med tittelen *Mål i mun – förslag til handlingsprogram för svenska språket*.¹

Utgreiinga vart send på alminneleg høyring og følgd opp ved at den dåverande svenske regjeringa i september 2005 fremja ein proposisjon under overskrifta *Bästa språket – en samlad svensk språkpolitik*.²

I samsvar med forslaget i proposisjonen gjorde så Riksdagen i desember 2005 vedtak om å stilla opp fire mål for ein nasjonal språkpolitikk i Sverige. Det heitte at desse måla burde «beaktas innom alla samhällsområden».

Vedtaket slår fast at det svenske språket skal vera hovudspråk i Sverige, at svensk skal vera eit komplett og samfunnsberande språk, og at den offentlege språkbruken skal vera «vårdad, enkel och begriplig», dessutan at alle har rett til språk, «att utveckla och tillägna sig svenska språket, att utveckla och bruka det egna modersmålet och nationella minoritetsspråket och att få möjlighet att lära sig främmande språk».

I mars 2008 vart det så lagt fram ei offentleg utgreiing med framlegg til ei samla svensk språklov, ei lov som både skal tryggja stillinga for det svenske språket og verna det språklege mangfaldet i Sverige.³

I Sverige er det også, i 2005 og 2006, lagt fram egne offentlege utgreiingar om minoritetsspråk og om svensk teiknspråk.⁴

1.2.2.3 Danmark

I Danmark utarbeidde eit hurtigarbeidande utval nedsett av Kulturministeriet i 2003 ein rapport med tittelen *Sprog på spil – et udspil til en dansk sprogpolitik*.

Kulturministeriet følgde året etter opp ved å leggja fram ei språkpolitisk utgreiing for Folketinget.

Her vart det streka under at språket er noko anna og meir enn «blot og bar overførsel af informationer». Vidare heitte det at det er språket som bind oss saman som nasjon. Difor er det maktpåliggjande for regjeringa at dansk også i framtida skal vera eit komplett og samfunnsberande språk som kan brukast til å uttrykkja tankar og idear om alle sider ved tilværet.

Utgreiinga inneheldt ei rad forslag som gjaldt vilkåra for det danske språket, tiltak som vedkom ansvarsområdet til ulike departement.

I slutten av januar 2007 var det eit omfattande språkpolitisk ordskifte i Folketinget, og i april same året sette kulturministeren ned eit språkutval for å utarbeida konkrete forslag om styrkt innsats for det danske språket. Denne utgreiinga låg føre i april 2008.⁵

1.2.2.4 Finland

I Finland vedtok Forskningscentralen för de inhemska språken allereie i 1998 eit språkpolitisk program, og i 2003 la Svenska språknämnden fram eit forslag til handlingsprogram for det svenske språket i Finland, utarbeidd av leiaren Marika Tandefelt, med tittelen *Tänk om*.

Formålet var å styrkja og bevare det svenske morsmålet i landet. Søkjelyset vart først og fremst sett på språkleg kvalitet, i mindre grad på språklege rettar.

Følgjande fire hovudpunkt utgjorde elles basis for handlingsprogrammet: Svensk i Finland er – og må få halda fram å vera – eit komplett og samfunnsberande språk. Svensk i Finland er ein del av det svenske riksspråket. Den beste måten å pleia språket på er å bruka det. Å arbeida for å styrkja eit språk inneber ikkje å motarbeida eit anna.

1.2.2.5 Nordisk ministerråd

Alt i 2001 vart det i regi av Nordisk ministerråd gjennomført eit språkpolitisk prosjektarbeid med formål å sjå på korleis dei nordiske språka står seg i konkurransen med engelsk. I alt ti rapportar vart utarbeidde av nordiske språkvtitarar. Rapportane var tufta på nærare kartlegging av situasjonen i dei ulike landa, medrekna også i dei sjølvstyrte områda Grønland og Færøyane, og for samisk språk i Norden.

Prosjektet vart styrt av ei sakkunnig arbeidsgruppe, og rapportane vart oppsummerte og samanstilte i ein eigen publikasjon med tittelen *Engelska språket som hot och tillgång i Norden*.⁶

Elles har Nordisk ministerråd fleire gonger formulert språkpolitiske program. Etter ei omorganisering av det nordiske språksamarbeidet i 2004 etablerte Ministerrådet eit stønads- og mobilitetsprogram for perioden 2004–2006 under tittelen *Nordpluss språk*.

Her blir det fastslått at det overgripande målet for programmet er at den nordiske språkfellesska-

¹ SOU 2002:27.

² Regeringens proposition – Prop. 2005/06:2.

³ SOU 2008:26.

⁴ SOU 2005:40 og SOU 2006:54.

⁵ Lund, Jørn et al. 2008.

⁶ Höglin, Renée 2002.

pen må bestå og styrkjast, og at det nordiske samarbeidet også i framtida i hovudsak må kunna gå føre seg på nordiske språk. Ein føresetnad for dette, heiter det, er at dei nordiske språka også nasjonalt bevarer stillinga si som komplette og samfunnsberande språk.

1.2.2.6 Den nordiske språkdeklarasjonen

I 2005 utarbeidde så Nordisk språkråd, eit rådgjevande organ under Nordisk ministerråd med i alt

14 medlemmer, eit utkast til deklarasjon om nordisk språkpolitikk.

Dette vart fremja som ministerrådsframlegg av utdanningsministrane og vedteke av Nordisk råd på sesjonen i oktober–november 2006.

I preambelen erklærte ministrane at deklarasjonen skal danne grunnlaget for ein samla, langsiktig og effektiv språkpolitisk innsats, ein ny nordisk språkpolitikk som skal sikra heilskap og samanheng i Nordisk ministerråds tiltak på det språkpolitiske området.

2 Samandrag

2.1 Mål for språkpolitikken

Som dei fleste andre nasjonalspråk er også norsk språk i ein pressa situasjon. Globalisering og internasjonalisering krev at det i stadig fleire samanhengar er nødvendig å kommunisera på engelsk, og det moderne mediasamfunnet gjer at vi i stadig sterkare grad blir eksponerte for engelskspråklege kulturimpulsar.

Norsk språk har ikkje lenger ein like sjølvsgad posisjon og status i det norske samfunnet som tidlegare. For alle folk er språket det viktigaste kulturuttrykket. Som kulturnasjon har vi difor ei plikt både overfor oss sjølve og verda elles til å ta vare på vårt eige språk.

Det overordna målet for språkpolitikken må difor vera å sikra det norske språkets posisjon som eit fullverdig, samfunnsberande språk i Noreg. Dette perspektivet er det grunnleggjande gjennomgangstemaet i denne meldinga.

Dei langsiktige konsekvensane av ei utvikling med statustap og minkande bruksområde for norsk språk er det vanskeleg å spå om. Eit hovudsynspunkt i mange land er likevel at det er nødvendig med ein framtidretta språkpolitikk som byggjer på den erkjenninga at både språk og nasjon vil stå seg stadig dårlegare dersom vi ikkje har ei medviten haldning til verdien av dei eigne nasjonalspråka og utviklar ein strategi for aktiv språkstyrking.

Med bakgrunn i den situasjonen som er skisert ovanfor, er formålet med denne meldinga å leggja grunnlaget for ein ny og meir offensiv språkpolitikk med det overordna målet å sikra det norske språkets status og bruk på alle samfunnsområde, slik at norsk kan bestå som eit fullverdig, samfunnsberande språk.

Arbeidet for styrking av norsk språk må skje innanfor ramma av ein heilskapleg språkpolitikk som også femner om den totale språksituasjonen i landet, både likestillinga mellom bokmål og nynorsk, det gamle og nye fleirspråklege mangfaldet, det framandspråklege kompetansebehovet og den nordiske språkfellesskapen.

2.2 Struktur og innhald i meldinga

Desse ulike perspektiva på språkpolitikken er det gjort greie for i kap. 1 i samband med ein nærare gjennomgang av formålet med meldinga. I andre del av kap. 1 er det gjort greie for bakgrunnen for meldinga.

Kap. 3 drøftar generelle språkpolitiske spørsmål og gjer greie for språkpolitiske tiltak av meir overordna karakter. Kapitlet er delt i fem hovudbolkar, ein om mål og prinsipp for ein ny språkpolitikk (kap. 3.1), ein som går nærare inn på prinsippa i den nye språkpolitikken (kap. 3.2), ein som skisserer eit permanent språkpolitisk oppfølgingsregime (kap. 3.3), ein om språkpolitisk lovgjeving (kap. 3.4) og ein del om Språkrådet – oppgåver og organisering (kap. 3.5).

Kap. 4 gjev eit deskriptivt oversyn over det norske og nordiske språklandskapet med vekt på ein gjennomgang av faktisk utbreiing og formell status for aktuelle språk og språkvariantar.

Kap. 5 gjev ein omfattande analyse av tilhøvet mellom språk og makt. Dei meir generelle og tverrgåande analysane i dette kapitlet introduserer fleire av dei problemstillingane som til dels blir drøfta meir konkret i påfølgjande kapittel.

Kap. 6 set søkjelyset på språkbrukarane og individuelle og kollektive språklege rettar. Det viktigaste temaet innanfor dette perspektivet er språkopplæring, og dette er behandla i ei eiga melding frå Kunnskapsdepartementet om språkstimulering og språkopplæring, jf. St.meld. nr. 23 (2007–2008). Difor blir språkbrukarperspektivet i meldinga her berre behandla relativt kort og overordna.

Kap. 7 utgjer tyngdepunktet i meldinga og drøftar det overordna perspektivet om styrking av norsk språk. Det består av ein generell og prinsipiell innleiingsdel (kap. 7.1) og fem tematiske hovuddelar, ein om terminologi og fagspråk (kap. 7.2), ein om språkbruk i høgare utdanning og forskning (kap. 7.3), ein om språkbruk i nærings- og arbeidslivet (kap. 7.4), ein om språk og teknologi (kap. 7.5) og ein del om språkbruk i kultur- og mediesektoren (kap. 7.6.).

Kvar av dei fem tematiske hovuddelane blir avslutta med ei nummerert oppstilling av priori-

terte tiltak, jf. kap. 7.2.7, kap. 7.3.8., kap. 7.4.8, kap. 7.5.7 og kap. 7.6.11.

Kap. 8 konsentrerer seg også om norsk språk og behandlar spørsmål som meir direkte gjeld sjølvje språket og språkssystemet. Utanom ei generell innleiing (kap. 8.1) består kapitlet av fem hovudbolkar, ein om språkutvikling og nye språklege kommunikasjonsformer (kap. 8.2), ein om språkleg dokumentasjon (kap. 8.3), ein om språknormering (kap. 8.4), ein om språkrøkt (kap. 8.5) og til slutt ein del som spesielt behandlar det offentlege språket (kap. 7.6). Kapitlet blir avslutta med ei samla opplisting av prioriterte tiltak, jf. kap. 7.7.

Kap. 9 behandlar situasjonen for nynorsk.

Kap. 10 behandlar det mangespråklege og fleirspråklege perspektivet.

Kap. 11 behandlar den nordiske språkfellesskapen.

Også kvart av desse tre kapitla blir avslutta med ei samla opplisting av prioriterte tiltak, jf. kap. 9.4, kap. 10.6 og kap. 11.5. Mykje av omtalen av samisk språk i kap. 10 og dei tilhøyrande tiltaka i meldinga her byggjer på den nyleg framlagde meldinga frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet om samepolitikken, jf. St.meld. nr. 28 (2007–2008), særleg kap. 19 om samisk språk.

Kap. 12 behandlar økonomiske og administrative konsekvensar.

2.3 Hovudtiltaka i meldinga

2.3.1 Overordna tiltaksområde

Hovudgrepet i meldinga er framlegget om å etablere språkpolitikk som eit heilskapleg, sektorovergripande politikkområde med kulturpolitisk forankring. Det inneber ei klargjering av at eitt departement, Kultur- og kyrkjedepartementet, skal ha eit overordna språkpolitisk ansvar, men at også andre departement tek språkpolitiske omsyn med i vurderinga ved utforming og gjennomføring av eigen sektorpolitikk.

I tråd med dette legg meldinga opp til å gje Språkrådet eit breiare ansvar som operativt fagorgan for ein sektorovergripande språkpolitikk, å gje Språkrådet funksjonen som nasjonalt samordningsorgan for utvikling og tilgjengeleggjering av fagterminologi, dessutan at Språkrådet skal få eit utvida ansvar også for andre språk enn norsk, og i samband med dette eit eige fagråd for språklege mindretal, framandspråk og språkopplæring. Det blir foreslått at mandatet til Språkrådet skal forankrast i lov.

Meldinga formulerer nokre overordna språkpolitiske mål: at norsk skal vera hovudspråk og nasjonalspråk i Noreg, at norsk skal vera eit samfunnsberande og fullverdig språk, at det skal leggjast til rette for at nynorsk blir meir reelt likestilt med bokmål, at det offentlege skal leggja vinn på å føra eit korrekt og forståeleg språk, og at alle skal ha rett til språk, rett til nasjonalspråk, rett til morsmål og rett til å kunna læra seg framande språk.

Meldinga skisserer eit system for permanent språkpolitisk oppfølging: utvikling av språkpolitiske høyrings- og konsultasjonsrutinar, utvikling av det språkpolitiske kunnskapsgrunnlaget, ein årleg språkpolitisk tilstandsrapport, og at den lov-pålagde målbruksmeldinga skal utvidast til ei heilskapleg språkpolitisk rapporteringsmelding til Stortinget kvart fjerde år.

Meldinga legg opp til at det skal utarbeidast ei allmenn språklov som slår fast det norske språkets status som hovudspråk, og definerer den status og rolle som tilkjem også andre språk enn norsk. Meldinga anerkjenner norsk teiknspråk som eit fullverdig språk og foreslår at det overordna offentlege ansvaret for teiknspråk skal forankrast i den nemnde språklova.

Det blir lagt opp til å avklara verkeområdet for gjeldande lov om målbruk i offentleg teneste etter same modellen som den nye offentleglova. Samstundes blir det varsla at gjeldande målbruksreglar skal gjennomgåast, og at det skal utgreiast om det bør vera egne reglar for målbruk også i kommunane.

2.3.2 Tiltak på ulike område

Meldinga gjer greie for arbeidet med å førebu etablering og oppbygging av ein norsk språkbank, eit viktig nasjonalt infrastrukturtiltak som skal sikra at det blir utvikla språkteknologiske produkt tufta på norsk språk, og dermed hindra tap av bruksområde for norsk språk på teknologiavhengige område.

Tiltaket vil også fremja næringsutvikling og nye former for språkforsking, bidra til at det kan utviklast norskspråklege hjelpemiddel for personar med nedsette funksjonsevner, og vil også kunna føra til språkteknologiske løysingar som kan bidra til effektivisering av offentleg forvaltning. Arbeidet med å byggja opp språkbanken vil skje over fleire år.

Det blir elles foreslått å setja ned eit permanent interdepartementalt utval for språk og teknologi, og eit vidare samarbeid med Fornyings- og administrasjonsdepartementet for å sikra at viktig pro-

gramvare til bruk i det offentlege skal finnast tilgjengeleg også i nynorskversjonar.

Som eit overordna språkpolitisk tiltak innanfor forskning og høgare utdanning vil regjeringa fremja forslag om å lovfesta at universitet og høgskular har ansvar for vedlikehald og vidare utvikling av norsk fagspråk. Eit slikt forslag vil bli sendt på høyring til dei institusjonane det vedkjem.

Den generelle hovudstrategien for å motverka domenetap for norsk språk innanfor delar av samfunnet som er sterkt prega av internasjonalisering, er elles å etablera slike språkdomene som parallellspråklege. Det inneber at norsk og engelsk må kunna brukast side om side, men slik at norsk blir verande det føretrekte språket. Norsk skal då brukast dersom det ikkje er nødvendig eller formålsstenleg å bruka engelsk i staden. Dette må nyansest etter dei behov som gjer seg gjeldande på kvart område. Målet er at dette skal sikra norsk fagspråk og kunnskapsformidling og samstundes leggja til rette for at vi kan delta for fullt i alle former for internasjonalt samkvem.

Det blir lagt opp til at Språkrådet skal intensivera rådgjevingsarbeidet sitt overfor arbeids- og næringslivet, og at det i samarbeid med partane i arbeidslivet skal arbeidast vidare med å utvikla næringslivets samfunnsansvar til også å omfatta omsynet til norsk språk.

Det blir reist spørsmål om det kan gjennomførast eit forskingsprogram om forholdet mellom språk og produktivitet, og det blir varsla ei utgreiing om teknologibasert språkbruk i arbeidslivet. Vidare blir det lagt opp til eit samarbeid med Nærings- og handelsdepartementet for å få omsett fleire internasjonale standardar til norsk, og om Standard Norge si rolle i terminologiarbeidet.

Meldinga drøftar ulike språkdyrkingstiltak, mellom anna støtte til leksikalsk dokumentasjon av norsk språk, sikring, forvaltning og digitalisering av papirbaserte språksamlingar og innsamling av norske, samiske og kvenske stadnamn.

Eit spesielt tiltaksområde er arbeidet for eit betre og meir forståeleg offentleg språk, viktig også i eit velferds- og demokratiperspektiv. For staten blir det foreslått å etablera ein standard for

språkleg kvalitet, eit system for språkleg internkontroll, eit nettverk av interne språkkontaktar og eksterne språkkonsulentar og eit vidare arbeid med språkleg kvalitet i lover og forskrifter.

Det blir foreslått som eit språkpolitisk prinsipp at omsynet til nynorsk alltid skal vurderast eksplisitt når det dreier seg om tiltak som involverer norsk språk, eit prosjekt for å fremja dei positive verdiane i den språkdelte norske kulturen, ein systematisk gjennomgang av kultur- og medieområdet for å vurdere sterkare synleggjering av nynorsk, sterkare profilering av nynorsk språk og kultur blant barn og unge, mellom anna i Den kulturelle skulesekken, kartlegging av nynorskbruk i kommunane.

Det blir lagt opp til at statlege organ skal ha ein språkleg kompetanseplan som sikrar at dei kan oppfylle lovpålagde krav om bruk av nynorsk og bokmål, kombinert med ei opning for å kunna fritta medarbeidarar med minoritetsspråkleg bakgrunn frå plikta til å bruka begge målformer. Regjeringa tek sikte på å oppretta eit fond, Vinjefondet, der avkastninga skal gå til å fremja nynorsk i media.

Når det gjeld tiltak for samisk språk, viser meldinga her til den nyleg framlagde samemeldinga frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Det overordna tiltaket som er varsla der, er at regjeringa vil setja i gang arbeidet med ein handlingsplan for samisk språk.

Meldinga foreslår fleire ulike tiltak for revitalisering av kvensk språk og varslar ei nærare vurdering av kva som gjerast for å tryggja minoritetsspråka romani og romanes.

På kultur- og medieområdet blir det foreslått fleire tiltak for å styrkja den nordiske språkfelleskapen.

Mange av dei innarbeidde og veletablerte støtte- og tiltaksordningane innanfor kultur- og mediesektoren har også klare språkpolitiske funksjonar. Meldinga drøftar korleis ei vidare utvikling av utvalde ordningar og tiltak kan bidra til å styrkja norsk språk generelt og nynorsk spesielt. Mellom anna blir det lagt opp til ein meir systematisk strategi for å fremja lesing blant barn og unge.

3 Ny språkpolitikk - overordna mål og verkemiddel

3.1 Mål og prinsipp for ein ny språkpolitikk

3.1.1 Overordna språkpolitiske mål

Det overordna strategiske målet for den språkpolitikken som er skissert i denne meldinga, er å motverka domenetap for norsk språk og sikra det norske språket ein fullverdig status og bruk innanfor alle delar av norsk samfunnsliv.

Dette overordna målet må realiserast innanfor ramma av ein heilskapleg språkpolitikk som tek omsyn til den totale språksituasjonen i landet, både likestillinga mellom bokmål og nynorsk, det gamle og nye fleirspråklege mangfaldet, det framandspråklege kompetansebehovet og den nordiske språkfelleskapen.

Ved utforming og gjennomføring av all offentleg politikk i Noreg skal det i den grad det er relevant, takast omsyn til følgjande overordna språkpolitiske mål:

- 1 Norsk skal vera hovudspråket og felles nasjonalspråk i Noreg
- 2 Norsk skal vera eit samfunnsberande og fullverdig språk
- 3 Det skal leggjast spesielt til rette for at nynorsk blir meir reelt likestilt med bokmål
- 4 Det offentlege skal leggja vekt på å føra eit korrekt og forståeleg språk
- 5 Alle skal ha rett til språk, å få utvikla og tileigna seg det norske språket, bokmål og nynorsk, å få utvikla og bruka sitt eige morsmål eller førstespråk, inkludert teiknspråk, sitt eige urfolkspråk eller nasjonale minoritetsspråk, og alle skal få høve til å læra seg framande språk.

Desse måla skal det takast omsyn til ved utforming og gjennomføring av all offentleg politikk. Dei vil bli nærare utdjupa og spesifiserte i det språkpolitiske oppfølgingsarbeidet.

3.1.2 Grunnlag for oppfølging av dei språkpolitiske måla

Særleg for å kunne forfølgja det overordna, strategiske målet å motverka domenetap for norsk språk og sikra det norske språket ein fullverdig status og

bruk på alle samfunnsområde legg denne meldinga opp til å få etablert språkpolitikk som eit sektorovergripande eller tverrgående politikkområde med kulturpolitisk forankring.

Ein føresetnad for dette er at alle departement har eit språkpolitisk ansvar og tek språkpolitiske omsyn når dei utformar og gjennomfører relevante delar av sin eigen sektorpolitikk, men samstundes slik at det overordna språkpolitiske ansvaret er klart og eintydig plassert i Kultur- og kyrkjedepartementet, og at Språkrådet som fagorgan har ein operativ og strategisk samordnings- og pådrivarfunksjon.

3.1.3 Tre språkpolitiske innfallsvinklar

Det språkpolitiske hovudmålet om å styrkja norsk som samfunnsberande og fullverdig nasjonalspråk inneber at det må skapast positive haldningar til og leggjast praktisk til rette for bruk av norsk språk generelt og nynorsk spesielt i alle sektorar av norsk samfunnsliv og i alle aktuelle språkbruksfunksjonar.

Ein føresetnad for på denne måten å fremja det norske språkets status og bruk er at også sjøve språket blir dyrka og røkta, slik at det kan haldast i god hevd og danna grunnlag for god språkbruk og effektiv kommunikasjon.

Ein føresetnad er det også at alle språkbrukarar får sikra dei språklege rettane sine, og at dei får sjanse til å utvikla språkkunnskapane og dei oppøvde språkevnene sine, slik at dei kan gjera seg best mogleg nytte av språket som ein tenleg reiseplass for deltaking og medverknad i samfunns- og yrkesliv og for oppleving av kunst og kultur.

3.1.4 Haldningar og handlingar

Språkpolitikken må altså arbeida både med haldningar til og praktiske rammevilkår for språk og språkbruk i samfunnet. Haldningar har å gjera med vilje og motivasjon, praktiske rammevilkår med evner og ressursar til å realisera språkpolitiske mål. Haldningar er grunnleggjande, men må følgjast opp gjennom tilrettelegging av praktiske rammevilkår av ulike slag.

Utan bevisste haldningar til verdien av å fremja bruk av norsk språk generelt og nynorsk spesielt, er det grenser for kva ein kan oppnå gjennom å regulera dei ytre rammevilkåra. På den andre sida kan haldningsskapande tiltak åleine lett bli eit slag i lufta dersom dei ikkje går saman med meir handfaste tiltak av handlingsretta karakter. I den nye språkpolitikken må difor haldningsskapande arbeid og handlingsretta tiltak gå hand i hand.

At det er nødvendig å påverka både haldningar og handlingar, gjeld ikkje berre innanfor den delen av språkpolitikken som har direkte med språkets status og bruk å gjera. Også i språkdyrking og språkopplæring er både motivasjon og bevisstgjeving på den eine sida og tilrettelegging av ytre rammevilkår på den andre sida faktorar som i stor grad er gjensidig avhengige av kvarandre.

3.1.5 Makt

Både haldningar til og ytre rammevilkår for språk, språkbruk og språkbrukarar kan i større eller mindre grad vera eit resultat av makt- og maktrelasjonar i språket sjølv eller i samfunnet ikring. Difor må språkpolitikken også ha som siktemål å avdekka ulike former for språkmakt og maktspråk og å utjamna makt- og dominansforhold i språksamfunnet, kort sagt å omfordela språkleg makt.

3.2 Nærare om prinsippa for den nye språkpolitikken

3.2.1 Språkpolitikken skal vera sektorovergripande

Når det overordna målet for språkpolitikken har å gjera med språkets status og bruk i samfunnet, blir det også ekstra tydeleg at denne politikken ikkje kan reduserast til rein sektorpolitikk. Dei språkpolitiske måla handlar i stor grad om språk og språkbruk innanfor alle sektorar av samfunnet.

Svært mange samfunnsspørsmål vil dermed ha ei språkpolitisk side, og språkpolitikk blir dermed ein dimensjon som det må takast omsyn til i mange ulike samanhengar. Ein moderne språkpolitikk vil med andre ord vera ein typisk sektorovergripande politikk.

Det følgjer av dette at det språkpolitiske ansvaret ikkje kan liggja berre innanfor éin politisk-administrativ sektor og innanfor eitt bestemt departement. Tvert imot må alle fagdepartement ta eit språkpolitisk ansvar, på liknande vis som dei har eit miljøansvar og eit ansvar for likestilling mellom kjønna.

Alle departement skal ha eit ansvar for å fremja det norske språkets status og bruk innanfor sine respektive sektorar, å fremja nynorsk språkbruk spesielt, å fremja eit korrekt og velfungerande språk, å vareta språkbrukarane sine rettar osv.

Språkpolitiske mål og tiltak må i større grad enn i dag integrerast innanfor all politikkkutforming der dette er relevant.

3.2.2 Språkpolitikken skal vera konsistent og einskapleg

Jamvel om språkpolitisk ansvar på denne måten vil vera vidt fordelt, kan vi ikkje ha ein språkpolitikk som sprikjer i ulike retningar. Vi skal ha ein einskapleg og konsistent språkpolitikk.

Nettopp det at språkpolitisk ansvar i utgangspunktet må vera spreitt over heile det politisk-administrative spekteret og dermed vil involvera mange ulike aktørar, gjer det desto meir påtengjande å få definert og utforma ein heilskapleg språkpolitikk som er godt koordinert.

Dette krev at det overordna språkpolitiske ansvaret blir plassert klart og tydeleg i eitt departement, og at dette overordna ansvaret blir utøvd i nær dialog med eit underliggjande fagleg-administrativt organ som arbeider meir detaljert og konkret med språkpolitisk oppfølging.

Både det departementet som har det overordna språkpolitiske ansvaret, og det underliggjande fagorganet må innanfor staten ha ein språkpolitisk koordinerings- og pådrivarfunksjon overfor dei andre departementa og deira underliggjande organ.

Det departementet som på denne måten har hovudansvaret for språkpolitikken, må innanfor ramma av retningslinjer frå Stortinget og regjeringa utforma og tolka språkpolitiske mål og verkemiddel, medan det underliggjande organet tilsvarende har eit meir konkret og operativt fagleg-administrativt ansvar.

3.2.3 Språkpolitikken skal ha klar kulturpolitisk forankring

Jamvel om språkpolitisk innhald, ansvar og prosedyrar til no ikkje har vore klart og tydeleg definerte, er likevel forvaltning av ulike språkspørsmål tradisjonelt ein del av det kulturpolitiske ansvarsområdet og ligg difor etter gjeldande departementsinndeling i Kultur- og kyrkjedepartementet. Statens fagorgan i språkspørsmål, Språkrådet, er også administrativt underlagt Kultur- og kyrkjedepartementet.

Også i dei andre nordiske landa ligg ansvaret for språkpolitikken anten i kulturministeria (Sverige og Danmark) eller i kulturdelen av ministeria i dei tilfelle kultur og utdanning ligg i det same departementet (Finland og Island).¹ Dette er også eit mønster som går att i dei fleste andre europeiske land.

Det er såleis eit reint unntak når språkpolitikk innanfor Nordisk ministerråd til no har vore knytt til det utdanningspolitiske samarbeidsområdet.² Skule og utdanning er tradisjonelt eit viktig område for bruk av språkpolitisk relevante verkemiddel, og dette har vore særleg tydeleg når det gjeld språkpolitiske spørsmål som har stått sentralt i det nordiske samarbeidet.

Også på nasjonalt plan er særleg viktige språkpolitiske verkemiddel ein sentral del av det utdanningspolitiske sektoransvaret. Dette gjeld først og fremst organisering og innhald i språkopplæringa frå barnehage- til universitets- og høgskulenivået. Difor har Kunnskapsdepartementet nyleg lagt fram ei eiga melding om dette temaet, jf. St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer – språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne*.

Men heller ikkje her er det sikkert at sektoransvaret og det overordna språkpolitiske ansvaret alltid fell automatisk saman. Også når det gjeld språkopplæring, kan såleis utdanningspolitiske omsyn i teorien tenkjast å koma i konflikt med språkpolitiske omsyn. Då må det leggjast til rette for at dei motstridande omsyna kan avvegast mot kvarandre.

Dei overordna språkpolitiske måla som er skisserte i denne meldinga, har som utgangspunkt at språk først og fremst er eit kulturuttrykk, og at all språkbruk har ein kulturdimensjon. Språkpolitiske mål og tiltak som gjeld både språkstyrking, språkdyrking og språkopplæring, har ulike instrumentelle funksjonar for individ og samfunn, men det er først og fremst det kulturelle aspektet ved språk som motiverer ein eigen politikk for dette feltet, ein eigen språkpolitikk.

Det at språkpolitisk ansvar i dag må vera mykje breiare enn før, gjev difor ikkje mindre grunn til å slå fast at all språkpolitikk må ha ei klar kulturpolitisk forankring. Det er dermed naturleg at det overordna språkpolitiske ansvaret følgjer det kulturpolitiske sektoransvaret. Etter gjeldande departementsinndeling inneber det at det overordna

språkpolitiske ansvaret skal liggja i Kultur- og kyrkjedepartementet.

3.2.4 Språkpolitikk i kulturpolitikken

Jamvel om hovudansvaret for språkpolitikken i prinsippet har lege i Kultur- og kyrkjedepartementet også til no, kan det hevdast å ha vore noko uklart kor langt dette ansvaret har nådd, og kor aktivt det i praksis har vore følgt opp.

Den delen av det språkpolitiske ansvaret i Kultur- og kyrkjedepartementet som er enklast å identifisera og praktisera, er det som kan definerast som eit språkpolitisk sektoransvar. Hovudoppgåvene her er forvaltning av rettskrivings- og stadenamnspørsmål og reglar om målbruk i offentleg teneste, både forholdet mellom bokmål og nynorsk og mellom norsk og samisk.

I tillegg til dette er språkpolitiske mål eller funksjonar ofte ein del av formålet med ulike delar av det kultur- og medietilbodet som Kultur- og kyrkjedepartementet har eit sektorpolitisk ansvar for å fremja, eller bestemte språkkrav kan inngå som eit politisk vilkår for slik verksemd. Innanfor viktige delar av mediepolitikken er det såleis eit klart uttrykt mål å leggja til rette for norskprodusert innhald som reflekterer norsk språk, kultur, identitet og norske samfunnstilhøve. For allmennkringkastingskanalane er spesielle krav til bruk av nynorsk og samisk eit vilkår i dei særskilde regelverka som ligg til grunn for verksemda. Stønadsordningane for litteratur har mellom anna ein klar språkpolitisk dimensjon, osv.

Jamvel om desse døma ikkje gjev eit uttømmende bilete av dagens situasjon, er det også innanfor ulike delar av kulturpolitikken behov for i større grad å integrera språkpolitiske omsyn. Dette betyr at ein innanfor ulike delsektorar av kultursektoren må leggja til rette for at relevante språkpolitiske mål og tiltak blir tekne omsyn til når den spesifikke sektorpolitikken skal utformast og gjennomførast.

I stortingsmeldinga om Den kulturelle skulesekken, St.meld. nr. 8 (2007–2008) kap. 4.9, er det nettopp vist til denne språkmeldinga og arbeidet med å skissera grunnlaget for ein sektorovergripande språkpolitikk. Det heiter at det er ein føresetnad for ein slik politikk at det blir lagt inn eit språkpolitisk perspektiv i all anna politikktutforming der dette er relevant.

Dette er i tråd med dei retningslinjene som er trekte opp ovanfor, og det må altså gjelda både for kultursektoren sjølv og innanfor alle andre samfunnssektorar.

¹ Heder, Eivind et al. 2007: 14.

² Men ei arbeidsgruppe oppnemnd av embetsmannskomiteen for utdanning og forskning har i ein rapport lagd fram i 2007 tilrådd at språkområdet blir overført frå Ministerrådet for utdanning og forskning (MR-U) til Ministerrådet for kultur (MR-K).

I tillegg til å vareta eit eige språkpolitisk sektoransvar skal altså Kultur- og kyrkjedepartementet ha eit ansvar for å integrera språkpolitiske omsyn innanfor andre delar av kultursektoren og ikkje minst ha eit overordna ansvar for å sjå til at slike omsyn også kjem med i vurderinga innanfor politikkområde som dei andre fagdepartementa har sektoransvaret for.

Det er grunn til å streka under at Kultur- og kyrkjedepartementet må ha eit særleg ansvar for å vareta og fremja dei spesifikt språkpolitiske omsyna også i dei tilfelle der dei viktigaste verke midla høyrer inn under ansvarsområdet til andre departement. Det gjeld sjølvstendig også når det er tale om ulike minoritetsspråklege spørsmål. Også omsynet til norsk teiknspråk og norske teiknspråkbrukarar høyrer med innanfor den språkpolitikken som Kultur- og kyrkjedepartementet skal ha eit overordna ansvar for å fremja.

3.3 Eit permanent språkpolitisk oppfølgingsregime

3.3.1 Innleiing

For over tid å kunna følgja opp det språkpolitiske ansvaret som er skissert ovanfor, legg departementet opp til fastare prosedyrar og ordningar som i større grad vil setja språkpolitikken i system. Dette oppfølgingsystemet har fire hovudelement, og Språkrådet som fagorgan vil her vera det viktigaste instrumentet og den viktigaste aktøren.

3.3.2 Språkpolitiske høyrings- og konsultasjonsordningar

Det følgjer generelt av den språkpolitikken som er skissert i denne meldinga, og det som spesielt er sagt om språkpolitiske ansvarsforhold i dette kapitlet, at det er eit viktig formål å gje språkpolitiske omsyn høgare status og større vekt enn det som har vore tilfellet til no. Det er nødvendig dersom dei overordna språkpolitiske måla skal kunna realiserast.

Det betyr likevel ikkje at språkpolitiske omsyn alltid kan få fullt gjennomslag. Dei må ofte avvegast mot sektorspesifikke mål. Føresetnaden for i større grad å kunna byggja inn relevante språkpolitiske mål og tiltak innanfor andre politikkområde er likevel at språkpolitiske omsyn kjem inn som ein premiss i ulike avgjerdsprosessar på eit tilstrekkeleg tidleg tidspunkt.

Ofte kan det vera samanfall mellom sektorpolitiske og språkpolitiske mål og tiltak, eller språkpolitiske omsyn kan lett varetakast utan at det går

ut over sektorpolitiske primæromsyn. Likevel kan det henda at språkpolitiske omsyn blir oversedde eller utegløynde fordi dei sektoransvarlege ikkje har fått eller ikkje har skaffa seg tilstrekkeleg informasjon om kva slike omsyn går ut på.

Føresetnaden må mellom anna vera at dersom det innanfor verksemda i andre departement eller underliggjande organ reiser seg tvilsspørsmål som kan ha språkpolitisk relevans, skal saka leggast fram anten for Kultur- og kyrkjedepartementet eller for Språkrådet.

Tidlegare Norsk språkråd hadde som ei av sine lovfesta oppgåver å gje styresmaktene råd i språkspørsmål. Men lova viste i så måte særleg til språkbruken i skulen, i NRK og i statstenesta. I dette låg det ei avgrensing.

I dei vedtektene som gjeld for Språkrådet, er det på generelt grunnlag fastsett at institusjonen både har ansvar for å ta språkpolitiske initiativ overfor relevante styresmakter og å uttala seg om spørsmål som det får lagt fram for seg av andre styresmakter. Dette peiker i retning av både ei breiare og ei meir aktiv språkpolitisk oppfølging frå Språkrådet si side.

Det er også fastsett at Språkrådet skal følgja opp språkpolitiske mål og strategiar som blir fastlagde av overordna styresmakt, og at Språkrådet i enkeltspørsmål kan uttala seg og gje råd etter eige skjønn om kva tiltak som best tener språkpolitiske mål.

Jamvel om vedtektene såleis opnar for at Språkrådet i større grad kan ta eigne initiativ, vil det likevel vera mange spørsmål med språkpolitisk relevans som Språkrådet ikkje automatisk vil få kjennskap til. Difor må det også kvila eit ansvar på sektorpolitiske aktørar å informera og høyra Språkrådet når dette kan vera relevant.

Det er ei erfaring frå tidlegare at Språkrådet ikkje alltid har fått relevante saker på høyring, eller ikkje er trekt med på eit tidleg stadium i avgjerdsprosessar der det hadde vore naturleg.

Departementet vil vurderer korleis ein betre enn i dag kan sikra at Språkrådet i større grad blir drege inn i sektorpolitiske avgjerdsprosessar og i breiare politikkkutforming med språkpolitisk relevans. Dette er dels eit informasjonsspørsmål, men det kan også vera aktuelt å vurderer om ein kan formalisera ulike former for språkpolitiske kontakt- og konsultasjonsprosedyrar.

Eit døme på dette er det rundskrivet departementet sende ut i mai 2007 om språkfaglege konsultasjonsrutinar ved namnelaging i staten, jf. omtale under kap. 7.4.5.4 ovanfor. Dette er likevel avgrensa til eit særskilt språkpolitisk saksområde,

og departementet vil mellom anna vurderer å senda ut eit liknande rundskriv av meir generell karakter.

Departementet vil også vurderer korleis føresetnader om språkpolitisk konsultasjon og medverknad frå Språkrådet og Kultur- og kyrkjedepartementet i relevante sektorpolitiske avgjerdsprosesser kan forankrast i det språkpolitiske lov- og regelverket som blir drøfta i kap. 3.4 nedanfor.

3.3.3 Det språkpolitiske kunnskapsgrunnlaget

Når det overordna målet for språkpolitikken har å gjera med språkets status og bruk i samfunnet, og når Språkrådet i tråd med dette i større grad enn før skal involvera seg over eit breitt spekter av sektorspesifikke saksfelt, stiller det også nye krav til kompetanseprofil og arbeidsmåtar i Språkrådet sjølv. Det viktigaste formålet med den omdanninga institusjonen har gjennomgått, var nettopp å leggja til rette for meir utoverretta aktivitetar og eit breiare samfunnsengasjement.

Det vil ta noko tid før denne justeringa av den språkpolitiske strategien i Språkrådet kan vera gjennomført. I praksis må dette vera ein gradvis prosess. For å møta dei nye utfordringane ønskjer Språkrådet mellom anna å rekruttera medarbeidarar med samfunnsvitskapleg kompetanse. Det er behov for nye stillingar for å gje rom for slik nyrekruttering.

Spørsmålet om nye stillingar vil departementet på vanleg måte koma attende til i framtidige budsjett. Vi viser i den samanheng også til framlegg andre stader i denne meldinga om å tilleggja Språkrådet nye funksjonar og nytt ansvar utover det som er omtalt i dette avsnittet.

Når Språkrådet skal arbeida meir enn før med å leggja til rette for at språkpolitiske perspektiv kan byggjast inn i sektorpolitiske mål og tiltak, krev det også at institusjonen på ein adekvat måte evnar å analysere reelle språkpolitiske verknader av sektorpolitiske ordningar. Det betyr at Språkrådet ikkje berre må halda den språkpolitiske fana høgt, men også kunna gå i dialog med ulike sektorinteresser for å drøfta løysingar som balanserer eventuelt motstridande omsyn på ein optimal måte.

For at det språkpolitiske pådrivar- og samordningsarbeidet som Språkrådet vil ha hovudansvaret for, skal bli truverdig og dermed ha størst mogleg gjennomslagskraft, må også innsatsen byggja på relevant og haldbar dokumentasjon.

Både føresetnaden om ein breiare samfunnsdialog og behovet for eit godt dokumentasjons- og kunnskapsgrunnlag er reflektert i dei nye vedtek-

tene. Her heiter det at Språkrådet skal observera og analysere aktuelle utviklingstrekk i heile det norske språksamfunnet og på eige initiativ leggja til rette for tenleg samarbeid med både private og offentlege aktørar på ulike samfunnssektorar. I eit særskilt dokument med merknader til vedtektene heiter det følgjande om dette:

«Her angis noe av det sentrale ved det nye Språkrådets arbeidsområde og arbeidsmåte. Viktige aspekter ved dette er at Språkrådet må ha hele samfunnet som operasjonsfelt, og at det skal legges opp til samarbeid med aktuelle aktører over et bredt spekter, dessuten at observasjon og analyse må utgjøre en basis for arbeidet.»

Nøkkelord i vedtektene er på den eine sida ordparet *observasjon og analyse*, og på den andre sida *utviklingstrekk i heile det norske språksamfunnet*. I uttrykket *observasjon og analyse* ligg det ein intensjon om ei meir systematisk empirisk orientering av verksemda i Språkrådet, og uttrykket *utviklingstrekk i heile det norske språksamfunnet* seier noko om kva som skal vera gjenstand for slik empirisk orientert verksemd.

Det kan vera grunn til å streka under at det siste uttrykket både siktar til utviklinga i språket sjølv og i språkbruken. Det omfattar altså både korpus- og statusperspektivet, både språkutviklinga og språkbruksutviklinga. Det er lagt opp til at Språkrådet i prinsippet skal kunna observera både språk og språkbruk på alle nivå, så vel i eit makrosom eit mikroperspektiv.

Observasjon dreier seg om innhenting og registrering av kunnskap, og analyse indikerer at ein også skal reflektera systematisk over det ein registrerer. Dette inneber likevel ikkje at Språkrådet skal driva direkte språk- og språkbruksforskning. Forsking er meir ambisiøst, og Språkrådet skal ikkje i utgangspunktet vera ein forskingsinstitusjon.

Observasjon og analyse inneber likevel at verksemda må vera fagleg forplikta, og at målet er å skaffa fram haldbar kunnskap, jamvel om dette ikkje skjer gjennom vitskaplege metodar. Sjølv om observasjon og analyse ikkje er forskning, kan det godt byggja på forskning, og det kan føra til forskning, til dømes dersom Språkrådet vil ha nærare undersøkt noko ein har observert. Det må difor leggjast opp til nødvendig samarbeid med relevante fag- og forskingsmiljø.

Departementet vil ikkje no leggja nærare føringar for korleis Språkrådet skal innretta og organisera arbeidet sitt med språkbobservasjon og analyse, men reknar med at dei tematisk definerte fag-

råda vil kunna spela ei rolle i arbeidet med å få sett slike kunnskapsbaserte aktivitetar meir i system og i arbeidet med å prioritera aktuelle oppgåver.

3.3.4 Ein årleg språkpolitisk tilstandsrapport – eit språkbarometer

Det språkpolitiske hovudmålet som er skissert i denne meldinga, tilseier at det er behov for å skaffa fram mest mogleg pålitelege data som gjer det råd å følgja med i korleis stillinga for norsk språk utviklar seg over tid innanfor ulike samfunnsområde. Departementet vil vurdera om ein kan formalisera dette gjennom å få utarbeidd ein årleg språkpolitisk statusrapport.

Dette framlegget er inspirert av det som i den språkpolitiske debatten i Danmark er omtalt som eit språkbarometer. Det er også inspirert av dei årstalane som direktøren for Nynorsk kultursentrum sidan 2001 har halde om tilstanden for nynorsk skriftkultur. Desse talane har hatt ulikt tema frå år til år, medan tanken bak dei årlege tilstandsrapportane som har vore på tale i Danmark, er å skaffa fram data som kan vurderast og samanliknast frå det eine året til det andre.

I eit notat frå Dansk Sprognævn frå januar 2007 heiter det såleis at eit språkbarometer eller ein tilstandsrapport skal utgjevast kvart år av Dansk Sprognævn i samarbeid med relevante institusjonar og danna utgangspunkt for ein fagleg og politisk debatt om stillinga for det danske språket. Det heiter også at det bør utarbeidast parallelle og meir nyanserte metodar for effektmåling av språkpolitiske tiltak både på landsplan og ved enkelte institusjonar.

Departementet vil drøfta nærare med Språkrådet på kva måte vi også her i landet kan utvikla ein mal for ein slik årleg tilstandsrapport som gjer det mogleg å følgja utviklinga i det norske språkets status og bruk på ein meir systematisk måte. Føresetnaden i første omgang må vera at dette blir ein rapport på eit meir overordna nivå, som så eventuelt kan utviklast meir i detalj etter kvart.

Ein slik språkleg tilstandsrapport – eit språkbarometer – må utarbeidast på grunnlag av visse parametrar som kan seia noko meningsfylt om korleis bruken av norsk står seg jamført med engelsk innanfor utvalde språkdomene. Ikkje berre situasjonen for norsk generelt, men også bruken av nynorsk spesielt bør kunna målast på denne måten. Også parametrar som har å gjera med nordisk nabospråksforståing og undervisning i dansk og svensk bør frå starten av kunna vera med i språkbarometeret.

Ein årleg tilstandsrapport vil gjera det mogleg å få eit meir samla og systematisk bilete av situasjonen og gje grunnlag både for eventuelle politiske strakstiltak og meir målretta prioriteringar på lengre sikt.

I kjølvatnet av arbeidet med eit slikt språkbarometer vil departementet i samråd med Språkrådet vurdera om det også lèt seg gjera å utvikla meir nyanserte metodar for å måla effekten av språkpolitiske tiltak.

3.3.5 Ei fireårig stortingsmelding om språk og språkpolitikk

Ein årleg tilstandsrapport vil også kunna danna ein del av grunnlaget for periodevise språkmeldingar til Stortinget.

I dag er det lovfesta at Kongen minst kvart fjerde år skal leggja fram for Stortinget ei melding om målbruk i offentleg teneste, jf. lov om målbruk i offentleg teneste § 10. Den siste av desse meldingane var St.meld. nr. 7 (2005–2006), jf. Innst. S. nr. 98 (2005–2006).

Desse meldingane danner grunnlag for at det i kvar stortingsperiode blir høve til drøfta korleis forvaltninga lever opp til dei lovheimla målbruksreglane. Den merksemde som følgjer med kvar melding og den tilhøyrande stortingsbehandlinga, gjer truleg sitt til at forvaltninga kjenner seg sterkare forplikta av reglane enn dei elles ville gjort.

At meldinga er lovpålagd, gjer det også meir forpliktande for Kultur- og kyrkjedepartementet å følgja opp den overordna tilsynsfunksjonen som departementet er pålagt etter § 1 i forskrifta til lova, og gje dette arbeidet nødvendig prioritet.

Den lovpålagde meldinga om målbruk i offentleg teneste er alt i alt eit fundament i det systemet av verkemiddel som skal sikra bruk av nynorsk i offentleg forvaltning generelt og i statsforvaltninga spesielt. Meldingssystemet er også grunnlaget for at departement og regjering minst kvart fjerde år blir nøydde til å vurdera nødvendige tiltak for å styrkja etterlevinga av målbruksreglane og intensivera arbeidet med auka bruk av nynorsk i forvaltninga.

Departementet legg difor stor vekt på at det framleis skal vera fastsett i lov at det minst kvart fjerde år skal leggjast fram ei stortingsmelding som rapporterer om oppfølging av målbruksreglar og bruk av nynorsk i statleg og statstilknytt verksemd.

Departementet ønskjer likevel å utvida dette periodiske meldingssystemet til ein rapport som kan gje Stortinget grunnlag for eit breiare språkpo-

litisk ordskifte. Det betyr først og fremst at meldinga også må omfatta ei vurdering av situasjonen både for norsk språk generelt og nynorsk spesielt innanfor heile det norske språksamfunnet, altså ikkje berre for nynorsk i staten.

Vi kan rett nok ikkje sjå bort frå at ei slik utviding kan svekkja meldingssystemet som eit verkemiddel i måljamstillingsarbeidet, fordi mange andre problemstillingar vil tevla om merksemda. Men verknaden kan også bli den motsette, nemleg at ei melding med eit meir heilskapleg språkpolitisk sikte vil gjera det lettare å sjå formålet med det offentlege jamstillingsstrevet. Det vil mellom anna bli lettare å sjå nynorskbruken i forvaltninga som del av ei vurdering av situasjonen for nynorsk i samfunnet generelt.

Den viktigaste grunngevinga for ei tematisk utviding av meldingssystemet er likevel behovet for å leggja fundamentet for eit permanent språkpolitisk oppfølgingsregime som fangar inn det strategiske hovudmålet i den nye språkpolitikken, dvs. arbeidet med å motverka domenetap for norsk språk og dermed styrkja det norske språket som fullverdig og samfunnsberande nasjonalspråk i Noreg.

Men også korleis det går med dei andre hovudmåla i språkpolitikken, bør rapporterast i ei slik melding. Ved sida av styrkinga av nynorsk spesielt gjeld dette mål som har å gjera med det gamle og nye mangespråklege innslaget i landet vårt, med teiknspråk og med utvikling av djupare og breiare framandspråkleg kompetanse hos nordmenn flest og med den nordiske språkfelleskapen.

Vi minner her om at Noreg etter den europeiske regions- og minoritetsspråkpakta er pålagt å rapportera til Europarådet kvart tredje år om situasjonen for samisk og for dei andre minoritetsspråka som har vern etter denne konvensjonen. Det kan vera naturleg at også noko av resultatet av dette oppfølgings- og rapporteringsarbeidet inngår i den språkpolitiske rapporteringsmeldinga til Stortinget.

Også det nasjonale arbeidet med å følgja opp den nordiske språkdeklarasjonen bør naturleg inngå i meldinga.

Eit språkpolitisk meldingssystem som her skisert er elles i samsvar med framlegget frå det dåverande interimsstyret i Språkrådet i samband med at strategirapporten *Norsk i hundre!* vart oversend departementet i mars 2006. Her heitte det:

«Gjennomføring av politikken bør rapporterast gjennom ei fast melding til Stortinget. Her kan òg dagens mållovsmelding takast inn. Ut frå

krava i meldinga kan det tenkjast ei årleg melding, ei toårig eller ei fireårig melding.»

Som det går fram ovanfor, legg departementet opp til ei fireårig melding.

Departementet tek sikte på å innarbeida kravet om ei slik språkpolitisk melding til Stortinget kvart fjerde år i det språkpolitiske lovverket som blir nærare drøfta i det følgjande.

3.4 Språkpolitisk lovgjeving

3.4.1 Eksisterande språklover

Det finst i dag tre lovverk som primært handlar om språk og språkbruk, og som blir forvalta av Kultur- og kyrkjedepartementet. Det er lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentlig teneste (mållova), sist endra ved lov 11. mars 1988 nr. 12, dinest kapittel III om samisk språk i lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold (same-lova), kapittel III sist endra ved lov 13. desember 2002 nr. 81, og endeleg lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn (stadnamnlova), sist endra ved lov 17. juni 2005 nr. 90.

3.4.2 Frå Norsk språkråd til Språkrådet

3.4.2.1 Tidlegare lov om Norsk språkråd

Tidlegare forvalta Kultur- og kyrkjedepartementet også lov 18. juni 1971 om Norsk språkråd, men denne lova vart oppheva med verknad frå 1. januar 2005 i samband med at Norsk språkråd var omdanna til den noverande institusjonen, Språkrådet, jf. Ot.prp. nr. 83 (2003–2004) og Innst. O. nr. 6 (2004–2005). Den nye institusjonen vart oppretta som ein vanleg statsinstitusjon, utan heimel i lov.

3.4.2.2 Spørsmålet om lovforankring av Språkrådet

I innstillinga til kulturmeldinga våren 2004 gav medlemmene frå dei noverande regjeringspartia uttrykk for at også den institusjonen som skulle ta over etter Norsk språkråd, måtte få ei klar lovforankring. Dei bad regjeringa koma attende til Stortinget med ei vurdering av korleis dette best kunne gjerast, jf. Innst. S. nr. 155 (2003–2004).

I proposisjonen om oppheving av den gamle lova i juni 2004 fann departementet det ikkje formålstenleg å gjera ei endeleg vurdering av lovspørsmålet, og foreslo at den nye institusjonen i første omgang skulle etablerast utan lovheimel. Men det vart samstundes uttalt i proposisjonen at dette ikkje hindra at spørsmålet om alternativ lov-

gjeving i ei eller anna form kan vurderast som ledd i den vidare omdanningsprosessen eller seinare.

I innstillinga uttalte representantane frå SV at dei var skeptiske til å oppheva den gamle lova utan at også den nye institusjonen var forankra i lov, og dei bad om at regjeringa snarast råd kom attende til Stortinget med framlegg til ei lov som sikrar og varetar viktige språkpolitiske mål. Også representantane frå Ap og Sp bad regjeringa fremja forslag om korleis den nye språkinstitusjonen kunne heimlast i lov, jf. Innst. O. nr. 6 (2004–2005).

I odelstingsdebatten 18. november 2004 uttalte dåverande kulturminister at ho ikkje avviste ei mogleg lovforankring, men at ho ikkje ville binda seg i dette spørsmålet. Ho viste til at interimsstyret nyleg hadde oppnemnt ei arbeidsgruppe til å greia ut utfordringar, mål og strategiar i språkpolitikken, og at det ville vera naturleg at lovspørsmålet vart vurdert i lys av dette utgreiingsarbeidet.

Resultatet av dette arbeidet vart den omtalte strategirapporten *Norsk i hundre!*, som låg føre hausten 2005. Eit av forslaga i rapporten var nettopp at formålet og verkeområdet til Språkrådet må slåast fast i lov. Det heitte dessutan at ei av oppgåvene til Språkrådet måtte bli å føra tilsyn med at dei tre språkpolitiske rettane blir respekterte, både i anna lovgjeving og i praktisk politikk. Dei tre rettane rapporten her siktar til, er retten til nasjonalspråk, retten til morsmål og retten til framandspråk, jf. nærare omtale i kap. 6.

Også i følgjebrevet frå interimsstyret då strategitgreiinga vart oversend til departementet i mars 2006, heiter det at måla for det nye Språkrådet bør utformast gjennom ei lov med forskrift, og at dette då ville bli eit lovfesta uttrykk for den statlege språkpolitikken.

I grunngevinga uttalte interimsstyret:

«Språkrådet treng formell og politisk ryggstø for å ha autoritet til å fylla samfunnsoppgåva si tilfredsstillande. I lys av dette er det vår vurdering at Stortinget bør vedta ei lov som slår fast føremålet med Språkrådet – kva slags rolle, verkeområde og ansvar statens språkorgan skal ha. Lova må og innehalda paragrafar som tek for seg kva språkpolitikk organet skal forvalta. [...] det viktigaste målet for det nye Språkrådet [blir] å få nok olbogerom til å kunna vera ei drivkraft for den norske språkpolitikken. Eit byråkratisk kontrollorgan, utan nødvendige fullmakter og utan status i media og blant folk flest, er det me minst ønskjer.»

3.4.2.3 Oppsummerande vurdering

Departementet si vurdering er at det nye arrangementet med eit departementsstyrt forvaltningsorgan med basis i vedtekter fastsette av departementet kan bli for laust og sårbart til å driva eit kraftfullt, toverretta og tverrgåande språkpolitisk pådrivar- og koordineringsarbeid.

Ei lov med forskrifter, som klarare enn i dag definerer Språkrådet sine oppgåver og gjev institusjonen eit sjølvstendig handlingsrom i høve til overordna styresmakter, vil representera ein mykje fastare basis, gjera institusjonen meir robust og gje større autoritet og legitimitet til arbeidet. Her kan det både vera tale om symbolverknader og realitetar. Ein offensiv språkpolitikk tilseier at staten har eit kraftfullt fagorgan som kan følgja opp språkpolitiske mål og strategiar og vera pådrivar i språkpolitikken. Ei lovforankring vil vera med på å gje Språkrådet slik kraft.

Eit utkast til lov om Språkrådet bør likevel ta utgangspunkt i gjeldande vedtekter. Her heiter det mellom anna at Språkrådet særleg skal arbeida med å styrkja det norske språkets status i notid og framtid, at institusjonen skal følgja opp språkpolitiske mål og strategiar som blir fastlagde av overordna styresmakt, men at institusjonen i enkeltspørsmål kan uttala seg og gje råd etter eige skjønn om kva tiltak som best tener språkpolitiske mål. Dessutan er det streka under at Språkrådet har ansvar for å ta språkpolitiske initiativ overfor relevante styresmakter, i tillegg til å uttala seg om spørsmål som andre styresmakter legg fram for det.

Dei viktigaste føresegnene kan takast inn i sjølve lova, medan dei meir detaljerte vil danna grunnlag for forskrifter som kan fastsetjast anten av Kongen eller av departementet.

Det er likevel eit behov for å sjå ei ny lov om Språkrådet i ein større samanheng. Dette vil vera med og avgjera om det skal lagast ei stutt lov som berre regulerer korleis institusjonen skal organiseras, og kva oppgåver han skal ha, eller om det kan vera aktuelt med ei meir omfattande lov.

3.4.3 Spørsmålet om ei allmenn språklov

3.4.3.1 Utgangspunkt

Når det skal lagast ei lov om statens fagorgan i språkspørsmål, er det også naturleg å gå vidare og vurdere om det ikkje i lov bør seiast noko om innhaldet i den språkpolitikken institusjonen skal forvalta.

Det følgjer av det grunnleggjande perspektivet i denne meldinga at hovudmålet for ein slik politikk

skal vera å sikra det norske språkets posisjon som komplett og samfunnsberande språk i Noreg.

I tråd med dette er det i *Norsk i hundre!* reist spørsmålet om ikkje den auka bruken av engelsk i det norske samfunnet gjer at tida no er inne til «å lovfesta norsk som nasjonalspråk».

I rapporten er det vist til at det finst eit omfattande regelsett om tilhøvet mellom bokmål og nynorsk, at vi også har klare reguleringar av minoritetsspråklege rettar, men at vi altså ikkje har reglar om kva rettar, eventuelt særrettar, norsk språk skal ha i Noreg.

Rapporten konkluderer på dette grunnlaget med at ein litt ironisk kan seia at Noreg har ein målpolitikk som vernar nynorsk og minoritetsspråka, men ikkje ein språkpolitikk som vernar norsk.

3.4.3.2 Nasjonal språklovgjeving i nokre andre land

Ei løysing i tråd med formuleringa frå *Norsk i hundre!* om å lovfesta norsk som nasjonalspråk kan i utgangspunktet minna om den føresegna som finst i den finske grunnlova. Her heiter det at «Finlands nationalspråk är finska och svenska».

Men den viktigaste funksjonen ved denne føresegna er kanskje understrekinga av at Finland har to nasjonalspråk, både finsk og svensk. Slik sett fungerer dette først og fremst som eit vern om det minste av dei to nasjonalspråka i landet, altså svensk. Til skilnad frå situasjonen i Finland har det både i vårt land og i Sverige og Danmark vore oppfatta som såpass sjølvstøtt kva som er nasjonalspråket, at det ikkje har vore eit tilsvarende behov for lovfesting, langt mindre grunnlovsfesting.

I Frankrike derimot finst også ei grunnlovsføresegn, vedteken i 1992, som slår fast at «republikkens språk er fransk». I tillegg har Frankrike ei lov frå 1994 om bruk av fransk språk, som er svært detaljert, og som på ulike måtar og i ulik grad påbyr fransk i alt frå reklame, varenamn og bruksrettleggingar via arbeidsavtalar til innlegg og støtteark på seminar og konferansar. I tillegg er det ei rekkje andre føresegner om språkbruk i undervisning, medium og liknande.

Den strenge franske språklovgjevinga kan nok delvis sjåast i samheng med ein sterk sentralistisk tradisjon i det franske samfunnet og med dei franske stormaktstradisjonane, men er i dag utan tvil også ein del av forsvaret mot det sterke presset frå engelsk som heller ikkje dei større nasjonane i Europa er sparte for.

Det finst også eit til dels strengt lovvern for det nasjonale språket i fleire av dei austuropeiske landa, til dømes i Polen og Latvia. Men vel så mykje

som eit forsvar mot engelskpåverknad er dette ein reaksjon mot det hegemoniet som russisk språk og kultur har hatt i desse landa, og dermed eit utslag av behovet for ei ny nasjonal konsolidering etter at Sovjetunionen og Warszawapakta gjekk i oppløysing.

3.4.3.3 Lov- eller grunnlovsfesting?

Fleire av språkreglane det er vist til ovanfor, gjeld grunnlovsføresegner om språk, og også under debatten i Sverige i 2005 var altså grunnlovsfesting eit bitema.

Her i landet vart spørsmålet om grunnlovsfesting reist under arbeidet med å førebu den nye kulturlova som tok til å gjelda frå 1. august 2007. Lova fastset at offentlege styresmakter har ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.

Verken språk generelt eller norsk språk spesielt er nemnt i lova, men i førearbeida, Ot.prp. nr. 50 (2006–2007), er det gjeve ei førebels vurdering av spørsmålet om ein bør gå vidare på lovvegen ved også å grunnlovsfesta kulturomsyn. I denne drøftinga er språkdimensjonen i kulturpolitikken trekt fram som eit eige tema.

Kulturlovproposisjonen viste til at det ville bli nærare drøfta i språkmeldinga om grunnlovsfesting av språk- og andre kulturomsyn kan vera med på å styrkja grunnlaget for å utforma og gjennomføra tiltak for å verna, utvikla og fremja dei nasjonale språka. I den samanhengen er det nemnt at ei rekkje kulturpolitiske tiltak heilt eller delvis har som mål å styrkja og utvikla bruk av norsk språk, men at slike omsyn ikkje lenger er like sjølvstøtt innanfor ramma av EØS-avtalen.

Dette er eksemplifisert med tilvising til den såkalla Einarsson-saka E-1/01 på Island, der EØS-domstolen kom til at ordninga med differensierte momssatsar for framandspråkleg og islandskspråkleg litteratur streid mot EØS-traktaten. Jamvel om formålet var å fremja bruk av det nasjonale språket, vart ikkje dette vurdert som ei lovleg grunnleggjeving for å ha lågare momssatsar på islandsspråkleg litteratur.

Proposisjonen viste elles til grunnlovsføresegna som pålegg staten å leggja tilhøva til rette for at den samiske folkegruppa kan sikra og utvikla språket, kulturen og samfunnet, og peikte på at det kan argumenterast for at også norsk språk burde omfattast av ei tilsvarende formulering.

3.4.3.4 Fråsegn frå Språkrådet om eventuell grunnlovfesting

Denne siste problemstillinga er nærare drøfta i ei fråsegn frå Språkrådet til det høyringsutkastet som låg til grunn for kulturlovsproposisjonen. Her er det vist til den historiske bakgrunnen for den grunnlovsmessige særbehandlinga av samisk, og at det i 1988, då grunnlovsvernet av samisk vart vedteke, var lettare å ta stillinga for norsk språk og kultur for gjeven.

Språkrådet viser vidare til at norsk språk framleis er i ein langt sikrere posisjon enn samisk, men at også norsk språk i dag står i fare for å få svekt stillinga si ved å mista viktige bruksområde til engelsk. På denne bakgrunn må ein spørja, heiter det, om det ikkje er fare for at den «selvfølgeliggjoringen» av norsk som er ein premiss for det manglande grunnlovsvernet, i stigande grad vil endra seg til ei usynleggjering av norsk språk.

Språkrådet strekar under at intensjonen med ei eventuell grunnlovfesting ikkje må vera å stengja andre språk ute og heller ikkje å fremja «nasjonale omsyn» i tradisjonell mening. Målet må derimot vera å sikra grunnlaget for at folk i Noreg kan bruka norsk – og eventuelt andre språk – ved å grunnlovfesta at styresmaktene har plikt til å leggja tilhøva til rette for det.

På eit slik grunnlag meiner Språkrådet at grunnlovfesting av omsynet til norsk språk også er i tråd med omsynet til ytringsfridommen. Sidan norsk i all overskødeleg framtid vil vera morsmålet for det store fleirtalet i Noreg og elles felles nasjonalspråk for folk i Noreg, meiner Språkrådet at ei føresegn om norsk språk også kan utfylla og støtta opp under den noverande føresegna i ytringsfridomsparagrafen som seier at «det paaligger Statens Myndigheter at lægge Forholdene til Rette for en aaben og oplyst offentlig Samtale», den såkalla infrastrukturføresegna.

Språkrådet peiker elles på at dei to UNESCO-konvensjonane som Noreg ratifiserte i 2007, opnar for kulturpolitiske tiltak som også kan styrkja stillinga for norsk, og at også dette gjer det meir aktuelt enn før å vurdera ei grunnlovfesting av omsynet til norsk språk og kultur.

3.4.3.5 Nærare om eit konkret framlegg til grunnlovfesting

Begge desse omgrepa, både språk og kultur, var også med i eit framlegg til grunnlovsføresegn som vart fremja i ein leiarartikkel i tidsskriftet *Lov og Rett* i 2004, ei føresegn som var utforma som ein tilnærma parallell til grunnlovsføresegna om samisk.³

Framlegget hadde denne ordlyden:

«Det paaligger Statens Myndigheder at lægge Forholdene til Rette for at sikre Utvikling og Værn av norsk Kultur og Sprog.»

Som grunngeving for framlegget heitte det at det i vår meir globaliserte tid like mykje er majoritetskulturen som minoritetskulturen som treng støtte i grunnlov. Med auka frihandel har kultur fått sterkare varekarakter, og kulturen i alle andre språksamfunn enn dei angloamerikanske står under eit trykk som treng mottrykk. Eit slikt mottrykk ville nettopp vera å ta kulturomsyn inn i Grunnlova, for det ville kunna halda oppe eller auka eit demokratisk, nasjonalt kulturpolitisk handlingsrom. Då Grunnlova vart vedteken, var det å verna og skapa grunnlag for norsk kultur ein sjølvsgd del av formålet, men no er den faktiske utviklinga av verdssamfunnet og dei nyutvikla internasjonale rettslege banda slik at det sjølvsgde må seiast, heitte det i artikkelen.

Det går fram av dette at ei formulering etter mønster av den samiske grunnlovsføresegna ville ha eit mykje vidare siktemål enn omsynet til språket. Språk er likevel nemnt, som eit spesifiserande tillegg til det meir overgripande omgrepet kultur, men, som det synest, også som ein metode for å avgrensa og definera dei kulturuttrykka som den nemnde føresegna er meint å verna. Om dette heiter det i artikkelen: «Å fastleggje presist omgrepet kultur er som kjent vanskeleg, men i denne samanhengen vil tilknytninga til norske språklege uttrykk vere kjernen.»

Uttrykksmåten å leggja til rette for utvikling og vern av norsk språk representerer uansett ei anna tilnærming enn ei føresegn om at norsk er nasjonalspråk eller hovudspråk i Noreg. Truleg ville desse uttrykksmåtene også ha noko ulik funksjon. Den første gjev særleg assosiasjonar i retning av tiltak for vern mot ytre kulturimpulsar, medan den siste tilnærminga i sterkare grad rettar søkjelyset mot det å bruka norsk språk i ulike offisielle samanhengar i Noreg.

Samanstillinga norsk kultur og språk kan elles tenkjast å by på eit problem sett frå ein annan synsvinkel.

For når det gjeld *kultur*, er det ikkje nødvendigvis *norsk* kultur i trong mening det er behov for å verna. I dag må det nemleg leggjast til grunn at kultur er noko som oppstår, veks fram og blir endra i møte med andre kulturar, og uttrykket *norsk* samanstillt med *kultur* i ei lovføresegn kan då lett

³ Mestad, Ola 2004.

gje uheldige førestellingar om det meir reindyrka norske.

Når det gjeld *språk* derimot, er det i denne samanhengen nettopp *norsk* språk det eventuelt er tale for å gje eit lovfesta vern.

Det er difor ikkje sikkert at det å nemna kultur og språk i same andedraget i ei lov- eller grunnlovsføresegn vil vera eit tilstrekkeleg presist uttrykk for det ein tek sikte på å fanga inn.

Ein kunna kanskje koma utanom dette problemet ved å byggja den nemnde formuleringa noko ut, til dømes i den retning som vart foreslått i ei høyringsfråsegn Nynorsk kultursentrum sende inn under arbeidet med kulturlovsproposisjonen. Framlegget hadde denne ordlyden:

«Det paaligger Statens Myndigheder at lægge Forholdene til Rette for at sikre Utvikling og Værn av norsk Kultur og Mangfold, og Sprog med sine to ligestilte Maalformer.»

I tillegg til å modifisera inntrykket av ein rein norsk kultur tek dette framlegget også sikte på å gje den formelle likestillinga mellom bokmål og nynorsk ein sterkare og tydelegare rettsleg status. Dette siste er også eit viktig poeng å ta med dersom det skulle bli aktuelt å arbeida vidare etter ein slik modell. Dersom ei føresegn om norsk språk skulle inn i Grunnlova, måtte ein i det minste sikra seg at det ikkje førte til ei usynleggjering eller degradering av den formelle likestillinga mellom nynorsk og bokmål.

3.4.3.6 Tilhøvet til mållova

At norsk språk ikkje har lov- eller grunnlovsvern når samisk har det, er på eit vis parallelt til at bruk av norsk språk generelt ikkje er regulert i lov når nynorsk og bokmål er det.

Jamvel om lov om målbruk i offentlege teneste (mållova) formelt er ei lov om jamstilling mellom bokmål og nynorsk, inneber det ujamne bruksomfanget som dei to målformene har i utgangspunktet, at lova i praksis har sin viktigaste funksjon i å fremja nynorsken si stilling, direkte innanfor det offentlege, først og fremst i staten, og dermed indirekte også i samfunnet elles.

Utgangspunktet både for nynorsk og for samisk er at det er det språket som står svakast, som har motivert eit særskilt vern i lovverket. Stillinga for majoritetsspråket norsk har vore sedd på som så sjølvstøtt og så sterk at ein i moderne tid ikkje har kjent behov for lov- eller grunnlovsforankring eller særskild lovregulering på generelt grunnlag. Det er ikkje like sjølvstøtt i dag.

Dessutan ser vi i dag at det også kan verka lovteknisk uryddig at det berre er bokmål og nynorsk

og ikkje den overordna fellesnemnaren norsk som har ein klart uttrykt status i lovverket.

Mållova slår fast at bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vera jamstilte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune, men altså utan at det først er slått fast kva status og bruk norsk språk generelt skal ha.

Dei materielle føresegnene i lova regulerer dels i kva situasjonar eit statsorgan skal bruka anten nynorsk eller bokmål, dels korleis bruksfordelinga mellom bokmål og nynorsk skal vera for allment dokumenttilfang som ikkje kjem inn under dei spesifikke føresegnene.

Når lova til dømes fastset at eit statsorgan skal svara på skriv frå private rettssubjekt i den målforma som er nytta i skrevet, må no dette også tolkast slik at vedkomande har krav på å få svar på norsk, jamvel om det ikkje er sagt direkte.

Når det derimot er tale om allment informasjonstilfang, er det ikkje noko i mållova som kan tolkast slik at eit statsorgan må bruka norsk. Det er såleis ikkje noko i lova som hindrar eit statsorgan i å bruka engelsk i større eller mindre grad i staden for norsk. Det er berre det tilfanget som reint faktisk er skrive på norsk, som då kjem inn under dei aktuelle reglane om ei viss bruksfordeling mellom målformene.

Dette inneber at mållova reint allment ikkje representerer noko vern av norsk språk i høve til engelsk og såleis ikkje er noko effektivt instrument for å hindra til dømes domenetap for norsk språk innanfor offentleg forvaltning.

Både omsynet til lovteknisk samanheng og konsekvens i lovverket og behovet for å byggja opp eit vern mot domenetap for norsk språk er difor argument som dreg i retning av å gje norsk språk ei nærare definert lovforankring.

Det kontrollspørsmålet som likevel må stillast, er i kva grad lov- eller grunnlovsvern synest å vera eit tenleg og nødvendig verkemiddel i språkstyrkingsarbeidet, eller om det finst andre verkemiddel som kan seiast å gjera lovfesting overflødig.

Det kan også vera at meir spesifikke lovføresegner på bestemte område kan vera eit alternativ til ei meir generell lovforankring.

Begge desse spørsmåla har vore eit deltema i det språkpolitiske utgreiingsarbeidet som er gjenomført i Danmark det siste året.

3.4.3.7 Spørsmålet om språklov i Danmark

Noko av utgangspunktet for arbeidet med lovspørsmålet i Danmark var eit ordskifte i Folketinget 30. januar 2007 på bakgrunn av eit konkret lovframlegg frå Dansk Folkeparti.

Framlegget påla regjeringa å førebu ei lov med formål å sikra ein samanhengande dansk språkpolitikk som kunne bidra til å styrkja og utvikla det danske språket som eit komplett og samfunnsberande språk. Det heitte vidare at lova skulle ta klart sikte på å motverka at dansk lir domenetap, dvs. at det danske språket ikkje vik for engelsk innanfor vitskap, høgare utdanning, næringsliv og offentleg forvaltning.

Dei fleste partia helsa initiativet velkommen, men det var noko ulike vurderingar av om ei lov var det rette verkemidlet. Kulturministeren varsla i debatten at han ville setja ned eit utval med språkexpertar og representantar frå relevante sektorar til å følgja opp den språkpolitiske utgreiinga han hadde gjeve Folketinget i 2004. Han ville be utvalet vurderer spørsmålet om ei språklav eller andre bindande reglar var svaret på dei språkpolitiske utfordringane.

Utvalet vart oppnemnt i april 2007, og i mandatet heitte det at utvalet mellom anna skulle vurderer om det var behov for og om det lét seg gjera å lovregulera språkområdet, anten gjennom ei eigentleg språklav eller gjennom lovgjeving på enkelte område.

Det heitte vidare at dersom det vart tale om å foreslå ei eigentleg språklav, skulle utvalet nærare spesifisera kva innhald lova skulle ha, dessutan at tilrådingane frå utvalet burde byggja på ein analyse av dei språkpolitiske erfaringane frå andre land som det var naturleg å samanlikna med. Lovspørsmålet var likevel ikkje hovudtemaet i mandatet. Utvalet skulle gje ein samla analyse av situasjonen for dansk språk og koma med konkrete framlegg for å styrkja innsatsen for dansk språk på ulike samfunnsområde.

I utvalsrapporten som vart lagd fram i byrjinga av april 2008, er det peikt på at eventuell lovgjeving anten kan skje i form av ei fleksibel rammelov eller ved meir handfaste reguleringar på enkelte område gjennom endring av eksisterande lovgjeving. I tråd med det siste alternativet foreslår ein del av utvalet, mellom dei leiaren, å justera universitetslova for å sikra vidareutvikling av dansk fagspråk og terminologi. Andre i utvalet vil nøya seg med tilrådingar og nøye overvaking av språksituasjonen ved universiteta.

Utover dette er lovspørsmålet ikkje nærare drøfta i rapporten. Det heiter berre at det gjennom arbeidet i utvalet ikkje er påvist andre område som det er behov for å regulera gjennom spesiallovgjeving eller ei overordna språklav.⁴

3.4.3.8 Spørsmålet om språklav i Sverige

I Sverige er det derimot trekt ein heilt annan konklusjon i lovspørsmålet enn i Danmark. Der har saka også ei lengre forhistorie.

Såleis vart lovspørsmålet i Sverige grundig drøfta alt i den omfattande utgreiinga frå den parlamentariske språkkommisjonen frå 2002.⁵ Her vart det gjort framlegg om å fastslå i lov at det svenske språket er *hovudspråk* i Sverige.

Grunngjevinga var todelt: Slik lovfesting skulle for det første vera eitt av fleire verkemiddel for å hindra at svensk gradvis skulle mista den samfunnsberande funksjonen sin, og for det andre skulle det streka under den funksjonen det svenske språket har som det samlande, felles kommunikasjonsmidlet i eit stadig meir «mångkulturelt og mångspråkigt samhälle».

Om det sistnemnde formålet heitte det følgjande:

«Fem minoritetsspråk har erkänts som nationella minoritetsspråk. Genom invandringen har ett stort antal språk kommit till Sverige. Det är av vikt att man i ett sådant samhälle har ett språk som befolkningen kan ha gemensamt, ett språk som är huvudspråk. Detta är i Sverige svenskan. (...) Vårt förslag skall (...) ses som ett led i bejakandet av ett mångkulturellt och mångspråkigt samhälle, där svenskan är det gemensamma språket.» (s. 465)

Vidare heitte det om termen hovudspråk:

«Det uttryck som vi förordar är att fastslå att svenskan är «huvudspråk» i Sverige. Denna term betonar betydelsen av det svenska språket, och ger även tydliga signaler om att svenskan är det språk som talas av det stora flertalet av landets innevånare, samtidigt som termen påminner om att det även finns andra språk att ta hänsyn till.» (s. 469)

I oppfølgingsproposisjonen, *Bästa språket*, hausten 2005 fekk ikkje framlegget om lovfesting tilslutning, men regjeringa foreslo i staden at den nemnde formuleringa skulle takast med som det første av dei fire språkpolitiske måla som Riksdagen vart invitert til å gjera vedtak om i desember 2005, jf. kap. 1.2.2.2.

Vänsterpartiet erklærte at dei prinsipielt var for ei lovfesting av svensk som hovudspråk, men meinte at spørsmålet først burde vurderast i samband med ei pågåande grunnlovsutgreiing, og røysta på det grunnlaget saman med regjeringa, mot lovfesting.⁶

⁴ Lund, Jørn et al. 2008: 12-13 og 128.

⁵ SOU 2002:27

⁶ Kulturutskottets betänkande 2005/06:KrU4 (2005): 57.

Boks 3.1 Forslag till språklag

Lagens innehåll och syfte

- 1 § I denna lag finns bestämmelser om det svenska språket, de nationella minoritetsspråken och det svenska teckenspråket. Lagen innehåller även bestämmelser om det allmännas ansvar för att den enskilde ges tillgång till språk samt om språkanvändning i offentlig verksamhet.
- 2 § Syftet med lagen är att ange svenskans och andra språks ställning och användning i det svenska samhället. Lagen syftar också till att värna svenskan och den språkliga mångfalden i Sverige samt den enskildes tillgång till språk.
- 3 § Om en annan lag eller en förordning innehåller någon bestämmelse som avviker från denna lag, gäller den bestämmelsen.

Det svenska språket

- 4 § Svenska är huvudspråk i Sverige.
- 5 § Som huvudspråk är svenskan samhällets gemensamma språk, som alla som är bosatta i Sverige ska ha tillgång till och som ska kunna användas inom alla samhällsområden.
- 6 § Det allmänna har ett särskilt ansvar för att svenskan används och utvecklas.

De nationella minoritetsspråken

- 7 § De nationella minoritetsspråken är samiska, finska, meänkieli, romani chib och jiddisch.
- 8 § Det allmänna har ett särskilt ansvar för att skydda och främja de nationella minoritetsspråken.

Det svenska teckenspråket

- 9 § Det allmänna har ett särskilt ansvar för att skydda och främja det svenska teckenspråket.

Språkanvändningen i offentlig verksamhet

- 10 § Språket i domstolar, förvaltningsmyndigheter och andra organ som fullgör uppgifter i offentlig verksamhet är svenska. Nationellt minoritetsspråk får användas, när det är lämpligt.

I annan lag finns särskilda bestämmelser om rätt att använda nationella minoritetsspråk och annat nordiskt språk.

Om skyldighet för domstolar och förvaltningsmyndigheter att anlita tolk och att överätta handlingar finns det särskilda bestämmelser.

- 11 § Språket i offentlig verksamhet ska vara vårdat, enkelt och begripligt.
- 12 § Myndigheter har ett särskilt ansvar för att svensk terminologi inom deras olika fackområden finns tillgänglig, används och utvecklas.

Svenskan i internationella sammanhang

- 13 § Svenska är Sveriges officiella språk i internationella sammanhang.
- 14 § Svenskans ställning som officiellt språk i Europeiska unionen ska värnas.

Den som företräder Sverige i Europeiska unionen ska använda svenska när tolkning erbjuds, om det inte av särskilda skäl är lämpligare att använda ett annat språk.

Den enskildes tillgång till språk

- 15 § Var och en som är bosatt i Sverige ska ges möjlighet att lära sig, utveckla och använda svenska. Därutöver ska
1. den som tillhör en nationell minoritet ges möjlighet att lära sig, utveckla och använda minoritetsspråket,
 2. den som har behov av teckenspråk ges möjlighet att lära sig, utveckla och använda det svenska teckenspråket.

Den som har ett annat modersmål än de språk som anges i första stycket ska ges möjlighet att utveckla och använda sitt modersmål.

- 16 § Det allmänna ansvarar för att den enskilde ges tillgång till språk enligt 15 §.

Denna lag träder i kraft den ...

Kjeld: SOU 2008:26, s. 33-35.

Den ikkje-sosialistiske opposisjonen gjekk derimot inn for lovfesting og uttalte følgjande i innstillinga til Riksdagen:

«Vi anser att svenska språkets ställning som majoritetsspråk bör lagfästas liksom riksdagen redan lagskyddat ett antal minoritetsspråk. Det

är enligt vår mening motsägelsefullt att ha fem lagfästa minoritetsspråk men inget officiellt majoritetsspråk. Att lagstifta om svenskan som majoritetsspråk har också en stor praktisk och symbolisk betydelse. Det skulle ge en tydlig signal om svenskans betydelse i vårt samhälle och garantera att svenskan även i framtiden ska

vara vårt huvudspråk. Vi vill i detta sammanhang också väga in demokratispekten. Det svenska språket är ju viktigt för att alla ska kunna ta del av det allmänna rummet.» (Kulturutskottets betänkande 2005/06: KrU4, s. 43)

I budsjettproposisjonen for 2007 uttalte så den nye svenske regjeringa at det burde innførast ei lov som slår fast stillinga for det svenske språket. Etter regjeringsavgjerd 8. februar 2007 fekk ein utgreiingseksperter i oppdrag å utarbeida framlegg til ei språklov som skulle regulera det svenske språkets status.

Det skulle også vurderast om det i ei slik lov burde vera med føresegner om språka til nasjonale minoritetar og om stillinga for det svenske teiknspråket. I tillegg skulle utgreiinga belysa spørsmålet om det svenske språket i internasjonale samanhengar.

Utgreiinga låg føre i mars 2008 og inneheld eit grunnleggjande framlegg til ei samla svensk språklov, ei lov som både skal tryggja stillinga for det svenske språket og verna det språklege mangfaldet i Sverige.

I grunnleggjeringa for framlegget heiter det mellom anna:

«I det skede av mycket snabb utveckling som nu råder inom språkområdet bör en språkklag verksamt kunna bidra till ökad medvetenhet om vikten av att vi värnar landets huvudspråk. En språkklag tjänar också funktionen att lyfta fram og tydliggöra de nationella språkpolitiska målen.»⁷

Vi viser elles til den samla lovteksten i boks 3.1.

3.4.3.9 Oppsummerande vurdering

Departementet meiner at det er behov for at det norske språkets posisjon og verdi blir langt sterkare markert og synleggjort i samfunnsdebatten enn det som er tilfellet i dag.

Vi kan ikkje ta bruken av norsk språk, verdien av godt norsk språk og behovet for ei god norsk opplæring for alle som noko sjølv sagt. Tvert imot må dette stadig understrekast og byggjast opp under i den offentlege språkpolitikken.

Departementet meiner at ei klar lovforankring vil vera med på å leggja grunnlaget for ei sterkare språkpolitisk bevisstgjerung og ein meir offensiv språkpolitikk til beste for både norsk språk generelt og nynorsk spesielt.

Ei lovforankring vil kunna gje grunnlag for eit meir aktivt og effektivt språkstyrkingsarbeid og innebera ei legal sperre mot at norsk blir erstatta

med engelsk i konkrete brukssituasjonar der dette ikkje er nødvendig for å kunna kommunisera på ein tenleg måte.

Både det stadig aukande behovet for internasjonalt samkvem og for å bruka eit internasjonalt språk, og behovet for å styrkja og integrera også dei minoritetsspråklege og fleirspråklege utfordringane i ein samla språkpolitikk, kan ha som biverknad at majoritetsspråket vårt får mindre merksemd og omsut enn det som er nødvendig. Ei lovforankring vil ikkje åleine rå bot på dette, men vil vera eit godt utgangspunkt for eit meir planfast og konkret språkstyrkingsarbeid over tid.

Eit viktig utgangspunkt er at ei lov kan verka normdannande og gje uttrykk for eit ideal å strekja seg etter. Ei generell språklov vil framheva den grunnleggjande funksjonen norsk språk skal ha som eit felles språk for alle i Noreg, noko som likevel ikkje føreset at alle innbyggjarane heile tida berre bruker norsk.

Ei allmenn lov om norsk språk kan også vera med og rydda veg for meir spesifikke språkføresegner innanfor spesielle område, til dømes om tryggingføresegner og bruksrettsleingar på norsk, rett til å inngå avtala på norsk osv. Dersom ein går vidare på den vegen, må det vurderast i kva grad det skal takast inn slike føresegner i dei respektive særlovene, eller om det best kan skje gjennom ei meir omfattande allmenn språklov.

Som eit minimum bør det i alle høve vera ei eiga språklov som slår fast det norske språkets offisielle status og funksjon som nasjonalspråk eller liknande. Kva konkrete uttrykk som bør nyttast, og kva lovmodell som elles kan vera mest tenleg, vil departementet vurdere nærare.

Det må strekast under at ein ny norsk språkpolitikk ikkje skal ha som formål å styrkja norsk som nasjonalspråk først og fremst av nasjonale grunnar, og at det heller ikkje er tale om ei einseitig styrking av norsk språk. Norsk språkstyrking er like mykje eit kulturelt ansvar vi har i det internasjonale mangfaldsamfunnet, og er elles ledd i ein større språkpolitisk heilskap som også må gje større plass for å vareta både alle slags minoritetsspråklege interesser og å fremja betre framandspråkleg kompetanse.

Ved ei lovfesting kan det difor henda at omgrepet *nasjonalspråk* ikkje gjev dei rette assosiasjonane, og at eit anna uttrykk vil vera meir presist. Her er det naturleg å vurdere den terminologien som er nytta i Sverige. Det inneber i så fall at ein nyttar *hovudspråk* i staden for *nasjonalspråk*.

Lovutforminga må også sjåast i samanheng med om det kan bli aktuelt å gå vidare med tanken om grunnlovfesting av omsynet til norsk språk

⁷ SOU 2008:26.

eller av norsk språk og kultur slik som drøfta ovanfor. Denne saka er avhengig av ei nærare avklaring i spørsmålet om den generelle grunnlovsutviklinga i tida framover, mellom anna i kva grad ein skal byggja ut Grunnlova med stadig fleire spesialføresegner, jamført med ei meir restriktiv grunnlovslinje. Dette er eit spørsmål som regjeringa vil vurdere på eit meir generelt og overordna nivå.

Noko av det ein kan oppnå ved ei generell språklov er at føresegner om stillinga for norsk språk kan kombinerast med tilpassa og oppdaterte føresegner også om samisk, gamle og nye minoritetsspråk og norsk teiknspråk, slik at vi får ei lov som er eit samla uttrykk for den norske språksituasjonen, og som nærare definerer kva status og rolle også andre språk enn norsk har i denne totaliteten.

Ei ny lov må også utformast slik at ho tek omsyn til den særlege norske språksituasjonen med to likeverdige målformer. Her må det mellom anna vurderast korleis ei generell lovforankring for norsk språk skal knytast opp mot dei meir omfattande reglane om bruk av nynorsk og bokmål i staten.

Departementet tek sikte på å arbeida vidare med desse spørsmåla etter at språkmeldinga er behandla i Stortinget.

3.4.4 Verkeområdet for mållova

3.4.4.1 Tidlegare vurderingar

Som nemnt i St.meld. nr. 7 (2005–2006) har det lenge vore uavklart kor langt verkeområdet for mållova strekkjer seg når det gjeld statstilknytte verksemdar som ikkje er ein organisatorisk del av forvaltninga. Det vart vist til at departementet ville koma tilbake til saka i annan samanheng. Spørsmålet har også vore omtalt i to tidlegare stortingsmeldingar om målbruk i offentleg teneste, i 1997 og 2001, og i kulturmeldinga frå regjeringa Bondevik II, som Stortinget behandla i 2004.

I den nemnde kulturmeldinga gjekk departementet inn for at mållova som hovudregel skulle gjelda for føretak som er oppretta i samsvar med lov om statsføretak, andre former for verksemd som staten har lagt til rette for gjennom individuelle særlover, dessutan stiftingar eller liknande der staten har vore tungt inne i etableringa, eller der staten yter substansielle tilskot til drifta.

I innstillinga frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen uttalte fleirtalet, alle utanom representantane frå Framstegspartiet, at dei ikkje fann dette tilstrekkeleg operativt, og at det var behov for ein nærare gjennomgang med sikte på klarare definisjonar av verkeområdet.

For andre selskapsformer, typisk aksjeselskap, vart det i kulturmeldinga lagt til grunn at dei i utgangspunktet ikkje burde omfattast, men at det fagdepartementet som forvaltar dei statlege eigarinteressene, burde fastsetja meir tilpassa retningslinjer for målbruken i samråd med Kultur- og kyrkjedepartementet.

I tråd med dette uttalte det same komitéfleirtalet at det her måtte utøvast eit skjøn frå det respektive departementet med sikte på å koma i møte det behovet for språkleg likestilling som nedslagsfeltet for den aktuelle verksemda tilseier, og at det aktuelle fagdepartementet her burde søkja råd i Kultur- og kyrkjedepartementet.

3.4.4.2 Retningslinjer for målbruk i samferdselsverksemdene

I kulturmeldinga heitte det at slike retningslinjer til dømes kunne ta utgangspunkt i dei dåverande vedtektene for Posten Norge AS. Her var det fastsett at prinsippa i mållova skulle følgjast så langt råd er, men likevel slik at dette ikkje utgjør noka nemnande konkurranseulempe i høve til private konkurrentar. Tilsvarande føresegn har det også vore i vedtektene for NSB AS og Avinor AS.

Dette er i samsvar med den tilrådinga Kultur- og kyrkjedepartementet tidlegare har gjeve for selskap og andre organ der det er tvil om rettstilstanden. Såleis heiter det både i målbruksmeldinga frå 2001 og i kulturmeldinga frå 2003 at slike verksemdar så langt råd er, bør følgja tilsvarande prinsipp for målbruken sin som dei som ligg til grunn for mållova.

Det er uvisst om dette har vore følgt i praksis. Dessutan har Samferdselsdepartementet erfart at dei tre nemnde selskapa på deira område ikkje har etterlevd prinsippa i mållova godt nok, trass i den uttrykkjelege føresegna i vedtektene.

Gjennom vedtak på generalforsamling i selskapa våren 2007 har difor samferdselsministeren gjennomført ei innskjerping. Den tidlegare føresegna er no delt i to delar. Det heiter for det første at prinsippa i mållova skal følgjast ved kunderetta informasjon, og for det andre at prinsippa elles skal følgjast så langt råd er, men likevel ikkje slik at dette representerer noka nemnande ulempe i høve til private konkurrentar.

Dette inneber at språkleg jamstilling i tråd med prinsippa i mållova no er eit absolutt krav i kunderetta informasjon. For Posten Norge er dette nærare presisert gjennom uttrykket kunderetta informasjon om dei leveringspliktige tenestene, og for NSB viser den tilsvarande presiseringa til kunde-

retta informasjon om dei persontransporttenesene staten kjøper.

3.4.4.3 *Nærare om målbruk i NRK*

Av andre aksjeselskap som heilt eller delvis er i statleg eige, er det først og fremst NRK det er grunn til å nemna. Her har det alltid vore reglar om målbruk i programverksemda, mellom anna eit krav om at minst 25 prosent av verbalinnsлага skal vera på nynorsk.

Tidlegare omfatta dette kravet også det som i vedtektene vart omtalt som NRK si informasjonsverksemd, men dette tillegget fall bort ved ein større redaksjonell revisjon av vedtektene i 2004, og det vart då heitande at begge dei offisielle målformene skulle nyttast, og at minst 25 prosent av verbalinnsлага skulle vera på nynorsk.

Samstundes vart det presisert i vedtektene at kravet om minst 25 prosent nynorsk berre skulle gjelda det som vart definert som NRK si kjerneverksemd, dvs. fjernsynskanalane NRK1 og NRK2 og radiokanalane P1, P2 og P3.

Seinare har Stortinget ved behandling av St.meld. nr. 6 (2007–2008) slutta seg til eit overordna politisk styringsdokument for NRK i form av ein allmennkringskastingsplakat, kalla NRK-plakaten.

Her er det lagt til grunn at den tradisjonelle todelinga mellom NRK si kjerneverksemd og anna redaksjonell verksemd ikkje lenger er formålstenleg, jf. også St.meld. nr. 30 (2006–2007), og at NRK-plakaten difor må gjelda heile allmennkringskastingsstilbodet, også nye tenester som blir tilbodne på nye plattformer.

Kravet om bruk av begge målformer er teke inn i plakaten, samstundes som kvoteformuleringa er endra til at minst 25 prosent *av innhaldet* skal vera på nynorsk. Dette vil då omfatta alle former for innhald i alle publiseringsformer og dermed også skriftlege tekstar i til dømes tekst-tv og i nettbaserte tenester.

I St.meld. nr. 6 (2007–2008) er det streka under at NRK-plakaten i seg sjølv ikkje er eit juridisk dokument, at han difor ikkje vil erstatta vedtektene, men at vedtektene må harmoniserast med plakaten.

3.4.4.4 *Utgangspunkt for den framtidige grensdraginga*

Det som er sagt ovanfor om vedtektene som grunnlag for regulering av målbruk i dei nemnde samferdselsverksemdene, vil først og fremst vera ei mellombels løysing.

Som gjennomgåande system vil det likevel vera vanskeleg å regulera målbruken i offentlege verk-

semder utanfor forvaltninga gjennom vedtektsfesting i kvart enkelt tilfelle. Ei meir allmenn grensdraging basert på generelle reglar i lova sjølv vil vera ein enklare og sikrare framgangsmåte.

Utgangspunktet for ei slik generell avklaring av verkeområdet for mållova må vera det som også vart slått fast i den målbruksmeldinga som regjeringa la fram hausten 2005, at dette er ei svært viktig kulturpolitisk lov. Meldinga viste til at lova har som hovudfunksjon å tryggja stillinga for nynorsk som offisielt skriftmål ved sida av bokmål, dessutan at lova indirekte har ein vidare funksjon i å vera med på å sikra grunnlaget for nynorsk skriftkultur og for nynorskens posisjon i det norske språksamfunnet meir allment.

Dersom lova skulle avgrensast til berre å femna om den tradisjonelle forvaltninga, vil ho tapa mykje av sin funksjon som eit kulturpolitisk instrument, fordi så mykje slik verksemd dei seinare ti-tjuve åra har vorte utskild og organisert i meir frittstående former. I dag finst også eit mangfald av andre sjølvstendige rettssubjekt som staten dels har skipa frå grunnen av, dels har eit eigar- eller driftsansvar for.

I kulturmeldinga frå Bondevik II-regjeringa vart det slått fast som eit prinsipielt utgangspunkt at både nynorsk og bokmål skal nyttast i all verksemd med statleg tilknytning. Departementet er samd i dette utgangspunktet.

3.4.4.5 *Offentleglova som mønster*

Etter gjeldande rett har verkeområdet for mållova vore kopla til verkeområdet for offentleglova. Her har føresetnaden vore at det i prinsippet måtte gjerast ei samla vurdering for kvar enkelt verksemd. Konklusjonane i desse tolkingssakene, som av og til har vore omstridde, har vore resultat av ei skjønnbasert avveging av fleire faktorar som alle hadde å gjera med kor nær den statlege tilknytninga kunne seiast å vera. I meir enn ti år har det difor vore arbeidt med å finna eit fastare og klarare rettsgrunnlag for å avgrensa verkeområdet for offentleglova.

Alt i målbruksmeldinga frå 1997 la såleis departementet til grunn at det trongst eit nytt rettsgrunnlag for å koma fram til ei rimeleg avklaring av korleis verkeområdet for mållova skulle avgrensast. Det er også uttalt at dei framtidige grensene ikkje nødvendigvis må trekkjast parallelt for mållova og offentleglova, for dei to lovene har ulikt formål. Departementet har likevel funne det uheldig å ta standpunkt til verkeområdet for mållova heilt uavhengig av arbeidet med å greia ut korleis ei ny offentleglov skal avgrensast.

I kulturmeldinga frå 2003 vart det dessutan uttalt at det godt kunne henda at det eit stykke på veg ville visa seg naturleg med samanfallande avgrensingar. Etter at Stortinget no har vedteke den nye lova om rett til innsyn i offentleg verksemd, har Kultur- og kyrkjedepartementet kome til at avgrensinga av verkeområdet for denne lova også vil vera eit tenleg utgangspunkt for å definera kva verksemdar som bør omfattast av lovreglar om målbruk.

I forarbeida til den nye offentleglova er det lagt til grunn at behovet for innsyn i offentleg verksemd ikkje er avhengig av korleis verksemda er organisert. Dette betyr at det ikkje i seg sjølv bør ha noko å seia for avgrensing av innsynsretten om ei verksemd er organisert som ein del av forvaltninga eller som eit sjølvstendig rettssubjekt, jf. Ot.prp. nr. 102 (2004–2005) kap. 4.4.2. Heller ikkje dei språkpolitiske omsyna som mållova skal sikra, tilseier at eit slikt organisatorisk skilje kan vera avgjerande.

Det trengst likevel ei nærare avklaring av korleis ein skal dra grensa mellom reint offentlege eller offentleg dominerte verksemdar og verksemdar med eit sterkt privat innslag eller ei sterkt uavhengig stilling. Dessutan er det rimeleg å ta omsyn til at det for visse verksemdar kan vera ei større ulempe enn for andre å vera bundne av den type lovreglar som det er tale om, både etter offentleglova og mållova, og dette krev også ei nærare avgrensing.

Etter den nye offentleglova er den første avgrensinga basert på offentleg eigardel, eventuelt offentleg styrerepresentasjon, medan den andre avgrensinga er basert på om rettssubjektet driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private.

Dette betyr for det første at eit sjølvstendig rettssubjekt i utgangspunktet er omfatta av lova dersom det offentlege direkte eller indirekte har ein eigardel som gjev meir enn halvparten av røystene i det øvste organet i rettssubjektet, eller dersom det offentlege direkte eller indirekte har rett til å velja meir enn halvparten av dei røysteføre medlemmene i det øvste organet i verksemda.

For det andre betyr det at rettssubjekt som oppfyller minst eitt av desse kriteria, likevel ikkje er omfatta av lova dersom dei er utsette for slik konkurranse som er nemnd ovanfor. Som døme på rettssubjekt som vil falla utanfor verkeområdet for lova på dette siste grunnlaget, nemner proposisjonen Statoil og Telenor.

Departementet vil byggja på desse to avgrensingane også når det gjeld ei nærare avgrensing av verkeområdet for mållova. Det vil likevel vera aktu-

elt å vurdere nærare om enkelte rettssubjekt heilt eller delvis skal haldast utanfor lova jamvel om dei fell innanfor etter dei to nemnde avgrensingane, likeins om enkelte rettssubjekt heilt eller delvis bør omfattast sjølv om dei fell utanfor etter dei to hovudkriteria.

Dette er det same prinsippet som også er nedfelt i offentleglova, og der desse nærare avgrensingane vil bli fastsette i forskrift. På dette detaljplanet er det likevel ikkje sikkert at grensdraginga bør vera nøyaktig den same for mållova.

Det er også aktuelt å vurdere om mållova bør innehalda ein hovudregel, i tillegg til dei som er nemnde ovanfor, om at lova i utgangspunktet skal gjelda for institusjonar som får meir enn 50 prosent av inntektene sine frå staten. Også ein slik regel må i så fall modifierast gjennom meir spesifikke unntak. Departementet vil koma tilbake til desse spørsmåla etter at saka har vore på høyring.

3.4.4.6 Nærare om innhaldet i mållova

Ved ei klarare avgrensing av verkeområdet slik som skissert ovanfor vil mållova fanga opp ein del verksemdar som i dag i liten grad praktiserer måljamstilling etter gjeldande reglar. For desse vil det vera rimeleg å gje visse retningslinjer om kva målbrukskrav dei særleg bør leggja vekt på i første omgang. Her er det aktuelt å prioritera ulike former for publikumsretta informasjon. Ikkje minst må det leggjast til rette for at begge målformene kjem godt til syne i allment informasjonstilfang på Internett.

Det vil også vera aktuelt å vurdere om det på varig basis bør vera mindre omfattande eller meir spesialtilpassa målbrukskrav for visse typar organ og verksemdar enn for andre. Ei slik vurdering bør skje som ledd i ei generell utgreiing om endringar i mållova.

Departementet tek såleis sikte på å vurdere gjeldande lov- og regelverk og greia ut om det er behov for nye og meir framtidretta lovreglar om offentleg målbruk.

Hovudformålet med ei slik utgreiing må vera å styrkja mållova som eit effektivt instrument for reell måljamstilling og dermed for auka bruk av nynorsk i offentleg tilknytt verksemd. Ei ny lov må difor ikkje svekkja grunnleggjande prinsipp i gjeldande regelverk. Sentralt her står kravet om bruk av minst 25 prosent av kvar målform i allment informasjonstilfang frå sentrale statsorgan, dessutan plikta alle statsorgan har, til å svara på skriv frå private rettssubjekt i den målforma som er nytta i vedkomande skriv.

Mållova har elles eit system av meir detaljerte reglar som byggjer på kommunalmålprinsippet. Grunnlaget for desse reglane er føresegna om at eit kommunestyre kan gjera vedtak om kva målform statlege organ skal nytta i skriv til kommunen, eller at kommunen skal vera språkleg nøytral. Dei kommunale målvedtaka innanfor eit område, til dømes eit fylke eller ein større eller mindre region, dannar så grunnlaget for utrekning av såkalla fleirtalsmålform i området.

Denne fleirtalsmålforma legg fleire føringar for den statlege målbruken. For det første skal tenestemålet til eit regionalt statsorgan følgja fleirtalsmålforma i tenestedistriktet. For det andre skal alle sentrale statsorgan bruka dette tenestemålet i korrespondanse med vedkomande regionale statsorgan. For det tredje skal sentrale statsorgan nytta fleirtalsmålforma innanfor eit geografisk avgrensa område i alt utoverretta informasjonstilfang som har særleg tilknytning til dette området.

Det følgjer av kommunalmålprinsippet at alle kommunane i eit område tel likt ved utrekning av fleirtalsmålform. Dette sikrar at fleirtalsmålforma avspeglar språksituasjonen i størstedelen av det aktuelle geografiske området, ikkje berre i folkerike strom. Med eit slikt kommunaldemokratisk system kjem også nynorsk i fleirtalsposisjon i visse delar av landet, først og fremst på Vestlandet, men også enkelte andre stader, avhengig av kva for kommunar som definerer ein region eller eit område.

For også i dei delane av landet der nynorsk står sterkast, er posisjonen svakare i byar og tettbygde strom enn i kommunar med meir spreidd busetnad. Gjennomgåande har difor nynorsk kommunar lågare folketal enn bokmålskommunar og nøytrale kommunar.

Det kommunaldemokratiske systemet har dermed innebygd i seg ein mekanisme som i praksis gjer at nynorsk når opp til offisiell status som regionalt statleg bruksmål i noko større delar av landet enn det som ville vore tilfellet dersom til dømes reine fleirtalsvurderingar blant innbyggjarane skulle ha avgjort spørsmålet. Slik sett representerer dette systemet eit visst vern for den minst brukte målforma. Det er då også eit kjenneteikn for alle velutvikla demokratiske statar at det finst liknande mekanismar til vern om minoritetsinteresser. Ikkje minst gjeld dette interesser som har å gjera med språkleg og kulturelt mangfald.

3.4.4.7 Utgreiingsbehov

Det er likevel behov for å gå gjennom heile systemet av målbruksreglar som byggjer på dei kom-

munale målvedtaka. Dels er det eit spørsmål om å vurdera om reglane slik dei er utforma i dag, kan hevdast å gje urimelege utslag i den eine eller andre retninga. Dels er det behov for å tenkja framover og vurdera korleis systemet vil slå ut ved eventuelle endringar i kommune- og fylkesstrukturen. Det kan tenkjast at det lét seg gjera å utforma eit system som er meir robust overfor slike endringar.

Det er også ønskjeleg å vurdera om heile dette regelverket kan gjerast enklare, og korleis ein betre enn i dag kan sikra at det blir etterlevd i praksis.

Noverande mållov slår fast at bokmål og nynorsk er likeverdige målformer, og at dei skal vera jamstilte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune, men alle bindande målbruksreglar gjeld berre for statlege organ. I utgreiinga bør det vurderast om det er tenleg å gje visse reglar også for målbruken i kommunar og fylkeskommunar. Slike reglar kan eventuelt utformast som rettleiande retningslinjer. Slike reglar vil dermed vera mindre inngripande enn bindande krav.

Ein viktig del av utgreiingsarbeidet vil elles vera å vurdera korleis målbruksreglane og den praktiske oppfølginga av dei i større grad enn i dag kan tilpassast dei nye teknologiske rammevilkåra som i stadig sterkare grad legg premissar både for skriftutforming og skriftleg kommunikasjon i det offentlege.

Mellom anna må det koma klarare fram i regelverket at alle former for elektroniske register og fagsystem som skal brukast i det offentlege, heilt frå starten av må utviklast slik at dei kan produsera dokument på både nynorsk og bokmål.

Dette er ein føresetnad for at andre reglar skal kunna følgjast i praksis. Ikkje minst er måljamstilling eit viktig omsyn når det blir utvikla store, sentrale etatssystem som skal brukast av både statlege, fylkeskommunale og kommunale styresmakter i deira hopehav med publikum.

Det bør elles inngå i arbeidet å utgreia meir effektive registrerings- og rapporteringsrutinar for målbruken. Dette er særleg viktig både for at den aktuelle verksemda sjølv skal kunna halda kontroll med eigen målbruk, og for at det skal bli lettare enn i dag å føra tilsyn med at målbruksreglane blir etterlevde. Dette tilsynet er avhengig av mest mogleg pålitelege data som også kan danne grunnlag for statistiske samanlikningar over tid.

Ein viktig del av utgreiinga bør endeleg vera å vurdera kva som elles skal til for å sikra at lova blir etterlevd. I tråd med føresetnaden i målbruksmeldinga, St.meld. nr. 7 (2005–2006), sende departe-

mentet 17. mars 2006 eit rundskriv til alle statlege organ om dette. Her vart det særleg vist til det ansvaret som kviler på statlege leiarar på alle nivå, og at det er den øvste leiaren i kvart enkelt statsorgan som har hovudansvaret for at lova blir respektert.

Elles uttalte departementet følgjande om dette i målbruksmeldinga:

«Dersom ikkje intensivert innsats og dei andre skisserte tiltaka i denne meldinga gir snarlege og tilfredsstillande resultat, vil regjeringa vurderer om det kan vera tenleg å ta i bruk sanksjonar av meir negativ karakter overfor statsorgan som ikkje viser vilje til å etterleva målbruksreglane.»

Etter å ha summert opp resultatet av målbruksrapporteringa for dei to siste åra vil departementet vurderer om det er nødvendig å følgja opp dette spørsmålet. Det kan i så fall vera aktuelt å ta dette med i utgreiingsarbeidet.

Departementet legg elles til grunn at ei ny mållov i all hovudsak skal utformast innanfor dei administrative og økonomiske rammer som følgjer av gjeldande lov, og at ho såleis jamt over ikkje skal føra til meir omfattande plikter og byrder enn det som krevst for å etterleva noverande lov. Visse forenklingar i regelverket og nye oppfølgings- og rapporteringssystem basert på tilpassa teknologiske løysingar kan tvert imot tenkjast å gje ein effektiviseringsvist. Å få til betre etterleving av reglane vil også vera eit sentralt formål og dermed vonleg eit viktig resultat av den tiltenkte lovrevisjonen.

3.5 Språkrådet – oppgåver og organisering

3.5.1 Innleiing

Språkrådet vart etablert frå 1. januar 2005 gjennom omdanning av det tidlegare Norsk språkråd. Norsk språkråd hadde då vore i funksjon sidan 1972 og avløyste den gongen Norsk språknemnd, som var skipa i 1952. Noverande institusjon, Språkrådet, er dermed tredje generasjon av det sentrale statlege fagorganet på språkområdet.

Medan Norsk språkråd, til liks med Norsk språknemnd, var ein medlemsbasert institusjon med ei departementsoppnemnd forsamling av medlemmer frå ulike språkrelaterte instansar i samfunnet som øvste organ, er Språkrådet eit direktoratsliknande forvaltningsorgan under leiing av eit styre oppnemnt av departementet og eit sekretariat under leiing av ein direktør tilsett av departementet. I tillegg nemner styret i Språkrådet

opp fire fagråd med tematisk avgrensa arbeidsområde.

Organiseringa av Språkrådet og ansvars- og arbeidsområdet til institusjonen og dei ulike delorganerna er tufta på vedtekter som departementet fastsette i april 2006, jf. boks 3.2.

3.5.2 Språkrådet sitt ansvar for norsk språk

3.5.2.1 Frå språkdyrking til språkstyrking

Tradisjonelt er det forvaltnings-, tilsyns- og ikkje minst rådgjevingsoppgåver med utgangspunkt i gjeldande rettskrivingsnormalar, skrivereglar og andre normer for god og tenleg språkbruk som utgjer kjerneverksemda i Språkrådet.

Men utover i 1980-åra kom det også til ein del oppgåver som hadde meir direkte å gjera med språkvern, eller det som vi no helst omtaler som språkstyrking. Slike spørsmål fekk etter kvart større merksemd utover i 1990-åra. Det var også behovet for å leggja større vekt på utoverretta og haldningsskapande arbeid for å fremja det norske språkets status og bruk på alle samfunnsområde som utgjorde ein viktig del av grunngevinga for den omdanninga som vart gjennomført i åra 2003–2006.

Dei tradisjonelle oppgåvene er likevel heilt nødvendige basisfunksjonar for eit statleg fagorgan i språkspørsmål. Dei er grunnleggjande for å kunna driva eit meningsfullt språkstyrkingsarbeid. Framleis tek difor oppgåver som gjeld rettskriving, skrivereglar og språkrøkt ein stor del av dei faglege ressursane i sekretariatet.

I vedtektene frå 2006 er då også forvaltning av dei to offisielle norske rettskrivingsnormalane stilt opp som ei likeverdige hovudoppgåve ved sida av arbeidet med å styrkja det norske språkets status i notid og framtid.

3.5.2.2 Jamføring med andre nordiske land

I samband med det som er sagt ovanfor, er det grunn til å merka seg at Språkrådet har eit meir omfattande ansvar for norsk språk enn dei tilsvarende organa i Sverige og Danmark har for svensk og dansk språk.

Viktigast i så måte er det nok at Språkrådet har to målformer med ein omfattande valfridom å forvalta. I Sverige ligg dessutan alt arbeid med normering av rettskrivinga til eit privat akademi, Svenska Akademien, og er altså ikkje ei oppgåve for det svenske Språkrådet, jf. nærare omtale i kap. 8.4.1.3.

I Danmark er rett nok ansvaret for forvaltning av rettskrivinga meir lik den norske; den ligg til Språkrådet sitt systerorgan, Dansk Sprognævn, jf.

Boks 3.2 Vedtekter for Språkrådet

Fastsette av Kultur- og kyrkjedepartementet 25. april 2006

§ 1 Formål og oppgåver

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og skal særleg arbeida med å styrkja det norske språkets status i notid og framtid og å forvalta dei to offisielle norske språknormene. Språkstyrkingsarbeidet omfattar både norsk språk generelt og den nynorske målforma spesielt.

Språkrådet skal verna om den kulturarven som norsk skriftspråk og talespråk representerer, fremja tiltak som kan auka kunnskapen om norsk språk, fremja toleranse og gjensidig respekt i forholdet mellom alle som brukar norsk språk i den eine eller andre varianten, og verna om dei rettane som kvar enkelt borgar har når det gjeld bruken av språket.

Språkrådet skal også ta omsyn til den totale språksituasjonen i landet, slik denne kjem til uttrykk gjennom dei språklege interessene til nordmenn med samisk eller minoritetsspråkleg bakgrunn eller tilknytning.

Språkrådet skal observera og analysere aktuelle utviklingstrekk i heile det norske språksamfunnet og bør på eige initiativ leggja til rette for tenleg samarbeid med både private og offentlege aktørar innanfor ulike samfunnssektorar. Språkrådet skal driva utoverretta informasjonsverksemd og i rimeleg omfang gi råd og rettleiing til alle som vender seg dit med språklege spørsmål.

§ 2 Rammer for verksemda

Språkrådet er administrativt underlagt Kultur- og kyrkjedepartementet. Det består av eit fast sekretariat under leiing av ein direktør tilsett av departementet. Den øvste leiinga ligg til eit styre oppnemnt av departementet. Verksemda i sekretariat og styre skal så langt råd er byggja på eit førebude arbeid i eit system av fagråd oppnemnde av styret.

Språkrådet skal følgja opp språkpolitiske mål og strategiar som blir fastlagde av overordna styresmakt. I enkeltspørsmål kan Språkrådet uttala seg og gi råd etter eige skjøn om kva tiltak som best tener språkpolitiske mål.

Språkrådet har ansvar for å ta språkpolitiske initiativ overfor relevante styresmakter og skal uttala seg om spørsmål som andre styresmakter legg fram for det.

Språkrådet skal representera Noreg i nordisk og internasjonalt språksamarbeid. Departementet kan tilleggja Språkrådet spesifikke oppgåver og eventuelle fullmakter innanfor definerte saksfelt, om nødvendig med nærmare reglar om saksførebuing og avgjerdsprosedyre.

§ 3 Styret – samansetjing og oppgåver

Styret har det overordna ansvaret for verksemda i Språkrådet og skal behandla og avgjera alle viktige og prinsipielle spørsmål. Styret kan etter behov gi nærmare retningslinjer for ansvars- og arbeidsdelinga mellom styre og direktør.

Styret skal ha sju medlemmer og tre varamedlemmer. Av desse skal éin medlem og éin varamedlem oppnemnast etter val av og blant dei som er fast tilsette i sekretariatet i minst halv stilling, utanom direktøren. Dei to skal representera kvar si målform og skal vera respektive medlem og varamedlem i kvar sin halvdel av funksjonsperioden på fire år.

Det skal elles oppnemnast tre representantar og i tillegg éin vararepresentant for kvar målform. Departementet peikar ut styreleiar blant dei tre faste medlemmene frå den eine målforma og nestleiar frå den andre målforma.

Styret er vedtaksført når anten leiar eller nestleiar og minst fire andre medlemmer eller varamedlemmer er til stades.

Direktøren har ansvaret for å førebu styremøta og for å ivareta sekretariatsfunksjonen for styret.

§ 4 Fagråda – samansetjing og oppgåver

Fagråda har eit særleg ansvar for å sikra at Språkrådet har breiast mogleg samfunnskontakt for arbeidet sitt. Dei skal formidla synspunkt og impulsar frå det norske språksamfunnet til styre og sekretariat og skal på tenleg måte drøfta og førebu større saker som skal avgjerast i styret. Fagråda har høve til å ta sjølvstendige initiativ innanfor eige arbeidsområde.

Arbeids- og ansvarsområdet for kvart råd skal fastsetjast av styret. Fag- og oppgaveprofilen deira kan justerast over tid avhengig av aktuelle utfordringar og strategiske prioriteringar. Etter behov kan styret også fastsetja nærmare retningslinjer for arbeids- og ansvarsdelinga mellom fagråda på den eine sida og styre og sekretariat på den andre sida.

boks 3.2 framh.

Det kan oppnemnast inntil fire fagråd med inntil sju medlemmer i kvart, medrekna ein medlem frå sekretariatet i kvart råd. Denne skal også fungera som sekretær for vedkomande fagråd og skal delta i styremøta med talerett når styret behandlar saker som høyrer inn under fag- og ansvarsområdet til vedkomande fagråd.

Fagrådsmedlemmene skal ikkje oppnemnast som interesserepresentantar, men styret må sikra at kvart fagråd er breitt samansett og har nødvendig fagkompetanse.

Begge målformer må vera representerte i alle fagråda. Av det samla talet på fagrådsmedlemmer skal det vera tilnærma like mange representantar for kvar målform.

Medlemmene i kvart fagråd skal oppnemnast for to år om gongen. Styret utpeikar leiar og eventuell nestleiar.

Dei i sekretariatet som til kvar tid er medlem av dei respektive fagråda, har i samråd med direktøren og fagrådsleiaren eit særleg ansvar for å leggja til rette for rasjonell koordinering og tenleg samarbeid mellom sekretariatet og fagrådet.

kap. 8.4.1.4. Til gjengjeld finst det i Danmark eit privat selskap, Det Danske Sprog- og Litteraturselskab, med ca. 30 vitenskaplege medarbeidarar, i hovudsak finansiert gjennom Kulturministeriet, som arbeider med dokumentasjon av dansk språk og litteratur, mellom anna utarbeiding og utgjeving av ordbøker.

I Sverige er det eit eige institutt som samlar inn, bevarer og forskar i dialektar, stadnamn, personnamn og folkeminne. Frå 1. juli 2006 vart dette instituttet og det nye svenske Språkrådet samla under éin organisatorisk paraply, ein ny statsetat med namnet *Institutet för språk och folkminnen*. Til saman har den nye etaten om lag 100 tilsette, av desse ca. fjerdeparten i Språkrådet.

Dessutan har Sverige eit eige nasjonalt terminologiorgan utanfor Språkrådet, Terminologisentrum (TNC), og også i Danmark finst eit mindre terminologiorgan, kalla Dantermcentret. Finland har sitt eige terminologiorgan i Terminologisentralen TSK. På Island og Færøyane ligg derimot ansvaret for terminologiarbeidet innanfor dei respektive språkorganane, jf. kap. 7.2.4.5.

I Finland ligg dei tradisjonelle språkrådsoppgåvene innanfor ein statleg forskingsinstitusjon, kalla

Forskningscentralen för de inhemska språken. Denne institusjonen har om lag hundre tilsette, og den primære oppgåva deira er å driva grunnforskning og bruksforskning på språka i Finland, dvs. finsk, svensk, nordsamisk, enare-, skoltesamisk, romanes og teiknspråk.

3.5.2.3 Nye oppgåver som tidlegare er lagde til Språkrådet

Vektlegging og prioritering av oppgåver opp gjennom åra har i stor grad vore eit resultat av vurderingar i Språkrådet sjølv, men sidan midten av 1990-talet har departementet ved tre høve tillagt Språkrådet nye oppgåver i form av meir spesielle funksjonar.

For det første vart ein del av departementet sine tilsynsoppgåver etter lov om målbruk i offentlig teneste overført til Språkrådet frå og med 1994. Etter dette har Språkrådet hatt ansvaret mellom anna for å innhenta årlege målbruksrapportar frå alle statsorgan under departementsnivået, driva informasjon og rettleiing om målbruksreglane og følgja opp alle dei organ som ikkje kan dokumentera at dei etterlever lova.

Frå same tidspunktet fekk Språkrådet også eit utvida ansvar for å administrera den særskilde namnekonsulenttenesta etter lov om stadnamn (Stadnamntenesta). Til å ta seg av dei oppgåvene som vart overførte i 1994, fekk Språkrådet tilført éi ny stilling, som også skulle omfatta generelt informasjonsarbeid.

For det andre fekk Språkrådet på budsjettet for 2000 midlar til to nye stillingar for å kunna ta seg av funksjonen som eit sekretariat for norsk språkteknologi, det som også vart omtalt som eit fagleg-administrativt knutepunkt for norsk språk og IT, jf. nærare omtale i kap. 7.5.2.4.

For det tredje har så Språkrådet i perioden 2004–2007 fått midlar til å etablere den særskilde språktenesta for statsorgan, jf. nærare omtale under kap. 8.6.4. I alt fem av stillingane i sekretariatet er no knytte til denne tenesta.

Utover dette har Språkrådet sidan 2003 også fått styrkt budsjettet sitt noko i samband med den omdanninga som er gjennomført.

På den andre sida må det nemnast at departementet i april 2006 gav Språkrådet i oppdrag å intensivera tilsynet med målbruksreglane. Dette var eit ledd i oppfølginga av det satsings- og tiltaksprogrammet for auka bruk av nynorsk i staten som vart skissert i St.meld. nr. 7 (2005–2006). Det var ein føresetnad i denne meldinga at Språkrådet sette av tilstrekkelege administrative ressursar til dette.

3.5.2.4 *Språkrådet i dag – ressursar og oppgåver*

Etter at oppbygginga av den interne organisasjonsmodellen vart fullført i 2007, har sekretariatet i Språkrådet no ei leiargruppe som består av direktør, administrasjonssjef, informasjonssjef og i tillegg ein funksjon som fagkoordinator, i alt fire stillingar. Utover dette har sekretariatet ti ordinære fagstillingar, medan den nemnde språktenesta for statsorgan altså har fem stillingar. I tillegg til dette kjem stillingar for administrative støttestrukturar.

Budsjettet for Språkrådet skal også dekkja lønnsutgifter til ei heil og fire halve stillingar som sekretærar for stadnamnkonsulentane, i alt tre årsverk, dessutan honorar til stadnamnkonsulentane og andre utgifter til administrasjon av stadnamntenesta.

For 2008 har Språkrådet etter dette eit samla budsjett på 21 mill. kroner.

3.5.2.5 *Nye og utvida oppgåver foreslått andre stader i denne meldinga*

Under kap. 3.3 ovanfor er det lagt opp til eit permanent språkpolitisk oppfølgingsregime der Språkrådet etter føresetnaden skal spela ei sentral rolle. For ein sektorovergripande språkpolitikk krev at vi har eit kompetent fagorgan som kan ta språkpolitiske initiativ og driva språkpolitisk rådgjeving overfor alle samfunnssektorar. Språkrådet må difor engasjera seg i eit breiare spekter av saker enn dei tradisjonelt reint språkfaglege spørsmåla.

Dette vil føra til meirarbeid for Språkrådet jamført med dagens situasjon.

Under kap. 7 er det dessutan gjort framlegg om at Språkrådet skal tilleggjast funksjonen som overordna samordningsorgan for arbeidet med utvikling og tilgjengeleggjering av norsk terminologi, noko som også krev auka kompetanse og kapasitet gjennom nye stillingar i sekretariatet.

Med tanke på dei nye oppgåvene Språkrådet tidlegare er tillagt, og at institusjonen dei siste åra har gjennomgått ei omfattande omorganisering, er det grunn til å streka under at det ikkje er noka hjelp i å tillegga Språkrådet endå fleire oppgåver og endå større ansvar utan at institusjonen også blir tilført nødvendig kompetanse og kapasitet til å løysa oppgåvene på ein tilfredsstillande måte.

3.5.2.6 *Oppsummerande vurdering*

Oppsummert må det seiast at Språkrådet alt i dag har eit relativt vidt ansvarsfelt med mange ulike oppgåver, og at ein meir offensiv politikk for styrking av norsk språk dessutan vil krevja auka innsats på mange av desse felt. Dette er det nødvendige å ha i tankane når ein skal vurdere å gje Språk-

rådet eit utvida ansvar også for andre språk enn norsk.

I arbeidet med å følgja opp denne meldinga vil departementet prioritera framlegget om å tillegga Språkrådet funksjonen som nasjonalt samordningsorgan for utvikling og spreing av norsk terminologi.

Dinest kjem behovet for å leggja til rette for at Språkrådet kan følgja opp det generelle språkstyrkingsarbeidet og det sektorovergripande engasjementet som følgjer i kjølvatnet av dette.

I tredje omgang vil departementet prioritera arbeidet med å leggja til rette for eit utvida ansvar for Språkrådet i tråd med det som blir drøfta i det følgjande, jf. kap. 11.5.3.

3.5.3 **Språkrådet – ansvar for andre språk i Noreg**

3.5.3.1 *Problemstilling*

Under kap. 3.4.3.9 ovanfor har departementet lagt til grunn at ei ny språklov bør utformast slik at ho gjev eit samla uttrykk for den totale språksituasjonen i Noreg. Ei slik lov må i så fall definera kva status og rolle også andre språk enn norsk har eller skal ha i denne totaliteten.

Uavhengig av lovsaka vil ein meir heilskapleg språkpolitikk krevja ei vurdering av om også statens fagorgan i språkspørsmål, Språkrådet, bør ha eit nærare definert ansvar for å arbeida med spørsmål som gjeld andre språk enn norsk. Men dette må sjåast i samanheng med Språkrådets samla oppgaveportefølje og organisatoriske forankring.

3.5.3.2 *Språkpolitisk ansvar for andre tradisjonelle språk i Noreg enn norsk*

Utover det generelle som er sagt nedanfor under kap. 11.5.3.5, har Språkrådet i dag ikkje noko særskilt ansvar verken for samisk, språka til nasjonale minoritetar eller norsk teiknspråk.

Etter samelova § 3-12 er det Sametinget som skal arbeida for vern og vidare utvikling av samiske språk i Noreg, og etter den lovendringa som tok til å gjelda frå 1. januar 2003, er det Sameetinget sjølv som avgjer korleis dette arbeidet skal organiserast. Tidlegare fastsette lova at det skulle vera eit eige Samisk språkråd oppnemnt av Sameetinget.

I samband med lovendringa vart det i forarbeida presisert at Kultur- og kyrkjedepartementet framleis skulle ha eit overordna ansvar for arbeidet med samiske språk gjennom forvaltninga av språkreglane i samelova. Lova fastset dessutan at Sameetinget kvart fjerde år skal utarbeida ein rapport til

Kongen om situasjonen for samiske språk i Noreg. Siste rapport vart utarbeidd i 2004, jf. nærare omtale under kap. 10.

På statsbudsjettet for 2006 sette departementet av driftsmidlar til ei eiga kvensk språknemnd, og denne er nå under etablering i regi av Kvensk institutt, jf. nærare omtale under kap. 10.

For romani og romanes og for teiknspråk finst ingen spesielle institusjonelle arrangement.

3.5.3.3 Om Språkrådet bør ha eit ansvar knytt til nyare innvandrarspråk

Utover det generelle som er sagt nedanfor under kap. 3.5.3.5, har Språkrådet i dag heller ikkje noko særskilt ansvar for språkspørsmål som gjeld dei mange nyare minoritetsspråka i landet vårt.

Men spørsmålet om språksituasjonen for personar med slik minoritetsspråkleg bakgrunn burde inngå i ansvarsområdet for Språkrådet, vart så vidt lufta alt i den prosjektskissa frå 2003 som la grunnlaget for den institusjonelle omdanninga av Språkrådet.

Spørsmålet vart vidare drøfta i rapporten frå ein organisasjonsgjennomgang av Språkrådet som ein ekstern konsulent gjennomførte i første halvår 2003. Resultatet av denne gjennomgangen er reflektert i ei vurdering departementet gav i det notatet om omorganiseringa som vart sendt på høyring i 2004.

Her la departementet til grunn at det i samband med nyetableringa ikkje var aktuelt å tillegga institusjonen eit slikt utvida ansvar. Ikkje minst hadde den uavhengige organisasjonsgjennomgangen vist at omdanninga av Norsk språkråd ville innebera så store utfordringar av ulik art at det ikkje var tilrådeleg i utgangspunktet å utvida ansvarsrammene slik som antyda i prosjektskissa.

Departementet streka likevel under at dette ikkje hindra at den nye institusjonen ville kunna «forholde seg til» spørsmål som gjeld den totale språksituasjonen i Noreg. Men kva konsekvensar dette eventuelt burde få med omsyn til ansvarsfordelinga innanfor det statlege forvaltningsapparatet, måtte eventuelt vurderast etter kvart som ein vinn erfaring med den nye institusjonen, heitte det i høyringsdokumentet frå 2004.

I høyringa var det likevel mange som tok opp denne problemstillinga, og eit klart fleirtal av dei som uttalte seg, gjekk inn for at den nye institusjonen burde arbeida med heile språkfeltet i Noreg, ikkje berre med norsk.

Universitetet i Bergen uttalte til dømes at vi burde få «eit allment språkråd for det multilingviale norske samfunnet, ikkje berre eit særskilt språkleg råd for

det norske monolingviale språksamfunnet». Det Norske Samlaget og Høgskolen i Sogn og Fjordane oppmoda departementet om «å leggje fram ein plan for korleis ein på sikt vil innarbeide språksituasjonen for alle som bur i Noreg, i ein sams språkpolitikk, knytt til det nye språkorganet».

Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening meinte også at den mest framtidretta strategien ville vera å utvida mandatet for det nye organet til å omfatta språk og språkbruk i Noreg. Fleire nemnde debatten om tilhøvet mellom morsmålsopplæring og norskopplæring for innvandrarak som eit døme på tema som burde ha ein naturleg plass i det nye organet.

Blant dei som uttalte seg, var det også nokre som var skeptiske til eit slikt utvida ansvar. Det vart mellom anna nemnt at spørsmål som gjeld språksituasjonen for minoritetsspråklege, i utgangspunktet ville vera eit stort og ressurskrevjande arbeid med vidare politiske implikasjonar enn det som det nye organet for norsk språk naturleg burde ta seg av.

3.5.3.4 Merknader i Norsk i hundre!

Den vidare omdanninga av Språkrådet reiste så mange spørsmål at departementet i første omgang ikkje gjekk vidare med spørsmålet om eit utvida ansvarsområde når det gjaldt andre språk enn norsk.

Denne problemstillinga var difor heller ikkje med i det mandatet departementet gav det interimsstyret som vart oppnemnt sommaren 2004 for å leia arbeida med å førebu etableringa av det som vart kalla eit nytt kompetansesenter for norsk språk. Det var på dette grunnlaget at interimsstyret i mandatet fekk ansvaret for å få utarbeidd eit strategidokument for den nye institusjonen, det som resulterte i rapporten *Norsk i hundre!*.

I rapporten vart det nettopp peikt på at ein generell analyse av språksituasjonen i Noreg låg utanfor det mandatet arbeidsgruppa hadde hatt. Rapporten streka likevel under at det i fleire samanhengar var uråd å drøfta situasjonen for norsk utan å trekkja inn status for minoritetsspråka. Som døme vart nemnt tilhøvet mellom morsmål og nasjonalspråk. Arbeidsgruppa gav også uttrykk for at det var eit klart behov for ei eiga utgreiing om situasjonen for dei nye minoritetsspråka i Noreg.

Gruppa meinte difor at ein heilskapleg norsk språkpolitikk i tillegg til alt som har med norsk språk å gjera, burde omfatta sikring av rettane til dei som har eitt eller fleire minoritetsspråk som morsmål, med utgangspunkt i nasjonal lovgjeving

og i internasjonale plikter, dessutan styrking av framandspråkskompetansen i folket og av forståing av at morsmålskompetanse og framandspråkskompetanse ikkje utelukkar, men styrkjer kvarandre.

3.5.3.5 *Språkrådets generelle språkpolitiske ansvar i dag*

Jamvel om Språkrådet til no ikkje er tillagt konkrete oppgåver slik som drøfta ovanfor, er det grunn til å streka under at institusjonen likevel ikkje er heilt utan ansvar for språkspørsmål som gjeld andre språk enn norsk.

Det vart difor teke inn ei eiga føresegn om dette i dei nye vedtektene som departementet fastsette i 2006. Her heiter det at Språkrådet, i tillegg til meir spesifikke oppgåver som gjeld norsk språk, også skal «ta omsyn til den totale språksituasjonen i landet, slik denne kjem til uttrykk gjennom dei språklege interessene til nordmenn med samisk eller minoritetsspråkleg bakgrunn eller tilknytning».

Det er likevel på det reine at det ansvaret Språkrådet har etter denne formuleringa, er svært avgrensa. Dette er presisert i eit eige dokument med merknader til vedtektene.

Her heiter det mellom anna at Språkrådet som statens fagorgan i språkspørsmål må kunna ta opp også generelle spørsmål om språk og språkbruk i eit stadig meir fleirkulturelt samfunn, men at føresegna i vedtektene ikkje inneber at Språkrådet skulle tilleggjast noko utvida operativt ansvar samanlikna med det som har vore den faktiske situasjonen tidlegare. Det vart her vist til at også Norsk språkråd frå tid til anna har uttalt seg om andre språkspørsmål enn dei som direkte vedkjem norsk språk.

3.5.3.6 *Nordisk jamføring*

Av dei nordiske landa er det først og fremst i Sverige at det nasjonale språkorganet har eit utvida og nærare definert ansvar for andre språkspørsmål enn dei nasjonalspråklege.

Den nye statlege etaten som vart etablert i Sverige frå 1. juli 2006 omfattar ei stor organisatorisk eining i tillegg til Språkrådet, slik som nemnt ovanfor under kap. 3.5.2.2. Dette er reflektert i instruksjonen, der det heiter at etaten skal «bedriva språkvård og på vitenskaplig grund öka, levandegöra och sprida kunnskaper om språk, dialekter, folkminnen, namn och språklig burna kulturarv i Sverige».

Meir spesifikt heiter det at etaten skal samla inn, bevare, vitskapleg bearbeida og spreia materiell om «det svenska språket, de nationella minori-

tetsspråken (finska, meänkieli, romani chib, og jiddisch), det svenska teckenspråket, samt dialekter, folkminnen, folkmusik och namn i Sverige». I tillegg skal etaten «samla kunnskap om och följa användningen av samtliga språk i Sverige».

Denne siste formuleringa siktar spesielt til dei mange nye innvandrarspråka, og etter ordlyden må dette ansvaret oppfattast som mindre omfattande enn ansvaret for språka til nasjonale minoritetar. Dette blir stadfesta av den informasjonen som ligg ute på heimesidene til det svenske Språkrådet. Her heiter det om dette at «myndigheten ska i princip också överblicka och främja användandet av alla språk som brukas i Sverige».

Det einaste språket etaten ikkje skal ha eit direkte ansvar for, er samisk. Her er situasjonen den same som i Noreg, at det er Sametinget som etter lova skal leia det samiske språkarbeidet. Sametinget i Sverige har likevel uttalt at dei ønskjer nær kontakt med språketaten.⁸

Instruksjonen fastset at språketaten skal «verka för at den offentliga förvaltningen använder svenska som huvudspråk och använder de nationella minoritetsspråken enligt gällande lagar och förordningar». Det siste vil også omfatta samisk.

Av i alt tjue faglege medarbeidarar i Språkrådet i Stockholm er det fire som arbeider med finsk, to med romani chib, to med teiknspråk, medan tre personar arbeider delvis med såkalla «andraspråks-hjelp». Ingen arbeider spesielt med jiddisch. Dei ni resterande arbeider i hovudsak med svensk.

Hovudoppgåva til dei av dei tre som arbeider delvis med andrespråks-hjelp, er å utarbeida ei handbok i svensk for avanserte andrespråksbrukarar, medan den tredje arbeider med eit leksikon som fungerer som ei søkbar ordbok på nettet mellom svensk og 13 av dei største moderne minoritetsspråka i Sverige.

Også i Finland er dei tradisjonelle språkrådsfunksjonane ein del av ein større forskingsinstitusjon. Dette går også fram av både namnet og i ei eiga lov frå 1976:

«För forskning och språkvård rörande finska och svenska språken, för forskning rörande med finskan besläktade språk samt för samisk språkvård finns en forskningscentral för de inhemska språken.»

I den tilhøyrande forordninga frå 1993 er det presisert at uttrykket «de inhemska språken» omfattar finsk, svensk og samisk. Verken lov eller forordning nemner noko om andre minoritetsspråk.

⁸ Regjeringens proposition – Prop. 2005/06:2: 25.

I Danmark er det berre den tyske minoriteten som har status som nasjonal minoritet, men Dansk Sprognævn har ikkje noko definert ansvar for tysk.

Det har institusjonen heller ikkje for dei nye innvandrarspråka. Derimot har Dansk Sprognævn i eit notat om dansk språkpolitikk av 23. januar 2007 ei fråsegn også om ulike minoritetsspråklege og framandspråklege spørsmål. Dette må oppfattast meir som eit språkpolitisk program for framtida og gjev ikkje nødvendigvis eit dekkjande bilete av situasjonen i dag.

Her heiter det mellom anna at ingen må diskriminerast på grunn av språket, at alle har rett til å dyrka sitt eige språk, og at initiativ frå framandspråklege til å etablere morsmålsundervisning bør støttast mest mogleg. Det heiter vidare at det bør vera minst éin stad i det danske språksamfunnet der tospråklege danskar kan få opplysningar om førstespråket sitt. Eit slikt kunnskapscenter bør ha oppdatert informasjon om kvar i Norden det finst ekspertise innanfor dei språka som blir snakka i Danmark, og kva hjelpemiddel som er tilgjengelege.

Merknaden om at alle tospråklege bør ha ein stad å venda seg til for å få opplysningar om førstespråket sitt, er nok inspirert av eit tilsvarende punkt i den nordiske språkdeklarasjonen. Her er det vist til at det blant nordbuar i dag finst nærare 200 andre morsmål representerte i tillegg til dei nordiske språka, og at det difor er «ønskvært att det finns fackmiljöer i Norden som har expertis, eller som kan hänvisa til europeisk expertis, inom de flesta av dessa språk».

3.5.3.7 Oppsummerande vurdering

Departementet meiner tida no er inne til å gå i gang med å førebu ei utviding av ansvarsområdet til Språkrådet, slik at institusjonen får eit definert språkpolitisk ansvar også for andre språk i Noreg enn norsk, jamvel om dette nødvendigvis må vera det største og fremste arbeidsområdet også i framtida.

Ei slik løysing har etter måten solid tilslutning gjennom dei merknader og framlegg som er komne i samband med det språkpolitiske grunnlagsarbeidet som er gjort dei siste åra, og er elles ein naturleg konsekvens av at regjeringa med denne meldinga tek til orde for ein ny og heilskapleg språkpolitikk som skal omfatta den totale språksituasjonen i landet.

Ei slik utviding av ansvarsområdet til Språkrådet er også i samsvar med det som er uttalt i språkoppføringsmeldinga frå Kunnskapsdepartementet om behovet for å sjå alle språkpolitiske spørsmål i

samanheng, under dette også overordna spørsmål som gjeld språkopplæring i eit samfunn prega av eit stadig større språkleg mangfald.

Spørsmålet om korleis eit slikt utvida ansvar skal avgrensast og konkretiserast, må utgreiast noko nærare.

Språkrådet sitt ansvar for spørsmål som gjeld kvensk, må også avgrensast mot det ansvaret som etter føresetnaden skal liggja til det nye kvenske språkrådet som er under oppbygging.

Spørsmålet om kva rolle Språkrådet kan spela med tanke på å støtta opp under norsk romani og romanes, må drøftast nærare med relevante språkbrukarrepresentantar.

Det er i kap. 10 lagt til grunn at også spørsmål som gjeld norsk teiknspråk og norske teiknspråkbrukarar har ein språkpolitisk dimensjon, til liks med spørsmål som gjeld alle verbalspråk. Difor må også omsynet til norsk teiknspråk heretter bli ein integrert del av ein heilskapleg og overordna språkpolitikk, men det må arbeidast vidare med kva praktiske konsekvensar eit slikt prinsippstandpunkt bør få.

Ei tenkjeleg løysing kan vera å oppretta ei eiga stilling som teiknspråkkonsulent som blir knytt til Språkrådet, tilsvarende den ordninga ein har i Sverige.

Det må elles vurderast nærare kva oppgåver Språkrådet kan vareta når det gjeld alle dei nyare innvandrarspråka i landet. Her er det naturleg å ta utgangspunkt i det som ovanfor er referert frå den nordiske språkdeklarasjonen, og som føreset ei slags formidlingsteneste for minoritetsspråkbrukarar i Norden som ønskjer å koma i kontakt med fagmiljø eller annan ekspertise innanfor sitt eige morsmål.

I tillegg vil det for Språkrådet vera eit aktuelt arbeidsområde å handtera generelle spørsmål som gjeld til dømes tilhøvet mellom meistring av det norske nasjonalspråket og behovet for å ta vare på eit ikkje-norsk morsmål. Eit døme på dette vil vera å vareta språklege rettar for personar busette i Noreg, men som ikkje har norsk som morsmål.

Truleg vil dette i praksis særleg dreia seg om språkopplæring. Under kap. 3.5.4 gjer vi greie for kva konsekvens språkopplæringsperspektivet spesielt og eit utvida ansvar generelt bør få å seia for den ytre organiseringa av Språkrådet.

Departementet vil setja ned ei hurtigarbeidande ekspertgruppe med mandat å leggja fram eit konkret forslag til korleis Språkrådet sitt ansvar for andre språk i Noreg enn norsk kan konkretiserast og avgrensast. Samansetjinga av gruppa vil mellom anna bli vurdert i samråd med Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Ikkje minst må ein her avgrensa det spesifikt språkpolitiske ansvaret mot det ansvaret og dei verkemiddel ulike andre departementet har når det gjeld opplæringsspørsmål og minoritetsspørsmål.

Ei utviding av ansvarsområdet for Språkrådet til å gjelda andre språk enn norsk vil i prinsippet også kunna omfatta samisk. Det er likevel for tidleg å ta stilling til om Språkrådet skal ha ei nærare definert rolle også når det gjeld samisk språk, og det blir difor ikkje teke stilling til det i denne meldinga.

Dette spørsmålet må drøftast nærare med relevante instansar og avklarast i samsvar med gjeldande prosedyrar for konsultasjonar med Sametinget. Det vil difor inngå som ein del av det etterfølgjande oppfølgingsarbeidet.

3.5.4 Organiseringa av Språkrådet

3.5.4.1 Nytt fagråd for språkopplæring og språklege mindretal

Når Språkrådet får eit utvida ansvar for spørsmål som gjeld andre språk enn norsk, er det også naturleg at dette blir reflektert i den ytre organiseringa av institusjonen.

Etter gjeldande vedtekter skal verksemda i sekretariatet og styret i Språkrådet byggja på eit førebuande arbeid i eit system av fagråd. Det er fastsett at styret kan nemna opp inntil fire fagråd med inntil sju medlemmer i kvart. Denne ordninga er tufta på ein modell som vart foreslått av det interimsstyret som frå sommaren 2004 stod i spissen for arbeidet med omdanninga av institusjonen.

I framlegget til departementet i juli 2005 hadde interimsstyret med ein merknad som opna for å oppretta eit femte fagråd dersom departementet seinare skulle bestemma at dei nye minoritetsspråka burde inn under ansvarsområdet til Språkrådet. Det vart også opplyst at to styremedlemmer hadde streka under at det ikkje burde gå lang tid før ein vurderte å oppretta eit femte fagråd for «minoritetsspråksituasjonen.»

I meldinga frå Kunnskapsdepartementet er det drøfta om Språkrådet eventuelt kan spela ei rolle som eit fagorgan for språk i opplæringa, og at dette i så fall vedkjem alle dei språka som det blir gjeve opplæring i etter fagplanar som Kunnskapsdepartementet har fastsett. Det er også nemnt som eit døme at det i Austrike finst ein breitt samansett språkopplæringskomité som fungerer som ein tenketank på tvers av sektorar og nivå og som eit informasjonsforum overfor utdanningsdepartementet.

Med utgangspunkt i det som her er skissert, vil departementet endra vedtektene for Språkrådet slik at det kan oppnemnst eit femte fagråd. Føresetnaden vil vera at dette fagrådet skal ha ansvar for å arbeida med overordna spørsmål som gjeld rettar og interesser for alle med samisk eller minoritetsspråkleg bakgrunn eller tilknytning, og for spørsmål som spesielt gjeld språkopplæring i eit samfunn som blir stadig meir fleirkulturelt og avhengig av internasjonalt samkvem.

Eit viktig formål for dette fagrådet bør også vera å arbeida for språkleg toleranse og gjensidig respekt mellom personar og grupper med ulik språkleg bakgrunn.

Særleg bør fagrådet arbeida for å fremja dei felles interessene til alle som på den eine eller andre måten tilhøyrr eit språkleg mindretal i landet.

Særleg må rådet leggja vekt på å motverka alle tendensar til motsetnader mellom språklege minoritetar og mindretal.

Fagrådet bør spesielt ha som oppgåve å byggja bru mellom nynorsk og alle dei nye minoritetsspråka, slik at ikkje latente konfliktrar og praktiske vanskar får lov å utvikla seg slik at det verkar til gjensidig skade for så vel nynorsk som eit mindre brukt språk som for den tilgangen også dei minoritetsspråklege må ha til i utgangspunktet å møta begge dei norske målformene på lik linje med norske morsmålsbrukarar, jf. nærare omtale i kap. 8.

På denne bakgrunn kan dette nye fagrådet førebels omtalast som eit fagråd for minoritetsspråk, språklege mindretal og framandspråk og med språkopplæring som hovudperspektiv.

Særleg med tanke på språkopplæringsdimensjonen vil den meir detaljerte utforminga av det nye fagrådet bli nærare drøfta med Kunnskapsdepartementet.

Det er elles naturleg å sjå etableringa av dette rådet i samanheng med det arbeidet som skal gjerast av den gruppa som skal førebu utvidinga av ansvarsområdet til Språkrådet slik som nemnt under kap. 3.5.3.7 ovanfor.

3.5.4.2 Konsekvensar for fagrådssystemet elles

Eit nytt fagråd som på denne måten får arbeids- og ansvarsområdet sitt skissert ovanfrå, kan i utgangspunktet gripa inn i det fagrådssystemet som er fastlagt etter gjeldande vedtekter. Her heiter det nemleg at arbeids- og ansvarsområdet for kvart fagråd skal fastsetjast av styret, og at fag- og oppgåveprofilen deira dessutan kan justerast over tid avhengig av aktuelle utfordringar og strategiske prioriteringar.

Eitt av dei fire fagråda som det sitjande styret har oppnemnt, er dessutan fagrådet for skule og offentlig forvaltning.

Til det siste er å seia at skuledelen av mandatet for dette fagrådet legg vekt på norskundervisninga og har eit klart språkstyrkingsperspektiv. Dette er såleis eit nokså annleis utgangspunkt enn det fagrådet for språkopplæring og mindrespråksspørsmål som er skissert ovanfor. Likevel vil det liggja an til ei viss overlapping, og det kan difor bli nødvendig å justera arbeids- og ansvarsområdet til dette fagrådet når det nye blir etablert.

Departementet vil i første omgang drøfta denne saka med styret og reknar med at det ikkje vil vera vanskeleg å koma fram til ei tenleg løysing.

Deretter vil departementet vurdere i kva grad det måtte bli nødvendig å omdefinera noko av det som no står i vedtektene om retten til å oppnemna og fastleggja arbeidsområdet til fagråda. Departementet vil halda fast ved at styret i utgangspunktet bør ha desse fullmaktene så langt råd er.

3.5.4.3 Gjennomgang av organisasjons- og styringsmodellen

Systemet med fagråd er etablert for å sikra at Språkrådet har breiast mogleg samfunnskontakt for arbeidet sitt. Etter vedtektene skal dei formidla synspunkt og impulsar frå det norske språksamfunnet til styre og sekretariat, og dei har også høve til å ta sjølvstendig initiativ innanfor eige arbeidsområde.

Fagråda erstattar på sett og vis den tidlegare rådsforsamlinga på 38 medlemmer som utgjorde det organisatoriske fundamentet for den tidlegare institusjonen, Norsk språkråd. Denne forsamlinga møttest til forhandlingar ein gong for året og drøfta og gjorde vedtak i ulike språkpolitiske spørsmål og valde seg imellom eit styre på seks og ei fagnemnd på åtte medlemmer.

Noko av ambisjonen med omdanninga, slik det mellom anna vart uttrykt i det notatet departementet sende på høyring i januar 2004, var å gje den nye institusjonen eit breiare fundament i samfunnet enn det ein kan oppnå gjennom formell rådsrepresentasjon. Det heitte at siktemålet var at denne breiare medverknaden måtte skje i meir aktive, varierte og fleksible former enn det som er mogleg å oppnå gjennom årlege rådsmøte der formelt utpeikte representantar møttest til drøftingar og avrøystingar i fast organiserte former.

I tillegg til eit opplegg for hyppigare aktivitet og meir fleksible kontaktar var tanken også at det ville vera meir målretta og gje større effekt når ei stor

forsamling med eit i prinsippet altomfattande arbeidsområde vart erstatta av fire mindre grupper med eit tematisk avgrensa arbeidsområde.

På den andre sida er det den viktige skilnaden samanlikna med den gamle rådsforsamlinga at fagråda ikkje har formell avgjerdsrett. Dei er oppnemnde av og formelt underordna styret, og styret er for sin del oppnemnt av departementet.

Slik sett er det nye Språkrådet eit direktoratsliknande statsorgan som arbeider på oppdrag frå og har alle sine fullmakter direkte frå departement, regjering og storting, medan det gamle Norsk språkråd var meir uavhengig på den måten at det hadde sin basis i eit råd som var oppnemnt av i alt 17 ulike instansar, både offentlege institusjonar og private organisasjonar.

Den nye institusjonen har fungert altfor kort tid til at det lét seg gjera å vurdere i kva grad omdanninga kan seiast å ha vore vellykka. Dette må også sjåast i lys av den omforminga av språkpolitikken som er skissert i denne meldinga. I denne politikken skal Språkrådet etter føresetnaden spela ei svært sentral rolle. Det må difor vurderast om det er behov for justeringar og tilpassingar.

Departementet vil så snart denne meldinga er lagd fram, drøfta med styret for Språkrådet, og med direktøren og fagrådsleiarane, røyntslene med den nye modellen for organisering og styring av Språkrådet for å vurdere om det alt no er behov for justeringar eller tilpassingar.

Det kan eventuelt vera tale om justeringar av element i sjølve organisasjonsmodellen, i kommunikasjonen mellom Språkrådet og departementet og eventuelt i det formelle regelgrunnlaget som den noverande ordninga byggjer på.

I utgangspunktet legg ikkje departementet opp til prinsipielle endringar.

Men med den auka oppgåvemengda som Språkrådet vil få innanfor eksisterande ansvarsområde, og i tillegg den utvidinga av ansvarsområdet som meldinga legg opp til, er det likevel nødvendig med ein gjennomgang for å vera sikker på at organiseringa og forankringa av institusjonen er optimalt tilrettelagd.

3.6 Oppsummering av prioriterte, overordna tiltak

- 1 Regjeringa vil etablere språkpolitikk som eit heilskapleg, sektorovergripande politikkområde med kulturpolitisk forankring.
- 2 Departementet foreslår fem overordna mål for den nye språkpolitikken, jf. kapittel 3.1.1.

- 3 Departementet vil styrkja Språkrådet som operativt fagorgan for ein sektorovergripande språkpolitikk.
- 4 Departementet vil saman med Språkrådet gjennomgå den nye organisasjons- og styringsmodellen for Språkrådet for å vurdere om det er behov for justeringar.
- 5 Ansvarsområdet til Språkrådet vil bli utvida til å omfatta også andre språk enn norsk.
- 6 Språkrådet får eit nytt, femte fagråd med ansvar for minoritetsspråk, språklege mindretal og framandspråk og med språkopplæring som hovudperspektiv.
- 7 Departementet vil utarbeida eit framlegg til lovforankring av Språkrådet.
- 8 Departementet vil setja i gang arbeidet med ei overordna språklov som skal slå fast den status og funksjon det norske språket må ha som hovudspråk i Noreg, og kva status og rolle andre språk enn norsk skal ha.
- 9 Departementet vil etablere eit permanent språkpolitisk oppfølgingsregime, jf. dei påfølgjande punkta 10–13.
- 10 Departementet vil etablere eit system for språkpolitiske høyrings- og konsultasjonsordningar.
- 11 Departementet vil styrkja det språkpolitiske kunnskapsgrunnlaget i Språkrådet slik at språkpolitiske tiltak blir godt forankra i dokumentasjon og analyse.
- 12 Departementet vil gje Språkrådet i oppgåve å utarbeida ein årleg språkpolitisk tilstandsrapport, eit såkalla språkbarometer.
- 13 Departementet vil gjere framlegg om å lovfesta at det skal leggjast fram ei periodisk stortingsmelding om språkpolitikk i kvar stortingsperiode.
- 14 Departementet vil gjennomgå gjeldande målbruksreglar og greia ut behovet for eit oppdatert og tilpassa regelverk om bruk av bokmål og nynorsk i staten, og om det bør vere nærare målbruksreglar også for kommunesektoren.
- 15 Departementet vil senda på høyring eit framlegg til avklaring av verkeområdet for den noverande mållova tufta på dei same avgrensingskriteria som i den nye offentleglova.

4 Det norske og nordiske språklandskapet

4.1 Språk og språkvariantar i Noreg

4.1.1 Innleiing

Verken ved folketeljningar eller liknande offentlege registreringar av personar i Noreg blir det spurt om kva språk innbyggjarane nyttar til dagleg, og dermed heller ikkje kor mange som kan karakteriserast som fleirspråklege. Det finst heller ikkje systematisk forskning som kan gje oss direkte opplysningar om slike tilhøve.¹

Endå vanskelegare enn opplysningar om talemålet er det å finna påliteleg og nøyaktig informasjon om kva språk eller språkvariant folk bruker i skriftleg samanheng. Dette kan også variera avhengig av skrivesituasjonen, og eit viktig skilje går truleg mellom det å skriva privat jamført med i utdanning og yrke. Det siste er i større grad bestemt av ytre omstende; språkbrukarane står ikkje utan vidare fritt.

Særleg når ein skal gje oppgåver over talet på minoritetsspråkbrukarar av ulike slag, er det eit problem at språkbruk ikkje er nærare registrert eller kartlagd. Slike tal må difor byggja på skjøn og overslag med utgangspunkt i kjelder som primært dreier seg om noka anna enn språkbruk.

4.1.2 Norsk – bokmål og nynorsk

I dag er norsk morsmål for over 90 prosent av befolkninga i Noreg.² Norsk er dermed eit majoritetsspråk som slik sett har ein overlegen og dominerande posisjon i landet vårt.

I utgangspunktet er morsmål ei nemning for talemålet, men etter kvart som eit barn lærer å skriva, blir også skriftspråket rekna for å vera ein del av morsmålet og morsmålskompetansen.

Som morsmål omfattar norsk talemål eit rikt spekter av dialektar, også kalla målføre, Dialektane og talemålsgrunnlaget står tradisjonelt sterkt i Noreg, sterkare enn i dei nordiske grannelanda våre. Denne tradisjonen fekk ei viktig språkhistorisk forankring då Stortinget alt i 1878 vedtok å be

regjeringa sjå til at undervisninga i den dåverande «allmugeskulen» så langt råd var, skulle «meddeles paa Børnenes eget talesprog».

Som standardspråk er norsk kløyvd i to offisielle skriftspråk, bokmål og nynorsk, også kalla målformer, dessutan ein privat riksmålsnormal. Denne fell i dag i all hovudsak saman med moderat bokmål. Den nokså vide valfridommen innanfor offisiell rettskriving gjer at det er klart større skilnad mellom moderat og radikalt bokmål enn mellom riksmål og moderat bokmål.

Som skriftleg bruksspråk er variantar av bokmål og riksmål sterkt dominerande samanlikna med nynorsk. I underkant av 14 prosent av elevane har nynorsk som opplæringsmål i skulen. Og det er indikasjonar på at opp mot tredjedelen av dei som får den første skriftlege opplæringa si på nynorsk, går heilt eller delvis over til å skriva bokmål seinare i livet.

I 2005 intervjuar TNS Gallup eit utval på vel 4000 personar, som fekk følgjande spørsmål: «*Når du skriver i private sammenhenger – benytter du da som regel nynorsk, som regel bokmål/riksmål eller begge former omtrent like mye?*» Den same undersøkinga var gjennomført også fem og ti år tidlegare. I 1995 og 2005 var det 7,5 prosent som svarte nynorsk, i 2000 8,5 prosent, medan dei som svarte at dei nytta begge målformene omtrent like mykje, auka frå 5,0 prosent i 1995 via 5,3 prosent i 2000 til 5,5 prosent i 2005.

Tek ein omsyn til ein sannsynleg feilmargen på eitt prosentpoeng, gjev desse tala eit bilete av ein nokså stabil situasjon på landsbasis. Når ein slår saman dei reine nynorskbrukarane og dei som svarte at dei brukte både nynorsk og bokmål, blir resultatet 12,5 prosent i 1995, 13,8 prosent i 2000 og 13,0 prosent i 2005. Eit tal på 13,0 prosent tilsvarear om lag 600 000 personar. I publikasjonar frå Nynorsk kultursentrum blir det til vanleg operert med eit tal på 640 000 nynorskbrukarar.

I tillegg kjem at mange offentleg tilsette med bokmålsbakgrunn er pålagde å nytta nynorsk i samsvar med gjeldande målbruksreglar.

¹ Kulbrandstad, Lars Anders 2003.

² Höglin, Renée 2002: 12.

4.1.3 Samisk – nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk

Samane er urfolk i Noreg, og jamvel om norsk i dag er det dominerande majoritetsspråket i landet vårt, har dermed samisk språk også i høg grad ei historisk særstilling på norsk territorium.

Det samiske språkområdet går på tvers av riksgrensene. Dei samiske språkbrukarane bur såleis spreitt over eit stort geografisk område fordelt på fire statar. Det samiske busetjingsområdet strekkjer seg nordover frå Femunden i Noreg og Dalarna i Sverige, til Utsjok i Finland, Varanger i Noreg og Kolahalvøya i Russland.

Trass i spreiddt samisk busetnad, særleg i sør og vest, heng det samiske språkområdet likevel saman på den måten at opphavlege nabodialektar overalt er gjensidig forståelege, og det finst såleis ingen absolutte språkgrensar. Det går likevel an å skilja mellom heile ti hovuddialektar eller språk, og riksgrensene går på tvers også av desse språkgrensene, jf. elles kap. 4.3.3 om samisk som eitt eller fleire språk.

Både i Noreg, Sverige og Finland er nordsamisk mest vanleg, og i Sverige og Noreg har vi elles sørsamisk og lulesamisk. Dei som talar lulesamisk i Noreg, er anslått til ca. 500, medan sørsamisk blir snakka av nokre hundre personar til saman i Noreg og Sverige.

I Sverige finst dessutan umesamisk, og pitesamisk har også tyngdepunktet sitt i Sverige. Talet på språkbrukarar er i begge tilfelle svært lite. I Finland er enno enaresamisk og skoltesamisk i bruk, og det finst også ein viktig skoltesamisk/austsamisk tradisjon i Noreg, konsentrert om Neidenområdet i Sør-Varanger, men denne tradisjonen har i dag svært få aktive språkbrukarar.³

I Russland er kildinsamisk mest utbreidd, medan eit lite fåtal eldre samar framleis snakkar tersamisk. Akkalasamisk, som vart brukt i same område som kildinsamisk, er på det næraste utdøydd.

Det er varierende overslag over kor mange som alt i alt bruker samisk språk i Noreg i dag. Tala svingar mellom 10 000 og 20 000, dvs. mellom 0,2 og 0,4 prosent av folketalet i landet.⁴

4.1.4 Kvensk, romani og romanes

Utanom det samiske urfolket finst i Noreg fem mindretalsgrupper som har opphavleg eller lang-

varig tilknytning til landet, og som difor har fått status som nasjonale minoritetar. Desse kan i større eller mindre grad identifiserast gjennom ein annan språkleg bakgrunn enn norsk, men det varierer i kva grad desse språklege tradisjonane deira framleis er i levande bruk.

Kvensk er i dag den offisielle nemninga for språket til kvenene, etterkomarar etter finske innvandrarakar gjennom fleire hundreår, hovudsakleg til Nord-Noreg.

Det skal i dag vera 10 000–15 000 som reknar seg for å ha slik bakgrunn. Talet på brukarar varierer mellom 2000 og 8000 avhengig av kva kriterium og metodar som blir lagde til grunn for utrekninga. Det lågaste talet gjeld dei som bruker språket som daglegspråk.

Ei undersøking gjennomført i 2004–2005 viser at det er nærare 10 000 som snakkar språket.⁵

Ein annan nasjonal minoritet med opphavleg finsk bakgrunn er skogfinnane. Dei er etterkomarar etter finnar som utvandra på midten av 1500-talet, spesielt frå området Savolax, og slo seg ned over store delar av Austlandet, men mest på Finnskogen på begge sider av svenskegrensa.

Skogfinnane snakka opphavleg finsk, men språket deira vart gradvis borte fram til første halvdel av 1900-talet. Det blir i dag ikkje lenger rekna for å vera i kommunikativ bruk,⁶ men ein del finske ord og uttrykk blir framleis nytta på Finnskogen.

Også når det gjeld den jødiske minoriteten i Noreg i dag, er det slik at dei fleste bruker norsk. Av dei om lag 1100 medlemmene i det mosaiske trussamfunnet finst det likevel nokre få eldre som kan snakka det opphavlege jiddisk, og nokre få hundre kan snakka moderne hebraisk.

I tillegg til kvenene står vi då att med to andre minoritetar med kvar sin opphavlege språktradisjon som er så mykje intakt at språket deira har fått særskild folkerettsleg vern, jf. kap. 4.2.6 og 4.2.7. Desse er norsk romani og romanes.

Romanés blir her i landet brukt som nemning på språket til folkegruppa rom, også kjend som sigøynarar. Dei er etterkomarar etter utvandrarar frå India for ca. 1000 år sidan, som spreidde seg over store delar av verda. Det er rekna at romfolket

³ Nordisk samisk språknemnd legg til grunn at det er svært få personar i Noreg som har austsamisk som morsmål. Dei fleste austsamane bur i Finland og Russland, der språket framleis er i bruk.

⁴ Ei undersøking gjord av Samisk nærings- og utgreiingssenter i 2000 for Samisk språkråd, anslår samiske språkbrukarar i Noreg til ca. 25 000. Omtrent halvparten av desse både snakkar, les og skriv samisk, medan det for dei andre først og fremst er eit talespråk. Nordsamisk er mest utbreidd av dei samiske språka i Noreg. Nordsamisk blir snakka hovudsakleg i Finnmark og Troms fylke, og i kommunane Tjeldsund og Evenes i Nordland.

⁵ Rasmussen, Torkel 2004–2005.

⁶ St.prp. nr. 80 (1997–98) kap. 3.6.4 og Kristoffersen, Gjert et al. 2005: 27-28.

i Noreg tel 300–400 personar, og at anslagsvis 90 prosent av dei snakkar romanes.⁷ Internasjonalt blir språket også omtalt som *romani chib*, såleis i Sverige, eller berre *romani*.

Den siste nemninga kan dermed lett forvekslast med den norske nemninga på språket til romanifolket, også kjent som tatarar eller dei reisande. *Norsk romani*, som også blir omtalt berre som *romani*, er likevel eit anna språk, ulikt romanes eller *romani chib*. Romanifolket har vore i Noreg i fleire hundreår. Overslaga over dei som kan tala norsk romani, varierer frå nokre hundre til eit par tusen.

4.1.5 Norsk teiknspråk

Norsk teiknspråk er nemninga på det språket som primært blir brukt av norske døve. Det er utvikla spontant ved at døve menneske i Noreg har kommunisert med kvarandre. Norsk teiknspråk er både likt og ulikt andre teiknspråk; det har mest til felles med det danske teiknspråket.

Teiknspråk er språk som kan tileignast naturleg av personar som ikkje oppfattar tale og lyd gjennom høyrsla. Eit teiknspråk er eit gestuelt-visuelt språk, basert på produksjon av synlege rørsler i hender, munn, auge, bryn, hovud og overkropp. Det er laga fleire system for nedskrivning av ytringar på teiknspråk, men det finst enno ingen teiknspråksamfunn der slike system er tekne i allmenn bruk av eit stort tal språkbrukarar.

Norsk teiknspråk er eit eige språk oppbygd på sin eigen måte; det er såleis ikkje ei atgjeving av det norske verbalspråket gjennom eit anna medium. Det er eit språk for seg, ikkje gestikulering eller pantomime. Det er eit ekte språk, eit språk som har verdi i seg sjølv, også som ein del av den norske kulturarven.

For den døve eller tunghøyrde er ikkje teiknspråket berre eit verktøy for å overvinna ei nedsett funksjonsevne. Teiknspråket er ein del av identiteten til dei som har det som morsmål.

Dei fleste barn som har norsk teiknspråk som førstespråk, har foreldre som ikkje sjølv er døve, og desse foreldra må også læra seg teiknspråket for å kunna kommunisera med barnet sitt. Dessutan kan norsk teiknspråk også vera førstespråket til høyrande barn av døve foreldre.

Her i landet reknar Noregs Døveforbund med at det finst ca. 5000 døve. I tillegg reknar dei med at det er om lag dobbelt så mange – 10 000 personar – som sjølv er høyrande, men som bruker teiknspråk fordi dei er i familie med eller er venner

til døve. Overslaget frå Døveforbundet omfattar dessutan 1 500 fagfolk som bruker teiknspråk i yrkesutøvinga si.

Det totale talet på teiknspråkbrukarar i Noreg blir etter dette ca. 16 500. Norsk teiknspråk er altså eit nokså stort minoritetsspråk i Noreg.

Vi viser ellers til kap. 10.5.2.3.

4.1.6 Nyare innvandrarspråk

Heller ikkje for den delen av befolkninga som har nyare innvandrarakgrunn, finst det eksakte opplysningar om språk og språkbruk.

Derimot har vi statistikk over kor mange innbyggjarar som er fødte i utlandet, eller som har foreldre som begge er fødte utanlands. Vi veit også kva land desse har bakgrunn frå, og vi har kjennskap til dei språklege tilhøva i dei fleste av desse landa. Ein del kan ha skifta språk, slik at dei ikkje lenger er minoritetsspråkbrukarar. Vi må likevel kunna leggja til grunn at det store fleirtalet av både innvandrane sjølv og barna deira meistarar og i større eller mindre grad bruker dei aktuelle minoritetsspråka.

Den norske befolkningsstatistikken viser at det pr. 1. januar 2008 var registrert 459 614 personar som verken hadde foreldre eller besteforeldre som var fødte i Noreg. Dette utgjer vel 9,7 prosent av folketalet. Om lag 1 prosent hadde bakgrunn frå Sverige eller Danmark, 1,4 prosent frå andre vestlege land og 7,3 prosent frå ikkje-vestlege land. Dette betyr at 346 594 personar, eller vel 75 prosent av gruppa innvandra og førstegenerasjons nordmenn, hadde såkalla ikkje-vestleg bakgrunn. Ikkje-vestleg er i befolkningsstatistikken definert som land i Aust-Europa, Asia inkludert Tyrkia, Afrika og Sør- og Mellom-Amerika.

Dei ikkje-vestlege landa som hadde flest innvandrarar i Noreg, er Polen med 32 069, Pakistan med 29 134, Irak med 22 881, Somalia med 21 795, Vietnam med 19 226, Bosnia-Hercegovina med 15 649, Iran med 15 134, Tyrkia med 15 003, Sri Lanka med 13 063 og Russland med 12 823. Til saman er desse ti landa representerte med 196 777 innvandrarar i Noreg.

Det fanst personar med innvandrarakgrunn i alle kommunar, men to av kommunane, Beiarn og Osen, har ingen med ikkje-vestleg bakgrunn. I tjuufem kommunar utgjer innvandrarakgrunn meir enn 10 prosent. Av desse ligg Oslo klart høgast med 25,0 prosent, etterfølgd av Drammen med 19,3 prosent og Lørenskog med 16,8 prosent. Oslo og Drammen ligg også på topp når ein berre tek med personar med ikkje-vestleg bakgrunn.

⁷ Kristoffersen, Gjert et al. 2005: 27.

Oslo har altså klart flest personar med innvandrarbakgrunn, både absolutt og relativt. Det absolute talet er 139 878 personar, og av desse utgjer personar med ikkje-vestleg bakgrunn 115 574. Det betyr at 18,9 prosent av befolkninga i Oslo har såkalla ikkje-vestleg bakgrunn.

I Oslo har ca. 35 prosent av elevane i grunnskulen og ca. 30 prosent av elevane i vidaregåande skule minoritetsspråkleg bakgrunn. Dei representerer over 120 ulike språk, og opphaldet deira i Noreg er av svært variabel lengd.⁸ Alt i alt reknar ein med at den nyare innvandrarbefolkninga i Noreg har morsmålsbakgrunn frå til saman meir enn 150 ulike språk. Mellom dei største innvandrarspråka målte etter talet på brukarar i Noreg er urdu/panjabi, svensk, engelsk, dansk, vietnamesisk, bosnisk-kroatisk-serbisk og albansk, alle med meir enn 15 000 brukarar.⁹

Etter opplæringslova har elevar i grunnskulen med anna morsmål enn norsk og samisk rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgja den vanlege opplæringa i skulen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.

Pr. 1. oktober 2005 var det 37 342 elevar som fekk særskild norskopplæring og i alt 20 717 som fekk morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring. Urdu og somalisk var dei to språka som det var flest elevar som fekk morsmålsundervisning eller tospråkleg fagopplæring i. Urdu hadde såleis 2521 elevar og somalisk 2175. Dei største språka deretter var arabisk, kurdisk, vietnamesisk, albansk, tyrkisk, bosnisk og tamil, alle med over 750 elevar. Endå 18 språk hadde meir enn 100 elevar, og i alt vel 40 språk hadde meir enn 20 elevar på landsbasis.¹⁰

4.2 Formell status for språka i Noreg

Det kan nyttast ulike merkelappar for å karakterisera den status som dei ulike språka har i Noreg i dag.

4.2.1 Hovudspråk og nasjonalspråk

I kraft av sin soleklare majoritetsposisjon som morsmål er norsk utan tvil *hovudspråket* i landet vårt.

Dette uttrykket – hovudspråk – er elles den grunnleggjande nemninga som vart brukt om det svenske språket i Sverige i det språkpolitiske vedtaket i Riksdagen frå desember 2005.

I førearbeida til dette vedtaket heiter det at denne nemninga strekar under verdien av det svenske språket, og at omgrepet gjev tydelege signal om at svensk er det språk som blir talt av det store fleirtalet av innbyggjarane, samstundes som det minner om at det også finst andre språk å ta omsyn til.¹¹ Det same kan gjerne seiast om norsk som hovudspråk i Noreg.

Norsk kan også omtalast som *nasjonalspråket* i Noreg. Poenget med omgrepet nasjonalspråk er å få fram at dette er eit språk som fungerer som eit fellesspråk innanfor ein nasjonalstat, på tvers av interne språkgrenser, det språket som også språklege minoritetar må kunna bruka, særleg dersom dei skal kunna gjera seg gjeldande på den offentlege arenaen. Norsk har slik sett tilnærma same stillinga i Noreg som dansk i Danmark og svensk i Sverige.

4.2.2 Offisielt språk

At eit språk er offisielt, tyder at det er formelt autorisert, eller at det er godkjent av ansvarlege styresmakter. Uttrykket gjev ikkje utan vidare svar på i kva funksjon, for kva formål, til kva bruk det er autorisert eller godkjent.

Alle språk kan difor seiast å ha ein offisiell status dersom dei direkte eller indirekte er omfatta av eit eller anna slags tiltak som det offentlege er ansvarleg for å tilby i medhald av lov, forskrift eller på anna formelt grunnlag.

Likevel blir uttrykket offisielt språk kanskje oftast brukt om språk som i kraft av vedtak eller sedvane har rettsleg status som offentleg administrasjonsspråk i eit land. Dette er som regel identisk med majoritetsspråket i landet, såleis norsk i Noreg, svensk i Sverige og dansk i Danmark. At språket er offisielt, tyder då at staten har nærare definerte plikter og språkbrukarane nærare definerte rettar til å bruka dette språket i ulike former for språkleg kommunikasjon dei imellom.

Her i landet blir dessutan samisk rekna som offisielt språk i kraft av den særskilde grunnlovsføreseigna og gjennom føreseigna i samelova som seier at samisk og norsk er likeverdige språk, og at dei skal vera likestilte språk etter dei nærare reglane i den same lova. Gjennomgåande har likevel ikkje samisk og norsk same funksjonar som administrasjonsspråk i det norske samfunnet. Jam-

⁸ Aasland, Tora et al. 2006: 34.

⁹ Kulbrandstad, Lars Anders 2004: 1.

¹⁰ SSB, Utdanningsstatistikk. Elevar i grunnskolen. Endeleg tal, 1. oktober, tabellane 6, 7 og 8.

¹¹ SOU 2002:27: 469.

ført med norsk er det offisielle bruksområdet for samisk avgrensa gjennom dei nærare språkreglane i lova.

Det at Noreg har ratifisert den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk, og at ratifikasjonen i tillegg til samisk er gjord gjeldande også for kvensk, romani og romanes, inneber at Noreg har teke på seg visse plikter overfor desse språka. På den måten har også desse fått ei form for offisiell status her i landet.

Vi ser av dette at uttrykket *offisielt språk* kan nyttast om språk med svært ulik formell og reell status, og at tydinga av uttrykket og dei substansielle følgjene av det kan variera mykje. Det typiske for den offisielle status som ulike språk kan seiast å ha, er at han har ulik innretning og ulik styrke for dei ulike språka, og at også rettsgrunnlaget kan vera ulikt. Slik sett blir uttrykket offisielt språk noko diffust.

4.2.3 Lovforankring av språk

Det norske språkets status er ikkje slått uttrykkelig fast i lov eller anna formelt regelverk. Rett nok kan lova om målbruk i offentleg teneste indirekte oppfattast som ei slags formalisering av ein offisiell status. Men denne lova nemner ikkje og regulerer ikkje bruk av norsk språk generelt; ho regulerer forholdet mellom bruk av bokmål og nynorsk.

Som utgangspunkt slår lova fast at bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vera jamstilte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune. På den måten gjev lova dei to norske skriftspråka kvar for seg eit offisielt bruksstempel, og ho byggjer dermed på den uuttalte føresetnaden at norsk er offisielt språk i Noreg.

Når det spesielt er skriftspråket vi har i tankane, kan vi gjerne også seia at bokmål og nynorsk er offisielle språk i Noreg, dvs. at vi har to offisielle norske skriftspråk. Det går også an å seia at vi i Noreg har tre offisielle samiske skriftspråk, nord-samisk, lulesamisk og sørsamisk.

Samisk språk har elles eit klarare ankerfeste i lovverket enn hovudspråket norsk. Særleg tungt veg det at samisk språk er verna i Grunnlova. I grunnlovsføresegna frå 1988 heiter det at «det paa-ligger Statens Myndigheder at lægge Forholdene til Rette for at den samiske Folkegruppe kan sikre og udvikle sit Sprog, sin Kultur og sit Samfundsliv».

Men i tillegg er det slått fast i samelova at samisk og norsk er likeverdige språk, og at dei skal vera likestilte språk etter dei føresegnene som går fram i eit eige kapittel om samisk språk i lova sjølv.

Uttrykka likeverdig og likestilt er dei same som i mållova. Det mønsteret som teiknar seg, er såleis at det er det språket som står svakast, som har motivert eit særskilt lovvern. Det kan seiast å gjelda både for nynorsk i høve til bokmål, gjennom mållova, og for samisk i høve til norsk, gjennom samelova.

4.2.4 Språkleg forvaltningsområde

Sjølv om samisk er offisielt språk og likestilt med norsk, gjeld likevel klare juridiske og geografiske avgrensingar. Det er såleis dei særskilde språkreglane i kap. 3 i samelova som nærare fastset kva konkrete rettar dei skal ha, som ønskjer å bruka samisk i kontakt med offentlege styresmakter. Dessutan gjeld dei fleste av desse rettane berre innanfor det som lova definerer som forvaltningsområdet for samisk språk.

Gjeldande forskrift fastset at dette området omfattar Finnmarks-kommunane Karasjok, Kautokeino, Nesseby, Porsanger og Tana, dessutan Kåfjord i Troms, Tysfjord i Nordland og Snåsa i Nord-Trøndelag.

Tysfjord vart innlemma i forvaltningsområdet frå 1. januar 2006 og Snåsa frå 1. januar 2008. Etter dette er no også ein lulesamisk og ein sørsamisk kommune representert innanfor forvaltningsområdet. Dei tidlegare seks kommunane ligg alle innanfor det nordsamiske busetjingsområdet.

Lavangen kommune i Troms har søkt om å bli innlemma i forvaltningsområdet frå 1. januar 2009.

4.2.5 Urfolksspråk

I tillegg til nasjonalt grunnlovs- og anna lovvern har samisk språk i Noreg eit folkerettsleg vern ved at den samiske folkegruppa i Noreg er definert som urfolk etter ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar. Noreg ratifiserte konvensjonen 20. juni 1990.

Konvensjonen godkjenner mellom anna urfolks ønske om å ha kontroll over sine egne institusjonar, si eiga livsform og økonomiske utvikling, og om å halda oppe og utvikla vidare sin identitet, sitt språk og sin religion innanfor ramma av dei statane dei lever i.

Konvensjonen fastset i artikkel 28 at barn som tilhøyrer vedkomande urfolk, skal læra å lesa og skriva på sitt eige opphavlege språk eller på det språket som er mest brukt i den gruppa dei høyrer til, så sant dette er praktisk mogleg.

Samstundes heiter det at det skal treffast fullgode tiltak for å sikra at det er mogleg for dei som høyrer til vedkomande urfolk, å uttrykka seg fly-

tande på nasjonalspråket eller på eit av nasjonal-språka i landet. Endeleg heiter det at det skal trefast tiltak for å bevare og fremja utvikling og bruk av det opphavlege språket for vedkomande folk.

4.2.6 Språk knytte til nasjonale minoritetar

I folkeretten blir omgrepet minoritet brukt om ei gruppe menneske som ikkje berre i tal er underlegen majoritetsbefolkninga, men som også har etniske, språklege, kulturelle og/eller religiøse særtrekk som gjer at dei i vesentleg grad er ulike resten av befolkninga i den staten der dei er busette.¹²

For at ein minoritet skal reknast som *nasjonal*, blir det i tillegg normalt stilt krav om statsborgarskap og at gruppa har opphavleg eller langvarig tilknytning til det aktuelle statsterritoriet.¹³

I samband med den norske ratifikasjonen av Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar i 1999 vart det konkludert med at kriteria i konvensjonen var oppfylte for dei norske minoritetsgruppene kvener, skogfinnar, romanifolket (tatarar/dei reisande), rom og jødar.

Desse fem gruppene vart dermed omfatta av konvensjonen som nasjonale minoritetar. Som nemnt under kap. 4.1.4 ovanfor er det likevel berre tre av dei som har ein opphavleg språkbakgrunn som er så mykje intakt at også språket deira har fått særskilt folkerettsleg vern. Det er kvensk, norsk romani og romanes.

I rammekonvensjonen heiter det i innleiinga at eit pluralistisk og genuint demokratisk samfunn ikkje berre bør respektera den etniske, kulturelle, språklege og religiøse identiteten til kvar enkelt person som høyrer til ein nasjonal minoritet. Staten bør også leggja tilhøva til rette for at dei kan uttrykka, bevare og utvikla denne identiteten.

Etter artikkel 5 i konvensjonen pliktar Noreg å fremja dei føresetnader som er nødvendige for at personar som høyrer til nasjonale minoritetar, kan bevare og utvikla sin kultur, dessutan bevare dei grunnleggjande delane av sin identitet, dvs. deira religion, språk, tradisjon og kulturarv. Konvensjonen har elles ei rad andre føresegner om ulike språklege rettar.

Som urfolk i minoritetsposisjon må også samane etter folkeretten reknast som ein nasjonal minoritet. Under førebuinga av den norske ratifikasjonen av konvensjonen gav likevel det norske Sametinget uttrykk for at samane ikkje ønskte å bli

inkluderte i ei eventuell norsk erklæring om kva grupper som var omfatta av konvensjonen.

Grunnen var at dei heller ønskte å vareta sin status som urfolk og verna om den styrkte rettsstillinga som var oppnådd for urfolk gjennom ILO-konvensjonen som er nemnd ovanfor. Det er likevel klart at minoritetskonvensjonen vil gjelda fullt ut også for dei grupper eller enkeltpersonar blant samane som ønskjer å ta han til inntekt for seg.¹⁴

4.2.7 Historiske regions- eller minoritets-språk

Både samisk, kvensk, romani og romanes kjem også inn under ein omfattande minoritetskonvensjon i Europarådet som meir spesifikt tek sikte på språkvern. Det er den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk, også omtalt som minoritetsspråkkonvensjonen.

Konvensjonen vart vedteken i 1992 og ratifisert av Noreg året etter, men vart først sett i kraft frå 1. mars 1998. Han har tre delar. Del I inneheld generelle føresegner, del II omfattar mål og prinsipp som statane skal leggja til grunn og streva etter å realisera, medan del III omfattar konkrete tiltak for å fremja bruken av regions- eller minoritetsspråk i offentleg verksemd, og denne delen legg rettsleg bindande plikter på styresmaktene.

Del III vart i samband med den norske ratifikasjonen gjord gjeldande for samisk, nærare bestemt nordsamisk. Ved ratifikasjonen vurderte Noreg det slik at dei pålagde pliktene alt var oppfylte gjennom språkreglane i samelova.¹⁵ Pliktene gjeld ulike tiltak for bruk av vedkomande språk innanfor utdanning, domstolar, administrative styresmakter og offentlege tenester, medium, kulturaktivitetar og kulturanlegg, innanfor det økonomiske og sosiale liv og når det gjeld grenseoverskridande kontaktar.

Ved sida av nordsamisk, som altså har vern på nivå III i pakta, har sørsamisk og lulesamisk vern på nivå II. Det same har kvensk, romani og romanes. Men dette vernet legg altså ikkje rettslege plikter på ratifikasjonsstatane.

Gjennom artikkel 15 er det fastsett at statane med jamne mellomrom skal leggja fram ein rapport for generalsekretæren i Europarådet om den politikken som er ført når det gjeld føresegnene i del II og III. Den første norske rapporten vart lagd fram i 1999, den andre i mars 2002 og den førebels siste i april 2005. Departementet held no på med å førebu den fjerde rapporten.

¹² St.meld. nr. 15 (2000–2001) kap. 3, innledningen.

¹³ St.prp. nr. 80 (1997–98), kap. 3, underkapittel 3.3.2

¹⁴ St.prp. nr. 80 (1997–98) kap. 3.7.

¹⁵ St.meld. nr. 55 (2000–2001), kap. 7, jf. underkapittel 7.2.

Rapportane blir til vanleg følgde opp ved at ein ekspertkomité i regi av Europarådet vitjar Noreg og møter både departementet og representantar for dei aktuelle minoritetsspråka.

4.2.8 Nyare innvandrarspråk i Noreg

Kravet om langvarig tilknytning til den aktuelle staten sitt territorium gjer at relativt nykomne innvandrarakar til landet og etterkomarane deira ikkje blir rekna som nasjonale minoritetar som kjem inn under dei aktuelle folkerettskonvensjonane. Mange nye innvandrargrupper er likevel kulturelle og språklege minoritetar i den staten dei lever, med eit anna morsmål enn majoritetsspråket og det eller dei aktuelle nasjonalspråka.

Jamvel om alle dei nyare innvandrarspråka i Noreg ikkje har nokon formalisert status slik som omtalt ovanfor, representerer dei ikkje desto mindre eit viktig tilskot til det norske språklandskapet. Dei er i høg grad med på å teikna biletet av det moderne Noreg som eit mangespråkleg og fleirkulturelt samfunn. Den nasjonale språkrikdommen som har vakse fram dei siste tiåra, representerer eit verdifullt kulturelt mangfald for det norske samfunnet.

Det er først og fremst innanfor skule- og utdanningssystemet at omsynet til dette språklege mangfaldet kan seiast å ha materialisert seg i meir formelle ordningar og tiltak. I språkopplæringsmeldinga frå Kunnskapsdepartementet er det nemnt at det totalt er 117 språk som er representerte som morsmål i grunnopplæringa.¹⁶

Etter opplæringslova har elevar i grunnskulen med anna morsmål enn norsk og samisk rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgja den vanlege opplæringa i skulen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.

Morsmålsopplæringa kan leggjast til ein annan skule enn den eleven til vanleg går ved. Når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan gjevast av eigna undervisningspersonale, skal kommunen så langt det er mogleg, leggja til rette for anna opplæring som er tilpassa føresetnadene til elevane.

4.2.9 Andre nordiske språk i Noreg

Personar med bakgrunn frå Sverige og Danmark har eit morsmål som ligg så nær opptil norsk at dei

knapt kan reknast som ein språkleg minoritet i eigentleg meining. At norsk, svensk og dansk i stor grad er gjensidig forstålege språk, gjer at svenskar og danskar i Noreg normalt kan snakka og skriva sitt eige språk i det norske samfunnet, dvs. at dei ikkje har behov for å tileigna seg norsk som andrespråk.

Det finst likevel ein nordisk språkkonvensjon, som tok til å gjelda frå 1987. Konvensjonen gjev nordiske borgarar rett til å nytta heimlandets språk i kontakt med styresmakter i eit anna nordisk land. Ved behov skal styresmaktene syta for gratis tolke- og omsetjarteneste. Pr. i dag omfattar konvensjonen språka norsk, dansk, svensk, islandsk og finsk.¹⁷

Konvensjonen har i praksis mest å seia for dei som ikkje har eit skandinavisk morsmål.

4.2.10 Eit mindre brukt språk

I mange samanhengar er det formålstenleg å omtala nynorsk og bokmål som eigne språk. Vi snakkar også spesielt om nynorsk skriftkultur og om nynorsk språk og kultur. Dei som bruker nynorsk som det faste skriftmålet sitt, har behov for å identifisera dette som eit eige språk, ulikt frå det dominerande skriftmålet i landet, bokmålet.

Ofte ser ein også uttrykket minoritetsspråk brukt om nynorsk. Men etter folkeretten kan ikkje dei som bruker nynorsk, definerast som ein minoritet. Skiljet mellom nynorsk og bokmål i Noreg reflekterer inga form for etnisk kløyving i folket. Det er geografi, familiebakgrunn og språkideologiske haldningar som i hovudsaka avgjer kva for eit av dei to norske skriftspråka folk vel. Difor bør ein også unngå å kalla nynorsk eit minoritetsspråk.

Nynorsk er formelt sett fullt ut jamstilt med bokmål, og i delar av landet er nynorsk det dominerande språket. I nasjonal målestokk er likevel nynorsk mindre brukt enn bokmål, og det er helst slik ein bør omtala nynorsk språk i Noreg, som eit mindre brukt språk.

Det bør nemnast at uttrykket mindre brukt språk ikkje er eit norsk påfunn; det blir også nytta i europeisk samanheng. I Brussel finst ein organisasjon med namnet The European Bureau for Lesser-Used Languages, forkorta EBLUL, som arbeider for å fremja språkleg mangfald innanfor EU-området. Her dekkjer uttrykket mindre brukt språk rett nok også dei eigentlege minoritetsspråka, men ikkje berre desse.

¹⁶ St.meld. nr. 23 (2007–2008): 15.

¹⁷ Kulbrandstad, Lars Anders 2004: 13.

4.2.11 Status for teiknspråk

Særskilde spørsmål reiser seg når det gjeld teiknspråk. På den eine sida er det her tale om språk for menneske med ei nedsett funksjonsevne. På den andre sida ser vi i dag ei utvikling også internasjonalt som går i retning av å definera døve som ein språkleg minoritet.

Dette spørsmålet er nærare drøfta i kap. 10.5.

4.3 Kva er eit eige språk?

4.3.1 Kvensk som eige språk

Av og til – og i ulike samanhengar – reiser spørsmålet seg om kva som er eit eige språk og ikkje berre ein variant av eit anna språk.

I 2001 vart Noreg av ministerkomiteen i Europarådet bedt om å klargjera om kvensk er å sjå på som ein finsk dialekt eller eit eige språk. Bakgrunnen var at norske styresmakter til vanleg brukte dobbeltnemninga kvensk/finsk, mellom anna fordi kvenene sjølve har brukt både kvensk og finsk som nemning.

Initiativet frå Europarådet førte til at saka i 2003 vart nærare utgreidd av ein særskild ekspert på oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet.

Utgreiingsrapporten konkluderte med at dei samfunnstilhøva og dei språklege tilhøva som gjeld for den kvenske minoriteten, gjer at det ikkje er noko i vegen for å sjå på kvensk som eit eige språk. Språkstrukturelle skilnader mellom kvensk og finsk talte også for ein slik konklusjon.

Rapporten var på høyring i 2004, og dei fleste som uttalte seg, var positive til å godkjenna kvensk som eige språk. Dette var også eit ønske hos kvenene sjølve, og ved kongeleg resolusjon av 24. juni 2005 vart det formelt vedteke å godkjenna kvensk som eige språk. Språket skulle framleis ha vern på nivå II i minoritetspråkpakta.

4.3.2 Norsk, dansk og svensk – bokmål og nynorsk

Det finst likevel ingen opplagd definisjon på kva som er eitt språk med mange dialektar eller ulike skriftformer, og kva som er fleire språk. Til dels avheng nemningsbruken av kva ein ønskjer å oppnå med omtalen.

Det er ikkje eingong opplagt at norsk, dansk og svensk må definierast som eigne språk, i og med at dei i stor grad er gjensidig forståelege. Når det likevel er vanleg å rekna dei som sjølvstendige språk i høve til kvarandre, er det fordi dei eksisterer som ulike skriftspråk i kvar sin nasjonalstat.

Bokmål og nynorsk er òg ulike skriftspråk, men dei blir brukte i den same nasjonalstaten. Opphavleg vart dei standardiserte uavhengig av kvarandre, men seinare har dei utvikla seg i nært samarbeid og nær kontakt, og dei er gjensidig vortne nærma til kvarandre på eit talemålsgrunnlag som er vorte meir og meir felles.

Eit språk kan altså definierast ut frå ulike kriterium. Det eine er lingvistisk avstand til andre språk, det andre er om språket eksisterer som ein sjølvstendig standardisert språkvarietet, det vil i praksis seia som skriftspråk.¹⁸

4.3.3 Samisk – eitt eller fleire språk

I kap. 3.1.3 har vi nytta hovuddialekt om dei ulike varietetane av samisk språk. Trass i at nabodialektane er gjensidig forståelege, finst det likevel skilnader innanfor det samiske busetjingsområdet som har fått språkforskarar til å snakka om fleire samiske språk i staden for dialektar av det same språket.

Slike skilnader trer først fram når ein samanliknar hovuddialektar av samisk som geografisk ligg langt frå kvarandre, som til dømes nordsamisk og sørsamisk. For å illustrera den språklege avstanden mellom desse har ein samanlikna med skilnaden mellom norsk og islandsk, medan skilnaden mellom nordsamisk og lulesamisk kan samanliknast med tilhøvet mellom norsk og svensk.

Omsynet til samisk einskap og samkjensle kan tilseia at ein nyttar samisk språk i eintal. Det kan vera med på å understreka at samane er eitt folk.¹⁹ Derimot kan praktisk språkstyrkings- og språkdyrkingsarbeid trekkja i motsett lei, for samisk språkpolitikk i Noreg omfattar i stor grad spesifikke tiltak retta mot nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk kvar for seg.

Også det at nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk har ulikt vern etter den europeiske minoritetsspråkpakta, og at det blir rapportert til Europarådet for kvart av dei, kan dra tanken i retning av eigne språk. Dei har også kvar sine skriftnormalar.

Her skal også nemnast at ved ei lovendring i samelova som tok til å gjelda frå 1. januar 2003, nytta departementet bevisst uttrykket *samiske språk* i fleirtal. Den føresegna som då kom inn i lova, påla Sametinget å arbeida for vern og vidare utvikling av samiske språk i Noreg.

¹⁸ Vikør, Lars S. 1994.

¹⁹ Å gjenreise urfolkenes kulturelle identitet. (The Revival of the Cultural Identity of Indigenous peoples). Ole Henrik Magga, professor i samisk ved Sámi Allaskuvla, Guovdageaidnu og Universitetet i Tromsø.

Det heitte i proposisjonen at departementet med å nytta fleirtalsforma ville presisera at ein i Noreg har fleire samiske språk, nordsamisk, lulesamisk, sørsamisk og austsamisk/skoltesamisk. Poenget var å få fram at arbeidet til Sametinget skulle omfatta alle desse.

4.4 Nordisk kontekst

4.4.1 Språka i Norden

I innleiinga til den nordiske språkdeklarasjonen er det gjeve eit grovt oversyn over språk i Norden og kva status dei ulike språka har, både formelt og med omsyn til det faktiske bruksområdet deira i samfunnet.

Det er presisert at Norden i denne samanhengen omfattar fem statar, Danmark, Finland, Island, Noreg og Sverige, tre sjølvstyrte område, Færøyane, Grønland og Åland, og eit samanhengande samisk kultur- og språkområde på norsk, svensk og finsk territorium.

4.4.2 Alle språk i Norden

Deklarasjonen har som utgangspunkt alle språk som blir talte av personar som bur permanent i Norden, og omtaler desse som *alle språk i Norden*. Dette uttrykket dekkjer då totaliteten av språk i heile Norden, og deklarasjonen reknar med at dette omfattar så mange som om lag *200 utanom-nordiske eller ikkje-nordiske språk*.

Dette store språkmangfaldet er eit resultat av den aukande innvandringa til Norden gjennom dei siste tiåra.

4.4.3 Nordens språk

Om alle dei resterande språka i Norden bruker deklarasjonen uttrykket *Nordens språk*, og dei inkluderer mellom anna alle språk som er knytte til grupper med status som *nasjonale minoritetar* i eit nordisk land, og dessutan alle *dei nordiske teiknspråka*.

Gruppa av språk knytte til nasjonale minoritetar omfattar i tillegg til dei som finst i Noreg, kvensk, romani og romanes, og også meänkieli (tornedalsfinsk) og jiddisk i Sverige og tysk i Danmark.

4.4.4 Samfunnsberande språk

Den tredje gruppa av Nordens språk omfattar to språk som deklarasjonen reknar for å vera *samfunnsberande, men ikkje komplette språk* innanfor dei respektive språksamfunna sine.

Desse er *samisk*²⁰ og *grønlandsk*. Deklarasjonen definerer samfunnsberande som eit språk som blir nytta til offisielle formål, som undervisning og lov-gjeving.

4.4.5 Samfunnsberande og komplette språk

For at eit samfunnsberande språk i tillegg skal vera eit komplett språk, må det også fungera og kunna nyttast på alle område av samfunnslivet.

Deklarasjonen reknar med seks nordiske språk som både er *samfunnsberande og komplette*, og desse seks omfattar mellom anna *færøysk*. Færøysk fell likevel i ein kategori for seg i denne klassifiseringa, fordi Færøyane ikkje er eigen stat.

4.4.6 Statsberande språk

Vi står dermed att med fem språk, som i tillegg til å vera både samfunnsberande og komplette, også er *statsberande språk*. Desse fem er finsk, islandsk, svensk, dansk og norsk.

4.4.7 Dei skandinaviske språka

Innanfor denne sistnemnde gruppa er det likevel rimeleg å skilja ut *dei tre skandinaviske språka*, svensk, dansk og norsk, ikkje minst fordi det er dei som utgjer grunnlaget for den gjensidige språkforståinga i Norden, og som dermed er basis for det nordiske samarbeidet generelt og det nordiske språksamarbeidet spesielt.

²⁰ Her nærare bestemt nordsamisk.

5 Språk og makt

5.1 Innleiing

5.1.1 Maktperspektivet i språkpolitikken

5.1.1.1 Språk og makt i historisk perspektiv

Historisk har språk og språkutvikling i Noreg vore stridstema i ein sosial, kulturell og politisk makt-kamp på ein heilt annan måte og i mykje større grad enn til dømes i dei nordiske nabolanda våre.

Språkpolitikk har handla om rettskrivings-spørsmål, om eventuell tilnærming mellom bok-mål og nynorsk, om riksmål og samnorsk, om til-høvet mellom dialektar og normalisert talemål osv. Den særnorske språkstriden var utslag av ein maktkamp som gjorde at språkpolitikk i periodar stod høgt oppe på den rikspolitiske dagsordenen.

Etter kvart vart dei gamle motsetningane dempa, og språkfred vart eit etterlengta mål hos mange.

Men det betyr ikkje nødvendigvis at språk og språkutvikling har mindre med makt å gjera i dag enn den gongen den gamle språkstriden var på sitt hardaste. Kanskje har skjulte maktmekanismer og maktstrukturar vel så mykje å seia for språksituasjonen vår som det opne maktspelet om språket vi hadde i tidlegare tider.

5.1.1.2 Grunnlag

Dei nordiske språkutgreiingane frå dei siste tiåra er nesten gjennomgåande berre beskrivande. Arbeidsgruppa som stod bak strategirapporten *Norsk i hundre!*, seier klart ifrå om at ho ikkje har sett det som si oppgåve å laga ein samfunnsanalyse (s. 13). Ein slik analyse har derimot makt- og demokratiutgreiinga presentert ved å drøfta språksituasjonen i Noreg i to kapittel i sluttrapporten.¹ At språk slik blir gjort til tema innanfor maktutgreiingssjangeren, er hittil eineståande.

I innleiinga til kapitlet om språkleg dominans heiter det:

«Språk er makt. Begreper og meningskategorier former oppfatningen av virkelighet, påkal-ler følelser og gir assosiasjoner. I interesse-kamp mellom grupper kan noen slå igjennom og oppnå overtak gjennom hegemoniske begreper og kategorier. Kampen om begre-pene og ordvalget blir en del av samfunnets maktkamp.

Kamp om makt utspiller seg ikke bare i språket, men er også en kamp om språket. Språket er en del av den meningshorisonten vi lever innenfor. Dette gjelder på alle språklige nivåer, fra variasjoner innenfor en dialekt eller et nasjonalspråk til forholdet mellom nasjonale språk. Karakteristisk for språklig dominans er at språk tegn og språktone knyttet til utkant-strøk eller lavere sosiale lag blir nedvurdert innenfor det dominerende språkmiljø. I Norge har dialektene langt på vei overvunnet slike mekanismer de siste tiårene.»²

Den sentrale budskapet i maktutgreiinga er at språket er ein del av kulturen, og at det dermed formidlar og avspeglar dominansforholdet i samfunnet. Det kjem til uttrykk i fleire språklege relasjonar, til dømes i

- at norsken dominerer over samisk,
- at bokmålet dominerer over nynorsken, og
- at engelsken i dag dominerer over norsken.

Dominansen gjev seg uttrykk i haldningar og at dei dominerte aksepterer verdiane, prioriteringane og definisjonane til dei dominerande. Dermed kjenner dei dominerte seg underlegne.

Utgreiinga omtaler dette fenomenet som *mental kolonisering*, og omgrepet refererer til prosessen der medlemmene i ei dominert gruppe blir sosialiserte inn i og lærte opp til å ta for gjeve at deira eigen kultur er mindreverdige, og at dei må ta etter den dominerande kulturen. I dette perspektivet blir språkspørsmåla politisk viktige, og særleg i universitetssamanheng kan vi ikkje oversjå denne samfunnsanalysen.

¹ Østerud, Engelstad og Selle 2003: 281–298, jf. også NOU 2003: 19 kap. 10.

² Østerud, Engelstad og Selle 2003: 281.

5.2 Språklege maktmekanismar og maktstrukturar

5.2.1 Makt

5.2.1.1 Språk og makt

Boktittelen *Språk er makt* av psykologen Rolv Mikkel Blakar frå 1973 opna eit nytt perspektiv på språk og vart raskt eit munnhell. No er det også vorte vanleg å seia at språk er ei viktig kjelde til makt, eller at språk og språkbruk representerer makt. Språk og språkbruk er integrert i samfunnet, «der kontroll, påvirkning og makt er uttrykk for sentrale mellommenneskelege relasjonar», skriv Blakar.³

Men språk er ikkje alltid makt, og makt dreier seg om mykje meir enn språk og språkbruk.

I det daglege gjev språk makt ved at nokon definerer situasjonar, markerer tilknytning eller avstand, gruppefelleskap eller sosialt overtak. Dette kan gjerast ut frå ein målretta og medviten strategi, eller utan at den som utøver makta, tenker over kva som skjer.

Språkmakt kan koma frå språket sjølv, frå det å ha ordet i si makt, eller frå ytre omstende. Den makta som ligg i sjølve språket, har å gjera med både form og innhald i det som blir sagt eller skrive.

Den makta som ligg utanfor språket, kjem særleg frå den som ytrar seg, den gruppa vedkomande høyrer til, eller den status som språksystemet har. Mest språkmakt har gjerne den som både meistrar det språklege uttrykket og har ein sosial posisjon som gjev ekstra respekt eller truverde.

Det som er tema i denne meldinga, er språk og språkbruk i det offentlege rommet, utanfor privatlivet og familiens fire vegger. Vi ser bort frå den typen uformell språkleg makt som ligg i sjølve språksystemet og i det å meistra språklege verkemiddel, med mindre slik makt har eller kan få følgjer for samfunnsutforminga og politiske avgjerder. Den makta som ligg i språket, kjem her i bakgrunnen for den språklege makta som ligg i det å kunna bruka språket og delta i dei demokratiske prosessane i samfunnet.

Drøftinga i dette kapitlet er ordna etter ulike sider i tilhøvet mellom makt og språk. Forholdet mellom dei to offisielle målformene er både formelt og språkleg annleis enn forholdet mellom norsk og samisk, norsk og minoritetsspråk, norsk og engelsk. Men ved at vi her i prinsippet drøftar makt på tvers av slike språkskilje, kan både felles trekk og skilnader bli tydelegare. Dette kan gje ei

meir samla forståing av forholdet mellom makt, språk og demokrati i Noreg.

5.2.1.2 Språk i norske maktutgreiingar

I Noreg er det gjennomført to store maktutgreiingar. Den første vart gjennomført under leiing av Gudmund Hernes i åra 1972–82. Den andre, under leiing av Øyvind Østerud i perioden 1998–2003, er også nemnd ovanfor.

Den første utgreiinga skulle «skaffe til veie et best mulig kjennskap til de reelle maktforhold i det norske samfunn». Ut frå ei forståing av «maktutøvelse som viljesutøvelse» var utgreiinga konsentrert om fordeling av økonomisk og politisk makt, og om forholdet mellom statsmakt og marknadsmakt.

I sluttrapporten vart den makt massemedia har, drøfta i eit lengre kapittel, men ikkje forholdet mellom makt og språk.⁴ Hernes skreiv i det teoretiske grunnlagsdokumentet *Makt og avmakt* eit avsnitt som dels bygde på framstillinga til Blakar. Der heiter det:

«Språket har makt over tanken fordi det gjør det vanskeligere å tenke i andre baner. Språket kan også brukes til å utelukke andre fra forståelse, og dermed fra meningsberettigelse og deltakelse. Det språk som er knyttet til flere profesjoner tar til dels sikte på at diskusjonen mellom deres utøvere skal gå over hodene på folk slik at de ikke blander seg inn.»

Ei deloppgåve i mandatet var å «klarlegge grupper som har liten innflytelse over sin egen situasjon», men dette vart i liten grad følgt opp i dei mange bøkene og skriftene frå denne første norske maktutgreiinga.

Perspektiva på makt vart utvida i 1980- og 90-åra, ikkje minst ved at søkjelyset vart retta mot kva rolle kommunikasjon og språk har i samfunnet. Dette viser att i den andre maktutgreiinga. Hovudtemaet i dette utgreiingsarbeidet var «vilkårene for det norske folkestyret og endringer i disse». Her skulle ein mellom anna vurdere kva sosiale, økonomiske og kulturelle skiljelinjer, alder og kjønn kunne ha å seia for høve til å delta og påverka. Utgreiinga skulle på den eine sida avgrensa merksemda til forholdet mellom makt og demokrati, og på den andre sida drøfta dette frå så mange synsvinklar at den samla drøftinga ville bli ganske mykje vidare enn i den første maktutgreiinga.

Sluttrapporten er *NOU 2003:19 Makt og demokrati*. I tillegg kom det 76 skrifter i ein rapportserie, 51 boktitlar og store mengder fagartiklar og kro-

³ Blakar, Rolv Mikkel 2006: 225.

⁴ Petersson, Olof 1987: 121

nikkar. Forholdet mellom språk og makt er drøfta i eit eige kapittel i sluttrapporten og litt i eit anna kapittel, dessutan i nokre av dei andre skriftene.

5.2.1.3 Omgrepet «makt»

Den siste maktutgreiinga definerer makt som evne til å nå eit mål, skapa ein verknad. Makt kan utøvast direkte i tvangs- og avgjerdsituasjonar, eller indirekte gjennom symbol, institusjonar og sosiale strukturar.⁵

Utgreiinga skil så vidare mellom politisk, økonomisk og ideologisk makt. Med ideologisk makt meiner utvalet makt over tankar, verdiar, kjensler og sjølvopfatning. Det heiter vidare:

«Den ideologiske makten – i vid forstand – ligger for det første i de begreper og kategorier som gir mening til verden omkring oss. Kildene til slike meningsgivende kategorier kan være profesjoner og intellektuelle, vitenskap og litteratur, politiske bevegelser og organisasjoner. Slike meningsgivende kategorier dannes gjennom språket; derfor er språk også makt, og derfor er de begrepene som dominerer, viktige for hvilke interesser og synspunkter som har overtaket.»

Ei slik forståing gjer makt til noko meir enn det å nå eit mål eller skapa ein verknad, som ber i seg at nokon handlar for å oppnå noko. Den innleiande maktdefinisjonen blir altså utvida, og det er nødvendig for at språket i makta og makta i språket skal kunna drøftast.

Makt over språket er ei viktig form for kulturell og ideologisk makt og har dermed mykje å seia for ideologiske brytingar og fellesskapar. Gjennom språk blir oppfatningar både forma og haldne ved like. Kva maktbruk språkbruken representerer, er avhengig av korleis noko blir uttrykt, kva ord og uttrykk som er nytta, og i kva grad ein må ta stilling til det som er vorte sagt. Det vil seia at makt verkar inn på all kommunikasjon i samfunnet. Makt kan ha ei eller anna form for kommunikasjon som føresetnad, men treng ikkje ha det, skriv Olof Petersson, som i åra 1985–90 leidde ei svensk maktutgreiing.

Makt kan vera både positivt og negativt. Den eller dei som blir utsette for handlingar eller situasjonar dei ikkje ønskjer, vil ha ei negativ oppfatning av den makta som ligg bak. Eit fleirtal vil som oftast oppfatta si eiga makt positivt. Det vil også ei gruppe eller eit mindretal gjera i dei høva dei maktar å oppnå det dei helst ville.

5.2.1.4 Formell og uformell makt

Maktfrie soner finst knapt. Det er makt til stades i nesten alle former for sosiale relasjonar, men det vil ikkje seia det same som at alt er makt. Makt kan vera formelt forankra i eit system eller basert på uformelle strukturar.

Ofte må den uformelle makta balanserast med formelle ordningar. På eit overordna nivå er det representative demokratiet i seg sjølv eit slikt system for å kunna kontrollera og regulera andre former for makt. Då Norsk språkråd vart skipa i 1972 og i 2005 omdanna til Språkrådet, var det i begge høve eit tiltak for å formalisera den offentlege makta over språk- og språkbruksutviklinga.

Makt er ein viktig faktor både i dei formelle avgjerdsprosessane der forholdet mellom fleirtal og mindretal er avgjerande, og i dei uformelle relasjonane mellom majoritet og minoritetar. Dei relasjonane blir særleg synlege gjennom språket.

I svært mange situasjonar i det moderne samfunnet er det berre gjennom språk, som oftast i form av tekstar, ein møter eller merkar makta.

I strategirapporten frå Språkrådet i 2005 blir *domene* definert som «et område for menneskelig aktivitet knyttet til bestemte tidspunkter, omgivelser og rollerelasjoner». Undervisning, forskning, kyrkjeliv, kulturliv, forvaltning og næringsliv er døme på slike domene.

5.2.1.5 Marknadsmakt

På same måten som det finst ei marknadsmakt innanfor produksjon og sal av varer og tenester, gjer det seg gjeldande ei ideologisk *marknadsmakt* som utløyser og verkar inn på kulturelle maktprosessar.

I den norske blandingsøkonomien er det å hevda sine interesser økonomisk vorte ein viktig maktfaktor. Denne marknadsmakta kan forsterka språklege maktposisjonar ved at språk og målformer som er lite brukte, blir endå mindre brukte eller blir oppfatta som eit hinder for å nå ut til alle ein ønskjer å få i tale.

Bokmål har i mange krinsar både høgare sosial status og høgare marknadsverdi enn nynorsk. Dette har tradisjonelt vore det viktigaste argumentet for at så få forlag og mediebedrifter satsar på å bruka nynorsk på den riksdekkjande marknaden. Resultatet er at det språklege mangfaldet både i kulturtilbodet og andre sektorar blir redusert.

5.2.2 Språkleg makt og avmakt

5.2.2.1 Språk som system

Språk er noko alle menneske brukar, og som alle difor veit noko om.

⁵ NOU 2003:19: 11. Formuleringa er litt utvida i Østerud, Engelstad og Selle 2003: 15

Språk blir utvikla for å etablere kontakt, men er noko meir enn eit teknisk kommunikasjonsmiddel. Omgrepet *språk* blir i dag brukt i svært mange og nyanserte tydingar – kroppsspråk, biletspråk, verbalspråk, symbolspråk. Særleg biletspråk og visuelt kommunikasjon har svært ulik status i ulike kulturar. I denne meldinga er språkomgrepet i utgangspunktet avgrensa til tydinga 'verbale uttrykk', men i tillegg kjem også teiknspråk, som er eit gestuelt-visuelt språk.

Språk kan definerast som eit system av reglar for danning av ytringar.⁶ Desse systema er felles for éi gruppe menneske, og slike grupper kan skilja seg frå kvarandre på ulikt vis – kulturelt, etnisk, sosialt, økonomisk, geografisk.

Få språkgrenser fell saman med nasjonsgrenser; den typiske situasjonen er at ein nasjon er eit samfunn med fleire språk.

Variasjonar innanfor eit språk som følgjer geografiske merke, blir kalla dialektar, medan sosiolektar er variasjonar som følgjer sosiale grenser.

Eitt språkssystem er ikkje betre enn eit anna, og éin språkbruk er ikkje språkleg sett betre enn ein annan. Det er når språkbruk og språksyn blir kopla saman med ulike former for ideologisk makt, at visse former og somme språk blir oppfatta som betre enn andre.

5.2.2.2 *Språk og samfunn*

Språk er system i endring. Språk som er i bruk, endrar seg heile tida, sakte eller raskt. Nokre av desse endringane følgjer av samfunnsendringar, andre har å gjera med maktfordeling.

Språk er sosiale vanar og kulturelle identitetsmerke. Språk ein høyrer eller ser lite til, blir difor uvanleg, merkeleg, rart. Kvinnerørsla stilte frå 1970-åra mange spørsmål ved etablert språkbruk og gjorde mykje for å underleggjere det som til då hadde vore teke for gjeve. Det vart viktigare enn før at kvinnene kom til syne også i det språklege. Over tid har dette representert ei tydeleg språkleg maktendring, og språkbruken har på dette området endra seg mykje.

Det er gjennom språk vi grip og forstår, og delvis formar, den sosiale røynda, skriv Blakar.⁷ Den som har kontroll over språket, får dermed også mykje å seia for kva sosial røynd som kan gripast. Gjennom språket forstår vi altså både oss sjølve og andre. Språk er det viktigaste midlet vi har til å oppnå erkjenning og vinna innsikt, men språk kan både tildekkja og avdekkja. Ubehagelege emne og gjerningar kan omskrivast. Språkforma og språk-

bruken kan bera i seg ein bodskap som ikkje er uttrykt direkte, men som lesaren eller lyttaren oppfatar meir eller mindre bevisst.

5.2.2.3 *Ein språkdelt norsk felleskultur i eit fleirkulturelt samfunn*

Nasjonale symbol og fellesskapsuttrykk kan verka kulturelt utjamnande, i ein del tilfelle også einsrettande, og dermed dekkja over kulturelle skilnader som likevel finst.

Så seint som i 1970-åra var det vanleg å framstilla Noreg som eit eittspråkleg og eittkulturelt samfunn.

Det ser ut til at langtidsverknadene av den nye ikkje-vestlege innvandringa til landet frå midten av 1960-åra har endra denne oppfatninga. Sjølv om fleire språk enn norsk hadde vore representerte i det norske samfunnet i fleire hundre år, var det først ved inngangen til det 21. hundreåret at det vart ei meir vanleg oppfatning at Noreg no hadde endra karakter og vorte mangespråkleg. Det vart vanskelegare å tala om kultur i bunden form eintal, og det gav meir meining å tala om kulturelle prosessar enn om kulturar.

Noreg som eit fleirkulturelt samfunn er altså ikkje noko nytt. Det nye er heller at dei miljøa som pregar dette fleirkulturelle samfunnet i dag, er meir av ein ideologisk maktfaktor på nasjonalt nivå, ikkje berre i dei miljøa og regionane der dei er mest markerte. Mange fleire etniske nordmenn kjem tettare innpå denne fleirkulturelle situasjonen enn det som var tilfellet i høve til samane og dei nasjonale minoritetane.

I tillegg til å vera eit mangespråkleg samfunn har Noreg ein språkdelt norsk kulturtradisjon. Denne samla språklege og kulturelle variasjonen gjev gode føresetnader for å møta dei utfordringane det fleirkulturelle samfunnet representerer.

I ein del samanhengar blir det at mange barn i Noreg er fleirspråklege, brukt som forklaring på at til dømes ein del elevar slit i skulekvardagen. Ei slik oppfatning inneber at det kan vera uheldig for barn og unge å kjenna og meistra fleire språk. Språkforskinga gjev ikkje dekning for eit slikt synspunkt, og moderne utdanningspolitikk har lenge vore bygd på ein føresetnad om at det er ein fordel å meistra fleire språk.

5.2.2.4 *Språkleg makt i kraft av det «naturlege» og «nøytrale»*

I all kommunikasjon må noko takast for gjeve, elles blir all form for kontakt så omstendeleg og komplisert at han bryt i hop. Alle tek likevel ikkje det same for gjeve. Den som tek ein viss språkbruk

⁶ Uri, Helene 2004: 13.

⁷ Blakar, Rolv Mikkel 2006: 225.

eller dei språklege maktforholda i samfunnet for gjevne, utøver ideologisk makt.

Makt som blir teken for gjeven, blir oppfatta som naturleg og må ikkje grunnjevast. Slik er det også med språkleg makt. Særleg i 1970-åra gjorde den nye kvinnerørsla opprør mot det dei kalla eit mannspråk. Dei som då ville halda på nedervde tradisjonar, måtte grunnje ein språkbruk det ikkje var stilt spørsmål om før, til dømes nemninga «formann» i staden for «leiar».

Internasjonalt skil det seg om ein markerer kjønn i yrkes- og funksjonstitlar. I Noreg som i resten av Norden er det vorte vanleg å bruka kjønnsnøytrale nemningar som «varamedlem» for «varamann». Først i dei siste tiåra har «stortingsrepresentant» avløyst «stortingsmann», og «reingjeringshjelp» har kome i staden for «vaskekone». No er nemninga «leiar» sjølvskriven og utløyser difor ingen reaksjonar, medan det vekker oppsikt at Den norske Forfatterforening framleis held seg med «formann». Kjønnsnøytrale yrkesnemningar kan samstundes skjula skeiv rekruttering av menn og kvinner.

Alt språk er menneskeskapt. Det som er forma gjennom sosiale prosessar og menneskeleg handling, kan aldri vera *naturleg* i tydinga uavvendelig eller uunngåeleg. Derimot kan det menneskeskapte bli meir eller mindre typisk, vanleg eller dominerande.

I mange språkdiskusjonar har ei såkalla «naturleg språkutvikling» eller «fri språkutvikling» vore halden fram som eit ideal, til tider jamvel som uunngåeleg. Dei som då har ønskt å påverka språkutviklinga, er gjerne vortne karakteriserte som grupper og miljø som vil bruka tvang, makt. Å framstilla menneskeskapte forhold som naturlege er i seg sjølv ein måte å bruka språkmakt på. Å hevda ei slik oppfatning representerer eit maktmiddel for nokre og skaper avmakt hos andre.

Grunnlaget for at språkbruk og forholdet mellom ulike språk endrar seg, er alltid knytt til maktmekanismer som hegemoni og dominans. Ei fri språkutvikling i tydinga upåverka av økonomisk, politisk eller ideologisk makt er difor utenkjeleg.

Det som blir oppfatta som naturleg, normalt eller nøytralt, er det ikkje nødvendig å legitimera verbalt. Denne typen fleirtalsmakt legg ikkje fleirtalet sjølv merke til.

Både i offentleg sektor og elles i samfunnet vil det i avgjerdsprosessar vera nødvendig å ta ulike omsyn og vega overordna mål mot kvarandre. Den som ikkje tek stilling, eller som ser bort frå visse behov, risikerer at alt blir som før, og at maktforholdet blir verande uendra også på område der ending er nødvendig. Å stilla seg nøytral er eit legitimt

standpunkt. Å prøva å nøytralisera eit spørsmål ved å oversjå det eller prøva å gjera det uviktig, er derimot å bruka makt.

Etter stortingsvedtaket i 1885 om jamstilling mellom dei to norske målformene har den offentlege språkpolitikken i Noreg aldri lagt ein slik nøytralitet til grunn. Å ta omsyn til begge sider i denne saka tyder ikkje at det alltid er formålstenleg å ta like mykje omsyn til begge sider. Den offentlege språkpolitikken må justera for følgjene av den språklege marknadsmakta. Difor var det så seint som i 2004 brei semje i Stortinget under handsaminga av kulturmeldinga om at det i visse tilfelle er nødvendig å favorisera tiltak som styrker bruken av nynorsk.

5.2.2.5 Språk og identitet

Både språk og identitet er menneskeskapte. I det moderne samfunnet kan eitt menneske ha meir enn ein identitet. Blant desse ulike identitetane kan éin vera viktigare enn dei andre. Den språklege identiteten treng ikkje vera den viktigaste. Ei kvinne frå Pakistan som arbeider på eit sjukehus i Stavanger, kan leggja ulik vekt på dei sidene ved eigen identitet som gjeld kjønn, etnisitet, nasjonalitet, bustad, yrke.

Identitet er ein kulturell og sosial prosess som i prinsippet aldri tek slutt. Ofte vil identiteten vera sterkast når han er knytt til noko som blir oppfatta som eit mindretal. Etnisk kvite nordmenn med standard austlandsk talemål har gjerne ein svakare språkleg identitet enn ein førstegenerasjons innvandrar frå Tyrkia. Å identifisera seg sjølv språkleg inneber å ta stilling til den språksituasjonen ein lever i. Den språkmakta som pregar den situasjonen, får då som regel følgjer for kva språkleg identitet ein formar.

Identitetsprosessar er dynamiske prosessar som på grunnlag av kunnskapar, interesser og verdioppfatningar blir utvikla i samvær mellom menneske. Etnisk identitet vil ofte vera klarare og lettare å observera enn identitet knytt til målform. Identitet og personleg integritet heng saman. Blir medarbeidarar med «eksotiske» namn bedne om å kalla seg noko anna når dei skal ringja til kundar ved til dømes telefonsal, er det å krenkja integriteten deira og dermed å svekkja deira kulturelle identitet.

Språkbruk kan vera med og forma og halda ved like sosiale fellesskapar, ved at nokre er innanfor og andre er utanfor. Fagspråk stadfestar faglege fellesskapar på same måten som slangspråk i ungdomsmiljø både markerer grensene for desse miljøa og uttrykkjer korleis dei oppfattar seg sjølve.

5.2.2.6 Språkleg avmakt

I den første maktutgreiinga var *avmakt* eit berande omgrep, tydeleg skilt frå det å ha lite makt. Avmakt inneber at «betingelsene for virkningsfull målrettet handling» ikkje er til stades. Det kan sjølv ressurssterke miljø og grupper bli utsette for når dei ikkje maktar å samordna eigne interesser. Presset frå engelsk mot den mest brukte målforma i Noreg, bokmål, kan seiast å utløysa slik avmakt viss dei som ber oppe denne målforma, ikkje greier å gå saman om å styrkja bruken og ta attende domene der bokmål er i ferd med å bli mindre brukt. Å ha lite makt inneber derimot at ein har små eller få ressursar til rådvelde i den aktuelle situasjonen.

I den siste maktutgreiinga blir omgrepet og perspektivet avmakt berre brukt i nokre drøftingar av språkleg avmakt, og i nokre spørsmål som gjeld situasjonen for minoritetar. Då blir avmakt gjerne forstått som det motsette av makt, men avmakt vil ikkje seia det same som lite makt og er noko anna og mykje meir enn fråvær av makt. Avmakt kan resultera i handlingslamming eller maktesløyse. Den som ikkje har språket i si makt, kan vera makteslaus.

Når språkbruk og maktbruk heng saman, inneber det også at språkbruk kan skapa avmakt og gje oss ei kjensle av språkleg avmakt. Blakar peiker på fleire slike typar opplevingar på det personlege planet. Det kan mellom anna dreia seg om at vi ikkje når fram eller får kontakt, at vi ikkje får sagt det vi gjerne vil få fram, og at vi misforstår eller blir misforstått. Også sosiale grupper kan oppleve språkleg avmakt. Det sterkaste uttrykket for dette er når eins eige språk ikkje blir akseptert eller av formelle grunnar ikkje kan brukast. Denne typen språkleg avmakt svekkjer det kulturelle grunnlaget for gruppa.

5.2.2.7 Skrift og tale

Normerte skriftspråk oppstår aldri naturleg, men blir forma gjennom meir eller mindre målretta språkplanlegging og språkstyring. Så lenge eit språk er i bruk, tek slike prosessar aldri slutt.

Svært mange skriftkulturar har bygd på ei oppfatning om at avstanden mellom skriftspråk og det allmenne talespråket skulle vera stor. Standarden for desse skriftspråka har gjerne bygd på overklassens språk og sosiale prestisje. Då debatten om eit norsk språk tok til tidleg på 1800-talet, innebar det generelle kravet om fornorsking at denne avstanden måtte reduserast. Den som gjekk lengst, var Ivar Aasen. Som den første tok han steget fullt og bygde opp eit skriftspråk nedanfrå, basert på talemåla til allmugen.

Demokrati er å delta. Den som vil delta aktivt i eit moderne samfunn, må meistra språket. Då må det språket vera tilgjengeleg for alle. Utgangspunktet for Ivar Aasen var at det ikkje var slik, at skriftspråket var noko eit mindretal brukte. Når fleire kan bruka sitt eige skriftspråk og si eiga stemme, blir språket demokratisert, og med det samfunnet.

Summen av geografiske, sosiale og aldersmessige talemålsskilnader gjer truleg talemålsvariasjonen større i Noreg enn i mange andre land. Meir enn før kan folk flest bruka sine eigne talemål i nær sagt alle situasjonar. Trass i dette mangfaldet finst det fleire typar normer for talemålsbruk, både for kva som høver og ikkje høver, kva som er vakkert eller ikkje vakkert, kva som er sofistisert, og kva som er latterleg.

I eit land som Frankrike kan det å meistra standardfransk reknast som ein føresetnad for å vinna ein offisiell og formell posisjon. Slik er det ikkje i Noreg. Frå det som blir rekna som den fremste talarstolen i landet, Stortinget, har det vore brukt mange ulike talemål iallfall sidan tidleg på 1900-talet. Frå 1913 er representantane refererte på anten bokmål eller nynorsk. I 1930 hadde Ap-politikaren Olav Scheflo merka seg at Venstre-politikaren Torgeir Lund frå Kolvereid snakka «kav innherredsdialekt». «Nu er vi kommet så langt at en mann kan stå i Stortinget og snakke sin egen dialekt og bli hørt på», sa Scheflo.

Finanstalen, der finansministeren legg fram statsbudsjettet, vil i dei fleste land vera ein av dei kulturelt viktigaste talane. I Noreg har den vore framført på tydeleg talemålsgrunnlag. I dag må ingen statsråd eller stortingsrepresentant modifisera det norske talemålet sitt før vedkomande går på talarstolen. Dette er eit viktig signal til allmenta om at eins eige språk er godt nok, og det er med og gjer det vanskeleg å bruka talemål som eit tydeleg maktmiddel andsynes andre.

I Noreg utvikla det seg ein talemålskultur der dialektane til sist – det tok lang tid – vann eit klart hegemoni. Denne talemålskulturen kan forståast som ein historisk nødvendig føresetnad for seinare språkleg demokratisering. Dette dreier seg om prosessar i retning av at jamt fleire frå ulike sosiale sjikt over tid kunne hevda sine interesser, fremja sine behov eller ta del i språkhandlingar på både offentlege og andre arenaer.

At dialektane har fått høgare status samstundes som nye fleirkulturelle former er vortne ein del av den norske kvardagen, har truleg vore med og auka den språklege toleransen andsynes nynorskbrukarar. Likevel er det truleg meir akseptert å bruka dialekt i dag enn å skriva nynorsk. For dei som skriv lite, er dessutan talemålet viktigare enn

skriftspråket. Å kunna halda på talemålet sitt er vorte ei særnorsk norm.

I utgangspunktet er normert skriftspråk noko ein lærer best gjennom skulegang. Kor godt ein meistarar dette normerte språket, varierer mykje, og difor kan slike skriftnormer vera med og halda oppe skilnader mellom grupper. For mange kan difor den norske situasjonen med stor skriftleg valfridom innanfor dei to målformene ha visse fordelar.

5.2.3 Samfunnsendingar som flyttar språkleg makt

5.2.3.1 Strukturelle prosessar

Makt blir brukt, og maktstrukturar finst. Politisk er det like viktig å forstå korleis makt blir etablert. Innanfor språkfeltet liksom på andre område har organisering av interesser tent til å etablere makt. To døme på dette frå seinare tiår er målrørsla si evne til å gje norske talemål høgare sosiale status, og dei mange endringane i ordbruk som følgde med den nye kvinnerørsla.

Både makt og språk er dynamiske samfunnstrekk. Språk endrar seg, maktfordeling endrar seg; det same gjer språkbruksmønster, gjennom meir eller mindre kontinuerlege prosessar. Nokre av desse er strukturelle prosessar som får følgjer for den språklege makta.

Frå eit språkpolitisk perspektiv er nokre av desse prosessane særleg viktige: globalisering, individualisering, privatisering, institusjonalisering og frivillig organisering.

5.2.3.2 Globalisering

I *globalisering* ligg ein ny måte å oppfatta samtida på. Omgrepet karakteriserer den prosessen der varer, kapital, personar og informasjon flyttar seg raskt og i stort omfang, og som endrar dei kulturelle og språklege rammevilkåra.

Globaliseringsprosessane ber i seg fleire og djupare språkmøte mellom folk og kulturar. Det endrar språksituasjonen på fleire måtar.

Generelt har globaliseringsprosessen styrkt engelsk som det mest brukte språket i verda, sjølv om det ikkje er det språket som flest har som morsmål.

Ei anna viktig endring er at fleire språk kjem tettare på kvarandre enn før, og at dette gjeld mange fleire menneske enn tidlegare.

Den tredje viktige endringa er at dette auka språkmangfaldet ser ut til å fremja ein generell toleranse for at språk er ulike.

I Noreg kan globaliseringsprosessen difor svekkja norsk språk allment dersom det ikkje blir ført ein aktiv politikk for bruk av norsk.

5.2.3.3 Individualisering

Globalisering og *individualisering* heng nøye saman.

Aukande individualisering inneber at gruppetilknytning og gruppeidentitet løyser seg opp, og at kollektive trekk smuldrar.

Enkeltpersonar kan i større grad regissera seg sjølv og velja livsløp og karriere, heiter det i den nyaste maktutgreinga. Det føreset at dei har makt og handlefridom nok til å gjera nettopp det.

Den aukande individualiseringa kan altså gjera det meir krevjande å ta vare på eller styrkja dei kulturelle og språklege identitetane til mindretalsgrupper. Den samiske identiteten for til dømes ein sørsame eller austsame kan smuldra opp viss samar som gruppe kjenner mindre tilknytning seg imellom.

5.2.3.4 Privatisering

Forholdet mellom offentleg og privat sektor er vorte endra. Gjennom fristilling og anna form for *privatisering* blir oppgaver, funksjonar og ansvar flytta ut frå offentleg sektor.

På språkfeltet inneber dette at også meir av makta over språkbruken blir verande utanfor det området staten, fylka og kommunane sjølve utan vidare kan styra eller regulera.

I den grad dette fører til at fleire tek ansvar for språkbruken, kan det gje visse positive verknader. Skjer ikkje dette, vil skeivfordelinga av språkleg makt berre bli forverra. Fråvær av politisk regulering vil på det språklege området styrkja dei som alt er sterke.

5.2.4 Språklege og kulturelle maktmekanismar

5.2.4.1 Maktmekanismar

Å ha eller utøva makt inneber ikkje alltid formålsretta handlingar eller tiltak for å bruka den makta. Men i det daglege er det likevel mange maktmekanismar som gjer seg gjeldande.

På det språklege feltet dreier det seg mest om sosiale eller psykologiske maktmekanismar. Slike mekanismar kan altså verka uavhengig av intensjonane til enkeltpersonar eller grupper. Uavhengig av demokratiske reguleringar og formelle ordningar verkar fleire slike språklege og kulturelle maktmekanismar inn på språksituasjonen i eit samfunn.

Dei som blir utsette for slike maktmekanismar, blir underlegne på fleire vis. Den nyaste maktutgreiinga peikar på desse ringverknadene:

«Kulturelle uttrykksformer tørker ut, koder i virkelighetsoppfatning forsvinner, nyanser og variasjon i det språket som er knyttet til erfaringsbakgrunn og følelsesliv, går tapt.»⁸

Språkleg og kulturell sjølvtilitt blir då meir og meir til språkleg og kulturell underordning.

5.2.4.2 Dominans

Dominans viser seg gjerne som ei nedvurdering av språkbruk og språkformer som kan knytast til utkantstrøk, lågare sosiale lag, eller som på anna vis har mindre prestisje hos dei som forvaltar hegemoniet. Denne nedvurderinga kan ofte skje gjennom bagatellisering og latterleggjering, og den som blir utsett for slike mekanismar og verkemiddel, blir underlegen i situasjonen.

«Vellykka» dominans inneber at nokon blir underordna, og slik underordning fører gjerne til at den som er dominert, gradvis går over til det dominerande språket. Verken ein etnisk, sosial eller språkleg minoritet vil ha interesse av å halda ved like relasjonar som er prega av dominans, og vil difor ofte vera oppteken av å avsløra skjulte mekanismar i denne dominansen.

Kva som blir rekna for «naturleg», har å gjera med kven som utøver dominans. Gjennom oppvekst og seinare sosialisering blir mange haldningar forma, og ein veks så å seia inn i den språkbruken som dominerer. Den store skilnaden mellom synet på forholdet mellom kvinner og menn for femti år sidan jamført med i dag, og måtane dette har endra seg på, syner korleis eit språkssystem speglar, tek vare på og fører vidare etablerte sosiale maktstrukturar, men også korleis slike maktstrukturar kan endra seg.

Ei tydeleg språkleg-sosial maktendring gjorde seg gjeldande då Stortinget i 1885 vedtok å jamstilla dei to norske målformene. Dei neste tiåra skifta svært mange skular opplæringsmål, både den lokale forvaltninga og kyrkjelokna endra målform i delar av landet, og mange privatpersonar gjekk over til å skriva landsmål, seinare nynorsk. Desse endringsprosessane snudde mange stader opp ned på dominansforholdet utan å endra situasjonen nasjonalt. At norske språkbrukarar er i skiftande fleirtal og mindretal, inneber at den norske språksituasjonen er prega av ulike dominansforhold i ulike delar av landet.

5.2.4.3 Hegemoni

Tenkjemåtar som er med og rettferdiggjer ein bestemt type dominans, representerer eit hegemoni. Å ha eit hegemoni er altså å ha eit strukturelt og definisjonsmessig overtak, ofte nesten umerkeleg slik at dominansen og makta verkar heilt sjølvsgad eller naturleg, og ikkje må grunngjevast. Den som har ei formell fleirtalsmakt, forvaltar element av eit slikt hegemoni gjennom ideologisk makt.

Grupper, miljø, institusjonar som er i ein hegemonisk posisjon, legg premisser for kva som gjeld og kva som er legitimt, og kan gjera det så lenge dei som blir utsette for dette hegemoniet, godtek premissane og underordninga. Ein kamp om hegemoniet vil difor innebera usemje om korleis situasjonar bør forståast, saker sorterast og omgrep definerast. Det vil seia at hegemoni føreset ideologisk makt.

Å ha hegemoniet inneber å kunna seia kva som blir rekna som normalt. Uttrykket «norsk og nynorsk» kan vera ei forsnakking, men er for mange det opplagde uttrykket for «bokmål og nynorsk» fordi bokmål er det normale for dei og dermed berre eit anna ord for norsk.

Den kulturelle og språklege sjølvtilitten er svak hos store grupper av nynorskbrukarar. Temmeleg store grupper særleg av unge nynorskbrukarar er den dag i dag negative til sitt eige språk. Det sjølvbiletet blir langt på veg forma av andre, av dei som utøver det kulturelle hegemoniet i samfunnet.

Måten ei sak blir forstått på, avgjer kva endringar og løysingar som blir vurderte. Diskusjonar om korleis ein situasjon bør forståast, kjem altså ofte til uttrykk som ein kamp om omgrep. Dette er ei *definisjonsmakt*. I mange former for offentlege ordskifte og på alle saksfelt er det å kontrollera denne definisjonsmakta ein nødvendig føresetnad for å nå fram.

Hegemoniet og definisjonsmakta kjem gjerne til uttrykk gjennom språket. Å prøva å monopolisera eller avgrensa perspektiv er typiske trekk ved slik språkbruk.

5.2.4.4 Marginalisering

I den siste maktutgreiinga blir uttrykket *marginalisering* brukt om meiningsskapande prosessar som gjer at noko blir sentralt og noko anna blir uviktig.⁹ Det kan vera rettare å tala om at noko blir uviktig ved at noko anna blir viktig.

Mykje tyder på at den språklege toleransen overfor nynorskbrukarane har auka i seinare tiår. Etter kvart som det har vorte større merksemd om

⁸ Østerud, Engelstad og Selle 2003: 283.

⁹ Benum, Edgeir et al. 1999: 25.

situasjonen for andre språklege mindretalsgrupper, kan nok samstundes den nynorske sida av den norske språksaka ha vorte mindre relevant for mange.

Marginalisering heng altså saman med prosesar som kan verka i stikk motsette retningar. Når enkelte i seinare år har hevda at spørsmålet om norske domenetap til engelsk gjer forholdet mellom bokmål og nynorsk uviktig, kan det marginalisera situasjonen til nynorskbrukarane. Å bagatellisera er ein måte å gjera eit fenomen, eit behov eller ei sak mindre viktig på, og det kan representera ei vilja form for marginalisering.

Også lovgjeving kan føra til marginalisering. I så godt som alle land i Europa bruker innbyggjarane meir enn eitt skriftspråk. Offisielt er 25 av 37 land eittspråklege. Det inneber at ein del minoritetsspråk og regionale språk ikkje har dei same rettene som dei offisielle språka. Brukarane av desse språka kan oppleva dette som ei marginalisering av deira språk og kulturtradisjon.

5.2.4.5 Ignorering

Også ignorering kan vera ei viktig form for maktutøving. Denne maktmekanismen fører lenger enn den nedvurderinga som ligg i marginalisering.

Den som ignorerer, tek ikkje ei bestemt gruppe, eit behov eller ei side av saka med i vurderinga i det heile.

I mange samanhengar kan det vera ganske lett å rettferdiggjera ei slik ikkje-vurdering for den som ønskjer det.

Ignorering er likevel slett ikkje alltid tilsikta. Når eit hegemoni er vorte svært sjølvstøtt og noko blir teke for gjeve, er det fort gjort å sjå bort frå legitime behov og interesser.

5.2.4.6 Stigmatisering og trakassering

Språk er sosiale normer, og nokre av desse normene, og dermed språka, står sterkare enn andre. Å bryta med desse normene kan innebera ei *stigmatisering* og er til tider vorte det i ganske sterk grad i Noreg. Stigmatiseringa kan slå over i trakassering retta mot det som blir oppfatta som uønskt avvik.

Mange innvandrarakar opplever trakassering i ord og handling, retta mot deira språk- og kulturtradisjonar. Slik trakassering har så vel nynorskbrukarar som nasjonale minoritetar også lang røynsle med. Dette er ei uformell form for diskriminering det er vanskeleg å hindra.

Særleg frå 1970-åra vart merksemda retta mot det som vart kalla sexisme i språket. Emnet femner særleg om nemningar for kvinner og menn, prono-

menbruk og yrkes- og funksjonstitlar. Variasjonen av synonym for kvinner og menn, særleg dei nedsetjande orda, vart avdekt og dermed gradvis stigmatisert.

Kor sterkt haldningane til og stereotypiane om kvinner og menn kjem språkleg til uttrykk, avdekte danske Jann Scheuer då ho gjekk gjennom 40 millionar ord frå ulike sjangrar i tidsrommet 1938–1992. Her viste det seg at pronomenet *hendes* hadde fått mest følgje av ord for kropp og kroppsdelar, medan *hans* stod til ord for åndeleg og offentleg verksemd. Slike språklege skilnader kan ikkje løysast gjennom formelle forbod.

Sexisme og rasisme heng saman, også i språket. Det er dei same sosiale og språklege mekanismane som gjer seg gjeldande når ord som «kvinnfolkarbeid», «fjellfinn» og «negerarbeid» dels blir brukte medvite for å krenkja, eller blir opplevde som krenkjande av dei denne ordbruken blir retta mot. Orda oppstår som uttrykk for sosiale realitetar og er med på å skapa og vedlikehalda eksisterande sosiale maktforhold. I språket er det altså mange samanhengar mellom makt basert på kjønn og makt basert på etnisitet.

5.2.4.7 Assimilering

Assimilering inneber at minoritetar går opp i majoriteten, tek opp i seg dei normene som gjeld i fleirtalsforma for kulturell fellesskap, og at særtrekka deira blir viska ut. Når ein slik maktmekanisme blir omgjord til politisk strategi, kan følgjene bli store.

Fornorskingspolitikken overfor samane var lenge basert på assimilering.

Til skilnad frå assimilering legg moderne integrasjon til grunn at skilnadene mellom grupper og kulturtradisjonar ikkje skal bli borte, og at særtrekk må respekterast. Å integrera grupper står difor ikkje i motstrid til ønsket om å sikra eit kulturelt mangfald.

5.3 Motmakt og demokratisk makt over språket

5.3.1 Motmakt

5.3.1.1 Svar på makt

Dei som blir utsette for maktmekanismer av det slaget som er nemnt ovanfor, kan svara ved å utøva motmakt.

Først og fremst gjeld det å endra oppfatninga om kva som er naturleg og normalt, vinna legitimitet for eigne språk- og kulturtradisjonar, og bli aksepterte som noko som er verdifullt for andre enn dei som sjølve er innanfor desse tradisjonane.

For alle som knyter identitet til sitt eige språk, vil det vera viktig å vinna respekt for denne identiteten og at han blir akseptert.

I eit demokrati er det fleirtalet sitt ansvar å sikra rettane og vilkåra for ulike mindretal. Ut over det slike mindretalsgrupper kan oppnå gjennom formell makt i form av demokratiske fleirtalsvedtak, og gjennom formelle rettar, kan dei utfordra den uformelle makta ved å mobilisera tilslutning til institusjonalisering og organisering. Som enkeltpersonar kan dei til vanleg oppnå lite. Ved å organisera eigne fellesskapar kan dei henta styrke til å stå imot det dei opplever som eit uønskt press.

5.3.1.2 *Institusjonalisering*

Institusjonalisering kan kompensera for manglande ideologisk makt og påverka dei språklege maktforholda.

Målfolk bygde frå andre halvdel av 1800-talet opp eigne, alternative institusjonar og verksemder i form av eigne blad og aviser, forlag, overnattingsverksemder, serveringsstader, finansinstitusjonar, skular og yrkesorganisasjonar for journalistar og forfattarar. Dette var med og skilde det nynorske ut frå resten av det norske samfunnet.

Liknande former for institusjonalisering har vore viktige for at samane kunne nå fram med sine interesser og sine språkleg-kulturelle behov. I seinare år har også kvenene vunne fram på denne måten.

Slik institusjonalisering fell gjerne saman med formalisering av rettar i lovform. Lova om målbruk i offentleg teneste er med og regulerer forholdet mellom dei to jamstilte målformene, og § 110a i Grunnlova pålegg den norske staten ei rettsplikt til å verna samisk språk. Demokratiet som styringsform sikrar at slike lovreglar kan brukast aktivt og gjerast om til argument.

5.3.1.3 *Frivillig organisering*

Frivillig organisering har hatt mange funksjonar. Ein av dei viktigaste har vore å ta vare på viktige politiske funksjonar i samarbeid med det offentlege.

Organisasjonar med eit språkleg-kulturelt formål har tent til å gjera språk til eit viktigare emne i offentleg debatt og for offentleg sektor.

Med Noregs Ungdomslag frå 1896, Riksmålsforbundet frå 1899 og Noregs Mållag frå 1906 vart det norske språkfeltet organisert. For nynorskbrukarane har denne frivillige organiseringa vore ein nødvendig føresetnad for å oppnå den posisjonen som nynorsk skriftkultur har i dag.

Med tida kom det til mange fleire slike frivillige organisasjonar. Den første store ad hoc-organisasjonen på språkfeltet var truleg Foreldreaksjonen mot samnorsk kring 1950.

Mot slutten av 1900-talet vart den vanlege organisasjonsmodellen utfordra av det maktutgreiinga kallar ei «her-og-no»-organisering i form av nettverksbaserte organisasjonsformer. Å handla vart viktigare enn å delta.

Å bidra til ei sak eller støtta ein ideologi er for mange ikkje lenger god nok grunn til vera med i ein organisasjon. Det må vera personleg tilfredsstillande å delta. Dette merkar også dei etablerte språkorganisasjonane.

Dei to største norskdomsorganisasjonane, Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag, har nesten 50 prosent færre medlemmer i dag enn for 25 år sidan. Også andre frivillige organisasjonar har gått sterkt tilbake. Noko av nedgangen for norskdomsorganisasjonane kan bli vegen opp av ei sterkare institusjonalisering av dei interessene desse organisasjonane arbeider for, men på dette området får endringane i organisasjonssamfunnet kulturpolitiske følgjer.

5.3.1.4 *Synleggjering og dokumentasjon*

Dersom ein tradisjon ikkje er synleg, kan han heller ikkje formidlast. Særleg må mindre brukte språk gjerast synlege, både som språkssystem og som språkbruksmønster.

Ved å dokumentera nynorsken og den store mengda av dialektvariasjon i historisk perspektiv og i ulike sjangrar og uttrykksformer blir grunnlaget tryggare for både argumentasjon og handling, kulturelt så vel som politisk og pedagogisk. I dette perspektivet er kunnskap makt, for på kunnskap kviler dei beste argumenta.

Både dei mange dialektane og det nynorske skriftspråket kan vinna auka prestisje ved at dei blir grundig dokumenterte på nett, i databasar eller i bokform. Slik blir språk og målform også meir tilgjengeleg.

5.3.2 **Demokratisk makt over språket**

5.3.2.1 *Språk og demokrati*

Demokrati blir gjerne forstått på fire ulike måtar:

Statsform med folkestyre: Allmenn og lik røysterett gjev veljarane direkte eller indirekte makt over politiske avgjerder

System av rettar og rettsstatlege garantiar: Regulerer makt i den forstand at lov og rett skal vera lik for alle

System for aktiv deltaking: Gjev rom for samtale og høve til å bli høyrd

Felles grunnverdi: Representerer ein grunnleggjande tillit til borgarane si evne til å delta

Desse tydingane kan også seiast å vera ulike sider ved eit demokrati som utfyller kvarandre. I eit slikt system har språkleg makt følgjer for både deltaking, innverknad og dei faktiske avgjerdene.

5.3.2.2 Skiftande fleirtal og mindretal

Noko av det mest særmerkte ved den språkdelte norske kulturen er at nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar er i skiftande fleirtal og mindretal. Bokmålsbrukarar som er i stort fleirtal i Oslo-regionen, kjem i mindretal viss dei flyttar til Sunnfjord. Tilsvarande vil nynorskbrukarar som utgjer eit tydeleg fleirtal på Sunnmøre, koma i mindretal viss dei flyttar til Vestfold.

I det fleirkulturelle Noreg blir dei etniske minoritetane verande minoritetar også om dei blir integrerte. Den nyaste maktutgreiinga peiker på at i spørsmål om demokrati og makt er situasjonen ulik for desse minoritetane:

«De nye innvandrergруппene møter makt i spørsmål om adgang og opphold og i premisene for integrasjonspolitikken. De eldre nasjonale minoritetene, som samene, møter makt i spørsmål om hvor vidtgående autonomi og rettigheter de skal ha.»

Minoritetane utgjer eit demokratisk dilemma ved at dei er mindre med i dei demokratiske prosessane eller blir utsette for diskriminerande mekanismar, samstundes som dei krev samfunnsendringar som mange i majoriteten enno ikkje ønskjer. Likevel kan minoritetar avgrensa fleirtalsmakta i den grad dei påverkar måten fleirtalet innrettar seg på i samfunnet. Minoritetane er altså ikkje heilt utan ideologisk makt.

5.3.2.3 Tilgang på makt gjennom språkleg deltaking

Det representative demokratiet, frå val av kasserarar i den lokale hornmusikken til val av stortingsrepresentant, representerer ein tilgang på makt.

Den politiske deltakinga har endra seg på to sentrale punkt dei siste tiåra. Kvinner – utanom innvandrargruppene – tek like aktivt del som menn. Særleg gjeld dette yngre kvinner, medan menn med låg utdanning og inntekt er vortne mindre aktive ved val. For desse representerer ikkje det representative demokratiet ein tilgang på makt som er viktig for dei.

Det gjeld å kunna bli høyrd og faktisk bli høyrd. Den som vil gjera seg gjeldande i det moderne samfunnet, må meistra språket meir enn på eit elementært nivå.

For å verna om sine eigne interesser og å verka inn på avgjerder som blir tekne, blir det jamt viktigare å kunne skriva og uttrykkja seg i dei sjangrane og uttrykksformene som er relevante i ei sak eller ein situasjon. Dette er viktigare enn å meistra alle detaljar i rettskrivinga, men den som er språkleg usikker, er gjerne også usikker på ordlegging og tekstforming. Språkleg kompetanse i form av ordtilfang og evne til å uttrykkja seg i ei av dei jamstilte målformene i landet er ein føresetnad for å gjera seg gjeldande som samfunnsborgar og delta i meningsdannande aktivitetar.

5.3.2.4 Forståing og definisjonsmakt gjennom språket

Å kunna forstå er ein nødvendig føresetnad for demokratisk deltaking.

Gjennom språket blir tydingar og vurderingar forma og overførte til neste generasjon. I dette ligg også at oppfatningane om språket og om situasjonen til språket blir overførte. Den vaksne traderer på denne måten noko av si eiga språkforståing til barna sine.

I eit av grunnlagsdokumenta for den nyaste maktutgreiinga heiter det at den som har makt over barndommen til andre menneske, har stor makt over sjølvforståinga og samfunnssynet deira.

På alle område blir sosiale realitetar og kulturelle oppfatningar førte vidare til neste generasjon gjennom språket. Både den språklege sjølvforståinga og oppfatningar om status for det språket ein sjølv bruker, blir prega av dette.

Når språk er makt, følgjer eit ansvar med den makta. Den som har noko å melda, har i prinsippet sjølv ansvaret for å bli forstått av dei vedkomande vender seg til. I to situasjonar fell det ansvaret bort. Den eine situasjonen er når mottakaren ikkje *vil* forstå, den andre når vedkomande ikkje forstår fordi avsendaren bruker eit språk mottakaren er lite kjend med.

Sjargongspråk innanfor ein generasjon eller ei sosial gruppe, til dømes det nyare kebabspråket, vil av mange bli opplevd slik.

For brukarane av eit mindre brukt språk oppstår jamvel den situasjonen at språkbrukarane sjølve ikkje kjenner mange nok ord og uttrykk i sitt eige språk.

5.3.2.5 *Språkmakt og massemedia*

Mediesamfunnet har fått preg av ei redigert offentlegheit. Den ideologiske makta som blir utøvd på dette feltet, gjeld både forståing av den norske språksituasjonen og konsekvensar av eigen språkleg praksis.

På leiar- og kommentarplass vil dei fleste mediebedriftene i dag ha eit romsleg forhold til den språkdelte norske kulturen. Når det kjem til eigen praksis, er det framleis skeivt.

Den som vil gjera seg gjeldande i massemedia, må tilpassa seg forma på moderne journalistikk. Forma femner om meir enn skrivemåte, vinkling, tilrettelegging.

Massemedia er blant dei som bruker og spreier språk mest, men mange mediebedrifter arbeider innanfor tydeleg definerte språkrammer. Redaktøren avgjer kva målform tilsette medarbeidarar skal bruke, medan lesarane etter kvart har kunna stå fritt i val av målform i sine meiningsytringar.

Først i 1999 slutta den siste norske avisa å omsetja lesarbrev frå nynorsk til bokmål før dei kom på prent. Den dag i dag er kvar fjerde avis i Noreg offisielt redigert på nynorsk eller på begge målformer.

Den vanlege rollefordelinga i mediesamfunnet har vore at somme er subjekt, andre objekt. Avstanden mellom den som ytrar seg, og den som lyttar til eller les ytringa, kan rett nok variera, men han er der. Med Internett er dette skiljet på veg til å løysa seg opp. Den nyaste maktutgreinga peiker såleis på at den digitale medieteknologien endrar samfunnet ved å endra vilkåra for sosial samhandling, endra rammevilkåra for avgjerdssystem som alt finst, og ved å endra vilkåra for skaping og formidling av kunnskap.

Forskningsprosjektet «IKT og lokaldemokratiet» ved Universitetet i Oslo, Høgskolen i Oslo og Norsk institutt for by- og regionforskning har studert nettdebattar i dei fire lokal- og regionavisene Drammens Tidende, Stavanger Aftenblad, Firda og Nordlys. Desse debattane fungerer som eit treningsfelt for deltaking i offentlege ordskifte ved at argument blir prøvde, prioriteringar vurderte og avgjerdssystemar evaluerte.

Langt på veg er det dei same som skriv i avisene som er med i nettdebattane. Det ser altså ut til at desse nettdebattane i liten grad rekrutterer deltakarar frå miljø som elles ikkje kjem til orde eller ikkje ville ha brydd seg. Derimot kan dei uttrykkja seg meir uformelt enn dei må om dei skal på trykk i avisene. Den språklege terskelen for å vera med blir dermed lågare. Det kan sjå ut til at elevar som tek til å skrive på pc før dei lærer handskrift, og

dermed skriv parallelt med at dei lærer å lesa, skriv betre og meir enn elevar som lærer å skriva for hand.

Uttrykksforma blogg vart det store sommaren 2005. Halvtanna år seinare var kvar tiande nordmann med i nettdebattar, ein tredjedel av alle nordmenn er innom og les frå desse debattane, og ein tredjedel av alle unge hadde alt konto på MySpace.

Svært mange opptrer anonymt på nettet, men politikarar og andre møter på denne måten grupper og enkeltpersonar som ikkje ville koma på noko debattmøte. Det er viktig å kunna skriva og å meistra dei sjangrane som blir brukte. Dei som slit med å skriva, vil altså ikkje nå fram her. Å vera sosial på nettet stiller såleis andre krav enn til kvardagens vanlege omfangsformer. Det er blitt endå viktigare å meistra skriftspråket og kunna uttrykkja seg skriftleg.

Teknisk er tilgangen til dei nye internettkanalanane lik for alle uavhengig av språk og målform. Fråværet av aktiv redigering og stimuleringstiltak fører til at det språket og den målforma som er mest brukt frå før, blir endå meir dominerande. Mangel på fullgode grammatikkontrollar og tekstmalar for heimesider i begge målformer og på minoritetsspråk forsterkar denne tendensen.

5.3.2.6 *Språkpolitisk lokaldemokrati*

Den språkdelte norske felleskulturen er forankra i eit direkte demokrati der den språkdelte situasjonen er knytt til formelle språklege val.

I over hundre år er språkleg praksis i offentlig sektor vorten avgjord lokalt. Skulekrinsane og kyrkjelydane held rådgjevande folkerøystingar om kva målform som skal brukast, og dei lokale folkevalde avgjer med fleirtalsvedtak i kommunestyra kva målform kommunen skal krevja av staten. Både i kyrkja og kommunane er det vanleg at slike vedtak står lenge, og at dei sjeldan blir endra.

Det ligg ikkje føre noko oversyn over utfallet av slike røystingar i kyrkja. For tida etter 1964 finst det derimot komplett oversyn for lokale folkerøystingar om opplæringsmålet i skulen. I tidsrommet 1965–2006 har det vore halde 352 slike folkerøystingar om opplæringsmålet i skulen. Ved desse folkerøystingane har over 65 000 personar teke del. 46 prosent av dei har røysta nynorsk, 54 prosent bokmål.

Den typiske skulemålsrøystinga har altså gjeve eit svært jamt resultat. I vedtaks form har likevel resultatet vore oftare bokmål enn nynorsk. I 205 krinsar vart resultatet bokmål, i 144 nynorsk. Det vil seia at bokmålet er vorte utfallet i seks av ti skulekrinsar. Nynorsk vart i si tid gjerne røysta inn

med klart fleirtal, men vart så seinare røysta ut att med knappe marginar.

Det lokale folkerøystingsinstituttet vart innført då lov om folkeskulen på landet vart endra i 1892. Då vedtok eit fleirtal i Odelstinget at skulestyra i kommunane skulle avgjera om lærebøkene i skulen «skal være affattede paa Landsmaal eller i det almindelige Bogmaal, og i hvilket af disse Maal Elevernes skriftlige Arbejder i Almindelighed skal affattes». Før skulestyra tok si avgjerd «skal Overtilsynet og derefter Kredsens Erklæring være indhentet». Dette skulle skje i krinsmøte der både foreldra til skulebarna og alle skattepliktige innbyggjarar over 25 år hadde røysterett. I desse lokale, rådgjevande folkerøystingane var det altså allmenn røysterett for begge kjønn. Allmenn røysterett for kvinner ved stortingsval vart først innført over tjuе år seinare, i 1913.

Det vart gjort endringar i desse røysterettsreglane i 1915, 1959 og 1985. Jamt over vart røysteretten verande allmenn, slik han også er i dag. Berre i åra 1971–85 og 1999–2000 var røysteretten avgrensa til foreldre med barn i skulepliktig alder. Det har også variert om røystingane har vore rådgjevande eller bindande. Ei undersøking om oppslutninga om desse folkerøystingane mellom 1965 og 2005 syner at valdeltakinga går noko ned når røystingane berre er rådgjevande.

Desse prosedyrane inneber ei formalisering av språklege avgjerder, er med og allmenngjer demokratiet som styreform og held ved like respekten for vedtak. Dette språklege lokaldemokratiet er difor ein viktig del av det som internasjonalt blir kalla den nordiske modellen for velferdssamfunnet. Innbyggjarane i Noreg har vent seg til korleis svært ulike emne skal avgjerast på demokratisk vis, og kva respekt for demokratiske vedtak inneber.

5.3.2.7 *Den demokratiske verdien av usemje*

Møte mellom ulike kulturar og verdjar kan både skapa positivt mangfald og konfliktfylte situasjonar. Dei kulturelle møta mellom Vesten og islam har utløyst mange sterke og brutale reaksjonar, og muslimar har markert tydeleg kva dei opplever som krenkjande handlingar.

Den norske språkstriden har til tider vore intens, men til skilnad frå mange språkkonfliktar i andre land har den norske språkstriden aldri ført til at dei som er i mindretal, har brukt ikkje-demokratiske verkemiddel.

I den nordiske velferdsstatmodellen er slike demokratiske konfliktløysingsmodellar ein hjørnestein. Her har mindretalet vist fleirtalet kva verdjar

som er viktige. Språkstriden har altså vore med og vist korleis konfliktar kan løysast fredeleg. Usemje er bra for demokratiet, og språkstriden har difor vore eit demokratisk gode.

5.3.2.8 *Språkleg diskriminering*

Språkleg diskriminering inneber at formelle språklege rettar blir krenkte eller brotne. Der den formelle makta ikkje blir respektert eller når fram, kan uformelle maktmekanismar ta over, og det kan resultera i diskriminerande handlingar eller utsegner. Mest effektiv blir slik diskriminering når nokon er i stand til å nytta den makta dei har i kraft av å vera mange nok eller ha høg nok status.

Dei mange brota på lover og reglar på det språklege området viser at dei språklege rettane ofte ikkje blir respekterte eller følgde, verken i statsforvaltninga eller på andre viktige samfunnsområde.

Tilsvarande viser evalueringa av språkreglane i samelova at dei fleste offentlege organ som er omfatta av språkreglane i lova, ikkje fullt ut oppfyller dei lovfesta krava. Dermed er heller ikkje folk innanfor forvaltningsområdet for samisk språk sikra rett til bruk av samisk i kontakt med offentlege organ i den grad språkreglane legg opp til.¹⁰

Tilfeldige brot på regelverk og rettar vil knapt vera til å unngå. I eit maktperspektiv er det den systematiske, langvarige eller omfattande diskrimineringa som er problemet.

Lovreglar mot diskriminering på grunnlag av etnisitet, kjønn og seksuell legning kan førebyggja diskriminering og redusera omfanget, men ikkje fjerna alle slike handlingar.

Det finst også ord og uttrykk som kan fungera språkleg diskriminerande, særleg når dei blir nytta i ein bestemt samanheng, eller når dei blir tillagde ei viss tyding. Dessutan kan ord som opphavleg har vore nytta som gjengse nemningar, avspegla haldningar frå ei anna tid, haldningar som vi i dag opplever som negative eller nedlatande overfor grupper av menneske. Dermed kan også nemninga i seg sjølv fungera diskriminerande.

Det er difor grunn til å vera varsam med kva ord og uttrykk vi nyttar om andre grupper enn dei vi sjølve høyrer til i, særleg dei som er i mindretal og på den måten skil seg ut frå det som blir opplevd som vanleg eller normalt. Etter kvart som Noreg er vorte eit meir fleirkulturelt samfunn, er det særleg om å gjera at vi legg vekt på å nytta eit språk som er mest mogleg nøytralt, og som på den måten kan fungera inkluderande.

¹⁰ Andersen og Strömngren 2007.

Så raskt som samfunnet og kulturen endrar seg i vår tid, kan det ofte vera vanskeleg for språket å følgja med. Det krevst difor særleg aktsemd av dei som ytrar seg i det offentlege rommet, særleg representantar for offentlege styresmakter, slik at dei ikkje kjem i skade for å nytta ord og uttrykk som kan opplevast som diskriminerande av dei som blir omtalte.¹¹

5.4 Språkleg makt og sosiale skilnader

5.4.1 Sosiale samanhengar

Språkbruk er regulert av formelle regelverk og uformelle språknormer. Dei formelle regelverka kan gjelda kva status ulike skriftspråk har i statsforvaltninga, ein kommune eller ei bedrift. Kven som har makt til å definera dei uformelle språknormene, varierer mykje. Kva språkbruk som i ein gjeven situasjon verkar som maktspråk, varierer også.

Språk kan forma, halda ved like og forsterka sosiale skilnader. I Noreg som i andre land er språk og språkleg kompetanse ein nøkkel til posisjonar eller integrering. Sosiale skilnader kjem ofte til uttrykk språkleg, men den prestisjen som er knytt til eit språk eller ei målform, er eit resultat av fleire faktorar enn kor mykje økonomisk eller sosial makt brukarane av språket eller målforma har.

Det er altså ingen automatisk samanheng mellom språkleg makt og sosial eller økonomisk posisjon, og auka sosiale skilnader inneber ikkje utan vidare auka språklege skilnader. Likevel kan grupper og miljø som rår over store økonomiske ressurser, ofte utøva meir språkleg makt enn andre.

Uformell språkleg makt kjem gjerne til uttrykk som endringar i bruksområde eller bruksomfang, og i det systemet som språk er. Slike endringar kan skriva seg frå forholdet mellom internasjonale språk og norsk språk. Dei kan også hengja saman med sosiale variablar som etnisitet, yrke, alder, kjønn, sosial status, regionar.

5.4.2 Etnisitet

Dei etniske minoritetane i Noreg har ulike formelle posisjonar, også språkleg, og det er lite som bind dei saman.

Sterkast står samane, som etter kvart har vunne ganske omfattande rettar og vorte anerkjende som urfolk. Å vera urfolk inneber likevel å vera i minoritet, skriv Vigdis Stordahl: Dei kan

ikkje «ha noe håp om å ta kontrollen over sine livsvilkår utfra flertallsdemokratiske prinsipper».¹²

På visse område kan likevel samane fritt bruka sitt eige skriftspråk, men både samane, andre nasjonale minoritetar og nye innvandrarakter møter i praksis dei same krava om språkleg kompetanse i norsk.

Både nasjonale minoritetar og innvandrarakter kan knytast til det som i den siste maktutgreiinga blir kalla minoritetsmakt. Der blir det peikt på at styresmaktene si oppfatning og minoritetane si sjølvforståing kan skilja seg mykje frå kvarandre. Dette verkar inn på sjølvkjensla til både enkeltpersonar og grupper.

Tidleg på 1800-talet tok nordmenn i bruk nemninga skoltesame om samane i det norsk-russiske fellesdistriktet på sørsida av Varangerfjorden. Mange samar tok i bruk ordet, men i seinare tid er austsame vorte eit meir brukt avløyingsord fordi det blir oppfatta som meir nøytralt.

Dei siste åra har det vore ganske mange slike grundige diskusjonar om kva nemningar som er rette å bruka om bestemte grupper. Dei har vist kor sterke verdioppfatningar grupper legg i visse omgrep og forståingsmåtar. Diskusjonane har vore prega av at desse minoritetane har kunna utøva større språkleg definisjonsmakt enn før.

I 1946 tok NRK til å senda radioprogram på samisk, og formelt vart det etablert ein samisk radio- og tv-redaksjon i 1976. Etter spede forsøk på avisutgjevingar på samisk frå slutten av 1800-talet har det kome aviser på samisk sidan 1979, og etter kvart er det vorte meir regelmessige sendingar på samisk frå fleire radio- og tv-stasjonar.

Ei undersøking av samisk mediebruk kring tusenårsskiftet avdekte store skilnader som kan knytast til språk og bustad. Den viktigaste skilnaden er mellom samar som bur i Finnmark, og samar som bur andre stader i den norske delen av Sameland. Berre dei som bur i Finnmark, hentar i særleg grad informasjon frå både norske og samiske massemedium.

Det var den nordsamiske dialekten som vart brukt i radiosendingane frå NRK frå 1946. Denne dialekten er også vorten mest brukt i andre massemedium. Dette har vore med og endra forholdet mellom dei ulike samiske dialektane, slik at nordsamisk no er mest brukt.

Innvandrarakter møter ein annan språkleg og kulturell situasjon i Noreg no enn i 1970- og 80-åra. I den tidlege fasen av ny innvandring til landet vart det lagt stor vekt på at desse miljøa måtte få ta vare på sine tradisjonar og sine språk. Den omfattande

¹¹ Jf. m.a. Arbeids- og inkluderingsdepartementet 2007.

¹² Broderstad, Else Grete et.al. 1999: 53.

debatten om desse spørsmåla har særleg det siste tiåret ført til at det no er brei politisk semje om at dei som skal leva, bu og arbeida i Noreg, må meistra norsk språk og bli integrerte i den norske kulturtradisjonen.

Ved at mange innvandrarakar har busett seg i Oslo-området, blir i praksis bokmål deira norske målform som andrespråk. At så mykje som ein tredjedel av innvandarbefolkninga bur i Oslo, inneber også at kulturtradisjonane deira kjem tettare på dei sentrale maktorgana.

Innvandrarane har lita politisk makt og lite formell makt. Særleg er innvandrarkvinner lite synlege i maktrelasjonar, med svært få formelle maktposisjonar. Mangel på formell makt hos innvandrarakar blir ikkje vege opp av uformell makt, sjølv om dei etter kvart har vunne ein del politisk sympati hos det språkleg-kulturelle fleirtalet. Sviktande eller manglande integrering skaper språkleg avmakt, og språkleg avmakt forsterkar fråværet av integrasjon.

5.4.3 Yrke

Nokre former for språkbruk kan gje makt i kraft av dei oppfatningane som rår grunnen om denne språkbruken. Rettsspråket er døme på ein slik språkbruk som gjev makt, fordi han ber i seg oppfatningar om lov og rett. I eit samfunn som vårt er det nødvendig at eit overveldande fleirtal har ei positiv tilslutning til nettopp lov og rett.

Ein jamt større del av innbyggjarane i Noreg tek høgare utdanning og har akademiske gradar. Det ser ikkje ut til å svekkja den posisjonen som vitenskapsbasert fagspråk har. Synspunkt og oppfatningar står gjerne sterkare dersom dei kan rettferdiggjera og sannsynleggjerast ved hjelp av slikt vitenskapsspråk. Vitenskaplege tekstar blir rekna som dei mest pålitelege av alle, og dei er ofte sentrale premissar i offentlege avgjerdsprosessar.

Nokre fagspråk er meir samfunnsdominerande enn andre. Lenge var det naturvitenskaplege språket det mest prestisjefylte og autoritative. På det politiske feltet vart sosialøkonomiens språk dominerande frå dei første etterkrigsåra. I seinare år har bedriftsøkonomiske perspektiv fått stor plass også her.

Di høgare utdanningsnivået blir i samfunnet, di fleire er det som vil meistra det grunnlaget mykje fagspråk byggjer på. Samstundes inneber spesialisert vitenskap at fagspråk gjerne blir meir og meir spesifikt på sine område. Difor blir ein avstand mellom fagspråk og allmennspråk halden oppe.

Fagspråk kan brukast som eit maktmiddel som verkar diskriminerande eller skaper avmakt, men

kan også letta kommunikasjonen på tvers av andre språkbarrierar. Bruken av fagspråk innanfor ei yrkesgruppe eller mellom fagkollegaer har lite med språkleg makt å gjere. Denne språkbruken blir først eit mogleg problem i kommunikasjonen med personar utanfor faget eller yrkesgruppa.

Fagspråk kan brukast som eit maktmiddel, men er det ikkje i utgangspunktet. Som spesialisert fagspråk representerer språket i oljebransjen ei slik utfordring. Medisinarane sitt fagspråk er av eit anna slag. I møte med pasientar er legar avhengige av å forstå, og av å bli forstått. Lege og pasient er på ulike vis begge ekspertar på kvar sine område.

5.4.4 Kjønn

Forholdet mellom språk og kjønn er viktig fordi det gjev ein nøkkel til synet på kvinner og menn i ulike kulturar og samfunn. I den store mengda av forskingsbasert kunnskap om språk er dette emnet eit av dei nyaste. Med unntak av nokre spreidde enkeltstudiar tidleg på 1900-talet etablerte forskning om språk og kjønn seg først i 1970-åra.

Det er ikkje grunnlag for å hevda at det finst eit mannleg og eit kvinneleg språk. Derimot bruker kvinner og menn i mange situasjonar språk ulikt. Måten språk blir brukt på, kan også verka inn på kor sterkt gjennomslag den svakare parten får.

For spørsmålet om forholdet mellom språk og kjønn kan særleg tre perspektiv gjerast gjeldande som ofte glir over i kvarandre: mangel, dominans og skilnad.

I *mangelperspektivet* går ein ut frå at kvinners språkbruk har manglar og er dårlegare enn menns språkbruk. Det lèt seg knapt gjera å finna nokon som forsvarer eit slikt perspektiv i dag, men ei oppfatning om at kvinner er menn underlegne, får stundom språklege følgjer.

Dominansperspektivet føreset at menns makt og dominans over kvinner viser att i språket på ulike vis. Undersøkingar frå fleire land syner at skulen er ein arena der menn språkleg sett har ein tendens til å dominera over kvinner på den måten at gutane kjem meir til orde enn jentene. Men samstundes slår sosiale skilnader blant gutane sterkare ut enn blant jentene.

På den politiske arenaen, i folkevalde organ, er det vanskeleg å påvisa klare språklege skilnader mellom kvinner og menn som kan knytast til dominans. Derimot kan det sjå ut til at den akademiske arenaen framleis ber preg av mannleg språkleg dominans. Sett under eitt er det offentlege rommet

ikkje språkleg kjønnsnøytralt; menns aktive og profilerte framferd blir ofte tilgodesedd.

Skilnadsperspektivet legg vekt på at språket til kvinner og menn skil seg frå kvarandre fordi menn og kvinner utgjer ulike kulturar. Kvinner og menn bruker sjeldan ulike former i språket, til dømes ulik uttale, innanfor det som kan kallast standard-språk, men kvinner nyttar gjerne meir standard-språk og språklege prestisjeformer enn menn.

Før talemåla fekk auka sosial status frå 1970-åra, var det i Noreg ein klar tendens til at kvinner tilpassa seg standard bokmål meir enn menn gjorde. Det kan både vera fordi dei arbeidde meir innanfor sørvisyrke der dei måtte snakka eller skriva meir enn menn gjorde i sine stillingar, og fordi dei sjølve ønskte å leggja om språket sitt for å oppnå ein status dei elles ikkje hadde. Den ideologiske eller symbolske makta dei kunne oppnå språkleg, kunne eventuelt kompensera for manglande økonomisk eller sosial makt.

I kulturar og samfunn der kvinnene har høg status, treng dei altså ikkje forkasta sitt eige språk eller sitt eige talemål for å vinna fram. Både alder og sosial bakgrunn kan verka inn. Norske undersøkingar tyder på at jenter har sterkare oppfatningar enn gutar om kva språkbruk som passar i ulike situasjonar.

I eldre forskning var ein av konklusjonane at fleire kvinner enn menn som emigrerte, heldt fast ved morsmålet sitt. Kor tospråklege eller fleirspråklege dei blir, kvinner og menn som innvandrar til dømes til Noreg, heng saman med fleire faktorar enn kjønn. Den sosiale isolasjonen for mange kvinner i desse miljøa fører iallfall til at mange kvinner meistrar den norske språksituasjonen dårleg.

5.4.5 Sosial status

Den språklege makta følgjer stundom andre strukturar enn sosial status. Det viser att i dei språklege endringane på fleire måtar.

I mange byar er det ikkje talemålet til høgare sosiale grupper som har vunne fram, men det såkalla gatespråket.

Seinast på 1800-talet må til dømes bymålet i Stavanger ha vorte skarpt delt i to, mellom eit høgare talemål og eit gatespråk. Særleg tydeleg var dette skiljet fram mot 1920-åra. Det høgare talemålet i byen «lå skriftsproget i mer eller mindre gjennomført norsk uttale meget nær, kanskje nærmere enn i nogen annen norsk by», skreiv to språkforskarar i 1925.

I andre halvdel av 1800-talet flytta mange til Stavanger, men fleirtalet av desse kom frå nabokom-

munane. Med hermetikkindustrien kring 1900 vart byen ein sosial smeltedigel som også skipla forholdet mellom dei to talemåla. Ialfall i 1960-åra var skiljet vorte meir flytande.

Ei slik gradvis oppløysing av skiljet mellom gatespråk og høgare talemål har prega talemålsutviklinga i byane dei siste tiåra. I språkmøta mellom by og land kan dette slå ulikt ut. No ser det ut til at unge jenter frå omlandet til Bergen vel den noko mindre dramatiske overgangen til bergensk bymål framfor det høgstatusspråket som kan knytast til bydelen Kalfaret.

Sjølv om dei nye innvandrarkulturane representerer etniske minoritetar med avgrensa sosial og økonomisk makt, har dei alt prega norsk språk. Eit ord som *paprika* var lite kjent i Noreg før ungariske flyktningar tok denne grønsaka til landet etter opprøret i Ungarn hausten 1956. Seinare er ord som *tandoori* og *kebab* gått inn i norsk. *Kebabnorsk* er språkleg slang som skriv seg frå afrikanske og asiatiske innvandrarmiljø, og som breier seg blant ungdom iallfall i dei større byane.

Nynorsk skriftspråk hadde openbert lågare sosial status i første halvdel av 1900-talet enn bokmål. Trass i dette vart bokmålet fornorska med svært mange ord frå nynorsk, jamvel innanfor økonomi og administrasjon. I dag er ord som vedtak, søknad, trygd, kostnad, merknad, vedlegg, melding ofl. allmenne i bokmål.¹³

Mellom 1995 og 2005 vart det gjennomført fire store meiningsmålingar som alle viser dei same hovudtrekka i bruksmønstera for bokmål og nynorsk. Det er få sosiale skilnader mellom bokmåls- og nynorskbrukarar. Det er ein svak tendens til at fleire kvinner enn menn bruker nynorsk privat, og at nynorskbrukarane utgjer ein større del i dei eldre aldersgruppene enn i dei yngre.

Forholdet mellom bokmåls- og nynorskbrukarar er om lag det same blant yrkesaktive i både offentleg og privat sektor, men det blir noko færre nynorskbrukarar di høgare inntekta er. Mange har utdanna seg bort frå nynorsken; med høgare utdanning følgjer også fleire bokmålsbrukarar.

Talet på nynorskbrukarar har i heile etterkrigstida vore høgare blant skuleelevar enn blant dei vaksne.

5.4.6 Regionar

Sterke distriktsinteresser har utfordra riksinstusjonane. Folkerørslar har sikta seg inn mot innverknad på statlege prioriteringar og avgjerder.

¹³ Lomheim, Sylfest 2002: 33.

Noreg var eit samfunn med eit sterkt nasjonsbyggjande sentrum.

Målrørsla som vart bygd opp frå slutten av 1800-talet, knytte seg til den regionale sjølvhevinga i opposisjon til hovudstaden og markerte at Noreg både kunne og burde forståast som ein nasjon med fleire sentrum.

Språklege kjerneområde er område der eit mindre brukt språk eller eit minoritetsspråk er særleg mykje brukt og jamvel kan vera i fleirtalsposisjon. Desse områda har vore ei viktig regional kraft både for etniske minoritetar og nynorskbrukarar i Noreg.

I dei samiske fleirtalskommunane Karasjok og Kautokeino utvikla vilkåra for samane seg annleis enn i kyst- og fjordområda. Det var i desse kommunane reformer for å ta vare på samisk språk og kultur først vart sette i verk, og det var der samiske utdanningsinstitusjonar og andre offentlege institusjonar vart etablerte.

På liknande vis har nynorskbrukarane hatt sine kjerneområde. Det var først ein språktradisjon som vart teken i bruk på ulikt vis i ulike delar av landet, og no er Vestlandet det viktigaste kjerneområdet for nynorsk. I eit slikt perspektiv kan også konsentrasjonen av innvandrarar i Oslo-regionen forståast som utvikling av eit kjerneområde for desse etniske gruppene.

5.4.7 Målforn

Innanfor ein språkdelt kultur med to formelt jamstilte målformer vil dei faktiske skilnadene i bruksmønsteret for dei to målformene representera ein maktfaktor. Den makta som ligg i det mest brukte språket, viser seg ved at nynorskbrukarar i dag ikkje kan velja bokmål heilt bort, medan mange bokmålsbrukarar anten aktivt vel bort nynorsk eller aktivt må velja inn nynorsk. I ein slik situasjon blir det mindre brukte språket altså mindre viktig for dei som bruker fleirtalsspråket. Dominans kan altså føra til ignorering eller marginalisering.

At eit språk faktisk blir brukt, er med og viser dei enkelte språkbrukarane og heile gruppa av språkbrukarar at språket er viktig. Fråværet av språk i bruk gjer mange språkbrukarar framande for sitt eige språk.

Den norske assimileringspolitikken overfor samane verka på det viset. Samane lærte ikkje korleis dei best kunne bruka sitt eige språk. Den same maktmekanismen gjer seg gjeldande når elevar med nynorsk som hovudmål møter lite nynorsk på ein del av dei typiske ungdomsarenaene, til dømes prategrupper på Internett. Å bli framand for sitt eige språk kan vera å bli språkleg avmechtig.

Di meir vanleg pc-en blir som skrivereiskap, di viktigare blir språkrettingsfunksjonane i desse programma, til dømes grammatikkontroll og tekstmalar for heimesider. Også dette handlar om å sjå sitt eige språk i bruk.

Dei som skriv eit mindre brukt språk enn det dominerande, er som regel meir språkleg usikre. For dei er det då ekstra viktig å ha gode språkrettingsprogram på pc-ane sine; elles ser dei ikkje kva som er feil. I dag er mobiltelefonen og pc-en dei to mest brukte skrivereiskapane. Ikkje nokon av desse verktøya gjev brukarane like god språkhjelp på nynorsk som på bokmål.

Dei som er mest språkleg usikre frå før, må gjera meir enn dei andre for å bli språkleg sikrere. Då er faren stor for at dei blir verande språkleg usikre. I ein slik situasjon vil gjerne den språklege identiteten også rakna.

5.5 Offentleg maktspråk

5.5.1 Uklart språk er urasjonelt og eit velferds- og demokratiproblem

Vi må vedgå at det offentlege framleis slit med mykje tungt proposisjons- og utgreiingsspråk, innfløkt lovspråk, innforstått fagspråk og akademisk ekspertspråk.

Tungt og uklart språk er urasjonelt og lite effektivt. Det krev meir strev og dermed meir tid for alle som skal setja seg inn i eit stoff. Dermed påfører også det offentlege seg sjølv større kostnader. Alt tyder difor på at det er samfunnsøkonomisk rekningsssvarande å investera i eit betre offentleg språk.

Men mest alvorleg er det dersom publikum – folk flest – har vanskar med å forstå kva som er meint i offentlege dokument og offentleg informasjon.

Det er hevda at truleg så mykje som ein femtedel – om lag éin million menneske i Noreg – har problem med å ta til seg innhaldet i kurante offentlege tekstar. Difor er uklart offentleg språk ikkje berre eit monaleg velferdsproblem, men også eit demokratisk problem.

5.5.2 Språklege maktbarrierar

Både i eit demokratisk perspektiv og eit velferds-perspektiv er det god grunn til å vera på vakt mot det problemet at det offentlege språket, sjølv kommunikasjonsforma, i større eller mindre grad kan tenkjast å fungera som ein barriere overfor den vanlege mann og kvinne.

Særleg for grupper og enkeltindivid som på ulike måtar er ressursssvake, vil ein slik språkbarriere representera eit alvorleg tilleggsproblem og føra til at dei ikkje fullt ut får gjort seg nytte av eksisterande velferdstilbod. Dette vil særleg gjelda meir skreddarsydde tilbod der det krevst større individuell innsats for å få hjelp, enn meir universelle velferdsordningar som verkar automatisk.

Ikkje minst i eit fattigdomsperspektiv er det difor særleg relevant å framheva arbeidet med å byggja ned ulike typar av språkbarrierar.

Noko av det som er med på å byggja språklege barrierar mot folk flest, er bruk av framandord, faguttrykk og annan ugjennomtrengjeleg ord- og omgrepsbruk, anten det er overlagt eller ikkje. Det same gjeld klønete setningsbyggnad og innfløkt ordleggingsmåte.

Språket kan også brukast meir eller mindre medvite av ein avsendar som eit instrument for å manipulera mottakarane av ein bodskap. Eit ugjennomtrengjeleg språk kan mellom anna vera eit maktmiddel som blir utnytta på ein meir eller mindre overlagd måte for å skjerma det offentlege mot innsyn og kritikk.

Den som har ordet i si makt, kan lett bruka det til å manipulera ein bodskap og til å herska over andre. På den andre sida kan også språkleg avmakt hos den som formidlar ein bodskap, skapa avstand til mottakarane.

Slik blir språket ein del av maktstrukturen i samfunnet; det aukar avstanden mellom dei styrande og dei styrte. Det kan hindra både innsikt utanfrå og utsikt innanfrå.

5.6 Domenetap, språkskifte og målbyte

5.6.1 Reell valfridom eller utslag av dominans?

Både det å bevare språk og det å skifta språk er resultatet av kollektive og individuelle val. Slike val er ikkje vilkårlege, men tener til å skapa eller markera identitet. Desse prosessane kan ta lang tid, jamvel strekkja seg over fleire generasjonar.

Summen av dei språkvala kvar og ein språkbrukar gjer i det daglege, har altså mykje å seia for vilkåra for eit bestemt språk eller ei målform over lengre tid. Den som skiftar språk, blir undervegs gjerne tospråkleg på veg til ei eventuell ny eittspråklegheit. Slik vil det vera både for enkeltpersonar, grupper og samfunn.

Emnet er for lite granska til at det lèt seg gjera å formulera allmenne reglar for slike språkskifte-

prosessar. Kulturelle faktorar kan ha meir å seia enn språklege faktorar, sjølv om det alltid vil vera eit element av språkleg makt i slike endringsprosessar. Språkleg makt kan som nemnt ikkje alltid knytast eintydig til faktorar som økonomi, sosial status eller kjønn. Dei studiane som ligg føre, peiker likevel i retning av at kvinner ofte er leiande i slike endringsprosessar.

Både å bevare språk og å skifta språk kan forståast som uttrykk for at nokon ønskjer det dei oppfattar som eit betre liv. Språksituasjonen verkar inn på den samla velferdssituasjonen for enkeltpersonar og grupper. Dei språkvala eit menneske gjer, har å gjera med personens identitet. Den som skiftar til eit meir brukt språk, søkjer mot andre fellesskapar.

Dersom det er slik at nokon har valt å halda på eit språk, er det fordi dei har vore i ein situasjon der dei har måtta velja. Den situasjonen oppstår i Noreg til vanleg berre når presset frå det dominerande skriftspråket av ein eller fleire grunnar blir for sterkt. Dette tek form som eit paradoks, som Ottar Grepstad i ein av årstalane sine om tilstanden for nynorsk skriftkultur har formulert slik:

«Å tenkje som så at ein som bruker nynorsk gjer det som resultatet av eit val og at vedkomande dermed har brukt den såkalla valfridomen sin, er å stadfeste at vedkomande har vore utsett for eit språkpress som har tvunge fram eit slikt val.»

Dei fleste som bruker bokmål, har aldri hatt noko alternativ. Det same gjeld dei som bruker nynorsk. Å ha rett til å bruka sitt eige språk er ikkje eit spørsmål om valfridom. Det rører ved heilt andre prinsipp.

5.6.2 Språklege domenetap

At mange nok held fram med å bruka eit språk og på den måten bevarer det, er ein nødvendig føresetnad for at språket blir bevart. Det er difor domenetap representerer ei av dei største utfordringane når ein ny språkpolitikk skal formast.

Omgrepet *domenetap* blir nytta både om prosessen der eit språk gradvis trengjer eit anna til sides innanfor eit domene, og om resultatet der eit språk er gått ut av bruk på eit domene. I ein slik prosess blir parallellspråk den typiske situasjonen: at fleire språk blir nytta om kvarandre. Økonomisk, politisk og ideologisk makt blir avgjerande for utfallet av slike prosessar.

Domenetap er ein svakare variant av språkdød, at eit språk døyr ut. Ved slike domenetap mister vi kulturelle referansar og språklege nyansar, sam-

stundes som den sosiale skilnaden aukar mellom dei som meistrar det nye dominerande språket, og dei som ikkje gjer det. Alt i bruken av norsk er det tydelege sosiale skilnader mellom dei som meistrar norsk godt, og dei som ikkje gjer det. Slike skilnader blir altså større der eit anna språk tek over for norsk. I sluttboka frå Makt- og demokratiutgreiinga blir dette sagt slik:

«Språktap er den ytterste formen for kulturell provinsialisme. Når språket svekkes og forflates, går koder og nyanser tapt, assosiasjonsrikdom tørker inn. Områder som overtar et dominerende fremmedspråk, er kulturelt underlegne i generasjoner fordi språkets resonansbunn og kulturelle kontekst mangler. Derfor er makt over språket en sentral form for kulturell og ideologisk makt.»

At det norske samfunnet maktar å utøva kontroll over språkbruken slik at norsk blir verande det samfunnsberande språket, blir då det overordna målet.

5.6.3 Frå norsk til engelsk

Språkmøte mellom heimemålet og andre språk har prega det norske samfunnet like sidan vikingtida. Med aukande internasjonalt samkvem og handel har engelsk språk fått ein jamt sterkare posisjon som bruksspråk. Engelsk språk er ein kanal for globalisering.

Nokre miljø og grupper som i Noreg har mykje økonomisk makt og høg sosial prestisje, har i skiftande grad gått over til engelsk. Dette er uttrykk for ei språkleg avmakt, forma av mange av dei språklege og kulturelle maktmekanismane som elles råkar svakare grupper og minoritetar.

Å bruka engelsk i staden for norsk der det er nødvendig, har å gjera med kommunikasjon og representerer ikkje i seg sjølv noko kultur- eller språkpolitisk problem. Vanskane oppstår når engelsk språk tek over for norsk på eit område i samfunnet slik at språkleg kompetanse går tapt, og kritisk blir det dersom dette området er eit sentralt og prestisjefyllt område. Då vil ikkje norsk utan vidare lenger utvikla seg som eit moderne kulturspråk i all si breidd. Norsk mister ein del av den språklege berekrafta si, og på nokre område risikerer ein at bruken av engelsk skyt fart slik at norsk etter kvart blir eit mindre brukt språk.

I *Norsk i hundre!* er det lagt til grunn at det førebels er lite som tyder på at engelsk i alarmerande grad blir brukt i næringslivet der det ikkje er nødvendig av omsyn til kommunikasjonen. Det er først og fremst i større bedrifter denne språkbrytinga pregar arbeidskvardagen.

Statens mynde over språkbruken i næringslivet er avgrensa til verksemder som er kontrollerte av staten som eigar.

Innanfor eit anna viktig språkdomene, universitets- og høgskulesektoren, er utgangspunktet annleis, i og med at institusjonane her anten er statlege eller er nær knytte til staten. Dette gjer det mogleg å leggja meir direkte føringar for språkbruken enn det ein kan gjera overfor næringslivet.

5.6.4 Privat og offentleg makt over språkbruk

Den siste maktutgreiinga gjennomførte mellom anna ei stor undersøking av den norske samfunnseliten. Ho viste at middelaldrande menn frå overklassen og øvre middelklasse dominerer toppsjiktet i arbeidslivet. Dei fleste kjem frå Oslo eller andre større byar, få kjem frå bygdene, og nesten ingen av dei har minoritetsbakgrunn.

Offentleg forvaltning er tydeleg og formelt organisert i språklege spørsmål. Dette gjev den enkelte språkbrukaren ganske klare reglar og rettar i arbeidslivet, men av omsyn til publikum er kollektive reglar overordna individets valfridom på offentlege arbeidsplassar både i staten og kommunane. Desse reglane fører i sum til at nynorsk blir meir brukt i offentleg forvaltning enn målforma elles ville vorte.

I det private næringslivet er det bedriftseigarane eller leiinga som fastset reglar for språkbruk, og viss slike reglar ikkje finst, vil uformelle maktmekanismer som sedvane og dominans gjera at bokmål blir føretrekt. Den formelle makta fører til meir bruk av nynorsk i offentleg forvaltning, medan den uformelle makta avgrensar bruken av nynorsk i det private næringslivet.

I det offentlege rommet vart nynorsk først teke i bruk i litteratur, presse og forlag, altså i delar av kulturlivet. Frå 1892 var målforma lovleg å bruka i både skule og kyrkje, og frå dei første tiåra på 1900-talet vart nynorsk vanleg også i offentleg forvaltning, både statleg og kommunal.

Lengst tid tok det å gjera målforma vanleg i næringslivet. Ein sparebank i Nord-Trøndelag var den første private verksemda som forma vedtekene sine på nynorsk, i 1886. Noko av det mest synlege var avisene, som tok i bruk nynorsk både redaksjonelt og administrativt, og transportselskap som Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane.

Det som etter kvart vart eit kjerneområde av nynorskbrukarar – Nord-Gudbrandsdalen, øvre Hallingdal, Vest-Telemark og dei fire vestlandsfylka – er i dag dei delane av landet der nynorsk er eit vanleg arbeidsspråk i næringslivet. Dominerer

gjer målforma likevel berre i dei regionane der nynorsk også blir brukt mykje på mange andre domene. Då står nynorsk sterkare som målform, og det blir lettare å vera nynorskbrukar.

I delar av næringslivet er altså nynorsk aldri vorte brukt. Det har svekt nynorsk fagterminologi og gjort han mangelfull på mange område.

I dag kan ingen bransje seiast å utgjera eit tydeleg nynorsk domene. Slike har likevel funnest. I 1920- og 30-åra vart den nye pelsdyrnæringa bygd opp med publikasjonar og organisasjonar som jamt over brukte nynorsk.

Språksituasjonen i dag gjev ulike språklege situasjonar for mange kvinner og menn. Ein tredjedel av alle yrkesaktive arbeider i offentleg sektor. Så mykje som halvparten av yrkesaktive kvinner er tilsette i offentleg sektor, og i den kommunale delen er jamvel så mykje som tre av fire tilsette kvinner. Offentleg sektor er altså den viktigaste kvinnearbeidsplassen. For desse gjeld klare reglar fastsette av folkevalde organ. I privat sektor er mennene i fleirtal. Her er dei språklege reguleringane meir uformelle.

5.6.5 Språkmøte for innvandrarar

Dei første såkalla framandarbeidarane frå Tyrkia kom til Drammen i 1965. I dag bur både mange av tyrkarane og ein tredjedel av heile innvandrarbefolkninga i Oslo. Tyrkarane utgjer ei av dei største ikkje-nordiske språkgruppene. I sin kvardag som tospråklege skiftar dei jamleg språkkode, og det gjerne midt inne i samtalan, alt etter emne og situasjon.¹⁴

I prinsippet er dette det same som når vestlendingar tok inn ei rekkje ord frå lågtysk i mellomalderen, eller når unge i dag flettar inn engelske ord og uttrykk i sitt snakk. Slike språkskifte oppstår mellom anna når tyrkarane treng ord i den norske samanhengen som dei manglar i sitt eige språk, til dømes «matpakke» og «russetid», og dei flettar helst inn verb, substantiv eller adjektiv, men utan at det rokkar ved den tyrkiske grammatikken.

Språkforskaren Emel Türker meiner det gradvis oppstår ein ny variant av tyrkisk, «der kroppen blir verande tyrkisk, men sjela litt etter litt blir norsk».¹⁵

5.6.6 Språkskifte frå samisk og kvensk til fleirtalspråket

Mange samar og kvener gjekk bort frå sitt eige språk i fornorskingsperioden og i tiåra etterpå.

Denne språklege og kulturelle fornorskingsprosessen strekte seg i mange lokalsamfunn over fleire generasjonar. Desse samfunna gjekk gjerne over frå å vera tospråklege (samisk og norsk) eller trespråklege (samisk, kvensk og norsk) til å bli eittspråklege. Majoritetsspråket med høgast status, og med mest formell makt gjennom til dømes skulesystemet, trengde unna eit eller fleire minoritetsspråk.

Ei undersøking frå ei fjordsamebygd i Nord-Troms viser at det som var eit morsmål for eit par generasjonar sidan, er vorte eit framandspråk for mange. Dei som i dag er i besteforeldregenerasjonen i desse samfunna, fekk aldri fullgod språkleg kompetanse; dei kunne snakka samisk, men få av dei kunne lesa eller skriva samisk. Fedrane var gjerne meir stø i norsk enn kvinnene, men det var først og fremst kvinnene som dreiv fram slike språkskifteprosessar. Dei såg at skulegang og utdanning vart jamt viktigare, og då var det sosialt formålstenleg at barna heller lærte norsk.

Liknande undersøkingar frå kvenske og finske miljø stadfestar desse hovudtrekka. I eit lokalsamfunn i Nord-Troms vart kvenske kvinner raskare språkleg integrerte i det norske enn mennene vart, og i område i Nord-Finland der finsk hadde teke over for samisk, var det mennene som tok mest vare på det samiske språket.

Sjølv om det er kvinnene som går i spissen for ein del av desse språkskifteprosessane, blir dei ikkje utan vidare raskare og meir integrerte i det norske samfunnet enn menn. Dei tek gjerne med seg samiske eller samisk-liknande trekk over i det norske språket.

5.6.7 Målbyte mellom bokmål og nynorsk

Byte av målform går som regel frå nynorsk til bokmål. Dette skjer oftast i yngre år, sjeldan i vaksen alder. For kollektive endringar innanfor ein skulekrins eller kyrkjelyd er det som nemnt fastsett regelverk for korleis endring skal skje, og korleis språkbrukarane kan velja ei anna målform. Dei individuelle målbyta kan henga saman med slike prosessar, men vil som oftast vera ganske innfløkte mekanismar.

Særleg for ungdom under utdanning har rollemodellar mykje å seia. Ein lærar som gjev elevlar råd om å skifta målform, eller som er ope negativ til den eine målforma, skundar på målbyteprosessar og påverkar dei uheldig. For eit mindre brukt språk kan det aldri bli for mange positive rollemodellar.

Heller ikkje slike målbyte frå nynorsk til bokmål er grundig analyserte. Der målbyta skjer kol-

¹⁴ Türker, Emel 2000.

¹⁵ Türker, Emel 2000: 204.

lektivt gjennom folkerøystingar, ser det ut til at kvinner ofte er dei mest aktive for å få til slike byte. Her gjer nokre av dei same mekanismane seg gjeldande som er vortne observerte i språkskifteprosessen frå samisk til norsk i Nord-Noreg. Å bruka det dominerande språket blir oppfatta som ein fordel for karriere og framtid. Om det verkeleg er det, har aldri vore undersøkt.

Frå 1892 og fram mot 1940 gjekk det store språkskiftet frå bokmål til nynorsk. Dette snudde andre vegen særleg etter 1950. Undersøkingar tyder på at dei som er fødte mellom 1940 og 1970, har halde mindre på det nynorske skriftspråket enn dei som er fødte før 1940 eller etter 1970.

Utbygginga av offentlege arbeidsplassar, lengre skulegang og generelt meir bruk av skrift gav etter kvart fleire skrivearenaer og fleire høve der nynorsk kunne brukast også utanfor det private rommet. Undersøkingar frå fleire fylke på Aust- og Vestlandet tyder på at unge jenter skiftar lettare og tidlegare enn gutane frå nynorsk til bokmål som skriftspråk, og målbytet skjer jamt over etter ungdomsskulen. Ved inngangen til det 21. hundreåret var det sannsynleg at kvar tredje nynorskelev ville skifta til bokmål før vedkomande er tjue år gammal.

Likevel ser det ut til at ein større del av elevane med nynorsk som hovudmål no blir verande nynorskbrukarar også gjennom den vidaregåande skulen og inn i det vaksne yrkeslivet. Lengre utdanning gjev mindre press frå arbeidsgjevar og andre i retning av målskifte i dei sårbare tenåra. Fleire arbeidsplassar enn før gjev no også rom for å bruka nynorsk – i større eller mindre grad.

5.6.8 Situasjonstilpassa språkskifte

Den utbreidde bruken av dialekt i Noreg har ført til mange situasjonstilpassa språkskifte. Slike språkskifte har dels vore knytte til geografisk flytting, dels til endra sosial status. Ofte innebar språkskifta at personar som før talte tydeleg dialekt, tok til å normera talen sin etter det talemålet eller skriftspråket som dominerte på den staden dei kom til, den arbeidsplassen dei no var ved, eller det sosiale miljøet dei no var vortne ein del av. Desse språkskifta finst det mange negative ord for – til dømes «å knota» og «å språka seg».

Ei undersøking frå Hemnesberget på Helgeland kring 1970 er éin av få dokumentasjonar av situasjonsprega talemålsskifte i Noreg.¹⁶ I skranken på postkontoret gjekk det gjerne på dialekt når familiære spørsmål var på tale, eller når ein helsa,

men ved frimerkekjøp og annan handel skifte ein gjerne til normalisert tale, bokmål. I dag er slike talemålsskifte truleg meir unntak enn regel.

Sosiolektar frå arbeidarklassen og lågare sosiale grupper var lenge uglesett. Likeins var dialektar frå bygdene lite aksepterte i byane. Mange måtte leggja om til standard bokmål for å få seg arbeid. Frå slutten av 1960-åra endra denne haldninga seg etter kvart kraftig. Endringa hang saman med dei gjennomgripande diskusjonane som vart knytte til EF-spørsmålet fram mot folkerøystinga i 1972. Utløysande faktor vart store aksjonar som målrørsla sette i gang frå 1975. Resultatet er at talemåla fekk ein sosial prestisje dei knapt nokon gong før hadde hatt i norsk kulturhistorie.

Under ord som «å knota» har det lege ei norm om at det blir rekna som verdifullt å ta vare på språket sitt. I dag står truleg denne norma sterkare i Noreg enn nokon gong før, og generelt forstår truleg nordmenn meir talemålsvariasjon no enn før.

I mange samisktalande miljø ser det ut til å vera ein typisk trekk at samtalspråket blir norsk straks ein ikkje-samisktalande er til stades. Sjølv om eit fleirtal i den aktuelle situasjonen bruker samisk, og ein del av dei samisktalande kan vera mindre stø i norsk, vil det meir allment dominerande språket ta over. I ein del situasjonar går då samisk frå å vera fleirtalsspråket til eit ikkje-brukt språk.

5.7 Strategi for omfordeling av språkleg makt

5.7.1 Rett til å delta

Ein ny språkpolitikk må sikra språkleg og kulturelt mangfald saman med dei best moglege vilkåra for demokrati og deltaking for alle innbyggjarar.

Sett ut frå enkeltpersonar sin rett til demokratisk deltaking er det viktig at

- alle får høve til å bevara og utvikla morsmålet sitt, slik at dei kan delta som fullverdige medlemmer i den språkgruppa dei høyrer til,
- alle får læra å skriva og snakka flytande norsk godt nok til å delta på like vilkår i samfunnet både når det gjeld utdanning, arbeid, politikk og kultur, og at
- alle lærer seg så godt engelsk og eventuelt andre framande språk at dei kan delta i det globaliserte samfunnet.

Sentrale element i arbeidet for å minska sosial ulikskap og fremja demokrati er retten til å forstå og plikta til å leggja til rette for å bli forstått. Arbeidet for universell utforming skal gjera det mogleg for

¹⁶ Blom og Gumperz 1972.

så mange som råd å delta i samfunnslivet utan å måtta be om hjelp. Dette gjeld også språkleg tilrettelegging av offentleg informasjon, bruksretteleingar, og anna skriftleg og munnleg framstilling som får konsekvensar for samfunnsdeltakinga.

I denne samanhengen er det også grunn til å streka under kor viktig det er at samane kan bruka sitt eige samiske språk i møtet med det offentlege. Dette har å gjera med behovet for å integrera samiske omsyn i politikkkutforming og tiltak på alle forvaltningsnivå. Her er det samiske språket grunnleggjande.

5.7.2 Språkleg berekraft

Grunnlaget for ein ny språkpolitikk er at norsk språk har språkleg berekraft også i framtida. Den språklege berekrafta er summen av den status språket har, kor mange samfunnsdomene språket dominerer, og kor aktiv språkrøkt som blir driven. For utvikling av norsk språk er det viktig at både bokmål og nynorsk blir utvikla vidare og får størst mogleg språkleg berekraft.

For at norsk skal ha den nødvendige språklege berekrafta, må begge målformene og dermed den samla språkdelte norske kulturen bli ein kulturell allmenning, eit felleseige. Utan at variasjonane i norsk blir opplevde og aksepterte som eit felles eige, vil det vera vanskeleg å syta for at begge målformene har eit minimum av språkleg makt. Denne språkdelte norske kulturen må også opnast for dei nye innvandarmiljøa.

Reell valfridom, mangfald og jamstilling bør vera berebjelkane i offentleg språkpolitikk. Dei politiske tiltaka må ta omsyn til at språkbrukarane er ulike, men likeverdige.

5.7.3 Ein reell tospråkpolitikk i eit kulturelt mangfald

I dag må nynorsk og bokmål oppfattast som integrerte delar i ein språkdelte nasjonal felleskultur, og som uttrykk for eit kulturelt mangfald som det ville vera eit stort tap for Noreg som kulturnasjon å gje avkall på. Skal eit språk haldast i hevd, må det brukast. Både praktisk og økonomisk må det leggjast til rette for at nynorsk kan tryggja og styrkja posisjonen sin som eit levande bruksspråk så vel som eit likeverdig offisielt skriftspråk ved sida av bokmål.

Grunnlaget for ein demokratisk språkpolitikk i Noreg bør difor vere ei erkjenning av at Noreg er eit fleirkulturelt og mangespråkleg samfunn der dei to norske målformene utgjer det fellesspråket som norske statsborgarar i utgangspunktet må

kunna godt, og som innbyggjarar skal kunna bruka i alle samanhengar. Nødvendige unntak eller tilpassingar må utformast slik at dei ikkje rokkar ved dette utgangspunktet.¹⁷

5.7.4 Prinsippet nynorsk

Nynorsk høyrer i utgangspunktet alltid med der norsk språk blir tematisert eller brukt. I dei tilfella der nynorsk likevel ikkje er ein relevant faktor, må dette legitimerast aktivt og behova til nynorskbrukarane bli dekte. Det normale vil då vera at nynorsken blir rekna med. Dette er kalla prinsippet nynorsk.

I Noreg har nynorsk vore ein nødvendig føresetnad for at mange nok skal bry seg om den språklege sida av livet. Det gjer prinsippet nynorsk til ein nødvendig føresetnad i moderne kulturpolitikk. I den allmenne forståinga av innhaldet i den språklege delen av norsk kulturarv ligg det no ei erkjenning av at målforma nynorsk har påverka bokmål positivt.

5.7.5 Aktiv lovgjeving

Den svært skeive fordelinga av uformell språkleg makt kan endrast og regulerast gjennom ei aktiv lovgjeving på dei områda der lover og reglar er formålstenlege verkemiddel.

Mellom anna må verkeområdet for mållova avklarast. Det må følgjast opp meir aktivt at lova blir etterlevd, og nye verkemiddel må vurderast.

Anna relevant lovverk bør vurderast i lys av behovet for tydelege reglar og funksjonelle ordningar som styrkjer språklege rettar og fremjar bruken av norsk, både nynorsk og bokmål.

5.7.6 Målretta støtteordningar

Di sterkare redigert offentlegheita blir, og di større mediemakta over kvardagen blir, di viktigare er det at det språklege dominansforholdet i det norske mediesamfunnet blir endra.

Ein ny språkpolitikk må ta med seg vidare dei velprøvde verkemidla som pressestøtta og sterke allmennkringkastarar representerer. Det trengst økonomiske støttetiltak til språkprodusentar som er med og fremjar mindre brukte språk i ulike samanhengar, særleg på Internett. Dette inkluderer støtte til parallellutvikling av syntetisk tale på nynorsk og bokmål.

¹⁷ Jf. m.a. reglane om rett til fritak frå opplæring og vurdering sidemål.

5.7.7 Lokale folkerøystingar

Lokale folkerøystingar er vortne ein viktig del av det norske demokratiet. Ein ny språkpolitikk vil føra vidare denne verdifulle tradisjonen og framheva dei samfunnsverdiane han representerer.

5.7.8 Minoritetar og mindretal

Ved inngangen til 2008 vart nær 460 000 innbyggjarar i Noreg rekna til innvandrarbefolkninga. Det er denne delen av befolkninga som veks raskast. Når talet på personlege nynorskbrukarar er kring 600 000, inneber det at styrkeforholdet mellom dei som bruker det mindre brukte språket nynorsk, og dei som høyrer til etniske minoritetar og innvandrarbefolkninga, endrar seg.

Møtet mellom norsk identitet og kulturarv og det nye kulturelle mangfaldet er ein svært verdifull del av den norske kvardagen. Den nye språkpolitikken må sikra gjensidig respekt mellom desse kulturtradisjonane.

Samstundes som vi held oppe og styrkjer det kulturelle mangfaldet i Noreg, er det nødvendig at flest moglege innbyggjarar meistrar best moglege det dominerande språket i samfunnet. Difor må også alle innvandrarar få læra norsk og læra det godt.

5.7.9 «Norsk når du kan, engelsk når du må»

Skal eit språk haldast i hevd, må det brukast. Dei fleste lærer openbert best på sitt eige morsmål. Ein uttrykkjer seg som regel best på sitt eige språk, anten ein er forskar, næringsdrivande eller utøver andre yrke. Å kunna tenkja persist på sitt eige morsmål er ein nødvendig føresetnad for å bli god i andre fagspråk.

Så langt denne delen av språkutviklinga kan styrast frå folkevalde organ, må ein ny språkpolitikk leggja til grunn eit prinsipp som litt forenkla kan uttrykkjast gjennom slagordet «norsk når du kan, engelsk når du må». Med dette er meint at engelsk kan brukast når det er nødvendig eller formålstenleg, men at norsk elles er det naturlege språkvalet. Dette er i samsvar med det som er slått fast i Soria Moria-erklæringa, at norsk må bli verande det føretrekte språket i alle delar av norsk samfunnsliv.

Prinsippet må nyanserast og tilpassast til dei behov som finst innanfor kvart enkelt språklege bruksområde, slik at vi tryggjar norsk fagspråk og nasjonal kunnskapsformidling og samstundes fullverdig deltaking og medverknad i alle former for internasjonalt samkvem. Difor er det positivt at fleire universitet og høgskular no har utforma ein

eigen språkpolitikk der ein legg til grunn at universitet og høgskular har ansvar for at norsk fagspråk blir utvikla og brukt i alle vitenskaplege fag.

5.7.10 Språklege rollemodellar innanfor populærkulturen

Elevar i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen treng språklege førebilete i tekstar dei møter til dagleg. I den tekstkulturen ungdom elles er ein del av, er nynorsk skrift så godt som usynleg. Internett er ei av dei språklege hovudscenene for barn og unge, og både her og i populærkulturen trengst slike førebilete.

For eit mindre brukt språk som nynorsk er det viktig at dette språket er tett på ungdommens kvardag og situasjonar. Det vil seia at domenet populærkulturen må bli meir prega av nynorsk.

5.7.11 Jamføring med andre land

Det typiske ved den norske språksituasjonen er at innbyggjarane bruker mange skriftspråk, og at Noreg som andre land dermed er eit mangespråkleg samfunn. Det særmerkte ved den norske språksituasjonen er den språkdelte norske felleskulturen. Dei norske røynslene har stor interesse i andre land.

På same måten er det viktig at norske styresmakter følgjer godt med i det arbeidet andre land driv for å heva statusen og forbetra rammevilkåra for det mest brukte språket i høve til engelsk, for mindre brukte språk i høve til det mest brukte språket i landet og for dei mange minoritetsspråka.

5.7.12 Offentlege informasjonskampanjar

Ein ny språkpolitikk som mellom anna prøver å omfordela språkleg makt, må vera synleg i det offentlege rommet. Verken staten eller andre delar av offentleg forvaltning har gjennomført større prosjekt og informasjonskampanjar som gjeld språk og språkbruk.

Det språklege og kulturelle mangfaldet i Noreg må ha brei plass i både grunnopplæring og vidaregåande opplæring. Effekten av dette blir større dersom det offentlege følgjer opp med tydeleg, avgrensa og målretta haldningskampanjar.

Lovverk og økonomiske midlar er dei mest effektive verkemidla for å endra språklege maktforhold, men informasjon og haldningskampanjar vil stø opp under slike tiltak og gjera dei meir effektive. Samstundes kjem ein til kort med haldningsskapande arbeid som ikkje blir følgt opp av økonomiske prioriteringar og formelle reglar.

6 Språklege rettar og interesser

6.1 Språkets funksjon for språkbrukarane

6.1.1 Innleiing

Ein ny språkpolitikk må byggja på den føresetnaden at alle har rett til språk, og at ingen må diskriminerast på grunn av språket. Dette må gjelda både for individ og grupper. Det må likevel klar-gerast nærare kva ulike rettar til språk skal bestå i, og kva som kan kvalifisera til karakteristikken språkleg diskriminering.

I vedtektene til Språkrådet er det fastsett at institusjonen mellom anna skal verna om den kulturarven som norsk skriftspråk og talespråk representerer, fremja tiltak som kan auka kunnskapen om norsk språk, fremja toleranse og gjensidig respekt i forholdet mellom alle som bruker norsk språk i den eine eller andre varianten, og verna om dei rettane som kvar enkelt borgar har når det gjeld bruken av språket.

6.1.2 Grunnleggjande funksjonar

Språket er grunnleggjande for oss alle.

Vår identitet og vårt sjølvbilete er i stor grad knytt til språket.

Det er gjennom språket at vi som menneske opplever og forstår tilværet vårt; gjennom språket uttrykkjer vi våre tankar og kjensler, og det er gjennom språket at vi samhandlar med andre.

Språk og tanke heng nært saman.

Når eit språk døy, forsvinn også den måten å oppleva og forstå verda på som er kopla til dette språket. Dette gjeld også for dialektar og anna folkeleg talemål.

Språket gjev også tilgang til litteratur og andre kulturuttrykk; språket er berar av kulturarven vår og er den nøkkelen som opnar døra inn til denne arven.

Eit rikt og levande språk er ein føresetnad for at vi skal kunna veksa og utvikla oss som menneske. Dette gjeld både når vi ser på språket som eit overgripande samfunnsfenomen, og når det er tale om dei individuelle språkevne til kvar enkelt.

Den som skal kunna hevda sin rett, må ha språket i si makt. Språket er ein føresetnad for å kunna

delta i den offentlege samtalen og det alminnelege ordskiftet i samfunnet, for å kunna vera med i politisk og fagleg aktivitet, og for om nødvendig å kunna ta kampen opp mot dei mektige og myndige på dei ulike samfunnsarenaene.

6.1.3 I skule og utdanning, i arbeid og yrke

Språket er nøkkelen til framgang i skule og utdanning, i arbeid og yrke. Krava til språkevner og språkkompetanse blir jamt større for stadig fleire.

Dette har ikkje minst samanheng med at alle i dag har rett til vidaregåande utdanning, og at høgare utdanning er ein inngangsport til stadig fleire yrke.

Innanfor arbeidslivet blir språkbruk og språkbehandling stadig viktigare. Ein jamt aukande del av arbeidsstyrken tilbringar store delar av arbeidsdagen sin framfor dataskjermen.

Informasjonssamfunnet gjer at språkmeistring får stadig meir å seia i stadig fleire samanhengar.

6.1.4 Krav til språkmeistring

Evna til å handtera skriftspråket er langt viktigare i dag enn i tidlegare tider.

At fenomenet funksjonell analfabetisme har kome sterkt i søkjelyset dei siste tiåra, har nok meir samanheng med at krava til å meistra skriftspråket er vortne høgare, enn med at folk generelt er vortne dårlegare til å lesa og skriva.

Det same gjeld truleg for fenomenet lese- og skrivevanskar, også kalla dysleksi. Dette er neppe meir utbreitt i dag enn før, men i ei tid då skriftspråket stod mindre sentralt, vart det sjeldnare opplevd som eit problem.

Men også kravet til munnleg språkbruk har i mange tilfelle auka.

I takt med at industriell vareproduksjon er erstatta av meir teneste- og sørvisprega arbeid, ofte innanfor kunnskapsintensive bransjar, har kommunikasjon med andre menneske kombinert med sosial dugleik vorte stadig viktigare føresetnader for å kunna hevda seg på arbeidsmarknaden.

Truleg gjeld dette også for samfunnsutviklinga i stort.

6.1.5 Sosiale skilnader i språkmeistringa

Når språk og språkmeistring står så mykje meir sentralt i dagens samfunn, er det også eit større problem enn før at ikkje alle har like gode vilkår for å kunna tileigna seg eit rikt og funksjonelt språk, til å få utvikla språkevnene sine på ein optimal måte.

Det kan føra til nye former for sosiale skilnader.

Ulik tilgang til språk og ulike haldningar til språk og språkstimulering vil også ha samanheng med sosial og økonomisk ulikskap. Dermed er det også ein fare for at tradisjonelle skilnader i sosial og økonomisk bakgrunn kan bli reproduserte og til og med forsterka gjennom skilnader i språktilgang og språkmeistring.

Ulik tilgang til språk kan vera med og skapa maktkløfter i samfunnet. Makt kjem i høg grad til uttrykk og blir i stor grad utøvd gjennom språket.

Det har over lang tid vakse fram aukande skilnader i lesevanar og medieforbruk mellom ulike sosialgrupper. Slike skilnader kan ha mykje å seia for utvikling av språkevner og språkvanar hos barn og unge.

Kva samtalekultur og medieforbruk eit barn veks opp med i heimen, kan i høg grad verka inn på språkutviklinga hos barnet. For å utjamna slike sosiale og kulturelle skilnader er tidleg språkstimulering i og utanfor barnehagen eit nøkkeltiltak. Dette spørsmålet er grundig behandla i språkopplæringsmeldinga frå Kunnskapsdepartementet.

6.1.6 Særleg om lesekompetanse

Ei av dei største utfordringane når det gjeld språk og sosiale skilnader, er elles det at ein del av elevane går ut av skulen utan å ha tileigna seg den lesekompetansen som dei treng for å klara seg på ein god måte i det moderne arbeids- og samfunnslivet.

Også dette spørsmålet er nærare behandla i meldinga frå Kunnskapsdepartementet. I tillegg er det i kap. 7.6.7 i meldinga her drøfta andre lesestimulerande tiltak enn dei som skule- og utdanningssystemet har eit direkte ansvar for.

Svikande lesekompetanse spesielt og dårleg språkmeistring generelt er eit problem som rammar både elevar med rein norskspråkleg bakgrunn og elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn.

Ikkje sjeldan kan minoritetsspråklege barn møta ekstra vanskar, og det er på det reine at utdanningssystemet har særlege utfordringar når det gjeld å gje også alle minoritetsbarn eit optimalt tilbod om tilpassa språkstimulering og språkopplæring.

6.1.7 Norsk språkmeistring for fleirspråklege

Det er elles ein ny situasjon samanlikna med tidlegare tider at for mange i det norske samfunnet i dag er norsk eit språk dei møter som eit fremandspråk, eller i alle fall som eit andrespråk.

Dette gjer ikkje berre at utdanningssystemet har fått nye utfordringar med tanke på at alle skal kunna tileigna seg det norske språket, noko som er nødvendig for at dei skal kunna fungera i det norske samfunnet.

Det langt meir mangespråklege samfunnet vi har i dag, påverkar også den generelle språksituasjonen. Eit spørsmål som reiser seg i så måte, er til dømes kva slags krav det er rimeleg å stilla til god meistring av norsk i tale og skrift i eit mangespråkleg, multikulturelt samfunn.

6.2 Språkleg variasjon, toleranse og kvalitet

6.2.1 Innleiing

Språket er ingen fast storleik; det er prega av større eller mindre variasjon, og kva som er god språkmeistring, kan difor vera så ymse, avhengig av miljø, situasjon og kontekst.

6.2.2 Talespråket

Størst variasjon er det sjølv sagt innanfor talespråket. I tillegg til dialektbakgrunn er også faktorar som alder, sosial bakgrunn, utdanning og yrke med på å setja farge på det individuelle talespråket. Dessutan vil dei fleste variera språket alt etter situasjon, vi kan vera høgtidsame, kvardagslege, skjemtande, alvorlege, formelle eller uformelle osv.

Her i landet er det rike dialektmangfaldet eit velkjent fenomen. Og jamvel om tidlegare geografiske skiljemerke i språket er noko utjamna dei seinare tiåra, er det få av dei landa vi helst samanliknar oss med, som har så høg toleranse og aksept for dialektfarga talespråk også i ulike offentlege og offisielle samanhengar som vårt land.

Dette er ein viktig verdi å halda fast ved, jamvel om det å kunna uttrykkja seg i eit meir normalisert talemål også er ein del av dei språkevnene som det er verdt å øva opp. Vi skal heller ikkje undervurdere den rolle eit normalisert talemål kan spela som eit mønster og ei støtte for innlæring og stabilisering av eit standardisert skriftspråk.

Spørsmålet om å autorisera ei offisiell talenorm for norsk er tradisjonelt eit språkpolitisk stridstema her i landet. Rett nok finst det langt på veg ei

faktisk talenorm med utgangspunkt i moderat bokmål, men det eksisterer ikkje ei tilsvarende fast talenorm med offisiell status. Språkrådet har då også vore restriktiv med å markera uttale i ordbøker og ordlister.

På grunnlag av retningslinjer vedtekne på årsmøtet i 2001 kan Språkrådet likevel gje råd om såkalla akseptert standarduttale, både for bokmål og nynorsk. Men her er det tale om meir romslege uttalenormer, og det er streka under at Språkrådet ønskjer å støtta tradisjonen med å gje standard-språkkuttalen eit regionalt preg.

Dermed har ein unngått å setja eit negativt stempel på visse lydar og dialektale trekk. Dessutan inneheld ikkje retningslinjene råd om kva situasjonar slikt standard-språk skal brukast i. Det er streka under at Språkrådet ikkje har ønskt å rokka ved fridommen til å bruka dialekt eller standard-språk i munnlege samanhengar.

Det kan vera grunn til å streka under at vid aksept for dialektbruk og eit standardisert talemål med regionalt preg ikkje står i motsetnad til det å framelska og oppmuntra dei retoriske og stilistiske evnene hos språkbrukarane.

Og det er heller ikkje slik at manglande evner til å meistra eit meir standardisert talemål er det same som eit fattig språk. Det kan like godt vera tvert om. Ei undersøking frå Sverige har til dømes vist at barn frå den lågaste sosialgruppa, sosialgruppe 3, hadde eit svært stort ordtilfang, men det var i stor grad ord som låg utanfor det standard-språklege tilfanget.

Alt i alt synest det klart at språkmeistring og språkleg kvalitet ikkje først og fremst er eit spørsmål om talespråkleg standardisering.

6.2.3 Skriftspråket

Annleis er det med skriftmålet. Også her er det nok mange som i private og meir uformelle skrivesituasjonar kan klara seg godt utan å følgja særleg faste normer for rettskriving og setningsbygning.

Men for å kunna delta og gjera seg gjeldande i den offentlege samtalen er det ein stor fordel, ofte heilt nødvendig, å kunna meistra eit skriftspråk som følgjer eit fastare mønster.

Dette gjeld for rettskriving og teiknsetjing, men ikkje minst også for korleis ein formar klare setningar, og for korleis setningar blir kopla logisk til kvarandre i større tekststrukturar.

Både i eit sosialt utjamningsperspektiv og i eit makt- og demokratiperspektiv er det avgjerande viktig at alle uavhengig av geografisk, sosial og etnisk bakgrunn får den opplæring og den hjelp og støtte som elles skal til for at dei skal bli i stand til

å kunna bruka eit standardisert skriftspråk på ein best mogleg måte.

Dette er også ein føresetnad for den språkdyrkinga som er ein nødvendig del av grunnlaget for det språklege statusarbeidet som skal til for å sikra at norsk språk kan bestå som eit fullverdig, samfunnsberande språk også i framtida.

6.2.4 Språkopplæring

Også for å leggja grunnlaget for utvikling av eit sikkert skriftspråk er tidleg språkstimulering særskild viktig. Som nemnt ovanfor under kap. 6.1.5 kan barnehagane spela ei sentral rolle for å utjamna sosiale skilnader og ikkje minst for å gje barn med minoritetsspråkleg bakgrunn eit betre grunnlag for å tileigna seg det norske språket.

Elles er det sjølv sagt skuleverket på alle nivå som har hovudansvaret for god språkopplæring. I tillegg til å øva opp dei munnlege uttrykksevnene står lese- og skriveopplæringa i skulen særleg sentralt.

Dei utfordringane vi her står overfor, er nærare behandla i meldinga frå Kunnskapsdepartementet om språkopplæringa. Alle dei tiltaka som der er lagde fram, inngår også som viktige ledd i den nye heilskaplege språkpolitikken som vi elles skisserer rammene for i denne meldinga.

Når det gjeld spørsmål som har med språkopplæring å gjera, nøyer vi oss her med å slå fast ein del overordna prinsipp som står sentralt i det språkpolitiske grunnlagsarbeidet som er gjennomført dei seinare åra.

6.3 Språk – ein demokratisk rett

6.3.1 Tre grunnleggjande rettar

I strategirapporten *Norsk i hundre!*, er det lagt til grunn at ein samla språkpolitikk må forankrast i tre demokratiske rettar, retten til nasjonalspråk, retten til morsmål og retten til framandspråk.

Det er her tale om rettar både for individet og for samfunnet, altså både noko individet kan forventa at samfunnet tek omsyn til, og noko som samfunnet kan forventa av individet.

Slik omgrepet demokratiske rettar er nytta her, er det i utgangspunktet ikkje nødvendigvis tale om juridiske rettar. Kor langt slike demokratiske rettar kan realiserast i praksis, må difor definerast og regulerast nærare.

(1) For det første har vi retten til nasjonalspråk: Utgangspunktet for å styrkja posisjonen for det norske språket er nettopp at norsk er nasjonalspråket i Noreg.

Å meistra norsk er nødvendig for å fungera som fullverdig samfunnsmedlem.

Tilgang til norskkunnskapar er difor ein individuell rett.

Tilsvarande har samfunnet ein rett til å fastsetja eit nasjonalspråk, å krevja at innbyggjarane i landet meistrar dette språket, og å fremja tiltak for å styrkja nasjonalspråkets status.

(2) Retten til morsmål får sjølvstendig verdi som ein individuell rett berre for dei som har eit anna morsmål enn nasjonalspråket.

I dagens fleirkulturelle og mangespråklege samfunn er det difor nødvendig og viktig å skilja mellom nasjonalspråk og morsmål.

Alle morsmål er berar av ein eigen kultur som individet har ein demokratisk rett til å halda fast i og utvikla vidare.¹

Også denne retten har ein samfunnsdimensjon, til dømes den retten samfunnet har til å sikra at barn får stimulans i morsmålet sitt, bl.a. ut frå pedagogiske omsyn.

(3) Retten til framandspråk er i sterk grad aktualisert som eit resultat av dei aukande språklege kommunikasjonsbehova i ei globalisert verd.

Noreg vil i framtida i ikkje mindre grad enn i dag vera eit samfunn prega av og avhengig av eit omfattande internasjonalt samkvem. Med dette som utgangspunkt er det rimeleg å definera også tilgang til framandspråk som ein demokratisk rett for individet.

I tillegg kjem samfunnsdimensjonen, som her kan knytast til den retten samfunnet må ha til å påleggja innbyggjarane sine å læra eitt eller fleire framandspråk, slik dette kjem til uttrykk til dømes gjennom læreplanane for skulen.

6.3.2 Svensk og dansk jamføring

Dei tre grunnleggjande rettane ovanfor svarer heilt ut til eitt av dei fire overordna måla for ein svensk språkpolitikk som vart vedteken av Riksdagen i desember 2005. Her heiter det såleis:

«Alla ska ha rätt til språk: att utveckla och tillägna sig svenska språket, att utveckla och bruka det egna modersmålet och nationella minoritetsspråket och att få möjlighet att lära sig främmande språk.»

Også i eit notat frå Dansk Sprognævn frå januar 2007 heiter det om lag på tilsvarande vis:

«Alle skal have mulighed for at lære at tale og skrive dansk. Alle skal have mulighed for at lære mindst 2 fremmedsprog og forstå andre nordiske sprog. Alle skal have ret til at dyrke deres eget sprog.»

Samanlikna med framlegget i *Norsk i hundre!* ser vi at svenskane nemner «nationella minoritetsspråk» særskilt; for dei som høyrer til ein nasjonal minoritet, har ikkje nødvendigvis det tilhøyrande språket som morsmål, men dei skal altså likevel ha rett til å bruka og utvikla dette.

Danskane på si side nemner spesielt det å kunna forstå andre nordiske språk.

Begge desse elementa finn vi også att i den nordiske språkdeklarasjonen som vart vedteken hausten 2006. Naturleg nok har ein her i særleg grad hatt den nordiske språkfelleskapen i tankane.

6.3.3 Den nordiske språkdeklarasjonen

Språkdeklarasjonen tek utgangspunkt i at Norden i dag er ein mangespråkleg region, der samfunnsmedlemmene har gode språkkunnskapar, og der språkpolitikken kviler på ein demokratisk tradisjon.

Difor kan Norden i ei globalisert verd bli eit språkpolitisk førebilete for andre regionar. Føresetnaden er at det på nordisk plan blir utvikla ein samla, langsiktig og effektiv språkpolitisk innsats.

Deklarasjonen slår fast at ein slik språkpolitikk må ta som utgangspunkt at alle nordbuar har rett til:

- å læra seg eit samfunnsberande språk i tale og skrift, slik at dei kan delta i samfunnslivet
- å læra seg å forstå og skaffa seg kunnskapar i eit skandinavisk språk, dessutan forstå dei andre skandinaviske språka, slik at dei kan dra nytte av den nordiske språkfelleskapen
- å læra seg språk med internasjonal aksjonsradius, slik at dei kan delta i utviklinga av det internasjonale samfunnet
- å bevare og utvikla sitt morsmål og sitt «nasjonale minoritetsspråk»

På dette grunnlaget erklærer deklarasjonen at ein nordisk språkpolitikk må sikta mot:

- at alle nordbuar kan lesa og skriva det eller dei språka som fungerer som samfunnsberande i det området dei bur
- at alle nordbuar kan kommunisera med kvarandre, helst på eit skandinavisk språk
- at alle nordbuar har grunnleggjande kunnskapar om språklege rettar i Norden og om språksituasjonen i Norden

¹ For ordens skuld strekar vi under at det i dette ikkje ligg nokon juridisk rett til morsmålsundervisning. Dette spørsmålet er regulert i opplæringslova § 2-8, jf. omtale i kap. 4.2.8 og kap. 10.1.2.4.

- at alle nordbuar har svært gode kunnskapar i minst eitt språk med internasjonal aksjonsradius og gode kunnskapar i endå eitt framandspråk
- at alle nordbuar har allmenne kunnskapar om kva språket er, og korleis det fungerer

6.3.4 Ei verdserklæring om språklege rettar

Avslutningsvis nemner vi i dette kapitlet at det i 1996 på initiativ frå den internasjonale PEN-klubben var ein verdskongress om språklege rettar i Barcelona i Spania. Her vart det vedteke ei universell erklæring om språklege rettar.

Erklæringa var utarbeidd av ei ekspertgruppe på 46 medlemmer oppretta i oktober 1994. På kongressen i Barcelona deltok 220 representantar frå ulike organisasjonar og fagmiljø i nærpå nitti land frå alle kontinenta.

Verdserklæringa har sjølv ingen offisiell status, men ho byggjer på, viser til og sluttar seg til ei rekke tidlegare pakter, traktatar, konvensjonar, erklæringar, resolusjonar og tilrådingar i det internasjonale samfunnet. Ho har også vore med og danna grunnlaget for seinare konvensjonsarbeid i UNESCO.

7 Språkstyrking – eit komplett og samfunnsberande språk

7.1 Generelt

7.1.1 Språkmangfald og språkdød

7.1.1.1 Verdien av språkleg og kulturelt mangfald

Internasjonalt, og særleg i Europa, har det lenge vore brei politisk semje om at kulturelt og språkleg mangfald må vernast. I dokument både frå Europarådet og EU blir det streka under at det er det kulturelle mangfaldet i Europa som samla utgjør den europeiske identiteten. Det kulturelle mangfaldet er viktig i seg sjølv, på same måten som kvart enkelt språk og den tilhøyrande kulturen innanfor dette mangfaldet er det.

Det blir også rekna som avgjerande for den demokratiske utviklinga i samfunnet vårt at minoritetskultur og minoritetsspråk har ein positiv og sikker status.

Også Noreg har ein lang tradisjon for vern av språkleg og kulturelt mangfald, både nasjonalt og internasjonalt. Året 2008 er markeringsår for kulturelt mangfald, og også her står interkulturell dialog sentralt. Den klare profilen Noreg held internasjonalt, forpliktar oss til også nasjonalt å arbeida for at det språklege og kulturelle mangfaldet blir styrkt. Det finst i dag mange tiltak, både rettslege og økonomiske, som er positive bidrag i dette arbeidet. Det er likevel særskild viktig å etterprøva om tiltak som er sette i verk, verkar slik dei var tenkte.

Internasjonalt er verdien av språkleg mangfald dei siste åra kome konkret til uttrykk i fleire samanhengar. I UNESCOs universelle erklæring om kulturelt mangfald frå 2001 heiter det i den tilhøyrande handlingsplanen at medlemsstatane mellom anna skal samarbeida om å vareta språkarven i heile verda. Dei skal støtta grunnlaget for at menneska kan uttrykkja seg, driva skapande verksemd og utbreia budskapet sin på flest moglege språk.

Ved avslutninga av Det europeiske språkåret i 2001 gjorde EU-parlamentet eit vedtak med tilrådingar om tiltak for å fremja språkleg mangfald og språkopplæring. I februar året etter vedtok Ministerrådet ein resolusjon som bad Kommisjonen konkretisera tilrådingane. Kommisjonen følgde opp med å vedta ein handlingsplan for språkopplæring og språkleg mangfald i juni 2003.

UNESCO-konvensjonen om den immaterielle kulturarven frå 2003 har mellom anna til formål å verna språk som uttryksmiddel for denne arven, til dømes språk i form av munnlege tradisjonar og uttrykk. Og i konvensjonen om å verna og fremja eit mangfald av kulturuttrykk, vedteken på generalkonferansen i UNESCO i 2005, er det i dei innleiande merknadene streka under at språkleg mangfald er ein vesentleg del av det kulturelle mangfaldet.

Slike erklæringar og ambisjonar står i skarp kontrast til ei oppfatning som går ut på at språkleg mangfald i det internasjonale samfunnet er ei hindring for kommunikasjon og utvikling. Slike tankar er likevel ikkje utan appell, og dei byggjer på ein lett forståeleg logikk. Sett på spissen kan tanken formulast i det retoriske spørsmålet: Vile det ikkje vera mest praktisk dersom alle folk etter kvart gjekk over til å bruka berre engelsk? Eitt språk i heile verda, eller i alle fall ein konsentrasjon om stadig færre og større språk, kor store kostnader ville vi ikkje spare på det, og kor mange mistydingar og konfliktrar kunne vi ikkje unngå dersom alle folk utan vidare kunne snakka det same språket?

7.1.1.2 Språk – fleire funksjonar

Men eit språk er ikkje rein teknikk, eit tilfeldig system av kodar som berre fungerer som eit nøytralt instrument for kommunikasjon, eit system som utan vidare kan skiftast ut med eit anna.

I tillegg til kommunikasjonsfunksjonen har språk også ein kognitiv funksjon og ein symbolfunksjon.

Med uttrykket kognitiv funksjon siktar vi til det at språket er nær knytt til vår evne til tenking og refleksjon. Ord og uttrykk er knaggar for assosiasjonar og konnotasjonar. Gjennom språket opplever vi verda ikring oss, og ved hjelp av språklege kategoriar ordnar vi våre tankar og førestellingar.

At språket har symbolverdi, inneber at det språklege uttrykket er assosiert til sosiale vurderingar. Språket blir i stor grad brukt for å markera identitet og sosiale grenser. Til eit bestemt språk eller ein bestemt språkbruk kan det knyta seg større eller mindre prestisje.

Eit språk er også eit produkt av ein bestemt kultur. Heile vår historie, kollektivt og individuelt, ligg lagra i orda.

Når eit språk forsvinn, er det ein del av det åndelege og intellektuelle mangfaldet og den fellesmenneskelege kulturarven og erfaringsrikdommen som blir borte.

Språkleg mangfald gjev ulike perspektiv på verda og livet og er med på å motverka kulturell og politisk einsretting. Det språklege mangfaldet er ei uunnverleg kjelde til rikdom. Difor er språkleg mangfald i dag så sterkt framheva i internasjonalt og regionalt kultursamarbeid.

7.1.1.3 Språkdød

Det aukande engasjementet for språkleg mangfald må også sjåast i samanheng med at den faktiske språkutviklinga i verda går i retning av stadig større språkleg konsentrasjon, ikkje mangfald. Nokre få språk er i vekst; dei mindre språka er truga, og stadig fleire språk er i ferd med å forsvinna.

Aldri før i historia har vi vore vitne til ein meir dramatisk språkdød enn i vår tid. Av ca. 6000 språk i verda i dag reknar forskarar med at mellom 50 og 90 prosent kan forsvinna i løpet av hundre år. Det ser dessutan ut til at dette er ei utvikling som vil halda fram i akselererande tempo.

I kulturell meining kan tap av språkleg mangfald på mange måtar seiast å ha liknande skadeverknader som tap av biologisk mangfald har for naturmiljøet på jorda.

For fagfolk som arbeider med språkspørsmål, fortonar situasjonen seg som svært dramatisk. Den amerikanske lingvisten Ken Hale, som var ekspert på australske språk, skal ha samanlikna det intellektuelle tapet ved språkdød med å sleppa ei bombe på det verdskjende kunstmuseet Louvre i Paris.¹

Rett nok kan noko av kulturtapet ved språkdød kompenseras i den grad ein maktar å dokumentera dei truga språka medan dei enno er i levande bruk. Her kan nemnast at det ved Universitetet i Tromsø er etablert eit Senter for framifrå forskning nettopp for å granska og dokumentera slike utsette språk. Forskarane i Tromsø gjer komparative studiar av ulike språk og dialektar, både nærskyldte språklege varietetar og språk som står fjernare frå kvarandre.

Det som gjer svært mange språk utsette, er at dei i utgangspunktet er svært små.

Over 95 prosent av dei har mindre enn 1 million morsmålsbrukarar, og om lag 5000 språk blir snakka av færre enn 100 000. Over 3000, altså om lag halvparten av alle språk, har mindre enn 10 000 brukarar, og halvparten av desse igjen blir talte av mindre enn 1000 personar. Meir enn 500 språk blir snakka av mindre enn 100 personar.

Dei små språka eksisterer stort sett berre som talespråk, og det at dei ikkje er skriftfeste, gjer dei sjølv sagt endå meir sårbare.

7.1.1.4 Engelsk – dagens lingua franca

I den andre enden av skalaen har det internasjonalt vidgjetne språkleksikonet *Ethnologue* registrert i underkant av 350 språk med meir enn 1 million brukarar. Til saman blir desse største språka snakka av nesten 95 prosent av alle menneske.

Av desse igjen er 75 språk registrerte med meir enn 10 mill. brukarar, og det er åtte språk som har meir enn 100 mill. primærspåksbrukarar. Til saman utgjer dei som har eitt av desse åtte største språka som morsmål, over 40 prosent av folketalet i verda, dvs. i overkant av 2,5 milliardar menneske.

Det er kinesisk (mandarin) som overlege toppar lista over dei største språka i verda rekna i morsmålsbrukarar. Engelsk tevlar med spansk om andreplassen.

Men engelsk er likevel det dominerande verdspråket, fordi så mange lærer seg engelsk som framandspråk, og på grunn av den funksjonen engelsk har fått som det internasjonale hjelpespråket framfor noko, vår tids lingua franca.

Engelsk er det språket som den teknologibaserte globale samtalen går føre seg på. Det er det fremste vitskaps- og forretningsspråket, og det er språket til den internasjonale kultur- og medieindustrien. Om lag 70 prosent av alle internettsider er på engelsk.² Engelsk er det språket ein knapt kan unngå å bruka dersom ein skal gjera seg gjeldande i den globale konkurransen.

Aldri tidlegare i historia har eitt språk vore i ein liknande posisjon og dermed representert ei tilsvarende utfordring for dei fleste andre språk. I dette ligg også utfordringa for norsk språk i tida framover.

7.1.2 Framtidsutsikter for norsk språk

7.1.2.1 Norsk språk – storleik og styrke

Norsk språk er eit lite språk samanlikna med dei største. Men sett i høve til det store fleirtalet av språk i verda høyrer det likevel heime i elitedivisjo-

¹ Førde, Einar 2004.

² Lomheim, Sylfest 2007a: 16

nen. Rekna etter talet på morsmålsbrukarar er det ikkje så mange fleire enn 100 språk i verda som er større enn norsk.

Livskrafta i eit språk kjem likevel ikkje berre an på kor mange brukarar det har. Ein viktig faktor er om språket er skriftfest, om dette skriftspråket er vel standardisert og dokumentert, og kor lang skriftradisjon det har. Men også den økonomiske, institusjonelle og politiske konteksten som språket fungerer innanfor, vil vera med på å avgjera kor godt det vil stå seg i lengda.

Det er ingen tvil om at norsk både i kraft av slike kvalitative og samfunnsmessige faktorar og i kraft av sin relative storleik har ein mykje sterkare posisjon og eit langt betre utgangspunkt for å overleva som språk enn tilfellet er for dei fleste andre språk på kloden.

Samiske språk og språka til dei nasjonale minoritetane i Noreg har på langt nær eit tilsvarende utgangspunkt.

7.1.2.2 Gruppering av meir og mindre utsette språk

I regi av UNESCO vart det på 1990-talet utarbeidd ein rapport der språka verda over vart inndelte i seks kategoriar etter kor store overlevingsutsikter dei vart vurderte å ha. Her var norsk eitt av i alt 40 europeiske språk som var plasserte i den minst utsette kategorien, som ikkje truga språk (not endangered languages).

Til samanlikning var nordsamisk plassert i kategori nr. 3, under nemninga truga språk (endangered languages), medan sørsamisk og lulesamisk fanst i gruppe 4, som hadde nemninga alvorleg truga språk (seriously endangered languages).

Dette skulle altså gje liten grunn til å frykta at norsk språk generelt står framfor ein snarleg undergang.

Når det spesielt gjeld utsiktene for norsk skriftkultur, er det likevel eit problem at nynorsk har ein så mykje veikare posisjon enn bokmål. Men heller ikkje for norsk språk generelt kan vi heilt utan vidare hoppa bukk over det underliggjande spørsmålet om språkets overlevingsevne.

7.1.2.3 Vurderingar av trugsmålet for norsk språk

I det premissdokumentet frå Språkrådet som låg til grunn for oppnemninga av den eksterne strategigruppa hausten 2004, heitte det følgjande om dette:

«Når først verkeområdet til eit språk tek til å krympa, kjem ein inn i ei bane der det kan bli vanskeleg å bremsa opp eller snu utviklinga.

Og greier ein ikkje det, kan vegen gå mot langsam tilinkjesgjering av skriftspråket. Etter skriftspråket er talemålet neste skanse.»

I sjølve mandatet for strategigruppa heitte det at målet for språkpolitikken måtte vera å leggja eit best mogleg grunnlag for at norsk skal vera eit samfunnsberande skriftspråk om hundre år. Vidare heitte det:

«Kor alvorleg trusselen etter kvart kan bli, er det naturlegvis ingen som veit i dag, og det er heller ikkje noko poeng å drøfta denne problemstillinga svært inngåande. Men det er ein premiss for arbeidet som må vera klar for alle: Framtida for norsk språk – til liks med andre europeiske språk – er utrygg.»

I det norske ordsiftet har ein likevel kunna spora ei viss usemje i vurderinga av kor utrygg situasjonen eigentleg er, og om det verkeleg er ein reell fare for at norsk språk kan forsvinna. Til ein viss grad kan slik usemje ha samanheng med kor langt fram i tid ein finn det meningsfullt å sjå. Strategigruppa fekk i mandat å ta utgangspunkt i eit hundreårsperspektiv, og gruppa gav då også rapporten sin den dobbeltbotna tittelen *Norsk i hundre!*

I rapporten nøyer gruppa seg med å slå fast at eksistensen til norsk som språk ikkje er truga i dag. Vidare heiter det:

«Når vi tek omsyn til korleis heile det norske samfunnet i dag er tufta på norsk språk, ser vi det som svært usannsynleg at norsk forsvinn i overskodedeleg framtid. Viktige samfunnsområde kan likevel gå tapt til engelsk. På desse områda må det difor setjast i verk tiltak.»

7.1.2.4 Kva trugsmålet består i

Uavhengig av den faglege diskusjonen om sjølve livslagnaden for språket vårt kan vi konstatere at også norsk språk er i ein pressa situasjon. Det er utan vidare klart at dei utviklingstendensane som alt i dag kan observerast, er tilstrekkeleg illevarslende til å motivere ein langt meir offensiv og målretta politikk til styrking av norsk språk.

Også norsk språkpolitikk må ta utgangspunkt i den debatten som går føre seg om dei språklege konsekvensane av den engelskbaserte globaliseringsprosessen. Den dominerande stillinga for engelsk språk i dag utfordrar jamvel relativt veletablerte nasjonalspråk over store delar av verda. Dette gjer at grunnleggjande spørsmål om vilkåra for det eigne språkets eksistens har vorte ein del av det språkfaglege og språkpolitiske ordsiftet i mange land.

Ein meir offensiv språkstyrkingspolitikk er ikkje berre eit spørsmål om å byggja opp ein beredskap for å sikra eksistensen av norsk språk på lengre sikt. Det er like mykje eit spørsmål om å sikra språket vårt ein mest mogleg fullverdig funksjon i det korte perspektivet. Målet er først og fremst av kvalitativ art, å hindra at norsk språk skal bli eit sekundært og annanrangs språk som ikkje kan brukast til alle formål, i alle delar av samfunnslivet.

Med det siste som utgangspunkt blir forsvaret av framtidsspråket og ein nærare eller fjernare framtidssituasjon eit resultat av det vi gjer av omsyn til samtidsspråket og den noverande språksituasjonen. Ved å gripa fatt i dei aktuelle utfordringane vil vi også leggja eit best mogleg grunnlag for å sikra framtida for norsk språk.

7.1.3 Verdien av norsk språk

7.1.3.1 Språkleg sjølvkjensle

Det grunnleggjande synspunktet i denne meldinga er at alle språk har ein eigenverdi, og at den fremste føresetnaden for ei positiv utvikling for eit språk er at det i vedkomande språksamfunn finst eit sterkt medvit om den unike verdien som det eigne språket representerer.

Spørsmålet er om det i det norske språksamfunnet i dag finst eit tilstrekkeleg sterkt medvit om verdien av norsk språk til at vi som samfunn vil vera i stand til å stå imot det stadig sterkare presset som språket vårt er utsett for.

I sluttrapporten frå den siste norske maktutgreiinga finst ein situasjonsanalyse som det i så måte er grunn til å ta alvorleg.

Her heiter det at det offisielle Noreg har svak sjølvkjensle på vegner av norsk språk. Som ei mogleg forklaring blir det peikt på at den dominerande språkforma, bokmålet, ikkje har vore sentral i eit nasjonsbyggjande prosjekt, medan nynorsken, som nettopp var ein del av eit slik prosjekt, er trengd tilbake som ein regional variant med svakaste feste i hovudstaden.

7.1.3.2 Norsk språk mellom det nasjonale og internasjonale

Dette er ei historisk forklaring som kan seia noko om kvifor norsk språk kan hevdast aldri å ha oppnådd den høge status og prestisje i det eigne språksamfunnet som tilfellet kan synast å vera for nasjonalspråket i enkelte andre land. I dagens situasjon kan utfordringane like mykje liggja i det at den nasjonsbyggjande perioden i stor grad er eit tilbakelagt stadium.

Den internasjonale og fleirkulturelle dimensjonen står i dag meir sentralt. I ein slik situasjonen kan det henda at problemet vel så mykje ligg i det at norsk språk til ein viss grad blir gjenstand for nasjonale assosiasjonar med eit negativt forteikn.

Men all ekte internasjonalisering og all toleranse for kulturelt mangfald må byggja på eit solid og trygt fotfeste i eigen kultur og eige språk. Den nasjon og den kultur som ikkje veit å setja pris på og å ta vare på sitt eige, vil sjølv ha lite originalt å bidra med i internasjonal og interkulturell dialog og kunnskapsutveksling.

Sann og ekte internasjonalisering er ikkje det same som å høvla ned nasjonalt særpreg i språk og kultur. Dersom vi også i Noreg og i Norden skal bidra med vårt i den globale fellesskapen, då må vi vita å ta vare på vårt eige særpreg, våre eigne føresetnader og ikkje minst vår eigen kultur. Ikkje noko er meir norsk kultur enn norsk språk.

7.1.3.3 Usynleggjering av norsk språk

I dag er det mange teikn som tyder på at vi tek vårt eige norske språk som noko sjølv sagt, som noko som alltid vil vera der, som noko vi ikkje treng å uroa oss for og dra omsorg for. Dette kan vera med på å usynleggjera norsk språk. Kanskje er det slik at vi ikkje så lett ser verdien av dei nære tinga, ting som berre er der.

Både presset frå engelsk, som eit sterkt dominerande og prestisjefyllt internasjonalt språk, og også behovet for å styrkja og integrera dei minoritetsspråklege og fleirspråklege utfordringane i ein samla språkpolitikk, kan ha som sideverknad at nasjonalspråket vårt, og det som er morsmålet for dei aller fleste her i landet, kan få mindre merksemd enn det som er nødvendig.

I vår tid må vi gje vårt eige språk langt større merksemd enn det dei fleste kanskje har for vane å gjera. Vi kan ikkje ta bruken av norsk språk, verdien av godt norsk språk og ei god og tilpassa norskopplæring for alle som noko sjølv sagt. Tvert imot må dette stadig understrekast og byggjast opp under i vårt kollektive medvit.

Truleg er ikkje det alvorlegaste trugsmålet mot norsk språk i dag presset utanfrå, men heller det at vi eventuelt ikkje skulle makta å mobilisera nødvendig kraft og styrke innanfrå til å halda oppe den fulle tiltrua til vårt eige språk.

Dette er først og fremst eit spørsmål om positive haldningar og felles vilje. For utan positive haldningar til vårt eige språk, innsikt i verdien av å styrkja og dyrka språket, er det grenser for kva vi kan oppnå gjennom alle slags økonomiske, legale og organisatoriske verkemiddel.

7.1.3.4 Nasjonalspråkleg mobilisering

Eit grunnleggjande mål for ei ny språkpolitisk mobilisering må difor vera å skapa større medvit om verdien av norsk språk.

Ei slik mobilisering må byggja opp ei større innsikt i den funksjonen norsk språk har som kanskje det aller fremste uttrykket for nasjonal og kulturell fellesskap i heile det norske samfunnet. Norsk språk er truleg den krafta som sterkast bind det norske samfunnet saman, på tvers av sosiale, økonomiske, kulturelle og etniske skiljeliner, og på tvers av tradisjonelt norskspråkleg mangfald og eit stadig aukande innslag av fleirspråkleg mangfald.

På same måte som norsk språk knyter oss saman i ein nasjonal fellesskap, er ulike variantar av dette språket med på å knyta oss saman i ulike regionale, lokale og sosiale fellesskapar. Og som alle andre språk er også norsk språk i høg grad eit kontakt- og identitetsskapande middel. Gjennom språket etablerer vi kontakt og utvekslar vi informasjon, og gjennom språket både markerer vi og skaper vi vår eigen identitet.

Dersom språket blir truga eller nedvurdert, går det ikkje berre ut over slike sosiale fellesskapar, men då er det i høg grad også individuelle verdiar som blir nedvurderte. Også i eit slikt perspektiv er det at alle språk – også norsk språk – må seiast å representera ein heilt fundamental verdi.

I det eine landet etter det andre er det no i ferd med å skapast eit medvit om behovet for ein ny strategisk språkpolitikk, for å styrkja dei eigne nasjonalspråka og for å hindra at engelsk meir og meir skal ta over som bruksspråk på den heimlege arenaen, også i situasjonar der sjølve kommunikasjonen ikkje krev at ein bruker engelsk.

7.1.4 Presset frå engelsk

7.1.4.1 Innleiing

Det språkpolitiske spørsmålet om språkpress frå engelsk er slett ikkje noko nytt tema. Det har tidvis vore oppe i det offentlege og faglege ordskiftet her i landet heilt sidan andre verdskrigen. Det vart behandla språkvitenskapleg alt i ei doktoravhandling frå 1945. Etter 1962 har det oftare og oftare vore diskutert som problem på dei årlege nordiske språkmøta.

7.1.4.2 Engelsk ovanfrå og nedanfrå

Den sterke prestisjen og tiltrekingskrafta som engelsk språk i dag nyt godt av, takk vera den dominerande stillinga dette internasjonale språket har fått, kan samanliknast med den posisjonen som latin hadde i tidlegare tider.

Men latin var eit mykje meir reindyrka elite-språk enn det engelsk er i dag. Presset frå latin kom berre ovanfrå, og fekk aldri fotfeste hos breie lag av folket. Det var det språket som dominerte der lærdommen fanst, og der makta rådde.

Slik er det også i stor grad med engelsk i dag. Men samstundes kjem engelskpresset nedanfrå. I tillegg til å fungera som ein slags ny latin for elitane har engelsk også lenge vore det språket som til dømes ungdommeleg kultur får uttrykk gjennom.

Ein studie frå Danmark dokumenterer korleis engelsk har vorte eit felles verdisymbol for anglo-amerikanske subkulturar som står i opposisjon til den etablerte samfunnsordenen.³

Studien viser samstundes at undergrunnskulturen og den dominerande kulturen er avhengige av kvarandre. Det dominerande samfunnet sine institusjonar har funne ut at dei kan tena pengar på subkulturen, men lèt seg dermed også påverka ved at dei tek til seg mange av dei subkulturelle stilelementa.

Omvendt gjev det høgare status innanfor subkulturen dersom ein som høyrer til der, i kraft av sin subkulturelle ekspertise oppnår posisjonar innanfor det dominerande samfunnet. Slike tendensar gjer sitt til at subkulturelle stilelement, ikkje minst dei språklege, blir eit slags verdisymbol også for breiare og eldre lag av folket, dvs. at dei kjem til å inngå som element av livsstilen til store befolkningsgrupper.

Den status- og prestisjeverdien som engelsk har fått, er utan tvil ei medverkande årsak til at engelsk har ei så sterk gjennomslagskraft på så mange måtar og i så mange samanhengar i dagens samfunn.

Vi ser utslag av dette på mange frontar og samfunnsarenaer. Eit vitskapleg arbeid frå 2003 har til dømes dokumentert at dei fleste doktorgradsstudentar i Noreg i svært liten grad tenkjer igjennom kva språk dei skal skriva avhandlinga si på. I mange fag har det gått nærast automatikk i å bruka engelsk.

Å skriva engelsk er vorte standard i mange fag; å skriva på norsk krev eit medvite val. Engelsk blir av mange forbunde med prestisje, modernitet og normalitet, medan å skriva avhandlinga si på norsk kan opplevast som nasjonalistisk, bakstreversk og litt sært.

Studien viser korleis dette delvis er eit resultat av ei form for språkleg sosialisering med utgangspunkt i dei språkhaldningane som rår innanfor eit fagmiljø som studentane gradvis blir ein stadig sterkare integrert del av.⁴

³ Preisler, Bent 2004.

⁴ Ljosland, Ragnhild 2004a.

7.1.4.3 Fleire former for engelskpåverknad

Særleg i høve til engelsk trivst den myten at norsk er eit fattigare språk, at det har eit mindre ordtilfang og ikkje passar i alle samanhengar. At Ibsen brukte færre ord enn Shakespeare, betyr likevel ikkje at norsk har færre ord enn engelsk. Både Wergeland og Hamsun dankar ut Shakespeare i så måte. Men det er ikkje talet på ord som er målet på uttrykkskrafta i eit språk.

Det er språkbrukaren – ikkje språket åleine – som avgjer uttrykkskrafta, og det beste verktøy for alle språkbrukarar er morsmålet. Det er med morsmålet ein oppnår størst presisjon og får plass til mest mellom linjene. Vi ønskjer at norsk, morsmålet vårt, framleis skal få leva på alle område her til lands – også i forretningslivet og i det offentlege rommet mellom reklameplakatane.

Presset frå engelsk kan elles ta ulike former. Skjematisk kan ein dela inn i tre påverknadsmekanismar.

7.1.4.4 Import av lånord

For det første importerer vi mange engelske lånord.

Omfanget av slik ordimport er likevel ikkje så omfattande som mange synest å tru. Utrekningar viser at av alle ord i ei vanleg nordisk dagsavis er mellom 0,5 og 1 prosent engelske lånord. Dersom teksten handlar om populærkultur, data, teknikk eller visse idrettar som golf eller basketball, kan talet koma opp i mellom 1 og 2 prosent.

I dei første tiåra etter krigen var det likevel alle orda frå engelsk ein var mest oppteken av, først og fremst fordi dei skapte normeringsvanskar og dermed pedagogiske problem.

Språkhistoria viser likevel at lån av ord er noko av livsvilkåra for alle språk. Det gjeld ikkje minst ordlån over landegrensene.

Men særleg når lånestraumen berre går den eine vegen, kan det likevel bli for mykje av det gode. Bruk av engelske ord og uttrykk i norsk er nok til dels også ein indikasjon på den prestisjen som engelsken nyt godt av. Slik sett kan overdriven bruk av engelske lånord i staden for gode norske ord vera ei varsellampe som vi bør ta notis av.

7.1.4.5 Kodeveksling

Ei anna form for engelskpåverknad er det som med ein språkvitskapleg term blir kalla kodeveksling.

Dette inneber at ein språkbrukar skiftar språk fram og tilbake under ein samtale eller midt inne i ein tekst. I kvardagslege samtalar er det ikkje uvan-

leg at det skjer korte kodevekslingar til engelsk så ofte som ein gong i minuttet, særleg i meir uformell kommunikasjon mellom ungdommar.

Det vanlege er enkle frasar som trengjer seg inn her og der i samtalen, uttrykk som til dømes *That's not my business, No problems, Shit happens, Back to basics.*

Kodeskifte til engelsk er eit generelt drag ved mykje av ungdomsspråket. Mange engelske ord og uttrykk som opptrer i slike kodeskifte, er eingongsfenomen, medan andre etter kvart blir eit slags standarduttrykk som blir verande i språket som nye ord. Kodeskifte er dermed med på å føra til gradvise endringar i sjølve språket.

7.1.4.6 Domenetap

Det er likevel den tredje forma for påverknad vi i dag er mest uroa over, det som det no er vanleg å kalla domenetap.

Dette er den mest vidtgåande påverknaden. Den inneber at ein heilt går over til å bruka engelsk som arbeidsspråk i visse samanhengar, altså eit totalt språkskifte frå norsk til engelsk innanfor det som blir kalla eit språkleg domene, dvs. eit avgrensa bruks- eller funksjonsområde for språket.

Både lånord og kodeveksling kan av og til vera problematisk. Dei engelske låna kan vera vanskelege å forstå, i skrift også vanskelege å stava og bøya. Men som regel fungerer likevel kommunikasjonen tilfredsstillande. Ofte kan også lånorda og kodevekslingane tilføra språket nye uttrykksressursar utan at det samstundes behøver å bety at noko går tapt i norsk.

Verre er det med domenetap. Når engelsk ei tid har dominert som bruksspråk innanfor eit domene, vil det føra til at det ikkje lenger blir produsert norske omgrep og norske termar. Då betyr det at vi ikkje lenger kan tenkja eller tala om dette aktivitetsområdet på vårt eige morsmål.

7.1.4.7 Frå kulturpåverknad til domenetap

Det var Sigmund Skard, professor i amerikansk litteratur, som i pamfletten *Målstrid og massekultur* i 1963 reiste spørsmålet om denne breiare kulturpåverknaden, særleg slik han tok seg uttrykk innanfor ungdomskulturen. Han tok opp nettopp det vi i dag kallar domenetapsspørsmålet, men utan å bruka sjølve ordet.

I 1989 var det så at den danske språkvitaren Jørn Lund tok i bruk termen språkleg domene. Omgrepet lånte han frå språksosiologen Joshua Fishman, og formålet var å presisera skiljet mellom påverknad på sjølve språket på eine sida og

påverknad på språkets status og bruk på den andre sida.

Med dette kunne ein skilja tydelegare mellom spørsmål som gjeld korleis engelsk påverkar ordforråd, skrivemåtar og uttrykksmåtar, og drøftingar av korleis engelsk språk blir meir og meir brukt i staden for norsk i visse samanhengar.

Det er først og fremst dette siste, tapet av bruksområde til engelsk, som representerer den store faren for norsk språk i dag: at næringslivet går over til å bruka engelsk i Noreg, at ungdommens dataprogram berre ligg føre på engelsk, at undervisning og forskning går føre seg på engelsk i Noreg.

Ingen kulturnasjon med respekt for morsmålet sitt kan sitja med hendene i fanget i ein slik situasjon. Dersom vi aksepterer at norsk språk blir trengt heilt ut frå eller sett til sides som eit annarrangs språk innanfor viktige bruksfunksjonar i samfunnet, har det mange ulemper som også er synlege på kort sikt.

7.1.5 Konsekvensar av domenetap

7.1.5.1 Domenetap – to tydingar

I strategiutgreiinga *Norsk i hundre!* er domenetap definert som ei utvikling der engelsk, eller eit anna framandspråk, erstattar norsk innanfor eit bestemt domene, dvs. eit språkleg bruksområde eller ein bruksfunksjon. Når norsk ikkje lenger er i bruk innanfor det aktuelle domenet, er domenetapet eit faktum. Dette er den eine og grunnleggjande tydinga.

Men omgrepet domenetap kan også brukast om sjølve den prosessen der eit språk gradvis blir trengt til sides av eit anna. Ein slik prosess kan til sjuande og sist føra til domenetap i den første tydinga av ordet. Men prosessen kan også stoppa opp, slik at resultatet blir ein stabil situasjon der dei to språka deler domenet.⁵

7.1.5.2 Reduserte prestasjonar

For det første inneber auka bruk av engelsk i staden for norsk at stadig fleire nordmenn må nytta eit anna språk enn morsmålet sitt i stadig fleire samanhengar. Det er på det reine at det representerer ein ekstra vanske å nytta eit anna språk enn morsmålet, og resultatet blir at ikkje alle presterer så godt som dei elles kunne gjort.

Vi må altså kalkulera med reduserte prestasjonar innanfor både skule og arbeidsliv og på andre område av samfunnslivet i den grad vi bruker

engelsk i staden for norsk også i situasjonar der dette ikkje er nødvendig eller formålstenleg.

7.1.5.3 Negative haldningar til norsk

For det andre må vi rekna med at auka bruk av engelsk innanfor viktige språkdomene vil verka inn på språkbrukarane sine haldningar til norsk og engelsk.

Dersom engelsk blir språket for dei prestisjefylte og maktrelaterte samfunnsfunksjonane, dersom framsteg innanfor forskning og vitenskap berre skjer på engelsk, og dersom engelsk dominerer innanfor alt som er nytt og moteriktig, då er det ein stor risiko for at norsk vil bli oppfatta som eit mindre reverdig, gammalmodig og eit mindre rikt utrusta språk samanlikna med engelsk.

Slike haldningar vil ha mykje å seia både for språkutviklinga i stort og vilkåra for kvar enkelt språkbrukar. Negative haldningar til norsk vil også tendera til å forsterka domenetap til engelsk, og det oppstår ein vond sirkel som det kan vera vanskeleg å bryta ut av.

7.1.5.4 Stengjer for kommunikasjon over faggrensar

For det tredje vil domenetap gjera det vanskelegare å kommunisera på tvers av ekspertgrensar.

Dersom norsk ikkje blir brukt til dømes innanfor naturvitenskapleg forskning, blir det ikkje utvikla norsk terminologi innanfor dette feltet, og det blir dermed vanskelegare å føra ut slik kunnskap utanfor spesialistmiljøa.

Norske termar gjer ofte forståinga lettare, fordi dei i større grad enn engelske kan knytast til ord og omgrep som er kjende frå før. Dei er som regel også lettare å stava, bøya og uttala. Mangel på brukbare norske termar kan difor skapa problem for populærvitenskapleg opplysning og redusera grunnlaget for innsyn og demokratisk kontroll.

Dersom utviklinga går langt nok, hamnar vi i ein situasjon der det i praksis blir uråd å omtala visse emne anna enn på engelsk.

7.1.5.5 Skilje mellom høgspråk og lågspråk

For det fjerde vil omfattande domenetap skapa ulike interne kommunikasjonsproblem. Dersom engelsk trengjer norsk ut frå viktige bruksområde, kan det oppstå ein situasjon der norsk og engelsk får heilt separate bruksfunksjonar, det som på fagspråket blir kalla ein diglossisk situasjon.

Det vanlege er då at det eine språket – i dette tilfellet engelsk – blir eit høgspråk, det språket ein bruker i meir formelle og offisielle samanhengar, medan det andre – i dette tilfellet norsk – blir eit

⁵ Kristoffersen, Gjert et al. 2005: 16

lågsspråk som blir brukt i heimen, i nærmiljøet og familien. Vi får eit sektordelt funksjonshierarki i tilhøvet mellom engelsk og norsk.

Erfaringane frå diglossiske samfunn er at kunnskapane i høgsspråket oftast er ujamt fordelte, slik at grupper med høgare sosial status kjem betre ut enn lågstatusgrupper.

7.1.5.6 *Språkkløfter*

Det kan her nemnast at Dansk Sprognævn i eit plandokument frå 2003 åtvara mot faren for at det kan oppstå ei språkkløft mellom på den eine sida ein elite som forskar og formidlar på engelsk, leier bedriftene sine på engelsk og sender barna sine på engelskspråklege skular, og på den andre sida eit stort B-lag som på grunn av avgrensa dugleik i engelsk ikkje har tilsvarende utvegar.

Språkkløfter kan bli til klassekløfter, og dette vil forsterka det demokratiske problemet som alt i dag ligg i at ei stor folkegruppe ikkje kan klara seg på engelsk.

I eit nytt notat om dansk språkpolitikk frå januar 2007 slår Dansk Sprognævn fast at utviklinga sidan 2003 har medført ein stadig stigande dominans av engelsk innanfor høgare utdanning og dermed auka risiko for at dansk i løpet av få år ikkje lenger vil kunna sjåast på som eit fullverdig og samfunnsberande språk i Danmark.

7.1.5.7 *Maktutgreiinga*

I sluttrapporten frå den siste norske maktutgreiinga blir det gjort gjeldande at domenetap er ein svakare variant av språkdød. Det betyr at norsk degenererer på sentrale og prestisjefylte område; men kanskje overlever på meir avgrensa og private felt.

Konsekvensen er ei kulturell utarming der begge dei to språka er mindreverdige samanlikna med språkkompetansen innanfor tilsvarende samfunnslag i land med ei sterkare språkleg sjølvkjensle.

Rapporten slår vidare fast at tilbakegang for norsk er tap av meining, nyanserikdom og kulturkodar. Det inneber også større sosial ulikskap, større skilnader mellom dei som meistrar engelsk rimeleg bra, og dei som ikkje gjer det.

Slik oppstår på nytt drag ved standsskilnadene som gjorde seg gjeldande då europeiske elitar talte latin, og seinare fransk, medan breie lag av folket snakka sine nasjonale og lokale lågspråk. Dei sosiale skilnadene i språkleg dugleik og kompetanse blir forsterka etter kvart som norsk blir trengd tilbake av engelsk på dominerande samfunnsområde.

7.1.6 **Haldningar til språk og språkskifte**

7.1.6.1 *Nordiske haldningar*

I ei større meiningsmåling som vart gjennomført i 2002 som ledd i eit stort nordisk forskingsprosjekt om moderne importord i språka i Norden, vart respondentane mellom anna spurde korleis dei stilte seg til ein påstand om at det hadde vore best dersom alle i verda hadde engelsk som morsmål.

I Noreg var kvar femte respondent positiv til dette, i Sverige meinte nesten kvar tredje at engelsk morsmål for alle i heile verda hadde vore ein god idé, medan det i Finland berre var ein av ti som var samd i påstanden.

Trass i alt var det altså eit klart fleirtal i heile Norden som ikkje såg ein føremon i å ha engelsk som eit globalt morsmål. Ved første augnekast kan dette synast tillitvekkjande nok. Ved nærare ettertanke er det likevel eit spørsmål om det ikkje heller må takast som eit alvorleg varsku dersom så mange som 20 prosent i ein gjeven situasjon ville vera villige til å gå bort frå norsk språk.

Den same undersøkinga viste dessutan at det blant dei norske respondentane var 39 prosent som var positive til at ein del norske bedrifter hadde gått over til engelsk som arbeidsspråk. I Danmark var meir enn halvparten av dei spurde positive til engelsk arbeidsspråk i danske bedrifter. Her er det grunn til å merka seg at svenskane var meir kritiske til engelsk arbeidsspråk enn nordmennene. Mest kritiske var dei på Island. Her var det berre 11 prosent som såg positivt på engelsk arbeidsspråk i næringslivet.

Frå tid til anna ser ein også utsegner i media som gjev uttrykk for positive haldningar til å skifta til engelsk språk i mange samanhengar. For døme på dette viser vi til boks 7.1.

7.1.7 **Verdien av engelsk og andre framandspråk**

7.1.7.1 *Nytten av engelsk som eit felles, internasjonalt språk*

Det er grunn til å streka under at styrking av norsk språk på ingen måte dreier seg om å halda engelsk ute. Det lét seg knapt gjera, og det er slett ikkje ønskjeleg. Det er tvert imot ein rikdom for landet så vel økonomisk som kulturelt at nordmenn flest blir aktive og kompetente brukarar av engelsk i tillegg til norsk.

I ei verd der landegrensar og geografisk avstand betyr stadig mindre, er det heilt nødvendig at vi satsar på å heva det generelle kompetansenivået i engelsk.

Boks 7.1*Døme nr. 1*

I den svenske Aftonbladet for 2. februar 2006 er det referert ein professor i samfunnsøkonomi ved Universitetet i Lund som foreslo «att avskaffa svenskan». Han uttalte om dette: «Det skulle ge oss enorme fördelar; engelska kan och borde bli ett språk för hela världen.»

Døme nr. 2

Det har ingen egenverdi å bevare et språk, det være seg norsk eller fransk. [...] språket har ingen verdi utover det å være et kommunikasjonsmiddel. [...] Om folk flest, også i Norge, om 200 år, kommuniserer best på engelsk – who cares? Ville det være noen katastrofe? Nei! Det ville tvert imot være et historisk framskritt for menneskeheten! Tenk om alle, uavhengig av fargen på passet, kunne snakke naturlig og godt sammen! Det hadde vært noe!

Kjelde: Arild Rønsen i Klassekampen 19. mars 2007.

Eit felles internasjonalt språk – som engelsk – lettar alle former for samarbeid over landegrensene. Det gjer at ikkje minst fagfolk blir i stand til å utveksla innsikt og kunnskapar med kollegaer i andre land. I dag er fagleg utvikling endå meir enn før avhengig av slikt samarbeid.

Difor er det særleg viktig at forskarar og vitenskapsfolk lærer seg å meistra det internasjonale fagspråket. Men kravet til språkkunnskapar går mykje vidare enn som så.

7.1.7.2 *Nytten av andre framandspråk enn engelsk*

Det er også viktig at nordmenn flest i så stor grad som råd er, får høve til å læra seg andre framande språk enn engelsk. For dei aller fleste vil det vera intellektuelt stimulerande og kulturelt utviklande å læra seg fleire språk og å få høve til å praktisera denne lærdommen så mykje som mogleg.

Dette er heller ikkje berre eit spørsmål om rein nytte for landet og for den enkelte. Det vil også vera med på å stimulera til meir omfattande kulturutveksling og større toleranse i det internasjonale samfunnet.

Alle delar av det norske samfunnet vil både på det faglege og det menneskelege planet ha nytte og glede av god kontakt med kollegaer og venner i

andre land. Da vil vi ha behov for å tilpassa språket vårt etter dei vi kommuniserer med. I dette perspektivet er det ein stor fordel for kvar enkelt å ha eit så stort språkleg repertoar som råd.

I tillegg til at kunnskapar i engelsk og andre framande språk trengst for å kunna kommunisera internasjonalt, er det også liten tvil om at det å kunna bruka fleire språk kan vera kognitivt utviklande, for ulike språk opnar ofte for ulike perspektiv og nyansar. Ikkje minst kan dei kontrastane ein oppdagar i møtet mellom formuleringar på to språk, auka presisjonen i tanken. Difor er det særleg om å gjera at ein innanfor høgare utdanning utviklar fagleg innsikt på meir enn eitt språk.

7.1.7.3 *Sviktande kunnskap i framandspråk*

Granskingar i regi av Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa viser at norske bedrifter slit med framandspråk, og at språkswake nordmenn snublar i internasjonal handel.

Over tusen mellom- og toppleiarar har svart på ei rad spørsmål som ledd i ei kartlegging av behovet for framandspråk i næringslivet. Over halvparten av leiarane var usikre på om dei hadde fornærma ein kunde eller samarbeidspartnar på grunn av dårleg engelsk. Ein av tre hadde opplevd feilleveransar på grunn av språket. Det går fram at nordmenn synest å ha språklege problem i både sosiale og faglege samanhengar.

Granskingsrapportane frå Framandspråksentret stadfestar noko som også blir hevda i andre samanhengar, nemleg at nordmenn ikkje er så gode i engelsk som vi ofte trur. Mange har ikkje evne til å bruka språket i meir avanserte og krevjande samanhengar.

Den siste rapporten konkluderer med at ingeniør- og økonomistudentar som skal inn i sentrale stillingar i næringslivet, bør lærast opp til å meistra engelsk som arbeidsspråk på eit høgt nivå, høgare enn det dei normalt vil ha kome opp på i vidaregåande skule.

Undersøkinga viser elles at det er eit stort behov for å kunna også andre framandspråk enn engelsk. Rett nok er engelsk dominerande også som handelsspråk. Den siste rapporten konkluderer likevel med at fleire enn i dag av dei som går inn i sentrale stillingar i næringslivet, bør meistra eit anna framandspråk i tillegg, først og fremst tysk, deretter fransk, spansk eller russisk.

Det heiter vidare at det bør leggjast til rette for at ingeniør- og økonomistudentar som tek sikte på stillingar i næringslivet, også kan læra seg heilt andre språk, så som kinesisk, japansk, koreansk, arabisk eller hindi.

Rapporten frå Framandspråksenteret peiker til slutt på at det ikkje er grunn til å tru at det berre er innanfor næringslivet at det kan påvisast sviktande språkkunnskapar blant høgt utdanna arbeidskraft. Det blir difor foreslått å gjera ei tilsvarande kartlegging av språkbruk og språkbehov blant akademikarar, administratorar, offiserar og tilsette i interasjonale organisasjonar.

7.1.8 Parallellspråksbruk

7.1.8.1 Innleiing

I samsvar med *Norsk i hundre!* er det målet om såkalla parallellspråksbruk som står fram som svaret på det som i dag kan sjå ut til å vera ei tiltakande utvikling i retning av domenetap for norsk språk.

Dette er også lagt til grunn i det språkpolitiske grunnlagsarbeidet som har gått føre seg i dei andre nordiske landa dei siste åra.

I den nordiske språkdeklarasjonen som vart vedteken hausten 2006, er også parallellspråksbruk stilt opp som eit grunnleggjande prinsipp for ein samla, langsiktig og effektiv språkpolitisk innsats.

7.1.8.2 Uttrykket parallellspråksbruk

Uttrykket parallellspråksbruk, også omtalt som parallellspråklegheit, vart opphavleg utmynta av ei tidlegare språkpolitisk referansegruppe under Nordisk råd.

Med dette som utgangspunkt har omgrepet vore utlagt som ei systematisk sidestilling av to eller fleire språk i akademisk samanheng, som eit slags generelt språkpolitisk prinsipp med lange historiske røter. Tanken er at ein vil satsa på både engelsk og nasjonalspråket, slik at dei blir nytta parallelt.⁶

Strategien parallellspråksbruk inneber ein mellomposisjon som er meint å byggja ned dei skarpe frontane mellom dei som kjenner sterk uro på vegner av norsk språk, og dei som går entusiastisk inn for mest mogleg engelsk. I staden for anten norsk eller engelsk er det altså no tale om både norsk og engelsk. I kjølvatnet av dette må ein også stilla spørsmålet om når og i kva samanhengar det eine eller det andre av dei to språka skal brukast.

Parallelliteten, at dei to språka skal brukast side om side, ligg altså innebygd i sjølve den språklege nemninga. Men det at to (eller fleire) språk skal brukast side om side, seier ikkje nødvendigvis noko om kor mykje kvart av dei skal brukast. Kor-

leis bruksfordelinga vil vera, kan difor variera innanfor eit parallellspråkleg domene.

I den nordiske språkdeklarasjonen er parallellspråksbruk definert som samtidig bruk av fleire språk innanfor eitt eller fleire område, på ein slik måte at det eine språket ikkje slår ut og erstattar det andre.

7.1.8.3 Parallellspråksbruk for å motverka domenetap

Prinsippet om parallellspråksbruk er utvikla som eit svar på pågåande domenetapsprosessar.

Fordi ein har erkjent at det verken er realistisk eller ønskjeleg å arbeida for at nasjonalspråket skal rå grunnen åleine innanfor eit språkdomene, er målet i staden å stabilisera situasjonen ved å leggja til rette for at også nasjonalspråket kan sikrast som bruksspråk ved sida av det internasjonale språket, og gjerne då slik at nasjonalspråket også kan gjenvinna sine naturlege bruksfunksjonar innanfor domenet i den grad desse er gått tapt.

Parallellspråksbruk er dermed den metoden som peiker seg ut for å hindra at pågåande prosessar i retning av domenetap for norsk språk får utvikla seg vidare. Forsvar mot domenetap og gjennomføring av prinsippet om parallellspråksbruk blir dermed to sider av same sak. Dette må gjelda på alle område der det er behov for å kunna kommunisera både på nasjonalspråket og på eit internasjonalt språk.

7.1.8.4 Ein fleksibel strategi

Uttrykket parallellspråksbruk må elles oppfattast som ei samlenemning på ein fleksibel strategi som i praksis kan utformast litt ulikt avhengig av kva slags språkdomene vi har med å gjera, og kva slags utfordringar som kjenneteiknar vedkomande domene.

Strategien har altså slett ikkje som mål å stengja ute all bruk av engelsk. I sjølve nemninga parallellspråksbruk ligg det såleis også ein reservasjon på vegner av norsk språk.

Strategirapporten *Norsk i hundre!* strekar under at det ikkje er noko realistisk mål at norsk språk i Noreg skal få tilbake den posisjonen det tradisjonelt har hatt i eitt og alt. Globaliseringa vil vara ved, heiter det, og vi må tola at den stillinga norsk har hatt som nærast einerådande bruksspråk, vil bli svekt innanfor dei domena der kontakten med det internasjonale samfunnet er stor.

Difor kan ikkje målet i dag vera å hevda norsk som einerådande bruksspråk, men at norsk må brukast innanfor alle delar av samfunnet også i framtida, også på område der det i visse sammen-

⁶ Simonsen, Dag F. 2004a.

gar er nødvendig å nytta eit framandspråk, som regel engelsk. Utfordringa er å sikra at slike domene utviklar seg til å bli parallellspråklege, i staden for einspråkleg engelske.

7.1.8.5 Med preferanse for norsk

I *Norsk i hundre!* er det likevel lagt noko meir i omgrepet parallellspråksbruk enn det ein kan lesa ut av definisjonane ovanfor.

Definisjonen i *Norsk i hundre!* har såleis følgjande ordlyd:

«Parallellspråklighet er et grunnleggende begrep i dette dokumentet. Det vil vi bruke om domener der to eller flere språk er i bruk, og der ett språk, i vårt tilfelle norsk, alltid vil være det foretrukne språkvalget når det ikke er nødvendig å bruke et fremmedspråk.»⁷

Meir utfyllande heiter det om dette:

«Norsk som språk er ikke akutt truet i dag. Men norskens status som samfunnsbærende nasjonalspråk kan i årene som kommer, bli truet hvis engelsk innen visse domener erstatter norsk som daglig kommunikasjonsspråk. Det overordnede målet for språkpolitikken må være å hindre slike domenetap for norsk ved at en greier å etablere de utsatte domenene som parallellspråklige. Med parallellspråklighet i forhold til engelsk og andre fremmedspråk mener vi som tidligere nevnt en situasjon der norsk foretrekkes i alle situasjoner der det av kommunikasjonsmessige grunner ikke er nødvendig å bruke et fremmedspråk.»⁸

Slik parallellspråksbruk er nytta her, inneber det altså ikkje ei prinsipiell sidestilling av norsk og engelsk, men at bruk av norsk også skal føretrekkjast.

Dette prinsippet, som vi kunne kalla parallellspråksbruk med preferanse for norsk, er også reflektert i den politiske plattformen for regjeringa. I den grunnleggjande språkpolitiske målformuleringa i Soria Moria-erklæringa heiter det såleis:

«Norge er et lite språkområde, og det norske språket er under konstant press. Det er behov for en offensiv språkpolitikk, slik at norsk forblir det foretrukne språk i alle deler av norsk samfunnsliv.»

At norsk skal vera det føretrekte språket i Noreg, det naturlege språklege førstevalget, må vera eit grunnleggjande språkpolitisk prinsipp. Men det at norsk skal føretrekkjast, betyr på den andre sida ikkje at norsk alltid kan veljast. Engelsk

eller eit anna framandspråk skal kunna nyttast i staden for norsk. Det kan skje i større eller mindre omfang avhengig av situasjonen og dei behov som er til stades på ulike område.

I *Norsk i hundre!* er vilkåret for bruk av engelsk at det er nødvendig «av kommunikasjonsmessige grunner». I denne meldinga har vi på generelt grunnlag presisert dette slik at engelsk kan nyttast i staden for norsk når det er nødvendig eller formålstenleg. Dette opnar for bruk av engelsk også i andre situasjonar enn der den konkrete kommunikasjonssituasjonen gjer det nødvendig.

7.1.8.6 Parallellspråksdugleik

Dersom ein skal realisera prinsippet om parallellspråksbruk, må språkbrukarane innanfor dei aktuelle domena meistra dei aktuelle språka best mogleg.

For norske morsmålsbrukarar er det særleg om å gjera at dei utviklar så god kompetanse i engelsk at ein reduserer til eit minimum det handikappet det trass alt er å nytta eit framandspråk.

Dette kan gjerne omtalast som eit mål om parallellspråksdugleik.

Vi kan også seia at språkbrukarane må bli parallellspråklege, dvs. at dei blir i stand til å meistra begge dei aktuelle språka, norsk og engelsk, så godt at dei kan bidra til at vi i Noreg kan tryggja norsk fagspråk og kunnskapsformidling og samstundes delta på fullverdig måte i alle former for internasjonalt samkvem.

Særleg er denne parallelliteten viktig å utvikla innanfor forskning og høgare utdanning og den internasjonaliserte delen av næringslivet.

Dette inneber at ulike samansetningar med uttrykket parallellspråk kan nyttast ikkje berre som eit mål for eller som ein faktisk karakteristikk av den samla språkbrukssituasjonen innanfor eit språkdomene; dei kan også nyttast om kompetansen til språkbrukarane innanfor det aktuelle domenet.

Som ein viktig del av ein samla parallellspråksstrategi må det difor leggjast vekt på å øva opp evnene hos språkbrukarane til aktivt å meistra også engelsk munnleg og skriftleg i tråd med dei behov som særleg gjer seg gjeldande innanfor det aktuelle språkdomenet. Dette omsynet inngår difor blant dei grunnar som kan gjera det formålstenleg å nytta engelsk i staden for norsk også i tilfelle der den aktuelle kommunikasjonssituasjonen ikkje gjer det nødvendig.

Dette er såleis ikkje i strid med prinsippet om parallellspråksbruk med preferanse for norsk.

Føresetnaden er likevel at bruk av engelsk i staden for norsk skal skje fordi det er ein gjennom-

⁷ Kristoffersen, Gjert et al. 2005: 16

⁸ Kristoffersen, Gjert et al. 2005: 36.

tenkt grunn for det, dvs. at det blir utvikla ein bevisst språkpolitikk tufta på eit grunnlag som inneber at det i utgangspunktet er norsk som er det naturlege bruksspråket i Noreg.

7.1.8.7 Språkdomene definert gjennom produkt på ein marknad

Alt som er sagt om parallellspråksbruk ovanfor, har som utgangspunkt at det er språket brukt som dagleg kommunikasjonsmiddel som definerer eit språkdomene.

I *Norsk i hundre!* er det nemnt at det også finst språkdomene av eit anna slag, nærare bestemt eit domene der språket inngår som del av eit produkt som blir bode fram på ein marknad.

I slike tilfelle legg *Norsk i hundre!* til grunn at ein ikkje kan byggja på prinsippet om preferanse for norsk, dvs. at norsk skal brukast dersom det ikkje er nødvendig eller formålstenleg å nytta engelsk eller eit anna framandspråk i staden.

Når det er tale om eit slikt språkdomene, der språket inngår som del av eit produkt på ein marknad, vil målet om parallellspråksbruk i staden gå ut på å sikra at det norskspråklege tilbodet er stort nok og har ein så høg kvalitet at det kan hevda seg i tevlinga med det framandspråklege.

Det er særleg innanfor kultur- og mediesektoren at vi har å gjera med utprega produkt- eller tilbodsdefinerte språkdomene.

7.2 Terminologi og fagspråk

7.2.1 Innleiing

7.2.1.1 Generelt

Ein grunnleggjande føresetnad for at norsk skal vera eit komplett, samfunnsberande språk, er at det kan brukast til å utveksla og formidla spesialisert kunnskap. Dette krev at det finst tilgang på norske ord og uttrykk i form av fastlagde spesialtermar som kan danna grunnlaget for ein fullverdig fagleg kommunikasjon på norsk.

I dag er mykje fagspråk både i Noreg og i mange andre land prega av ein så massiv flaum av engelsk terminologi at det kan gjera sitt til å forstyrra den faglege kommunikasjonen på nasjonalspråket. Ikkje minst er dette tilfelle innanfor naturvitenskaplege og teknologiske fag. Dette gjer at mange fagfolk kan finna det enklare å gå heilt over til engelsk som faginternt kommunikasjonsspråk.

Slik sett er mangelen på norske fagtermar eit steg på vegen mot domenetap for norsk språk. Eit meir systematisk terminologiarbeid er difor eit vik-

tig verkemiddel for å halda oppe og vidareutvikla norsk fagspråk. Her ligg mykje av nøkkelen til å hindra domenetap for norsk språk generelt og til å erobra til dels nye domene for nynorsk språk spesielt.

Det er ein vekselverknad mellom språkbruk og terminologiutvikling. På den eine sida er det lettare å kommunisera på norsk innanfor eit spesialisert fagfelt dersom det frå før finst norske spesialtermar som dei fleste fagfolk er samde om. På den andre sida er det ein føresetnad for å utvikla slike termar at nasjonalspråket vårt på førehand er i bruk som faginternt språk på vedkomande område.

7.2.1.2 Nærare om fagterminologi og fagspråk

For å utvikla, lagra og formidla spesialisert informasjon og kunnskap trengst det eit velutvikla omgrepsapparat. Med det er meint til dels fingrerte omgrep, eintydige definisjonar av kvart enkelt omgrep og klart fastlagde relasjonar omgrepa imellom. Skal den faglege kommunikasjonen bli effektiv og formålstenleg, må dessutan kvart omgrep ha ei nemning som er dekkjande, som høver godt reint språkleg, og som dei fleste fagfolk sluttar opp om i praktisk bruk.

Det er desse fagleg definerte nemningane som til saman dannar terminologien innanfor eit fag eller eit fagfelt. Å læra seg eit fag går i stor grad ut på å tileigna seg dei omgrepa og termane som organiserer den aktuelle fagkunnskapen og dermed gjer han tilgjengeleg for ein vidare krins av fagfolk. Det er særleg dette spesielle ordtilfanget – fagterminologien – som er skilnaden mellom fagspråket og allmennspråket.

Det går likevel ikkje skarpe grenser mellom fagterminologien og det allmennspråklege vokabularet. Ord som klart høyrer til allmennspråket, kan som fagtermar nyttast i ei meir avgrensa og klarare definert tyding. Omvendt kan ord som opphavleg har hatt ein fagterminologisk funksjon, etter kvart bli tekne opp i allmennspråket, til dømes i ei utvida eller overført tyding. Fagtermar kan dermed vandra fram og tilbake mellom allmennspråket og ulike fagspråk.

Det eigentlege fagspråket er eit ekspertspråk og har primærfunksjonen sin som eit faginternt kommunikasjonsspråk. Men også når ekspertane vender seg til mottakarar utanfor sin eigen krins, til dømes i form av popularisering og pedagogisk verksemd, vil språket som regel ha eit større eller mindre innslag av fagterminologi. Også slike fageksterne tekstar har dermed ein fagspråkleg karakter, jamvel om innslaget av fagterminologi

kan vera mindre og i større grad supplert med utfyllande forklaringar enn i det meir reindyrka fagspråket.

Det vi tenkjer på som fagspråk, er kanskje først og fremst vitskapspråket, for ordet fag blir ikkje minst assosiert med dei ulike akademiske disiplinane eller vitskapsgreinene. I det moderne samfunnet finst det eit mangfald av spesialiserte kunnskapsfelt. Omkring 1990 vart det operert med meir enn 800 spesialiserte forskingsfelt.⁹ Fragmenteringa av kunnskapen skjer også innanfor dei enkelte fagfelte. Ein fordjupar seg i spesialområde innanfor ein avgrensa disiplin, og berre dei færaste meistrar heile faget.

Men også alle yrkesfag har sin eigen terminologi og dermed sitt eige fagspråk. I det heile vil all teoretisk og praktisk verksemd som byggjer på eit visst minimum av spesialisering, danna grobotn for utvikling av eit eige omgrepsapparat og dermed ein eigen fagterminologi. I dag er det ikkje minst ei rivande teknologibasert produkt- og tenesteutvikling som driv spesialiseringa framover, og som gjer at det stadig oppstår ny fagterminologi.

7.2.2 Kunnskaps- og terminologiimport før og no

7.2.2.1 Utgangspunkt

Nesten all informasjons- og kunnskapsutvikling, økonomisk og teknologisk endring, kort sagt all fagleg utvikling og produktutvikling, er i dag internasjonal i sin natur. Også i tidlegare tider har vi fått ei mengd med fagtermar frå utlandet. Det gjeld ikkje minst ulike former for teknisk terminologi. Utanlandske handverkarar og ingeniørar som kom til landet, hadde med seg faguttrykka frå heimlandet. I tillegg var det mange nordmenn som hadde fått opplæring utanlands.

For publikasjonar som skulle lesast over landegrensene, vart latin etter kvart avløyst av fransk, tysk og engelsk. Fransk heldt seg lenge som det dominerande språket for matematikarar. Tysk vart dominerande innanfor teknologi i vårt område, i Noreg fram til siste verdskrigen. Frå då av har engelsk kome stadig sterkare inn, og i dag skjer det meste av terminologiutviklinga primært på engelsk.

7.2.2.2 Vitskapleg basert terminologi

Import, spreining og bruk av utanlandsk, særleg engelskspråkleg, terminologi skjer i dag i stor grad

gjennom vitskapleg basert kunnskapsproduksjon og kunnskapsutveksling, ikkje minst gjennom primærpublisering¹⁰ av vitskaplege bidrag. Hovudmønsteret her er at forskarane vender seg til dei internasjonale fagfellane sine innanfor eit sterkt spesialisert forskingsfelt. Føresetnaden for å nå vidt ut er då at dei nyttar eit internasjonalt språk, og i dag har engelsk erobra ein dominerande posisjon som det globale vitskapspråket.

UNESCO anslo for ein del år sidan at omtrent halvparten av alle nye vitskaplege publikasjonar i verda omkring 1990 kom på engelsk.¹¹ I ein rapport frå 2001 går det fram at så mykje som 85 prosent av all vitskapleg produksjon i verda var skriven på engelsk eller hadde eit samandrag på engelsk. Dette talet har knapt vorte mindre dei seinare åra.

Når forskingsverksemda i stor grad skjer på ein internasjonal vitskapsarena, og svært mykje av den primære forskingslitteraturen difor blir skriven på engelsk, følgjer det nærast som ein automatisk konsekvens at også nye omgrep og ny terminologi først blir utvikla på engelsk.

7.2.2.3 Terminologi basert på internasjonale standardar

Import og spreining av engelskspråkleg terminologi skjer i dag i stor grad også gjennom eit omfattande internasjonalt standardiseringsarbeid.

Ein standard er eit dokument som inneheld tekniske krav til ulike slags produkt, system, metodar eller prosedyrar. Takk vera den harmonisering som standardiseringa inneber, kan varer og tenester med ulikt opphav brukast om kvarandre eller enkelt tilpassast i høve til kvarandre. Det er ein praktisk fordel for forbrukarane, og det representerer ei økonomisk vinning ved at det er med på å motverka tekniske handelshindringar. Standardar har ein viktig konkurranseregulerande funksjon i næringslivet.

Utvikling av standardar går føre seg i tekniske komitear på nasjonalt, europeisk og globalt plan. Over 3000 norske fagekspertar, dei fleste frå privat sektor, er med i slike komitear nasjonalt og internasjonalt.

Terminologiutvikling skjer som ein sideverknad av sjølve standardiseringsarbeidet og er ein føresetnad for å oppnå nødvendig presisjon i standardane. I utgangspunktet blir termar fastsette og definerte innanfor den konteksten som kvar enkelt standard utgjer. Men ikkje sjeldan blir det også

⁹ Clark, Burton 1995. Her gjengjeve etter Kalleberg, Ragnvald 2004: 108.

¹⁰ Kristoffersen, Gjert et al. 2005: 69.

¹¹ Ljosland, Ragnhild 2003: 10. Her gjengjeve etter Kalleberg, Ragnvald 2004: 91-92.

utvikla konsistent terminologi for ein serie av nærskylde standardar, ofte utgjevne som eigne terminologistandardar.

Globalt skjer mesteparten av standardiseringsarbeidet i regi av ISO (International Organization for Standardization) og på europeisk plan i regi av CEN (Comité Européen de Normalisation). Dei fleste standardar som blir gjeldande i Noreg, blir fastsette av Standard Norge, ein privat og uavhengig medlemsorganisasjon som vart stifta i 2003 då fire tidlegare standardiseringsorganisasjonar slo seg saman.

Årleg fastset Standard Norge godt over 1000 standardar. Meir enn 95 prosent av dei er produserte i regi av CEN eller ISO. Av desse igjen blir i dag mindre enn 5 prosent omsette til norsk. Resten blir fastsette med engelsk tekst. Av gjeldande norske standardar er det i dag under 7 prosent som har norsk tekst, og dette talet blir stadig lågare.

Ein stor del av dei importerte standardane er standardar som Noreg må fastsetja for å utfylla og spesifisera overordna EU-direktiv som vi er plikta til å innarbeida i norsk rett. Jamvel om sjølve direktiva blir omsette til norsk, blir vi på denne måten likevel stilte overfor eit stadig veksande framandspråkleg tekstmateriale som er sentrale referansedokument i det norske lovverket. Denne tekstmassen er også styrande for verksemda i store delar av norsk næringsliv.

Mange av standardane blir nytta på samfunnsområde som er viktige for allmenta, og som samstundes har omfattande innslag av såkalla asymmetrisk fagleg kommunikasjon. Det inneber at det til dømes er sivilingeniørar og liknande fagfolk som utviklar standardane, medan dei som primært brukar dei, kan vera handverkarar, montørar og liknande.

7.2.2.4 *Behovet for nasjonalt terminologiarbeid*

Når så mykje av terminologiutviklinga har eit internasjonalt opphav, inneber det at andre språk enn engelsk ikkje automatisk får tilført den stadig meir spesialiserte fagterminologien som trengst for å halda ved like og utvikla ein avansert fagspråkleg kommunikasjon og ei allmenn kunnskapsformidling på nasjonalspråket. For at det skal skje, må difor kvart land utvikla sin eigen fagterminologi.

Det å halda ved like og utvikla eit norsk fagspråk krev difor eit aktivt nasjonalt terminologiarbeid.

7.2.3 **Kvifor ein eigen norsk fagterminologi?**

7.2.3.1 *Generelle synspunkt*

Behovet for terminologi på norsk og eit eige norsk fagspråk kan grunnleggjast på fleire måtar.

Rett nok treng ikkje fråværet av ein særskild norsk fagterminologi nødvendigvis å opplevast som særleg dramatisk innanfor det aktuelle fagmiljøet sjølv. Tvert imot kan nok mange ekspertar innanfor ein avgrensa fagleg kontekst synast at dei klarer seg godt med den engelske terminologien jamvel om kommunikasjonen elles går føre seg på norsk.

Men når heile det terminologiske apparatet er på engelsk, kan det fort utløysa full bruk av engelsk. For det blir lett opplevd som kunstig og utilfredsstillande å snakka og skriva på norsk med ein fagterminologi som er henta frå eit anna språk. Ein kan då like godt ta skrittet fullt ut.

Av og til blir det hevda at engelsk er eit meir presist og hendig språk som fungerer betre enn norsk i fagleg kommunikasjon. Men det er ein påstand som vanskeleg lèt seg prova. Det finst ikkje noko fagleg grunnlag for å hevda at eit bestemt språk i kraft av struktur, ordtilfang eller liknande er meir uttrykksfullt, presist eller nyanserikt enn andre språk. Det kan likevel skapast eit slik inntrykk når det i utgangspunktet nesten ikkje finst norske termar å gripa til.

Slik blir mangelen på norsk terminologi eit argument for å bruka engelsk i staden for norsk. Dette gjer i neste omgang at norske fagfolk heller ikkje blir vane med å skapa velfungerande norske termar. Dermed er ein inne i ein vond sirkel som det kan vera vanskeleg å bryta ut av.

Tilgang på norsk terminologi er altså nødvendig ikkje berre for å kunna kommunisera på norsk der og då, men også for å øva opp den språklege kreativiteten på norsk, for slik å vidareutvikla den norske terminologien og dermed skapa grunnlag for eit norsk fagspråk også på lengre sikt.

7.2.3.2 *Det faglege argumentet*

Jamvel om engelsk ofte har den mest utvikla terminologien i utgangspunktet, kan slik utanlandsk terminologi sjeldan fungera like godt som det eigne morsmålet som grunnlag for tankearbeid og idéutveksling.

For svært få meistrar engelsk eller eit anna framandspråk tilnærma like godt som morsmålet. Sjølv dei som greier å læra seg engelsk svært godt, vil knapt kunna tevla fullt ut i presisjon og tankekraft med ein engelsk morsmålsbrukar på det same faglege nivået.

Tilgang på norsk terminologi vil såleis vera med på å styrkja utviklinga av faglege idear, presise omgrep og god fagleg forståing. Det må difor leggjast til grunn at utvikling av norsk terminologi og norsk fagspråk vil vera med på å heva det faglege nivået og dei faglege prestasjonane blant norske ekspertar og vitskapsfolk.

Norsk terminologi har slik sett ein eigenverdi som ikkje er lett å måla, men som likevel ikkje må undervurderast.

7.2.3.3 Folkeopplysningsargumentet

Dersom det ikkje blir utvikla eit norsk fagspråk som kan brukast på dei mest avanserte nivåa, svekjer det også grunnlaget for å bruka norsk språk med autoritet når fagstoff skal populariserast og spesialisert kunnskap skal formidlast til eit større publikum.

God norsk terminologi vil vera med på å gje folk flest lettare tilgang til fagleg kunnskap. Slik er terminologiarbeid også ein del av eit meir omfattande kunnskaps- og folkeopplysningsprosjekt.

7.2.3.4 Demokratiargumentet

Indirekte er terminologiarbeidet dermed også ein viktig del av grunnvilkåra for eit opplyst og deltakande demokrati. For ein godt utbygd norsk terminologi over eit breitt fagleg spekter vil styrkja fundamentet for all fagleg basert kunnskapsspreiing og informasjonsutveksling og slik representera ein viktig del av den demokratiske infrastrukturen i samfunnet.

På den måten vil terminologisk og fagspråkleg utviklingsarbeid vera med på å oppfylla det såkalla infrastrukturkravet som kom inn i den nye ytrings- og friomsparagrafen i Grunnlova i 2004.

7.2.3.5 Identitetsargumentet

Eit terminologisk utbygd nasjonalspråk som kan brukast på dei mest avanserte områda av samfunnslivet, kan også ha mykje å seia for heile språksamfunnet på den måten at det gjev språkpolitisk og kulturell sjølvkjensle.

Også innanfor meir avgrensa sektorar kan nasjonal terminologi ha slike symbolske funksjonar. Her er utviklinga av norsk oljeterminologi på 1980-talet eit godt døme. Delvis som reaksjon på den tidlege oljeindustrien som var tufta på importert kapital, teknologi og kompetanse frå den angloamerikanske kultursfæren, vart det å leggja til rette for eit norskspråkleg oljemiljø etter kvart sett på som eit viktig ledd i arbeidet for å skapa ei eiga oljeutvinning på norsk grunnlag.

Som det første norske selskapet som fekk operatøransvaret for eit felt på norsk sokkel, vedtok såleis Statoil å bruka norsk som arbeids- og administrasjonsspråk på Gullfaks-feltet, som kom i drift frå 1985.

Selskapet hadde fleire unge norske ingeniørar med ei idealistisk innstilling som vart pådrivarar for å erstatta eit sterkt engelskpåverka blandingspråk med eigen norsk oljeterminologi. Det å visa at også det norske språket dugde, vart sett på som eit ledd i arbeidet med å etablera ein norsk oljeindustri som stod på egne bein.

7.2.3.6 Tryggingsargumentet

Ein eigen nasjonal terminologi har også ein funksjon i arbeidet for å fremja helse, miljø og tryggleik. Alt i 1982 påviste Einar Flydal den store tryggingrisikoen som språkforvirring og dårlege engelskkunnskapar førte med seg nettopp innanfor oljebransjen.

I løpet av 1980-åra følgde så internasjonale oljeselskap i fotefara til Statoil og tok i bruk norsk som arbeidsspråk i Nordsjøen. Verknaden var mellom anna at tryggingnivået vart betre, og dessutan at det vart lettare for andre delar av norsk næringsliv å kommunisera med oljenæringa.

I dag er det påvist store språkproblem mellom anna i byggjebransjen i kjølvatnet av den auka mobiliteten av arbeidskraft i Europa. Dette aktualiserer behovet for ei meir gjennomtenkt haldning til språk og språkbruk i arbeidslivet.

Men det er knapt ei realistisk løysing å tenkja seg at engelsk kan erstatta norsk som eit felles arbeidsspråk i norsk byggjebransje. Det ville etter alt å dømma gå ut over både helse og tryggleik og i tillegg by på ei rad praktiske og tekniske vanskar.

7.2.3.7 Lønnsemdsargumentet

Spørsmålet om engelsk eller norsk terminologi kan også direkte eller indirekte ha ei bedriftsøkonomisk side. Ulike situasjonsrapportar tyder til dømes på at ein omfattande anbuds- og kontraktsdokumentasjon på engelsk fører til mykje ekstraarbeid og ekstrakostnader for små og mellomstore verksemdar.

Det at så få standardar finst i norsk språkdrakt, gjer til dømes sitt til å hemma konkurransesituasjonen for norske føretak samanlikna med konkurrentar frå andre land som i større grad har omsett standardane til nasjonalspråket.

Det er også mykje som tyder på at bruk av norsk terminologi i generell og kunderelatert

informasjon og marknadsføring er økonomisk lønnsamt for alle bedrifter som opererer i Noreg. Overfor eit norsk publikum vil slikt terminologisk og språkleg medvit gjera sitt til å auka presisjonsnivået og gjera den utoverretta kommunikasjonen meir effektiv. Eit norsk-engelsk terminologisk samansurium, slik ein ikkje sjeldan kan finna til dømes på ulike heimesider på Internett, vil derimot gje eit dårleg inntrykk og vera skadeleg for truverd og omdømme.

Alt i alt vil eit velfungerande fagspråk basert på norsk terminologi ha mykje å seia ikkje berre for den språklege utviklinga, men også for å auka konkurranseevna for norsk næringsliv. Dermed er dette også eit bidrag til å sikra vår økonomiske berekraft.

7.2.3.8 *Det kulturelle argumentet*

Men behovet for eit nasjonalt fagspråk handlar til sjuande og sist om dei kulturelle, sosiale og menneskelege føresetnadene som skal leggja til rette for at vi kan ha eit vitskapleg og økonomisk liv her i landet.

Terminologiarbeidet er den sentrale plattform som skal sikra at kunnskapsoverføringa mellom norsk og andre språk er effektiv og ikkje påfører norske fagspråkbrukarar eit handikapp.

Fagterminologi er også ei av dei viktigaste kjeldene for fornying av ordforrådet vårt. Terminologiarbeid er både språk- og kulturforsvar og eit vilkår for effektiv kommunikasjon over språkgrensar.

7.2.4 **Nasjonalt terminologiarbeid i Noreg**

7.2.4.1 *Utfordringa i dag*

Arbeidet med utvikling av norsk terminologi ligg i dag mykje på etterskot.

Dels er det slik at det i mange samanhengar manglar norske termar, dels er problemet at brukarar ikkje har kjennskap til eller tilgang til norske termar der slike trass alt finst.

Mykje av det terminologiarbeidet som er gjort tidlegare, er nemleg ikkje oppdatert eller ikkje allment tilgjengeleg. I mange fagmiljø rår den haldninga at det ikkje er mogleg eller ikkje meining i å halda oppe ein norsk terminologi.

Utfordringa er altså både å utvikla nye norske termar som får brei aksept i dei respektive fagmiljøa, og å gjera eksisterande og nye termar tilgjengelege på ein slik måte at dei også blir tekne i bruk i alle aktuelle samanhengar.

7.2.4.2 *Ulike former for terminologiarbeid*

Nasjonal termskaping og terminologitviking har tradisjonelt gått føre seg på tre nivå.

For det første har det skjedd som ein meir eller mindre integrert del av den organiserte faglege aktiviteten innanfor eit fagfelt, til dømes i samband med produktutvikling eller skriving av lærebøker.

For det andre skjer terminologitviking gjennom aktivitetane til idealistiske enkeltpersonar eller arbeidsgrupper innanfor til dømes verksemdar eller bransjeforeiningar, av og til på hobbybasis, av og til profesjonelt.

For det tredje har vi hatt større og systematiske terminologiprojekt der målet er å utvikla digitaliserte språkressursar, oftast med bruk av språktechnologiske metodar.

Dels skjer altså terminologiarbeid med utgangspunkt i praktiske behov og ønske i privat eller offentleg verksemd, og dels skjer det på initiativ frå eller under medverknad av fagmiljø som arbeider profesjonelt med terminologi og fagspråk som akademisk disiplin. Men dei akademiske fagmiljøa i Noreg er små; i hovudsak er dei knytte til Noregs handelshøgskole, Universitetet i Bergen, Universitetet i Agder og Høgskolen i Østfold.

7.2.4.3 *Datamaskinell termbehandling*

Det er særleg grunn til å framheva Universitetet i Bergen. Der vart det på 1960-talet etablert eit prosjekt for datamaskinell språkbehandling, som på slutten av 1970-talet resulterte i skipinga av eit terminologisk dataarkiv under nemninga Norsk termbank.

I 1997 vart Termbanken organisatorisk inkorporert i eit nytt senter for humanistisk informasjonstechnologi, forkorta HIT-senteret, og i dag blir terminologiverksemda ved Universitetet i Bergen vidareført innanfor ramma av Avdeling for kultur, språk og informasjonstechnologi, forkorta Aksis.

Elektroniske termbankar er suverene som medium for å utvikla, lagra og spreia terminologi, og det språktechnologiske terminologimiljøet ved Universitetet i Bergen har dei siste tjue åra vore involvert i arbeidet med tre slike termbankar av stort omfang.

Desse er Norsk terminologisk database (NOT), som inneheld 90 000 søkbare termar frå 38 bruksområde, terminologidatabasen til Utanriksdepartementet, som er bygd på norske omsetjingar av EØS-relevante rettsakter, dessutan den norske utgåva av det internasjonale kode- og klassifikasjonssystemet for sjukdommar i regi av Verds-helseorganisasjonen.

Frå andre halvdel av 1990-åra har den teknologiske utviklinga innanfor terminologiarbeidet vore heilt dominert av Internett som formidlingsmedium. Men alt frå 1960-talet og frametter kom data-teknologien meir og meir i bruk som hjelpemiddel i terminologisk og leksikografisk utviklingsarbeid.

7.2.4.4 Terminologiske ordbøker

Den vanlege måten å publisera terminologi på, også terminologi som er utvikla ved hjelp av databaserte metodar, har likevel vore i form av ordbøker i papirutgåve.

Resultatet av meir avgrensa enkeltprosjekt har såleis vore små ordlistor eller termsamlingar som reflekterer eit behov og skisserer førstehjelps-løysingar, til dømes utvikla i samband med konkrete omsetjingsoppdrag.

I mange tilfelle har slike termsamlingar i neste omgang lagt grunnlaget for større og meir systematiske terminologiprojekt og terminologiske ordbøker. Av slike kan nemnast Norsk dataordbok (1976), Norsk landbruksordbok (1979), Norsk markedsføringsordbok (1981), Ordbok for petroleumsvirksomhet (1982), Norsk Teknisk Ordbok (1984), Norsk medisinsk ordbok (1988) og Ordliste for fysikk og kjemi til skolebruk (2000).

7.2.4.5 Nasjonale terminologiorgan

I mange år gjekk arbeidet med å utvikla norsk fagterminologi sakte, men stabilt framover. Dei siste åra har det derimot vore stagnasjon og til dels tilbakegang i det nasjonale beredskapsarbeidet vårt på terminologiområdet. Ei medverkande årsak er at Noreg i dag manglar eit nasjonalt terminologiorgan etter at Rådet for teknisk terminologi (RTT) gjekk konkurs i 2001.

RTT, som var etablert i 1938 som ein medlemsorganisasjon, vart omgjort til stifting frå 1990, og hadde i mange år ein viktig funksjon som eit koordinerande organ for dei samla terminologiske aktivitetane i landet.

Tilsvarande funksjonar som dei RTT hadde her i landet, ligg i Sverige i Terminologisentrum (TNC), i Finland i Terminologisentralen TSK og i Danmark i Dantermcentret. Til liks med det som var tilfellet for RTT, er dette uavhengige organisasjonar utanfor dei nasjonale språknemndene. På Island og Færøyane ligg derimot ansvaret for terminologiarbeidet innanfor dei respektive språknemndene, og det terminologiarbeidet som nyleg er sett i gang på Grønland, er òg organisert innanfor ei eining som også arbeider med allmenne språkspørsmål.

Verksemda i dei nasjonale terminologiorgan i Norden har dels vore finansiert gjennom statstilskot, dels gjennom oppdrags- og salsinntekter i samband med konkrete terminologiprojekt. Tilsvarande finansiering hadde også det norske RTT, som siste året før konkursen mottok eit statstilskot på vel 0,8 mill. kroner.

7.2.4.6 Norsk terminologiarbeid dei siste åra

Det organisatoriske tomrommet som RTT lét etter seg, er ikkje fylt opp, men dåverande Norsk språkråd oppnemnde sommaren 2002 ei nasjonal referansegruppe for terminologiarbeid. Ho vart ved årsskiftet 2004–2005 avløyst av ei tilsvarande faggruppe for terminologi og fagspråk oppnemnd av det omorganiserte Språkrådet.

I dag er terminologi og fagspråk arbeidsområdet til eit av dei fire fagråda som styret i Språkrådet har oppnemnt i samsvar med dei nye vedtektene for institusjonen.

Den førstnemnde referansegruppa fekk i 2004 gjennomført ei spørjeundersøking om terminologiske aktivitetar og behov basert på ei innleiande kartlegging av personar og verksemder som på ein eller annan måte arbeider med terminologi i Noreg i dag.

Med utgangspunkt i ei liste med ca. 300 kontaktpersonar og institusjonar kom det inn i alt 110 utfylte spørjeskjema. Desse fordelte seg med om lag ein tredjedel kvar på statlege organ, aksjeselskap/stiftingar og eineeigarføretak, og ca. 80 prosent av svara indikerte at det gjekk føre seg terminologisk aktivitet i ei eller anna form i verksemda.

Svara viste likevel at terminologiarbeid for dei aller fleste aktørane var sekundært, meir eller mindre ein støtteaktivitet for andre hovudaktivitetar. Dei terminologiske metodane varierte mykje, ofte gjekk arbeidet føre seg utan dokumenterte retningslinjer, og terminologien vart ofte ikkje gjort tilgjengeleg eksternt. Dei mange ulike dataformata som var i bruk, hemma effektiv søking og nettbasert presentasjon. Mange av dei beste og mest brukbare reiskapane for terminologisk arbeid var lite kjende og dermed lite brukte.

Samstundes viste spørjeundersøkinga eit stort behov for terminologiutvikling, og at mange aktørar er motiverte for å bidra med materiale eller arbeidsinnsats i ein nasjonal dugnad for norsk terminologi. Alle var også innstilte på å nytta effektive, nettbaserte termdatabasar dersom slike kjem i stand, og dersom kvaliteten på dei blir god nok. Dei aller fleste meinte også at det er behov for internasjonalt samarbeid på terminologiområdet,

og at det trengst større forskingsinnsats og betre opplæring på området.

7.2.4.7 Standard Norge

Det er ikkje tilfeldig at det var organisasjonen Standard Norge som gjennomførte den omtalte kartlegginga på oppdrag frå Språkrådet. For i dag er Standard Norge sjølv ein sentral aktør på terminologifeltet i kraft av det arbeidet organisasjonen gjer med omsetjing av engelskspråklege standardar til norsk, jf. kap. 7.2.2.3 ovanfor. Heller ikkje i Standard Norge er rett nok terminologiutvikling eit mål i seg sjølv, berre eit middel for å sikra kvaliteten på dei norskspråklege standardane.

Like fullt skjer det eit systematisk terminologiarbeid på tvers av kvar enkelt standard ved at norske termar og definisjonar frå dei omsette standardane blir lagde inn i ein felles database saman med tilsvarende termar og definisjonar frå kjeldespråket, som regel engelsk. Databasen, som no inneheld meir enn 35 000 termar, fungerer dermed som eit middel for å sikra mest mogleg konsistent norsk terminologi i standardane.

Dessutan disponerer Standard Norge ein særskild database med norsk og engelsk miljøterminologi med meir enn 20 000 termoppslag. I motsetnad til den første basen, som berre er tilgjengeleg for dei som er med i standardiseringsarbeidet, er miljøbasen allment tilgjengeleg og søkbar over Internett. Basen er resultat av at det på miljøsektoren i lang tid har vore arbeidd meir medvite og systematisk for å sikra ein konsistent norsk terminologi, men arbeidet med basen har lege nede dei seinare åra.

7.2.4.8 Nynorsk terminologi

Begge dei to terminologidatabasane i regi av Standard Norge har berre norske termar på bokmål. Også alle dei standardane som organisasjonen omset til norsk, blir berre omsette til bokmål. I den kartlegginga av terminologisk aktivitet som er nemnd ovanfor, kom det fram at ca. 90 prosent av respondentane arbeidd med norske termar berre på bokmål.

I det meir organiserte terminologiarbeidet som tidlegare vart koordinert av Rådet for teknisk terminologi (RTT), vart derimot nynorsk terminologi etter kvart inkludert. Såleis var dette tilfellet frå og med 1980-talet for alle dei terminologiske ordbøkene som kom ut under medverknad av RTT.

Innanfor fagområde som juss, medisin og landbruk er det elles gjort ein særleg innsats for utvikling av nynorsk terminologi takk vera pionerarbeid

frå framstående enkeltpersonar som Nikolaus Gjelsvik, Audun Øyri og Magne Rommetveit.

Gjennomgåande er det likevel slik at nynorsk i dag står særleg svakt som fagspråk. Når det gjeld språkleg likestilling mellom nynorsk og bokmål, er det såleis eit større gap mellom prinsipp og praksis på det fagspråklege området enn på det allmennspråklege.

7.2.5 Framlagde forslag til tiltak på terminologiområdet

7.2.5.1 Organisering av framtidig terminologiarbeid

Den mest påtrengjande oppgåva for å leggja grunnlaget for ein ny giv i det nasjonale terminologiarbeidet er å få på plass eit organisatorisk apparat som kan vareta funksjonen som overordna samordningsorgan for terminologiutviklinga i landet. I strategirapporten *Norsk i hundre!* er det drøfta korleis ein best kan byggja opp eit slikt apparat.

Rapporten tek utgangspunkt i at fagmiljøa innanfor universitets- og høgskulesektoren er relativt oversiktlege og samarbeider såpass tett at dei sjølv truleg kan ta ein stor del av ansvaret for terminologiutviklinga. Annleis er det med den andre store innfallsporten for utanlandsk terminologi til landet, nemleg nærings- og arbeidslivet. Her skjer import av terminologi ikkje berre gjennom rekruttering av arbeidskraft frå universitets- og høgskulesektoren, men i stor grad også gjennom import av produkt og teknologi.

Strategigruppa legg til grunn at det er eit større koordineringsbehov mellom dei ulike bransjane i næringslivet og mellom næringslivet og universitets- og høgskulesektoren enn det er internt i den sistnemnde sektoren. Difor meiner gruppa at det offentlege uansett må ha ei rolle som initierande og koordinerande instans.

Men jamvel om universitets- og høgskulesektoren har og må ta eit stort ansvar, kan dei heller ikkje der fylla oppgåva åleine. Også der må språkeksperter trekkjast inn. Strategigruppa meiner dessutan at det er språkeksperter som best kan koordinera det samarbeidet som er nødvendig å etablere mellom utdannings- og forskingssektoren, nærings- og arbeidslivet og språkekspertertisen sjølv.

Gruppa konkluderer difor med at det uansett trengst ein eigen nasjonal instans utanfor universitets- og høgskulesektoren til å initiere og koordinere det samla terminologiarbeidet i landet, og gjer framlegg om at Språkrådet skal få seg tillagt denne oppgåva.

Det heiter såleis at Språkrådet må gjerast til eit overordna, nasjonalt samordningsorgan med sterk kompetanse i fagspråk og terminologi og brei kontaktflate mot samfunnet, nasjonalt så vel som internasjonalt. Det må utviklast forpliktande samarbeidsformer for fagspråkleg kvalitetssikring mellom ulike fagdepartement, direktorat og andre offentlege instansar.

7.2.5.2 Andre forslag i Norsk i hundre!

Strategigruppa har i tillegg oppsummert vurderingane og forslaga sine i følgjande punkt:

Strategigruppa strekar under at Standard Norge framleis må ha ansvaret for standardisering på norsk språk, og at det bør opprettast ei eiga fagavdeling som samarbeider nært med Språkrådet. Det heiter også at øymerkt støtte til utvikling av standardar på norsk, medrekna termarbeid, må aukast til eit nivå som sikrar norsk omsetjing av ein rimeleg del av dei standardane som blir gjorde gjeldande i Noreg.

Strategigruppa legg vekt på at brukarmiljøa i næringslivet og det offentlege må trekkjast inn som aktive samarbeidspartnarar i arbeidet for å sikra parallellspråksbruk innanfor alle domene der engelsk er i bruk.

Strategigruppa meiner vidare at det bør opprettast eit senter ved eit av dei norske universiteta som får ansvaret for å forvalta, gjera tilgjengeleg og byggja elektroniske og allment tilgjengelege fleirspråklege terminologiske databasar etter gjengs, internasjonal metode, med faguttrykk frå fleire språk tilordna på systematisk, kvalitetssikra og likeverdig vis.

Strategigruppa foreslår også eit forskingsprogram med vekt på terminologisk innhald og terminologisk språkteknologi på norsk.

Strategigruppa strekar under at det i alt offentleg finansierte terminologi- og fagspråkarbeid må vera eit ufråvikeleg krav at nynorsk og bokmål har likeverdig status. All terminologi må utviklast på nynorsk og bokmål samstundes.

7.2.5.3 Framlegg frå Standard Norge

Med tilvising til det strategigruppa har sagt om den rolle Standard Norge bør ha i terminologiarbeidet, har denne organisasjonen seinare søkt departementet om økonomisk støtte til eit prosjekt for terminologisk og teknisk gjennomgang av det omfattande terminologiske materialet i dei to databasane som organisasjonen disponerer.

Formålet er å gjera dette allment og fritt tilgjengeleg i ein søkbar Internett-versjon. Dette er i før-

ste omgang meint som eit tiltak for å avhjelpa den akutte mangelen på terminologi for alle som driv med produksjon eller omsetjing av alle slags faglege dokument.

Standard Norge gjer også framlegg om at prosjektet skal leggja til rette for at organisasjonen på permanent basis får eit utvida terminologisk og fagspråkleg ansvar. Framlegget inneber at terminologiarbeidet i regi av Standard Norge skal bli eit mål i seg sjølv, slik at det ikkje held fram med å vera berre ein sekundær aktivitet som eit verkemiddel i standardiseringsarbeidet.

Prosjektframlegget byggjer mellom anna på den føresetnaden at det i tillegg til bokmålstermane skal leggjast inn eit komplett sett av nynorsk terminologi, og at det skal lagast nynorske termdefinisjonar på visse utvalde fagområde.

Det ligg også i prosjektframlegget at det skal lagast ein rapport som skal danna grunnlaget for vidare nasjonal terminologisk aktivitet.

7.2.6 Oppsummerande vurderingar

7.2.6.1 Utgangspunkt

I tråd med prinsippet om parallellspråksbruk må det vera eit sentralt strategisk mål å leggja til rette for at det på alle område av samfunnslivet blir utvikla eit funksjonelt norsk fagspråk for framtida.

For at dette skal kunna skje, må det først og fremst utviklast norsk terminologi raskt og effektivt i takt med den faglege, teknologiske og økonomiske utviklinga i samfunnet.

For det andre må målet vera at denne terminologien skal stillast til rådvelde for alle aktuelle brukarar gjennom digitale terminologibasar som er allment tilgjengelege over Internett.

I ein politikk for styrking av norsk terminologi og fagspråk må full jamstilling mellom nynorsk og bokmål vera eit sjølvstilt prinsipp. Språkfagleg sett er det fullt mogleg å utvikla terminologi på nynorsk og bokmål under eitt og i nær samanheng, slik at ein unngår unødige avvik.

Samla sett er det i dag ein kritisk situasjon for norsk fagterminologi. Omsetjing av internasjonale standardar ligg sterkt på etterskot, og det organiserte terminologiarbeidet ligg nede. Den aktiviteten som går føre seg, er spreidd og ukoordinert, og den terminologiske produksjonen blir i liten grad gjort tilgjengeleg eksternt.

Det trengst nye initiativ og nye grep for å koma i gang med eit offensivt og framtidsretta terminologiarbeid.

7.2.6.2 *Prinsipielle føresetnader*

Ettersom terminologi i utgangspunktet er ein del av eit faginternt språk, kan det ikkje utviklast utanfor fagmiljøa sjølve. Fagspråket har ein eigenverdi innanfor dei respektive brukarmiljøa og må respekterast på sine eigne premisser. Difor må dei faginterne omsyna vera strategisk grunnleggjande, og fagekspertane sjølve må stå i sentrum. Det er nødvendig for at den norske terminologien skal bli teken i bruk, og for å unngå at det rår fagleg usemje om kva norske nemningar som skal nyttast.

Ansvaret for utvikling av norsk terminologi kan likevel ikkje overlatast til fagmiljøa åleine.

For det første krev eit profesjonelt terminologiarbeid at fagekspertane samarbeider nært med språkekspertar, slik at ein sikrar at terminologien ikkje berre blir norsk, men også god og konsistent norsk.

For det andre krevst ei fagleg og språkleg koordinering mellom alle dei ulike faglege aktørane som i utgangspunktet vil vera mest opptekne av å løysa sine eigne interne og kortsiktige behov.

For det tredje krevst det eit haldningsskapande og initierande arbeid for å bevisstgjera og motivera mange fagmiljø for slik å hindra at dei slår seg til ro med engelskspråkleg terminologi.

Ingen av målformene bør ha sekundær status i terminologiarbeidet, men gje likeverdige tilskot til den norske terminologien. Som ledd i eit slikt parallelt terminologiarbeid er det også om å gjera at nynorsk i større grad slepp til som fagkommunikativt språk. Eit positivt klima for bruk av nynorsk som fagspråk vil også gjera det lettare for nynorsk å sleppa til i andre samanhengar.

7.2.6.3 *Samordning og initiering av framtidig terminologiarbeid*

Departementet er samd med strategigruppa i at det mest naturlege er å gje Språkrådet funksjonen som eit overordna, nasjonalt samordningsorgan for utvikling og tilgjengeleggjering av norsk terminologi. Dette er i dag meir formålstenleg enn å byggja opp eit nytt organ frå grunnen av.

Etter gjeldande vedtekter kan departementet tillegga Språkrådet spesifikke oppgåver og eventuelle fullmakter innanfor definerte saksfelt, om nødvendig med nærare reglar om saksførebuing og avgjerdprosedyre. Med utgangspunkt i denne føreseigna vil departementet nærare konkretisera dei oppgåvene og fullmaktene Språkrådet skal ha på dette feltet.

Den rolla Språkrådet skal ha, er først og fremst å ta initiativ, leggja til rette, samordna og ikkje

minst vera aktiv pådrivar for det forskings- og utviklingsarbeidet som skjer i desentraliserte institutt- og fagmiljø.

Ein del av arbeidet vil bestå i å koordinera det praktiske terminologiarbeidet som blir utført i næringslivet i dag. Mange firma og institusjonar legg mykje interne ressursar ned i terminologiarbeid til eige formål. Fordi vi saknar ein koordinerande instans, maktar vi likevel ikkje å dela desse ressursane slik vi burde. Dermed blir det altfor mykje dobbeltarbeid og langt mindre standardisering av bransjespesifikk terminologi enn det alle partar burde vera interesserte i.

Ei ny språkteneste for terminologi organisert som ein del av sekretariatet i Språkrådet skal også assistera dei små faglege miljøa som enno finst på dette området, og hjelpa til med å utvikla termbaseprosjekt forankra i høgare utdanning og i andre miljø.

Terminologispråktenesta må arbeida tett saman med fagrådet for terminologi og fagspråk. Særleg viktig blir det å byggja utoverretta alliansar. På den måten kan ein skapa større breidd i interessa og ansvaret for terminologi og fagspråk.

Språktenesta må også samarbeida med Standard Norge, svara på spørsmål om fagspråk frå publikum og ha eit særleg ansvar for å gje råd til offentleg forvaltning i terminologispørsmål.

Det er grunn til å streka under at Språkrådet alt i dag arbeider med fagspråk og terminologi så langt ressursane rekkjer. Prioriteringa av dette feltet er også klart markert ved at eitt av dei fire fagråda som styret har oppnemnt, nettopp har fagspråk og terminologi som ansvars- og arbeidsområde.

Føresetnaden for at Språkrådet skal bli eit operativt og slagkraftig samordningsorgan på terminologiområdet, er likevel at institusjonen får tilført auka kompetanse og kapasitet gjennom nye stillingar i sekretariatet. Ein slik funksjon må byggjast opp til eit minimumsomfang på tre stillingar.

Departementet legg difor opp til å tilføra Språkrådet auka ressursar i samsvar med dette, slik at institusjonen også i praksis kan ta på seg rolla som eit nasjonalt fagspråk- og terminologisekretariat og vil koma tilbake til dette i budsjettssamheng.

7.2.6.4 *Terminologi og standardisering m.m.*

Det ligg på dette området føre interessante framlegg, mellom anna om ei utvida rolle for Standard Norge i terminologiarbeidet. Ei viktig utfordring er det også å få til ein monaleg auke i kapasiteten for omsetjing av standardar til norsk.

Departementet tek sikte på å innleia eit nærare samarbeid med Nærings- og handelsdepartementet om desse spørsmåla.

I første omgang vil departementet vurdere kva som kan gjerast for å leggja til rette for nødvendig oppdatering og tilgjengeleggjering av dei to terminologidatabasane som Standard Norge har bygd opp som ledd i tidlegare standardiseringsarbeid.

Ut over dette vil departementet gje Språkrådet i oppgåve å vurdere og prioritera andre aktuelle tiltak på terminologiområdet, mellom anna dei forslaga som er lagde fram i *Norsk i hundre!*.

7.2.7 Oppsummering av prioriterte tiltak

- 1 Departementet vil leggja funksjonen som nasjonalt samordningsorgan for utvikling og tilgjengeleggjering av terminologi til Språkrådet.
- 2 Departementet vil i samarbeid med Nærings- og handelsdepartementet vurdere Standard Norge sin funksjon i nasjonalt terminologiarbeid.
- 3 Departementet vil ta initiativ til eit samarbeid med Nærings- og handelsdepartementet for å vurdere korleis ein kan leggja til rette for auka kapasitet i arbeidet med omsetjing av internasjonale standardar til norsk.
- 4 Som eit eingongstiltak vil departementet bidra til at Standard Norge kan oppdatere og gjera tilgjengelege to terminologidatabasar som er bygde opp som ein sideverknad av standardiseringsarbeidet.
- 5 Departementet vil gje Språkrådet i oppgåve, saman med andre aktørar som saka vedkjem, å vurdere andre aktuelle tiltak på terminologiområdet, mellom anna forslag som er lagde fram i *Norsk i hundre!*

7.3 Språkbruk innanfor høgare utdanning og forskning

7.3.1 Innleiing

7.3.1.1 Generelt

Utanom terminologiarbeid reint allment er truleg høgare utdanning og forskning den samfunnssektoren som reint strategisk er viktigast for å tryggja stillinga for norsk språk som eit komplett, samfunnsberande nasjonalspråk. Samstundes er dette kanskje også den sektoren der tevlinga frå engelsk og det internasjonale fagspråket er mest påtregjande, og der ein støyter på dei vanskelegaste dilemmaa når ein skal velja mellom norsk og engelsk.

Dette har samanheng med at kunnskap som regel er ubunden av landegrenser. Tradisjonelt har forskarar alltid hatt stor kontaktflate mot utlandet, men i dag har den internasjonale samhandlinga andre dimensjonar og langt meir å seia enn berre for nokre år sidan.

Studentar kan søkja utdanning verda over og ta heile eller delar av studiet sitt i utlandet. Norske forskarar er med i rammeprogram under EU på lik linje med forskarar frå medlemslanda. Arbeidsmarknaden for forskarar blir stadig meir global, og innanfor EØS-området er universitet og høgskular pålagde å lysa ut stillingar i ein felles nettportal som skal fremja forskarmobilitet i Europa.¹²

7.3.1.2 Internasjonaliseringsbakgrunnen

I dei siste stortingsmeldingane om høgare utdanning og forskning er det lagt vekt på at institusjonane i sektoren skal vera aktive deltakarar i det internasjonale forskings- og utdanningssamfunnet.

I meldinga om høgare utdanning, St.meld. nr. 27 (2000–2001) *Gjør din plikt – Krev din rett*, fremja av Stoltenberg I-regjeringa, er det lagt opp til at Noreg må ha som mål å vera fullverdig deltakar i den omfattande kunnskapsutvekslinga som går føre seg på tvers av landegrensene. Meldinga foreslo fleire tiltak for å styrkja den internasjonale samhandlinga, mellom anna at studentane skal få tilbod om å ta ein del av gradsstudiet sitt i utlandet, og at institusjonane må leggja vinn på å bli attraktive arbeidsplassar for vitenskapleg personell frå andre land.

I meldinga er det også uttalt at norske universitet og høgskular må byggja opp eit fagtilbod på engelsk, at slike undervisningstilbod også må vera opne for norske studentar, og at dei må kunna inngå som del av ein norsk grad. På den måten vil det internasjonale tilbodet bli ein del av den ordinære verksemda ved institusjonen. Men det vart samstundes streka under at undervisningstilbodet som hovudregel må vera på norsk, og at det er viktig at institusjonane framleis legg vekt på å vareta den rolla dei har som norske kulturinstitusjonar.

I forskingsmeldinga, St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning*, fremja av Bondevik II-regjeringa, heiter det at internasjonalt samarbeid i større grad enn i dag må bli ein integrert del av norsk forskingspolitikk og heile det norske forskningssystemet. Det blir framheva som ei viktig utfordring å få til betre koordinering og samspel mellom det som går føre seg nasjonalt, og det som skjer internasjonalt, slik at vi i større grad kan nyt-

¹² Nettportalen ERA-more.

tiggjera oss dei impulsane vi får gjennom internasjonalt samkvem.

Det har vore brei semje i Stortinget om at det er nødvendig og ønskeleg med internasjonalisering av forskning og høgare utdanning. I ei verd der landegrensar og geografisk avstand betyr stadig mindre, er det avgjerande at internasjonaliseringsprosessen held fram. Noreg må få del i alt det kunnskapstilfanget som finst, og vi må bidra i den internasjonale kunnskapsutviklinga. Då må dei som er aktive i kunnskapsproduksjonen, kunna bruka eit språk som gjer dei i stand til å kommunisera innanfor eit internasjonalt kunnskapssamfunn.

7.3.1.3 Frykt for domenetap

Bruk av engelsk innanfor forskning og høgare utdanning i Noreg har i røynda vore nokså vanleg i lang tid. Frykta for norsk domenetap generelt og innanfor denne sektoren spesielt har såleis vore eit aktuelt tema i fleire år. Dette går mellom anna fram av det språkpolitiske prosjektarbeidet som vart gjennomført i regi av Nordisk ministerråd i 2001 for å finna ut korleis alle dei nordiske språka stod seg overfor presset frå engelsk, jf. omtale i kap. 1.2.2.¹³

Det mange synest å vera redde for, er at den aukande vektlegginga dei siste åra av behovet for internasjonalisering kan ha vore med på å fortrenge norsk språk til fordel for engelsk. Arbeidet for auka internasjonalisering gjer i alle fall sitt til at det er endå viktigare enn før at både institusjonar, vitenskapleg tilsette og studentar utviklar meir medvitne haldningar til språk og språkval. Det betyr ikkje berre å kjenna ansvar for utvikling av norsk fagspråk, men også for å fremja ein betre og meir allsidig framandspråkleg kompetanse.

Den utfordringa vi står overfor, er korleis vi skal handtera tilhøvet mellom engelsk og norsk når globalisering og vitenskapleg merittering dreg i retning av engelsk, samstundes som vi ønskjer å verna nasjonalspråket mot domenetap og sikra oss at vi framleis kan ha ei fagleg og terminologisk utvikling på vårt eige språk. Dette er ei utfordring og eit dilemma som vi har felles med dei nordiske nabolanda våre, og med fleire andre små og mellomstore land både i Europa og i verda elles.

7.3.1.4 Språkstrategiar tufta på parallellspråksbruk

Eit hovudpunkt i språkrådsrapporten *Norsk i hundre!*, det generelle grunnlagsdokumentet som

denne meldinga tek utgangspunkt i, er at institusjonane innanfor universitets- og høgskulesektoren må utvikla eigne språkstrategiar bygde på prinsippet om parallellspråksbruk.

Dei siste åra er det også innanfor sektoren sjølv teke fleire initiativ i denne retninga. Delvis som ei frukt av *Norsk i hundre!* sette Universitetet i Oslo i oktober 2005 ned eit utval som fekk i oppgåve å fremja forslag om prinsipp og retningslinjer for språkbruk ved institusjonen. Rapporten frå utvalet vart lagd fram i mars 2006 under tittelen *Snart to hundre – Universitetet i Oslo og språket i internasjonaliseringens tidsalder*.¹⁴

Ikkje lenge etter, i juni 2006, presenterte ein nasjonal komité sett ned av Universitets- og høgskolerådet ein tilsvarande rapport med tittelen *Framlegg til ein språkpolitikk for universitet og høgskolar i Noreg*.¹⁵ I februar 2007 kom så rapporten *Både i pose og sekk – Framlegg til ein språkpolitikk for Universitetet i Bergen*.¹⁶

Desse rapportane har danna utgangspunkt for seinare vedtak om språkpolitiske retningslinjer ved dei to nemnde universiteta og for ei tilrådd språkpolitisk plattform vedteken av styret i Universitets- og høgskolerådet, den siste frå februar 2007. Seinare har mellom anna Universitetet i Tromsø gjort vedtak om språkpolitiske retningslinjer i hovudsak i tråd med tilrådinga frå Universitets- og høgskolestyret.

Det er grunn til å leggja særleg vekt på at det arbeidet som er gjennomført i regi av Universitets- og høgskolerådet, har resultert i at det no ligg føre eit generelt forslag til språkpolitikk for heile universitets- og høgskulesektoren. Eit sentralt punkt i dette framlegget er nettopp at det bør utarbeidast ein språkstrategi ved kvar enkelt institusjon, og at strategien må vera slik utforma at han sikrar og fremjar bruk av norsk språk, likevel slik at engelsk eller eit anna internasjonalt språk kan brukast der det er formålstenleg.

Også i den nordiske språkdeklarasjonen frå 2006 heiter det at universitet, høgskular og andre vitenskaplege institusjonar i Norden må utvikla langsiktige strategiar for språkval, språkopplæring og omsetjingsstøtte innanfor dei ulike aktivitetsområda sine.

I rapporten frå ei arbeidsgruppe under Nordens språkråd (parallellspråksgruppa), som fekk i oppgåve å koma med tilrådingar i samsvar med språkdeklarasjonen, er det lagt til grunn at det må formulerast ein nyansert og forpliktande språkpo-

¹⁴ Hveem, Helge et al. 2006

¹⁵ Jahr, Ernst Håkon et al. 2006

¹⁶ Sandøy, Helge et al. 2007

¹³ Höglin, Renée 2002.

litikk for kvar enkelt utdanningsinstitusjon i Norden, og det er i nokre hovudpunkt skissert kva ein slik institusjonsbasert språkpolitikk bør omfatta.

Dette arbeidet, som vart lagt fram våren 2007, kom i stand etter at dei dåverande utdannings- og forskingsministrane i april 2005 vedtok å be Nordens språkråd utarbeida ein parallellspråksstrategi. Arbeidsgruppa hadde også som mandat å kartleggja tilhøvet mellom bruk av engelsk og Nordens språk i undervisninga innanfor høgare utdanning.

7.3.2 Omfanget av engelskbruk i ulike samanhengar

7.3.2.1 Generelt

Generelt har vi ikkje så mykje oppdatert og systematisk kunnskap om i kva omfang og i kva samanhengar engelsk blir brukt innanfor høgare utdanning og forskning. Dei fleste av dei tala vi viser til nedanfor, er gjennomgåande sju-åtte år gamle og fangar dermed ikkje opp utviklinga dei siste åra.

Det rapporteringssystemet for vitenskapleg publisering som no er innført som ledd i det nye finansieringssystemet for universitet og høgskular, vil likevel gje oss betre og lettare tilgjengelege opplysningar om språkbruk i den skriftlege produksjonen ved institusjonane. Her finst no tal frå og med rapporteringsåret 2004.

7.3.2.2 Nordisk domenetapsrapport

Den samanfattande rapporten frå dei nordiske domenetapsstudiane frå 2001 som er nemnd tidlegare,¹⁷ viser at vi hadde mykje den same situasjonen og møtte mange av dei same utfordringane i Noreg som i dei andre nordiske landa. Rapporten hevda at akademiske studium i dei nordiske landa stadig oftare skjedde på engelsk.

Rett nok var dei lågaste nivåa innanfor grunnutdanningane ved universiteta dominerte av nasjonalspråket, men mykje gjekk føre seg på engelsk allereie etter eitt til to semester. Det var likevel sjeldan at sjølve undervisningsspråket ved grunnutdanningane var engelsk. På den andre sida var visse disiplinar på doktorgrads- og forskingsnivå nesten heilt dominerte av engelsk.

Engelsk var mest vanleg innanfor tekniske, naturvitenskaplege og medisinske disiplinar. Samfunnsvitenskaplege og humanistiske fag hadde litt mindre engelsk, medan det var minst engelsk innanfor juss og teologi.

Ved universiteta var det døme på at engelsk vart nytta i den munnlege undervisninga, på seminar og disputasar, i læremiddel, kompendium og bøker, og i eigenprodusert materiale frå studentane, så som semesteroppgåver, notat, mindre studiar og rapportar og i avhandlingar. Engelsk var også mykje brukt på internasjonale konferansar og møte av fagleg karakter. Også i nordisk samanheng gjekk konferansar ofte føre seg på engelsk dersom det var finske deltakarar til stades.¹⁸

7.3.2.3 Publiseringsspråk – utviklinga fram til 2000

Men først og fremst er det innanfor store delar av forskingsfeltet at vi finn dei domena der engelsk språk rår grunnen. I mange fag er bruk av engelsk som vitenskapleg publiseringsspråk ein for lengst etablert praksis. Dette gjeld i Noreg som i mange andre land.

Dei følgjande tala er henta frå rapporten etter ein konferanse om språk i kunnskapssamfunnet som vart arrangert i Trondheim hausten 2003 i samarbeid mellom Språkrådet og Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet.¹⁹ Her går det fram at rundt 1980 var 62 prosent av alle faglege og vitenskaplege publikasjonar frå norske universitetsforskarar på engelsk eller andre ikkje-nordiske språk. Dette hadde auka til 71 prosent tjuve år seinare.²⁰

Men det var stor skilnad fagområda imellom. Innanfor naturvitenskaplege fag var det om lag 80 prosent engelsk alt for 25 år sidan, og dette nivået hadde halde seg nokolunde stabilt fram til årtusenskiftet.²¹ Derimot var det i 1980 berre vel 30 prosent av dei faglege og vitenskaplege publikasjonane innanfor humaniora og samfunnsfag som var på engelsk. I humaniora hadde dette auka til 40 prosent tjuve år seinare og innanfor samfunnsfaga til om lag 50 prosent.²²

Skilnadene i omfanget av engelsk fagområda imellom kjem også fram når ein måler kor stor del av det faste vitenskaplege personalet ved norske universitet som i løpet av ein bestemt periode har publisert minst eitt arbeid på eit framandspråk. I perioden 1998–2000 var dette tett oppunder 90 prosent innanfor naturvitenskap, medisin og teknologi, medan det i samfunnsfag hadde auka frå knapt 50 prosent omkring 1980 til vel 70 prosent tjuve år seinare. Innanfor humaniora var det i denne perioden ein auke frå knapt 45 til vel 60 prosent.²³

¹⁷ Höglin, Renée 2002.

¹⁸ Höglin, Renée 2002: 26-28.

¹⁹ Simonsen, Dag F. (red.) 2004

²⁰ Sivertsen, Gunnar 2004: 166

²¹ Sivertsen, Gunnar 2004: 168.

²² Sivertsen, Gunnar 2004: 172.

²³ Kalleberg, Ragnvald 2004: 91

7.3.2.4 Publiseringsspråk – nyare tal og vurderingar

I ein studie frå 2004 av språkbruk blant fagsamfunnet av forskarar i Noreg gjennomført av NIFU²⁴ på oppdrag frå Norsk språkråd heiter det at den vitenskaplege artikkelen på engelsk i eit internasjonalt tidsskrift er den dominerande publiseringsspråket sett under eitt.²⁵ Studien, som bygde på tal frå både før og etter 2000, viste at nærare 8 av 10 vitenskaplege artiklar skrivne av norske forskarar kom ut på engelsk. Av bøker skrivne av norske forskarar kom tredjeparten ut på engelsk utanfor Noreg.

Om språkfordelinga i doktoravhandlingar heitte det i rapporten at følgjer eit mønster kjent frå anna vitenskapleg fagpublisering, nærare bestemt at sju-åtte av ti avhandlingar er skrivne på engelsk og to-tre på norsk. Dette blir stadfesta i ei undersøking frå 2003.²⁶ Her går det fram at 80 prosent av alle fullførte doktoravhandlingar innleverte i 2001 var skrivne på engelsk. Aller vanlegast er det med doktoravhandlingar på engelsk innanfor dei teknisk-naturvitenskaplege fagfelt. Her var det i 2001 over 90 prosent engelsk i gjennomsnitt. Til samanlikning var tala 60 prosent for samfunnsfag og 40 prosent for humanistiske fag.²⁷

I ei kartlegging frå 2005 gjennomført i samband med utforming av framlegg til ein språkpolitikk for Universitetet i Oslo gjekk det fram at 70 prosent av dei vitenskaplege tilsette hadde publisert det siste arbeidet sitt på engelsk.²⁸ For 35 prosent vedkomande gjaldt dette også dei fem siste publikasjonane. Berre 6 prosent hadde alle dei fem siste publikasjonane sine på norsk. Engelskdominansen var som venta særleg stor innanfor matematisk-naturvitenskaplege og medisinske fag. Det var vel 10 prosent av dei vitenskaplege tilsette som opplyste at fagmiljøet deira nytta i hovudsak engelsk også i anna dagleg fagrelatert verksemd enn vitenskapleg publisering.

Ei undersøking presentert på Språkdagen 2007, den første årskonferansen i regi av det omorganiserte Språkrådet, viser at tredjeparten av alle hovud- eller masteroppgåvene i Noreg i 2006 var skrivne på engelsk. Jamvel om dette er mykje mindre enn dei refererte tala for doktorgradar, representerer det likevel ein stor auke i bruken av engelsk samanlikna med ti og tjue år tidlegare. Den same undersøkinga viser nemleg at det var 20

prosent engelsk i 1996 og under 10 prosent i 1986.²⁹

Frå dei siste åra finst tal for den språklege fordelinga av dei publiseringsspråka som blir rekna ut som ledd i forskingskomponenten i det nye finansieringssystemet for universitet og høyskular. Etter dette poengsystemet blir ein artikkel i eit vitenskapleg tidsskrift som er godkjent på det lågaste av to nivå av publiseringsspråk, honorert med 1 poeng, medan ein artikkel i eit tidsskrift på høgaste nivå får 3 poeng. Tilsvarende poengutteljing for vitenskaplege monografiar er 5 poeng når publiseringa skjer på eit forlag på nivå 1, og 8 poeng ved publisering på eit forlag på nivå 2. For artiklar i vitenskaplege antologiar er det 0,7 poeng på nivå 1 og 1 poeng på nivå 2.

Poengtal spesifiserte på fagfelt og fagområde blir registrerte i ein sentral database, og ein kan på den måten få oversikt over korleis publiseringsspråka for kvart fagfelt fordeler seg mellom norsk og andre språk.

Poengfordelinga for 2005 og 2006 viser at det innanfor naturvitenskap berre var respektive 3,5 og 2,4 prosent av publiseringsspråket som var på norsk.

Innanfor humaniora var norskprosenten mykje høgare, såleis 63,5 i 2005, men den hadde i 2006 gått ned til 55,4. Her skal ein likevel merka seg at det var auke i den totale publiseringsspråket, slik at omfanget av publisering på norsk ikkje viste nemnande tilbakegang rekna i absolutte tal. Førbeles resultat for 2007 viser derimot ein nedgang for publisering på norsk også i absolutte tal.

7.3.2.5 Undervisningsspråket

Det er lite systematisk undersøkt i kva grad engelsk også blir brukt i den munnlege undervisninga. Språkrådet tok i 2003 til orde for å registrera undervisningsspråk i dei store nasjonale databasane for høgare utdanning, men dette er det førbeles ikkje vorte noko av.

For Universitetet i Oslo går det fram av rapporten frå språkutvalet at vel ein fjerdedel av alle undervisningsemna har tilbod på engelsk, anten som standardtilbod eller dersom det er behov for det. Det er også referert til ein årsrapport om studiekvalitet frå november 2005, der det gjekk fram at 34 av 120 studieprogram var engelskspråklege, og at fleire fakultet arbeidde for å auka innslaget av slike program.

I rapporten heiter det at den spørjeundersøkinga utvalet sjølv fekk gjennomført blant dei vit-

²⁴ Norsk institutt for studium av forskning og høgare utdanning

²⁵ Schwach, Vera 2004

²⁶ Kalleberg, Ragnvald 2004: 92.

²⁷ Ljosland, Ragnhild 2004a: 137.

²⁸ Hveem, Helge et al. 2006: 14.

²⁹ Schwach, Vera 2007

skapleg tilsette og eit utval av studentar, stadfestar det omtrentlege omfanget av undervisning på engelsk som dei refererte tala ovanfor gjev indikasjon på. På bakgrunn av desse tala trekkjer utvalet likevel den konklusjon at det alt vesentlege av undervisninga ved Universitetet i Oslo går føre seg på norsk.³⁰

I rapporten frå språkutvalet ved Universitetet i Bergen er det opplyst at det var 316 emnetilbod for internasjonale studentar av totalt 1184 emne som det var tilbod om undervisning i hausten 2006. Av dei 316 undervisningsemna for internasjonale studentar var 130 lyste ut som engelskspråklege emne, 77 som norskspråklege og 12 med eit anna språk. Dei resterande 97 emna var kunngjorde med den opplysninga at undervisninga ville vera på engelsk dersom det melde seg internasjonale studentar, og 60 av desse kursa fekk også internasjonale studentar. I alt var det på desse 60 kursa registrert 193 studentar med engelsk som språkform.³¹

Parallellspråksgruppa under Nordens språkråd sende i november 2005 ut eit spørjeskjema for kartlegging av undervisningsspråket ved høgare utdanningsinstitusjonar i Norden og fekk svar frå i alt 35 institusjonar i Danmark, Sverige, Finland og Noreg.

Dei innkomne svara viste at to av tre institusjonar brukte hovudspråket for det aller meste, medan den resterande tredjedelen opplyste at bruk av engelsk og det respektive hovudspråket var noko meir likeleg fordelt. To av tre institusjonar opplyste at dei i større grad gav undervisning på engelsk i seinare studieår enn i dei tidlege. Halvparten av institusjonane opplyste at dei sjeldan hadde kurs som berre gjekk føre seg på engelsk, medan knapt tredjedelen opplyste at dei hadde slike kurs ofte. Ein fjerdedel hadde aldri undervisning på engelsk.

Av dei som svarte at dei hadde undervisning på engelsk, opplyste halvparten av institusjonane at dette omfatta under 10 prosent av det totale undervisningstilbodet. Ein tredjedel av institusjonane svarte at den engelskspråklege undervisninga utgjorde om lag 25 prosent. Ved ein enkelt institusjon vart 50 prosent av undervisninga gjeven på engelsk, éin hadde om lag 75 prosent engelsk, og ved éin institusjon var all undervisning på engelsk.

Parallellspråksgruppa konkluderte med at det aller meste av undervisninga går føre seg på det nordiske hovudspråket, men likevel slik at mange institusjonar har teke engelsk undervisningsspråk

i bruk, og i større grad etter kvart som studentane kjem høgare opp i studiet. Ulike faktorar verkar inn på val av undervisningsspråk, heiter det, men eit argument for engelsk som dei fleste institusjonane i kartlegginga nemnde, var nettopp internasjonaliseringa og behovet for utveksling med andre land.

7.3.2.6 Fag- og studielitteratur

Parallellspråksgruppa under Nordens språkråd meiner å kunna sjå ein tendens til at engelsk foretrengjer dei nordiske språka i det undervisningsmateriellet som studentane bruker. Tre av fire institusjonar i spørjeundersøkinga meinte at det trongst meir nasjonalspråkleg lærestoff.

Kartlegginga som språkutvalet ved Universitetet i Oslo gjennomførte, viste at rundt halvparten av studielitteraturen på lågare grads nivå ved Universitetet i Oslo var på engelsk. Men heller ikkje for fag- og studielitteratur har vi for Noregs vedkomande oppdaterte opplysningar på landsbasis. Derimot vart det gjort meir omfattande undersøkingar av pensumspråket i 1998 og i 2001.

Noko av bakgrunnen for desse undersøkingane var at det i perioden 1986 til 1995 ikkje vart registrert nokon auke i salet av norskspråklege studie bøker, trass i at talet på studentar steig med 70 000. Samstundes var det ein markert auke i importen av engelske bøker. Og frå 1992 til 1996 gjekk omsetninga av engelskspråklege lærebøker opp med 30 prosent. Vel ein tredjedel av litteraturen på pensumlistene ved universitet og høgskular var då på engelsk.³²

Den kartlegginga som så vart gjennomført i 1998, gjaldt pensumlitteraturen på grunnivået ved nokre utvalde fag på universitets- og høgskulenivå. Undersøkinga viste at lærebøker på engelsk dominerte totalt i psykologi og fysikk, og at 25–30 prosent av litteraturen i sosialøkonomi og statsvitenskap var på engelsk. På psykologi grunnfag ved Universitetet i Tromsø var 100 prosent av pensum på engelsk.

I 2001 låg det føre ei meir omfattande gransking som bygde på innhenta opplysningar om pensumlitteraturen på grunnivået innanfor 20 utvalde fag. For kvart fag vart det innhenta opplysningar frå i gjennomsnitt knapt fem institusjonar, slik at materialet i alt omfattar 93 kombinasjonar av fag og lærestad.³³ Resultatet viste at det var store skilnader mellom tradisjonelle universitetsfag og yrkesutdanningane i høgskulesektoren. Yrkesutdanningane hadde gjennomsnittleg i overkant av 90 pro-

³⁰ Hveem, Helge et al. 2006: 14.

³¹ Sandøy, Helge et al. 2007: 33.

³² Referert etter Tislevoll, Jan R. 2001: 54-57, jf. Hatlevik og Nordgård 2001: 9.

³³ Hatlevik og Nordgård 2001: 42-44, jf. 17.

sent norskspråkleg pensum, medan det gjennomsnittlege prosenttalet for dei tradisjonelle universitetsutdanningane var i underkant av 50 prosent.

Blant universitetsfaga var det mest norskspråkleg pensum i humanistiske fag med 57 prosent i gjennomsnitt, medan samfunnsvitenskaplege fag hadde 51 prosent norsk pensum og dei naturvitenskaplege faga 36 prosent i gjennomsnitt.

Det var også store skilnader mellom dei ulike faga innanfor kvart fagområde. I historie, kristendom, pedagogikk og matematikk var i gjennomsnitt 75–80 prosent av pensum på norsk, medan medievitenskap, sosialøkonomi og sosiologi låg på rundt 60 prosent. Innanfor sosialantropologi, biologi og fysikk var prosentdelen norskspråkleg pensum nede i 35–40 prosent, og i filosofi, psykologi, informatikk og kjemi var det ikkje meir enn 10–20 prosent av pensum som var på norsk.

Granskinga frå 2001 kunne ikkje dokumentera ei negativ utvikling for norskspråkleg pensumlitteratur slik dei refererte salstala for norske og engelske lærebøker kunne tyda på. Tvert imot viste det seg at situasjonen var mykje den same som tjuve år tidlegare. Den største endringa frå 1979 var ein tydeleg nedgang i prosentdelen av svensk og dansk pensumlitteratur.

7.3.3 Nærare om forskingsspråket

7.3.3.1 Innleiing

Strategigruppa meiner at det ikkje er uproblematisk at engelsk i dag er så å seia einerådande innanfor primær forskingspublisering. Ikkje alle forskingsdisiplinar har like stor internasjonal interesse. Nasjonale forskingstradisjonar kan dessutan bli skadelidne dersom all publisering skjer på engelsk. Og alle forskarar som ikkje har engelsk som morsmål, stiller med eit handikapp når dei må publisera på eit framandt språk.

Men strategigruppa gjer gjeldande at same kor vektige desse argumenta er, eliminerer dei ikkje det overordna argumentet for engelsk. Forsking som berre finst på norsk, er tilgjengeleg for alle som ikkje meistrar eit nordisk språk. Dessutan er internasjonalisering av forskinga eit gode som det ikkje er noko poeng å freista avsondra seg frå, heiter det i rapporten.

7.3.3.2 Forskinga sin internasjonale karakter

Dette resonnementet har som utgangspunkt at forskinga er internasjonal i sin natur, og at den faginterne kommunikasjonen difor må gå føre seg på eit språk som gjer at kvar enkelt forskar kan nå fram til eit verdsomspennande forskarsamfunn av spesi-

aliserte fagfellar. Berre på den måten kan vitenskaplege bidrag leggjast fram for forskingskollegaer verda over til kritisk kommentar og etterprøving.

Dette skjer særleg gjennom såkalla fagfelleverdert vitenskapleg publisering, også omtalt som rein forskingspublisering. Dette omfattar først og fremst doktorgradsavhandlingar, bøker på akademiske forlag og ikkje minst artiklar i vitenskaplege fagtidsskrift der publisering er avhengig av ei positiv fagfellevurdering på førehand. Slik førehandsvurdering representerer ei særskild kvalitetssikring av dei vitenskaplege bidraga.

I rapporten frå språkutvalet oppnemnt av Universitets- og høgskolerådet blir det sett spørjeteikn ved om vitenskapleg publisering nokon gong kan seist å ha vore eit norskspråkleg domene. Det blir vist til at latin var det sjølvsagde publiseringsspråket i mange hundre år, at fransk og tysk seinare har vore mykje brukte, men at det i dag altså er engelsk som dominerer i dei fleste internasjonale fagtidsskrift.

Også strategirapporten frå Språkrådet strekar under dette synspunktet, men legg samstundes vekt på at det har vore ein monaleg auke i behovet for eit internasjonalt hjelpespråk dei siste åra. Kravet om at resultat skal formidlast internasjonalt, er vorte sterkare og kjem både frå fagmiljøa sjølve og frå samfunnet utanfor.

I det ordskiftet som har gått føre seg om fagspråkleg publisering dei siste åra, har det vore eit hovudsynspunkt at val av språk innanfor det som blir definert som reint vitenskapleg publisering, må styrast av faginterne normer og vitenskaplege krav. For slik publisering er underlagd to sentrale omsyn. Det eine er at forskingsresultata må presenterast på ein måte som gjer at dei kan nyttast i vidare forskning, det andre at heile fagsamfunnet på vedkomande forskingsfelt, ikkje berre den enkelte forskar, må kunna stå inne for resultata når dei kjem i samfunnsmessig bruk.

Dette krev at reint vitenskapleg publisering må vera i eit språk og ha ein distribusjon som gjer publikasjonen tilgjengeleg for dei fleste forskarar som han kan vera av interesse for. På svært mange fagfelt vil dette tilseia engelsk. Men det gjeld ikkje alle fag og disiplinar, og særleg innanfor juss og enkelte kultur- og samfunnsfag er det langt meir vanleg at eit forskningsemne primært har interesse i norske eller nordiske fagsamfunn. Innanfor slike norskdominerte fagområde kan det likevel vera eit problem at det ikkje blir publisert meir også for eit internasjonalt publikum.

Til dette kjem at fagspråket innanfor naturvitenskaplege og matematiske fag ofte er svært spesialisert med mykje tekniske fagtermar, og det gjer då

mindre skilnad om ein skriv på engelsk eller på morsmålet. Innanfor mange kultur- og samfunnsfag vil derimot den kulturelle konteksten som ligg i sjølve språket, ha så mykje å seia at det blir vanskelegare å få fram eit fullverdig tankerepertoar når ein ikkje nyttar sitt eige morsmål. Det krevst rett og slett eit større herredømme over språket når både metodar, presisjon og utvikling av ny innsikt i stor grad inngår i sjølve den språklege utforminga.³⁴

På bakgrunn av slike resonnement synest det naturleg når språkutvalet ved Universitetet i Oslo legg til grunn at forskingsspråket må avgjerast av dei enkelte fagmiljøa sjølve, og at val av språk i vitenskapleg publisering må vera eit ansvar for den enkelte forfattar.

Utvalet oppnemnt av Universitets- og høgskolerådet strekar likeins under at faglege vurderingar og behovet for å kunna kommunisera med relevante nasjonale og internasjonale fagmiljø bør ligga til grunn for val av publiseringsspråk. Difor bør norsk framleis vera eit relevant språk ved vitenskapleg publisering i somme fag, men i dei fleste faga bør likevel engelsk, eventuelt eit anna internasjonalt språk, vera hovudspråk i vitenskapleg publisering, meiner utvalet.

7.3.3.3 *Forskningskomponenten i finansierings-systemet*

I det offentlege ordskiftet har det vore strid, mellom anna også på språkpolitisk grunnlag, om det poengsystemet for vitenskapleg publisering som utgjer ein indikator innanfor forskningskomponenten i finansieringssystemet for universitet og høgskular. Dei oppnådde poenga dannar grunnlag for omfordeling av 1,8 prosent av den totale driftsløyinga institusjonane imellom, men systemet er ikkje meint å brukast til omfordeling av midlar mellom einingar under institusjonsnivået.

Systemet inneber at institusjonane får poeng for vitenskaplege bidrag som er publiserte i bestemte publikasjonskanalar som fagmiljøa sjølve har plukka ut på grunnlag av dei faglege publiseringsspråk redaksjonane praktiserer. Publisering i dei kanalane som er vurderte på det øvste av to kvalitetsnivå, gjev høgare poengutteljing slik det er gjort nærare greie for under kap. 7.3.2.4 ovanfor.

Formålet med systemet er å fremja publiseringsspråkaktiviteten og ikkje minst den vitenskaplege kvaliteten, og dette er grunnlaget for utval av publiseringsspråk på dei to nivåa. Om publiseringsspråk kanalen er til dømes norskspråkleg eller engelsk-

språkleg, er i seg sjølv ikkje noko utvalskriterium, og slik sett er systemet språkneutralt.

Naturleg nok er likevel dei fleste av dei utvalde publiseringsspråkane engelskspråklege. Engelskdominansen er særleg stor på det nivået som gjev høgast utteljing, og dette kan ha vore med og skapt inntrykk av at systemet indirekte diskriminerer publisering på norsk til fordel for engelsk. Men det store fleirtalet av kanalane ligg på det lågaste nivået. For det aller meste av publiseringsspråksemnda vil dermed norsk og engelsk gje lik utteljing. Slik sett kan sjølve systemet hevdast å stimulera til publisering på norsk, det språket som dei fleste vil ha enklast for å skriva.

Ei anna side av saka er den kritikken som er reist mot at systemet ikkje gjev utteljing for publisering av større monografar på ikkje-akademiske forlag og anna publisering i former som er meir innretta mot formidling til eit større publikum. Særleg frå humanistisk og til dels samfunnsvitenskapleg hald har det også vore hevda at systemet byggjer opp under eit for skarpt skilje mellom forskning og formidling.

Utvalet oppnemnt av Universitets- og høgskolerådet gav uttrykk for at institusjonane bør understreka sterkare overfor dei tilsette at finansieringssystemet er tufta på forskingskvalitet, ikkje på publiseringsspråk. Dei institusjonelle språkkrava bør vera pragmatisk utforma slik at dei fremjar norsk der det er formålstenleg, og internasjonalt språk der det er tenleg.

Utvalet meiner at den sterke vekta som er lagd på tidsskriftspublisering, på ein uheldig måte kan redusera interessa for norskspråklege monografar og fagbøker, noko som har vore ein viktig sjanget innanfor humanistiske og samfunnsvitenskaplege miljø.

Utvalet strekar elles under at spørsmålet om norsk eller engelsk som publiseringsspråk ikkje er eit val den enkelte forskar treng ta ein gong for alle, men at dei tvert imot kan veksla mellom norsk og engelsk gjennom karrieren. Utvalet konkluderer med at norsk framleis er eit relevant publiseringsspråk, men at publisering på norsk vil ha eit vesentleg omfang berre innanfor enkelte fagfelt.

7.3.4 **Nærare om undervisningsspråket**

7.3.4.1 *Tidlegare lovregulering av undervisningsspråket*

Ønsket om at institusjonane skulle byggja opp eit fagtilbod på engelsk for å sikra auka internasjonalisering, vart brukt som grunngeving da regjeringa Bondevik II i mars 2002 gjorde framlegg om å opp-

³⁴ Sivertsen, Gunnar 2004: 175.

heva den føreseigna i lov om universitet og høgskular som slo fast at undervisningsspråket til vanleg er norsk.³⁵

Føreseigna om at undervisningsspråket til vanleg er norsk, hadde kome inn i den nye lova om universitet og høgskular som vart vedteken i 1995. Forslaget var fremja av medlemmene frå Ap, SV, Sp og KrF i innstillinga frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen og bygde på framlegget frå det utvalet som hadde utgreidd den nye lova.³⁶

Det vart streka under i komitémerknadene at føreseigna ikkje var til hinder for at det kunne gjerast unntak når innhaldet i faget kravde det, typisk i språkfaga, og der undervisningsmaterieell, gjesteførelesarar, undervisningas internasjonale profil eller andre tilhøve gjorde det vanskeleg å etterleva hovudregelen om norsk som undervisningsspråk.

7.3.4.2 Val av undervisningsspråk – haldningar og strategiar

Strategigruppa som utarbeidde *Norsk i hundre!*, tok initiativ til ei kartlegging av undervisningsspråket innanfor fem utvalde fagområde ved fire institusjonar: Universitetet i Oslo, Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, Høgskolen i Bodø og Høgskolen i Vestfold.

Bakgrunnen var det gruppa omtaler som «den feilaktige eittspråksmyten», nemleg den haldninga at arbeid med å læra seg norsk fagspråk blir ei tilleggsbyrde når ein likevel ikkje kjem unna det engelske fagspråket. Utgangspunktet var eit inntrykk strategigruppa hadde av at det er i ferd med å breia seg ei slik haldning særleg i enkelte miljø innanfor realfag, medisin og teknologi.

Granskinga vart gjennomført våren 2005 av NIFU STEP³⁷ og bygde i hovudsak på intervju med sentrale fagfolk innanfor dei aktuelle fagmiljøa. Fagdisiplinane var historie, sjukepleie, informatikk, fysikk og økonomisk-administrative fag.

På grunnlag av dette arbeidet trekte gruppa den konklusjonen at det ikkje såg ut til å vera noko overveldande trykk nedanfrå for å gå over til engelsk som det einaste undervisningsspråket. Gruppa meinte likevel at problemet først og fremst var at det ikkje var kome klare signal ovanfrå om å sikra ein funksjonell parallellspråksbruk i undervisninga. Når ein såg dette i samanheng med kravet om auka internasjonalisering, meinte gruppa at resultatet lett kunne bli at engelsk ville ta over i for

stor grad utan at dette eigentleg var eit uttalt ønske frå noko hald.

Den situasjonen med manglande signal ovanfrå som strategigruppa meinte å sjå i 2005, kan no seiast å vera mykje endra gjennom det språkpolitiske strategiarbeidet som er gjennomført innanfor sektoren sjølv.

7.3.4.3 Undervisningsspråk - læringseffekt og seinare yrkesutøving

Medan det overordna formålet med vitskapleg publisering oftast er å kommunisera innanfor eit internasjonalt forskarsamfunn, er effektiv læring det mest grunnleggjande i ein undervisningssituasjon.

Ved Universitetet i Oslo er det gjennomført ei ordning der all undervisning i niande semester på medisinarstudiet er på engelsk. Det er altså tale om vidarekomne studentar, og formålet har vore å gjera fakultetet attraktivt for studentar og lærarar frå land utanfor Norden, å styrkja kontakten med forskingssterke utanlandske universitet og å gje både studentar og lærarar høgare kompetanse i det internasjonale medisinske fagspråket. Fakultetet har også utvikla ei norsk-engelsk ordliste med relevante medisinske faguttrykk.

Ut frå formålet meiner dei fleste involverte at erfaringane stort sett har vore gode. Men det er likevel påvist klare ulemper. I to evalueringsrapportar frå våren 2002 og 2003 svarer respektive 62 og 67 prosent av dei norske studentane at det er negativt for læringa at undervisninga skjer på engelsk.³⁸

Det er også gjort gjeldande frå lærarhald at det er vanskelegare å uttrykkja nyansar og detaljar på engelsk, og mange har gjeve uttrykk for at presisjonsnivået blir lågare og at dei blir mindre spontane når dei som norske universitetslærarar må undervisa på engelsk.³⁹

Dette berre strekar under det sjølvsgde i at det alltid vil vera det enklaste og mest effektive både for lærarar og studentar dersom undervisninga kan gå føre seg på eit felles morsmål. Men det er også ei påminning om at norske lærarar og studentar må bli dyktigare i engelsk, slik at kvaliteten blir så god som råd også i dei tilfelle der det av ulike grunnar likevel blir undervist på engelsk. Ein av grunnane til å tilby undervisning på engelsk i Noreg kan nettopp vera behovet for å øva opp evna til aktiv meistring av det engelske fagspråket. Vi må likevel sjå i augo at berre dei aller færraste kan

³⁵ Ot.prp. nr. 40 (2001–2002).

³⁶ Innst. O. nr. 40 (1994–95) og NOU 1993:24.

³⁷ Norsk institutt for studium av forskning og utdanning - Senter for innovasjonsforskning

³⁸ Nylenna, Magne 2004: 124.

³⁹ Roald og Stray-Pedersen 2004: 120.

ha von om å meistra eit framandspråk like godt som sitt eige morsmål.

I *Norsk i hundre!* er det peikt på at språkkompetanse er viktig for læringsresultatet, og at vi har lite systematisk kunnskap om kor godt rusta studentar flest eigentleg er til å gjennomgå eit studium der engelsk dominerer frå første dag.

Også språkutvalet oppnemnt av Universitets- og høgskolerådet peiker på at morsmålet er det beste språklege utgangspunktet for læring, fordi dei kognitive evnene blir best utnytta når studentane kan bruka sitt eige morsmål.

Språkutvalet ved Universitetet i Oslo peiker på at forskning viser at læringseffekten ved bruk av engelsk er 20–30 prosent mindre enn ved bruk av morsmål. Konklusjonen er: For dei aller fleste studentar gjeld det framleis at dei lærer best på det språket dei kan best.⁴⁰

Alt tyder på at også velutdanna fagfolk lærer betre på morsmålet enn på eit internasjonalt språk. Eit forsøk frå 2002 der 114 skandinaviske legar vart delte inn i fire grupper som fekk lesa den same fagartikkelen anten på papir eller skjerm og anten på engelsk eller morsmålet, viste at dei som las på morsmålet, skåra signifikant høgare enn engelsklesarane når ein etterpå målte kor mykje dei hadde fått med seg av innhaldet. Derimot var det ingen skilnad mellom dei som las på papir, og dei som las på skjerm.⁴¹

Så lenge effektiv kunnskapsoverføring er det primære, er det med andre ord liten tvil om at undervisning på morsmålet er det som gjev best læringsresultat. Reint pedagogiske omsyn tilseier difor at undervisning for norske studentar ved norske universitet og høgskular bør skje på norsk. Dette gjeld utan atterhald så lenge læring kan definerast som rein overføring av fagleg kunnskap.

Men undervisninga har også som formål å rekruttera framtidige forskarar, og då må ho sikra at studentane også lærer seg det internasjonale fagspråket, som oftast engelsk. I tillegg kjem så eit visst behov for undervisning på engelsk for å fremja internasjonalisering av forskning og utdanning.

Mot dette står igjen omsynet til det norske fagspråket og behovet for å utdanna kandidatar som er i stand til å formidla kunnskapane sine overfor den norske allmenta, og ikkje minst som ledd i framtidig yrkesutøving overfor eit norsk publikum.

Rapporten *Norsk i hundre!* strekar under det siste synspunktet. Dei fleste av dei som blir utdanna i universitets- og høgskulesektoren, blir

ikkje forskarar, men skal nytta kompetansen sin ute i det norske samfunnet. Dei treng alle eit norsk fagspråk for å formidla kunnskap på ein forståeleg måte i arbeid og yrke. Rapporten slår fast at det er liten tvil om samanhengen mellom kvaliteten på yrkesrelatert formidling og det fagspråket yrkesutøvarane har fått med seg frå universitet eller høgskule.

7.3.4.4 Grenseoppgangen mellom norsk og engelsk

I *Norsk i hundre!* er det konkludert med at begynnarundervisninga i høgare utdanning må skje på norsk, men at engelsk kan innførast gradvis når den norske terminologien er etablert.

Språkutvalet ved Universitetet i Oslo legg også vekt på at undervisninga på begynnarnivå må skje på norsk, bortsett frå i framandspråka. På høgare nivå bør så alle relevante fag utvikla undervisningstilbod som kan bidra til internasjonalisering og til å sosialisera studentane inn i relevante, internasjonale fagfellesskap. På aller høgaste kursnivå bør undervisninga skje dels på norsk, dels på engelsk, eventuelt heilt ut på engelsk i visse høve avhengig av situasjonen i faget.

Også utvalet under Universitets- og høgskolerådet opnar for undervisning på engelsk for vidarekomne studentar. For å unngå at dette skal oppfattast som eit generelt ønske om overgang til engelsk, strekar utvalet under at undervisningsopplegg på engelsk bør vera svært målretta og instrumentelt grunngeevne. Undervisning på engelsk bør difor avgrensast til visse kurs med særleg mange gjestestudentar, eller kurs der formålet nettopp er å utvikla kompetansen i engelsk fagspråk hos dei norske studentane.

Språkutvalet ved Universitetet i Bergen konkluderer med at hovudregelen må vera at grunnopplæringa er på norsk. Det inneber at undervisningspråket skal vera norsk på begynnarnivået, men med opning for bruk av engelsk på enkeltkurs for vidarekomne studentar. Unntak elles kan vera for kurs som er spesielt tilrettelagde for utanlandske studentar, og sjølvstøtt for førelesingar eller kurs gjevne av utanlandske gjestelærarar.

Språkutvalet ved Universitetet i Oslo meiner det er uheldig å tilby undervisning på engelsk dersom berre éin person ønskjer det, såkalla engelskved-behovkurs. Utvalet viser til at det vil redusera kvaliteten på undervisninga, då førelesar ofte ikkje er budd på å snakka engelsk, og kanskje heller ikkje har gode nok engelskkunnskapar. Dessutan vil læringskvaliteten bli nedsett for fleirtalet av studentane.

⁴⁰ Utvalet refererer her til Hertzberg, Frøydis 1996: 95-102.

⁴¹ Nylenna, Magne 2004: 124 og Höglin, Renée 2002: 32.

Språkutvalet ved Universitetet i Bergen meiner det er viktig for å integrera dei utanlandske studentane med dei norske at det finst kurs der det på førehand er gjort klart at det vil bli undervist på engelsk dersom det er internasjonale studentar med på kurset. Men utvalet seier det er ønskeleg at det ikkje blir for mange slike kurs, for det kan verka uryddig og gje uheldige signal.

I *Norsk i hundre!* er det peikt på at det er uheldig dersom internasjonalisering inneber at studentar reiser til ulike land for å følgja undervisning på engelsk. I så fall blir resultatet snevert og kulturelt einsretta. Ein gjennomtenkt internasjonaliseringsstrategi må også leggja vinn på å reflektera det språklege og kulturelle mangfaldet i verda. I staden for at all undervisning som involverer utanlandske, automatisk skal skje på engelsk, tenkjer strategigruppa seg at gjestestudentar burde få tilbod om intensive språkkurs, til dømes i ein månad før semesterstart, og at dette blir følgt av førelesingar på norsk med skuggepensum på engelsk saman med særskilt rettleiing.

Også språkutvalet ved Universitetet i Oslo meiner at utanlandske studentar bør få eigne tilbod om norskopplæring, anten kortare kurs for kortvarige utvekslingsopphald eller eitt års opplæring for studentar utan norskkunnskapar som planlegg eit heilt gradsstudium i Noreg. Utvalet meiner dessutan at det bør finnast tilbod om eigne emne der undervisningsspråket og alt pensum er engelsk. Desse emna kan vera opne både for internasjonale studentar og for studentar med norsk som morsmål.

7.3.5 Nærare om språket i læremiddel og faglitteratur

7.3.5.1 Tilgang på norskspråklege bøker som stettar faglege krav

I tillegg til å halda fast ved norsk som det dominerande språket innanfor den munnlege undervisninga er det også om å gjera at studentane får høve til å lesa norskspråkleg studielitteratur.

Utvalet oppnemnt av Universitets- og høgskolerådet slår fast at gode lærebøker er grunnlaget for god læring. Kva lærebøker og læremiddel som blir valde som studielitteratur, verkar difor inn på studiekvaliteten. Utgangspunktet bør vera å velja dei beste lærebøkene på marknaden. Dette inneber at studentane i nokre samanhenger vil måtta møta engelskspråkleg studielitteratur allereie frå første semester.

Vidare viser utvalet til at engelskspråkleg litteratur dekkjer ein større marknad enn den norsk-

og nordiskspråklege. Det kan difor koma oftare oppdaterte utgåver til gunstigare pris. Ein del av den norske og nordiske faglitteraturen er dessutan retta mot ein breiare marknad og skal gjerne dekkja fleire kurs, noko som kan resultera i mindre tilpassa litteratur. Også dette kan gjera at meir spesialiserte engelskspråklege lærebøker blir valde framfor norske eller nordiske.

Det er rett nok ein lang tradisjon for bruk av engelsk studielitteratur her i landet som i mange andre land. Dessutan viste undersøkinga frå 2001 som er omtalt under kap. 7.3.2.6 ovanfor,⁴² at det relative omfanget av norskspråkleg pensum på grunnivået i høgare utdanning hadde halde seg etter måten stabilt. Undersøkinga frå 2001 gjaldt dessutan pensumlistene for studieåret 1999-2000, og det er ikkje gjort tilsvarende undersøkingar av utviklinga i åra etterpå.

Strategigruppa oppnemnd av Språkrådet meiner i rapporten sin frå 2005 å ha haldepunkt for å hevda at det ikkje er nokon utprega tendens til å velja engelsk studielitteratur på grunnivået så lenge det er tilgang på gode norske alternativ. Gruppa meiner at det som regel er pedagogiske vurderingar som avgjer.

Det springande punkt blir dermed i kva grad vi maktar å sikra nødvendig produksjon av norskspråkleg fag- og studielitteratur innanfor ulike fag og disiplinær. Utan tilgang på relevant norsk studielitteratur blir det også vanskeleg for dei som skal komponera pensumlistene.

Den omtalte rapporten frå 2001 peikte på fleire faresignal når det gjaldt vilkåra for produksjon av norskspråkleg studielitteratur. Rapporten konstaterte til dømes at det i beste fall var uklart i kva grad skriving av lærebøker var fagleg meritterande for vitenskapleg tilsette, og at det å skriva ei lærebok krev mykje samanhengande tid. Til saman gjer dette at mange tilsette kvir seg for å gå i gang med eit lærebokprosjekt. Det vart også vist til dei ugunstige marknadsvilkåra for norsk læremiddelproduksjon samanlikna med engelsk som er nemnde ovanfor.

7.3.5.2 Verkemiddel for å sikra norskspråklege fag- og lærebøker

Eit sentralt tema i debatten om vilkåra for norskspråkleg studielitteratur dei siste åra har vore spørsmålet om ein skal halda fast på det etablerte systemet med faste utsalsprisar på fag- og lærebøker til høgare utdanning, eller om det finst andre

⁴² Hatlevik og Nordgård 2001.

og meir målretta verkemiddel for å stimulera utvikling og produksjon av slike bøker.

Då vilkåra for den tidlegare bransjeavtalen om bokomsetning vart endra ved kongeleg resolusjon av 17. desember 2004, vart det bestemt at systemet med faste prisar på fag- og lærebøker for høgare utdanning og for skulebøker til vidaregåande skule skulle avviklast frå 1. januar 2006 og på skulebøker til grunnskolen frå 1. juli 2006.

Vedtaket om å avvikla fastprissystemet for fag- og lærebøker til høgare utdanning vekte stor motstand, og sentrale organisasjonar i bokbransjen bad hausten 2005 om at dette vart endra. Ved kongeleg resolusjon av 21. desember 2005 vart difor løyvet til å halda fram med fastpris for slike bøker forlengt til 1. juli 2006.

Formålet var at ein i mellomtida skulle få høve til å innhenta nærare vurderingar av i kva grad og på kva måte fastprissystemet var eit tenleg verkemiddel for å stimulera til auka produksjon og omsetning av norske fag- og lærebøker til høgare utdanning, dessutan i kva grad det fanst alternative verkemiddel for å sikra gode rammevilkår for utvikling og produksjon av norskspråkleg studielitteratur. Dette vart følgt opp gjennom eit høyringsnotat frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 4. april 2006.

Som moglege alternativ drøfta notatet direkte tilskot til utgjeving av lærebøker, innføring av ei innkjøpsordning for slike bøker, utviding av ordninga med bibliotekvederlag og eventuelt stipend og garantinntekter, dessutan gjennom lovverk og finansieringssystem å gje universitet og høgskular generelle insentiv til å arbeida for å styrkja norsk fagspråk. Det vart også vist til det pågåande arbeidet innanfor universitets- og høgskulesektoren sjølv for å utgreia bruk og styrking av norsk fagspråk på ulike måtar.

Når det gjaldt bibliotekvederlag til fagskribentar og omsetjarar av fagbøker, slo høyringsnotatet fast at dette neppe kunne sjåast på som noko målretta verkemiddel i denne samanhengen. Bibliotekvederlag er eit kollektivt vederlag til forfattarar og omsetjarar for dei bøkene deira som står til rådvelde for utlån i offentlege bibliotek. Tanken er at salet av bøkene kunne ha vorte større dersom bøkene ikkje fanst på biblioteket. Høyringsnotatet slo fast at heller ikkje kunstnarstipend og garantinntekter kan tenkjast å fungera som eit målretta verkemiddel for å stimulera produksjon og omsetning av norske fag- og lærebøker til høgare utdanning.

Som eit supplement til dei etablerte innkjøpsordningane for litteratur forvalta av Norsk kulturråd vart det i 2005 innført ei ny innkjøpsordning for

sakprosa. Ordninga inneber at Kulturrådet kjøper inn 1000 eksemplar av om lag 50 fagbøker pr. år. Dette sikrar ein viktig basismarknad for dei innkjøpte bøkene, og dei blir dessutan gratis tilgjengelege ved folke- og skulebibliotek over heile landet.

Dersom ein skulle innføra ei tilsvarande ordning for lærebøker til høgare utdanning, oppstår spørsmålet om korleis dei innkjøpte bøkene skulle disponerast. Ordninga kunne neppe gjerast stor nok til å gje studentane gratis studielitteratur. At pensum dei seinare åra er vorte meir temaorientert framfor verkorientert, saman med den raske utviklinga som gjerne skjer innanfor eit fag, ville truleg føra til at det for slike bøker ville vera eit stort kassasjonsbehov.

Det som då gjenstår av dei tiltaka som vart drøfta i høyringsnotatet, er tilskot til utgjeving av lærebøker for høgare utdanning. Ei slik tilskotsordning har eksistert sidan midten av 1980-talet og har frå 2004 vore forvalta av Universitets- og høgskolerådet. For 2008 er 4,2 mill. kroner av løyvinga til rådet øymerkt denne tilskotsordninga. For at dette skal framstå som eit alternativ til fastprissystemet, måtte ein difor vurdera ei utbygging av eksisterande ordning.

Etter retningslinjer fastsette av Utdannings- og forskingsdepartementet 27. mai 2005 skal denne ordninga prioritera støtte til lærebøker som dekkjer eit mangelområde, bøker med lågt opplag og basisutgåver på nynorsk, dessutan lærebøker på innføringsnivå. Midlane blir fordelte av eit utval oppnemnt av Universitets- og høgskolerådet, og der det mellom anna sit representantar for lærestadene, forleggjarane og dei faglitterære forfattarane.

På bakgrunn av vurderingane i høyringsnotatet, dei innkomne høyringsfråsegnene og seinare vurderingar er det no bestemt at fastprissamarbeidet for fag- og lærebøker til høgare utdanning skal vidareførast til gjeldande bokavtale går ut 31. desember 2010.

7.3.6 Vurderingar og framlegg frå ulike språkutval ofl.

7.3.6.1 *Overordna strategisk vurdering i Norsk i hundre!*

Gjennomgangen ovanfor stadfestar at det særleg er innanfor primærpublisering av vitskapleg forskning at norsk språk har ein svak posisjon i høve til engelsk.

Det grunnlagsdokumentet som denne meldinga tek utgangspunkt i, strategirapporten *Norsk i hundre!*, sontrar i sin analyse av utdannings- og forskingssektoren mellom forskning, undervisning og formidling. Strategigruppa konstaterer at pri-

mærpublisering av vitenskapleg forskning er eit underdomene der norsk er i ferd med å bli sterkt marginalisert, men at dette er ein situasjon vi må kunna godta innanfor dei fleste fagområda, så sant vi kan sikra stillinga for norsk språk innanfor formidling og undervisning.

Under den føresetnaden at formidling og undervisning i hovudsak går føre seg på norsk, vil grunnlaget vera lagt for at norsk fagspråk skal overleva, meinte strategigruppa.

Ho la vekt på at vellykka formidling krev at både forskarar og til dømes journalistar må ha eit godt nok fagspråk til rådvelde, og at dette er noko dei må læra seg gjennom den undervisninga dei får under fagstudiet.

Konklusjonen frå strategigruppa si side er difor at det språkpolitiske beredskapsarbeidet må retast inn mot sjølve undervisninga.

7.3.6.2 Framlegg om lovfesting

Gjennom det språkpolitiske grunnlags- og strategiarbeidet som det er vist til ovanfor, er det også kome diverse forslag om å leggja lovfesta plikter på institusjonane.

For det første er det i strategirapporten *Norsk i hundre!* eit generelt framlegg som går ut på at det i lov om universitet og høgskolar bør takast inn ei føresegn om at sektoren har eit viktig ansvar for at norsk fagspråk skal utviklast og brukast innanfor alle fagmiljø, i tillegg til engelsk og eventuelle andre språk.

I den samanheng blir det altså foreslått at lova også skal krevja at institusjonane utarbeider språkstrategiar som mellom anna spesifiserer korleis målet om utvikling og bruk av norsk fagspråk skal nåast.

Utover dette foreslo så det dåverande interimstyret i Språkrådet i *følgjebrevet til strategirapporten* i mars 2006 at det bør takast inn att ei føresegn om at norsk til vanleg skal vera undervisningsspråket i høgare utdanning, dvs. ei føresegn om lag som den som vart oppheva i 2002, jf. kap. 7.3.4.1 ovanfor.

Lovfesting av norsk som det normale undervisningsspråket er også nemnt i eit brev frå Språkrådet til Kunnskapsdepartementet av 16. april 2008 med framlegg til språkpolitiske tiltak i universitets- og høgskulesektoren.

Alt i alt ligg det etter dette føre framlegg om ei lovfesting i tre punkt, først det grunnleggjande og generelle om ansvaret for norsk fagspråk, dinest det meir konkrete kravet om institusjonsbaserte språkstrategiar, og endeleg eit spesifikt krav om norsk som normalt undervisningsspråk.

7.3.6.3 Organisering av særskilde språktenester

Den arbeidsgruppa som vart sett ned av Nordens språkråd på oppdrag frå dei dåverande utdannings- og forskingsministrane i april 2005, gjorde framlegget om at det på alle høgare utdanningsinstitusjonar i Norden bør skipast eit språksenter.

Dette er meint å vera ei språkleg sørvisteneste som skal tilby språkrevisjon av manuskript på både morsmål og framandspråk, tilby kurs både for universitetslærarar som underviser på eit anna språk enn morsmålet, og for studentar som følgjer undervisning på eit framandspråk, og dessutan gje tilbod om diagnostiske testar av språkdugleiken til studentane.

Også alle dei tre språkutvala innanfor sektoren som det er referert til ovanfor, har gjort framlegg om dette. Eit slikt framlegg er også med i *Norsk i hundre!*

Her er det nemnt at eit språksenter i formidlingssamanheng også bør tilby språkvask av norske tekstar skrivne av norske tilsette, og språkutvalet ved Universitetet i Bergen nemner at ei slik språkvaskteneste også bør vera tilgjengeleg for tilsette med ikkje-norsk morsmål når dei ønskjer å skriva norsk.

Bergens-utvalet viser også til at det i administrasjonen dagleg dukkar opp spørsmål og behov for gjennomlesing av brev og informasjonsskriv som skal skrivast og oppdaterast, dessutan at arbeidet med å gjennomføra parallellspråklege nettsider også aukar behovet for rask språkhjelp. Her er det også behov for å betra kvaliteten i dei norskspråklege tekstane, både bokmåls- eller nynorsktekstane. Ei språkteneste vil også kunna hjelpa til med å formulera eksamensoppgåver på begge målformer, eventuelt også på engelsk når det er aktuelt.

7.3.6.4 Initiativ frå Språkrådet i april 2008

I det nemnde brevet av 16. april 2008 frå Språkrådet til Kunnskapsdepartementet heiter det at Språkrådet gjennom lang tid har registrert aukande bruk av engelsk ved norske universitet og høgskular.

Språkrådet viser til at også mange andre har observert det same, mellom anna Universitets- og høgskolerådet. Språkrådet refererer i den samanhengen til dei tilrådde retningslinjene som styret i Universitets- og høgskolerådet har vedteke, jf. nedanfor under kap. 7.3.7.4.

I brevet blir det vidare vist til at Kunnskapsdepartementet er interessert i at forskings- og utdanningsinstitusjonane skal halda eit høgt internasjonalt nivå. Språkrådet seier til dette at for å kunna konkurrera ute er det nødvendig å sikra stillinga

for norsk heime, ikkje minst ved at norsk er hovudspråk i undervisninga ved universitet og høgskular.

Språkrådet meiner det er viktig at det blir utarbeidd nokre språkpolitiske tiltak innanfor universitets- og høgskulesektoren. I tillegg til det nemnde framlegget om undervisningsspråket peiker Språkrådet på systematisk registrering av undervisnings- og forskingsspråk, at utanlandske tilsette i undervisningstillingar skal læra norsk innan ei viss tid, og at avhandlingar på andre språk enn norsk skal ha eit samandrag på norsk.

Språkrådet helsar med glede framlegget i St.meld. nr. 7 (2007–2008) *Statusrapport for Kvalitetsreformen i høgre utdanning* om å styrkja formidlingskomponenten i finansieringssystemet og gjev uttrykk for at det er eit tiltak som kan bidra til at norskspråkleg litteratur om vitskaplege emne kan bli tilgjengeleg for fleire.

7.3.7 Oppsummerande vurderingar

7.3.7.1 Utfordringa

At engelsk blir brukt og må brukast i vid utstrekning innanfor forskning og høgare utdanning, er ein sjølvsgd ting. Det har vore situasjonen i lang tid, og universitets- og forskingssektoren er meir avhengig av engelsk i dag enn tidlegare. Den aukande internasjonaliseringa, som er ei heilt nødvendig utvikling, gjer at det vil oppstå fleire situasjonar enn før der det er nødvendig å kommunisera på engelsk.

Problemet er difor ikkje at det blir brukt mykje engelsk, heller ikkje at det blir brukt meir engelsk enn før. Derimot kan det vera ein fare for at den dominerande stillinga som engelsk språk har fått i det internasjonale samfunnet, og den særlege prestisje- og symbolverdien som knyter seg til dette språket, kan føra til at engelsk blir brukt i større grad enn nødvendig, dvs. også i tilfelle norsk eller eit anna språk med fordel kunne vore nytta i staden. Dette kan også føra til at institusjonane vurderer verdien av å søkja kunnskap og internasjonale kontaktar gjennom andre framandspråk enn engelsk. I tillegg er det ein fare for at engelsk blir brukt utan at det blir lagt stor nok vekt på å utvikla gode engelskkunnskapar og praktisk språkmeistring.

Først og fremst representerer det engelske språkets dominerande posisjon som internasjonalt vitskapspråk ei utfordring for norsk fagspråk. Hovudperspektivet i denne meldinga inneber at det er arbeidet med å utvikla og halda levande eit fullverdig vitskapleg fagspråk på norsk som peiker seg ut som ei språkpolitisk hovudutfordring i åra

framover. I dette perspektivet er forskning og høgare utdanning den strategisk viktigaste samfunnssektoren.

Dersom vi skal realisera det språkpolitiske hovudmålet om å sikra at norsk skal bestå som eit fullverdig og samfunnsberande språk i Noreg, må difor arbeidet for å motverka domenetap for norsk språk i den akademiske verda stå i framgrunnen i den nasjonale språkpolitikken. Engelsk kan nyttast når dette tener eit formål, inkludert opplæring og praktisk språktrening. Men vi må unngå ureflektert og automatisk bruk av engelsk, og at den positive symbolfunksjonen som engelsk nyt godt av, gjer sitt til å fortrenge bruk av norsk også når dette er det mest naturlege og tenlege språkvalet.

7.3.7.2 Prinsippet om parallellspråksbruk

Arbeidet for å hindra norsk domenetap betyr altså ikkje at det berre er tale om å fremja mest mogleg bruk av norsk i alle samanhengar. Det er også svært viktig å utvikla den framandspråklege kompetansen, særleg i engelsk, og elles leggja til rette for språkstøtte i ulike former, slik at norske akademikarar blir best mogleg i stand til å delta både i den internasjonale kunnskapsutviklinga og den nasjonale kunnskapsformidlinga.

Difor synest det i dag å vera allment erkjent at nærare retningslinjer for språkbruken også innanfor forskning og høgare utdanning må byggja på prinsippet om parallellspråksbruk. Dette krev at dei tilsette og studentane må stimulerast til å oppnå høg kompetanse i engelsk og andre framandspråk, samstundes med at norsk blir sikra som hovudspråk.

Departementet vil streka under at det ikkje er nokon motsetnad mellom det å fremja både godt norsk fagspråk og framandspråkleg kompetanse. Dette er snarare mål som bør stimulera og støtta opp om kvarandre.

Det er elles grunn til å visa til den nordiske språkdeklarasjonen. Her heiter det at ein konsekvent parallellspråksstrategi inneber at så vel Nordens samfunnsberande språk som engelsk bør kunna nyttast som vitskaplege språk, at formidling av vitskaplege resultat på Nordens samfunnsberande språk bør vera meritterande, og at det bør vera tilbod om undervisning i vitskapleg fagspråk, især i skrift, både på engelsk og på Nordens samfunnsberande språk.

7.3.7.3 Norsk må vera hovudspråket

Det må strekast under at ein parallellspråkleg strategi ikkje inneber ei formell sidestilling av norsk og engelsk som akademisk bruksspråk. Jamvel om

den konkrete bruksfordelinga vil måtta variera mellom anna etter kommunikasjonsform, formål og fagområde, vil det generelle utgangspunktet vera at nasjonalspråket norsk har forrang og skal føretrekkjast dersom det ikkje er bestemte grunnar til at engelsk eller eit anna framandspråk bør brukast i staden.

Her kan det vera grunn til å visa til det som blir sagt i slutten av rapporten frå språkutvalet ved Universitetet i Bergen, nemleg at institusjonane må sikra at norsk blir brukt så mykje som mogleg innanfor alle fag, og at tilsette frå ikkje-skandinaviske land lærer seg norsk og blir integrerte fagleg og sosialt. I tillegg til å satsa på internasjonal orientering, heiter det, må institusjonane markera ein målmedviten parallellspråkleg praksis og streka under verdien av å bruka norsk.

Men i mange ulike språkbrukssituasjonar, særleg når det er tale om forskingspublisering, og aller mest innanfor teknologiske, medisinske og naturvitskaplege disiplinar, vil det svært ofte vera nødvendig å bruka engelsk i staden for norsk.

Det står likevel ikkje i vegen for at regjeringa med dette vil slå fast som generelt utgangspunkt at nasjonalspråket norsk framleis skal vera hovudspråket ved norske utdannings- og forskingsinstitusjonar. Dette er eit viktig signal om og ei klar markering av at norsk skal bestå som nasjonalt domenespråk for høgare utdanning og forskning.

Det einaste unntaket er Samisk høgskole. Her skal samisk ha tilsvarende funksjon som hovudspråk som det norske skal ha ved universitet og høgskular elles.

Å slå fast at norsk, respektive samisk, er hovudspråk, vil også vera eit hinder for noko ein har sett døme på i andre land, nemleg at det ved enkeltstående institusjonar eller fakultet er gjort framlegg eller vedtak om å gå over til engelsk som hovudspråk. Det har mellom anna vorte markert ved at institusjonar har gått over til å bruka eit reint engelskspråkleg namn som det einaste offisielle institusjonsnamnet.

For å halda oversikt over kor mykje engelsk blir brukt også som undervisningsspråk, og i kva samanhengar dette skjer, vil ein heretter kunna henta ut nærare statistiske opplysningar om dette på grunnlag av den systematiske registreringa av undervisningsspråk som no skjer ved alle høgare utdanningsinstitusjonar.

7.3.7.4 *Institusjonelle språkstrategiar*

For å kunna utvikla ein tenleg parallellspråkleg praksis som sikrar både internasjonalisering og norsk fagspråk, legg regjeringa til grunn at alle

institusjonane utformar eigne individuelt tilpassa språkstrategiar med utgangspunkt i den språkpolitiske plattformen med tilrådde retningslinjer som styret i Universitets- og høgskolerådet no har gjort vedtak om, jf. kap. 7.3.6.4 ovanfor.⁴³

I denne plattformen går det fram at Universitets- og høgskolerådet vil arbeida for større medvit når det gjeld val av både undervisnings- og publiseringsspråk. Konkret heiter det i dei tilrådde retningslinjene at undervisningsspråket ved universitet og høgskular til vanleg bør vera norsk, at samisk språk skal likestillast med norsk i dei institusjonane der det er naturleg, at engelsk eller andre språk kan brukast i dei samanhengane der det er fagleg formålstenleg og/eller nødvendig, og at vitskapleg publisering og formidling skal skje på det språket som er mest relevant og naturleg for det aktuelle fagmiljøet, og tilpassast aktuelle målgrupper.

Det heiter vidare at studentar på høgare nivå skal kjenna til og kunna bruka fagspråk både på norsk og på engelsk eller eit anna internasjonal språk, at institusjonane bør utarbeida språkstrategiar som sikrar parallellspråksbruk, dvs. norsk som nasjonalt fagspråk og engelsk som internasjonalt fagspråk, dessutan at institusjonane bør utvikla refleksjon omkring demokrati, formidling og språkbruk.

I tillegg til desse overordna retningslinjene inneheld vedtaket frå Universitets- og høgskolerådet også meir spesifikke retningslinjer for delområda utdanning, forskning, formidling/samfunnskontakt og administrasjon/informasjon.

Prinsippet om at institusjonane må utvikla eigne språkstrategiar synest å ha fått brei tilslutning. Dei etter måten grundige og detaljerte framlegga som er utarbeidde av dei tre nemnde språkutvala innanfor sektoren, bør leggja eit godt grunnlag for nødvendig oppfølging ved kvar enkelt institusjon. Dette gjev grunnlag for optimisme med tanke på det vidare arbeidet med institusjonsbaserte språkstrategiar.

7.3.7.5 *Lovfesting av ansvaret for norsk fagspråk*

Som eit overordna språkpolitisk verkemiddel innanfor forskning og høgare utdanning vil regjeringa dessutan fremja forslag om å lovfesta at universitet og høgskular har ansvar for vedlikehald og vidareutvikling av norsk fagspråk. Eit slikt forslag vil bli sendt på høyring til dei institusjonane det vedkjem.

Oppheving av den tidlegare lovføresegna om at undervisningsspråket til vanleg skal vera norsk,

⁴³ Universitets- og høgskolestyret: Språkpolitisk plattform 19. februar 2007.

var ein konsekvens av internasjonaliseringa av høgare utdanning og hadde brei oppslutning ved utdanningsinstitusjonane. Dette kan ikkje tolkast som eit ønske om å gå over til engelsk som undervisningsspråk. Domentapsstudiane frå 2001 viste at engelsk sjeldan var undervisningsspråk på grunnivået. Dette er også situasjonen i dag.

Bruken av engelsk som undervisningsspråk var rett nok aukande på høgare nivå. Men i mange disiplinar er dette ein nødvendig konsekvens av det behovet institusjonane har for å trekkja til seg dyktig internasjonalt undervisningspersonell, for å skapa eit internasjonalt miljø på enkelte kurs, og for at studentane skal kunna øva seg i å meistra det engelske fagspråket.

Ei lovfesting av at universitet og høgskular har ansvar for norsk fagspråk, vil famna vidare og vil leggja til rette for undervisning på norsk og samstundes sikra utvikling av norsk terminologi i alle disiplinar.

I forarbeida til ein ny lovregel må det gjerast nærare greie for kva ansvaret for norsk fagspråk meir konkret skal innebera, og kva plikter dette vil leggja på universitets- og høgskuleinstitusjonane. I den samanheng vil det også vera naturleg å omtala føresetnaden om utforming av institusjonstilpassa språkstrategiar tufta på prinsippet om parallellspråksbruk.

Eit viktig moment vil elles vera å streka under det ansvaret universitet og høgskular har for at det blir utvikla nye termar på norsk i takt med import av ny, ofte engelskspråkleg terminologi som skjer som ledd i den kontinuerlege kunnskapsutviklinga på dei internasjonale vitskapsarenaene. I tillegg til dette bør ein også streka under at det innanfor alle fag skal utarbeidast parallelle termlister på norsk og engelsk med særleg tanke på studentane i faget.

I tråd med framlegg frå dei omtalte språkutvala i sektoren bør det også leggjast opp til at institusjonane stiller krav om at doktoravhandlingar som blir skrivne på engelsk eller eit anna framandspråk, skal ha eit fyldig samandrag på norsk, og motsett at avhandlingar på norsk skal ha eit fyldig samandrag på eit internasjonalt språk, som regel engelsk.

Framlegget om organisering av særskilde språktenester ved universitets- og høgskuleinstitusjonane er også ein gjengangar i rapportane frå dei ulike språkutvala. I utgangspunktet bør det vera opp til institusjonane sjølve å vurdera i kva grad det kan vera formålstenleg å følgja dette opp, og å avgjera kva innhald og omfang ei eventuell slik teneste skal ha. Dette må avhengja av kva det er størst behov for ved kvar enkelt institusjon. For dei mindre institusjonane kan det eventuelt vera ei ten-

leg løysing at fleire institusjonar går saman om å organisera ei felles språkteneste.

7.3.7.6 *Evaluering av finansieringssystemet*

Språkpolitisk er det viktig å passa på at finansieringssystemet for universitet og høgskular ikkje får utilsikta verknader i retning av å oppmuntra til publisering på engelsk i større grad enn det som er naturleg ut frå faginterne normer og vitskapelege kommunikasjonsomsyn. Dei analysane som kan gjerast på bakgrunn av dei taloppgåvene som hittil ligg føre, tyder ikkje på at systemet til no har fremja publisering på engelsk til fortrenghet for norsk.

Kunnskapsdepartementet skal evaluera finansieringssystemet for universitet og høgskular. Dette vil vera ei brei evaluering som skal ta føre seg mange ulike aspekt, også ein analyse av kva språkpolitiske verknader ordninga eventuelt kan påviseast å ha. Evalueringa skal leggjast fram innan utgangen av 2009.

Det er elles eit av hovudmåla for universitet og høgskular at dei skal bidra til å spreia og formidla resultat frå forskning og frå fagleg kunstnarleg utviklingsarbeid. Universitet og høgskular skal også leggja til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten. Denne formidlingsverksamda og den aktive medverknaden frå den akademiske verda i den offentlege samtalen representerer ein avgjerande føresetnad for å halda norsk fagspråk levande.

Kunnskapsdepartementet har i St.meld. nr. 7 (2007–2008) om statusrapport for kvalitetsreforma i høgare utdanning omtalt vanskanene med å byggja inn ein såkalla formidlingskomponent i finansieringssystemet, men har samstundes varsla at det vil bli arbeidd vidare med å betra statistikk- og indikatorgrunnlaget med tanke på om ein slik komponent kan takast inn seinare.

I meldinga er det også varsla at Kunnskapsdepartementet, i samarbeid med Universitets- og høgskulerådet, vil vurdera å utvida talet på forlag i dagens publiseringssindikator i forskingskomponenten, slik at det kan stimulera til utarbeiding av lærebøker og andre akademiske arbeid som har eit breiare publikum enn tradisjonelle vitskapelege publikasjonar.

7.3.7.7 *Tilgang til norskspråkleg studielitteratur*

Både av omsyn til generell læringseffekt, innlæring av grunnleggjande fagterminologi og utvikling og bruk av norsk fagspråk er det viktig at det innanfor alle fag finst tilgang på norskspråkleg studielitteratur av god kvalitet. Som eit minimum bør

det finnast norskspråklege innføringsbøker i alle fag.

Tilstrekkeleg produksjon av norskspråkleg faglitteratur til studieføremål er ledd i ei kjede av føresetnader som alle er nødvendige for å sikra utvikling og formidling av eit breitt spekter av norsk fagspråk. Utan at studentane kan lesa viktige og grunnleggjande delar av pensum på norsk, kan vi ikkje rekna med at dei vil tileigna seg og bli aktivt fortrulege med den norske terminologien og det tilhøyrande fagspråket.

Å sikra tilgang på norskspråkleg studielitteratur er dermed eit sjølvstendig mål, og tiltak som er innretta mot dette formålet, kan difor ikkje erstattast av tiltak som verkar inn på andre ledd i fagspråkkjeda. Oppdatert, relevant studielitteratur på norsk generelt og nynorsk spesielt er alt i dag ein mangelvare, og vi kan ikkje risikera å svekkja produksjonsvilkåra for denne viktige delen av norsk faglitteratur endå meir.

Drøftinga under kap. 7.3.5.2 ovanfor viser at det i hovudsak er to verkemiddel som kan vera med på å stimulera tilgangen på norskspråkleg studielitteratur. Det eine er å halda fast ved det etablerte fastprissamarbeidet, det andre er å utvida ordninga med direkte statstilskot.

Fastprisordninga synest å fungera som eit stabiliserande element i ein sårbar bokmarknad. Dette er bakgrunnen for at regjeringa vil halda fast ved det etablerte fastprissamarbeidet for produksjon av fag- og lærebøker til høgare utdanning.

Fastprissamarbeidet krev unntak frå det generelle forbodet mot slikt samarbeid i konkurranse- lova og er tufta på den noverande bransjeavtalen for bokomsetning som gjeld til 31. desember 2010. Ved kongeleg resolusjon er det no fastsett at også høvet til å samarbeida om faste prisar for lærebøker til universitet og høgskular og fagbøker til profesjonsmarknaden skal gjelda ut heile avtaleperioden.

7.3.8 Oppsummering av prioriterte tiltak

- 1 Regjeringa vil fremja forslag om å lovfesta at universitet og høgskular har ansvar for vedlikehald og vidareutvikling av norsk fagspråk.
- 2 Regjeringa legg til grunn at norsk skal vera hovudspråket ved norske universitet og høgskular, med unntak av Samisk høgskole, der samisk skal vera hovudspråket.
- 3 Det blir lagt til grunn at universitet og høgskular utformar individuelt tilpassa språkstrategiar.
- 4 Universitet og høgskular bør vurdere behovet for å organisera særskilde språktenester, mel-

lom anna med tilbod om språkvask av manuskript på engelsk og andre internasjonale språk.

- 5 I doktoravhandlingar som er skrivne på engelsk eller eit anna framandspråk, skal det stillast krav om eit fyldig samandrag på norsk, og tilsvarende skal det vera krav om samandrag på engelsk for avhandlingar på norsk.
- 6 Som ledd i ei brei evaluering av finansieringsystemet for universitet og høgskular i regi av Kunnskapsdepartementet vil det også bli gjennomført ein analyse av kva for språkpolitiske verknader systemet eventuelt kan påviseast å ha.
- 7 Regjeringa vil vidareføra fastprissamarbeidet for lærebøker og fagbøker til høgare utdanning ut den noverande avtaleperioden.

7.4 Nærings- og arbeidslivet

7.4.1 Innleiing

Ei av dei største endringane i arbeidslivet på 1990-talet er at engelsken tek så mykje større plass. Likevel møter ein framleis nesten alltid eit nordisk språk dersom ein går inn på ein vanleg arbeidsplass i eit nordisk land. Dette vart slått fast i den samanfattande rapporten frå dei nordiske domenetapsgranskningane frå 2001.⁴⁴

Det er i dei store private bedriftene at engelsken står sterkast. I dei mindre verksemdene er det ikkje så mykje engelsk, og blant offentleg tilsette i til dømes undervisnings- og omsorgsyrke er engelsk svært lite brukt.

Arbeids- og næringslivet er eit svært vidt felt, og vi må difor rekna med at skilnadene er store mellom ulike sektorar, ulike nivå og ulike bruksområde også når det gjeld språkbruk. Trass i slike skilnader og variasjonar er det i *Norsk i hundre!* lagt til grunn at næringslivet ved sida av høgare utdanning og forskning er det domenet som er mest utsett for press frå engelsk.

Import og eksport av varer og tenester har gått føre seg til alle tider og har ført med seg utveksling av kulturelle og språklege impulsar mellom folk og land. Bruk av framandspråk i næringslivet er såleis langt frå å vera noko nytt fenomen.

Det som er nytt i vår tid, er at omfanget av utanlandsk eigarskap aukar, og at det er lettare tilgang til utanlandske marknader på grunn av meir effektiv kommunikasjon og nedbygging av handelshinder. Det har også vorte vanlegare å skipa utanlandske dotterselskap.

⁴⁴ Höglin, Renée 2002: 34.

Alt dette fører til at bedrifter må bruka engelsk oftare enn før. Utanlandske styremedlemmer gjer til dømes at styrepapir må skrivast på engelsk, og at ein også må snakka engelsk i sjølve styremøta. Utanlandske eigarar, investorar og samarbeidspartnarar gjer at det er behov for å ha all relevant informasjon tilgjengeleg på engelsk.

7.4.2 Konsernspråk

7.4.2.1 Omfanget av engelskbruk når offisielt konsernspråk er engelsk

Enkelte større bedrifter innanfor den internasjonaliserte delen av norsk næringsliv har gjort vedtak om såkalla konsernspråk, som regel engelsk.

Men at engelsk på denne måten har fått ein offisiell status i konsernet, inneber sjeldan at det blir nytta i alle språkbrukssituasjonar. Her kan finnast alle grader, frå bruk av engelsk meir eller mindre overalt i konsernet, både munnleg og skriftleg, til at engelsk kanskje blir brukt berre i vedtaksdokument.

Utover dette dominerer bruk av nasjonalspråket både munnleg og skriftleg, med mindre utanlandske personar er til stades. Dessutan er det slik at engelsk gjennomgåande blir nytta meir di høgare opp i hierarkiet ein kjem. Det er såleis mest engelsk i styreromma, ettersom mange styre har ein eller fleire medlemmer med utanlandsk bakgrunn. Dette inneber at lågare tenestemenn og arbeidstakarar berre i mindre grad blir direkte råka av overgangen til engelsk. Dette er det situasjonsbiletet som vart teikna i den nordiske rapporten frå 2001.

7.4.2.2 Noko om omfanget av engelsk konsernspråk

På den andre sida hevdar den same rapporten at jamvel om språkskifte til engelsk er vanlegast i større bedrifter, er det heller ikkje heilt uvanleg i mindre verksemdar. Ei gransking frå Danmark alt i første halvdel av 1990-talet viste at fjerdeparten av 300 små og mellomstore bedrifter i den sørlege delen av landet hadde valt engelsk eller tysk som konsernspråk.

Ei svensk undersøking frå slutten av 1990-talet viste at av 55 bedrifter med meir enn 200 tilsette hadde 26 engelsk som konsernspråk. Rekna i talet på tilsette var det 120 000 som arbeidde innanfor bedrifter med engelsk som konsernspråk, medan 60 000 var tilsette i bedrifter med svensk som konsernspråk.

Sekretariatet i Språkrådet gjennomførte våren 2005 ei spørjeundersøking blant eit utval på tjue av

dei hundre største bedriftene i Noreg i privat eller offentleg eige. Av desse tjue var det tolv som hadde valt engelsk som konsernspråk eller offisielt språk, medan fire hadde gjort vedtak om norsk som offisielt språk. I dei resterande åtte var det ikkje gjort noko slikt vedtak.

Blant dei som hadde valt engelsk som primært bedriftsspråk, var likevel engelsk det dominerande språket berre i to interne språkbrukssituasjonar, nemleg som møtespråk i styret og som korrespondansespråk. I alle andre situasjonar var norsk dels einerådande eller mest brukt, dels vart norsk og engelsk brukt omtrent like mykje.

7.4.2.3 Verknader av vedtak om konsernspråk

Det vart brukt engelsk også i dei selskapa som hadde vedtak om norsk som offisielt språk. Her var det berre i styremøta og i styrepapira at norsk språk rådde grunnen åleine. I dei selskapa som ikkje hadde gjort noko eksplisitt vedtak, kunne det henda at engelsk vart brukt i alle språkbrukssituasjonar, men til dels i nokså avgrensa omfang.

Det at eit selskap erklærer at engelsk er det offisielle konsernspråket, kan også oppfattast som ein ambisjon om meir bruk av engelsk enn det faktiske omfanget dette har i dag. Vedtaka om engelsk som konsernspråk er ikkje så gamle, og dei kan difor vera med og påverka framtidige språkval, uavhengig av kva som er praksis i dag.

I *Norsk i hundre!* blir det peikt på at ei slik utvikling kan få uheldige konsekvensar også for produktkvalitet, produktivitet, tryggleik og trivsel. Men i så fall vil dette ha negativ innverknad på det økonomiske resultatet i bedriftene, og eit medvit om dette kan vera med på å få bedriftene til å tenkja annleis. Vi manglar meir presis kunnskap om slike samanhengar.

7.4.2.4 Døme frå eit storkonsern i Noreg

I undersøkinga frå 2005 vart det også henta inn meir detaljert informasjon frå eitt enkelt storkonsern i Noreg. Opplysningane herifrå teikna følgjande bilete:

Engelsk er konsernspråket og vart nytta der det var formålstenleg. Alle overordna dokument var på engelsk, så som styrepapir og prosedyredokument. Dei vart omsette til norsk dersom det var behov for det. Styremøta vart avvikla på norsk og skandinavisk fordi ingen av styremedlemmene for tida hadde ikkje-skandinavisk bakgrunn.

Heimesidene var på norsk, engelsk og tysk, men noko av stoffet var berre på engelsk. All investorinformasjon fanst likevel på alle dei tre nemnde språka.

Det var elles varierende kva språk som vart nytta i dei enkelte selskapa innanfor konsernet. Dette avspegla seg også i varierende språkbruk i stillingsannonser. I det mest internasjonale selskapet vart svært mange stillingar lyste ut på engelsk, også når arbeidsstaden var i Noreg. Grunnen var eit ønske om å rekruttera internasjonalt. Andre selskap i konsernet hadde meir norsk.

Det daglege arbeidsspråket var framleis norsk i Noreg, men med mykje bruk av engelsk elles. Utviklinga gjekk i retning av meir bruk av engelsk, fordi ein stadig større del av verksemda vart internasjonalt orientert.

7.4.3 Språk i stillingsannonser

Ein særskild språkbrukssituasjon er stillingsannonserane. Dersom ein blar gjennom annonsesidene i ei vanleg avis i dag, kan ein sjå at engelsk blir brukt, ikkje minst i ein del stillingsnemningar, men av og til også som gjennomgåande språk i heile annonsen.

Døme på engelske stillingsnemningar er *controller, key account manager, trainee, business analyst, contract consultant, senior supervisor* og *non-food manager*. Slik nemningsbruk i ein elles norskspråkleg annonse kan dels vera eit uttrykk for den positive symbolverdien som engelske ord og uttrykk ofte formidlar, dels kan det også vera eit resultat av at det ikkje er lagt arbeid i å finna gode norske termar i staden for dei engelske.

Under arbeidet med *Norsk i hundre!* vart språkvalet i stillingsannonser i Aftenposten registrert over ein periode på ca. ein månad våren 2005. Oppdelingja viste at vel 90 prosent av dei i alt 940 annonserane var heilt ut på norsk, medan ca. 6 prosent hadde engelske stillingstitlar og ca. 4 prosent fullstendig engelsk tekst. Av i alt 53 annonser med engelske stillingstitlar var 11 rykte inn av selskap innanfor IT-næringa. Det same var tilfellet med heile 21 av dei i alt 35 annonserane med berre engelsk tekst.

I *Norsk i hundre!* er det i utgangspunktet lagt til grunn at det er økonomiske motiv som styrer kva for språk næringslivet nyttar i ulike samanhengar, ikkje minst i marknadsføring. Det dreier seg dels om kva for språk ein trur vil kasta mest av seg i form av økonomisk vinst, dels kan språk også bli vurdert som eit kostnadsspørsmål. Dersom ei stilling blir lyst ut både nasjonalt og internasjonalt, kan ein spare kostnader ved å bruka engelsk også i norske annonseorgan. Føresetnaden er at ein kan rekna med at potensielle norske søkerjarar er gode nok i engelsk.

7.4.4 Språk i marknadsføring og informasjon

I marknadsføring, selskapsnamn og produktnamn kan bruk av engelsk også ha ein symbolsk funksjon jamvel når målgruppa er norske forbrukarar. Formålet med slik engelskbruk er ikkje å informera kunden, men å formidla eit inntrykk av at det marknadsførte produktet representerer noko moderne og internasjonalt som kjøparane vil få del i dersom dei kjøper.

Men jamvel om ein kan bruka engelske slagord som blikkfang, vil oftast den meir informative delen av marknadsføringsteksten vera på norsk. For ein lengre engelsk tekst vil overfor eit norsk publikum som regel by på så pass mange språklege utfordringar at bedrifta risikerer å støyta kundane frå seg.

Ved andre typar av informasjon må det skiljast mellom det som rettar seg til vanlege kundar, og det som har eit meir allment informasjonsformål, eller som rettar seg mot snevrare eller meir spesialiserte kundegrupper.

I den første informasjonstypen er regelen at det er språket til kundane som blir nytta i hovudsak, medan språkbruken i det andre tilfellet vil vera meir varierende. Dette gjeld til dømes informasjon som blir lagd ut på Internett. Slikt stoff skal som regel nå ut til folk i mange land. Då kan det bli eit vurderingsspørsmål om bedrifta også finn det rekningsvarande å leggja ut stoffet med norsk tekst med tanke på eit norsk publikum.

Vurderinga i *Norsk i hundre!* er at så lenge norsk dominerer elles i samfunnet, vil nok også næringslivet i stor grad halda fram med å nytta norsk språk i marknadsføring og informasjon som rettar seg mot den vanlege forbrukar.

Faresignala er større når det gjeld den bedriftsinterne kommunikasjonen. Den nemnde granskinga som vart gjennomført under arbeidet med *Norsk i hundre!*, viser til dømes at det finst bedrifter som alt i dag informerer dei tilsette på engelsk, trass i at dei fleste av dei har norsk som morsmål. Slik informasjon omfattar ikkje berre formell informasjon frå leiinga til dei tilsette, men også alle typar tekstar, som til dømes styrepapir, teknisk dokumentasjon og e-post.

7.4.5 Eit språk- og teknologibasert arbeidsliv

Det at stadig meir av arbeidslivet blir språkbasert, og ikkje minst skriftbasert, gjer også at språkpolitikk på ein heilt annan måte enn før blir relevant for ein stadig større del av befolkninga.

I dag er det påvist store språkproblem mellom anna i byggjebnansjen i kjølvatnet av den aukande mobiliteten av arbeidskraft i Europa. Også dette aktualiserer behovet for ei meir gjennomtenkt haldning til språk og språkbruk i arbeidslivet.

Den nye teknologien med stadig hyppigare bruk av Internett, e-post, alle slags variantar av elektroniske dokument som rekneark, hypertextkonstruksjonar, dataspel-baserte treningsopplegg, e-læringsopplegg, elektroniske arkiv osv. har ført til at arbeidslivet i dag i mangt og mykje er heilt omskapt samanlikna med det som var tilfellet for berre eit eller to tiår sidan.

Eit spørsmål som må stillast, er kva følgjer det får når ein overalt i næringslivet meir og meir synest å gå over til å bruka elektroniske kommunikasjons- og lagringsmedium som i stor grad byggjer på engelskspråkleg teknologi.

Det er også eit spørsmål kva konsekvensar bruk av engelsk har dersom ein særleg ser det frå dei ulike arbeidstakarane sin synsvinkel.

Det at internasjonale storkonsern i Noreg har gått over til engelsk som konsernspråk, reiser også spørsmålet om kva følgjer det har for det tilknytte nærings- og arbeidslivet.

At til dømes StatoilHydro i stor grad bruker engelsk, får truleg også verknader for språkbruk og språkval hos kontrahentar, offshore-leverandørar, juristar, grafisk industri, reklamefirma, private og offentlege forskingsmiljø, transportfirma til lands og til sjøs osv. som i stor grad lever av å betena StatoilHydro og oljeindustrien.

7.4.6 Spørsmålet om lovregulering av språk i arbeidslivet

I *Norsk i hundre!* er det drøfta om det kan vera behov for å ta i bruk lovverket for å sikra ein del grunnleggjande språklege rettar for arbeidstakarar og forbrukarar.

For det første kan det tenkjast at retten til produktinformasjon på norsk bør sikrast gjennom lov. For produkt der feil bruk kan vera farleg, må dette vera eit ufråvikeleg krav, meiner strategigruppa.

For det andre er det spørsmål om det i lov bør sikrast at all dokumentasjon som gjeld helse, miljø og tryggleik, skal liggja føre på norsk, eventuelt også på andre språk som er i bruk blant arbeidstakarane i ei bedrift. Det kan i så fall vera aktuelt å la dette gjelda også utstyr og maskineri som blir nytta på arbeidsplassen.

For det tredje er det spørsmål om det i lovverket bør sikrast at det ikkje blir brukt eit språk som i praksis stengjer arbeidstakarar ute frå forhandlingar og avtalar som gjeld medraderett og bedrifts-

demokrati. Dersom slike forhandlingar ikkje kan førast på eit språk som alle deltakarane meistrar, meiner strategigruppa at det må stillast tolke- og omsetjingsressursar til rådvelde.

For det fjerde er det i *Norsk i hundre!* gjort framlegg om at det også bør lovfestast at alle arbeidstakarar har rett til arbeidsavtale, sluttavtale og liknande lovpålagde dokument på norsk, dessutan at det må sikrast at slikt som stiftingsdokument, vedtekter, årsrapportar og årsrekneskapar også blir sende ut på norsk.

Departementet vil gå gjennom kva behov det er, og kva opningar som finst, for å bruka lov eller anna regelverk for å sikra norskspråkleg produktinformasjon, helse-, miljø- og tryggleiksdokumentasjon og avtaledokumentasjon, dessutan for å unngå at språkbarrierar svekkjer grunnlaget for medraderett og demokrati i arbeidslivet.

7.4.7 Oppsummerande vurdering

7.4.7.1 Ein optimal parallellspråkleg strategi

Det er i denne meldinga lagt til grunn at læring skjer best på morsmålet. I den samanhengen er det eit poeng at læringa ikkje er avslutta i og med at studentane tek eksamen og går ut i næringslivet. Fagkompetansen må heile tida utviklast og haldast ved like.

Dersom også evna til refleksjon, resonnement og kreativ tenking framleis er betre på morsmålet enn på engelsk, vil også produkta av denne aktiviteten kunna bli betre dersom arbeidet skjer på morsmålet. Dermed vil bedriftene få meir ut av arbeidskrafta si dersom arbeidstakarane så langt råd er, får høve til å bruka morsmålet. I *Norsk i hundre!* er det etterlyst meir forskning for å påvisa slike samanhengar mellom språk på eine sida og produktivitet og kreativitet på andre sida.

At morsmålet i større grad bør brukast der det lèt seg gjera, inneber likevel ikkje at det blir overflødig å bruka engelsk i framtidig nærings- og arbeidsliv. Poenget må vera å finna ein optimal balanse mellom framandspråk og norsk. Ein slik balansert språkbruk kan visa seg å ha ein positiv effekt for det samla økonomiske resultatet i bedriftene. På same måten som innanfor forskning og høgare utdanning er altså utgangspunktet at også bedriftene må utvikla ein medviten parallellspråkleg politikk.

7.4.7.2 Terminologi og fagspråk

Dette inneber også at norsk fagspråk må haldast ved like og utviklast der fagekspertane opererer, og det er mellom anna innanfor nærings- og arbeidslivet. Det er bruken av det norske fagspråk-

ket i arbeidslivet i vid meining som rettferdiggjær å nytta ressursar på vedlikehald og vidareutvikling av norsk fagspråk og norsk terminologi.

Dersom terminologiarbeidet ikkje blir ført vidare i levande bruk av eit norsk fagspråk på alle område i samfunnet, vil det vera lita gagn i det. Eit viktig poeng her er at terminologien må oppdaterast og spreiaast på ein rask og effektiv måte. Dette kan best skje ved hjelp av elektroniske basar som er tilgjengelege på Internett.

7.4.7.3 *Næringslivet – eit særleg utsett domene*

Departementet legg elles til grunn den vurderinga av situasjonen i næringslivet som det er gjort greie for i *Norsk i hundre!*. Her heiter det om den delen av næringslivet som arbeider internasjonalt, at det førebels ikkje er grunn til å tru at særleg mange selskap bruker engelsk i situasjonar der sjølv kommunikasjonen ikkje krev det.

Det biletet som teiknar seg, er at norsk framleis står sterkt, men at engelsk er på frammarsj som eit resultat av internasjonaliseringa. Difor er utan tvil næringslivet eit domene der norsk er særleg utsett, og det må setjast høgt på lista over prioriterte domene i språkpolitikken i åra som kjem.

Næringslivet rekrutterer arbeidskraft med ei utdanning som i stor grad har gått føre seg på engelsk, ofte utanlands, og ein må rekna med at det i slike miljø ikkje er uvanleg med haldningar som går ut på at bruk av engelsk i seg sjølv representerer noko rasjonelt og meir eller mindre uunngåeleg.

Dette gjer at det må skapast mothaldningar som legg vekt på å streka under verdien av morsmålet, og at næringslivet har eit medansvar for å sikra norsk språk som nasjonalspråket i landet vårt. Ei grunnleggjande utfordring i så måte er at det ser ut til at ein også i næringslivet vantar eit overordna medvit om språk og språkval.

7.4.7.4 *Eit språkpolitisk samfunnsansvar i næringslivet*

Til liks med *Norsk i hundre!* legg departementet til grunn at ein ny språkpolitikk må søkja å utvikla ei medviten haldning til språk og språkbruk i nærings- og arbeidslivet. Det å vera med på å halda det norske fagspråket i hevd må bli ein del av eit gjennomtenkt samfunnsansvar også innanfor næringslivet.

Her kan ein trekkja ein parallell til det arbeidet som i dag går føre seg for å byggja opp både etisk refleksjon generelt og miljøansvar spesielt innanfor næringslivet.

I tråd med dette bør det arbeidast for at det samfunnsansvar bedriftene har, også skal omfatta

språkpolitiske omsyn. For å få dette til er det mellom anna nødvendig at representantar for partane i arbeidslivet på varig basis blir trekte aktivt med i arbeidet i Språkrådet.

7.4.7.5 *Språkpolitisk samarbeid med partane i arbeidslivet*

Departementet vil også for sin del som ledd i arbeidet med å følgja opp denne meldinga invitera partane i arbeidslivet til å delta i ein vidare prosess for å drøfta og konkretisera korleis vi i samarbeid kan utvikla ein aktiv språkpolitisk strategi for nærings- og arbeidslivet.

Bevisstgjerjing, haldningsskapande arbeid og utvikling av praktiske ordningar bør vera sentrale element i eit slikt språkpolitisk utviklingsarbeid. I denne prosessen bør ein også systematisera tidlegare røynsler som er hausta, og byggja vidare på kartleggings- og analysearbeid som er gjort tidlegare.

Det kan her til dømes nemnast at Norsk språkråd alt i 1994 arrangerte ein konferanse om norsk som framtidsspråk i arbeidsliv og næringsliv.⁴⁵ Også i den språkstyrkingsplanen som Norsk språkråd utarbeidde for perioden 2001–2003, hadde språkpolitiske tiltak overfor næringslivet ein sentral plass.

Departementet vil elles – i samråd med Språkrådet og partane i arbeidslivet – vurdere kva for arbeidsformer som vil vera mest formålstenlege i det vidare arbeidet. Konferansar og liknande arrangement vil kunna inngå i dette. Det avgjerande er at det kjem i gang ein vedvarande prosess, slik at det blir kontinuitet og systematikk i arbeidet.

7.4.7.6 *Kartlegging av språk og arbeidsvilkår*

Blant meir spesifikke tiltak i oppfølgingsarbeidet tek elles departementet sikte på å få gjennomført anten ei utgreiing eller eit forskingsoppdrag om kva ulike former for teknologibasert språkbruk i arbeidslivet har å seia som innfallspørt for engelsk språkleg påverknad.

Det er også behov for å analysere korleis alle dei nye teknologibaserte kommunikasjonsformene verkar inn på arbeidsvilkår og krav til kompetanse hos arbeidstakarane.

7.4.8 **Oppsummering av prioriterte tiltak**

- 1 Departementet vil invitera partane i arbeidslivet til ein vidare prosess for å utvikla ein

⁴⁵ Norsk språkråd 1995a.

- språkpolitisk strategi for arbeids- og næringslivet.
- 2 I samråd med partane vil departementet utvikla eit språkpolitisk samfunnsansvar i arbeids- og næringslivet etter modell av prinsippet om næringslivets miljøansvar og etiske ansvar.
 - 3 Språkrådet skal vidareutvikla det språkfaglege rådgjevingsarbeidet sitt overfor næringslivet, og representantar for næringslivet vil bli trekte direkte med i Språkrådet, mellom anna gjennom fagrådssystemet.
 - 4 Språkrådet skal vurdere å få gjennomført forskingsaktivitetar som kan kasta lys over tilhøvet mellom språk og produktivitet.
 - 5 Departementet vil ta initiativ til ei utgreiing eller eit forskingsprosjekt om kva funksjon teknologibasert språkbruk i arbeidslivet har som innfallspurt for engelskspråkleg påverknad og for arbeidsvilkåra for dei tilsette.
 - 6 Departementet vil vurdere lov eller anna regelverk for å sikra norskspråkleg produktinformasjon, helse-, miljø- og tryggleiksdokumentasjon og avtaledokumentasjon, og for å sikra at språkbarrierar ikkje skal svekkja grunnlaget for medraderett og demokrati i arbeidslivet.
 - 7 Departementet vil ta initiativ til ei kartlegging av dei skrivne og uskrivne krav til språkkunnskapar som gjeld i ulike delar av arbeidslivet, og vurdere om desse er godt nok tilpassa omsynet til helse, miljø og tryggleik og arbeidstakarane sine rettar.

7.5 Språk og teknologi

7.5.1 Innleiing

Informasjons- og kommunikasjonsteknologien (IKT) set i stadig sterkare grad sitt preg på kvardagen vår, både i arbeid og fritid. Innanfor dei fleste samfunnssektorar er slik teknologi på god veg til å bli eit dominerande medium for skriftleg kommunikasjon. I tillegg fungerer IKT i seg sjølv som eit eige språkdomene.

7.5.1.1 Informasjonsmedium

Både som medium for informasjonsspreiing og som eige språkdomene er denne teknologien i utgangspunktet ein sentral innfallspurt for engelskspråkleg påverknad og dermed også ein potensielt viktig premissleverandør for norsk språkutvikling. Samstundes kan teknologien også

utnyttast aktivt som eit middel til å fremja prioriterte språkpolitiske mål.

Det er Internett som i dag er den raskast veksende kanalen for tekstbasert informasjonsformidling. Som verdsomfattande informasjonsmarknad er Internett samstundes det einaste massemediet der alle brukarane i prinsippet har tilgang til alt som er publisert.

Språkpolitisk er det difor eit viktig mål å leggja til rette for eit rikt utval av norskspråkleg kvalitetsinnhald på Internett, slik at eit norsk publikum har eit tilbod på sitt eige språk som kan hevda seg i konkurransen med det kvantitativt dominerande engelskspråklege innhaldet. Ikkje minst er det på Internett nødvendig å leggja meir arbeid og ressursar i å sikra eit godt tilbod av relevant nynorsk stoff.

7.5.1.2 Språkdomene

Når informasjons- og kommunikasjonsteknologien også kan definerast som eit eige språkdomene, er det fordi datamaskinen sjølv kommuniserer med brukarane gjennom språket. Med den aukande bruken av IKT blir dette språket i grensesnittet mellom maskin og menneske eit domene av særleg språkpolitisk interesse.

Det dreier seg om språk og språkbruk i alle dei dataprogramma som finst tilgjengelege på den kommersielle marknaden. I tillegg til dette kjem utvikling og bruk av alle slags produkt og tenester som byggjer på dataprogram som behandlar eller inkorporerer menneskeleg språk som eit basiselement i dei teknologiske løysingane. Eit felles kjenneteikn ved slike språkteknologiske innretningar er at dei kan etterlikna ulike sider ved den menneskelege språkevna. Det kan dreia seg om både taleteknologi og tekstorientert språkteknologi.

Anten det gjeld programvare til bruk på datamaskinen, eller nye språkteknologiske hjelperåder som vi kan tenkjast å ha nytte av i arbeid og fritid, er det avgjerande viktig at denne teknologien er tufta på vårt eige språk. Men avansert datateknologi har i utgangspunktet ein internasjonal marknad, og dei fleste dataprogramma blir som oftast utvikla først i ein engelsk versjon.

Også på den språkteknologiske marknaden går det føre seg ei rivande utvikling når det gjeld engelsk-baserte produkt og tenester. Dersom også norsk språk skal hevda stillinga si i det høgteknologiske framtidssamfunnet, må det difor byggjast opp ein språkteknologisk infrastruktur som kan skapa økonomisk grunnlag for utvikling av norsk-baserte produkt og tenester.

7.5.2 Oppsummering av tidlegare ambisjonar og tiltak

7.5.2.1 «Bit for bit», rapport frå eit statssekretærutval 1996

Alt for godt over ti år sidan, i ein rapport om de norske IT-vegen lagd fram av eit eige statssekretærutval i januar 1996, tok ein på politisk hald opp utfordringane for norsk språk og kultur i dei digitale romma.

Det vart formulert to politiske mål med direkte språkpolitisk relevans, for det første at norsk språk og norskspråkleg programvare må vera tilgjengeleg i digitale medium og kommunikasjonssystem, for det andre at styresmaktene bør satsa på norsk innhaldsproduksjon.

Rapporten slo fast at utanlandsk programvare burde omsetjast i tråd med norske definisjonar og språknormer for brukargrensesnitt.

Det vart streka under at stoff som statsinstitusjonar legg ut på datanett, til dømes på det felles informasjonssystemet for departementa, må oppfylle krava i lov om målbruk i offentleg teneste.

Det heitte også at hovudregelen for norske databasar til offentleg bruk må vera at ein skal kunna søkja både på bokmål og nynorsk, dessutan at også samisk språk må ivaretaast på tilfredstillande måte.

7.5.2.2 Handlingsplan for IT på kulturområdet 1997

Knapt to år seinare, i ein eigen handlingsplan for IT på kulturområdet som Kulturdepartementet la fram i september 1997, vart det slått fast at kampen om norsk språk kom til å gå føre seg på nye arenaer som er skapte av den informasjonsteknologiske utviklinga.

Det vart gjort framlegg om å oppretta eit sekretariat for språkteknologi som eit bindeledd mellom kultur- og forskingsmiljøa og IT-næringa. Sekretariatet skulle etter framlegget fungera som eit sentralt verkemiddel i arbeidet for at norsk språk kunne bestå som eit fullverdig og føretrekt uttrykksmiddel når vi arbeider med avansert språkteknologi og bruker produkt og tenester som er baserte på IT.

7.5.2.3 Språk og teknologi i målbruksmeldinga 1997

Hausten 1997 vart tanken om eit sekretariat for språkteknologi teken opp att i St.meld. nr. 13 (1997–98) om målbruk i offentleg teneste. Det heitte at ein ville vurdera om Norsk språkråd kunne bli eit slikt fagleg-administrativt knutepunkt for norsk språk og IT.

I meldinga vart det elles gjort greie for utfordringane meir i detalj, og det vart slått til lyd for ein nasjonal innsats for bruk av norsk språk i informasjonssamfunnet. Det heitte at det trongst eit offensivt handlingsprogram der både juridiske, administrative, språkteknologiske og økonomiske verkemiddel blir tekne i bruk.

Meldinga slo fast at målet måtte vera å kunna gje både nynorsk- og bokmålsbrukarane gode reiskapar til støtte for språkbehandling og å tilby relevante informasjonstenester o.a. på begge målformer.

7.5.2.4 IKT-stillingar i Norsk språkråd i 2000

I statsbudsjettet for 2000 vart så Norsk språkråd tilført to nye stillingar for å vareta funksjonen som sekretariatet for språkteknologi slik som omtalt ovanfor. I budsjettframlegget heitte det at målet var at sekretariatet skulle bli eit fagleg-administrativt knutepunkt for norsk språk og IT.

7.5.2.5 Handlingsplan for norsk språk og IKT frå 2001

Etter dette bad Kulturdepartementet Norsk språkråd utarbeida ein handlingsplan for norsk språk og IKT. Planen vart lagd fram i ein endeleg versjon i juni 2001.

Handlingsplanen konsentrerte seg særleg om mål og tiltak for å leggja til rette for norskspråkleg programvare og norsk språkteknologi. Sentrale målformuleringar i planen var at mengda av norskspråkleg programvare måtte aukast, særleg programvare på nynorsk, og at norsk språkteknologi må tuftast på kunnskap om og forskning i norsk språk i form av bokmål, nynorsk og dialektar.

Av tilhøyrande tiltak var det særleg to som stod i framgrunnen.

Det eine var eit framlegg om at statlege styresmakter skulle innføra eit regelverk for offentlege innkjøp av vanleg programvare som kunna sikra at programma vart utvikla både i ein nynorsk- og ein bokmålsversjon.

Det andre var framlegget om å etablere ein norsk språkbank, dvs. ei samling av norske språkressursar i form av store mengder tekst og tale som er elektronisk lagra og tilrettelagde for ulike typar bruk og gjenbruk, særleg tenkt nytta til utvikling av språkteknologiske produkt på norsk.

Handlingsplanen inneheldt elles desse hovudmåla:

- a) I Noreg skal IKT-baserte produkt og tenester ha norskspråkleg brukargrensesnitt og vera tufta på kunnskapar om norsk tale og dei to skriftformene våre.

- b) Alle med norsk som morsmål skal ha lik tilgang til slike norskspråklege produkt og tenester og til å skaffa seg den kompetansen som krevst for å ha nytte av tilbodet.
- c) Mengda av norskspråklege programvare må aukast, særleg programvare på nynorsk.
- d) Føresegnene i opplæringslova om språklege parallellutgåver av elektroniske læremiddel må oppfyllest i praksis.
- e) Norsk språkteknologi må tuftast på kunnskap om og forskning i norsk språk (bokmål, nynorsk og dialektar) og relevant teknologi.
- f) Noreg skal vera aktiv deltakar i det nordiske og vidare europeiske samarbeidet innanfor språkteknologi.
- g) Standardisert norsk IKT-terminologi må utviklast og stillast til rådvelde.
- h) Noreg skal bidra til å styrkja erfaringsutvekslinga mellom språkorganisasjonane i Norden og elles i Europa om informasjons- og kommunikasjonsteknologiens innverknad på nasjonalspråka og om mottiltak for å halda språka i hevd også på dette området.

7.5.2.6 *Utgreiinga om ein norsk språkbank frå 2002*

Det sistnemnde framlegget førte til at Norsk språkråd i februar 2002 fekk i oppdrag av Kultur- og kyrkjedepartementet og Nærings- og handelsdepartementet å initiera og koordinera ei utgreiing om samling og tilgjengeleggjering av norske språkteknologiresursar.

Dette resulterte i ein rapport som vart lagd fram i oktober 2002. Her var konklusjonen at det ville kosta 100 mill. kroner fordelt over fem år å få på plass det minimum av språkressursar som skal til. Rapporten la dessutan til grunn at dette måtte finansierast tilnærma heilt ut med offentlege midlar.

I kulturmeldinga frå 2003, St.meld. nr. 48 (2002–2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014*, vart det på dette grunnlag konkludert med at det dermed var lite realistisk å få realisert dette som eit samla prosjekt. Det heitte at det i staden måtte arbeidast vidare med saka i eit noko lengre tidsperspektiv.

Meldinga heldt altså fast ved målet om å byggja opp ein norsk språkbank.

7.5.2.7 *Tiltak for å fremja nynorsk programvare*

Når det gjaldt programvare, nemnde kulturmeldinga at det hadde vore vurdert om det offentlege gjennom ein samordna innkjøpspolitikk kunne stilla som krav at aktuell programvare skal liggja føre både på nynorsk og bokmål før det kan kjøpast

inn av statlege eller kommunale organ eller i skuleverket.

I meldinga heitte det at ein førebels ikkje hadde funne tenlege mekanismar for å få dette til. Det vart i den samanhengen vist til at ein frå 1. januar 2003 var i ferd med å avvika dei sentrale rammeavtalane for offentlege innkjøp. I tråd med dette skulle det vera eit overordna prinsipp at offentlege innkjøp i utgangspunktet skulle vera eit desentralisert ansvar.

I meldinga vart det likevel konkludert med at departementet ville vurdera om det var tenlege verkemiddel som bør takast i bruk for å understøtta utviklinga av nynorsk programvare og andre mekanismar som kan hindra diskriminering av nynorsk i samband med teknologisk basert språkbruk.

Det heitte også at det burde utgreiast om det kan gjerast lov- og forskriftsendringar for å sikra norske arbeidstakarar og forbrukarar norsk grensesnittspråk i meny-, styre- og hjelpetekstar i elektroniske apparat, maskinar og liknande og norsk språk i brukarretteiingar og annan dokumentasjon for slikt utstyr og på all emballasje og i all merking der språket har noko å seia for helse, miljø og tryggleik.

7.5.2.8 *Nynorsk innhald på Internett*

Kulturmeldinga tok også til orde for at det i åra framover måtte takast eit krafttak for reell likestilling mellom nynorsk og bokmål også i teknologibasert språkproduksjon og språkkommunikasjon, mellom anna ved å arbeida for eit meir fullverdig tilbod av nynorsk programvare og for tilgang til nynorsk innhald på Internett.

7.5.2.9 *Parallellsøk*

Ei anna sak som vart nemnd spesielt i kulturmeldinga, var problemet med gjenfinning av digitale tekstar og dokument på tvers av målform.

Problemet består i at dei ordinære søkjefunksjonane i dag ikkje er slik innretta at ein ved søk på eit ord i bokmålsform også får treff for dei tilsvarende nynorskformene og omvendt.

I dei elektroniske arkiv- og saksbehandlingssystema som no er tekne i bruk i sentralforvaltninga, har dette ført til at ein har innført eit uoffisielt påbod om at alt skal registrerast på bokmål for at det skal vera søkbart.

Som det også er slått fast i kulturmeldinga, er eit slikt forbod mot registrering på nynorsk direkte i strid med likeverdsprinsippet i lov om målbruk i offentlig teneste.

Problemet kan løysast ved at det blir utvikla og teke i bruk ein språkmodul som lenkjer saman

bokmåls- og nynorskformer slik at det lèt seg gjera å gjennomføra parallellsøk.

7.5.3 Tilgang til norsk programvare i begge målformer

Det har i mange år vore eit krav at staten må bruka marknadsmakta si til å stilla krav om at programvare som det offentlege kjøper inn, skal liggja føre i både nynorsk- og bokmålsversjon. Eit slikt verkemiddel kunne også tenkjast brukt for å sikra norsk-språkleg programvare uavhengig av målform og å krevja eit visst minimum av språkleg kvalitet i programvaren. Begge delar er drøfta i *Norsk i hundre!*

Tanken har vore at eit slikt verkemiddel måtte byggjast inn som eit element i den offentlege innkjøpspolitikken, men omlegginga i retning av desentraliserte innkjøpsavtalar under Bondevik II-regjeringa gjorde at ein i kulturmeldinga frå 2003 konkluderte med at grunnlaget for eit samla offentleg marknadskrav ikkje lenger var til stades.

Departementet har seinare teke opp att saka med Fornyings- og administrasjonsdepartementet med sikte på oppdaterte vurderingar av det omtalte verkemidlet og eventuelle alternative tiltak for å sikra eit meir fullverdig tilbod av nynorsk programvare.

Til illustrasjon kan nemnast at det i stortingsmeldinga om IKT-politikken fremja av Fornyings- og administrasjonsdepartementet i desember 2006 heiter at regjeringa vil vurdera vilkåra for å kunna føra ein preferansepolitikk for open kjeldekode.⁴⁶ Førebels resultat tyder likevel på at det er avgrensa rom for å nytta anskaffingsregelverket til å fremja samfunnsnyttige formål som ikkje er direkte grunngeve i eit sakleg behov hos kjøparen. Det same vil truleg gjelda for språkkrav slik som nemnt ovanfor.

Eit alternativ departementet vil vurdera, er å styrkja eller byggja ut relevante føresegner i språklovgjevinga, til dømes slik at krav til målform i programvare til bruk i det offentlege kan forankrast i målbruksreglane. Departementet vil vurdera dette i samband med gjennomgangen av målbruksreglane, jf. kap. 3.4.4.7.

Tilsvarande reglar som dei ein her kunne tenkja seg, finst i lovverket frå før, jf. føresegna i opplæringslova om at det i andre fag enn norsk berre kan brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris.⁴⁷ I forskrift til denne føresegna har Kunnskaps-

departementet fastsett reglar som inneber at programvare som elevane skal nytta i undervisninga, er omfatta av den nemnde lovregelen, dvs. at slik programvare skal liggja føre på begge målformer.

Ved offentlege innkjøp er det elles slik at ein offentleg oppdragsgjevar som skal kjøpa inn programvare, kan presisera i kravspesifikasjonen at programvara skal liggja føre på både bokmål og nynorsk, til dømes slik at ein krev ordlister i begge målformer. Departementet vil oppmoda alle offentlege innkjøparar av programvare til å nytta det handlingsrommet dei på denne måten har til å stilla språklege krav til leverandøren.

Det må elles nemnast at regjeringa i april 2008 har fremja forslag til lov om forbod mot diskriminering av personar med nedsett funksjonsevne, jf. Ot.prp. nr. 44 (2007–2008). Her er det mellom anna eit pålegg om universell utforming av alle IKT-løysingar retta mot allmenta. Påbodet gjeld for all ny IKT frå 2011 og skal handhevast ved hjelp av standardar og sentrale retningslinjer.

Ei mogleg tolking av universell utforming av IKT er å krevja at grensesnitta overfor brukarane skal vera på norsk. Departementet vil i det vidare arbeidet vurdera korleis ein på sikt kan få innarbeidd standardar for tilhøvet mellom språk og tilgjengelegheit.

I spesielle tilfelle kan det også vera aktuelt å vurdera kva som eventuelt kan gjerast for å leggja betre til rette for omsetjing av fri programvare til nynorsk.

7.5.4 Revisjon av handlingsplanen for språk og IKT

I *Norsk i hundre!* er det gjort framlegg om at handlingsplanen for norsk språk og IKT frå 2001 må leggast til grunn for arbeidet med ein politikk for språk og teknologi.

Departementet vil ta initiativ til å få laga ein oppdatert plan for eit meir systematisk og samordna arbeid med språk og teknologi. For dette formålet vil det mellom anna bli sett ned eit permanent interdepartementalt utval til å koordinera dette saksfeltet. Føresetnaden er at dette utvalet skal arbeida i nær kontakt med det fagrådet i Språkrådet som har språk og teknologi som ein del av ansvars- og arbeidsområdet sitt.

Både før og etter at planen vart lagd fram, har det vore arbeidd meir substansielt særleg med to spørsmål. Det eine er korleis staten kan bruka marknadsmakta si til å syta for at dei vanlege dataprogramma skal vera å få både i ein nynorsk- og ein bokmålsversjon. Det andre er korleis ein skal gå fram for å få bygd opp ein såkalla språkbank.

⁴⁶ St.meld. nr. 17 (2006–2007), s.129, tiltak 7.11.

⁴⁷ Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, § 9-4 første ledd.

7.5.5 Ein norsk språkbank

7.5.5.1 Språkteknologi

Bakgrunnen for arbeidet med ein norsk språkbank er dei teknologiske framtidsutsiktene som opnar seg, og dei språkpolitiske utfordringane som reiser seg gjennom moderne språkteknologi.

Språkteknologi er ein tverrfagleg forskingsdisiplin der språkvitskap og datavitskap møtest. Det handlar om utvikling av dataprogram med språkmodular som behandlar menneskeleg språk. Dette kan vera program som kan køyrast på ein datamaskin, men også program som kan byggjast inn i moderne tekniske innretningar.

Språkteknologi omfattar to hovuddelar, data-lingvistikk og taleteknologi. Datalingvistikk byggjer på analyse av skrivne tekstar, medan taleteknologi handlar om databehandling av menneskeleg tale, både omforming av naturleg tale til tekst og tekst til kunstig tale. Taleteknologien gjer det mellom anna mogleg å styra maskinar med røysta.

Språkteknologi forenkler og betrar kommunikasjonen mellom menneske og maskin og kan også fungera som eit hjelpemiddel i kommunikasjon menneske imellom. I kvardagen kan språkteknologien vera med og effektivisera arbeidsprosessar.

7.5.5.2 Døme på språkteknologiske løysingar i praktisk bruk

Det er språkteknologiske løysingar som ligg til grunn for den intelligente ordboka som gjer oss i stand til å skriva raske tekstmeldingar på mobiltelefonen, som gjer at eit automatisk sentralbord kan forstå kva vi bed om, og som gjev oss automatisk stave- og grammatikkontroll i tekstbehandlingsprogramma på datamaskinen.

Språkteknologiske løysingar er i bruk i navigasjonssystema i moderne bilar, i styring av vaske-maskiner og alarmer.

Når vi søker på nettet, finst intelligente søkjesystem som tolkar det vi er ute etter, for å gje oss eit best mogleg svar. Det finst program som støttar omsetjing av tekst, til dømes til bruk ved teksting av film og anna tekstomsetjing, dessutan program som kan laga samandrag av tekstar, og som kan rangera relevante data frå ulike dokument.

Døgnopen forvaltning føreset at offentlege skjema og annan informasjon er tilgjengelege på Internett døgnet rundt, og at dei er lagde til rette for interaktiv bruk. Ulike språkteknologiske løysingar gjer at brukaren kan velja mellom å lesa og å lytta, og om han vil fylla ut skjemaet med tastatur eller stemme.

Språkteknologiske løysingar kan i høg grad vera med å på å overvinna ulike funksjonshinder.

Ved hjelp av språkteknologiske metodar kan ein til dømes utvikla taleprotese til personar som manglar taleevne.

Språkteknologiske løysingar kan også vera til hjelp for dei som har lese- og skrivevanskar, og for personar som er synshemma.

Menneske med nedsette funksjonsevner som ikkje kan skriva sjølv, kan snakka til ein pc, som så set talen om til tekst. Ein pc kan styrast med stemma i staden for skrivne kommandoar, og tekst kan sendast til ein mottakar som sjølv avgjer om han vil lesa eller få teksten lesen opp for seg.

Slik sett er språkteknologi med på å leggja til rette for auka demokratisk deltaking i samfunnet mellom anna ved å gjera informasjon og tenester tilgjengelege for alle.

I eit høgteknologisk samfunn er det mange arbeidsoppgåver som kan forenklast og effektiviserast ved hjelp av språkteknologi. I framtida vil det berre vera fantasien som set grenser for kva slik teknologi kan nyttast til. Enno står likevel ein del grunnleggjande teknologisk utviklingsarbeid att å gjera, mellom anna når det gjeld utvikling av ei kunstig stemme som mest mogleg perfekt kan etterlikna naturleg tale.

7.5.5.3 Teknologitvutvikling og språkversjonar

Språkteknologi er altså tufta på ein kombinasjon av språk og teknologi. Teknologien er i prinsippet nøytral, og dei same teknologiske løysingane kan difor brukast verda over. Annleis er det med dei språklege ingrediensane. Dei må skiftast ut dersom dei teknologiske løysingane skal kunna materialisera seg i ulike språkversjonar. Dette er ein føresetnad dersom potensielle brukarar skal kunna få tilgang til teknologien på sitt eige språk.

Dette skjer ikkje automatisk, og faren er i høg grad til stades for at marknadsvilkåra for språkteknologisk produktutvikling og omsetning kan fungera som ei drivkraft i ei utvikling som går i retning av at dei dominerande språka, først og fremst engelsk, styrkjer seg jamt meir på kostnad av dei mange små og mellomstore nasjonalspråka verda over.

Også når det gjeld språkteknologiske produkt, er det kommersielle og til dels militære aktørar i den engelskspråklege verda som er dei leiande produktutviklarane. Det skjer rett nok at desse også utviklar løysingar for andre språk enn engelsk, men det er sjeldan at eit språk som norsk blir rekna for eit relevant språk i denne samanhengen.

Til dømes kan det nyaste talebaserte omsetjingsystemet *Phraselator P2* frå det amerikanske industriselskapet *Voxtec* omsetja mellom 44 ulike

språk, inkludert hovudspråket i land som Irak, Iran og Afghanistan, men norsk er for tida ikkje med blant dei tilgjengelege språkmodulane.

Eit anna amerikansk selskap, *Powerset*, utviklar for tida ein lingvistisk basert søkjemotor som skal gje meir presise søkjerestultat ved intelligent søking på verdsveven og i store tekstdatabasar. Ironisk nok blir mellom anna norsk teknologi brukt i utvikling av søk i engelskspråklege tekstar, og søkjemotoren skal etter kvart tilpassast fleire andre språk, men heller ikkje her ligg det føre planar om ein norsk modul.

Mange språkteknologiske produkt og tenester har alt lenge vore tilgjengelege på den internasjonale marknaden, men totalt sett er det lite av dette som finst tilgjengeleg i norskspråkleg versjon.

Det er også mange språkteknologiske produkt som finst berre på engelsk, særleg dei mest avanserte.

7.5.5.4 Språkteknologi utan norske språkversjonar

Dersom vi i Noreg skal få full nytte av alle slags språkteknologiske hjelperåder, må dei teknologiske løysingane tuftast på norskspråklege versjonar. Då kan språkteknologien vera med å styrkja det norske språket og den norske kulturen. Vi har bruk for alle aktuelle og framtidige språkteknologiske løysingar, og vi har behov for dei på norsk.

Dersom vi i liten grad maktar å leggja til rette for norskspråklege versjonar, kan vi sjå føre oss fleire uheldige konsekvensar.

Dels vil resultatet kunna bli at mange språkteknologiske produkt eller tenester i liten grad blir tekne i bruk på den norske marknaden.

Dels kan det vera at ikkje alle vil sjå seg i stand til å bruka dei engelskspråklege produkta. For all røynsle tilseier at det først er når brukarane kan nytta morsmålet sitt, at alle slike teknologiske løysingar i realiteten blir tilgjengelege for alle.

Utan norskspråklege versjonar vil altså mange av dei nye teknologisk avanserte løysingane bli mindre tilgjengelege for nordmenn enn for dei som har engelsk som morsmål.

Det er også ein fare for at produkt og tenester som vil koma i norsk språkdrakt, vil ha dårlegare språkleg kvalitet enn dei tilsvarande engelske utgåvene.

Men i stor grad må vi rekna med at nordmenn flest vil ta i bruk engelskbaserte produkt, og i den grad det skjer, er vi på god veg mot eit alvorleg domenetap for norsk språk. Sett i eit språkpolitisk perspektiv er det dette siste som er den mest alvorlege konsekvensen.

Alt i kulturmeldinga frå Bondevik II-regjeringa frå 2003 vart det peikt på alvoret i dette:

Skjer ikkje slik norskspråkleg produktutvikling, må ein rekna med at det vert teke i bruk engelskspråklege produkt i staden. Her ligg truleg ei av dei store utfordringane for norsk språk i tida framover. Difor framstår dette no som eit viktig kulturpolitisk spørsmål. Språkteknologifeltet kan vera ein av dei fremste arenaene der kampen om norsk språk og kultur vil utspela seg i tida framover.⁴⁸

7.5.5.5 Føresetnader for utvikling av norske språkversjonar

Det går i dag føre seg arbeid for å utvikla til dømes dikteringsprogramvare for norsk, automatisk omsetjingssystem mellom norsk og engelsk, automatiske sentralbord og ulike telefoninformasjonstenester og system for talestyring. Men utvikling av norske modular for tekstsøking, taleanalyse og talesyntese, omsetjing og andre bruksmåtar er kostbart.

Ein stor del av desse kostnadene går til innsamling, koding og ulike former for nødvendig foredling av datagrunnlaget, dvs. relevant språkmateriale på norsk. Forsking og produktutvikling kunne skjedd monaleg raskare og billigare ved hjelp av ein påliteleg, stor, detaljert, kvalitetssikra og permanent database av norske språkressursar der dei ressursane som trongst, var tilgjengelege for bruk og gjenbruk.

Tilgangen på slike digitaliserte språkressursar i form av tekstsamlingar, talesamlingar og leksikalske data har vist seg å vera den kritiske innsatsfaktoren for å utvikla kommersielt lønnsame produkt. Det å samla inn og å koda slike språkressursar er etter måten ressurskrevjande, særleg dersom det må gjerast i kvart enkelt tilfelle eller av kvar enkelt aktør. Dette slår sterkare ut di mindre den kommersielle marknaden er, og di mindre forskingsbudsjett det er tale om.

Sjølve ideen med ein norsk språkbank er å etablera ei felles nasjonal ressursamling av elektronisk lagra språkmateriale til bruk i ulike språkteknologiske løysingar. I ei slik ressursamling vil det vera behov for millionar av ord i form av tekst og tale. Det vil vera behov for tale på ulike dialektar og av menneske i ulike aldrar og av begge kjønn. Han må også innehalda leksikalsk materiale og elektroniske ordbøker. Ulike brukargrupper skal kunna henta ut og gjera seg nytte av det dei måtte trenga av digitalisert språkmateriale.

⁴⁸ St.meld. nr. 48 (2002–2003), kap. 12.9, s. 196.

Ein språkbank utgjer grunnlaget for å kunna utvikla programvare og språkteknologiske produkt på norsk både for dagen i dag og for framtida.

I tillegg til dette vil ein norsk språkbank også utgjera sjølve hjørnesteinen i språkteknologisk forskning. Å få på plass ein norsk språkbank er dermed også føresetnaden for å kunna gjennomføra avansert forskning i norsk språk.

7.5.5.6 Røynsler frå forskingsprogrammet KUNSTI

Langsiktig kunnskapsutvikling gjennom språkteknologisk forskning tufta på norsk språk har i sin tur mykje å seia for å støtta opp under seinare produktutvikling. Ein norsk språkbank vil tena som eit forskingsverktøy som i neste omgang vil generera meir forskning og nye og betre produkt og tenester.

Noregs forskingsråd brukte i perioden 2001–2006 om lag 70 mill. kroner til det store språkteknologiske programmet Kunnskapsutvikling for norsk språkteknologi (KUNSTI). Formåla var for det første å styrkja grunnforskning og kompetanse innanfor relevante fag som til dømes datalingvistik, taleteknologi og aktuelle område innanfor informatikk/informasjonsvitskap, fonetikk og formell lingvistik. For det andre var det eit formål å støtta forskning og utvikling med sikte på å gjera talt og skriven norsk og samisk tilgjengeleg for data-maskinell prosessering.

Men mangel på relevante språkressursar viste seg å vera eit problem for mange av prosjekta i KUNSTI. Til dels måtte det brukast tid og ressursar på å samla inn og utvikla nødvendig infrastruktur i form av språkressursar før ein kunne starta med sjølve forskingsarbeidet.

Til dømes kunne eit prosjekt som arbeidde med maskinomsetjing mellom norsk og engelsk, det såkalla LOGON-prosjektet, ha kome mykje lenger dersom prosjektet hadde hatt tilgang til språkressursar som viser grammatiske korrespondansar mellom norske tekstar og engelske omsetjingar. Ein slik ressurs, som er eit viktig grunnlag for optimalisering av omsetjingssystem, er under oppbygging for mellom anna engelsk-tysk-svensk, men ikkje for norsk.

Alt i alt vart resultatet i KUNSTI-programmet at ein hadde mindre ressursar å bruka til dei primære forskingsoppgåvene. Dette førte i sin tur at til uheldige justeringar av innretning og ambisjonsnivå i fleire av prosjekta. Samla sett måtte ambisjonane for heile programmet endrast. Bakgrunnen var at ein ved planlegging av programmet hadde lagt til grunn at arbeidet med å byggja opp språkbanken ville koma i gang samstundes med programmet.

7.5.5.7 Språkteknologiske fagmiljø og forskning i Noreg

Dei språkteknologiske fagmiljøa i Noreg er konsentrerte til Oslo, Bergen og Trondheim. Det blir dessutan arbeidt med samisk språkteknologi i Tromsø. Det er eit visst samarbeid mellom dei ulike stadene, i alle fall innanfor universiteta. Enkelte store private forskings- og utviklingsmiljø, til dømes SINTEF og Telenor, samarbeider også med universitetsmiljøa.

Universitetsmiljøa utfyller kvarandre når det gjeld språkteknologiske spesialitetar.

I Oslo arbeider ein mest med maskinomsetjing, digitale ordbøker og noko tekstlingvistik.

I Bergen er det særleg store tekstsamlingar, ein del datalingvistik og terminologiarbeid som står sterkt.

Miljøet i Trondheim er mest kjent for arbeidet med tale og lyd, men også her blir det arbeidt med datalingvistik.

Den språkteknologiske kompetansen er høg jamvel om miljøa er små. Internasjonalt sett held såleis norske språkteknologiske fagmiljø eit høgt nivå. Dette er kompetanse som vi må utnytta.

Noreg har som ambisjon å vera eit kunnskaps-samfunn som utviklar og bruker avansert teknologi der vi kan. Vi ønskjer å vera verdsleiande og satsa på innovasjon og utvikling. Men det står meir på spel enn ein berekraftig kunnskapsindustri. Det gjeld også å slå vakt om den norske språk- og kulturarven.

7.5.6 Vidare arbeid med etablering av ein norsk språkbank

7.5.6.1 Behovet for ein norsk språkbank

Det er ingen andre enn Noreg som vil utvikla språkteknologi på norsk. Det er store voner til utnytting av språkteknologi innanfor mange område både i næringslivet og offentleg sektor. Både i europeisk og i nordisk samanheng tek ein sikte på å oppretta ein forskingsinfrastruktur og eit samarbeid som integrerer tilgjengelege språkressursar. Oppbygging og kvalitetssikring av nasjonale ressursar vil likevel vera ei nasjonal oppgåve.

Ein norsk språkbank er eit viktig språkpolitisk tiltak for å styrkja norsk språk i ei global språkutvikling der små språksamfunn er utsette for aukande press. Språk er dessutan den fremste beraren av kulturell identitet, og satsing på ein norsk språkbank er difor eit vesentleg og vidfemnande kulturtiltak i vår tid.

I tillegg vil etablering og oppbygging av ein språkbank leggja til rette for nærings- og teknolo-

giutvikling, forskning og undervisning, effektivisering av forvaltninga og for språk og kultur. Jamvel om Kultur- og kyrkjedepartementet har ansvar for språkpolitikken, vil tiltaket også vedkoma ansvarsområdet til fleire andre departement, i første rekke Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet.

Dei norske språkteknologiske fagmiljøa står samla bak eit ønske om at det blir etablert ein norsk språkbank. *Både* forskingspolitiske, næringspolitiske, ikt-politiske og språkpolitiske omsyn tilseier difor no at vi kjem i gang med å byggja opp den teknologiske infrastrukturen som ein norsk språkbank vil representera.

7.5.6.2 *Ein norsk språkbank skal etablerast*

Regjeringa har som mål i dei næraste åra å få bygd opp ein norsk språkbank. Dette er det største enkeltstående tiltaket som blir varsla i denne meldinga.

I brev av 6. mai 2008 har departementet bedt Språkrådet gå i gang med å førebu den formelle etableringa av språkbanken frå 1. januar 2009. Departementet har for dette formålet bedt Språkrådet setja ned ei arbeidsgruppe som innan 15. august 2008 skal skissera ein plan for korleis etableringa kan skje.

Denne planen skal mellom anna visa kva personellressursar og kostnader språkbanken vil krevja det første driftsåret, og korleis språkbanken kan organiserast. Gruppa har også fått i oppdrag å skissera ein realistisk strategi og opptrappingsplan for perioden 2010–2014.

Det er streka under i brevet at gjennomføringa av tiltaket vil vera avhengig av og til kvar tid vil måtta tilpassast den aktuelle budsjettsituasjonen.

Språkbanken vil bli bygd opp over ein periode på fem–seks år, før han går inn i ein drifts- og vedlikehaldsfase.

Kultur- og kyrkjedepartementet vil i nært samarbeid med Kunnskapsdepartementet, Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet avklara organisering og finansiering av språkbanken.

7.5.6.3 *Innhaldet i ein norsk språkbank*

Språkbanken skal vera ein stor, samla, nasjonal språkressurs som er kvalitetssikra og bygd opp etter internasjonale standardar.

Frå før finst det spreidde ressursar i form av norske tekst- og talekorpus, ord- og termbasar, grammatikkar osv. Alt i alt er desse for små eller for lite detaljerte. Dessutan er dei i liten grad kvalitets-

sikra; dei er ikkje samla under eitt, dei er lite kompatible, og dermed er dei alt i alt vanskeleg tilgjengelege for aktuelle forskingsmiljø.

Rapporten frå 2002, som er omtalt under kap. 7.5.2.6 ovanfor, inneheld ei kartlegging av dåverande språkressursar og ei vurdering av kva type ressursar som det var nødvendig å byggja opp frå grunnen av.

Etter 2002 er dessutan ein del nye ressursar bygde opp og tekne vare på ved universiteta, mellom anna i samband med det nemnde KUNSTI-programmet.

Ei ny kartlegging av eksisterande ressursar ved universiteta og hos interesserte industriaktørar må til for å avklara kva språkressursar som elles kan vera aktuelle å ta inn i språkbanken, og kva som må byggjast opp frå grunnen av. Dette vil vera ein viktig del av det arbeidet som skal gjerast av den gruppa som Språkrådet har fått ansvaret for å setja ned. Kartlegginga må også omfatta den rettslege statusen til ressursane med omsyn til bruken.

Eit materiale som alt er sikra for språkbanken, er dei språkressursane som vart bygde opp av Nordisk Språkteknologi Holding (NST) på Voss. I perioden 1998–2000 utvikla dette selskapet talesyntese, talegjenkjenning og diktering for norsk, svensk og dansk i samarbeid med andre selskap, mellom andre IBM.

Selskapet samla inn og lagra ei rekkje språkressursar til bruk i produktutviklinga. Desse språkressursane omfatta taledata, leksikalske data, tekstsamlingar og applikasjonsdata. Mellom anna vart det lagt ned eit stort arbeid for å samla inn og lagra opptak av norske dialektar. NST gjekk konkurs i 2003.

Ein gjennomgang av dette materialet har vist at særleg dei akustiske basane i språkmaterialet er i god stand og godt eigna for gjenbruk. Innhaldet er utvikla systematisk, følgjer same mal, og internasjonale standardar er nytta i den grad dei fanst.

I januar 2007 vart språkressursane frå konkursbuet til NST sikra for ein framtidig språkbank gjennom eit samla oppkjøp i regi av Språkrådet, universiteta i Oslo, Bergen og Trondheim og IBM. I påvente av etablering av språkbanken er det danna eit interimsstyre for å ta hand om språkressursane. Når språkbanken er oppretta, kan ressursane overførast til språkbanken, og interimsstyret vil kunna avviklast.

7.5.6.4 *Kostnadsspørsmålet*

Konklusjonen i rapporten frå 2002 var at det ville kosta om lag 100 mill. kroner fordelt over fem år å

få på plass det minimum av språkressursar som skal til for å få ein fullverdig norsk språkbank.

Sidan 2002 har teknologien gått framover, og det har skjedd ei viss internasjonal standardisering. Dette gjer at utgiftene til nyinnsamling og tilrettelegging truleg kan reduserast noko.

Den gjennomgangen som arbeidsgruppa i regi av Språkrådet skal gjera, vil elles gje eit betre grunnlag for etter kvart å koma fram til eit oppdatert overslag over kva investeringar som krevst.

Det er sjølv etableringa av språkbanken og oppbygginga av språkressursane som representerer det store kostnadslyftet.

Investerings- og grunnlagskostnadene i samband med innsamling av dei digitaliserte språkressursane er ikkje mindre for eit lite språk enn for eit stort. Det kostar om lag det same å etablere og halda ved like den nødvendige infrastrukturen for språkteknologi uavhengig av kva språk det gjeld. Norsk språk har få brukarar å fordela kostnadene på og ein liten marknad å selja i.

Å etablere ein norsk språkbank vil likevel kosta mindre dei første par åra og kosta meir midtvegs og mot slutten. Deretter vil ein gå over til vanleg drift med vedlikehald og generell utvikling. Her vil det vera tale om årlege kostnader til lønn for to–tre personar og eit avgrensa behov for utstyr. Noko av driftsutgiftene kan dekkjast gjennom brukaravgifter.

7.5.7 Oppsummering av prioriterte tiltak

- 1 Departementet vil byggja opp ein norsk språkbank og Språkrådet har oppdraget å leia arbeidet med å førebu organiseringa og den vidare oppbygginga av språkressursar.
- 2 Departementet vil gje Språkrådet i oppdrag å revidera og oppdatere handlingsplanen for Norsk språk og IKT frå 2001.
- 3 Departementet vil ta initiativ til å setja ned eit permanent interdepartementalt utval for språk og teknologi.
- 4 Departementet vil i samråd med Fornyings- og administrasjonsdepartementet leggja til rette for at viktig programvare til bruk i det offentlege i størst mogleg grad skal finnast tilgjengeleg i begge målformer.
- 5 Departementet vil ta initiativ til å få utvikla nødvendige programmodular for parallellsøk mellom bokmål og nynorsk til bruk i interne arkiv- og saksbehandlingssystem og ved Internett-søk.

7.6 Kultur- og mediesektoren

7.6.1 Innleiing

7.6.1.1 Utgangspunktet

Eit breitt og differensiert kultur- og medietilbod tufta på norsk språk er grunnleggjande for å sikra stillinga og i siste instans sjølv overlevingsevna for det norske nasjonalspråket.

I tillegg er norske kultur- og medieinstitusjonar i høg grad med på å halda oppe og utvikla eit kulturelt medvit om det norske. Eit slikt medvit har mykje å seia både for nasjonen og for nasjonalspråket.

Det må likevel strekast under at i eit moderne multikulturelt og mangespråkleg samfunn vil innhaldet i omgrepet om det norske stadig vera i endring og utvikling under påverknad av impulsar utanfrå.

I tråd med den varianten av parallellspråksstrategien som det er gjort greie for under kap. 7.1.8.7, må det overordna språkpolitiske målet for kultur- og mediesektoren vera å sikra at det norskspråklege tilbodet er så stort og har så høg kvalitet at det kan hevda seg i tevlinga med det framandspråklege tilbodet. Dette er, og har lenge vore, ein innebygd del av norsk kultur- og mediepolitikk meir allment.

7.6.1.2 Vurderinga i *Norsk i hundre!*

I strategirapporten *Norsk i hundre!* heiter det at det må vera eit overordna mål for språkpolitikken å sikra at nynorsk og bokmål framleis blir brukt i alle medium og på alle område innanfor kultursektoren.

I rapporten heiter det vidare at både skjønn- og faglitteraturen i dag er parallellspråkleg, men at det er viktig å halda opp eksisterande støtteordningar for at norskspråklege utgjevingar også i framtida skal kunna hevda seg overfor dei engelske.

Rapporten slår fast at pressa i stor grad er norskspråkleg, men at innslaget av engelsk etter kvart er vorte ganske stort i etermedia. Både fjernsynstilbodet og tilbodet av film på kino og DVD er likevel i stor grad parallellspråkleg; det vil seia at norskspråklege produksjonar tevlar med og hevdar seg overfor dei engelskspråklege.

Norsk i hundre! slår altså fast at dei offentlege støtteordningane på kultur- og mediefeltet er svært viktige også i eit språkpolitisk perspektiv. Arbeidsgruppa som utarbeidde rapporten, såg i utgangspunktet eksisterande ordningar som godt utbygde og la ikkje fram konkrete forslag om styrking eller vidare utbygging. Dette vart også grunngeve med at gruppa såg økonomiske tiltak på andre sektorar som språkpolitisk viktigare «akkurat nå».

Strategigruppa meinte derimot at staten måtte kunna stilla krav om språkpolitiske motytingar for dei store summene som kvart år kjem kultur- og mediesektoren til gode gjennom momsfrítak, pressestøtte og mange andre støttetiltak. Gruppa peikte på at slike krav kunne vera eit verkemiddel for å sikra norsk språk i tevlinga med engelsk og ikkje minst for å sikra eit tilstrekkeleg innslag av nynorsk i alle medium.

7.6.1.3 Utfordringa

Den stadig sterkare utfordringa vi står overfor, har samanheng med at grensene langt på veg er utviska mellom det norske språksamfunnet og ei sterkt internasjonalt medieverd.

FN-rapporten *Human Development Report* frå 2004 slår fast at den globaliserte medie- og underhaldningskulturen i dag har ei så sterk gjennomslagskraft, særleg via fjernsynet, at den eigne identiteten til små nasjonar og folk, også språket deira, er sett under press frå ein ny verdsomspennande konsumkultur som er dominert av engelsk språk og angloamerikanske kulturimpulsar. Nye digitale medieformer, særleg Internett, er på visse måtar med på å forsterka denne utviklinga.

Det er hevda at den angloamerikansk kulturindustrien kan truga med å støypa alle inn i eitt og same kulturelle mønster. Teknologiske drivkrefter i denne utviklinga er mellom anna satellittbasert fjernsyn og Internett, kommunikasjonskanalar i rivande teknologisk utvikling, som er med på å binda heile kloden saman på ein ny måte.

Situasjonen og utviklinga på kultur- og medieområdet peiker likevel ikkje eintydig i ei bestemt lei. For dette er eit svært mangearta område, og dei språklege uttrykka innanfor denne sektoren tek mange ulike former, har til dels ulike funksjonar og blir formidla gjennom svært ulike kanalar.

7.6.1.4 UNESCO-konvensjonen om kulturelt mangfald

Berre USA og Israel røysta imot då konvensjonen om å verna og fremja eit mangfald av kulturuttrykk vart vedteken på generalkonferansen i UNESCO i oktober 2005. Konvensjonen er også kort omtalt under kap. 7.1.1.1 ovanfor.

Fleire land har i mange år arbeidd for ein internasjonal bindande avtale som kunne vera ei motvekt mot det presset mot nasjonale kulturtiltak som ulike handelsavtalar hadde skapt. Formålet med UNESCO-konvensjonen er å gje medlemsstatane reelt høve til å gjennomføra ein kulturpolitikk som kan fremja eit mangfald av kulturuttrykk. Konvensjonen legitimerer at statane har ein suve-

ren rett til å treffa kultur- og mediepolitiske tiltak som dei ser formålstenlege for å verna og fremja kulturelt mangfald. Konvensjonen er gjord gjeldande frå 18. mars 2007.

Departementet legg til grunn at UNESCO-konvensjonen, som sikrar alle statar rett til å verna det kulturelle mangfaldet på sitt eige territorium, også vil danna eit godt grunnlag for språkpolitikken på kultur- og medieområdet.

7.6.2 Språkbruk i mediesektoren

7.6.2.1 Medievanar

Undersøkingar av norske og nordiske medievanar stadfestar at fjernsynet framleis er det mest gjennomslagskraftige mediet. I *Norsk i hundre!* vart det opplyst at fjernsynet har oppslutning frå 83 prosent av befolkninga i mellom to og tre timer pr. dag, og at oppgangen for nettbaserte medium ikkje har ført til nokon reduksjon i fjernsynssjåing.

Ei stor undersøking av nordiske medievanar frå 2005 viste at 86 prosent av alle i Norden mellom 9 og 79 år såg fjernsyn på ein gjennomsnittsdag, ein auke frå 77 prosent sidan 1979. Tilsvarande tal for avislesing og radiolytting i 2005 var 81 prosent og 74 prosent. Dinest kom Internett med 42 prosent.

Den same undersøkinga viste at av eit brutto mediekonsum ein gjennomsnittsdag i 2005 på i alt 5 timar og 41 minutt vart 28 prosent brukt til å sjå fjernsyn og 31 prosent til å høyra radio. Internettbruk og avislesing kom langt etter med respektive 9 og 8 prosent.

Barn og ungdom mellom 9 og 14 år hadde eit noko lågare mediekonsum totalt sett, men heile 39 prosent av tida gjekk med til å sjå fjernsyn. Dei eldre ungdommane låg omtrent på gjennomsnittet både i totalt mediekonsum og når det gjaldt fjernsynssjåing.

Etter opplysningar frå Norsk mediebarometer var det i 2007 82 prosent av befolkninga som såg på fjernsyn ein gjennomsnittsdag. Tilsvarande tal for avislesing og radiolytting var 72 prosent og 53 prosent, medan 66 prosent brukte Internett. I snitt brukte vi i 2007 2 timar og 32 minuttar kvar dag til å sjå fjernsyn, ein auke på fire minutt frå året før.

Tala for 2007 frå Norsk mediebarometer viser at det i alle aldersgrupper er eit stort fleirtal som ser på fjernsyn i løpet av ein dag. Det er den eldste delen av befolkninga som bruker mest tid til å sjå fjernsyn. TV-sjåarane i gruppa 67–79 år brukte i snitt 3 timar og 49 minuttar per dag, medan sjåarar i alderen 9–12 år brukte 2 timar og 13 minutt.

For Internett er det ikkje overraskande dei unge som er dei største brukarane.

Internett er det raskast veksande kommersielle mediet i verda, og har dei siste åra vorte ein jamt viktigare distribusjonskanal også for audiovisuelt innhald. Tidlegare har dårleg kapasitet på datautstyr og breiband gjort at kvaliteten på levande bilete formidla over Internett ikkje har vore ein reell konkurrent for tradisjonell fjernsynsdistribusjon. Dette er på veg til å endra seg. I tillegg til at kringkastarane sjølve tilbyr innhald via nett-tv, har til dømes også aviser og andre store nettstader no supplert det tekstbaserte tilbodet sitt med nett-tv.

7.6.2.2 Ein arena for den offentlege samtalen

Ein av dei funksjonane det moderne mediasamfunnet har, er å tena som arena for den offentlege samtalen.

I denne funksjonen er språkvalet på mange måtar gjeve. I nyhendeformidling, debatt- og magasinstoff i aviser, radio og fjernsyn, i avisinnlegg, artiklar og debattbøker, innlegg i forum på Internett og liknande er det norsk språk som dominerer fullt og heilt.

Og det er vanskeleg å tenkja seg at det kan vera annleis, så lenge norsk språk er morsmål for det store fleirtalet av nordmenn. For dette er ein innebygd del av den demokratiske infrastrukturen i samfunnet.

Her er media avhengig av å stå i direkte dialog med publikum, og dei ville neppe vera i stand til å vareta funksjonen sin som forum for informasjonsformidling og meningsutveksling dersom denne offentlege samtalen skulle gå føre seg på eit anna språk enn norsk.

I *Norsk i hundre!* er det då også slått fast at denne situasjonen neppe kjem til å endra seg med det første, og at det ikkje er grunn til å frykta domenetap for norsk språk på dette området.

For at den offentlege samtalen skulle gå føre seg på eit anna språk, måtte det ikkje berre vera eit klart behov for det. Publikum måtte også vera i stand til å diskutera viktige spørsmål på andre språk enn norsk. Begge delar ligg langt unna dagens realitetar, slår strategirapporten fast.

Dette inneber at media i den funksjonen dei har som arena for den offentlege samtalen, i høg grad er med på å styrkja og vidareutvikla bruken av norsk språk.

7.6.2.3 Ein scene for framvising av språklege uttrykk

Media fungerer likevel ikkje berre som ein arena for den offentlege samtalen, men er i stadig ster-

kare grad også ein scene for framvising av språklege uttrykk som har eit meir monologisk preg.

Dette opnar lettare vegen for engelskspråkleg innhald. Særleg er det fjernsynet som meir og meir har fått eit slik preg, og det kan ikkje minst merkast i reklame, som er eit typisk døme på framvising av stoff for eit publikum, men også i mange former for underhaldnings- og musikkprogram både i radio og fjernsyn.

7.6.2.4 Engelskspråkleg programmateriale i fjernsynet

Kringkastingsutviklinga i Noreg dei siste 25 åra har gått frå monopol til mangfald, med aukande kommersialisering som drivkraft og resultat.

Dei norskspråklege fjernsynskanalane i regi av NRK, TV2, TVNorge og TV3 har fått konkurranse frå eit utal av utanlandske kanalar via kabel, satellitt og no også via det digitale bakkenettet. Kommersielle distributørselskap set saman programpakker der engelskspråklege musikk- og underhaldningskanalar utgjer ein stor del av det samla tilbodet.

Kommersialiseringa og konkurransesituasjonen har gjort sitt til at fjernsynet som medium i aukande grad er vorte fylt opp med utanlandske filmar og underhaldningsseriar. Mykje av dette er engelskspråkleg programmateriale, som oftast av amerikansk opphav. Resultatet er ein omfattande auke i underhaldningsprega, angloamerikansk språk- og kulturimport gjennom fjernsynet dei siste tiåra.

I staden for å satsa på eigenprodusert programmateriale er det ofte rimelegare å kjøpa inn utanlandske produksjonar og programkonsept som er utforma for å appellera til eit breitt internasjonalt publikum. For produksjonskostnadene er dei same uavhengig av det potensielle sjåartalet. Produsentar som lagar program på eit av dei store språka, har difor ein konkurranseføremon.

Program som er spesialtilpassa for det norske samfunnet, er svært kostbare å produsera dersom ein vurderer det i høve til potensielt sjåartal, og kan difor vera mindre interessante i eit reint kommersielt perspektiv. Programkonsept som alt er prøvde ut og har hatt suksess i andre land, representerer mindre marknadsrisiko samanlikna med heilt nye konsept.

I tillegg er det eit faktum at fleire produsentselskap i USA dei siste åra har lansert seriar som både har halde høg kunstnarisk kvalitet, vore nyskapande og hatt stor publikumsappell. Difor har slike seriar vorte viste av kringkastarar i dei fleste landa i Europa.

7.6.2.5 *Kvotereglar for europeisk programmateriale i fjernsyn*

Noreg er gjennom EØS-avtalen bunde av tv-direktivet i EU. Hovudformålet i tv-direktivet er at fjernsynsselskapa skal ha mest mogleg uhindra tilgang til fjernsynsmarknadene i Europa.

Direktivet inneheld mellom anna kvotereglar som skal sikra at minst halvparten av sendetida i fjernsyn eller minst halvparten av programbudsjettet blir sett av til europeiske produksjonar. Desse kvotereglane gjeld for alt fjernsynssendingar utanom nyhende, sport, underhaldningsprogram med konkurranseprega innslag eller reklame.

For det andre skal minst 10 prosent av sendetid eller programbudsjett vera europeiske verk frå produsentar som er uavhengige av fjernsynsselskapet. Kvotereglane er gjennomførte i norsk rett gjennom føresegner i kap. 2 i kringkastingsforskrifta som igjen har heimel i § 2-6 i kringkastingslova.

Desse reglane har over tid ført til at det no blir sendt monaleg meir av europeiske produksjonar i fjernsyn enn tidlegare. Ei undersøking i regi av EU-kommisjonen frå 2004 viser at fjernsynsselskapa i snitt nytta 63 prosent av sendetida til europeiske program.

I desember 2007 vart det vedteke eit nytt og utvida endringsdirektiv som skal erstatta tv-direktivet. Det nye direktivet, direktivet for audiovisuelle medietenester, inneheld dei same kvotereglane for europeisk programmateriale i fjernsyn. I tillegg skal medlemsstatane sikra at audiovisuelle medietenester på bestilling, såkalla ikkje-lineære tenester, fremjar produksjon av og tilgang til europeiske verk.

7.6.2.6 *Situasjonen i den norske fjernsynsmarknaden*

Fjernsynsmarknaden i Noreg er sterkt dominert av norske aktørar. Utanlandske kringkastarar har i dei siste ti åra lege stabilt på i underkant 10 prosent målt i samla marknadsdel. Dette viser at det norske tv-publikumet i hovudsak held seg til dei norsk-språklege kringkastarane.

Det er likevel unntak frå denne generelle tendensen. I kategorien kringkastarar med barn som målgruppe har den internasjonale aktøren Disney Channel dei siste åra teke stadig fleire marknadsdelar frå NRK og TV 2. Men 1. desember 2007 lanserte så NRK barnekanalen NRK Super. Denne nye NRK-kanalen vil vonleg vera ein viktig konkurrent til Disney Channel og andre reine barnekanalar.

Jamvel om norske tv-kanalar i hovudsak ser ut til å klara seg godt i tevlinga med utanlandske

kanalar, inneber likevel ikkje dette at publikum ser tilsvarende mykje norsk-språkleg innhald. For auken i underhaldningsprega, angloamerikansk språk- og kulturimport gjennom fjernsynet dei siste tiåra, viser også att i dei norske kanalane. Også NRK og TV2 er til ein viss grad prega av denne utviklinga.

Det er likevel ikkje grunnlag for å hevda at tilbodet frå dei norske allmennkringkastarane har vorte mindre norsk gjennom dei siste ti åra. NRK har rett nok ein svak reduksjon i talet på norske program, men dette blir vege opp av ein markert auke i talet på norske program i TV 2. Både i NRK og TV 2 er meir enn halvparten av programma norskproduserte.

Også andre norske fjernsynskanalar brukar i stor grad norsk språk i store delar av programtilbodet sitt, ikkje berre innanfor nyhendeformidling og debatt, men også i sportssendingar og delar av dokumentar- og underhaldningsstoffet.

Det vil stadig vera ei utfordring korleis det best kan leggjast til rette for eit norsk-språkleg fjernsynstilbod som kan hevda seg både kvantitativt og kvalitativt. Særleg er det grunn til å framheva den innsatsen NRK og TV 2 gjer og framleis må gjera for at norsk språk og kultur skal ha ein framstående plass i eteren.

Både TV 2 og NRK har ei viktig, men utfordrande rolle å spela når dei også i åra framover skal vareta nasjonale språk- og kulturomsyn i sitt eige programtilbod, samstundes som dei er avhengige av å hevda seg i konkurransen med ein aukande flaum av frittstående, utanlandske kanalar.

7.6.2.7 *NRK og TV2 som norsk-språkleg motvekt*

Sett i høve til norsk språk og kultur er det ingen tvil om at NRK og TV2 som norskbaserte allmennkringkastarar representerer ei viktig motvekt til den angloamerikanske språk- og kulturimporten.

Også andre norske fjernsynskanalar brukar i stor grad norsk språk i store delar av programtilbodet sitt, ikkje berre innanfor nyhendeformidling og debatt, men også i sportssendingar og delar av dokumentar- og underhaldningsstoffet.

Dersom vi ser på total sendetid, har difor liberaliseringa av kringkastingsmediet ført til at det aldri før er sendt så mykje norsk-språkleg fjernsyn som i dag. Ser vi derimot på prosentdelen av norsk-språkleg fjernsyn innanfor det samla fjernsynstilbodet, er det like klart at det har vore ein nedgang.

Sjårvarnar blir avgjerande til sjuande og sist. Spørsmålet blir mellom anna i kva grad yngre

generasjonar vil ta med seg sine ungdommelege medievanar inn i vaksenverda.

7.6.2.8 Mangel på framandspråkleg mangfald i kanaltilbodet

Det er ingen tvil om det skjer eit etter måten omfattande innkjøp av angloamerikansk programstoff også i norske fjernsynskanalar, og at vi ikkje kan sjå bort frå den utfordringa dette representerer for norsk språk og kultur.

Men eit vel så stort problem er det kan henda at den sterke konsentrasjonen om angloamerikansk programstoff fører til at norske sjåarar i liten grad blir eksponerte for andre framandspråk enn engelsk.

Det finst nesten ikkje tilbod om europeiske kanalar på til dømes tysk, fransk, spansk, italiensk eller russisk i dei ordinære programpakkeane frå dei kommersielle distribusjonsselskapa.

Ein av konsekvensane er at norske elevar som også ønskjer å læra eit anna framandspråk enn engelsk, nesten ikkje får høyra det aktuelle språket andre stader enn i klasserommet.

Også i NRK er det ein sterk angloamerikansk dominans i det framandspråklege programtilbodet. Språk som tysk, fransk, spansk, italiensk o.a. er sjeldan å høyra. Ein del av grunnen til at det er vorte slik, er at tilgangen på engelske og amerikanske program og seriar er så mykje større enn tilsvarende på andre språk.

Engelsk og amerikansk språk dominerer i dag så sterkt som framandspråk i norsk radio og fjernsyn at det nesten ikkje lèt seg gjera å høyra andre framandspråk enn engelsk i eteren.

7.6.2.9 Teksting eller dubbing

I *Norsk i hundre!* er det vist til at det er vanleg med teksting av framandspråklege seriar i norsk fjernsyn. Rapporten drøftar spørsmålet om ein i staden burde gå over til dubbing, slik praksis er i fleire andre land, og peiker på at ei slik fornorsking av fjernsynsspråket kunne vera eit bidrag til å redusera det angloamerikanske språk- og kulturhegemoniet.

Rapporten viser samstundes til at dubbing ville vera eit radikalt brot med innarbeidd praksis, og at det har klare ulemper, også av språkleg art. Fordelelen med teksting er mellom anna at ein kan høyra det originale framandspråket samstundes som ein kan samanlikna med skriven tekst på norsk, og dette kan ha positive verknader for framandspråkopplæringa.

I språkopplæringsmeldinga frå Kunnskapsdepartementet⁴⁹ er det nemnt at inntrykket av at nordmenn er gode i engelsk, i nokon mon blir stadfesta i ei europeisk undersøking som viser at norske og svenske elevar på ungdomstrinnet skårar best blant åtte nasjonar.⁵⁰ Undersøkinga viste at norske elevar skårar særst høgt i leseforståing og munnlege evner. Dei flinkaste elevane anslo at halvparten av den engelsken dei hadde lært, hadde dei tileigna seg utanom skuletida.

Det er grunn til å tru at eksponeringa for engelsk språk via fjernsyn er ei av dei viktigaste kjeldene barn og unge har til å læra seg engelsk utanom skuletida. Dubbing vil derfor vere til hinder for slik læring.

Dersom dubbing skulle erstatta teksting av framandspråklege program i norsk fjernsyn, ville dette også vera til stor ulempe for til dømes høyrselshemma, som ikkje i same grad som i dag ville kunna følgja med i programmet.

Alt i alt meiner departementet at dei beste grunnar taler for at noverande praksis bør halda fram, og ser det difor ikkje som aktuelt å gjera forsøk med dubbing i staden for teksting.

Mellom anna av omsyn til høyrselshemma vil departementet vurdera om det er råd å utvida tekstetilbodet i fjernsyn til også i større grad å gjelda program med norsk tale.

7.6.3 Krav til allmennkringkastarane om bruk av norsk språk

7.6.3.1 Generelle krav til bruk av norsk språk

Vi har i dag fire riksdekkjande allmennkringkastarar i Noreg. Tilbodet frå dei kommersielle allmennkringkastarane TV 2, Radio Norge (tidlegare Kanal 24) og P4 Radio Hele Norge supplerer og utfyller det omfattande tilbodet frå Norsk rikskringkasting (NRK). Gjennom vedtekter og konsesjonsvilkår stiller staten krav om at NRK og TV2 i programverksemda si skal bidra til å styrkja norsk språk, identitet og kultur.

For NRK sin del er dessutan grunnleggjande krav og forventningar til institusjonen no forankra i eit overordna styringsdokument i form av ein allmennkringkastingsplakat kalla NRK-plakaten, jf. St.meld. nr. 6 (2007–2008 og Innst. S. nr. 169 (2007–2008)).

I gjeldande vedtekter for NRK er det fastsett at programtilbodet frå NRK i hovudsak skal bestå av norskspråklege sendingar. I konsesjonen for

⁴⁹ St.meld. nr. 23 (2007–2008) s. 57.

⁵⁰ European network of policy makers for the evaluation of educational systems 2002.

TV2 er det fastsett at minst halvparten av sendingane skal vera norskspråklege. Her heiter det også at TV2 har som intensjon å styrkja prosentdelen norskspråkleg produksjon i konsesjonsperioden.

I allmennkringkastingsrapporten frå Medietilsynet for 2007 blir det konkludert med at TV 2 på viktige område bidrar til å styrkja norsk språk, identitet og kultur. Når det gjeld det kvantitative kravet om at minst 50 prosent av sendingane skal vera norskspråklege, konkluderer Medietilsynet med at TV 2, med 63 prosent norskspråklege sendingar, innfrir også dette kravet i 2007.

For NRK konkluderer Medietilsynet med at NRKs sendingar i hovudsak er norskspråklege, og at dette kravet dermed var innfridd.

7.6.3.2 Norsk drama

I NRK-plakaten heiter det at NRK skal formidla og produsera norsk musikk og drama, dessutan formidla norsk film og stimulera det norske filmmiljøet. I vedtektene heiter det om drama at NRK skal driva formidling og produksjon av drama som speglar av norsk språk, identitet og kultur. TV2 har som konsesjonskrav at dei skal senda norskspråkleg drama.

7.6.3.3 Norskspråklege program for barn og unge

I vedtektene for NRK er det elles fastsett at det skal vera daglege norskspråklege program for barn under 12 år og jamlege norskspråklege program for unge. Tilsvarande krav finst i konsesjonen for TV2. Når det gjeld daglege norskspråklege sendingar for barn under tolv år, er det i konsesjonen for TV2 teke atterhald dersom det ligg føre spesifikke redaksjonelt grunnjevne unntak.

7.6.3.4 Norsk og norskspråkleg musikk

Kravet om norsk musikk er først og fremst retta mot radio. TV 2 har ikkje konsesjonskrav om bruk av norsk musikk. NRK driv både på radio og fjernsyn, og vedtektskravet gjeld båd plattformar. Radio er elles eit verbalmedium, og det meste av programtilbodet er på norsk.

Dei meir spesifikke krava som er stilte til norsk språk i radio, går difor på bruken av norsk musikk. I vedtektene for NRK og i konsesjonsvilkåra for P4 og Radio Norge er det krav om at dei skal spela minst 35 prosent norsk musikk.

Norsk musikk er ikkje nødvendigvis det same som *norskspråkleg* musikk. Også svært mykje av den norske populærmusikken har engelsk tekst. Det er likevel ikkje tale om total engelskdominans når det gjeld musikktilbodet i radio i dag. Også

populærmusikk med norske tekstar har lenge hevda seg relativt godt, også kommersielt.

I *Norsk i hundre!* blir det lagt til grunn at det på dette feltet er etablert ein parallellspråkleg situasjon der norsk maktar å hevda seg, og at det neppe er behov for å setja inn omfattande nye tiltak. Rapporten strekar likevel under at styresmaktene må sjå til at konsesjonspliktige radioføretak ikkje slår inn på ei linje som ekskluderer norskspråkleg musikk.

I St.meld. nr. 30 (2006-2007) *Kringkasting i en digital fremtid* er det i kap. 9 ei samla oversikt over kva krav som blir stilte til dei konsesjonspliktige allmennkringkastarane når det gjeld norsk musikk. I meldinga gjekk departementet inn for å presisera vedtektskravet til NRK når det gjeld norsk musikk.

Departementet meiner det er rimeleg at særleg NRK går i bresjen for å fremja norsk musikkultur, og NRK-vedtektene blir difor no endra slik at NRK blir pålagd å spela minimum 35 prosent norskspråkleg og/eller norskkomponert musikk. Definisjonen av kva som er å rekna som *norsk musikk*, kan ikkje gjelda språk åleine, sidan ikkje all musikk inneheld tekst.

7.6.4 Generelt om språk, litteratur og bibliotek

7.6.4.1 Språk som estetisk og kunstnarleg uttrykk

Eit kjenneteikn ved språket er at det også har ein estetisk dimensjon og ein symbolsk funksjon. I dikteteksten blir språket delvis dyrka for si eiga skuld. Språket er i høg grad eit kunstnarleg uttrykksmiddel.

Språket som kunstnarleg uttrykk har vore vurdert på ulike måtar opp gjennom tidene, som kjelde til estetiske opplevingar, danning og identitetsskaping, som impuls til erkjening, nytenking og skjerpa sansing, som drivkraft for kritikk, provokasjon og politisk endring, som underhaldning, salsvare og eksportartikkel.

Det kunstnarlege språket har vore framstilt som ei kultiverande kraft med evne til å endra individ og samfunn. Gjennom kunsten blir dessutan språket sjølv eit objekt for eksperimentering og nyskaping.

7.6.4.2 Kunsten og dei nasjonale språka

Det kunstnarlege språket kan seiast å stå i eit spenningsforhold til dei nasjonale språka. På den eine sida blir alle språklege kunstverk skrivne på eit bestemt språk. På den andre sida lever litteraturen eit omskifteleg liv, både sett i høve til nasjonale ideologiar og landegrensar.

Kunst høyrer nok heime i spesifikke kulturelle samanhengar. Men kunsten kan sjeldan reduserast til berre å vera uttrykk for ein nasjonal identitet. Den beste kunsten overskrider gjerne grensene for det nasjonale og treng eksterne impulsar som kan gje grunnlag for nydanning og skapar-kraft.

7.6.4.3 *Norskspråkleg kunst*

Likevel er det kunstnarlege språket eit viktig grunnlag for det varige og stabile i eit språksamfunn. Få andre språklege uttrykk når fram til så mange menneske over så lange tidsspenn som dei litterære klassikarane og den nasjonale songskatten.

Litteratur, dramatikk og filmkunst på norsk er kulturverdiar som har noko å seia for alle nordmenn, og representerer dessutan eit norsk bidrag til heile verda. Jamvel om det norske språkområdet er lite, har norskspråkleg kunst skapt ny erkjening, nye uttrykksformer og nye tankar både i og utanfor Noreg. Kunsten kan skapa samband mellom menneske, gjera oss i stand til å sjå det personlege livet i ein større samanheng og dermed vera med å gjera det lettare for oss å forstå tilværet til andre menneske og den kulturelle identiteten deira.

Norskspråkleg kunst møter i dag skjerpa konkurranse frå nye medieprodukt og sterke internasjonale produsentar både innanfor litteratur, film og scenekunst. Det er først og fremst i kraft av høg kvalitet at den norskspråklege kunsten likevel maktar å gjera seg gjeldande. Men nettopp fordi vi er eit lite språkområde, er det i særleg grad bruk for offentleg økonomisk støtte for å fremja ny litteratur, dramatikk og film, samarbeid mellom kunstartane og presentasjon av norskspråkleg kunst internasjonalt.

7.6.4.4 *Kunsten som språkleg kontinuitetsberar og fornyande kraft*

Det norske skriftspråket har dei siste 150 åra endra seg raskare enn dei fleste andre vesteuropeiske språk, og det språklege aldringstempoet for norske klassikarar er dermed høgt.

Difor er det her i landet ekstra om å gjera å ta vare på originaltekstane gjennom moderne, digitale tekstkritiske utgåver. Det einaste større prosjektet som det blir arbeidd med i dag, er den tekstkritiske utgåva av Henrik Ibsens skrifter.

Det kunstnarlege språket utviklar seg alltid i nær kontakt med dei teknologiske endringane i tida. Dei tradisjonelle sjanrane og media spelar ei

sentral rolle innanfor bokproduksjon, scenekunst, film og dei mange kombinasjonane av tekst og musikk. I åra som kjem må det leggjast til rette for at det kunstnarlege språket får utvikla seg og ha ein kulturberande funksjon også i dei digitale media.

Medan litteratur, dramatikk og film tidlegare var viktige kjelder til fornying av språket, har aviser, tv, radio og Internett i dag ein avgjerande innverknad. Men språkkulturen i vår tid har også så mange fasettar at språkleg fornying og danning kjem både frå journalistikk, politikk, næringsliv og frå heile den subkulturelle underskogen.

Det høge tempoet for utveksling av informasjon gjev også ny mobilitet til språket og gjer at språklege subkulturalar oppstår rakst for så hurtig å forsvinna når teknologien blir utdatert og trendane skiftar.

Norskspråkleg kunst er likevel særleg godt eigna til å utvikla og halda fast kvalitetane i det norske språket og kan gje rom for ettertanke over språket i eit elles hastig flimrande mediebilete.

7.6.4.5 *Litteratur- og bibliotekpolitikk i eit språkperspektiv*

I arbeidet for å tryggja og utvikla norsk språk generelt og norsk skriftkultur spesielt står litteraturen i ei særstilling. Som formidlar av språklege og litterære uttrykksformer har dessutan dei offentlege biblioteka ei nøkkelrolle. På ein meir direkte måte enn dei fleste andre politikkområde har difor litteratur- og bibliotekpolitikken ein språkpolitisk funksjon.

Difor er det her naturleg å koma noko inn på ein del sentrale litteraturpolitiske verkemiddel og ein del av dei tiltaka som har sin basis innanfor biblioteksystemet. Det må likevel strekast under at dette ikkje er ei litteratur- eller bibliotekmelding, og at meldinga ikkje gjev noka uttømmende behandling av slike spørsmål. Den varsla bibliotekmeldinga vil i større grad gjera greie for litteraturpolitiske utfordringar.

Det er likevel grunnlag for å seia at stoda for norsk litteratur på mange måtar er god. Norsk samtidslitteratur har eit godt omdømme og blir lesen av mange, ikkje berre i Noreg, men også hos eit stort publikum i utlandet. I tillegg til dei godt etablerte forfatarane kjem det stadig nye litterære røyster til. Mengda av bokutgjevingar i ulike sjangrar og den høge allmenne interessa for å lesa nyare norske bøker vitnar om ein levande litterær kultur.

7.6.4.6 Hovudmål for litteratur- og bibliotekpolitikken

Hovudmålet for den statlege litteraturpolitikken er å leggja til rette for kvalitet og eit breitt og variert tilbod med omsyn til innhald og sjangrar, både av fag- og skjønnlitteratur, og bidra til leselyst i alle lag av folket. Vidare må litteraturen distribuerast slik at han når fram til publikum gjennom mange og vel eigna kanalar.

Biblioteka er viktige samfunnsinstitusjonar og fysiske arenaer for kunnskaps-, litteratur- og kulturformidling i lokalsamfunna, på skular og på universitet. Biblioteka gjev tilbod til mange ulike grupper med ulike behov og er viktige verkemiddel i gjennomføringa av ein nasjonal språkpolitikk.

Dei litteraturpolitiske verkemidla er i hovudsak retta inn mot å sikra tilgangen til bøker, styrkja produksjonen og distribusjonen, medan biblioteka og andre formidlingstiltak siktar mot å nå fram til lesarane.

Litteratur- og bibliotekpolitiske tiltak innanfor produksjon, distribusjon og formidling har utan tvil mykje å seia for å styrkja og vidareutvikla norsk språk i begge målformene og for å synleggjera breidda i den norske skriftkulturen i samtida.

7.6.5 Språkpolitisk relevante verkemiddel i litteraturpolitikken

7.6.5.1 Innkjøps-, produksjons- og tilskotsordningar for litteratur

Norsk kulturråd forvaltar dei statlege innkjøpsordningane for litteratur. Norsk kulturråd forvaltar også tilskotsordningar til andre litteratursjangrar: produksjonsstøtte til skjønnlitteratur og generell litteratur utgjeven på nynorsk, klassikarutgjevingar, biletbøker for barn og unge, nye teikneseriar og kulturtidsskrift. Innkjøps- og produksjonsstøtteordningane er viktige for å sikra at lesarane får møta eit breitt utval av kvalitetslitteratur i mange ulike sjangrar.

Då innkjøpsordningane og momsfrirketaket for litteratur vart etablerte på 1960-talet, var det uttrykte hovudmålet å tryggja ein fullverdig litteratur på norsk språk.

Innkjøpsordningane er såleis viktige statlege verkemiddel også i eit språkperspektiv. Dei kanaliserer ein jamn straum av bøker for barn, ungdom og vaksne gratis til folke- og skulebibliotek over heile landet og er slik med på å leggja til rette for lesing, språkkunnskap og språkinteresse.

I kulturmeldinga frå 2003, St.meld. nr. 48 (2002–2003), er det slått fast at innkjøpsordningane for litteratur er eit vellykka litteratur- og

språkpolitisk verkemiddel, og at dei skal bestå også for framtida.

I dag har vi fem innkjøpsordningar for litteratur, ei for ny norsk skjønnlitteratur for vaksne, ei for ny norsk skjønnlitteratur for barn og unge, ei for omsett skjønnlitteratur for barn, unge og vaksne, ei for ny norsk faglitteratur for barn og unge og endeleg ei relativt nyinnført ordning for ny norsk saksprosa. I tillegg finst dei ei prøveordning for innkjøp av allmenne kulturtidsskrift til biblioteka.

Innkjøpsordningane for skjønnlitteratur er automatiske. Det vil seia at alle bøker som er godkjende, i prinsippet blir kjøpte inn. Dei andre ordningane er selektive, noko som inneber at dei påmelde bøkene blir rangerte, og at det blir kjøpt inn så mange bøker som ordninga gjev økonomisk rom for.

Av og til blir det kritisert at det er for liten etterspurnad etter dei bøkene som biblioteka får gjennom innkjøpsordningane. Men her må ein ha i tankane at biblioteka har eit viktig oppdrag med å spreia norsk litteratur, også den som kanskje ikkje blir etterspurd i like stor grad som bestseljarane. Slik litteratur representerer likevel eit mangfald som er viktig også for utviklinga av norsk språk.

Departementet legg vekt på at biblioteka skal tilby eit breitt utval av litteratur og vera viktige lokale ambassadørar for litteratur, kultur og språk. I den grad innkjøpte bøker gjennom innkjøpsordningane er lite etterspurde og kjende blant brukarane, er det ei oppgåve for biblioteka å formidla desse bøkene på ein meir aktiv måte.

7.6.5.2 Innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur

Innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur omfattar ei ordning for vaksne og ei ordning for barn og ungdom. Ordningane er regulerte av ein avtale mellom Norsk kulturråd, Den norske Forleggerforening, Norsk Forleggersamband og Den norske Forfatterforening. Dette gjeld vaksnebøkene. For barne- og ungdomsboksordninga er det Norske Barne- og Ungdomsbokforfattere som er avtalepart.

I innkjøpsordninga for vaksne blir det kjøpt inn 1000 eksemplar av kvar bok, medan talet på innkjøpte eksemplar av barne- og ungdomsbøker er 1550. Av desse går 1000 eksemplar til folkebiblioteka og 550 til skulebibliotek i grunnskulen.

For forlaga representerer dei innkjøpte eksemplara ein tilsvarande salsgaranti. Det gjer at dei kan gje ut eit større førsteopplag, og til dels at dei kan publisera litteratur som det elles ikkje hadde vore så lett å finna marknad for. Det at dei innkjøpte

bøkene går inn i samlingane i folke- og skulebiblioteka, gjer at publikum over heile landet i prinsippet har gratis tilgang til heile årgangar av samtidslitteraturen.

I 2008 er løyvinga til innkjøpsordninga for vaksne på 38,86 mill. kroner, medan løyvinga til ordninga for barn og unge er på 25,55 mill. kroner. I 2007 vart innkjøpsordninga for skjønnlitteratur for barn og unge styrkt med til saman 1 mill. kroner, og i 2008 vart det lagt inn ein auke på 1 mill. kroner til innkjøpsordninga for vaksne.

Norsk kulturråd melder at talet på nye forlag som engasjerer seg i utgjevingar av ny norsk skjønnlitteratur, aukar frå år til år, og at jamt fleire bøker blir påmelde. Begge ordningane for skjønnlitteratur er under økonomisk press, og løyvingane kan ikkje lenger dekkja full betaling for alle dei påmelde titlane som blir endeleg godkjende for innkjøp.

Kulturrådet ønskjer å verna om dei automatiske innkjøpsordningane og saman med det partsamansette drøftingsutvalet for innkjøpsordningane å finna fram til konstruktive og økonomisk akseptable løysingar.

Kulturrådet meiner at det vil vera viktig å styrkja kvar av ordningane med 2 mill. kroner i 2009 for å gje økonomisk rom for den naturlege dynamikken som må vera til stades i forlagsbransjen. Alternativet er at ordningane må gå over frå å vera automatiske til å bli selektive, dvs. at det må setjast ei grense for kor mange titlar som kan kjøpast inn.

7.6.5.3 *Innkjøpsordninga for omsett skjønnlitteratur*

Ordninga for omsett skjønnlitteratur omfattar bøker både for vaksne og for barn og ungdom. Denne ordninga er selektiv og skal sikra at det i folkebiblioteka finst tilgjengeleg for utlån norske omsetjingar av litteratur på mange ulike språk.

Det blir kjøpt inn eit utval omsette romanar, novellesamlingar, annan kunstnarleg verdifull prosa og skodespel. Ordninga tilgodeser primæromsetjingar til bokmål og nynorsk, nyutgjeving av klassiske verk, dessutan omsetjingar frå dei sju største språkområda som minoritetsspråklege i Noreg kjem frå – «Mosaikk-litteratur». For desse bøkene betaler Kulturrådet også omsetjarhonoraret i tillegg til sjølve innkjøpet. Frå og med andre halvår 2008 vil denne spesialordninga omfatta omsette bøker også frå asiatiske og afrikanske språk.

Kvar bok blir kjøpt inn i 500 eksemplar, og bøkene blir fordelte til folkebiblioteka. For 2008 er

ordninga på 10,657 mill. kroner, inkludert ein honorarbonus på 25 prosent av omsetjarhonoraret. Dette blir utbetalt direkte til omsetjarane av dei innkjøpte bøkene. Ordninga er styrkt med 1 mill. kroner i 2007 og 2 mill. kroner i 2008.

I den bibliotekutgreinga som ABM-utvikling la fram i 2006, kalla *Bibliotekreform 2014*, blir det også gjort framlegg om å utvida innkjøpsordninga for omsett skjønnlitteratur med fleire titlar for å sikra eit breiare utval. Dette får støtte frå mellom andre Norsk Oversetterforening, som hevdar at det kommersielle presset har auka etter at den nye bokavtalen kom. Dette gjer denne innkjøpsordninga endå viktigare enn før. Også Norsk kulturråd meiner at ordninga er meir utsett som resultat av den nye bokavtalen.

Norsk kulturråd legg elles vekt på at denne innkjøpsordninga er eit reelt og langvarig tiltak for å auka internasjonalt kulturelt mangfald i Noreg. Det er vanskeleg å få utgjevingar av omsett kvalitetslitteratur lønnsame. Ordninga representerer difor ei viktig grunnfinansiering for forlaga.

Med auken på 2 mill. kroner for 2008 blir ordninga utvida til å omfatta kjøp av inntil 90 titlar. Ein auke til 100 titlar i 2009 ville kosta om lag 1,5 mill. kroner og gje eit enno breiare tilbod til lånarane og betre bokøkonomi for forlaga. Innanfor desse rammene vil Kulturrådet også kunna stimulera til utgjeving av fleire bøker omsette til nynorsk.

I samband med denne ordninga kan det vera naturleg å nemna den særskilde utfordringa som knyter seg til behovet for å tryggja god omsetjar-kompetanse frå mange språk. Di fleire framandspråk originaltekstane blir henta frå, di meir aktuell vil denne problemstillinga kunna bli.

7.6.5.4 *Innkjøpsordninga for ny norsk faglitteratur for barn og unge*

Denne ordninga er selektiv og skal sikra at det finst gode norske fagbøker for dagens unge lesarar, og om alle slags emne. Ordninga omfattar førsteutgåver av norske fagbøker og faktabøker og annan norsk sakprosa for barn og ungdom. Kvar bok blir kjøpt inn i 1550 eksemplar, til folke- og skulebiblioteka.

I bibliotekutgreinga er det argumentert for å utvida ordninga med fleire titlar. For 2008 er ordninga på 6,675 mill. kroner, og det har rekt til å kjøpa inn 25 titlar. I 2007 vart ordninga styrkt med 1 mill. kroner.

Departementet vil vurdera korleis ein kan auka tilfanget av bøker på nynorsk for barn og unge.

7.6.5.5 *Innkjøpsordninga for ny norsk sakprosa*

Innkjøpsordninga for ny norsk sakprosa vart oppretta som ei prøveordning i 2005. Ordninga er sjangerbasert og omfattar først og fremst reiseskildringar, biografiar, essaysamlingar og dokumentarbøker. I dag blir det kjøpt inn 50 titlar i 1100 eksemplar. I 2008 er ordninga på 10,430 mill. kroner. Ordninga vert evaluert våren 2008 av Institutt for medium og kommunikasjon ved Universitetet i Oslo.

I bibliotekutgreiinga er det gjort framlegg om å utvida ordninga med fleire titlar for å sikra ei større breidde i denne sjangeren. Dette får støtte frå både Norsk kulturråd, Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening, Forvaltningsorganisasjonen LINO og Nynorsk kultursentrum.

Norsk kulturråd melder at det er etablert sjølvstendige og kostnadseffektive system for vurdering av kva bøker som skal kjøpast inn. I 2006 vart berre kvar femte bok kjøpt inn og i 2007 kvar fjerde. I 2007 melde forlaga på færre titlar, kan henda fordi det var vorte tydelegare kvar grensene går. Norsk kulturråd meiner at kvalitetskrava er i ferd med å festa seg, og at det kan vera rom for å utvida ordninga til 100 titlar.

Departementet legg til grunn at denne innkjøpsordninga er ein viktig del av rammeverket for utviklinga og kvalitetshevinga av norsk sakprosa.

7.6.5.6 *Innkjøpsordninga for fonogram*

I tillegg til innkjøpsordningane for litteratur forvaltar Norsk kulturråd også ei innkjøpsordning for fonogram. Ordninga vart oppretta i 1985 og skal auka kjennskapen til og spreinga av norske fonogram. Ordninga skal stimulera til eit variert og kreativt produksjonsmiljø for fonogram med musikk av utøvarar og komponistar i Noreg.

Ordninga sikrar bibliotek, skular, norske utanriksstasjonar og musikkmiljø eit breitt utval av norsk musikk. Dei innkjøpte fonogramma er i dag produksjonar i CD-format, men det blir løpande vurdert å ta inn under ordninga andre medium og distribusjonsformer som er gjorde moglege av den teknologiske utviklinga.

I 2007 vart det kjøpt inn 157 fonogram av i alt 620 innsende. Fonogramma blir for tida kjøpte inn i 580 eksemplar. Av desse blir rundt 400 vert fordelte til mottakarar i Noreg, medan resten går til mottakarar i utlandet. Samla løyving til innkjøpsordninga for fonogram i 2008 er 13,4 mill. kroner.

7.6.5.7 *Støtte til tidsskrift og ymse publikasjonar*

I høyringssvaret sitt til bibliotekutgreiinga har Norsk kulturråd streka under behovet for ei innkjøpsordning for kulturtidsskrift.

Etter ei omlegging gjeldande frå 2008 finst i dag to former for støtte til kulturtidsskrift i Norsk kulturråd: ei ordning for oppstart- og produksjonsstøtte og ei selektiv prøveordning med statleg innkjøp av norske, allmenne kulturtidsskrift til biblioteka. Prøveordninga skal evaluerast i løpet av det første prøveåret.

Den samla løyvinga til kulturtidsskrift er i 2008 på 20,156 mill. kroner, inkludert ei omlegging av portokompensasjonen til Ymse publikasjonar som no er gjord om til eit produksjonstilskot. Løyvinga er då styrkt med 1 mill. kroner i 2008. Kulturrådet står fritt til å fordela den samla løyvinga mellom dei to delane av ordninga.

Norsk kulturråd meiner at det er behov for ei ytterlegare styrking av ordninga. Kulturrådet viser til at Norsk tidsskriftforening har etablert seg som ei svært positiv verksemd, og at foreininga har gjennomført og planlagt mange spanande prosjekt som kjem til nytte i heile tidsskriftfeltet.

Kulturrådet hevdar også at det finst ein klar samanheng mellom innkjøpsordninga for ny norsk sakprosa og tidsskrifta. Nye og etablerte skribentar kan i kortare artiklar og essay nytta tidsskrifta som springbrett til bokutgjevingar. Slik sett vil ein auke til tidsskrifta i neste omgang kunna føra til fleire sakprosautgjevingar.

Departementet har registrert kritiske merknader til innkjøpsordninga for tidsskrift. Somme meiner at staten heller bør bruka ressursar på å sikra norskspråkleg, elektronisk innhald, til dømes gjennom å gjera tidsskrift elektronisk tilgjengelege for eit breitt publikum.

Departementet er samd i at det er viktig å sikra aktuelle målgrupper auka tilgang til meir norskspråkleg innhald på nett. Departementet legg likevel til grunn at spørsmålet om eventuell lisensiering bør drøftast i ein større heilskap i ei komande stortingsmelding om digitalisering.

7.6.5.8 *Støtte til nynorsk litteratur*

Mange høyringsfråsegner til bibliotekutgreiinga strekar under at det er behov for å styrkja nynorsk skriftkultur. Ordninga for produksjonsstøtte til nynorsk litteratur skal sikra at det finst utgjevingar på nynorsk i flest moglege sjangrar.

I 2008 er ordninga på 3,190 mill. kroner. I 2008 er ordninga styrkt med 1 mill. kroner. Norsk kulturråd vil nytta dei friske midlane særleg til å støtta fleire nynorskutgjevingar for barn og unge og sakprosaprojekt for vaksne.

7.6.5.9 Støtte til teikneseriar

Norsk kulturråd har sidan 1990 støtta utgjeving av nye teikneseriar. Ordninga skal sikra nye, norske kvalitetsteikneseriar for alle aldersgrupper. Løyvinga til denne ordninga var på 1,5 mill. kroner i 2007 og på 1,565 mill. kroner i 2008.

Kulturrådet ser no klare resultat av denne satsinga. Norske teikneseriar har nådd ein kvalitet som blir verdsett både nasjonalt og internasjonalt. Det er gjeve støtte til produksjon og utvikling av kortseriar og album, medan utviklinga no går mot seriar i kortform og grafiske romanar.

Sidan 2002 har rådet i tillegg til å gje produktionsstøtte også kjøpt inn inntil tre album under innkjøpsordninga for skjønnlitteratur for barn og unge, som ei spesialordning. Men dei fleste seriane er retta mot eldre ungdom og vaksne lesarar og høyrer meir heime på ordninga for vaksnebøker.

Det norske teikneseriemiljøet har lenge gjort framlegg om å få etablert ei eiga innkjøpsordning for teikneseriar. Gjennom distribusjon til folkebiblioteka vil teikneseriebøkene også bli breiare tilgjengelege. Ei slik innkjøpsordning, med i første omgang inntil ti innkjøpte album, vil kosta 2 mill. kroner.

7.6.5.10 Støtte til e-bøker og lydfiler

Ei av dei største utfordringane i åra som kjem, blir å tilpassa støtteordningane for litteratur til ein blanda bokmarknad, der førsteutgåver like gjerne kan koma som lydbøker, lydfiler og e-bøker.

Kulturrådet vil i samarbeid med ABM-utvikling og Biblioteksentralen gjennomgå støtteordningane og setja i gang eit prøveprosjekt med innkjøp av eit utval e-bøker under alle innkjøpsordningane.

I Kulturminneåret 2009 vil Kulturrådet setja i gang eit prosjekt med lydfiler av norske klassikarar, mynta på ungdom. Opplesingane bør leggjast språkleg til rette for yngre lyttarar.

7.6.5.11 Støtte til formidlingstiltak

I tillegg til innkjøpsordningane og produktionsstøtteordningane har Norsk kulturråd også ein avgrensa sum til ulike formidlingstiltak for barn, ungdom og vaksne. Dette kan omfatta ulike arrangement og tiltak eller forsøks- og utviklingsprosjekt der siktemålet er å formidla litteratur.

Det kan vera utgjevingar av faglitteratur om litterære tema, seminar og konferansar, tiltak eller arrangement for minoritetsspråklege forfattarar, omsetjing av manus, litteraturfestivalar, litteraturdagar og litteraturveker m.m. Også ABM-utvikling

gjev støtte til utviklings- og forsøksprosjekt innanfor biblioteksektoren.

7.6.5.12 Nullsats for meirverdiavgift på bøker

Nullsatsen for meirverdiavgift på bøker vart innført i 1967 og gjeld for trykte papirbøker og frå 1995 også for lydbøker som er parallellutgåver, men ikkje for elektroniske utgåver. I 2007 utgjorde dette om lag 1,5 milliardar kroner i indirekte støtte til bokbransjen.

7.6.5.13 Bokavtalen

Bokavtalen er ein privatrettsleg avtale mellom Den norske Bokhandlerforening og Den norske Forleggerforening. Noverande avtale varer frå 1. mai 2005 til 31. desember 2010. Avtalen er tilpassa dei rammene som staten har gjeve bokbransjen.

Det offentlege regelverket som regulerer rammene for bokavtalen, er heimla i konkurranselova. Her heiter det at avtalar med formål eller verknad å innskrenka konkurransen er forbodne. I forskrift til lova er det gjort unntak for samarbeid ved omsetning av bøker.

Unntaket inneber at det i ein fastprisperiode er høve til å avtala fastpris og maksimale rabattsatsar for bokgruppene sakprosa, skjønnlitteratur, billigbøker og verk, dvs. bokgruppene 3-6, at fastprisperioden omfattar utgjevingsåret og tida fram til 30. april året etter, at det er lov å avtala faste royaltysatsar, og at det kan avtalast maksimal rabatt dersom alle salskanalane kan gje største rabattsats.

I § 1 i bokavtalen går det fram at avtalen skal leggja tilhøva til rette for å styrkja den posisjonen bøkene har i Noreg. Dette skal skje ved at avtalen fremjar kultur- og kunnskapsformidling og kunnskapstilleingning, og ved at avtalen er med på å styrkja norsk språk og skriftkultur. Avtalen skal bidra til å halda oppe og sikra breidde og kvalitet i norsk bokutgjeving og auka respekten for opphavsretten.

Avtalen skal fremja sal av bøker i begge målformer. Den skal også bidra til rasjonell distribusjon og eit effektivt landsdekkjande bokhandlarnett, slik at forbrukarane er sikra lett tilgang til bøkene og stor valfridom.

I Soria-Moria-erklæringa har regjeringa varsla at alle sider ved den nye bokavtalen skal evaluera.

Eit viktig punkt i evalueringa vil vera å vurdere om avtalen har vore med på å oppfylla dei nemnde måla. Vidare skal evalueringa gjera greie for og gje ei vurdering av kva innverknad endringane i dei konkurranserettslege rammene for bokbransjen har hatt for prisutviklinga og omsetninga av dei

ulike bokgruppene, og for fordelinga mellom salskanalane.

Evalueringa skal også kommentera korleis endringane i rammevilkåra har påverka dei ulike aktørane i bransjen, inkludert forfattarane. Resultatet av evalueringa skal liggja føre i form av ein skriftleg rapport våren 2009.

Frå ein statleg ståstad er det avgjerande viktig at avtalen mellom partane i bokbransjen i røynda fungerer slik at bokhandlar over heile landet har eit breitt frambod av norskspråklege bøker av ulike sjangrar. Det kan ikkje bli slik at det er staten som gjennom innkjøpsordningane og andre verkemiddel får eit eineansvar for å tryggja breidda i norsk litteratur. Bokbransjen har ei plikt til å ta kulturpolitiske omsyn i verksemda si. Departementet forventar at bransjen kjem fram til ordningar som sikrar dette. Dersom bokbransjen skulle utvikla seg til berre å leggja til grunn kommersielle omsyn, vil grunnlaget for å halda oppe særskilde statlege verkemiddel vera svekte.

7.6.5.14 Bibliotekvederlag

Den norske bibliotekvederlagsordninga vart etablert i 1947 og er nest eldst i verda etter den tilsvarende danske ordninga.

Ordninga omfattar eit kollektivt vederlag for bruk av verk utgjevne i Noreg og disponerte til utlån i offentlege bibliotek. Det blir betalt vederlag for verk som er tilgjengelege til utlån ved norske bibliotek, altså ikkje for faktisk utlån. Ordninga er regulert i lov om bibliotekvederlag.

Ordninga er kulturpolitisk grunngeven, og vederlagsmidlane skal fordelast slik at dei stimulerer skapande verksemd. Utrekning av vederlaget tek utgangspunkt i talet på utlånseiningar som blir disponerte til utlån i norske bibliotek. Dette går fram av den årlege bibliotekstatistikken som blir utarbeidd av ABM-utvikling. Bibliotekvederlaget er i 2008 på 78,6 mill. kroner.

Avtale om bibliotekvederlag blir utforma etter forhandlingar mellom staten ved Kultur- og kyrkje-departementet og eit forhandlingsutval utgått frå dei i alt 23 opphavsorganisasjonane som har forhandlingsrett. Avtale for perioden 2008–2011 vart inngått ved mekling hos Riksmeklingsmannen etter brot i forhandlingane i november 2007. Pris per utlånseining er i 2008 på 181,5 øre mot 171 øre i 2007, ein auke på vel 6 prosent. Avtalen inneber at prisen per eining blir auka med 4 prosent årleg i åra 2009–2011.

Opphavsorganisasjonane mottek vederlag to gongar årleg etter ei fordeling som dei avtaler seg i mellom. Midlane blir disponerte av egne fond.

Vederlaget blir utbetalt som stipend til opphavsmenn etter søknad.

Som kollektiv ordning er det norske bibliotekvederlaget spesielt i eit internasjonalt perspektiv. Opphavsrettsleg funderte ordningar og måling av utlån er derimot system som favoriserer dei som alt har store inntekter av forfattarverksemda si.

Den norske ordninga er kollektiv og opnar difor for at mindre etablerte forfattarar kan søkja stipend til arbeid og studium på lik linje med meir røynde skribentar, dersom verka deira er til utlån i offentlege bibliotek. Bibliotekvederlaget er difor viktig for rekrutteringa til forfattaryrket og er eit sentralt litteraturpolitisk verkemiddel.

7.6.5.15 Stipend- og kunstnarpolitikk

Av dei totale løyvingane til kunstnarstønadordningar går om lag 26 mill. kroner i 2008 til skjønnlitterære forfattarar, barne- og ungdomsbokforfattarar, dramatistar, omsetjarar og faglitterære forfattarar. Dette femner om 56 garantiinntekter, 79 arbeidsstipend og arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar og ei mengd mindre diversestipend. Brorparten av midlane går til skjønnlitterære forfattarar.

På oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet arbeider Telemarkforskning i Bø med ei undersøking av inntekts- og arbeidstilhøva for kunstnarane. Undersøkinga skal liggja føre i 2008.

Undersøkinga omfattar medlemmene i 33 kunstnarorganisasjonar, dessutan 489 uorganiserte kunstnarar som har motteke statleg kunstnarstipend. Kartlegginga av inntektstilhøva på litteraturområdet omfattar medlemmene i Den norske Forfatterforening, Norske Barne- og ungdomsforfattere, Norsk Oversetterforening, Norske Dramatikers Forbund, Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening og Norsk Revyforfatterforening.

7.6.5.16 Oppsummerande vurdering

Departementet vil arbeida for å styrkja og utvikla innkjøpsordningane for å sikra ein brei og variert produksjon av skjønnlitteratur for både barn, ungdom og vaksne. Departementet vil framleis verna om dei automatiske innkjøpsordningane for skjønnlitteratur og arbeida for å styrkja begge ordningane.

Departementet ser positivt på å styrkja innkjøpsordninga for omsett skjønnlitteratur for barn, ungdom og vaksne. Det bør vera eit mål over ein periode på nokre år å auka talet på innkjøpte titlar til 100.

Departementet vil vurdera om det i tilknytning til innkjøpsordninga for ny norsk faglitteratur for barn og unge kan leggjast til rette for ei innkjøpsordning for originaltitlar på nynorsk for barn og unge.

Departementet vil vidareføra innkjøpsordninga for sakprosa som ei permanent ordning og utvida talet på titlar. Departementet vil studera evalueringa av ordninga før det blir konkludert med omfanget av ei slik utviding. Dette bør også sjåast i samanheng med behovet for andre verkemiddel, som til dømes stipend. Det vil også vera viktig å vurdera kva verkemiddel som kan vera med å fremja formidlinga av norsk sakprosa.

Departementet vil også styrkja innkjøpsordninga for tidsskrift og ymse publikasjonar, men viser til at ordninga vil bli evaluert i løpet av 2008. Resultatet av denne vurderinga vil vera avgjerande for korleis ordninga skal vidareførast. Departementet vil avventa evalueringa og vurdera saka i dei komande budsjettprosessane.

Departementet meiner det er viktig å medverka til at teikneseriar blir betre tilgjengelege for bibliotekbrukarane. Det må sikrast at det også blir produsert og distribuert gode teikneseriar på norsk språk. Departementet er positiv til framlegget om å oppretta ei innkjøpsordning for teikneseriar.

7.6.6 Bibliotek som språkpolitisk verkemiddel

7.6.6.1 Nærare om bibliotekpolitikken

Biblioteka er samfunnsinstitusjonar og fysiske arenaer for kunnskaps-, litteratur- og kulturformidling. Biblioteka gjev tilbod til mange ulike grupper med ulike behov.

Som formidlar av språklege og litterære uttrykksformer er dei viktige verkemiddel også i gjennomføringa av ein nasjonal språkpolitikk. Særleg spelar folkebiblioteka i så måte ei nøkkelrolle.

Folkebiblioteka er opne for alle og gjev tilgang til skjønnlitteratur og faglitteratur, vaksenlitteratur og barne- og ungdomslitteratur, dessutan musikk, film og andre kulturuttrykk. Folkebiblioteka har eit særleg ansvar for norsk språk, norsk kultur og norsk kulturarv. Folkebiblioteka tilbyr både ny og eldre litteratur, dei mottek bøkene som er kjøpte inn gjennom innkjøpsordningane og kjøper sjølve inn eit utval av bøker kvart år. Biblioteka har også lettlesne bøker og tilrettelagd litteratur for dei som har lesevanskar. Døme på aktivitetar i biblioteka er barnetimar, forfattarbesøk, litteraturkveldar, foredrag, utstillingar og kurs av ymse slag.

Biblioteka har også viktige tilbod til framand- og minoritetsspråklege. Det flerspråklige bibliotek tilbyr gjennom folkebiblioteka litteratur på mange ulike språk. Det er også kompetansesenter, depotbibliotek og rettleiar for dei andre biblioteka i landet og andre aktuelle institusjonar. Biblioteka tilbyr også litteratur på samisk. Sametinget vidarefører ordninga med tilskot til innkjøp av samisk bibliotekmateriale i folke- og skulebibliotek.

7.6.6.2 Bibliotekreform 2014

Bibliotekutgreiinga *Bibliotekreform 2014* vart utarbeidd av ABM-utvikling hausten 2006 på oppdrag av Kultur- og kyrkjedepartementet. I mandatet vart det mellom anna lagt vekt på å få belyst dei framtidige utfordringane på bibliotekområdet og den rolla biblioteka kan spela i informasjons- og kunnskapssamfunnet.

Utgreiinga legg vekt på at biblioteksektoren på dei eine sida må utvikla og leggja til rette for digitale kjelder og tenester og på den andre sida utvikla det konvensjonelle biblioteket som offentleg møteplass.

Hovudframlegget er ei reform som er meint å styrkja det samarbeidande biblioteknettverket, omtalt som Noregsbiblioteket. Utgreiinga foreslår også konkrete tiltak når det gjeld innhald, tenester, struktur, organisering, kompetanse og forskning.

Utgreiinga var på høyring våren 2007, og det kom inn over 250 fråsegner.

7.6.6.3 Stortingsmelding om bibliotek

Med utgangspunkt i den nemnde utgreiinga arbeider departementet no med ei eiga stortingsmelding om bibliotek. Meldinga vil behandla heile biblioteksektoren.

Meldinga vil gjera greie for dei ulike samfunnsfunksjonane biblioteka har, verkemiddelapparatet, utfordringane for det nasjonale biblioteknettverket, samspelet mellom bibliotektypane, det digitale Noregsbiblioteket og dei særlege bibliotektenestene. Biblioteket som møteplass og læringsarena, kunnskaps- og kulturformidlar og formidlar av leselyst til barn vil bli synleggjort og drøfta. Det vil bli lagt vekt på den grunnleggjande rolle og det ansvaret biblioteka har som forvaltar og formidlar av bøker og andre medium.

Hovudproblemstillinga er korleis ein kan styrkja og utvikla samspelet og samarbeidet i Noregsbiblioteket for å gje brukarane betre bibliotektenester og realisera det såkalla saumlause biblioteket. Eit sentralt mål vil vera å leggja grunnlaget for at Noregsbiblioteket kan utvikla seg som ein arena for kunnskap, læring, informasjon og for-

midlar av kultur og litteratur. I tillegg vil meldinga romma fleire delproblemstillingar som særleg kan knytast til primær oppgåver i dei ulike bibliotektypane.

Departementet arbeider også med ei stortingsmelding om digitalisering av kultur- og kunnskapskjeldene. Dei to meldingane skal utfylla kvarandre.

7.6.7 Særskilt om leselest, lesestimulering og litteraturformidling

7.6.7.1 Status og utfordringar

Både Kunnskapsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet arbeider med å utvikla tiltak som kan styrkja leselest og litteraturformidling. Dei to departementa samarbeider nært om Den kulturelle skulesekken. Dette tiltaket kan medverka til å styrkja og vitalisera litteraturformidlinga til barn og unge i kommunane.

Det har lenge vore arbeidd målretta med leseopplæring, litteraturformidling og utvikling av leseglede og lesekunnskap. Mykje av arbeidet er naturleg nok retta mot litteraturformidling og lesestimulering for barn og unge, men lesing i eit livslangt perspektiv og litteraturformidling til menneske i alle aldrar og livsfasar bør også få auka merksemd i tida framover.

Viktige aktørar i arbeidet for å styrkja leselest og lesestimulering er biblioteka i alle kommunar, ABM-utvikling, Norsk Forfattersentrum, Foreningen !les, Norsk barnebokinstitutt, Nynorsk kultursentrum og Norsk kulturråd. Både Nasjonalt senter for leseutvikling og Utdanningsdirektoratet er viktige aktørar i utdanningssektoren. I tillegg kan tiltaket *Leser søker bok* framhevast.

Til saman utgjer desse aktørane ein samla infrastruktur som er eit godt grunnlag for å styrkja og utvikla formidlinga av litteratur både til barn og vaksne. Til saman utviklar og driv desse aktørane mange ulike litteraturprosjekt over heile landet. Dei fleste er sentrale aktørar i utviklinga av innhaldet i Den kulturelle skulesekken.

I dag skortar det difor neppe på prosjekt og kampanjar av ulike slag på dette området. Utfordringa er å utnytta og samordna den kompetansen og dei røynslene som finst, slik at prosjekta blir vidareutvikla og kvaliteten på formidlingsproduksjonane aukar.

Vi viser elles til omtale i språkopplæringsmeldinga frå Kunnskapsdepartementet, jf. St. meld. nr. 23 (2007-2008).

7.6.7.2 Leseopplæring og lesestimulering

Leseopplæring handlar først og fremst om å utvikla dugleik, men for at dette skal skje er det grunnleggjande viktig å vekkja elevane si nyfikenheit og pirra lysta til å knekkja lesekode.

I handlingsplanen *Gi rom for lesing* i perioden 2003–2007 var formålet å medverka til lesekunnskap og motivasjon for lesing hos barn og unge. Planen la vekt på at alle skular burde ha ein strategi for leseopplæring og lesing på alle trinn, og målet var at dette arbeidet skulle føra til ei målbar betring i lesekunnskapen i løpet av fem år.

Handlingsplanen la opp til å styrkja kompetansen hos lærarane i leseopplæring, litteraturformidling og bruk av skulebibliotek, dessutan å auka lesekunnskapen som grunnlag for anna læring, kulturell kompetanse, livskvalitet og deltaking. Tiltaka omfatta i hovudsak utviklingsprosjekt i skular, kompetanseutvikling av lærarar og nasjonale lesekampanjar. Arbeidet har vore nær kopla til Den kulturelle skulesekken.

SINTEF i samarbeid med NTNU er i ferd med å evaluera det arbeidet som er gjort. Sluttrapporten vil liggja føre i løpet av 2008. Delrapportane 2 og 3 konkluderer med at handlingsplanen har vore med på å gjera at lesing i og utanfor skulen har fått større merksemd, er vorte sterkare vektlagd, og at engasjementet og entusiasmen for lesing har auka.

Delrapport 3 peiker på at skulane i stor grad melder om observerte positive resultat, utan at dette alltid kan underbyggjast statistisk, og utan at ein kan slå klart fast at det er dei organiserte leseaktivitetane i handlingsplanen som er årsak til dei positive endringane i lesekunnskap og leselest hos elevane.

Publikasjonen *Gi rom for lesing! Veien videre* (2007) viser korleis arbeidet med lesing og lesestimulering er gjennomført og grunnfesta i skular og kommunar, og korleis viktige element i lesestrategien *Gi rom for lesing!* blir vidareført.

7.6.7.3 Litteraturformidling i biblioteka

Biblioteka er viktige arenaer for formidling av litteratur til brukarar i alle aldrar og livsfasar. God og brei tilgang på norsk og omsett litteratur er svært viktig i språkutviklinga.

Tilgang til eit godt utbygd bibliotek med stort utval av bøker, andre medium og digitale tenester verkar stimulerande både på vaksne og barn. Biblioteka kan spela ei stor rolle både som den staden der vaksne og barn kan få tilgang til litteratur og andre medium, ein stad å bli introdusert for litteratur og ein reiskap for lærarar og andre som driv språkopplæring.

I bibliotekutgreiinga blir det gjort framlegg om å oppretta eit eige program for litteraturformidling for å styrkja litteraturformidlinga i skule- og folkebiblioteka. Det er også foreslått at formidling av litteratur som inngår i innkjøpsordningane, bør inkluderas i programmet. Programmet kan også sjåast i samanheng med arbeidet for å styrkja litteraturformidlinga i Den kulturelle skulesekken.

ABM-utvikling vil i 2008 starta arbeidet med å etablera ein nasjonal digital ressurs for litteratur og litteraturformidling i folkebiblioteka. Føremålet er å sikra kompetanse- og kunnskapsoverføring av dei mange leselystprosjekta og satsingane på litteraturformidling i Noreg. *Litteratursiden.no* skal inspirera, skapa leselyst og oppleving av litteratur på nye og utradisjonelle måtar for litteraturinteresserte. Prosjektet vil vera ein arena for å prøva ut nye metodar. *Litteratursiden.no* vil kunna bli ein viktig del av det nemnde programmet for litteraturformidling.

Biblioteka som arena for kultur- og litteraturformidling og som aktørar i Den kulturelle skulesekken vil elles bli behandla i den komande stortingsmeldinga om bibliotek.

7.6.7.4 Norsk Forfattersentrum

Norsk Forfattersentrum vart oppretta i 1968 på initiativ frå unge forfattarar som ønskte å styrkja kontakten med publikum. Føremålet med verksemda er å skapa kontakt mellom forfattarar og publikum gjennom opplesingar, føredrag og undervising. Norsk Forfattersentrum formidlar produksjonar og turnear for skjønnlitterære forfattarar. Målgruppene er skulen, biblioteka, bokbransjen, private foreiningar og næringslivet.

I 2007 mottok organisasjonen om lag 7,9 mill. kroner i støtte over statsbudsjettet. Det er etablert kontor på fire ulike stader i landet med til saman 13 tilsette. Den årlege omsetninga er på om lag 22 mill. kroner.

Aktiviteten i Norsk Forfattersentrum har auka sterkt dei siste åra. Veksten frå 2006 til 2007 var på 7,8 prosent. Gledelig nok var det vaksenbokforfattarane som medverka mest til denne auken.

Det blir i større og større grad arrangert festivalar også på litteraturfeltet. Forfattersentrum er hovudarrangør av festivalar som til dømes Forfattersleppet, de Litterære Festspill i Bergen, Litterær hagefest i Trondheim, Nord-norsk bokdag og ulike andre arrangement.

Forfattersentrum har teke initiativ til å oppretta Litteraturbruket med støtte frå mellom andre Fritt Ord og Norsk kulturråd. Litteraturbruket skal ha som hovudmål både å arbeida for å styrkja og vida-

reutvikla formidlinga av litteratur som kunst, og vera eit kompetansesenter for litteraturformidling.

7.6.7.5 Foreningen !les

Foreningen !les er ein ideell paraplyorganisasjon som arbeider for å få folk til å lesa meir, fremja leselyst og leseglede i heile samfunnet. Målgruppa er ungdom og unge vaksne. Sekundært skal foreininga nå heile folket. Foreininga arbeider aktivt opp mot formidlarar som bibliotekarar, lærarar og andre aktørar innan skule, arbeidsliv og fritid.

Foreningen !les er i hovudsak ein prosjekt- og kampanjeorganisasjon. Prosjekta skal evaluerast årleg for å sikra kvalitet og grunnlaget for vidareføring. Foreininga skal vera ein pådrivar og ein ressurs for andre samfunnsaktørar, slik at dei kan medverka i arbeidet med å skapa leselyst. Nye målgrupper, arenaer, samarbeidspartnarar og metodikk skal heile tida vurderast.

Etter å ha eksistert i om lag ti år har Foreningen !les fått gode røynsler med bruk av prosjektverkemiddel som tekstantologiar, konkurransar, nettstader, forfattarbesøk, besøk av lesande førebilete, samarbeid med kritikarar og bibliotekarar, prisutdelingar, føredrag, kurs og seminar.

Døme på prosjekt i regi av Foreningen !les er Aksjon tXt, rein tekst, Ungdommens kritikerpris, Uprisen, Idrett og lesing og NM i poesi-slam. Andre prosjekt og tiltak er fagseminar, aktivitetar i samband med Verdas bokdag, ulike nettstader, føredrag og skulebesøk.

Foreningen !les mottok 2,189 mill. kroner i støtte over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett i 2008. Foreininga får også anna statleg støtte til enkelte av leseprosjekta, til dømes frå Utdanningsdirektoratet.

7.6.7.6 Norsk barnebokinstitutt

Norsk barnebokinstitutt er spesialbibliotek for barne- og ungdomslitteratur. I biblioteket finst norsk og omsett barne- og ungdomslitteratur utgjeven i Noreg, norsk og internasjonal fag- og forskingslitteratur om barnelitteratur og om barns tilhøve til lesing og media. I faglitteraturen inngår også forskingsrapportar og nyare hovudoppgåver frå norske universitet og høgskular.

Både bøker og anna materiell er tilgjengeleg for publikum, og det meste av boksamlinga er til utlån. Utlån blir formidla anten direkte ved besøk i instituttet eller ved fjernlån gjennom skule- og folkebiblioteka. Internasjonalt blir lån formidla gjennom høgskule- og universitetsbiblioteka. Norsk barnebokinstitutt administrerer også Kultur- og kyrkjedepartementets prisar til barne- og ung-

domslitteratur. Norsk barnebokinstitutt får i 2008 eit tilskot på 5,246 mill. kroner over det statlege kulturbudsjettet.

Barnebokinstituttet har i fleire år drive eit litteraturformidlingsprosjekt for lærarar, bibliotekarar og elevar. Det første delprosjektet heitte *Inn i teksten* (1999-2002) og vart sett i verk i mellomtrinnet i dei to Agderfylka.

Seinare er prosjektet vorte landomfattande, og det er utvida til å omfatta både ungdomstrinnet og vidaregåande opplæring. Prosjekta vart kalla *Ungdom inn i teksten* (2002-2004) og *Teksten i bruk* (2004-2008) og er rekna for å vera svært vellykka.

Norsk kulturråd har sidan starten vore den einaste eksterne finansieringskjelda, men fagutvalet for litteratur har no bede Norsk barnebokinstitutt om å finna ei permanent finansiering for prosjektet. I den grad Barnebokinstituttet sjølv ønskjer å driva prosjektet vidare, vil departementet vurderer å leggja kostnadene på 250 000 kroner inn i det faste driftsbudsjettet til instituttet.

7.6.7.7 *Leser søker bok*

Leser søker bok er ein allianse med over 20 organisasjonar som arbeider for at alle skal ha tilgang til litteratur. Leser søker bok arbeider for at det skal finnast tilrettelagde bøker. Dei gjev mellom anna støtte til utvikling av manus, bokutgjevingar, informasjon om bøker. Biblioteka kan dessutan få opplæring og økonomisk støtte til leseombod. Leser søker bok arbeider også for at det skal vera enkelt å finna tilgjengelege bøker, både i handelen og på bibliotek.

Leser søker bok mottok 4,172 mill. kroner over det statlege kulturbudsjettet i 2008 og er elles finansiert av Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening, GRAFILL, Den norske Forleggerforening, Norske Barne- og Ungdomsbokforfattere og Den norske Forfatterforening.

7.6.7.8 *Nynorsk kultursentrum*

Nynorsk kultursentrum er eit nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter for nynorsk skriftkultur, geografisk plassert i Hovdebygda i Møre og Romsdal. Strategien til Nynorsk kultursentrum er å vera den institusjonen alle vender seg til som ønskjer informasjon og dokumentasjon om nynorsk språk og skriftkultur og nytenking om kulturpolitiske strategiar.

Nynorsk kultursentrum er både arkiv, bibliotek og museum og arrangerer ein årleg festival. Institusjonen formidlar nynorsk litteratur til skuleelevar i hovudsak frå Møre og Romsdal og Sogn og

Fjordane anten i museumslokala eller på turnear. Via nettstaden tilbyr institusjonen også informasjon, opplevingar og aktivitetar for målgrupper i heile landet.

Nynorsk kultursentrum har fått i oppdrag frå ABM-utvikling å skipa eit nasjonalt nettverk for museum med litterær tilknytning.

7.6.7.9 *Den kulturelle skulesekken*

Den kulturelle skulesekken er ei nasjonal satsing der kultur- og opplæringssektoren samarbeider om å medverka til at elevar i skulen får oppleve, gjera seg kjende med og utvikla forståing for profesjonelle kunst- og kulturuttrykk av alle slag, både musikk, scenekunst, visuell kunst, film, litteratur og kulturarv, jf. St.meld. nr. 8 (2007-2008) *Kulturell skulesekk for framtida*.

Den kulturelle skulesekken er i hovudsak finansiert av overskotet frå Norsk Tipping AS. I 2007 vart det fordelt 167 mill. kroner til ordninga. Midlane blir forvalta av fylkeskommunane, kommunane og eit utval nasjonale og regionale kunst- og kulturinstitusjonar. Eit viktig grep i den nemnde stortingsmeldinga er at Den kulturelle skulesekken frå 2008 skal utvidast til å omfatta vidaregåande opplæring.

Formidling av litteratur er ein viktig del av formidlinga i Den kulturelle skulesekken. Litteraturfeltet har ikkje fått spelemidlar til sentrale tiltak, men staten har lenge løyvd midlar over statsbudsjettet til aktørar som arbeider med litteraturformidling og lesestimulering, slik som omtalt ovanfor. Fleire av desse er aktive bidragsytarar og samarbeider med kommunane og fylkeskommunane om innhaldet i Den kulturelle skulesekken.

Det er fylkeskommunane og kommunane som har ansvaret for å tilby innhald i Den kulturelle skulesekken, medan det er kultursektoren som skal utvikla innhaldet. Biblioteka over heile landet er i så måte naturlege samarbeidspartnarar med lokalt og regionalt forvaltingsnivå. Dei kan fungera både som arena for tilbod og som ein tilbydar av eigenutvikla tilbod. Dersom biblioteka skal utvikla si rolle i Den kulturelle skulesekken, må dei inkludera i lokale og regionale gjennomføringsplanar. Det vil også vera behov for å styrkja formidlingskompetansen og utvikla samarbeidet mellom biblioteka i ein region.

Stortingsmeldinga om Den kulturelle skulesekken strekar under at det er stort behov for sentrale aktørar på litteraturfeltet som kan medverka til mellom anna kompetanseutvikling og strategiutvikling. Ei vidare satsing på litteraturformidling i Den kulturelle skulesekken bør sjåast i nær saman-

heng med ei generell satsing på kulturformidling i biblioteka.

7.6.7.10 Nynorsk i Den kulturelle skulesekken

Eit særskilt viktig signal i meldinga om Den kulturelle skulesekken er understrekinga av at kommunar og fylkeskommunar også må ha eit språkpolitisk perspektiv i tankane når ein legg planar for Den kulturelle skulesekken.

Det er også vist til arbeidet med språkmeldinga, og at denne skal skissera grunnlaget for ein sektorovergripande språkpolitikk. Ein føresetnad for ein slik politikk er at det blir lagt inn eit språkpolitisk perspektiv i all anna politikktutforming der dette er relevant. Målet er å styrkja både norsk språk generelt og nynorsk spesielt.

Vidare heiter det at dersom nynorsk som den minst brukte av målformene skal kunna hevda seg, er det om å gjera at barn og unge også får kulturimpulsar på nynorsk. Særleg viktig er det at elevar med nynorsk opplæringsmål møter si eiga målform på brei front i den formidlinga som skjer i skulen.

Auka vekt på å formidla kunst og kultur på nynorsk gjennom Den kulturelle skulesekken kan difor vera med å styrkja den språklege identiteten til nynorskelevane. Den kulturelle skulesekken vil på den måten byggja opp under dei pedagogiske målsetjingane i skulen og i større grad gjera skulen til ein berar og formidlar av språkleg og kulturell identitet.

Det er viktig at kommunar og fylkeskommunar har dette språkpolitiske perspektivet i tankane i den vidare utviklinga av Den kulturelle skulesekken og når dei legg konkrete planar for kunst- og kulturtilbodet i ordninga. I den samanheng er det ønskjeleg med eit visst tilbod på nynorsk også for bokmåselevar.

7.6.8 Andre problemstillingar på kultur- og medieområdet

7.6.8.1 Digitalisering av kultur- og kunnskapskjeldene

Departementet vil i løpet av 2008 leggja fram ei stortingsmelding om digital tilgjengeliggjering av kultur- og kunnskapskjeldene i arkiv, bibliotek og museum.

Målet vil vera å leggja ein strategi som gjer at så mange som råd er, får lettast mogleg tilgang til kultur- og kunnskapskjeldene. Skal dette lata seg gjera, er det mange utfordringar som må handterast under vegs, både juridiske spørsmål om opphavsrett og personvern og løysingar for digitale standardar for langtidslagring, dessutan spørsmå-

let om eit enkelt og kraftig søkjargrensesnitt med universell utforming.

Noreg ligg godt an samanlikna med tilsvarende digitaliseringsinitiativ i andre land og er med i ulike internasjonale samarbeidstiltak på feltet.

Lettare tilgang til det tekstlege materialet i arkiv, bibliotek og museum ved bruk av interaktive grensesnitt vil vera med på å fremja det språklege medvitet i samfunnet og dermed bidra til å styrkja nasjonalspråket vårt i den globale språksituasjonen og i samband med den informasjonsteknologiske utviklinga.

7.6.8.2 Dataspel

Den internasjonale dataspelbransjen har på få år vakse til å bli ein av dei store bransjane innanfor underholdning og media. Dataspel blir i dag i hovudsak brukte av barn og unge og er ein viktig del av kultur- og mediekvardagen deira.

I St.meld. nr. 14 (2007-2008) *Dataspill* viser departementet til at det er eit sterkt behov for å sikra barn og unge tilgang til alternative dataspelprodukt med norsk språk og innhald. Marknaden er i dag dominert av importerte spel.

Studiar gjorde på oppdrag frå Nordisk ministerråd viser at under 1 prosent av spela i marknaden er av nordisk opphav. Det er difor særskilt viktig av barn og unge får tilgang på spel av høg kvalitet basert på norsk språk og kultur.

Departementet har i stortingsmeldinga sett som mål at det skal satsast på gode norske dataspel i ulike sjangrar tufta på norsk språk og innhald.

Gode tilskotsordningar er nødvendige for å sikra dette tilbodet.

Departementet har i meldinga foreslått å vidareføra og styrkja den norske tilskotsordninga for utvikling av dataspel og varsla at det også vil bli innført ei ordning med tilskot til lansering av dataspel. Det heiter vidare at ei utlånsordning for norske dataspel gjennom folkebiblioteka vil bli utgreidd, dessutan at departementet vil arbeida aktivt for at Nordisk dataspelprogram blir vidareført etter føresetnadene. Det skal også utgreiast om tilskotsordningane til dataspel kan styrkjast ved å utvida sektoravgifta på omsetning av dvd til også å omfatte dataspel.⁵¹

7.6.8.3 Film

Norsk film har hatt ei svært positiv utvikling dei siste åra. Det blir produsert fleire norske filmar årleg. Besøkstala for norske filmar på kino har vist ein markant auke, og publikums haldningar til

⁵¹ St.meld. nr. 14 (2007–2008) s. 6, jf. kap. 7.

norsk film er langt meir positiv, særleg blant ungdom.

Den nasjonale marknadsdelen for norske filmar har tradisjonelt vore relativt låg samanlikna med både andre nordiske land og andre land i Europa. Dette har delvis hatt samband med låg årleg produksjon.

Eit viktig mål for omlegginga av den norske filmpolitikken i 2001 var større publikumsoppslutning om norske filmar. Eit av verkemidla var å auka produksjonsvolumet og dermed oppnå høgare kvalitet. Kinostatistikken viser at målet om auka publikumsoppslutning er nådd. Det er likevel eit stykke att før ein har nådd målet om 25 prosent marknadsdel for norske filmar.

I 2007 la departementet fram St.meld. nr. 22 (2006–2007) *Veiviseren. For det norske filmløftet* for å følgja opp ønsket om både ei opptrapping av dei statlege tilskota til filmproduksjon og ein gjennomgang av dei statlege verkemidla for å sikra at desse blir nytta effektivt og målretta.

7.6.8.4 Presse

Pressa som medium er framleis eit tekstmedium, og avis- og vekebladaktørar i den norske marknaden vil vera avhengige av å kommunisera med lesarane på norsk. Her er det difor ikkje grunn til å tru at den allmenne internasjonaliseringa vil svekkja stillinga for norsk språk. Pressa vil vera eit norsk-språkleg medium også i framtida. Her er det difor neppe behov for særlege tiltak for å styrkja bruken av norsk språk generelt. Derimot er det nødvendig på ulike måtar å stimulera bruken av nynorsk, slik at denne målforma blir meir synleg også i aviser og og tilhøyrande publiseringformer.

Departementet vil vidareføra pressestøtta og momsfriftaket på aviser. Også i eit språkpolitisk perspektiv er det viktig at pressestøtte og momsfriftak blir vidareført, slik at ikkje berre norskspråklege medium blir sikra, men også språkleg breidde og mangfald meir generelt.

7.6.9 Norsk språk i utlandet

7.6.9.1 Innleiing

Noko av det som er med på å gje norsk språk styrke og status, er det arbeidet som blir gjort for å fremja kjennskap til norsk språk og kultur i utlandet. Dette har også mykje å seia som ein del av arbeidet med å leggja grunnlaget for internasjonalt samarbeid på alle plan og for mellommenneskeleg samkvem meir generelt.

Viktige tiltak i dette arbeidet er til dømes ordninga med norske sendelektorar ved utanlandske

universitet og høgskular. I både Europa og Nord-Amerika er elles norsk studiefag ved ei rekkje universitet. I enkelte regionar i USA er norsk framleis andrespråk og har plass i undervisninga.

Også omsetjing av norsk litteratur har mykje å seia i arbeidet for å gjera norsk språk og kultur kjent i utlandet.

7.6.9.2 Senter for internasjonalisering av høgare utdanning (SIU)

Senter for internasjonalisering av høgare utdanning (SIU) er eit forvaltingsorgan under Kunnskapsdepartementet. Senteret held til i Bergen og har omlag 60 fast tilsette.

SIU er eit kompetansesenter og samarbeidsorgan som skal fremja internasjonalisering, kulturell kommunikasjon og internasjonal mobilitet innanfor høgare utdanning. Senteret har ansvar for å profilera Noreg som utdanningsnasjon og arbeidsland for forskarar, dessutan å driva informasjonsarbeid, rådgjeving og utgreiing. SIU administrerer også nokre program som er viktige i arbeidet for å fremja kjennskapet til norsk språk i utlandet, mellom anna det nordiske språk- og kulturprogrammet Nordplus og ordninga for Noregs-kunnskap ved høgare lærestader i utlandet.

7.6.9.3 Ordninga for Noregs-kunnskap ved høgare lærestader i utlandet

Ved om lag 140 høgare lærestader i Asia, Europa, Latin-Amerika og Nord-Amerika er det tilbod om undervisning i norsk språk og norske emne, og mellom 5 000 og 6 000 unge akademikarar i utlandet studerer til kvar tid norsk språk og norske emne på ulike nivå. Ordninga for Noregs-kunnskap ved høgare lærestader i utlandet har som mål å profilera Noreg i utlandet gjennom samarbeid med utanlandske høgare lærestader som tilbyr undervisning i norsk språk og kultur, dessutan å leggja til rette for at utlendingar kan studera og forska ved norske høgare lærestader. Ordninga blir finansiert med årlege rammetilskot over budsjettet til Utanriksdepartementet.

Det er elles oppretta fleire tilskotsordningar som skal styrkja lærestader i utlandet som tilbyr norskundervisning. Utanlandslektoratordninga, semesterstipend og andre støtteordningar har som mål å medverka til eit kvalitativt godt tilbod til utanlandske studentar som får norskundervisning.

7.6.9.4 Omsetjing av norsk litteratur

Arbeidet for å halda oppe eit godt undervisningstilbod i norsk språk, litteratur og kultur i utlandet er

avgjerande viktig med tanke på rekruttering og utdanning av omsetjarar som kan gjera norsk litteratur tilgjengeleg for utanlandske lesarar. Noreg har ein rik litterær tradisjon, og vi har dei siste åra opplevd stor interesse for nyare norsk litteratur også i utlandet. For å halda ved like denne interessa er det nødvendig med ei målretta satsing for å gjera norsk litteratur og norske forfattarar kjende også utanfor det nordiske språkområdet. Eit viktig ledd i ei langsiktig satsing er å leggja til rette for at nye generasjonar av studentar utanfor Noreg får interesse for og kjennskap til norsk språk og litteratur, og at det finst utanlandske lærestader som kan gje desse studentane eit fullnøyande tilbod. Berre på denne måten kan det koma til nye omsetjarar som held høg nok kvalitet i språkarbeidet sitt til å kunna formidla norske forfattarar ut i verda på ein god måte.

7.6.9.5 NORLA - Senter for norsk skjønn- og faglitteratur i utlandet

Ein sentral aktør i arbeidet med å gjera norsk litteratur kjend utanfor Nordens grenser er NORLA - Senter for norsk skjønn- og faglitteratur i utlandet. NORLA er eit statsstøtta, ikkje-kommersielt informasjonskontor som promoverer og formidler norsk litteratur til utlandet. Kontoret forvaltar fleire støtteordningar for omsetjing av norske bøker og fordeler om lag 4 mill. kroner på ulike titlar kvart år. Utanlandske forlag som gjev ut bøker av norske forfattarar, kan søkja NORLA om støtte til omsetjing. Sidan 1978 er meir enn 1000 titlar av norske forfattarar komne ut med støtte frå NORLA. NORLA forvaltar også tilskot til forfattar- og førelesarbesøk til høgare lærestader i utlandet der det blir undervist i norsk.

I tillegg til å fordela ulike tilskot gjer NORLA eit viktig arbeid med å formidla kontakt mellom norske forfattarar/forlag og utanlandske omsetjarar, forlag, universitet og andre med interesse for norsk litteratur. Senteret skipar til seminar i Noreg og utlandet for omsetjarar og forleggjarar, driv promosjonsprogram og forfattarpresentasjonar i utlandet, deltek på internasjonale bokmesser, gjev ut publikasjonar om aktuell norsk litteratur og tilbyr råd og rettleiing til omsetjarar og andre som kontaktar kontoret.

7.6.10 Oppsummering av prioriterte tiltak

1 UNESCO-konvensjonen som sikrar alle statar rett til å verna det kulturelle mangfaldet på sitt eige territorium, er det overordna utgangs-

punkt for språkpolitikken på kultur- og medieområdet.

- 2 Departementet vil vidareføra pressestøtta og momsfriftaket for aviser.
3. Departementet vil arbeida med å utvikla tiltak for norske dataspel.
- 4 Å styrkja norsk språk skal utgjera eit basiselement i norsk filmpolitikk i tråd med føresetnadene i St.meld. nr. 22 (2006–2007).
- 5 Prioriterte språkpolitiske omsyn om styrking av norsk språk generelt og nynorsk spesielt skal tilleggjast stor vekt ved forvaltning og utforming av rammevilkåra for norske allmennkringkastingskanalar generelt og NRK spesielt.
- 6 Departementet vil vurdera korleis ein kan vareta språklege omsyn innanfor medieverda, særleg i lys av dei nye teknologiske, økonomiske, og drifts- og marknadsmessige rammevilkåra for mediebransjen.
- 7 Departementet vil utforma ein meir kraftfull og systematisk strategi for korleis aktørar innanfor kultursektoren kan vera med på å fremja lesing blant barn og unge.
- 8 Innkjøpsordningane for litteratur utgjør eit fundament i arbeidet for å sikra og fornya norsk språk som eit rikt og levande kulturspråk, og departementet vil byggja ut og supplera eksisterande ordningar.
- 9 Departementet vil leggja vekt på å fremja produksjon og formidling av eit mangfald av språklege uttrykksformer og skjønn- og faglitterære sjangrar som eit bidrag til å sikra at norsk språk generelt og nynorsk spesielt utviklar seg som eit allsidig kultur- og bruksspråk.
- 10 Departementet vil leggja stor vekt på korleis biblioteka kan bidra til å fremja formidling av eit allsidig norskspråkleg tilbod av skjønn- og faglitteratur i begge målformer.
- 11 Departementet vil vurdera korleis digitalisering og ulike former for digital formidling kan bidra til å styrkja sansen for god litteratur og kvalitetane og verdiane i norsk språk og dei to norske skriftkulturane.
- 12 Departementet vil i samarbeid med Utanriksdepartementet fremja norsk språk og norskspråklege uttrykksformer i utlandet, mellom anna gjennom rammevilkåra for omsetjing av norsk litteratur og ordninga med norske sendelektorar ved utanlandske universitet.
- 13 Departementet vil utvikla det fleirkulturelle perspektivet innanfor etablerte tiltaks- og tilskotsordningar på kultursektoren.

8 Språkdyrking – eit korrekt og velfungerande språk

8.1 Språkdyrking og språkpolitikk

8.1.1 Språkdyrking

Både for å fremja det norske språkets status og bruk på alle område i samfunnet og for at språket skal fungera som eit best mogleg instrument for kvar enkelt språkbrukar, må språkpolitikken også handla om språket i seg sjølv.

På same måten som det å utvikla kompetansen hos språkbrukarane også er eit middel for å sikra språkets posisjon i samfunnet, representerer dyrkinga av språket og språkssystemet eit nødvendig grunnlag både for kompetanseutviklinga og det språklege statusarbeidet.

Språkdyrking blir her brukt i ei tyding som er meint å omfatta all aktivitet som rettar seg direkte inn mot sjølve språket, det som med eit meir teknisk faguttrykk gjerne kan kallast for språkets korpus. Det dekkjer i vår samanheng alt frå ulike former for dokumentasjon av språket til normering og språkleg rådgjeving av alle slag, kort sagt alt det som direkte og indirekte kan støtta opp under målet om eit korrekt og velfungerande språk.

Utan at vi held språket vårt i god hevd og legg til rette for at det kan tena som eit funksjonelt og finstemt instrument for tanken, kan vi heller ikkje rekna med å halda oppe respekten for språket hos språkbrukarane. Difor er korpusarbeid og språkdyrking ikkje berre eit mål i seg sjølv, men også ein grunnleggjande føresetnad for å verna om språkets posisjon formelt og kvantitativt. Korpusarbeidet blir indirekte eit verkemiddel også i statusarbeidet.

8.1.2 Språkdyrking i språkpolitikken

Språkdyrking må drivast på mange plan, og i stor grad dreier det seg her om eit spekter av faglege aktivitetar som i seg sjølv ikkje kan utformast og styrast gjennom språkpolitiske vedtak og tiltak.

Viktige aktørar er dei språklege forskingsmiljøa ved universitet og høgskular og dei private bokforlaga som står som utgjevarar av ordbøker og annan språkleg litteratur. Også innanfor statens eige fagorgan i språkspørsmål, Språkrådet, vil dei fleste av dei aktivitetane som har med språkdyr-

king å gjera, i hovudsak vera baserte på eit språkleg fagleg grunnlag.

Overfor desse aktørane vil det frå sentralt statleg hald vera tale om ulike former for medverknad for å leggja til rette nødvendige rammevilkår, særleg av økonomisk og organisatorisk art, mest direkte overfor dei statlege institusjonane, men indirekte til dels også overfor relevante private aktørar.

Jamvel om aktuelle offentlege institusjonar, særleg innanfor universitets- og høgskulesektoren, har eit vidt indre sjølvstyre, er det likevel ein føresetnad at dei har eit bevisst forhold til både språkpolitiske og språklege spørsmål og følgjer opp det faglege ansvaret og dei ulike oppgåvene dei har også på språkfeltet.

Elles vil det også vera eit aktuelt verkemiddel frå statleg side å yta særskild økonomisk støtte til ulike former for språkdyrkingstiltak i offentleg eller privat regi. Døme på dette er statleg støtte til ordboksprosjekt.

Det er også eit spørsmål om og i tilfelle korleis ein offentleg språkpolitikk gjennom ulike verkemiddel kan påverka eller leggja til rette for formåls-tenleg språkdyrking også innanfor sentrale språkdomene som det offentlege sjølv ikkje har direkte styring med, til dømes innanfor viktige delar av medieverda.

Men først og fremst har det offentlege eit ansvar for å innretta si eiga verksemd slik at ho best mogleg lever opp til kravet om god og funksjonell språkbruk. Så lenge det er tale om eiga verksemd, er det også lettare å setja i verk nødvendige tiltak. Mellom anna må arbeidet for eit enklare og meir forståeleg språk i offentleg forvaltning inngå som eit sentralt element i den nye språkpolitikken.

8.2 Språkutvikling og nye språklege kommunikasjonsformer

8.2.1 Språkutvikling

8.2.1.1 Stabilitet og endring

Språk er eit overgripande samfunnsfenomen som lever sitt eige liv. Det har sitt grunnlag i den menneskelege språkevna og blir gjenskappt på nytt og

på nytt ved overføring frå den eine generasjonen til den neste. Det vi kallar morsmålet, er frå først av eit spontant talespråk, og innlæringa skjer nærast som ein automatisert prosess, som eit biprodukt av det grunnleggjande kommunikasjonsbehovet som oppstår i møte mellom barn og foreldre.

Men kvar ny språkbrukar må systematisera språket på nytt. Først får barnet kontroll over dei enklaste reglane, seinare kjem dei meir spesielle og det som vik av frå hovudmønsteret.

Såpass innfløkt som språkbyggnaden er, skal det mykje til at det språket den nye generasjonen lærer seg, er fullt ut identisk med foreldrespråket. I sjølve språkssystemet ligg det såleis eit stadig tildriv til nyregulering, og eit levande språk har dermed alltid i seg ein kime til endring.

I tillegg til slike indre faktorar blir språket også påverka av ytre faktorar. Ikkje minst gjeld det for ordtilfanget, medan grammatikken er meir stabil. Utviklinga i den materielle kulturen med nye reiskapar, oppfinningar, varer og yrke osv. krev nye ord, og gamle ord døyr når tinga dei refererer til, blir avleggse. Tilsvarende skjer som resultat av endringar i den åndelege kulturen. Særleg stor er ordsirkulasjonen i slangspråk.

Men det er også ytre faktorar som held utviklinga i sjakk, som kan forklara at språket ikkje endrar seg meir enn det faktisk gjer. Den konserverande krafta er at språkssystemet fungerer som eit sett av sosiale normer som vi tøyser oss etter i språkinnlæringa.

Visse felles normer er dels nødvendige for at språkbrukarane i det heile skal forstå kvarandre, men minst like viktig er det at vi ofte ønskjer å likna kvarandre, i språket som i andre ting. Det betyr at vi gjerne vil snakka slik som dei vi omgåast, slik som den gruppa vi har vår sosiale identitet knytt til.

8.2.1.2 Språkleg identifikasjon

I det moderne samfunnet, med stor sosial og geografisk mobilitet, blir tradisjonelle identitetsband brotne, og nye identifikasjonsbehov oppstår. Dermed vil den språklege identifiseringsfunksjonen også skapa endringar av språkleg art, både hos enkeltindivid og sosiale grupper.

Ei viktig endring dei siste tiåra er framveksten av eigne til dels isolerte ungdomsmiljø. I det gamle stabile samfunnet med relativt kort skulegang var dei vaksne i mykje større grad enn i dag det språklege førebiletet for ungdommen.

No gjer langvarig skulegang sitt til at færre ungdommar lever i dagleg kontakt med arbeidslivet, og at færre følgjer i fotefara til foreldra. I staden utgjer dei eit eige ungdomsmiljø med sterke

interne bindingar, og då er det identifikasjonen med dette miljøet som blir sterkast, nettopp i språkleg viktige innlæringsår.

8.2.2 Talemålsendringar

8.2.2.1 Lydverket

Språkendringar skjer for ein stor del som generasjonssprang.¹

Eit typisk døme er at mange norske ungdommar i dag har slutta å skilja mellom kj- og sj-lyden; ord som kino og kjole blir uttalte som *sjino* og *sjole*. Enkeltstående døme på slik uttale vart registrert alt på 1960-talet, men førebels finst det knapt 50-åringar som ikkje skil mellom kj- og sj-. Truleg er dette berre eit tidsspørsmål. Språkviktarar meiner at utviklinga kan føra til at *sjino* blir uttalenorma i alt norsk talemål, men at det vil ta lang tid før språket over heile landet eventuelt har gjennomført dette språkdraget, kanskje så mykje som 250 år.

Spreiinga av slike språkdrag kan også stoppa opp, og då oppstår nye dialektgrenser. Til dømes stoppa den nordgåande spreinga av uttalefenomenet tjukk l i si tid ved Hamarøy i Nordland. Slike stabile dialektgrenser kan oppstå på nytt, og gamle grenser kan igjen ta til å flytta på seg, slik det i dag skjer med uttalen skarre-r, som er i ferd med å erobra område der det tidlegare var rulle-r.

8.2.2.2 Regional og sosial utjamning

Endringane i talemålet i dag er prega av regionalisering. Det vil seia at det skjer ei dialektutjamning mellom lokalsamfunna innanfor ein større region. Dialektskilnader som er knytte til ei bygd eller ein by, blir borte til fordel for felles drag.

I slike utjamningsprosessar er det ein tendens til at enkle grammatiske løysingar sigrar over dei meir innvikla. I Trondheim til dømes skilde ein før mellom –e og –a i fleirtal, *alle marken* og *alle visan*, men dei siste tiåra har utviklinga gått i retning av –an i alle ord, og dette fenomenet spreier seg etter kvart til større område.

Lengst i retning av eit felles regionspråk har utviklinga gått på det sentrale Austlandet. Der har ein fått det som ofte blir omtalt som standardaustlandsk, og som er så einsleta at ein knapt høyrer om ein person er frå Kongsberg eller Kongsvinger. Denne fellesdialekten har mange drag frå dei folkelege bymåla, aller mest frå Oslo. Det heiter til dømes *brøyt* der ein før sa *braut*, *kasta* der ein før sa *kaste* i fortid, *vi'kke* for *vil itte*, *såver* for *søv* osv. På det indre Austlandet og i austlandsdalane har ikkje

¹ Framstillinga i kap. 8.2.2 byggjer på Sandøy, Helge 2002.

utviklinga gått så langt. Men i gamle stasjonsbyar og i nye sentrum har det utvikla seg enklavar med sterke standardaustlandske innslag.

Hardast har utviklinga gått ut over dei gamle riksmåltdialektane, det som gjerne vart kalla det høgare talemålet i byane. Vi finn knapt nokon i etterkrigsgenerasjonen i Bergen som seier *någen*, *efter* eller *nu*. Det som før vart oppfatta som vulgære former, har sigra.

I Stavanger har sosietetspronomenet *je* ('eg') problem med å overleva. På Frogner i Oslo er det også mykje mindre av dei lyse a-ane (i for eksempel *gAte*); og *piker* må vika for *jenter* osv. Men samstundes har også gatespråket teke opp i seg nye drag med meir skriftspråksnære former.

Som ei oppsummering av talemålsutviklinga dei siste femti åra kan ein seia at det har vore ein tendens til både regional og sosial utjamning. På mange måtar er dette ein spegel av den geografiske og sosiale utjamninga som har gått føre seg i samfunnet elles. Kontaktflatene har endra seg, og identitetsoppfatningane er annleis – då følgjer språket med.

8.2.2.3 Talestil og dialektfrigjering

Det kan likevel hevdast at grammatikken og kvardagssamtalane ikkje er det som har endra seg mest i norsk talemål dei siste femti åra. Vel så markante endringar kan merkast i talemål og talestil i det offentlege rommet, til dømes dersom vi samanliknar eit fjernsynsintervju på 1960-talet og i dag.

Før sa folk *De* til kvarandre, og både i radio og fjernsyn var skrifa førebiletet for både spørsmål og svar, slik at det heile verka stivt og fjernt samanlikna med det vi er vane med i dag.

Stilforskjellane har også samanheng med den dialektfrigjeringa som skjedde på 1970-talet. Mange fleire fann det naturleg å bruka dialekten sin overalt, i føredrag, i radio og fjernsyn, på talarstolen i Stortinget og på preikestolen.

I dag er likevel dialektlojaliteten neppe den same som for tjuufem–tretti år sidan. Men den uformelle språktonen synest å halda seg, og det kan til dels ha samanheng med at ein direkte og avslappa språkstil har vist seg å ha appell til folk flest, ikkje minst i alle former for marknadsføring.

8.2.3 Nettspråket

8.2.3.1 Nye rammevilkår for språkbruk

Mange er i dag urolege for at informasjonsteknologien i uheldig grad vil påverka språket og språkbruken, slik at tradisjonelle språknormer vil gå meir eller mindre i oppløysing.²

Kommunikasjonsformer som til dømes tekstmeldingar, e-post og pratesider på Internett har til dels gjeve andre rammevilkår for bruk av skriftspråket, og det har utvikla seg ein skrivepraksis som bryt med skriftspråklege spelereglar. Spørsmålet er om dette vil undergrava språket som system og den språkopplæringa som skjer i skule- og utdanningssystemet.

8.2.3.2 Oppløysing av språknormer

Noko av det nye med det vi gjerne kan kalla nettspråket, er at grensene blir viska ut mellom tekst og andre uttrykksmåtar, som grafikk, bilete og lyd. Det går føre seg ein slags leik med språket der uvanlege forkortingar, grafiske verkemiddel, mellom anna såkalla smilefjes i ulike variantar, og uvanleg bruk av skrifteikn og bokstavkombinasjonar er typiske innslag.

Ikkje minst ser ein ofte at det tradisjonelle skillet mellom store og små bokstavar har mista mykje av funksjonen sin i slikt nettspråk, typisk til dømes i e-postadresser.

I sjangeren tekstmeldingar finn vi ofte ei blanding av tradisjonell og utradisjonell språkbruk. Både ord og tekstsekvensar blir ofte forkorta på fantasifulle måtar for at ein skal kunna skriva korte tekstmeldingar. Forkortingane får ikkje sjeldan preg av å vera ein sjargong som berre dei innvigde utan vidare er i stand til å tolka.

Det er i stor grad ein munnleg og uformell stil som smittar over på det skriftlege nettspråket. Uttalen av eit ord blir ofte symbolisert av ein enkelt bokstav, eit ord eller eit tal. Når heile ord blir skrivne med store bokstavar midt inne i ein tekst som elles er med små, kan det vera for å illudera roping eller sterkt trykk. Småord som ikkje er nødvendige for å få fram meininga, blir ofte utelatne.

8.2.3.3 Innslag av engelsk

På pratesider på nettet og i tekstmeldingar er innslaget av engelsk særleg tydeleg, i mykje stor grad som eit naturleg nedslagsfelt for alminnelege haldningar i tida. Mykje brukt er til dømes engelske forkortingar av fleirordsuttrykk, så som «MU» for «miss you» og «PRW» for «parents are watching». Vanlege forkortingar for enkeltord er «C» for «see» og «2» for «too».

Ei norsk undersøking frå 1998 av språket på pratesider viste at språket til ungdom i alderen 16–19 år inneheldt ca. 2,25 prosent engelske ord, av desse 1 prosent dataord.

² Framstillinga i kap. 8.2.3 byggjer på Utne, Ivar: Nettspråket, i Johnsen, Egil Børre 2002.

Til samanlikning har andre undersøkingar vist 0,1 prosent engelske lånord i skjønnlitteratur og 1,65 prosent i moteblad. Av dei namna brukarane gav seg sjølve på pratesidene, var elles tredjepar- ten engelske ord, så som ANGEL, HEART og MAN U.

8.2.3.4 Krav til språkmeistring

Men jamvel om nettspråket i mange tilfelle er prega av munnleg og utradisjonell språkbruk som bryt med skriftspråklege normer, skal vi ikkje overdriva omfanget av og den negative påverkna- den frå slik avvikande språkbruk.

Ikkje minst Internett er jo i høg grad fylt opp av tekststar med tradisjonelt skriftspråk. Dette er ofte vanlege dokument som også kan finnast i papirut- gåve. Nettet gjer sitt til at mange fleire får lettare til- gang til større delar av ein variert skriftkultur, jam- vel om ikkje alt som finst på nettet, er kvalitetssikra på same måte som tilfellet tradisjonelt er med trykte skrifter.

Ved at nettet er ein ny tekstbasert informa- sjonskanal i tillegg til dei tradisjonelle, kan det også henda at dette er med på å heva lesekompe- tansen hos folk flest.

Dei krav til kort og kompakt uttrykksmåte som nettmedia ofte stiller, kan også vera ein pådrivar for betre skrivedugleik hos folk flest.

Og straks vi ser bort frå pratesider og tekstmel- dingar, stiller datateknologien også strenge krav til rett stavemåte, for ved tekstsøking på Internett er rettskrivinga viktig. Ein finn ikkje dei opplysnin- gane ein er ute etter dersom ein feilstavar søkje- orda. Og det går heller ikkje alltid greitt å finna fram med søkjeprogram om det er feilstava ord i dei dokumenta ein leitar etter.

Det blir meir og meir klart at den som ikkje meistrar datateknologien, kjem til kort i dagens samfunn. Men ein viktig føresetnad for å få fullt utbytte av teknologien er at folk også meistrar skriftspråket betre enn før.

8.2.3.5 Demokratisering av skriftspråksbruken

Det vil finnast mykje skriftspråklege feil og mang- lar når så mange tek nettet i bruk. Skrivefeil på net- tet blir då også ekstra godt synlege, og dette kan gje inntrykk av at det i dag står generelt dårlegare til med skrivekompetansen enn tidlegare.

Men det er ikkje nytt at store delar av befolk- ninga bryt offisielle rettskrivingsreglar. Dessutan er det eit faktum at folk fram til internettalderen skreiv mindre enn i dag – om dei skreiv i det heile

– slik at måten folk skreiv på, har vore mindre syn- leg enn no.

Det må seiast å vera eit framskritt at ein så stor del av befolkninga gjennom nettet tek skriftspråket i bruk. Slik sett har nettmedia vore med på å gjera skrivning meir alminneleg, og dermed kan det hev- dast å ha skjedd ei demokratisering av skrift- språksbruken i samfunnet.

8.2.3.6 Oppsummerande vurdering

Det er vanskeleg å vita kva følgjer det alt i alt vil få for språkutviklinga at ulike nettmedium har teke over så mykje av den skriftspråklege kommunika- sjonen i samfunnet.

Det lèt seg neppe gjera på same måten som før for tradisjonelle språkautoritetar i samfunnet å leg- gjå premissane for korleis språket og språkbruken vil utvikla seg. Dette gjer mellom anna at tradisjo- nell språknormering og språkrøkt blir stilt på nye prøver.

Når det er snakk om nettmedium for personleg kommunikasjon innanfor ein slutta krins, slik som e-post og prategrupper, er det vanskeleg for det offentlege å gjera noko som direkte kan påverka den språklege kvaliteten. Det same gjeld også for blandingsformer mellom personlege og allment til- gjengelege kommunikasjonsmåtar som blogging.

I *Norsk i hundre!* er det likevel peikt på at lett til- gang til elektroniske ordbøker og andre språkres- sursar vil gjera sitt til å heva den språklege standar- den på mange nettsider.

Strategigruppa meiner at når det er tale om all- menne nettmedium som nettaviser, informasjons- bankar og søkjetenester, bør ein kunna venta av dei som har redaksjonsansvaret, at dei også legg vekt på å sikra språkleg kvalitet i det dei publiserer. Dette er allmenne lesemedium, og ein bør kunna stilla dei same kvalitetskrav som for vanlege aviser, tidsskrift og bøker.

8.3 Språkleg dokumentasjon

8.3.1 Verdien av språkleg dokumentasjon

Alle språk som skal haldast i hevd og utvikla seg som levande kulturspråk, må kunna støtta seg på ein solid dokumentasjon av den språklege tradisjo- nen og av korleis språket blir brukt i samtida. Ikkje minst er dette eit nødvendig grunnlag for språk- forskning og språkopplæring, men også for arbeidet med standardisering og normering av språket. Det har også mykje å seia for å gje språket status at det er vel dokumentert på ulike vis.

Verdien av språkleg dokumentasjon har også samanheng med at språket er ein så viktig del av kulturarven vår. Til dømes representerer gammalt ordtilfang eit uvurderleg kjeldemateriale for studiet av den indre språkhistoria og av tilhøvet mellom vårt eige språk og tilgrensande eller fjernare språk. I tillegg kan det fortelja mykje om den vidare kultur- og samfunnsutviklinga. I dag er dokumentasjon av språk i form av digitale språkressursar dessutan eit grunnlag for all slags språkteknologisk forskning og utvikling.

Å dokumentera korleis norsk språk har vore brukt i mellom anna skjønnlitteratur og sakprosa i fjern og nær fortid, og korleis det i dag blir brukt i ulike samanhengar, både skriftleg og munnleg, er i seg sjølv ei stor kulturoppgåve og ei viktig nasjonal oppgåve. Eit språk som skal vernast og styrkjast, som skal stå imot eit ytre press som i dag kanskje er sterkare enn på lenge, må ikkje minst kunna støtta seg på ein solid dokumentasjon. Her står ordbøker og elektroniske ordbasar heilt sentralt. I dag ligg Noreg på dette området etter mange andre land, både dei næraste nordiske grannelanda våre og fleire andre nasjonar.

8.3.2 Generelt om språksamlingar

8.3.2.1 *Innhald og organisatorisk status*

Ein viktig del av grunnlaget for dokumentasjonen av norsk språk, til dels også samisk og kvensk, er ulike typar språkmateriale som er samla gjennom åra, særleg knytt til universiteta, men også til dels utanfor desse sentrale forskingsmiljøa. Det dreier seg her om verdifulle forskings- og dokumentasjonsressursar som er bygde opp over fleire generasjonar.

Nokre av desse samlingane kan identifiserast gjennom namn som også indikerer ein eigen organisatorisk status på nasjonalt nivå, så som Norsk målførearkiv, Norsk stadnamnarkiv, Norsk folke-minnesamling og Runearkivet. Men dette er berre ein del av det heile.

Samlingane består først og fremst av papirbasert materiale i form av manuskript, katalogar, hefte, bøker og arkivkort, men også ein del tale-målsmateriale på lydband og grammofonplater.

8.3.2.2 *Evaluering av dei universitets- og høgskulebaserte samlingane*

Situasjonen for dei universitets- og høgskulebaserte samlingane er omtalt i ein rapport frå mars 2007³ frå eit utval oppnemnt av Noregs forskings-

råd for å følgja opp ein tidlegare evalueringsrapport frå 2005⁴ om forskning i norsk språk og litteratur ved universitet og høgskular. Her heiter det at tilhøva rundt desse samlingane gjev grunn til uro, men at digitalisering av papirbasert materiale også opnar for både nye utfordringar og nye måtar å utnytta materialet på.

Mykje namnemateriale vart digitalisert i Dokumentasjonsprosjektet ved universiteta på 1990-talet. Ein god del leksikografisk og språkhistorisk materiale er digitalisert som ledd i det store ordbokprosjektet Norsk Ordbok 2014.

Dei omtalte utfordringane er dels at det i dag ikkje skjer tilsvarande systematisk digitalisering av nyare materiale, at ikkje bokmålsmateriale og ordtilfang frå gammal- og mellomnorsk tid er vorte digitalisert tilsvarande dialekt- og nynorsktilfanget, og at det også er uklart kva som vil skje med det sistnemnde materialet når prosjektet Norsk Ordbok blir avslutta i 2014.

Rapporten reiser også spørsmål om vidare forvaltning av sikring av det materialet som enno ikkje er digitalisert, og generelt om rammevilkåra for arbeidet med oppbygging og forvaltning av samlingar, arkiv og digitale korpus.

I rapporten gjer oppfølgingsutvalet framlegg om at dei aktuelle institusjonane vurderer å ta initiativ til eit samarbeid om eit felles lyft for å modernisera det tradisjonelle samlingsarbeidet i eit nasjonalt digtalkorpus. Utvalet kastar fram tanken om ei nasjonal reorganisering av samlingsfunksjonane, ved at dei blir tekne ut av instituttstrukturen og flytta over i det dei kallar eit nasjonalt arkivverk.

8.3.2.3 *Andre vurderingar av samlings- og digitaliserings situasjonen*

Departementet er kjent med at delar av det samlingsmaterialet som er digitalisert, ikkje er lagde til rette for forskning og formidling, og at det også her står att mykje arbeid å gjera.

Det synest å vera eit problem at dei digitaliseringstiltaka som er gjorde, ofte ikkje har vore samkøyrd, slik at resultatet er vorte fragmentering av dei digitale ressursane. Dette er ei av erfaringane som er gjorde av ei prosjektgruppe med basis ved Universitetet i Bergen som førebur eit stort forskingsprosjekt om norsk språkhistorie frå dei første kjeldene fram til i dag.

Ei førebuande kartlegging viser at språksamlingane ved universiteta er i svært ujamn tilstand, at dei ikkje alltid har hatt forsvarlege oppbevaringsforhold. Det er også døme på at innsamla materiale

³ Andersen, Per Thomas et al. 2007

⁴ Gunnarsson, Britt-Louise et al. 2005

er øydelagt. Det synest å vera lang veg fram til fullførd digitalisering og tilgjengeleggjering av det som finst.

Departementet er kjent med at prosjektgruppa har teke kontakt med aktuelle faginstittutt ved dei andre universiteta for å få vurdert utsiktene til å kunna byggja opp eit felles nasjonalt digitalt dialektarkiv.

8.3.2.4 Oppsummerande vurdering

Dokumentasjon av norsk språk er ei permanent, nasjonal oppgåve. Gode, oppdaterte samlingar er ein føresetnad for forskinga.

Dei spørsmåla som er drøfta ovanfor, ligg i utgangspunktet utanfor det som er eit direkte sektoransvar for Kultur- og kyrkjedepartementet.

Som ledd i ein meir aktiv, sektorovergripande språkpolitikk vil departementet likevel ta opp desse spørsmåla med involverte aktørar med sikte på å få eit samla oversyn over situasjonen som grunnlag for ei overordna nasjonal løysing.

Det vil mellom anna vera naturleg å sjå spørsmålet om dokumentasjon av norsk språk og norske språksamlingar i samheng med den satsinga på digitalisering av dokumentasjons- og kulturarvsmateriale som elles går føre seg med basis i institusjonar innanfor arkiv-, bibliotek- og museumssektoren.

Regjeringa vil presentera ein strategi for digital bevaring og tilgjengeleggjering av slikt materiale i ei eiga stortingsmelding som etter planen skal leggjast fram hausten 2008. Strategien vil omfatta institusjonar både i kultursektoren og i universitets- og høgskulesektoren. Dokumentasjon av norsk språk og norske språksamlingar vil inngå som eitt av mange faglege tema i ein slik overordna strategi og vil kunna behandlast nærare som ledd i oppfølging av digitaliseringsmeldinga.

8.3.3 Spesielt om innsamling av stadnamn

8.3.3.1 Å hindra eit omfattande kulturtap

Ei av dei samlingane som er nemnde ovanfor, er Norsk stadnamnarkiv, og det kan vera grunn til å sjå noko nærare på temaet stadnamn, både som eit døme på meir generelle problemstillingar, og fordi det her er eit meir spesielt spørsmål som kanskje blir sett ekstra på spissen.

Det spesielle er at store mengder gamle stadnamn som til no ikkje er systematisk samla inn og registrerte, representerer ein kunnskapsbase som kan gå i gløymeboka etter kvart som dei personane som har kjennskap til dei, fell ifrå. Dette vil i så fall bety eit uerstatteleg kulturtap. Her er det altså

ikkje berre, og ikkje først og fremst, tale om å ta vare på og å digitalisera materiale som alt finst i samlingar og arkiv, men like mykje eit spørsmål om nødvendig nyinnsamling for å sikra ein kulturarv som elles står i fare for å gå tapt for alltid.

8.3.3.2 Verdien av bevarte stadnamn

Utviklinga frå det agrare til det stadig meir urbane samfunnet og overgangen til maskinelle driftsformer innanfor primærnæringane gjer at det tette nettet av stadnamn til lands og til sjøs ikkje er i levande bruk slik som før.

Framvoksteren av ein allmenn skriftkultur og eit stadig meir skriftbasert talemål har dessutan redusert dei tradisjonelle talemåla si stilling som kommunikasjonsform. Vi har dermed fått andre standardar for munnleg overlevering og munnleg kommunikasjon. Sjølv om store delar av folket framleis nyttar dialekt, har terminologien endra seg.

Resultatet av alt dette er at overføringa av namn og termar frå ættledd til ættledd har stansa opp dei to–tre siste generasjonane, og ei mengd tradisjonsstoff har alt vorte borte saman med dei siste berrane.

I levande bruk er stadnamn først og fremst språklege uttrykk, munnlege eller skriftlege, som gjer oss i stand til å skilja mellom ulike lokalitetar. Slik har dei stor praktisk interesse på kart, skilt, vegvisarar og andre stader. For Statens kartverk og Stadnamntenesta i staten er eit godt utbygd og vitskapleg påliteleg stadnamnmateriale ein føresetnad. Det er ikkje sjeldan at namnekonsulentane opplever at det manglar opplysningar om uttale og bakgrunn for namna. Også dette tilseier at det er viktig å byggja opp namnesamlingane vidare.

Stadnamn er dessutan historiske dokument som fortel om natur- og kulturtilhøve i det området dei er henta frå. Eit detaljert stadnamntilfang frå eit område gjer dermed at ein kan lesa den menneskelege bruken av området gjennom ulike historiske lag.

I den reviderte lova om stadnamn som tok til å gjelda frå 1. august 2006, er det uttrykkjeleg slått fast at ein del av formålet med lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne. Det som gjer stadnamn særleg viktige som språklege kulturminne, er at dei er knytte til visse punkt, linjer eller område i landskapet, og at dei inneheld informasjon om korleis namngjevarane opphavleg oppfatta lokaliteten på den tida namnet vart til. Dei representerer dermed viktige informasjonsbitar av fortida i det aktuelle området.

Mange stadnamn har dessutan ei alderdomleg språkform som til dels ikkje lenger er i levande bruk i talemålet. Stadnamn er såleis verdifullt språkleg tradisjonsstoff både med omsyn til innhald og form.

Stadnamn er også ein del av ein munnleg tradisjon som Noreg har teke på seg eit særskilt ansvar for gjennom ratifikasjon av UNESCO-konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven. Konvensjonen av 17. oktober 2003 som Noreg ratifiserte 17. januar 2007, omfattar etter artikkel 3 mellom anna munnlege tradisjonar og uttrykk, under dette språk som eit uttrykksmiddel for immateriell kulturarv. Som relevante vernetiltak nemner konvensjonen mellom anna kartlegging, dokumentasjon, forskning og bevaring.

8.3.3.3 Tidlegare innsamling av stadnamn

Heilt frå Norsk stadnamnarkiv vart grunnlagt i 1921 og fram til om lag 1990, har det gått føre seg ei systematisk innsamling av norske stadnamn. Fram til andre verdskrigen var innsamling gjennom skulebarn ein berebjelke, men innsamlingsarbeid vart også utført av hovudfagsstudentar og vitenskapleg tilsette ved Stadnamnarkivet. Dette sistnemnde innsamlingsarbeidet heldt fram i stor stil etter krigen, og mykje vart også samla inn av hovudfagsstudentar som valde namnegransking som emne for hovudoppgåva si.

Etter kvart som universiteta i Bergen, Trondheim og Tromsø vart skipa, har det også ved desse institusjonane skjedd vitenskapleg basert innsamlingsarbeid. Likeins har det ved det som var distriktshøgskulane i Rogaland og Møre og Romsdal vore mykje innsamlingsarbeid, dels finansiert av institusjonane sjølve, dels av fylkeskommunane. I Nordland fylke har eit omfattande innsamlingsarbeid skjedd i regi av Arkiv Nordland, og ikkje minst i Sogn og Fjordane er det bygd opp omfattande samlingar i stor grad på grunnlag av lokalt innsamlingsarbeid.

Det er da også Vestlands-fylka og Nordland som i dag er best dekte med stadnamnsamlingar. På Austlandet og Sørlandet er det utført djupinnsamling i mange enkeltkommunar, men delar av Austlands-området og heile Trøndelag, Troms og Finnmark har store hol i samlingane. Dei samlingane som finst, har varierende kvalitet når det gjeld opplysningar om uttale og lokale tilhøve, også når det gjeld heimfesting og kartfesting.

Fordi dei namnefaglege miljøa ikkje har hatt kontroll med alt innsamla materiale, er det også verdifullt tilfang som er kome bort. Det gjeld mellom anna primærlistene til innsamlinga av namn på

Økonomisk kartverk, og det gjeld ikkje minst tilfang på private hender.

Den siste store stadnamninnsamlinga gjekk føre seg frå midten av 1980-talet, utført av unge arbeidsledige og administrert av kulturkontora i kommunane med fagleg tilsyn frå dei aktuelle institusjonane.

8.3.3.4 Innsamlingssituasjonen i dag

Det har vore rekna ut at det finst, eller har funnest, fem–seks millionar stadnamn her i landet, og berre ein liten del av dei er samla og registrert ved dei sentrale og regionale stadnamnsamlingane.

Etter 1990 har det ikkje vore råd å finansiera nemnande innsamlingsarbeid, og det som likevel er samla, har skjedd i regi av interesserte amatørar under ei viss rettleiing frå vitenskapleg personale ved universitet og høgskular.

8.3.3.5 Oppsummerande vurdering

I kulturmeldinga frå Bondevik II-regjeringa heitte det at departementet ville ta initiativ til ei kartlegging av kva som er samla inn av gamle stadnamn her i landet, og vurdere behovet for eit meir systematisk innsamlingsarbeid. Det heitte også at departementet ville vurdere om det nye kompetansesenteret for norsk språk, dvs. Språkrådet, ville kunna ta på seg å koordinera desse oppgåvene.

Ettersom Språkrådet har vore inne i ein langvarig omdanningsprosess med fleire store utfordringar, har departementet ikkje funne grunnlag for å leggja endå ei oppgåve til denne institusjonen i denne fasen. Språkrådet har heller ikkje tilsette med namnefagleg kompetanse og erfaring med innsamling, arkivering og formidling av namn.

Dette inneber at det no hastar med å koma fram til ei løysing i spørsmålet om innsamling av stadnamn, og det hastar også med å få sentralt oversyn over materiale som er samla inn lokalt for å hindra at det skal gå tapt.

I første omgang kan det vera aktuelt å setja av midlar til eit prosjekt for å registrera og kvalitetsvurdere dei stadnamnsamlingane som finst rundt om i landet, både i ulike samlingar og arkiv og på private hender.

Departementet vil elles vurdere om det bør gjennomførast ei større utgreiing om den vidare innsamlingspolitikken og tilgrensande spørsmål. Det er i så fall aktuelt å sjå på om ei slik utgreiing bør femna vidare enn berre stadnamn. Heile situasjonen for dokumentasjon av norsk språk og for dei ulike språksamlingane som er behandla i førre avsnitt, vil kunna vera eit naturleg utgangspunkt

for ei nærare avgrensing av mandatet for ei eventuell slik utgreiing.

8.3.4 Ordbøker og andre leksikalske oppslagsverk

8.3.4.1 Ordbøker og leksika

Alle former for ordbøker og leksikalske oppslagsverk utgjer ein viktig del av den totale skriftkulturelle infrastrukturen i eit språksamfunn. Alt dette er på sitt vis med på å styrkja skriftkulturen spesielt og nasjonalspråket generelt.

Rett nok er ikkje nemningane ordbøker og leksika nødvendigvis uttømmende referansar for alle dei sjangervariantane og boktypane som med større eller mindre rett kan gjera krav på å tilhøyra det vi her har kalla den skriftkulturelle infrastrukturen.

Det går heller ikkje an å trekkja noko skarpt skilje mellom leksikonet og ordboka. Fellestrekket er at det dreier seg om kunnskap som er organisert på systematisk måte gjennom oppslagsord som følgjer etter kvarandre i alfabetisk orden. Medan ordboka inneheld meir eller mindre omfattande kunnskap om orda sjølve, er leksikonet ei kjelde til kunnskap om dei tinga, fenomena eller saksforholda som orda refererer til.

8.3.4.2 Leksika

Det er ei kjend sak at vi i Noreg har ein særleg sterk tradisjon når det gjeld leksika. Leksikonverk, som regel i fleire band, har det funnest mange av, og dei har til vanleg vist seg å vera ei god inntektskjelde for forlaga. Interesse for leksikalsk kunnskap har på mange måtar vist seg å vera noko av eit norsk særkjenne; nordmenn har lege i europatoppen som leksikonoppslåande folkeferd dei siste tretti åra. Marknaden for leksikalske verk har syntest uutømmeleg.

Slik er det ikkje utan vidare i dag. Éin ting er at mykje kunnskap i dag er flyktigare enn før; det som var uomtvistelege fakta i går, er ikkje nødvendigvis gyldig kunnskap i dag. Kunnskapsutviklinga går jamt raskare framover. Éin annan ting er at særleg Internett har vist seg å fungera som ein konkurrent på kunnskapsmarknaden.

På Internett finst rett nok eit vell av informasjon om det meste, men all slik informasjon er ikkje nødvendigvis det same som redigert informasjon. Det som finst på nettet, er kvalitetssikra i ulik grad. Difor treng vi også i dag og for framtida nasjonale kunnskapsbasar som er kvalitetssikra på ein måte som gjer at vi kan stola meir på den informasjonen som der finst.

Kunnskapsutviklinga i landet vårt er avhengig av slike kunnskapsbasar, men dei har også ein viktig funksjon i å halda i hevd eit norsk språk som er fullverdig oppdatert i takt med kunnskapsutviklinga. Eit livskraftig nasjonalleksikon, som i dag må finnast i digital grunnform, er ein nødvendig del av ein språkleg infrastruktur for framtida.

Eit nasjonalleksikon er i seg sjølv ein kulturinstitusjon. Han består av handplukka ekspertar og fagforfattarar frå alle tenkjelege fagmiljø i landet, og det er dermed desse fagmiljøa som går god for heile spekteret av fagleg spesialisert informasjon som på same tid er framstilt på norsk, i eit språk som alle skal kunna forstå, utan at dei på nokon måte er ekspertar sjølve.

Departementet legg til grunn at eit livskraftig digitalt nasjonalleksikon er eit viktig instrument for å sikra norsk språk som formidlingsspråk for fagfolk, fagforfattarar, skuleelevar og studentar. Eit kjenneteikn ved eit slikt nasjonalleksikon er at apparatet av omgrep og vokabular i dei ulike faga blir røkta av spesielt utpeikte fagansvarlege ekspertar med sans også for dei språklege krav.

8.3.4.3 Tospråklege ordbøker

Eit hovudskilje når det gjeld ordbøker, går mellom dei eittspråklege på den eine sida og dei to- eller fleispråklege på den andre sida.

Tospråklege eller fleispråklege ordbøker er ordbøker som forklarar og definerer ordtilfanget mellom ulike språk. For alle som har norsk som morsmål og skal læra seg eit framandspråk, er ei ordbok mellom norsk og vedkomande språk nærast eit uunnverleg hjelpemiddel.

Til skulebruk finst det stort sett eit tilfredsstillande tilbod av tospråklege ordbøker, i alle fall for dei største og mest skulerelevante framandspråka. Derimot manglar vi oppdaterte, større ordbøker mellom norsk og sentrale framandspråk som fransk, italiensk og spansk. Likeins skortar det på gode ordbøker mellom dei skandinaviske språka. Ordbøker mellom norsk og smalare europeiske språk er eit endå større mangelområde, for ikkje å nemna mellom norsk og ikkje-europeiske språk.

Her ligg store utfordringar for framtida. I utgangspunktet er dette ei forlagsoppgåve, men mange ordbokprosjekt av dette slaget har ikkje noko stort innteningspotensial, og finansieringa er ofte eit hovudproblem.

Tospråklege ordbøker er utan tvil ei rikdomskjelde for norsk språk ved at det sentrale ordforrådet i språket vårt på den måten blir definert i høve til så mange andre språk som råd er. Det kastar nytt lys over norske ord og uttrykk når vi kan rela-

tera dei til ord og uttrykk i andre språk, for relasjonane mellom ord og ordtydingar i ulike språk er noko langt meir komplekst enn eit ein-til-ein-forhold.

Tospråklege ordbøker mellom norsk og flest moglege framandspråk vil gjera norsk språk lettare tilgjengeleg for ein større del av omverda, for ein større kulturkrins. Det vil føra til større merksemd om norsk språk og dermed vera med på å gje norsk språk høgare internasjonal status.

Tospråklege ordbøker etablerer eit direkte samband mellom norsk og vedkomande framandspråk. Dei legg grunnlaget for språkkontakt og kulturutveksling utan at ein treng å gå omvegen om engelsk eller eit anna felles framandspråk. Tospråklege ordbøker vil gjera det lettare å omsetja mellom norsk og vedkomande framandspråk. Ikkje minst vil dei stimulera til at nordmenn lærer seg eit større spekter av framande språk. Tilsvarende vil dei vera eit uunnverleg hjelpemiddel for opplæring i norsk språk i utlandet.

8.3.4.4 Eittspråklege ordbøker

Av eittspråklege ordbøker, dei som for vårt vedkomande konsentrerer seg om norsk språk åleine, finst det mange slag. Eit hovudskilje kan seiast å gå mellom allmennordbøker og spesialordbøker.

Blant spesialordbøker kan vi rekna terminologiske ordbøker, dei som definerer spesialtermar innanfor eit fagspråk. Men det kan også tenkjast andre typar spesialordbøker, til dømes etymologiske ordbøker, stilordbøker, uttaleordbøker og framandordbøker.

I eit framtidig arbeid med å dokumentera norsk språk og norsk skriftkultur er det behov for å utvikla fleire slike spesialordbøker. Her står alt i alt mykje att å gjera dersom vi samanliknar situasjonen i Noreg med det tilbodet av slik ordboklitteratur i fleire større kulturland.

Dersom vi held oss til dei meir tradisjonelle sjangrane innanfor det vi kan kalla allmennordbøker, kan vi elles grovt sett operera med ei tredeling, utan at det går skarpe grenser mellom dei ulike kategoriane.

Det første og enklaste nivået er ordbøker med hovudvekt på rettskriving, mest typisk ordlister til skulebruk. Her kjem talet på oppslagsord til vanleg ikkje over 30 000.

Det andre nivået er eittbands definisjonsordbøker, gjerne omtalte som handordbøker. I tillegg til å visa korleis orda skal stavast og bøyast, gjer dei også informasjon om kva orda tyder, supplert med praktiske bruksdøme, og elles opplysningar om ordhistorie og faste ordsamband med forklaringar.

Desse to kategoriane kjem vi nærare inn på under kap. 8.4.4 nedanfor i samband med behandlinga av rettskrivingsspørsmålet.

8.3.4.5 Generelt om dokumentasjonsordbøker

Også rettskrivings- og dei enkle definisjonsordbøkene har til ein viss grad ein dokumentasjonsfunksjon.

Men det er dei store, vitskaplege ordbøkene som her er grunnleggjande, og som ofte fungerer som kjelde- og referanseverk for dei mindre ordbøkene. Dokumentasjonsordbøkene er ikkje primært rettskrivingsordbøker, men har først og fremst til formål å forklara og eksemplifisera kva orda tyder, og korleis dei blir brukte.

Dokumentasjonsordbøkene er eit særleg viktig og allment tilgjengeleg resultat av språkleg dokumentasjonsarbeid. Dei representerer den mest avanserte kategorien av ordbøker. Allmenne dokumentasjonsordbøker er vitskaplege ordbokverk i fleire band, som regel med fleire hundre tusen ord og fleire og fyldigare opplysningar om dei enkelte orda enn det som er vanleg i andre slags ordbøker.

8.3.4.6 Langsiktige prosjekt av høg kulturell verdi

Bak dei store vitskaplege ordbokverka ligg det som regel eit omfattande arbeid av høgt kvalifiserte fagfolk. Mykje slikt språkleg dokumentasjonsarbeid har vore drive fram av eit fåtal fagpersonar, til dels ved sida av anna fagleg arbeid, delvis også som ubetalt arbeid på fritida.

Uavhengig av korleis arbeidet blir finansiert, er det her tale om investering i eit produkt som har stor kulturell og vitskapleg verdi, ein verdi som ikkje minkar ved bruk, men som tvert imot vil stå seg langt fram i tid, og som seinare dokumentasjon av den framtidige språkutviklinga kan byggja vidare på. For eit språk og ein skriftkultur har slikt ordbokarbeid ein uvurderleg verdi.

Like fullt har det vist seg svært krevjande å finansiera slike ordbokprosjekt. Det dreier seg om ei form for grunnforskning som til vanleg ikkje kan rekna med å gje kortsiktig gevinst rekna i kroner og øre. Arbeidet er langsiktig, og salspotensialet for dei ferdige bøkene er heller lite.

Både prosjektstorleiken, til dels mangel på kvalifiserte fagfolk og problemet med å finansiera arbeid som dette har tradisjonelt ført til at slike dokumentasjonsprosjekt har pågått i generasjonar. Å få fullført slike vitskaplege ordbokverk har vore samanlikna med å byggja gotiske katedralar.

Til illustrasjon kan nemnast at Svenska Akademiens ordbok, som kan skriva historia si attende til 1787, enno ikkje er i mål. Arbeidet kom i gang tid-

leg på 1800-talet, men det første heftet kom ikkje ut før i 1893, og det første heile bokbandet låg føre fem år seinare. I 2007 var ein kome så langt i alfabetet som til midt i bokstaven T.

Svenska Akademiens ordbok er eit historisk ordboksverk som dokumenterer all skriven svensk frå 1521 til våre dagar. Det finst berre tre andre ordbokverk over germanske språk som i storleik kan jamførast med Svenska Akademiens ordbok. Det er *Deutsches Wörterbuch*, *Woordenboek der Nederlandsche Taal* og *The Oxford English Dictionary*.

I dag kan slikt ordbokarbeid effektiviserast monaleg ved å leggja tekstmateriale og ordstoff inn i elektroniske databasar og behandla og redigera det ved hjelp av språkteknologiske metodar. På midten av 1980-talet rekna ein såleis med at Svenska Akademiens ordbok kunne fullførast i 2045, men etter at ein i 1993 gjekk over til elektronisk redigering, reknar ein no med at sluttstrek kan setjast i 2017.

Ordboksmaterialet kan også gjerast elektronisk tilgjengeleg over nettet, og difor er det ikkje sikkert at resultatet av dokumentasjonsarbeidet i framtida nødvendigvis vil bli spreidd i bokform, og i alle fall ikkje berre i bokform. Oppbygging av elektroniske orddatabasar gjer også at materialet lettare kan gjerast tilgjengeleg etter kvart som arbeider skrivar fram, i staden for at ein må venta til heile verket er fullført, eller i alle fall til eit nytt band kan gjevast ut.

8.3.4.7 Ordboksituasjonen i Noreg jamført med andre land

At eit språk eller ei språkform blir grundig utforska og dokumentert, må seiast å vera noko av det som er med på å gje det prestisje og status. Men her er det nok også ein veksilverknad. Eit språk som alt har stor prestisje og høg status, kan slik sett vera lettare å få dokumentert gjennom slike ordbokprosjekt enn språk med lågare status.

Både når vi ser på ordboksituasjonen generelt og sjangeren dokumentasjonsordbøker spesielt, kan vi ikkje seia at Noreg høyrer med blant dei mest velutvikla ordboklanda. Til dels må nok dette sjåast i samheng med at norsk har ein kortare samanhengande skriftspråkstradisjon enn både dansk og svensk, for ikkje å snakka om store europeiske kulturspråk som engelsk, tysk og fransk.

Når det gjeld dokumentasjonsordbøker, kan her nemnast at til dømes Danmark har to fullførte ordbokverk. Det største, *Ordbog over det danske Sprog*, dekkjer dansk språk frå ca. 1700 til 1950, kom ut i 28 band i perioden 1918–56 og er i dag supplert med fem nye band som vart utarbeidde i

perioden 1956–2004. Og så har Danmark i tillegg eit nyare verk som dokumenterer moderne dansk språk. Det er seksbandsverket *Den danske ordbog*, som kom ut i perioden 2003–2005.

Men når vi samanliknar med grannespråka våre, svensk og dansk, må vi også sjå i auga at vi her i landet har ein meir innfløkt språksituasjon å dokumentera, med to offisielle skriftmål, ofte med fleire alternative skrivemåtar og bøyingsformer, i tillegg ein uoffisiell riksmålsvariant, dessutan eit stort spekter av ulike målføre.

Når det nettopp gjeld målføra, dialektane, står likevel Noreg på mange måtar i ei særstilling i dokumentasjonssamheng. Det har samheng med at ein innanfor den nynorske tradisjonen reknar talemålet som ei like god kjelde for nytt ordtilfang som skrift. Dei store ordbokverka for svensk og dansk inneheld såleis stort sett ikkje opplysningar om talemål. Dette representerer ein markert skilnad jamført med det største ordbokprosjektet som vi har gåande her i landet for tida, kalla Norsk Ordbok 2014.

8.3.5 Spesielt om Norsk Ordbok

8.3.5.1 Stutt historisk riss

Dei første planane for dette ordbokverket går attende til slutten av 1920-åra. Ambisjonen var å gje ei uttømmende framstilling av ordtilfanget i norske dialektar og nynorsk skriftspråk. Prosjektet fekk difor undertittelen *Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*.

I 1930- og 40-åra vart det arbeidd fram eit grunnmanus samanredigert av eldre nynorske ordsamlingar og ordbøker, og det er i tillegg bygd opp eit omfattande ordarkiv basert på både munnlege og skriftlege kjelder. Dette omfattar i dag om lag 3,2 millionar setlar.

Den første fullførte delen av *Norsk Ordbok* var eit hefte som kom ut i 1950, medan det første heile bokbandet, på 750 sider, tilsvarande fem hefte, låg føre i 1966 og det andre i 1978. Då var ein ikkje komen lenger enn halvvegs i bokstaven f.

Ambisjonane for verket hadde vakse undervegs, og ressursane var små. Då tredje bandet kom ut i 1994, gjekk dei vidare planane ut på at verket i alt skulle omfatta tolv band, men det var små utsikter til å få eit så stort arbeid fullført i ei overskodelig framtid.

Dette var bakgrunnen for at Kulturdepartementet i St.meld. nr. 22 (1999–2000), meldinga om arkiv, bibliotek og museum, tok til orde for ei monaleg opptrapping av ressursinnsatsen til Norsk

Ordbok og sette som mål at verket skulle fullførast til 200-årsmarkeringa for Grunnlova i 2014.

Norsk Ordbok hadde fått diverse statstilskot heilt sidan 1929, men frå 1987 vart dette auka gjennom eit øyremerkte tilskot over kulturbudsjettet, som første året var på 0,8 mill. kroner, og som i 2001 var kome opp i nærare 1,7 mill. kroner.

8.3.5.2 Reorganisering av prosjektet og opptrapping av den statlege innsatsen

Omtalen av Norsk Ordbok i meldinga frå 1999 var basert på nye initiativ og nye planar med sikte på monaleg effektivisering og påskunding av arbeidet. Dette vart seinare følgt opp gjennom eit særskilt forprosjekt og etter kvart konkretisert i form av detaljerte framdrifts- og gjennomføringsplanar innanfor ramma av ein særskild prosjektorganisasjon under leiing av ein prosjektdirektør.

Dette la grunnlaget for at departementet kunne trappa opp statstilskotet, først med 5 mill. kroner frå 2002 og seinare med nesten like mykje fordelt over åra 2005 til 2007. For 2008 er det lagt på endå 1,5 mill. kroner. Inkludert prisomrekning over åra er det samla tilskotet over kulturbudsjettet for 2008 kome opp i 13,6 mill. kroner. Tilskotet over kulturbudsjettet går uavkorta til å dekkja lønnskostnader.

I tillegg har Norsk Ordbok finansiell støtte frå Universitetet i Oslo, der verksemda i hovudsak er lokalisert. Norsk Ordbok disponerer såleis fleire årsverk ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium, i tillegg til at universitetet dekkjer driftsmidlar og yter administrative tenester. Norsk Ordbok disponerer også eitt årsverk ved Eining for digital dokumentasjon.

Denne eininga stod i spissen for det store Dokumentasjonsprosjektet ved Universitetet i Oslo i 1990-åra, der også det viktigaste kjeldematerialet for Norsk Ordbok vart digitalisert. Det digitaliserte materialet er no tilgjengeleg som søkje-teneste over Internett. Digitaliseringa var elles ein av føresetnadene som gjorde det mogleg å effektivisera utgjevingsarbeidet frå 2002.

Verksemda vart då organisert som eit sjølvstendig prosjekt – Norsk Ordbok 2014 – lausrive frå instituttstrukturen ved universitetet, og det er oppnemnt eksternt styre i tillegg til den nemnde prosjektdirektøren. Prosjektet er elles basert på ei gammal samarbeidsavtale mellom Universitetet i Oslo og Det Norske Samlaget.

Digitaliseringa, ressursauken og prosjektorganiseringa frå 2002 har ført til at det alt er kome ut tre nye band i tillegg til dei tre som var kome fram til 1994. Det er i tillegg laga ein bindande utgje-

vingsplan for dei resterande seks banda. Dei skal koma ut med om lag eitt års mellomrom fram til planlagd fullføring i 2014, i samsvar med føresetnaden i meldinga frå 1999. Kvart band skal vera på ca. 800 tospalta sider og innehalda om lag 25 000 ordartiklar, og heile verket vil dermed bli på nærare 9 600 sider og omfatta 300 000 ordartiklar.

8.3.5.3 Oppsummerande vurdering

Norsk Ordbok er på fleire måtar eit eksepsjonelt prosjekt i norsk samanheng. Den uvanleg store auken i det årlege statstilskotet dei seinare åra representerer ein sterk konsentrasjon av den statlege innsatsen. Alternativet til ei opptrapping av ressursinnsatsen slik det såg ut i 1999, var at verket ikkje ville vera fullført før om lag i 2060.

Med det noverande tilskotsnivået over kulturbudsjettet saman med medverknaden frå Universitetet i Oslo kan vi vera tilnærma sikre på at verket er i mål i 2014. Det inneber at allereie nolevande generasjonar kan dra full nytte av den kulturelle og vitenskaplege verdien som verket representerer.

Departementet legg til grunn at prosjektet no er fullt ut finansiert så sant tilskotsnivået for 2008 blir vidareført fram til og med 2014.

Departementet vil følgja opp dette i budsjettssamheng i dei åra som står att fram til og med 2014.

Departementet legg også til grunn at når Norsk Ordbok er fullført i 2014, vil vi ha fått ein etter måten fullnøyande leksikalsk dokumentasjon av den nynorske målforma og det nynorske skriftspråket som vil stå seg i lang tid framover.

Det er likevel grunn til å streka under at Norsk Ordbok ikkje kan karakteriserast som eit reint nynorskverk og langt mindre som eit prosjekt berre av interesse for nynorskfolket. Det at Norsk Ordbok i tillegg til det nynorske skriftmålet også dokumenterer norsk talemål i form av dialektord frå heile landet, gjer dette til ein særleg verdifull dokumentasjon av ein felles, nasjonal språkarv som direkte vedkjem ein mykje større del av norske språkbrukarar enn dei som nyttar nynorsk som skriftmål.

Det at Norsk Ordbok framstiller skriftspråket og talemålet som éi eining, gjer også dette til eit sjeldan verk i europeisk samanheng.

8.3.6 Nærare om dokumentasjonen av bokmål

8.3.6.1 Utgangspunkt og planar

I tillegg til å fullføra arbeidet med Norsk Ordbok er det overlag viktig å få dokumentert også den domi-

nerande målforma på ein fullgod måte. Rett nok har vi frå før eit framifrå ordbokverk i *Norsk Riksmålsordbok*. Dette er også eit fullført verk i den meininga at det dekkjer heile alfabetet frå A til Å.

Det er altså Norsk Riksmålsordbok som i dag er det einaste komplette, vitskaplege ordboksverket for norsk språk, og det har det vore i femti år. Norsk Riksmålsordbok er dermed grunnleggjande også som kjelde og referanseverk for andre norske ordbøker, også for Norsk Ordbok, og det er fagleg godt omtykt. Men det er sett i gang eit arbeid med å vidareføra det eksisterande verket med sikte på ei revidert, oppdatert og utvida utgåve, og finansieringa av dette prosjektet har ikkje vore avklart.

I tillegg finst planar for eit anna stort leksikalsk dokumentasjonsprosjekt for bokmål, særleg for å dokumentera det moderne bokmålet. Institutt for lingvistiske og nordiske studium ved Universitetet i Oslo har såleis dei siste åtte-ni åra bygd opp eit stort elektronisk tekstkorpus gjennom systematisk utval av alle slags teksttypar på bokmål henta frå perioden 1985 til i dag.

Korpuset omfattar ca. 40 millionar ord og er komponert slik at det samsvarer med det ein gjennomsnittsperson les og skriv i vår tid, og gjev mellom anna grunnlag for å finna ut kva bøyingsformer og variantformer som er mest brukte av ulike språkbrukarar og i ulike teksttypar. Korpuset er laga først og fremst for leksikalske formål, og tanken er at det skal danna grunnlag for å etablere ein database som skal gje ein vitskapleg basert dokumentasjon av ordtilfanget i moderne bokmål.

Departementet vart første gongen presentert for desse planane gjennom brev frå Universitetet i Oslo i mai 2004 og mars 2005. Prosjektet vart då omtalt som *Norsk bokmålsordbok*. Departementet har også registrert den offentlege debatten som gjekk føre seg i 2006 om behovet for eit stort, standard ordboksverk for moderne bokmål. På nyåret 2008 vart dei oppdaterte planane lagde fram for departementet gjennom ei informativ prosjektskisse.

I prosjektskissa er det totale omfanget av prosjektet estimert til 120–125 årsverk. Institutt for lingvistiske og nordiske studium har difor lagt til grunn at prosjektet må tilførast eksterne midlar og har vendt seg til departementet med tanke på å kunna koma i gang med prosjektet i større eller mindre skala.

Her er det altså tale om eit prosjekt som førebels ligg i startgropa, medan vidareføringa av det eksisterande verket Norsk Riksmålsordbok er eit prosjekt som for lengst er i gang. Prosjektet vart omtalt i den same stortingsmeldinga frå 1999 som

la grunnlaget for påskundinga av arbeidet med Norsk Ordbok.

Rettane til Norsk Riksmålsordbok ligg hos Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur (Akademiet). Akademiet har teke opp i seg det tidlegare Riksmålsvernet, ein språkpolitisk organisasjon som vart stifta i 1919, og som stod som utgjevar av den opphavlege utgåva av verket. Dette kom ut i fire band frå 1937 til 1957.

Seinare er verket supplert med to tilleggsband, som kom ut i 1995. Desse vart utarbeidde ved hjelp av elektronisk redigering. Til saman har dei seks eksisterande banda av Norsk Riksmålsordbok vel 5000 tospalta sider og omfattar ca. 220 000 oppslagsord.

Arbeidet med supplementsbanda til Norsk Riksmålsordbok fekk særskild støtte over kulturbudsjettet i åra 1979–1993, det første året på 34 000 kroner, auka til 180 000 kroner det sistnemnde året, og det vart gjeve eit eingongstilskot på 1 mill. kroner til trykking.

Det arbeidet som no går føre seg med å vidareføra verket, skjer elles i nært samarbeid med Kunnskapsforlaget. Prosjektet vart i 2006 omdøypd frå Norsk Riksmålsordbok til Det Norske Akademis store ordbok (NAOB).

8.3.6.2 Nærare om Det Norske Akademis store ordbok

Då både Norsk Riksmålsordbok og Norsk Ordbok vart behandla i stortingsmeldinga frå 1999, var dette med tanke på at begge desse prosjekta, saman med to andre bokverk, Norsk Biografisk Leksikon og Historisk-kritisk Ibsen-utgåve, skulle kunna fullførast til grunnlovsjubileet i 2014. Prosjekta vart karakteriserte som fire nasjonale oppslagsverk. Det heitte at Norsk Ordbok var i særklasse det tyngste og vanskelegaste, og at Norsk Riksmålsordbok var eit mykje mindre prosjekt.

Men det låg på dette tidspunktet ikkje føre ein samla plan for arbeidet med Norsk Riksmålsordbok. Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur ønskte å ta eitt steg om gongen, avpassa framdrifta etter den arbeidskrafta som var tilgjengeleg, og ikkje leggja det heile for stort opp.⁵ Akademiet hadde då i tre år søkt om eit årleg støttebeløp på 0,8 mill. kroner. På bakgrunn av omtalen i meldinga frå 1999 har departementet gjeve tilskot til prosjektet frå og med 2000, dei to første åra med 0,5 mill. kroner årleg, og frå 2002 med 1 mill. kroner. Med seinare prisomrekingar hadde tilskotet i 2007 auka til 1,175 mill. kroner.

⁵ Brev frå Akademiet av 12.3.1998.

I meldinga frå 1999 var det lagt til grunn at prosjektet dreidde seg om å konvertera den opphavlege utgåva i fire band til elektronisk form, slik at dei to seinare supplementsbanda kunne støypast inn i det samla verket. I tillegg var nemnt «anna supplerings- og oppdateringsarbeid», men omfanget av dette var ikkje kjent.

Etter kvart gjekk det likevel fram at omfanget av dette arbeidet bygde på ein føresetnad om større statstilskot enn det som var klart i 1999, og det vart i 2002 etterspurt ein plan for framdrift og økonomisk støttebehov fram til fullført nytgjeving av verket. Men behovet for ei meir fleksibel tilnærming til prosjektet har gjort det vanskeleg å få fram ein fullstendig kostnads- og finansieringsplan.

Dei meir detaljerte planar og budsjettoppstillingar som departementet fekk inn våren 2007, spesifiserer eit optimalt prosjektomfang og ein tilhøyrande finansieringsplan som ville innebera ein auke i det årlege statstilskotet frå vel 1 mill. til vel 4 mill. kroner. Alt i alt ville dette krevja eit samla statstilskot på vel 31 mill. kroner i dei sju åra frå og med 2008 til og med 2014. Det gjekk samstundes fram at prosjektet er fleksibelt på den måten at det også kan gjennomførast og fullførast på eit lågare ambisjonsnivå, men at resultatet då ikkje ville bli like fagleg tilfredsstillande.

8.3.6.3 Oppsummerande vurdering

Som det går fram ovanfor, er det to ulike miljø som kvar for seg arbeider målretta med leksikografisk dokumentasjon på bokmålssida med sikte på å kunna utarbeida ein oppdatert vitskapleg ordboksbase. Begge ønskjer økonomisk støtte frå departementet, Akademiet gjennom auke i eksisterande tilskot, Institutt for lingvistiske og nordiske studium gjennom finansiell medverknad frå departementet i eit prosjekt som enno ikkje er i gang, men som er systematisk førebudd gjennom mange år.

Departementet finn det vanskeleg å danna seg eit fullstendig bilete av skilnadene mellom dei to prosjekta. Det er likevel klart at tyngdepunktet og vektlegginga er ulik på mange måtar. Det viktigaste synest å vera at berre det eine prosjektet vil gje ein fullgod dokumentasjon av den historiske og litterære språktradisjonen, medan berre det andre prosjektet tek sikte på ein fullgod dokumentasjon av ordtilfang, ordformer og ordbruksmåtar i alle former for moderne bokmål. I utgangspunktet ser det difor ut til at dette er to prosjekt som vil komplettera kvarandre, og at det eine ikkje kan erstatta det andre.

På den andre sida er det mykje som tyder på at prosjekta har fleire grenseflater, og at dei kan ha

fagleg nytte av eit samarbeid. Ei fagleg samordning kan også leggja til rette for meir effektiv utnytting av knappe økonomiske ressursar. Departementet vonar difor at partane er innstilte på å koma saman for å avklara kva dei eventuelt kan samarbeida om, slik at forholdet mellom prosjekta kan bli nærare klarlagt. Departementet vil sjå med velvilje på eit tettare samarbeid dersom partane skulle koma fram til at dette er tenleg.

Prinsipielt ønskjer elles ikkje departementet å favorisera det eine prosjektet framfor det andre. Men prosjekta har ulike forhistorie og ulik framdriftsstatus. Departementet har alt i mange år vore økonomisk engasjert i arbeidet med vidareføring av Norsk Riksmålsordbok. Tidlegare tilsegner til dette prosjektet krev ei oppfølging som nødvendigvis må leggja føringar for komande prioriteringar.

Utgangspunktet vil difor vera at departementet i første omgang konsentrerer innsatsen på bokmålssida om det prosjektet som no har nemninga Det Norske Akademis store ordbok. Deretter bør det nemnde dokumentasjonsprosjektet for moderne bokmål koma inn med større tyngde. Departementet legg til grunn at eit slikt prosjekt i regi av Universitetet i Oslo vil ha stor nytte av kompetanse og ressursar som er bygde opp i samband med nynorskprosjektet Norsk Ordbok 2014.

På desse premissane har departementet for 2008 funne grunnlag for å auka tilskotet til Det Norske Akademis store ordbok med i alt 1,5 mill. kroner, nær på ei fordobling av det låg inne i det opphavlege budsjettet for 2008. Målet er at prosjektet skal vera fullført i 2014, og det er viktig at rammevilkåra gjer det mogleg å gjennomføra arbeidet på ein fagleg tilfredsstillande måte. Departementet er difor innstilt på å vurdere tilskotsbehovet på nytt ved komande budsjettbehandingar.

Departementet reknar elles med at prosjektet også bør kunna få inn substansielt med midlar gjennom private tilskot av ulike slag, og at eit klart signal om statleg medverknad bør kunna vera med på å utløysa slike bidrag.

8.4 Språknormering

8.4.1 Grunnlaget for språknormeringa

8.4.1.1 Kva er språknormering?

Å dokumentera eit ordtilfang, med bruksmåtar og tydingsnyansar, er ein aktivitet som i utgangspunktet har ein meir deskriptiv karakter enn det å avgjera kva som skal reknast for å vera korrekt staving og bøying av orda. Det er arbeidet med slike spørsmål, dei eigentlege rettskrivingsspørsmåla,

som utgjer kjerneområdet for det som tradisjonelt blir omtalt som språknormering.

Språknormering er ei form for språkdyrking som inneber at ein autoritativ instans formelt fastset kva normer som skal gjelda, dels gjennom generelle reglar, dels gjennom spesielle vedtak eller avgjerder for kvart enkelt ord.

Også språknormer i form av rettskrivingsvedtak går fram av ordbøker eller ordlister. Anten blir ordbøker utgjevne eller ajourførte i ettertid, eller den språknormerande verksemda kan skje som ein integrert del av arbeidet med å redigera ei ordbok. I siste tilfelle kan det vera ordbokredaksjonen sjølv som også har funksjonen som autoritativ normeringsinstans.

Jamvel om språknormering ofte blir brukt synonymt med det å fastsetja rettskrivinga, korleis orda skal stavast og bøyast, går det inga klar grense mellom dette formelle språknivået og dei delane av språket som best kan dyrkast gjennom råd og rettleiing.

I ei mellomstilling står det som ofte blir kalla praktiske eller tekniske skrivereglar, så som forkortingar, taluttrykk, stor eller liten førebokstav, orddeling og liknande, dessutan reglar om teiknsetjing, til dømes kommareglane, som i andre land, til dømes i Danmark, synest å likna meir på eit formelt regelverk enn i Noreg.

Også desse språknivåa vil ofte inngå som ein del av den språknormerande verksemda. Men det kan variera i kva grad reglar og vedtak på dette området har, eller blir oppfatta å ha, den same bindande karakteren som dei reine rettskrivingsreglane. Dette inneber at det også kan vera noko meir uklart i kva grad avvik frå slike reglar blir rekna for ukorrekt språk. I alle fall er det svært varierende i kva grad dei blir etterlevde i praktisk språkbruk. I norsk samanheng er ikkje minst kommareglane eit døme på dette. Kommafeil er kanskje den mest vanlege typen av brot på norske språknormer.

8.4.1.2 Sentrale normeringsinstansar

Ein eller annan sentral instans for normering av eit standardisert skriftspråk, til dels også for talemålet, finst i dei fleste land. Det kan vera lærde selskap, såkalla akademi, med ein lang historisk tradisjon, slik som i Italia, Frankrike, Spania og Sverige, eller reint private ordbokskonsern, også desse med etter måten lang tradisjon, som til dømes i Storbritannia, USA og Tyskland.

Felles for desse landa er at normeringsarbeidet i større grad enn i Noreg har vore avgrensa til å kodifisera ei språknorm som alt hadde festna seg

og slått igjennom i praktisk bruk innanfor dei mest prestisjetunge skriftspråklege miljøa i landet.

I meir moderne tid og helst i mindre språksamfunn og land med unge standardspråk har det vakse fram ein ny type normeringsinstansar i form av faglege nemnder, ofte, men ikkje alltid, i offentleg regi.

Slike språknemnder har vi fått i fleire ikkje-europeiske land. Som regel har språknemndene også meir omfattande oppgåver innanfor arbeidet med språkdyrking og språkrøkt. Også dei nordiske landa har slike språknemndliknande organ, men det varierer i kva grad desse også har språknormerande funksjonar.

8.4.1.3 Det svenske eksemplet

I Norden er det Sverige som skil seg ut. Her er det Svenska Akademiens ordliste som fungerer som autoritativ kjelde for rettskrivinga. Ordlista vart første gongen utgjeven i 1874 og kom i 2006 i tretande utgåve. Svenska Akademien er frittstående og driv verksemda si uavhengig av staten, og ikkje sidan 1906 har statlege styresmakter blanda seg direkte inn i rettskrivingsspørsmål.

Då gjekk det ut eit sirkulære frå kyrkjeministeren om at sjuande utgåva av Akademiens ordliste frå 1900 skulle liggja til grunn for undervisninga i svensk rettskriving. Sirkulæret fastsette likevel unntak frå dette på nokre få punkt, og Akademien kjende seg etter kvart tvungen til å innarbeida desse avvika for ikkje å bli utkonkurrert av andre ordlister på marknaden.

Dei siste hundre åra har det ikkje vore slike offentleg initierte rettskrivingsreformer i Sverige, og i proposisjonen om svensk språkpolitikk frå september 2005 blir det berre slått fast utan nærare drøfting at Svenska Akademiens ordliste er normgjevande for staving og bøyning av svenske ord.

8.4.1.4 Det danske eksemplet

I Danmark har den offisielle rettskrivinga på ein heilt annan måte både offentleg opphav og forankring. Alt frå 1872 vart det fastsett rettskrivingsreglar på departementalt nivå og etter kvart også autorisert offisielle rettskrivingsordbøker. Frå 1997 er dansk rettskriving forankra i ei eiga lov, lov om dansk rettskriving. Her er det slått fast at dansk rettskriving blir fastlagd av Dansk Sprognævn og offentliggjord i Dansk Sprognævns rettskrivingsordbok.

Rettskrivingslova fastset at normeringsverksemda skal følgja reglar i medhald av lov om Dansk Sprognævn. Og her er det fastsett at dansk rettskriving skal byggja på to hovudprinsipp, tradi-

sjonsprinsippet og språkbruksprinsippet, dessutan at rettskrivingsendringar av prinsipiell karakter krev departemental godkjenning.

8.4.1.5 Grunnlaget for norsk språknormering

Norsk rettskriving har aldri vore lovfesta, men til liks med Danmark og motsett Sverige har vi likevel lang tradisjon for at språknormering er eit offentleg ansvar. Kyrkje- og undervisningsdepartementet fastsette rettskrivingsreglar for skulebruk første gongen i 1862, og endringar vart gjorde mellom anna i 1877, 1885 og 1893.

Behovet for fornorsking av det opphavleg danske skriftspråket, med ei kløyving i to offisielle målformer som eitt av resultatene, gjer likevel at den norske rettskrivingsituasjonen ikkje utan vidare kan samanliknast med den danske og heller ikkje med den svenske. Norsk språkhistorie på 1900-talet er difor på ein heilt annan måte enn i dei to skandinaviske nabolanda våre ei historie om til dels omfattande rettskrivingsreformer.

I 1917, 1938 og 1959 skjedde det meir gjennomgripande reformer i baa målformer, i nynorsk dessutan i 1901 og 1910 og i bokmål i 1907 og 1981. Desse reformene vart formelt fastsette ved kongeleg resolusjon, men frå og med 1938-reforma var dei først drøfta i Stortinget på grunnlag av ei melding.

I regi av Norsk språknemnd, som vart oppretta i 1952, voks det i tillegg fram ein tradisjon for eit meir løpande normeringsarbeid, og dette vart frå 1972 vidareført av Norsk språkråd. Norsk språkråd har etter dette fungert som offentleg normeringsorgan for dei to offisielle språknormalane i norsk, bokmål og nynorsk.

Som ein del av ein opposisjon mot den offisielle normeringspolitikken, som lenge var prega av tilnærming mellom bokmål og nynorsk, har vi dessutan sidan 1953 hatt eit privat språkakademi som har vore normeringsinstans for ein eigen riksmålsnormal i konkurranse med den offisielle bokmålsnormalen. Dette er Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur, som også er omtalt ovanfor under pkt. 8.3.6.1.

Dette inneber at vi i Noreg, på sida av det offisielle normeringsapparatet, har ein normeringsinstans etter same klassiske akademimodell som dei instansane som i fleire andre land, mellom anna i Sverige, fungerer som den eine offisielle normeringsinstansen. I tillegg har Akademiet også vore representert i Norsk språkråd og har dermed hatt høve til å delta også i utviklinga av den offisielle bokmålsnormalen.

I Norsk språkråd var det ei fagnemnd på åtte medlemmer, fire frå kvar målform, som hadde hovudansvar for normeringsarbeidet. Fagnemnda var vald av rådet, og dei fleste vedtak i fagnemnda måtte dessutan behandlast og stadfestast på råds-møte. Spørsmål som berre vedkom den eine målforma, vart behandla av den halvdelen av rådet som bestod av dei medlemmene som var oppnemnde som representantar for vedkomande målform.

I visse normeringsspørsmål hadde Norsk språkråd det siste ordet, medan andre spørsmål måtte godkjennast av departementet. Dette var opphavleg ikkje formelt regulert, men etter at spørsmålet var drøfta i St.meld. nr. 100 (1980–81), vart det teke inn nærare reglar om dette i vedtektene for Norsk språkråd.

Her var det fastsett at Norsk språkråd hadde fullmakt til å gjera endelege vedtak i normeringsspørsmål som gjaldt ulike tekniske skrivereglar, dessutan vedtak om skrivemåte og bøyning av nye ord og andre enkeltord som ikkje tidlegare var normerte i norsk, medrekna transkripsjon av utanlandske namn.

Derimot måtte vedtaka leggast fram for departementet til godkjenning dersom det var tale om gjennomgripande endringar av heile system eller endring av skrivemåte og bøyning av enkeltord som tidlegare var normerte i norsk.

Vedtektene som gav det tidlegare Norsk språkråd nærare definerte fullmakter i normeringsspørsmål, var fastsette med heimel i lov om Norsk språkråd. I samband med omdanninga av institusjonen vart lova og dermed også vedtektene oppheva med verknad frå 1. januar 2005. I brev til Norsk språkråd av 22. desember 2004 gjorde departementet det klart at institusjonens fullmakter i normeringsspørsmål dermed ville falle bort frå 1. januar 2005.

8.4.2 Norsk normeringspolitikk 1997–2005

8.4.2.1 Målet om større stabilitet i rettskrivinga

Noko av bakgrunnen for omdanninga av Norsk språkråd med tilhøyrande bortfall av tidlegare normeringsfullmakter har vore eit ønske om å konsentrera meir innsats og større merksemd om andre språkpolitiske spørsmål enn dei tradisjonelle rettskrivingsspørsmåla. Mellom anna i kulturmeldinga frå 2003 vart det såleis vist til at språkvern og språkstyrking i vid meining, saman med tradisjonell språkrøkt, står fram som meir påtrengjande oppgåver. Dette refererer nettopp til det statusar-

beidet som også er det grunnleggjande gjennomgangstemaet i denne meldinga.

I tråd med denne føresetnaden vart det i kulturmeldinga frå 2003 uttalt at norsk rettskriving skal stabiliserast, dvs. at ein så langt råd er, skal unngå nye og hyppige endringar i gjeldande rettskriving, både meir omfattande reformer og årvisse justeringar i enkeltspørsmål. Dette slutta Stortinget seg til.

Såleis uttalte familie-, kultur- og administrasjonskomiteen samrøystes i innstillinga til kulturmeldinga, Innst. S. nr. 155 (2003–2004), at den støtta intensjonane bak å søkja å stabilisera norsk rettskriving. Komiteen tok i denne samanhengen departementet sine vurderingar til etterretning og var samd i at dette tilsa at ein i framtida burde unngå hyppige endringar i rettskrivingsnormane.

Ein føresetnad for å koma over i ein meir stabil rettskrivingssituasjon har likevel vore spørsmålet om først å få avklart i kva grad det var behov for det som har vore kalla ei opprydding i det rettskrivingssystemet som hadde utvikla seg gjennom 1900-talet. I kulturmeldinga vart det såleis vist til at Norsk språkråd sidan 1997 hadde arbeidd med å førebu ei slik opprydding, og at den avsluttande innstillinga frå rådsmøtet i 2003 var send departementet til godkjenning.

I kulturmeldinga frå 2003 uttalte departementet om dette:

«Spørsmålet er mellom anna om dei innsende endringane kan seiast å innebera ei forenkling som vil leggja til rette for framtidig stabilitet, eller om stabiliteten er best tent med at ein heilt eller delvis held fast ved gjeldande rettskriving.»

8.4.2.2 Eit endeleg punktum for tilnæringspolitikken

Noko av bakgrunnen for det omtalte oppryddingsbehovet var den omfattande valfridommen som hadde utvikla seg gjennom rettskrivingsreformene og dei løpande rettskrivingsendringane på 1900-talet. Denne valfridommen var delvis eit resultat av den såkalla tilnæringslinja som var ein del av offisiell språkpolitikk gjennom store delar av det førre hundreåret. Denne politikken bygde på ei von om at dei to målformene gradvis kunne nærast til kvarandre slik at dei ein gong i framtida ville smelta saman til eit felles norsk skriftspråk.

Då Norsk språkråd i 1972 avløyste forgjengaren Norsk språknemnd, vart den aktive tilnæringspolitikken erstatta av ei meir avmålt og moderat tilnæringslinje. Dette kom til uttrykk gjennom ei meir avdempa formulering i lova om

Norsk språkråd. Her heitte det at rådet skulle følgja utviklinga av norsk skriftspråk og talespråk og på dette grunnlaget fremja samarbeid i dyrkinga og normeringa av dei to målformene og «støtte opp om utviklingstendenser som på lengre sikt fører målformene nærmere sammen».

I 2002 vedtok Stortinget samrøystes å oppheva også denne tilnæringsparagrafen, jf. Ot.prp. nr. 95 (2001–2002) og Innst. O. nr. 3 (2002–2003). Saka var tidlegare omtalt i St.meld. nr. 9 (2001–2002) *Målbruk i offentleg teneste*, der det mellom anna vart uttalt at det å oppheva denne lovparagrafen ville vera ei viktig symbolhandling og innebera ei endeleg stadfesting av at den såkalla tilnæringslinja i forholdet mellom bokmål og nynorsk ikkje lenger er aktuell normeringspolitikk.

Grunnlaget for dette var elles lagt gjennom følgjande fråsegn i den tilsvarande meldinga fire år tidlegare, jf. St.meld. nr. 13 (1997–98) *Målbruk i offentleg teneste*:

«Regjeringa har som utgangspunkt å leggje tilhøva til rette for ei god utvikling for nynorsk skriftspråk. Den tilnæringslinja mellom bokmål og nynorsk som tidlegare stod sentralt i offisiell norsk språkpolitikk, framstår i dag i praksis som mindre aktuell. Det synest å vere etter måten brei politisk aksept for at vi i dag har to offisielle norske språkformer, og at dette vil vere ein relativt varig situasjon. Det inneber at i staden for å leggje vekt på utviklingstendensar som på sikt kan føre dei to målformene saman, blir måldyrkingsarbeidet snarare knytt til spørsmålet om korleis bokmål og nynorsk kvar for seg skal kunne utvikle seg best mogleg. I tillegg til å sikre individuelle språkrettar både for nynorsk- og bokmålsbrukarane bør reglane for offentleg språkbruk også utformast og praktiserast slik at dei kan vere med på å sikre det mangfaldet som dei to offisielle målformene representerer i norsk kultur- og samfunnsliv.»

8.4.2.3 Departementets behandling av rettskrivingsframlegga frå 2003

Dei framlegga til rettskrivingsendringar som Norsk språkråd vedtok på rådsmøtet i 2003 i kjølvatnet av det oppryddingsarbeidet som er omtalt ovanfor, førte til at departementet med verknad frå 1. juli 2005 godkjende ei ny rettskriving og eit nytt rettskrivingssystem for bokmål, i all hovudsak i samsvar med det rådsmøtet hadde gjort vedtak om.

Derimot godkjende ikkje departementet dei foreslåtte endringane i nynorskrettskrivinga. Ein viktig skilnad mellom dei to framlegga frå Norsk

språkråd var at nynorskframlegget berre gjaldt endringar innanfor ramma av gjeldande system, medan bokmålsframlegget innebar eit nytt norm-system utan det gamle skiljet mellom hovudformer og sideformer. Det betyr at alle valfrie former i bokmål no har same status, dvs. at dei kan brukast fritt av alle.

Det gamle normsystemet, som altså framleis står ved lag i nynorsk, inneber at vi i praksis har to rettskrivingsnormalar, på den eine sida ein normal som innanfor delar av stavings- og bøyingsssystemet omfattar to eller fleire valfrie former, likestilte hovudformer, og på den andre sida ein vidare normal, som har ei eller fleire valfrie former i tillegg, kalla sideformer eller klammeformer.

Den trongaste normalen gjeld for lærebøker til bruk i skulen og blir difor kalla læreboknormalen, men er også påboden i statleg teneste og er dessutan tradisjonelt lagd til grunn for manusbunden tale i NRK. I alle andre situasjonar kan språkbrukarane velja former innanfor den vidare rettskrivinga og dermed også dei såkalla sideformene.

Grunnen til at nynorskframlegget frå 2003 om visse endringar innanfor ramma av eksisterande system ikkje vart godkjent, var at rådsmøtet gjorde to tilleggsvedtak som departementet tolka som eit signal om at siste ord ikkje var sagt. Det såg med andre ord ut til at rådsmøtet meinte det kunne bli aktuelt å ta opp att spørsmålet om å avskaffa skiljet mellom hovudformer og sideformer også i nynorsk. Ei slik løysing var nemleg utgreidd i 2002, og det låg ei stund an til at Norsk språkråd kunne koma til å vedta eit slik systemskifte også for nynorsk.

Denne grunngjevinga frå departementet går fram av brev til Norsk språkråd av 16. februar 2005. Brevet konkluderte slik:

«I denne situasjonen har departementet kome til at det ikkje er tilrådeleg å skipla den stabiliteten som gjeldande rettskriving trass alt representerer. Før ein eventuelt gjennomfører større endringar i nynorsk, må ein også her vera nokolunde viss på at resultatet blir ein rettskrivingsnormal som kan stå uendra i lang tid framover.»

For nærare om bakgrunnen for denne saka og den vidare behandlinga av spørsmål som gjeld nynorskrettskrivinga, viser vi til kapittel 8.2 i denne meldinga.

8.4.2.4 Nærare om bokmålsrettskrivinga av 2005

Etter at Norsk språkråd i 1997 hadde gått i gang med å førebu ei opprydding i rettskrivinga, vart det

nokså raskt eit uttalt mål å fjerna skiljet mellom hovudformer og sideformer i bokmål. No er altså denne forenklinga gjennomført ved dei endringane som departementet godkjende i 2005.

Endringane i bokmålsrettskrivinga består elles i at ein del former som har vore omtalte som lite brukte former, gjekk heilt ut av rettskrivinga, medan ein del tradisjonelle former som til dels er mykje brukte, vart godkjende som ein del av offisiell rettskriving. Til dels er dette former som fell saman med den uoffisielle riksmålsnormalen.

Dette siste innber at det i dag er nokså få riksmålsformer att som ikkje også er ein del av den offisielle bokmålsnormalen. Denne justeringa av bokmålet i retning av riksmål var elles ei utvikling som tok til med rettskrivingsreforma i bokmål alt i 1981. Resultatet er at det i dag er stor grad av samanfall mellom riksmål og moderat bokmål.

I praktisk språkbruk er det dessutan stadig sjeldnare at ein ser tradisjonelle og markante riksmålsformer som til dømes *efter*, *nu*, *sprog*, *sne* på trykk. Slik sett har også riksmålet nærma seg bokmål, og dette er med på å forsterka inntrykket av det nære samsvaret mellom riksmål og moderat bokmål.

Elles er det slik at mange av dei lite brukte formene som gjekk ut av bokmålsnormalen i 2005, var tidlegare sideformer. Men det er også ein del tidlegare sideformer som gjennom endringa av sjølv normsystemet har fått oppgradert status som fullverdige former innanfor bokmålsnormalen.

Alt i alt er det framleis etter måten mange valfrie former innanfor bokmålsnorma. For lærebokforfattarar og statstilsette er dessutan valfridommen på fleire punkt større enn før, som resultat av at statusskiljet er oppheva med påfølgjande oppgradering av tidlegare sideformer.

8.4.2.5 Oppsummerande vurdering

Valfridommen i rettskrivinga har både fordelar og ulemper. Éin av fordelane er at språkbrukarane lettare kan finna skriftformer som dei kjenner seg heime i, til dømes fordi formene fell saman med eller ligg nær opptil eige talemål. Ei ulempe er at valfridommen inneber at normene blir mindre faste, at det kan vera vanskeleg å halda oversikt over kva former som ligg innanfor og utanfor norma, og at det kan føra til eit noko vaklande og inkonsekvent skriftbilette.

Jamvel om det kan vera ulike vurderingar av desse konsekvensane, følgjer det av sjølv formålet med eit normert skriftspråk at valfridommen ikkje må bli for stor. Alle kan ikkje få skriva slik dei sjølv vil.

Dei ulike elementa som ligg innebygde i den spesielle norske språksituasjonen, har ført til ein valfridom som er klart større enn det som er vanleg for eit standardisert skriftspråk. Det går då også fram av ulike grunnlagsdokument at det lenge har vore ein overordna ambisjon å freista å stramma noko inn på omfanget av valfrie former, men ulike tendensar og motsetnader i normeringsarbeidet har i praksis ofte vorte løyste ved i staden å utvida valfridommen.

Stortinget har tidlegare har slutta seg til prinsippet om sjølvstendig normering av nynorsk og bokmål utan tilnærming, dessutan prinsippet om stabilitet, dvs. at vi bør ha mindre hyppige og mindre omfattande endringar i rettskrivinga enn det som tidlegare har vore vanleg her i landet. Desse to prinsippa bør framleis liggja til grunn og praktiserast mest mogleg konsekvent.

For bokmålet sitt vedkomande reknar departementet med – trass i at det framleis er etter måten stor valfridom på mange punkt i rettskrivinga – at den oppryddinga og forenklinga som vart godkjend i 2005 har vore tilstrekkeleg til at det så langt fram vi kan sjå, ikkje bør vera trong for større endringar. Dermed skulle det no vera lagt grunnlag for ein relativt stabil rettskrivingssituasjon i bokmål.

Truleg vil det også vera med på å sikra slik stabilitet at variasjonen i faktisk språkbruk i bokmål synest å vera klart mindre enn den valfridommen som rettskrivinga opnar for.

Utover desse overordna prinsippa ønskjer ikkje departementet å leggja meir detaljerte og spesifikke føringar på ein framtidig normeringspolitikk. Det er viktig at ein slik politikk framleis har ei breiast mogleg språkdemokratisk forankring, og mange av dei normeringsprinsippa som vart utvikla av Norsk språkråd, vil truleg vera eit godt grunnlag å byggja vidare på.

For nærare omtale av nynorskrettskrivinga viser vi til kap. 9.2.1.

8.4.3 Grunnlaget for eit framtidig normeringsregime

8.4.3.1 Utgangspunkt

Spørsmålet er likevel kva som blir spelerommet for eit framtidig normeringsarbeid når no endringstakta skal senkast og endringsomfanget reduserast i tråd med prinsippet om stabilitet, dessutan korleis eit slik arbeid skal organiserast og forankrast.

I kulturmeldinga frå 2003 heitte det om dette at ein del normeringsspørsmål alltid vil reisa seg frå tid til anna, men at omfanget og korleis det best kan handterast, kan vera noko usikkert. Det heitte

også at korleis det i framtida skal arbeidast vidare med slike normeringsspørsmål som framleis kan koma opp, og kva funksjon den nye institusjonen eventuelt skal ha i så måte, inngår i ei samla vurdering av heile rettskrivingssituasjonen.

Etter dette har altså departementet sluttbehandla framlegga til rettskrivingsendringar frå rådsmøtet i 2003 og fullført omdanninga av Norsk språkråd. I det følgjande gjer vi greie for korleis normeringsspørsmålet er behandla i samband med denne omdanninga.

8.4.3.2 Noverande vedtekter for Språkrådet

I dei endelege vedtektene for det nye Språkrådet heiter det i den innleiande formålsparagrafen at institusjonen mellom anna skal forvalta dei to offisielle norske språknormalane.

I særskilde merknader som departementet har utarbeidd til vedtektene, blir det sagt at bruken av uttrykket *forvalta* inneber at det ikkje er fastsett meir spesifikt kva funksjonar Språkrådet eventuelt skal ha når det gjeld eventuelle framtidige rettskrivingsendringar, og heller ikkje i spørsmålet om normering av nye ord og liknande. Merknadene slår fast at det her framleis står att eit visst avklaringsarbeid, og at det er mest tenleg at detaljane i dette ikkje er regulerte direkte i vedtektene.

Derimot er det i vedtektene teke inn ei generell føresegn om at departementet kan tilleggja Språkrådet spesifikke oppgåver og eventuelle fullmakter innanfor definerte saksfelt, om nødvendig med nærare reglar om saksførebuing og avgjerdsprosedyre. I merknadene til denne føresegna har departementet presisert at det først og fremst er i normeringsspørsmål dette kan bli aktuelt, og det heiter at føresegna er utforma med særleg tanke på dette.

Departementet har førebels ikkje nytta denne fullmakta, og pr. i dag har ikkje Språkrådet fullmakt til å gjera vedtak i normeringsspørsmål.

8.4.3.3 Høyringa om det nye Språkrådet i 2004

I høyringsdokumentet frå januar 2004 som ledd i den pågåande omdanninga av Norsk språkråd bad departementet om synspunkt på aktuelle språkpolitiske utfordringar og på kva behov eit sentralt statleg språkorgan burde dekkja.

Dei fleste høyringsinstansane tok her klart til orde for at normering framleis måtte vera ei statleg oppgåve, og at denne funksjonen naturleg måtte liggja til det nye språkorganet. Ingen av dei som uttalte seg i høyringa, gav eksplisitt uttrykk for at det nye organet ikkje burde arbeida med normeringsspørsmål.

Men det kom også fram tankar om at ein for bokmål og nynorsk kunne ha sjølvstendige kommisjonar som fungerte som konsulentar for departementet, eventuelt at slike vart oppretta ved behov, og at dei arbeidde uavhengig av kvarandre.

8.4.3.4 *Fagrådet for normering og språkobservasjon*

I tråd med stemninga i høyringa frå 2004 og meir spesifikt dei føresetnader som er utvikla under omdanningsarbeidet, har det nye styret i Språkrådet bestemt at normering og språkobservasjon skal vera arbeidsområdet for eitt av dei fire fagråda som vart oppnemnde i februar 2007.

I det mandatet styret har gjeve, går det fram at fagrådet for normering og språkobservasjon skal arbeida for at norma i bokmål og nynorsk blir halde i hevd og utvikla i samsvar med etablert normeringspraksis og stabile utviklingstendensar i språkbruken.

Meir konkret heiter det mellom anna at fagrådet skal koma med framlegg om normering av enkeltord, utanlandske namn og andre innlån, dessutan at det skal foreslå endringar i gjeldande rettskriving og tilrådd syntaks når utviklinga gjer det ønskeleg. Førebels har altså ikkje departementet fastsett nærare prosedyrar for korleis slike framlegg skal behandlast vidare.

8.4.3.5 *Utgreiingsnotat frå Språkrådet i 2006*

I mai 2006 sende departementet eit brev til Språkrådet for å få greidd ut meir i detalj kva innhald og omfang eit meir formalisert normeringsarbeid i regi av Språkrådet bør ha. Departementet opna også for at Språkrådet kunne koma med forslag til kva normeringsfullmakter institusjonen sjølv bør ha, men dette spørsmålet vart ikkje kommentert i det utgreiingsnotatet departementet mottok i august 2006.

Notatet drøftar derimot sjølve normeringsbehovet og normeringsgrunnlaget og ein del av dei særlege utfordringane ved den norske rettskrivingsituasjonen.

Det konkluderer med å peika på fire normeringsrelaterte arbeidsområde som bør prioriterast i tida framover. Det eine er ein gjennomgripande revisjon av nynorskrettskrivinga, det andre organisering av eit kontinuerleg arbeid med nynormering, terminologi og språkobservasjon, det tredje å vurdere eit klarare skilje mellom reglar og råd i det som har med skrivereglar å gjera, og det fjerde å gje betre informasjon om gjeldande norm.

Utgreiingsoppdraget frå departementet var kome før det nye styret i Språkrådet var oppnemnt,

men departementet har i ettertid bedt om styrebehandling av notatet. I vedtak frå møte 13. desember 2006 heiter det at styret ser dei fire prioriterte arbeidsoppgåvene som er skisserte i notatet til departementet, som eit godt utgangspunkt for arbeidet i det nye fagrådet for normering og språkobservasjon.

Av vedtaket gjekk det elles fram at styret ville koma tilbake til saka når fagrådet var kome i funksjon.

8.4.3.6 *Oppsummerande vurdering*

Dei nye fagråda i det omdanna Språkrådet har enno vore i funksjon berre i knapt halvtanna år.

Etter vedtektene har fagråda eit særleg ansvar for å sikra at Språkrådet har breiast mogleg samfunnskontakt for arbeidet sitt. Dei skal formidla synspunkt og impulsar frå det norske språksamfunnet til styre og sekretariat og skal på tenleg måte drøfta og førebu større saker som skal avgjerast i styret. Fagråda har også høve til å ta sjølvstendige initiativ innanfor eige arbeidsområde.

Fagrådet for normering og språkobservasjon har dessutan fått eit meir spesifikt mandat av styret som er etter måten omfattande.

Ei naturleg oppgåve for dette fagrådet vil mellom anna vera å ta stilling til endringar og justeringar i gjeldande rettskrivings- og skrivereglar. Spørsmålet om i kva omfang Språkrådet skal ha rett til å gjera endelege vedtak i slike spørsmål, er førebels uavklart etter at tidlegare fullmakter vart trekte tilbake i samband med den institusjonelle omdanninga 1. januar 2005.

Føresetnaden har vore at rettskrivinga skal stabiliserast, og at det difor ikkje må gjerast for hyp-pige og omfattande endringar i vedtekte normer. Både i sjølve rettskrivinga og i dei såkalla skrivereglane finst likevel mange ulike detaljar, og erfaring viser at det ofte oppstår behov for å vurdere visse justeringar eller tilpassingar.

Departementet tek difor sikte på innan utgangen av 2008 å få etablert eit nytt system for nødvendig normvedlikehald og nynormering. Dette omfattar mellom anna å finna fram til ei tenleg arbeids- og ansvarsfordeling mellom Språkrådet og departementet. Arbeidet med å avklara desse spørsmåla vil skje i nær dialog med Språkrådet.

8.4.4 **Rettsgrunnlag og kunnskapsgrunnlag for rettskrivinga**

8.4.4.1 *Generelt om rettsgrunnlaget*

Det er tidlegare nemnt at verken statens rett til å normera, eller rettskrivinga i seg sjølv, er lovfesta

her i landet, i motsetnad til det som i dag er tilfellet i Danmark. Vi har heller inga lov med allmenne påbod om at offisiell rettskriving skal følgjast.

Som vi indirekte har vore inne på ovanfor, finst det likevel eit meir spesifikt rettsgrunnlag for visse nærare definerte språkbrukssituasjonar. Det gjeld lærebøker til bruk i skulen, det skriftlege undervisningsspråket i skulen og målbruken i statstenesta. For lærebøker er det tale om ei plikt som er fastsett direkte i lov, medan det for språkbruken i skulen elles kan vera like treffande å tala om sedvanerett som om lovgrunnlag. Når det gjeld statstenesta, er det tale om ei plikt som kviler på instruks.

Her må det presiserast at for språkbruken i lærebøker og i statstenesta er dei aktuelle pliktformuleringane knytte til læreboknormalen. I og med at det i bokmål ikkje lenger finst nokon særskild læreboknormal, må vi leggja til grunn at pliktene i staden knyter seg til den vidare rettskrivinga.

Dette må gjelda jamvel om det ikkje er uttrykksleg presisert gjennom justeringar av ordlyden i dei aktuelle føresegnene. For det ville ikkje vera rimeleg å sjå det slik at det rettslege grunnlaget for ei plikt automatisk skulle falla bort fordi innhaldet i plikta blir omdefinert, i alle fall ikkje når plikta som i dette tilfellet i praksis blir lempa på.

8.4.4.2 *Rettskrivinga i statstenesta*

For regulering av rettskrivinga i staten trengst ingen lovheimel. For statstilsette må retta seg etter det som gjeld i staten. I alle fall for skriftleg utoverretta språkbruk må utgangspunktet difor vera at staten kan gje instruks om rettskrivinga. Det er gjennom språket statsorgana presenterer seg, og den presentasjonen må staten kunna styra.

Då Stortinget i 1970 behandla den førre store språkmeldinga⁶, gav det uttrykk for at dei allmenne rettskrivingsreglane og ikkje den trongare læreboknormalen burde leggast til grunn for målbruken i statsforvaltninga, men dette vart endra i samband med liberaliseringa av bokmålsrettskrivinga i 1981. Under førebuinga av denne reforma vedtok Norsk språkråd å rå til at læreboknormalen skulle gjelda ikkje berre i lærebøkene, men også i offentleg teneste.

I St.meld. nr. 100 (1981–82) sa departementet seg samd i at læreboknormalen burde gjelda i staten, men fann ikkje, når ein ikkje hadde særskild lovheimel for det, å kunna gje bindande reglar om målbruken i kommunar og fylkeskommunar. I meldinga vart det likevel gjeve uttrykk for at departementet såg det som ønskjeleg at kommunale og fyl-

keskommunale organ følgde læreboknormalen i den skriftlege tenesta si.

For statstenesta vart det derimot formelt fastsett, etter at Stortinget hadde slutta seg til premisane i meldinga, at læreboknormalen skulle leggast til grunn for språkbruken i statstenesta, jf. kongeleg resolusjon av 24. juli 1981. Dette har så vore den gjeldande rettssituasjonen i alle år sidan, for bokmål inntil læreboknormalen fall bort gjennom det nye normsystemet frå 1. juli 2005.

Her er det altså tale om ein instruks. Det kan likevel verka noko forvirrande at staten i tillegg har lovheimel for å styra språkbruken i statstenesta. Det heiter nemleg i lova om målbruk i offentleg teneste at tilsette som har skriftleg utforming som ein del av tenesta, pliktar å bruka «bokmål og nynorsk etter dei reglane som til kvar tid gjeld for målbruken i statstenesta».

Denne føresegna siktar i første rekkje til reglane om fordeling av bokmål og nynorsk, men ordlyden fangar også opp at det er bokmål og nynorsk i tråd med offisiell rettskriving det er tale om. I juridisk litteratur er det lagt til grunn at denne lovføresegna ikkje gjev staten nokon kompetanse utover det som alt følgjer av instruksjonsretten.⁷

Uavhengig av rettsgrunnlaget er det altså berre for nynorsk at dei pliktene som kviler på dei statstilsette, gjeld læreboknormalen. For nynorsk er det såleis ei rad former innanfor rettskrivinga, dei såkalla sideformene, som ikkje skal brukast i staten.

Det er elles grenser for kor strengt det lét seg gjera å praktisera rettskrivingsreglane, og kanskje særleg dei trongare rammene innanfor den vidare rettskrivinga. Her kan det vera grunn til i nemna følgjande merknad frå kyrkje-, og undervisningskomiteen under stortingsbehandlinga i 1981:

«Komiteen vil imidlertid peke på at det ikke er helt enkelt å tilegne seg sikkerhet i hva som er tillatt eller forbudt i henholdsvis læreboknormal og rettskriving. I vår språksituasjon bør det derfor vises rimelighet i praktiseringen av slike regler, og legges desto større vekt på god og klar språkføring.»

Frå sentralt hald har det då heller ikkje i åra etterpå vore noka form for kontroll av rettskrivinga i staten. Særleg innanfor nynorsk ser ein også stadige avvik frå gjeldande rettskriving, både ved at det blir brukt former som ligg utanfor læreboknormalen og den vidare rettskrivinga.

⁶ St.meld. nr. 15 (1968–69), jf. Innst. S. nr. 189 (1969–70)

⁷ Lilleholt, Kåre 1997: 653

Difor er det nok i dag større grunn til å skjerpa inn kva rettskrivingsreglar som gjeld. Den liberale praksisen når det gjeld dei formelle sidene ved språket i staten, er nok i dag snarare for stor enn for liten.

Departementet har i 2007 i eit rundskriv til alle fagdepartementa gjeve nærare informasjon om dei rettskrivingsreglane som gjeld, og har mellom anna streka under at dei nynorske sideformene, som står oppførte i hakeparentes i ordbøkene, ikkje skal brukast i staten.

8.4.4.3 *Rettskriving i lærebøker til bruk i skulen*

For norske lærebøker som blir brukte i skulen, er det no fastsett i opplæringslova, som blir forvalta av Kunnskapsdepartementet, at rettskrivinga skal vera i samsvar med læreboknormalen.

Denne føresegna kom inn i lova med verknad frå 1. august 2000 og erstatta då ei føresegn som sa at lærebøker til bruk i skulen skulle vera godkjende av departementet. Som ledd i forvaltninga av denne generelle godkjenningssordninga hadde Norsk språkråd ansvaret for språkleg førehandsgransking av lærebøker. Noko av det som då vart kontrollert, var nettopp at rettskrivinga i bøkene følgde læreboknormalen, jamvel om det aldri var fastsett i lov eller forskrift at bruk av læreboknormalen var eit vilkår for godkjenning.

Men som nemninga seier, var jo denne normalen definert nettopp for det formål at han skulle brukast i lærebøker. Dessutan vart det i samband med rettskrivingsreforma i bokmål i 1981 fastsett i den nemnde kongelegte resolusjonen av 24. juli same året at dei endringar i rettskrivinga og læreboknormalen som Norsk språkråd hadde foreslått for bokmål, vart fastsette som gjeldande for ordlister, norsklærebøker og andre godkjenningsspliktige lærebøker.

Forut for resolusjonen var det elles uttalt i St.meld. nr. 100 (1980–81) at departementet såg det som sjølv sagt at læreboknormalen skulle gjelda for godkjenningsspliktige lærebøker.

Resolusjonen måtte oppfattast som ein instruks om at berre lærebøker som følgde læreboknormalen, skulle godkjennast. For nynorsk kunne eit tilsvarende pålegg utleiast meir indirekte frå ein kongeleg resolusjon frå 1959, den resolusjonen som gav departementet den opphavlege fullmakta til å fastsetja læreboknormalen.

Med lovføresegna frå 2000 kjem sjølve det rettslege grunnlaget for å stilla krav til ei bestemt rettskriving i lærebøkene tydelegare og meir direkte fram. Det er presisert i proposisjonen at den nye føresegna rettar seg direkte til skulane

som brukarar av lærebøker og indirekte til forlaga som lærebokprodusentar, jf. Ot.prp. nr. 44 (1999–2000). Vidare vart det uttrykkjeleg sagt same stad at bøker som ikkje følgjer læreboknormalen, ikkje kan nyttast som lærebøker, og det vart streka under at forlaga difor heller ikkje ville få selt lærebøker til skulane med mindre dei var i samsvar med læreboknormalen.

På grunn av ei mistyding er det i lovføresegna frå 2000 feilaktig teke med eit tillegg som definerer læreboknormalen som «fastsett i forskrifter med heimel i lov 11. april 1980 om målbruk i offentleg teneste» (mållova). Men som nemnt fleire gonger er verken læreboknormalen eller den vidare rettskrivinga regulert med heimel i lov, og såleis heller ikkje med heimel i den nemnde mållova. Utforminga av den aktuelle lovføresegna er såleis noko misvisande, jamvel om feilen neppe har noko å seia i praksis.

Departementet vil likevel ved første høve sjå til at denne feilaktige tilvisinga i opplæringslova blir retta. Då vil vi også sjå på om ordlyden bør justerast slik at ein for bokmål ikkje lenger viser til læreboknormalen, men i staden til gjeldande offisielle rettskriving. For nynorsk derimot er det framleis læreboknormalen det må visast til.

8.4.4.4 *Undervisningsspråket i skulen*

Språket i skulen er meir enn lærebøker.

Av opplæringslova § 2-5 går det indirekte fram at opplæringsmålet i grunnskulen skal vera bokmål eller nynorsk, og det må i denne samanhengen tyda dei offisielle variantane. Opplæringsmålet må minst omfatta det språket som blir undervist, det språket elevane skal læra og prøvast i. Som nemnt ovanfor er føresetnadene at elevane i dei skriftlege arbeida sine skal kunna bruka den vidare rettskrivinga. Det betyr i dag at når elevane skriv nynorsk, kan dei også bruka sideformene.

For vidaregåande skule er lovgrunnlaget for ei plikt til å læra bort statens språknormer vanskelegare å få auge på, og det er i juridisk litteratur lagt til grunn at det er mest dekkjande å seia at det er sedvanerettsleg grunnlag for plikta til å bruka dei offisielle språkformene i opplæringa.

For private skular gjeld det same utgangspunktet som for lærebøker, dvs. at staten ikkje utan lovheimel kan gje pålegg om bruk av ei bestemt rettskriving. Men så lenge offisiell rettskriving blir lagd til grunn for avgangsprøvene, vil nok dei fleste sjå seg tente med å læra seg dei offisielle variantane.

I NOU 1995: 18, den utgreiinga som låg til grunn for den noverande opplæringslova, vart

ikkje den rettslege plikta til å følgja den offisielle språknormeringa nemnande klargjord. Føresetnaden har nok vore at departementet kan fastsetja reglar om opplæring i bokmål og nynorsk som ledd i fastlegginga av innhaldet i opplæringa.⁸

8.4.4.5 Godkjenning av ordlister til skulebruk

Ein ting er kva som er rettsgrunnlaget for å forlaga at språkbrukarane skal følgja ei offisiell rettskriving. Noko anna er grunnlaget for kunnskap om rettskrivinga. Då er først og fremst ordbøker ei autoritativ informasjonskjelde når det er behov for å avgjera tvilsspørsmål.

Dei enklaste ordbøkene er ordlister, enkle rettskrivingsordbøker til bruk i skulen. Det finst fleire slike ordlister, både for nynorsk og bokmål, og dei har jamleg kome i nye utgåver i takt med større og mindre endringar i rettskrivinga for bokmål og nynorsk. Ordlistar fungerer som sentrale kjelder for kunnskap om korrekt rettskriving i skulen. Difor har dei lenge vore underlagde ei statleg godkjenningsordning.

I dag er det fastsett i opplæringslova at ordlister til skulebruk skal godkjennast av Norsk språkråd. Å kontrollere at ordlistene følgjer gjeldande rettskriving, er det viktigaste i godkjenningsarbeidet.

I samband med omdanninga av Norsk språkråd frå 1. januar 2005 har Kultur- og kyrkjedepartementet lagt til grunn at den nye institusjonen, Språkrådet, automatisk tek over funksjonen som godkjenningsinstans etter denne paragrafen. Dette vart presisert i brev til Norsk språkråd av 22. desember 2004 og seinare i brev av 8. august 2005 til det dåverande Utdannings- og forskingsdepartementet.

Ordninga med godkjenning av ordlister var opphavleg ein del av ei generell godkjenningsordning for lærebøker som vart oppheva gjennom endringar i opplæringslova med verknad frå 1. august 2000.

I samband med framlegget om å oppheva den generelle godkjenningsordninga uttalte kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen at det ville vera uheldig dersom også godkjenningsplikta for ordlister skulle falla bort. Komiteen viste til at Norsk språkråd som grunnlag for godkjenninga kontrollerer at oppføringane i ordlistene er korrekte og i samsvar med den offisielle norma, og at bortfall av godkjenningsplikta kunne skapa forvirring om kva som var tillaten norm.

Det var såleis etter framlegg frå komiteen at den no gjeldande føresegna om godkjenningsplikt

for ordlister kom inn i opplæringslova. Dette var ei vidareføring av ei tilsvarende føresegn som tidlegare stod i forskrift fastsett av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet med heimel i opplæringslova. Den fullmakta Språkrådet har som godkjenningsinstans for ordlister, er altså i dag forankra direkte i lov, medan ho tidlegare var tufta på delegering frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet gjennom forskrift.

Norsk språkråd, no Språkrådet, har vore formell godkjenningsinstans for ordlister sidan 1984 og var tidlegare tilrådinginstans. Godkjenningsordninga byggjer på reglar for utforming av ordlister til skulebruk som opphavleg var vedtekne av forgjengaren Norsk språknemnd så langt tilbake som i 1959.

I tillegg til kravet om at ordlistene skulle gje fullstendig og nøytral informasjon om valfridom i ord- og bøyingsformer, har det også vore eit krav at dei skal ha med det sentrale ordtilfanget innanfor den aktuelle målforma.

Vurderinga av ordtilfanget i samband med ordlistekontrollen har særleg vore ei aktuell sak innanfor nynorsk.

Departementet legg til grunn at godkjenningsordninga i regi av Språkrådet skal halda fram.

Føresegna om dette i opplæringslova refererer til *ordlister til skulebruk*, men somme av listene kallar seg *ordbøker*. Det kan difor vera tenleg å justere ordlyden i samsvar med dette. Ved eventuelle justeringar må også *Norsk språkråd* skiftast ut med det noverande namnet på godkjenningsinstansen, *Språkrådet*.

I tillegg vil det også kunna bli spørsmål om godkjenning av elektroniske ordlister og ordbøker. Språkrådet har i visse høve gjennomgått slikt materiale gjennom åra. Det må også takast omsyn til at vanlege skuleordlister kan koma i elektroniske utgåver, og at ordlister kan vera ein del av mange slags programvare.

Språkrådet tok i 2007 kontakt med Utdanningsdirektoratet for å drøfta godkjenning av ordlister og ordbøker til skulebruk. Avhengig av kva fagorgana kjem fram til, vil Kultur- og kyrkjedepartementet vurdere behovet for tillegg i regelverket i samråd med Kunnskapsdepartementet. Vi legg til grunn at godkjenningskravet prinsipielt skal gjelda også for dei elektroniske utgåvene.

8.4.4.6 Behovet for tilpassa ordbøker til skulebruk

I utgangspunktet gjev ordlister berre informasjon om staving og bøyning av orda, men dei moderne ordlistene er etter kvart bygde ut med ordforklaringar, synonym og bruksdøme for utvalde ord,

⁸ Lilleholt, Kåre 1997: 652

der det er særleg behov for det. Dei kan likevel ikkje måla seg med dei meir omfattande definisjonsordbøkene i denne samanhengen.

Her i landet manglar vi høvelege definisjonsordbøker for skulebruk. Norske skuleelevar har såleis ikkje tilgang til eit gjennomarbeidd oppslagsverk om sitt eige morsmål, tilsvarande *The Oxford School Dictionary* i Storbritannia og *Petit Larousse* i Frankrike.

Kontakten mellom Språkrådet og Utdanningsdirektoratet om godkjenningssordninga har resultert i at det no er teke eit initiativ med tanke på utvikling av begynnarordbøker og definisjonsordbøker for skulebruk.

Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring og Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa er trekte inn i samarbeidet. Også Lesesenteret i Stavanger er ein aktuell samarbeidspartnar.

Mykje tyder på at utvikling av ordkunnskap gjennom meir systematisk bruk av spesialtilpassa ordbøker kan vera eit viktig bidrag til å gjera elevane betre skikka til å forstå og ta til seg innhaldet i dei tekstane dei les. Dette kan difor vera eit viktig tiltak for betre leseforståing.

Forsking har vist at særleg elevar med norsk som andrespråk opplever at manglande ordkunnskap blir ei hindring for å forstå fagtekstar dei skal lesa etter at den grunnleggjande lese- og skriveopplæringa er over. Resultata frå den såkalla PISA-undersøkinga gjev også grunn til å tru at fleire elevar med norsk som morsmål har trong for større metakunnskap om språk og aktiv stimulering av ordtilfanget.

Generell ordkunnskap formidla i ordbøker er kunnskap som varer lenge, i motsetnad til mykje anna kunnskapsstoff, som fort kan bli utdatert. Tilpassa ordbøker kan og bør brukast i alle fag i skulen, men det er likevel behov for å finna ut meir om korleis ordbøker kan fungera stimulerande både i norskundervisninga og i anna fagopplæring.

Det må offentleg medverknad til for å sikra at ordbøker på nynorsk og bokmål blir utarbeidde parallelt.

8.4.4.7 Allmenne definisjonsordbøker

Medan vi manglar definisjonsordbøker til skulebruk, har vi fleire allmenne ordbøker i denne kategorien.

Først og fremst må nemnast dei to handordbøkene, *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, den første utgjeven av Kunnskapsforlaget, den andre av Det Norske Samlaget. Desse dekkjer det sentrale ordtilfanget i kvar si målform og er utarbeidde av Institutt for lingvistiske og nordiske studium

ved Universitetet i Oslo i samarbeid med Språkrådet.

Den direkte medverknaden frå Språkrådet gjev desse ein spesiell status og inneber at dei også fungerer som offisielle rettskrivingsordbøker, i tillegg til at dei er definisjonsordbøker som opplyser om ordhistorie og tyding og gjev døme på korleis orda blir nytta i ulike samanhengar. Bøkene gjev også opplysningar om trykk og tonem ved uttale av ord som ikkje utan vidare følgjer det vanlege trykkmønsteret i norsk, og har dessutan meir fullstendige uttaleopplysningar for framandord og nyare lånord.

Nynorskordboka har eit noko større ordtilfang enn Bokmålsordboka, ca. 90 000 oppslagsord mot ca. 65 000 i Bokmålsordboka. Dette har samanheng med at Nynorskordboka er den første og einaste allmennspråklege ordboka for nynorsk, og at det er teke med eit utval eldre og nyare dialektord. Utvalskriteriet her har vore at ordet i kjeldetilfanget var registrert som målføreord i minst tre fylke, eventuelt i minst to av dei tre nordnorske fylka.

På bokmålssida representerer *Tanums store rettskrivningsordbok*, også utgjeven av Kunnskapsforlaget, eit godt supplement til Bokmålsordboka. Ho har rett nok meir sparsame tydingsopplysningar, men har til gjengjeld med eit langt større utval av samansette ord, dessutan mange geografiske namn og liknande. Med i alt rundt 300 000 ord er dette den største og mest omfattande rettskrivingsordboka for bokmål. Ho er gjennomgått av Språkrådet i tråd med gjeldande rettskriving, har fullstendige opplysningar om alle tillatne former og variantar og er dermed ei sikker kjelde til den offisielle bokmålsrettskrivinga.

Ei alternativ handordbok, med i overkant av 60 000 oppslagsord, er *Norsk Ordbok med 1000 illustrasjoner*, utgjeven av Kunnskapsforlaget, som byggjer på ein tidlegare versjon, *Store Norske Ordbok* frå 1991, som igjen var ei sterkt utvida utgåve av *Riksmålsordboken* frå 1977. Dette er ei ordbok for riksmål og moderat bokmål. Det inneber at ikkje alle valfrie former innanfor den offisielle rettskrivinga er med, berre såkalla moderate bokmålsformer. I tillegg kjem riksmålsformer som ikkje er tillatne innanfor offisiell rettskriving, som til dømes *sprog, sne, efter, vidne, have, farve* o.a.

Slike særskilde riksmålsformer er tydeleg merkte, for å skilja dei frå dei offisielle formene. Dei som må halda seg til offisiell rettskriving, får dermed beskjed om kva former dei ikkje kan bruka, men til vanleg finn dei altså ikkje i denne ordboka dei offisielle formene som ikkje er godkjende innanfor den uoffisielle riksmålsnormalen.

Døme på slike former er *deltakelse*, *atferd*, *kopling* o.a. Men når riksmålsnormalen har eineform som ikkje er tillaten i bokmål, er også offisiell bokmålsform oppført, slik som til dømes *tjue* og *tretti* (ved sida av eineformene *tyve* og *tredve* i riksmål), *hylle* (ved sida av eineforma *hylde* i riksmål) o.a.

8.4.4.8 Elektroniske ordboksressursar

Ved Universitetet i Oslo finst ein database kalla Norsk ordbank, som inneheld leksikalske einingar i grunnform kopla til alle bøyingsformene til kvar eining, såkalla fullformer. Dei leksikalske einingane og dei brukte bøyingsmønstra svarer i all hovudsak til oppslagsorda og bøyingsinformasjonen i dei to offisielle handordbøkene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*.

Takk vera denne ordbanken har den elektroniske versjonen av ordbøkene sidan 1990-talet vore gratis tilgjengeleg som søkjeteneste på Internett. Etter opplysningar frå april 2008 hadde den elektroniske utgåva av Bokmålsordboka 48 000 oppslag dagleg mot 38 000 for den tilsvarende Nynorskordboka. Dei representerer dermed ei viktig teneste for heile det norske språksamfunnet.

I søkjetenesta på Internett er fullformene i Norsk ordbank kopla til dei tilsvarende oppslagsorda i dei elektroniske manusa for dei to handordbøkene. Dette gjer at ein får tilslag ikkje berre når ein søker på oppslagsorda i ordbøkene, men også på bøyde former av orda. Dei elektroniske fullformordlistene kan utnyttast på mange ulike måtar også i forskning og kommersiell samanheng.

Etter dei siste rettskrivingsendringane, først og fremst bokmålsrevisjonen frå 1. juli 2005, har ein i ordbanken ikkje vore heilt à jour med oppdateringa av fullformordlistene. Det gjer at publikum innimellom kan få tilslag i ordbøkene når dei søker på ei forelda bøyingsform, eller melding om at ei tillaten bøyingsform ikkje finst. Difor gjekk Språkrådet og Universitetet tidleg på hausten 2007 i gang med eit prosjekt for nødvendig ajourføring av fullformordlistene. At ordressursane alltid er korrekte og oppdaterte, er ein føresetnad for optimal utnytting og bruk av dette verdifulle materialet.

Sett frå det offentlege si side er det ønskeleg at data frå dei to ordbøkene og frå Norsk ordbank, som er finansiert av offentlege midlar, så langt råd er skal vera allment tilgjengelege. I utgangspunktet bør difor innhaldet i basane kunna utnyttast gratis, også for kommersielle formål. Det er Universitetet i Oslo og Språkrådet som sit med dei juridiske rettane til det elektroniske ordbokmaterialet og til fullformordlistene, og i utgangspunktet står desse

to institusjonane difor fritt til å levera ut fullformordlistene til alle som er interesserte i å utnytta dei.

At korrekte fullformordlister for bokmål og nynorsk er gratis tilgjengelege, vil ha mange språkpolitiske føremoner. Mellom anna vil språkbrukarane heile tida ha tilgang til gjeldande rettskrivingsnormer. Gratis tilgang til desse basisressursane vil redusera kostnadene for alle som vil utvikla norske språkverktøy som ordrettingsprogram, grammatikk-kontrollar, søkjeverktøy, automatiske omsetjingsprogram o.l. og dermed leggja til rette for større konkurranse og mangfald. Om det blir lagt til rette for det, vil fullformordlistene også kunna nyttast til datamaskinell kontroll av skuleordlister og til å registrera normeringshistorikk.

Det vil også gjera sitt til å styrkja dei offisielle språknormene i bokmål og nynorsk, når potensielle aktørar lettare kan bruka dei offisielle normene framfor private språknormer i språkverktøy. Utviklinga av elektroniske språkverktøy for utdanningssektoren vil bli enklare ved at til dømes organisasjonar som Skolelinux får tilgang til språkressursane. Det blir også lettare å bruka norsk i staden for engelsk i språkverktøy. Ein oppdatert Norsk ordbank vil dessutan utgjera ein solid basis i arbeidet med å byggja opp ein norsk språkbank.

8.4.5 Fastsetjing og normering av namn

8.4.5.1 Namnekulturen i språket

Namn og namneformer er ein svært synleg del av språket og språkkulturen. Difor er det særleg viktig at konstruksjon og utforming av nye namn så langt råd er, skjer i samsvar med god namneskikk og offisielle rettskrivings- og skrivereglar. Ikkje minst bør dette gjelda slike namn som blir mykje nytta i det offentlege rommet, så som stadnamn, firmanamn og institusjonsnamn.

Namnekulturen kan på ein særleg tydeleg måte spegla av den status og posisjon som språk generelt og ikkje minst det eigne nasjonalspråket spesielt har vunne i eit samfunn. For som språklege uttrykk er namn utsette for særleg sterkt press frå ytre krefter. Det handlar om profilering og merkevarebygging, om fasade og grafisk form, om kjensler og identitet. Når andre omsyn enn språkleg kvalitet og funksjonalitet pressar på, krevst det både språkleg medvit og aktiv innsats å halda namnekulturen i språkleg hevd.

Også her har det offentlege eit særleg ansvar for å gå føre og visa veg. Små avvik i rettskriving og skrivemåte i eit namn kan isolert sett synast som ein bagatell. Men i sum er det utan tvil uheldig der-

som det får lov å utvikla seg ein namnepraksis som meir eller mindre systematisk strir mot offisiell normering og offisielle skrivereglar.

8.4.5.2 Reglar og ikkje-reglar om ulike namneobjekt

Det finst mange slags namn, avhengig av typar av namneobjekt. Generelt utgjer namn ein del av det språklege korpuset som til dels er gjenstand for eigne reguleringar, dels er ein del av dei allmenne rettskrivingsreglane, og dels ikkje regulert i det heile.

For norske stadnamn og personnamn har vi eigne lover. Den første regulerer både namneval og skrivemåte og gjeld i tillegg til ordinære stadnamn også gardsnamn og bruksnamn. Den andre regulerer kva namn som kan takast i bruk som fornamn, etternamn og eventuelt mellomnamn på personar busette i Noreg, men i hovudsak ikkje korleis namna skal skrivast.

Når det gjeld historiske namn og utanlandske geografiske namn, er det gjeve reglar og gjort vedtak innanfor ramma av det normeringsregimet som har vore gjeldande for den vanlege rettskrivinga. Tilsvarende er det også gjort vedtak om skrivemåten av namn på språk verda over og om innbyggjarnamn.

Fastsetjing og skrivemåte av namn på alle slags organisasjonar og institusjonar i landet finst det derimot nesten ikkje reglar for, heller ikkje for offentlege institusjonar generelt eller statlege institusjonar spesielt. Det mest handfaste unntaket er ei føresegn i forskrift til lov om målbruk i offentlig teneste om at namnet på eit statsorgan skal ha både ei bokmålsform og ei nynorskform dersom det ikkje høver med same namnet i begge målformer.

I tillegg må det leggjast til grunn som ein bindande føresetnad at namn på statlege institusjonar skal følgja ordinære rettskrivings- og skrivereglar, men dette skjer likevel ikkje utan vidare. Dessutan gjev slike reglar sjeldan fullnøyande rettleiing om sjølve namnekonstruksjonen.

8.4.5.3 Avvikande språkbruk i namnelaginga

Eit av dei uheldige utviklingstrekka i namnekulturen er ikkje minst den tiltakande tendensen til særskriving av samansette ord, eit fenomen som også synest å breia om seg i språket elles.

Det same gjeld noko vi stadig ser meir av, bruk av stor førebokstav inne i eit ord for å markera ulike ledd i eit samanskrive ord.

Særleg i private firmanamn ser ein ofte engelskpåverka skrivemåtar. Typisk i så måte er

bruk av apostrof for å markera eigeform, så som *Roy's Hairport* og *Drammen's Hytta*. Det første namnet gir også døme på bruk av engelsk ordstoff, noko som er mykje vanleg i privat verksemd. I det andre namnet finst elles døme på alle dei tre normavvika som er nemnde ovanfor, både feil bruk av apostrof, særskriving av eit samansett ord og stor forbokstav i det utskilde andreleddet av namnet.

I ein del namn ser ein døme på uvanlege grafiske verkemiddel.

Mange namneutformingar med språklege avvik kan kanskje seiast å fungera på eit vis som del av ein logo, men dei gjer seg ikkje utan vidare like godt i løpande tekst.

Omdanning, oppsplitting og utskiljing av tidlegare offentlig verksemd i eigne selskap dei siste åra synest også å ha ført med seg ein ny namnetrend. I motsetnad til det som har vore vanleg i det offentlege, har mange av desse selskapa fått namn som ikkje utan vidare fortel noko om kva verksemd det er tale om. Slike døme er *Cemaq*, *Secora*, *Mesta* og *Entra*. Døme på namn av liknande type, men likevel noko lettare forstålege, er *Telenor* og *Avinor*.

Også namnet *Aetat* om den tidlegare Arbeidsmarknadsetaten og namnet på den nye arbeids- og velferdsetaten som kjem i staden, *Nav* eller *NAV*, er døme på til dels nye måtar å konstruera og skriva offentlege institusjonsnamn på.

Den store sjukehusreforma for nokre år var også til dels nyskapande i namnevegen. Vi fekk namn som *Helse Nord*, *Helse Midt-Noreg* osv., dessutan former som *Helse Blefjell*, *Helse Fonna*, dessutan former som *Sjukehuset Innlandet* og *Sjukehuset Levanger*, eventuelt med tillegg av avdeling med tilhøyrande stadnamn, til dømes *Sjukehuset Innlandet avdeling Gjøvik*.

Ikkje all nyskapande namnelaging bør avvisast. Særleg når det gjeld offentlege institusjonsnamn, er det likevel behov for å få sett det heile meir i system, slik at nye namn ikkje blir laga utan at ein har vurdert dei i høve til tradisjonell norsk namnelaging, norsk språkkjensle, norsk syntaks og – som eit minimum – norske skrive- og rettskrivingsreglar.

8.4.5.4 Språkfaglege konsultasjonsrutinar

For å få meir orden på den namnelaginga som statlege organ har kontroll med, sende Kultur- og kyrkjedepartementet 23. mai 2007 eit rundskriv til alle dei andre fagdepartementa om språkfaglege konsultasjonsrutinar ved namnelaging i staten.

Rundskrivet minner også om gjeldande rettskrivings- og skrivereglar, og at dei må leggjast til

grunn også ved fastsetjing av namn på statlege og statleg tilknytte organ, institusjonar, selskap og liknande.

Slike namnesaker kan koma opp både gjennom nyetableringar og omorganisering. I samband med namnevalet er det som regel også behov for å utvikla ny logo og nytt profileringsprogram. I dag vil også val av domenenavn på Internett naturleg inngå som ein del av namneprosessen. Det har vore døme på at dette er med på å leggja premisser for utforminga av sjølve verksemdsnamnet.

Dei seinare åra har departementet registrert både uvisse hos involverte aktørar og ein del offentleg debatt om den språklege utforminga av namn på nye eller omorganiserte statlege eller statstilknytte verksemder. Enkelte har også vendt seg til departementet med språkleg grunnjevne innendingar mot ein del nye namn som er komne til.

Det som ofte er situasjonen i slike saker, er at namneprosessen med alt som høyrer med av praktisk førebuing, er komen så langt at det kan vera for seint å gjera endringar når Kultur- og kyrkjedepartementet eller Språkrådet kjem under ver med den aktuelle namnesaka.

For å sikra at språkfaglege og språkpolitiske omsyn ikkje blir gløymde i namneprosessen, har departementet i rundskrivet lagt opp til at Språkrådet skal konsulterast på eit tidleg tidspunkt i arbeidet med namneval og namneutforming.

Grunnlaget for den namnefaglege rådgjevinga når det gjeld statlege verksemder som kjem inn under mållova, er den tidlegare nemnde føresegna i forskrift til mållova om at namnet på eit statsorgan skal ha namn både på nynorsk og bokmål dersom det ikkje høver med det same namnet i begge målformer.

I tidlegare rundskriv med oversyn over statsorgan med ulikt namn på bokmål og nynorsk er det lagt til grunn at namneformene blir fastsette av fagdepartementa i samråd med vedkomande statsorgan, medan Kultur- og kyrkjedepartementet i samråd med Språkrådet har tilsyn med at namna følgjer gjeldande rettskriving.

Tidlegare har det likevel ikkje vore etablert nærare rutinar for korleis dette tilsynet skal skje. Røynslene har elles vist at det kan vera behov for språkleg konsultasjon også i dei tilfelle der det ikkje blir spørsmål om ulik namneform på bokmål og nynorsk. Dette er ikkje alltid klart i utgangspunktet, for det kjem an på kva for namnekonstruksjon som blir valt. Departementet har lagt til grunn at det også kan vera behov for språkfagleg rettlei-

ing ved utforming av namn på verksemder som fell utanfor verkeområdet for mållova.

Såleis heiter det i rundskrivet at rutinane så langt råd er, bør følgjast ved alle namneprosessar der eit fagdepartement er involvert, til dømes gjennom forvaltning av statlege eigarinteresser eller statlege tilknytingsformer elles, uavhengig av om vedkomande verksemd kan seiast å vera formelt bunden av aktuelle språkreglar eller ikkje. I slike tilfelle kan prosedyrane vera med og sikra at dei språkreglar staten sjølv er bunden av, i det minste blir lagde til grunn for statleg rettleiing og statlege tilrådingar i relevante namneprosessar.

8.4.5.5 Oppsummerande vurderingar

I det nemnde rundskrivet om språkfagleg konsultasjon ved namnelaging i staten har departementet fastsett følgjande rutinar:

- 1 Fagdepartementa bør sjå til at Språkrådet blir konsultert på eit tidleg tidspunkt i alle saker som gjeld namn på tilknytte verksemder.
- 2 Dersom det oppstår usemje om namneforma, er det naturleg at saka blir lagd fram for Kultur- og kyrkjedepartementet.
- 3 Når det er formålstenleg, kan saka takast opp direkte med Kultur- og kyrkjedepartementet, som i så fall vil konsultera Språkrådet i nødvendig grad.
- 4 I gjevne tilfelle kan det vera formålstenleg at den aktuelle verksemda konsulterer Språkrådet direkte, og fagdepartementa er difor bedne om å informera aktuelle verksemder om dei fastsette prosedyrane ovanfor.

Det er elles slått fast i rundskrivet at offentlege namn og særleg namn i staten bør vera føredøme med tydeleg meining og korrekt skrivemåte. Funksjon og namn bør ha ein klar samanheng, og skrive-reglane bør følgjast.

Departementet vil følgja opp dei språkfaglege rutinane, i første omgang i samband med utforming av eit rundskriv med ajourført oversyn over statlege og statstilknytte institusjons- og verksemdsnamn.

Departementet vil også vurdere korleis den skisserte konsultasjonsordninga eventuelt kan formaliserast gjennom arbeidet med ny lovgjeving på språkområdet. Som eit minimum kan det vera aktuelt å ta inn noko i den planlagde lova om Språkrådet, jf. kap. 3.4.2.

Departementet vil også vurdere om det bør fastsetjast meir formelle reglar og rutinar for namnelaging og utforming av namn i staten.

8.5 Språkrøkt

8.5.1 Generelt

8.5.1.1 Meir enn rettskriving

Eit godt og velfungerande språk er mykje meir enn korrekt rettskriving. Det er også om å gjera at orda blir sette saman til språkrette setningar, og at setningane blir kopla saman til velforma tekstar som fungerer etter formålet. Også talespråket kan gjerast til gjenstand for røkt og pleie.

8.5.1.2 Talespråk og talekunst

Talespråket er det opphavlege språket, det som blir til når to menneske kommuniserer, andlet til andlet. Dei fleste språk finst berre som talespråk, og før den tida då dei store skriftkulturane fekk ei dominerande stilling i samfunnet, stod den munnlege tradisjonen sentralt, også når det gjaldt å formidla kunnskap og annan kulturarv mellom generasjonane.

Men talespråk og skriftspråk stiller ulike språklege krav. Talespråket er spontant, gjev mindre tid til gjennomtenkt språkleg utforming. Til gjengjeld kan unøyaktig og upresis språkbruk korrigerast gjennom stemmebruk og mimikk, og ved at den som talar, heile tida kan korrigera og justera talen etter dei reaksjonar han får frå ein samtalepartner.

Alle er ikkje like taleføre, og alle er heller ikkje i ein posisjon som gjer at dei får oppøvd taleevnene sine. Spørsmålet kan likevel stillast om vi i dag legg stor nok vekt på å dyrka talekunst og retoriske evner.

Skulen har som eit viktig mål å utvikla dei munnlege språkevne hos elevane. Det som kan vera spørsmålet, er om vi har ein sterk nok retorisk tradisjon her i landet til at talekunsten har gode nok vekstvilkår i det offentlege rommet. I fleire land blir det lagt stor vekt på talekunst og retorikk både i det politiske livet og i det offentlege rommet elles. Det finst også døme på at oppøving av munnlege framføringsevner er ein særskild fagdisiplin i skulen, i engelskspråklege land ofte omtalt som «speech». Det er om å gjera at vi også her i landet gjev denne delen av språkopplæringa tilstrekkeleg merksemd.

Til ein viss grad kan offentleg språkrøkt også vera med og gjera talespråket betre.

8.5.1.3 Språkrøkt i NRK og andre etermedium

Behovet for talespråkleg språkrøkt er særleg til stades i situasjonar der den som talar, vender seg til eit større publikum, og aller mest der talaren heller ikkje har augekontakt med det eigentlege

publikum, slik tilfellet er for dei som opptre i etermedia, radio og fjernsyn.

Her har ikkje minst NRK, men også dei andre allmennkringkastarane, ei viktig rolle å spela. NRK har lenge vore ein av dei fremste talespråklege normsetjarane her i landet og er truleg den einaste institusjonen i landet som har eigne reglar for talespråk. Slik sett har NRK på sett og vis vore eit språkpolitisk prosjekt så lenge institusjonen har eksistert.

Det er særms om å gjera at NRK framleis har eit klart medvit om kva som i ulike samanhengar er godt og formålstenleg språk i eteren. Mellom anna er det viktig at institusjonen har eit gjennomtenkt syn på tilhøvet mellom standarspråk og dialekt. NRK bør kjenna eit særleg ansvar for å dyrka og formidla eit standardisert nynorsk talemål.

8.5.1.4 Kvalitet i skriftspråket

Skriftspråket eignar seg særleg godt for meir systematisk språkrøkt. Mange meiner i dag å sjå klare tendensar til språkleg forfall både i skrift og tale. Men eit inntrykk av eit større eller mindre språkleg forfall har folk hatt også tidlegare. Generelt er det vanskeleg å samanlikna språkleg kvalitet over tid, for språk og språkvanar er i stadig endring.

Det går likevel an å peika på ein del område der tilstanden ikkje er så god som vi skulle ønskja.

Det kan ha samanheng med dårlegare opplæring eller at det blir lagt mindre vekt på kvalitet i den språklege utforminga, men det kan også vera ein funksjon av at mange i dag er tvungne til å skriva mykje meir enn i tidlegare tider. Det kan også sjåast i samanheng med at dei skriftteknologiske rammevilkåra har endra seg mykje på grunn av den informasjonsteknologiske utviklinga.

8.5.1.5 Avisspråket som døme

Aviser er noko av det som blir lese aller mest, og vi må difor tru at avisene også er blant dei skriftproducentane som har størst påverknad på språket vårt. Det er rimeleg å tru at dei i stor grad fungerer som eit mønster for mykje annan språkbruk i samfunnet.

Kva kvalitet har så avisspråket?

Den nyaste undersøkinga av dette er den enkeltstående testen Språkrådet gjennomførte sist haust. Dei valde ut dei fire riksavisene Aftenposten, VG, Dagbladet og Bergens Tidende og las systematisk korrektur på alt det redaksjonelle stoffet som desse avisene trykte ein dag i oktober 2007. Dei viktigaste resultatane vart oppsummerte av direktøren i ein kronikk i Aftenposten 1. desember 2007.

Her blir for det første teiknsetjinga i avisene karakterisert som nedslåande. Til saman hadde dei fire avisene denne eine dagen om lag fem hundre klare kommafeil. Jamvel om det også fanst feilfrie artiklar, var det eit generelt inntrykk at journalistane ikkje meistarar elementære kommareglar. Det vart i stor grad sett komma der det ikkje skal vera, og ikkje komma der det skal vera.

I tillegg til mengder av feil teiknsetjing kunne Språkrådet melda om grove tekstfeil som sjenerer lesinga, ord eller bokstavar som manglar, ord som er bytte om, ord som er skrivne to gonger.

Endeleg kjem så dei vanlege rettskrivingsfeila, som det også var flust av døme på i dei fire avisene. Særleg var det mykje feil bruk av liten og stor førebokstav.

Språkrådet fann også døme på feilfrie og vel-skrivne artiklar i alle dei fire avisene, men det som uroar, er at dette var reine unntak. Temmeleg mange artiklar inneheldt elementære rettskrivingsfeil, mengder av teiknsetjingsfeil og så pass mykje tekstslurv at kvaliteten etter Språkrådet si vurdering umogleg kunne liggja særleg over det ein middels elev presterer i vidaregåande skule.

Språkrådet konkluderte med at gode elevar i vidaregåande skule i alle fall berre unntaksvis kan bruka tekstane i dei fire største avisene i landet som språkleg mønster.

Bakgrunnen for at Språkrådet gjennomførte denne miniundersøkinga, er at det sidan 2006 ikkje lenger er tilsett korrekturlesarar i dei store avisene. Det synest altså som det har vore viktigare å spare pengar enn å bruka korrekturlesarar til å kvalitetssikra språket.

Bak avgjerdene om å sløyfa korrekturlesarane kan det også liggja ei overdriven tru på kva dei språktechnologiske retteprogramma kan avsløra av feil og manglar i språket. Saka er at slike program berre rettar ein del av feila, dessutan at dei også i mange tilfelle markerer for feil når dei ikkje skal.

Språkrådet slår fast at dei beste retteprogramma i dag ikkje er noko meir enn eit støtteverktøy, og at dersom ein baserer tekstkvaliteten på eit retteprogram, så er det nøydd til å gå gale.

8.5.2 Språkleg kvalitet i lærebøker

8.5.2.1 Innleiing

Lærebøker er eit særleg viktig område når det gjeld å sikra god språkleg kvalitet. For det første rettar dei seg til barn og unge, som er ei strategisk viktig målgruppe i språkleg kvalitets- og haldningsarbeid. For det andre vil denne boksjangeren i kraft av sin funksjon som formidlar av lærestoffet i

skulen framstå med ein spesiell autoritet. Alt i alt er det difor grunn til å tru at lærebøker har svært mykje å seia for innlæring og innarbeiding av gode språkvanar.

Uansett fag vil lærebøkene i stor grad vera språkleg mønsterdannande for heile årskull av barn og unge. Om ikkje anna vil lærebøkene i alle fall bli oppfatta som språklege føredøme. Språket i lærebøkene må difor vera både formelt korrekt og velforma, samstundes som det sjølvsagt må formidla lærestoffet på pedagogisk godt tilrettelagd måte. Det er viktig at språket i lærebøkene held ein slik kvalitet at det i det minste kan fungera som motvekt mot det som måtte vera av uheldig språkleg påverknad utanom skulen.

Undersøkingar som er gjorde av ein del lærebøker som er laga i samband med innføring av kunnskapslyftet i skulen dei seinare åra, viser dessverre at vi ikkje utan vidare kan kjenna oss trygge på at lærebøkene held godt nok mål verken språkleg eller pedagogisk.

8.5.2.2 Oppheving av tidlegare godkjenningsordning

I samband med omtalen av den statlege godkjenningsordninga for ordlister ovanfor er det nemnt at dette tidlegare var ein del av ei generell godkjenningsordning for lærebøker til bruk i skulen. Som ledd i denne generelle godkjenningsordninga hadde Norsk språkråd ansvar for språkleg førehandsgransking av lærebøkene. Godkjenninga bygde elles på ei vurdering av pedagogisk og fagdidaktisk kvalitet og om boka tok omsyn til kravet til likestilling mellom kjønna.

Godkjenningsordninga vart oppheva med verk-nad frå 1. august 2000. Bakgrunnen for dette var eit ønske om å fremja større mangfald i læreboktilbodet og å leggja større ansvar for kvaliteten over på dei aktuelle produksjons- og fagmiljøa. Dessutan vart det vist til at det er læreplanane og ikkje lærebøkene som skal vera styrande for undervisninga, jf. Ot.prp. nr. 44 (1999–2000) og Innst. O. nr. 89 (1999–2000).

I ei utførleg høyringsfråsegn i samband med oppheving av ordninga gjorde Norsk språkråd greie for ein del uheldige konsekvensar dei såg for seg når det vart slutt på den språklege førehandsgranskinga. Fråsegna baserte seg på dei røynsleane som var hausta frå språkleg gjennomgang av eit utal lærebokmanus gjennom mange år.

Frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet si side vart det generelt vist til at kvaliteten i lærebøkene for framtida i første rekkje måtte sikrast gjennom samarbeid mellom forlag og forfatta-

rar. Departementet la til grunn at det ville bli van-skeleg for forlaga å få selt lærebøker som ikkje heldt høg kvalitet jamført med krava i dei respek-tive læreplanane, likeins lærebøker som ikkje hadde tilstrekkeleg språkleg kvalitet.

I innspel til proposisjonsarbeidet gav Kulturde-partementet uttrykk for at det kunne vera tenleg å setja ned ei arbeidsgruppe for å sjå nærare på dei spørsmåla Norsk språkråd hadde problematisert i høyringsfråsegna si. Og i proposisjonen frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet heitte det at departementa i samarbeid ville følgja opp spør-smålet om å sikra den språklege kvaliteten i lærebø-kene. Det vart også vist til at Norsk språkråd fram-leis kunne vera ein viktig ressurs for forlaga med tanke på språkleg kvalitetssikring.

8.5.2.3 *Den tidlegare lærebokgranskinga i Norsk språkråd*

Samla sett omfatta lærebokgranskinga i regi av Norsk språkråd i perioden 1972–2000 om lag 10 000 titlar. Granskinga gjaldt alt frå rettskriving, teiknsetjing og terminologi til bruk av norske ord i staden for engelske, tekstsamanheng, uttrykks-måte og språkføring.

I den interne evalueringa av Norsk språkråd som ein uavhengig konsulent gjennomførte i 2003, blir det hevda at lærebokgranskinga har hatt mykje å seia i arbeidet for ein felles og eintydig ter-minologi i mange fag, at ho var viktig for å mot-verka unødig bruk av engelske ord og uttrykk, dessutan at ho representerte ein garanti for den språklege kvaliteten i lærebøkene meir generelt. Lærebokgranskinga gav også mykje materiale som Norsk språkråd kunne utnytta i det generelle rådgjevingsarbeidet sitt.

Det kom likevel kritiske merknader til at svært store ressursar i sekretariatet på denne måten vart bundne opp i eit arbeid som trass alt utgjorde berre ein mindre del av det samla ansvarsområdet til Norsk språkråd. Det er også vist til at forlaga av og til kunne oppleve kontakten med Norsk språkråd som eit irritasjonsmoment, jamvel om denne eksterne kontrollen samstundes representerte eit språkleg sikringstiltak for dei.

8.5.2.4 *Lærebokspråket etter godkjenning-sordninga*

Etter at den obligatoriske godkjenningssordninga fall bort i 2000, gjekk styret inn for at Norsk språkråd skulle gje skulebokforlaga eit frivillig tilbod om språkleg kvalitetssikring av lærebøker, men det har ikkje vore særleg interesse for dette.

Året før godkjenningssordninga fall bort, avslutta Norsk språkråd arbeidet med ei omfat-tande rettleiingshandbok i lærebokarbeid, med tit-telen *Godt språk i lærebøker*. Her finn ein nedfelt i skriftleg form alle dei retningslinjene og reglane som Norsk språkråd hadde utvikla og lagt til grunn for arbeidet sitt med den språklege granskinga av lærebøkene gjennom mange år.

Vonleg har denne handboka fungert som eit nyttig hjelpemiddel for forlag og forfattarar i deira eige arbeid med språkleg utforming i lærebøkene i åra som er gått etter at godkjenningssordninga fall bort.

Vi har elles ikkje systematisk kunnskap om konsekvensane av at førehandsgranskinga vart avskaffa, dvs. korleis lærebokspråket har utvikla seg dei seinare åra.

Språkrådet har lenge hatt planar om å gjennom-føra stikkprøvekontroll av lærebokspråket for å kunna danna seg eit inntrykk av situasjonen. Til no har ein likevel ikkje makta å prioritera dette arbeidet. Det er heller ikkje teke spesielle initiativ frå departementshald, slik det vart nemnt i proposisjo-nen frå 2000 om oppheving av godkjenningssord-ninga.

Etter omdanninga er Språkrådet no i ferd med å setja nytt søkjelys på spørsmål som har å gjera med den språklege kvaliteten innanfor ulike for-mer for publisistisk verksemd, både den som skjer i privat og i offentleg regi.

Mellom anna arrangerte Språkrådet 30. mai 2007 eit dagsseminar om kvalitetssikring av språ-ket i fagbøker. Arrangementet var eit samarbeid med Norsk faglitterær forfatter- og oversetterfore-ning og Den norske Forleggerforening.

På seminaret vart det annonsert at Språkrådet ville gjera ein systematisk gjennomgang av eit utval lærebøker for å finna ut av korleis det stod til med det språklege kvalitetsarbeidet. Det vart streka under at resultatet av gjennomgangen med tilhøyrande grunnlagsmateriale ville bli gjort offentleg tilgjengeleg.

8.5.2.5 *Oppsummerande vurdering*

Departementet ser det sistnemnde initiativet frå Språkrådet som viktig og nødvendig. Når resulta-tet ligg føre, vil vi få eit betre grunnlag for å vur-dera behovet for å framskaffa meir omfattande informasjon om lærebokspråket, og om kva tiltak som det eventuelt kan vera aktuelt å vurdera. Slike vurderingar vil skje i samråd med Kunnskapsde-partementet.

Departementet vil også ta initiativ overfor Kunnskapsdepartementet for meir systematisk å

følgja opp det som vart signalisert i proposisjonen som gjekk forut for oppheving av godkjenningsordninga i 2000.

8.5.3 Språket i film og fjernsynsteksting spesielt og media generelt

8.5.3.1 Innleiing

Undertekstar i film og fjernsyn er ein særleg lett tilgjengeleg del av tekstproduksjonen i dagens norske samfunn.

Då gjev det grunn til uro at vi i dag ser fleire utviklingstendensar som kan gjera det vanskeleg å halda oppe den språklege kvaliteten i denne tekstproduksjonen. Det er her tale om tekstar som blir til gjennom omsetjing frå opphavleg engelsk eller anna framandspråkleg talespråk. Kompetansen til omsetjarane og ikkje minst arbeidsvilkåra deira kan dermed bli ganske avgjerande for resultatet.

8.5.3.2 Omfanget av film- og fjernsynsteksting

Tal som vart presenterte av Norsk audiovisuell oversetterforening (NAVIO) i samband med eit seminar arrangert av Språkrådet i mars 2005, viser at det årleg blir produsert slike tekstar i eit omfang som svarer til om lag 240 000 boksider. Dersom vi legg til grunn at ein middels stor roman er på 340–350 sider, svarer denne film- og fjernsynstekstinga til 700 slike romanar.

Reknestykket tek utgangspunkt i situasjonen i 2003 og omfattar for det første alle program med norske undertekstar i om lag 25 fjernsynskanalar som då var tilgjengelege i Noreg. Det svarer til rundt 40 timar teksta sending kvar dag, dvs. nærare 15 000 timar i året. I tillegg vart det i 2003 teksta 211 spelefilmar for kino og rundt 700 filmar for video- og dvd-marknaden.

Ein studie av teksting på norsk fjernsyn presentert i ein rapport frå mars 2004 av Institutt for medium og kommunikasjon ved Universitetet i Oslo, som tok utgangspunkt i eksisterande statistikk for mediebruk, viste at den gjennomsnittlege eksponeringa for fjernsynstekst i løpet av eit år tilsvarende 17–18 romanar. Dersom ein legg til grunn at ein sjåar les halvparten av den teksten vedkomande blir eksponert for, vil det altså svara til 8–9 romanar i året.

Dette inneber i så fall at det berre er aviser som er ei viktigare kjelde til lesing enn fjernsynstekst, og at lesing av fjernsynstekst er meir omfattande enn lesing av bøker. Studien viste også at lesing av fjernsynstekst er jamnare fordelt etter kjønn og alder og når ut til breiare lag av befolkninga enn både boklesing og tekstlesing på Internett.

8.5.3.3 Verknader for språkkompetansen hos barn og unge

Som kjelde til lesing synest fjernsynstekst å vera særleg viktig ikkje berre for høyrselshemma, men også generelt for barn og unge. Den nemnde studien frå Universitetet i Oslo viste at barn og unge i lesealder blir eksponerte for større tekstmengder enn gjennomsnittet.

Nettopp det at undertekstar på fjernsyn utgjør ein så stor del av det barn og unge konsumerer av skriven tekst, gjer at den språklege kvaliteten i slikt materiale blir eit spørsmål av særleg språkpolitisk interesse. Med tanke på utvikling av både lese- og skriveevna kan det vera vel så viktig å setja søkjelyset på dette spørsmålet som det arbeidet som også må gjerast for å stimulera barn og unge til å lesa fleire bøker.

I *Norsk i hundre!* heiter det at det blir eit stort paradoks dersom språket i tekstar til skulebruk blir nøye vurdert, medan det ikkje blir gjort noko for å kvalitetssikra dei tekstane som ungdom les av eige tiltak, og som dei les aller mest av. Rapporten slår også fast at det trengst meir kunnskap om kvaliteten på den tekstinga som går føre seg, og om korleis dette språket påverkar lese- og skrivepraksis særleg hos barn og unge.

Det er også forska lite på kva fjernsynstekstinga har å seia for utviklinga av generell leseevne og for framandspråkkompetansen hos barn og unge. Men det som gjev grunn til uro, er at dei sjangrane og kanalane barn og ungdom ser mest på, er dei same som også bruker dei omsetjingsmåtane som har dårlegast kvalitet.

8.5.3.4 Kostnadssparande omsetjingsmåtar og arbeidsvilkår

Dei omsetjingsmåtane det er tale om, har til formål å gjera omsetjingsprosessen meir effektiv for dermed å spara pengar. Det dreier seg særleg om maskinell omsetjing, og dessutan såkalla andre-språksomsetjingar.

Andrespråksomsetjing inneber at det først er gjort ei omsetjing til eit nærskyldt språk, fortrinnsvis dansk eller svensk. Slik indirekte omsetjing fører lett til fleire feil samanlikna med førstespråksomsetjingar.

Maskinomsetjing på si side krev ein etterfølgjande tekstgjennomgang av ein omsetjar for å retta opp feil som nødvendigvis følgjer med fordi ikkje noko databasert omsetjingsprogram uansett kor godt det er, kan måla seg med den menneskelege språkevna. Både andrespråksomsetjing og maskinomsetjing blir i utgangspunktet brukte for å spara tid og pengar.

Aukande konkurranse fjernsynskanalane imelom har nemleg ført til eit press i retning av å minimalisera kostnadene. Det har etter kvart utvikla seg ei næring som lever av programteksting for fjernsyn. Berre NRK har eiga teksteavdeling, men også her blir det i stor grad brukt frilansarar.

I det heile blir det jamt færre omsetjarar i faste stillingar i dei store fjernsynskanalane, og marknaden er på veg til å bli dominert av konkurrerande tekstebyrå som betaler monaleg dårlegare enn NRK, fordi prisane i stor grad kan dikterast av fjernsynskanalane. Resultatet er at omsetjarane ikkje får den tida på seg som skal til for å gjera ein skikkeleg jobb.

Eit inntrykk Språkrådet har, er at tekstinga i NRK held god standard, og at kvaliteten er bra også i TV 2, men likevel noko varierende. I dei kommersielle kanalane utanom TV2 står det gjennomgåande dårlegare til.

Hovudutfordringa er at det er marknaden som avgjer, i dette tilfellet marknaden av ungdommar, og at så lenge marknaden ikkje protesterer mot det han får, er det ikkje nokon grunn til å tru at dei kommersielle kanalane kjem til å gjera noko særskilt for å leggja til rette for språkleg kvalitet i dei omsette tekstane.

I staden er målet å spara pengar. Det gjer at delvis svakt kvalifiserte tekstarar får stramme tidskrav og vanskelege rammevilkår elles. Det blir difor særst vanskeleg for tekstarane å gjera ein tilfredsstillande jobb.

8.5.3.5 *Kva som blir gjort*

Språkrådet har engasjert seg spesielt i dette sakskomplekset, mellom anna ved å arrangera jamlege fagtreff for tekstarar. Dette skjer i samarbeid med Norsk audiovisuell oversetterforening (NAVIO). Det var to slike seminar i 2006 og tre i 2007. Delta-kartalet har variert frå 35 til 55.

Språkrådet legg altså stor vekt på å halda god kontakt med aktive tekstarar, og i tillegg til NAVIO også med andre foreiningar for tekstarar. På den måten blir det lagt vinn på å hjelpa og støtta tekstarane. Dette har også Språkrådet nytte av i si eiga verksemd.

Språkrådet freistar no også å oppretta nær kontakt med oppdragsgjevarane og tekstefirmaa, altså med bedriftene i bransjen.

Eit viktig punkt på konferansen om språkkvaliteten i film- og fjernsynsteksting som Språkrådet arrangerte i mars 2005, var utdanning av tekstarar.

Universitetet i Agder (tidlegare Høgskolen i Agder), som har eit eige studium i omsetjing, hadde på det tidspunktet ferdige planar som dei

ønskte å få sett ut i livet med særleg sikte på film- og fjernsynsteksting. I dag får omsetjarstudentane tilbod om eit dagars seminar i teksting. Dette omfattar både ei teoretisk og ei praktisk innføring i teksting, men det er altså tale om ein kortversjon.

Universitetet i Agder har også planar om å etablere ein mastergrad i omsetjing der teksting er inkludert, men ressursituasjonen gjer at realiseringa av desse planane framleis er i det uvisse.

8.5.3.6 *Oppsummerande vurdering*

Slik vilkåra har utvikla seg innanfor marknaden for særleg fjernsynsteksting, er det ingen tvil om at det er grunn til uro, og at noko bør gjerast for å påverka situasjonen. Det er grunn til å peika på at kvaliteten i tekstinga i dei kommersielle kanalane er slik at han er nøydd til å bryta ned respekten for godt språk og korrekt norsk.

Departementet vil ta initiativ til å skaffa til vegar meir kunnskap om kvaliteten på den tekstinga som går føre seg, og om korleis dette språket påverkar lese- og skrivepraksis særleg hos barn og unge.

Departementet vil også i samarbeid med Språkrådet vurderer kva andre tiltak som kan setjast i verk for å sikra nødvendig språkleg kvalitet i dette viktige tekstmaterialet.

8.6 **Det offentlege språket**

8.6.1 **Offentleg språk som føredøme**

8.6.1.1 *Det offentlege særansvaret*

Utfordringane for forvaltningsspråket kan skjematisk delast i to hovuddelar; det eine er å syta for at språket er korrekt og ordentleg, det andre å leggja til rette for at det også er forståeleg slik at det kommuniserer på ein formålstenleg måte med dei aktuelle målgruppene.

At språket blir brukt korrekt og slik at kommunikasjonen blir effektiv og målretta, er ein viktig føresetnad for å gje språket status og prestisje. Men også her er det ein vekselverknad; dersom ikkje språket har etter måten høg status og prestisje blant språkbrukarane, vil dei heller ikkje vera så nøye i sin eigen omgang med språket.

Det offentlege har eit særleg ansvar for å stå fram som eit godt føredøme når det gjeld å bruka eit godt og klart språk.

I arbeidet for å styrkja nasjonalspråket vårt, både norsk språk generelt og nynorsk skriftkultur spesielt, er difor offentleg forvaltning ein særleg viktig arena. Arbeidet for eit korrekt og velfungerande språk i offentleg forvaltning må såleis stå

sentralt i den språkpolitiske offensiven i åra framover.

8.6.1.2 *Verdien av kvalitet i offentleg språkbruk*

Dette dreier seg ikkje minst om den verknaden forvaltningsspråket kan ha på vørnaden for morsmålet generelt og skriftkulturen spesielt i heile det norske språksamfunnet. I tillegg har det offentlege språket også ein viktig velferds- og demokrati-dimensjon.

Dersom det offentlege Noreg – og særleg staten – stadig vekker fram ein uklar, uryddig og ukorrekt språkbruk og ikkje lever opp til sine eigne normer, då er det eit tydeleg signal også til andre språkbrukarar om at det ikkje er så nøye korleis vi har det med morsmålet vårt og skriftkulturen vår.

Offentleg forvaltning representerer det offisielle Noreg og bør difor stå fram som eit godt førebilete, også i sin omgang med språket. Det tek seg dårleg ut med språkleg sjusk og slurv i offentlege dokument og offentleg informasjon.

Dersom Noreg skal vera ein framstående kultur nasjon og eit høgt utvikla kunnskaps- og velferdssamfunn, må vi kosta på oss å stilla krav til kvalitet og funksjonalitet i det offentlege språket.

8.6.2 **Analyse av forvaltningsspråket før og no**

8.6.2.1 *Mindre kansellistil, men framleis mykje språkleg ukrut*

Gjennomgåande står det slett ikkje dårleg til med språket i det offentlege. Det blir alt i dag gjort mykje godt språkarbeid, og ein finn ofte døme på dokument som er kjenneteikna av både klar, korrekt og formålstenleg språkføring. Mange leiarar og saksbehandlarar er høgt språkmedvitne.

Utan tvil vart det brukt eit langt meir upersonleg og uforståeleg språk i tidlegare tider enn i dag. Dette har noko å gjera med skiftande språklege stilideal i samfunnet generelt. Ikkje minst er den gamle kansellistilen gradvis erstatta av ei språkføring der ledd følgjer ledd og setning følgjer setning på ein meir naturleg måte enn før. Eit stilideal meir prega av naturleg, munnleg uttrykksmåte er no det som gjeld, jamvel om det framleis er mykje språkbruk som ikkje godt nok lever opp til dette idealet.

Trass i den innsatsen som er gjort og dei endringane som har skjedd opp gjennom åra, er det likevel mykje som kan og må bli betre. Arbeidet for eit korrekt og eit enklare og meir forståeleg språk i offentleg forvaltning må difor halda fram, helst på

ein meir målretta og planfast måte enn til no. Berre slik kan vi ha von om å fjerna så mykje som råd av alt ukrut som det framleis finst rikeleg av i det offentlege språket.

8.6.2.2 *Språkmeistring og språkhaldning*

For ein stor del er språkleg kvalitet i det offentlege eit spørsmål om språkmeistring blant offentleg tilsette. Dette har igjen samheng med språkopplæringa i skule og utdanning og med kva vekt språkkompetanse blir tillagd ved rekruttering av nye medarbeidarar, i det daglege arbeidet og i samband med etterutdanning og etterfølgjande opplæring.

Språket er elles ikkje eit isolert fenomen, noko som kan skiljast frå det faglege arbeidet. I alt arbeid der språkleg utforming inngår, vil språk og innhald følgjast åt. Det uklart skrivne, kan ofte vera det uklart tenkte, andre gonger eit hinder for at den klare tanken blir oppfatta slik han var tenkt.

Ein avgjerande føresetnad for framskritt i det språklege kvalitetsarbeidet er å erkjenne at det for dei aller fleste er både slitsamt og tidkrevjande å skriva klart og forståeleg, også når den som skriv, er spesialist på det stoffet som skal framstillast. Det krev pågangsmot og vilje, konsentrasjon og styrke.

Dette er ikkje så lett i ein hektisk kvardag der tid og arbeidsro ofte er ein kritisk faktor. Jamvel om vi i praksis ofte må gå på kompromiss med den ideale fordringa, er det likevel om å gjera at vi held idealet klart for auge.

8.6.2.3 *Språkleg utforming av offentleg informasjon*

Dei fleste som skriv, også byråkratar og politikarar, har nok opplevd at språket kan vera både ein venn og ein fiende. På den eine sida gjeld det at ein ofte må vega orda sine, ikkje seia meir enn ein kan stå inne for. Då må ein formulera seg slik at nødvendige atterhald er tekne; ein må på eit vis gardera seg i språket.

Offentlege styresmakter må ofte hanskast med komplekse saksforhold dels tufta på omfattande og kompliserte regelverk som grip inn i kvarandre, dels på administrative og politiske ambisjonar og viljeserklæringar av meir eller mindre forpliktande karakter. Å uttrykkja ulike typar av atterhald er ofte nødvendig dersom det offentlege skal gardera seg mot seinare å bli trekt til ansvar utover det som det er grunnlag for å innfri.

På den andre sida dreier offentleg språkbruk seg om å nå fram med ein bodskap, slik at innhaldet blir oppfatta som det var meint.

Informasjon må formidlast slik at det offentlege ikkje støytar folk ifrå seg, og då må offentlege skriv og offentlege fråsegner vera forståelege for dei det mest vedkjem. Dette er viktig mellom anna for at folk skal kunna forsvara sine rettar og fremja sine interesser.

Ei unødig byråkratisk og snirklete språkføring kan ofte vera eit resultat av ein freistnad på å verna seg mot rettmessig kritikk. Men ofte er ein uttrykksmåte som gjer bodskapen vanskeleg forståeleg for mottakarane, eit utslag av innarbeidd tradisjon eller av at ein legg for lita vekt på å setja seg inn i situasjonen til lesaren når ein utformar offentlege dokument som rettar seg mot eit allment publikum eller av bestemte brukarar av offentlege tenester.

Det å formulera eit komplisert saksforhold på ein måte som er både korrekt og dekkjande og på same tid enkel og forståeleg, er ei evne som stadig må øvast opp og haldast ved like, og som det heile tida må leggjast arbeid og aktsemd i.

Å arbeida for eit klarare språk inneber likevel ikkje alltid å forenkla språket same kva det kostar. Forenkling må ikkje føra til språkleg forarming og mindre nyansering. Ikkje alle tekstar kan vera såkalla enkle. Ikkje alle tekstar kan heller vera frie for fagspråk.

Uklart språk kan vera tilsikta. Det er ikkje alltid mogleg eller ønskeleg å uttrykkja seg krystallklart. Dersom vi er usikre, ikkje veit nok eller ikkje har høve til å seia alt som kunne seiast, må vi bruka omtrentlege uttrykksmåtar. Vi kan velja å uttrykkja oss uklart dersom vi ønskjer å skåna nokon. Stundom kan det vera tryggast å uttrykkja seg uklart, slik at vi unngår å forplikta oss.

Men i normal, informerende sakprosa er ulempe ved tåkete uttrykksmåtar fleire enn fordelane. Dersom formålet med ein tekst er å informera, har vi alt å tena på uttrykkja oss klart og skjønneleg. Vi skal ikkje forenkla berre for å forenkla, men for å gjera tekstane tilgjengelege.

8.6.2.4 Særleg om betre nynorsk forvaltningspråk

Størst og tydelegast trong for å gjera noko med det offentlege språket er det, ikkje overraskande, på nynorsksida. Her er det mykje ukorrekt og usikker språkbruk å sjå, og det må difor setjast inn ein særleg innsats på dette feltet i åra framover.

For mange offentleg tilsette er det tydeleg at det i utgangspunktet fell vanskelegare å skriva nynorsk enn bokmål. Vi kan likevel ikkje slå oss til ro med den innstillinga at det er mindre viktig med eit godt og feilfritt språk på nynorsk enn på bokmål.

Særleg om å gjera er det at ikkje dei øvste regjeringskontora våre, departementa, sender frå seg dokument som er prega av systematiske og elementære språkfeil eller ei blanding av nynorsk- og bokmålsformer. For å unngå slikt trengst det først og fremst ei haldningsendring. Dette er oftast ein føresetnad for å få gjennomført verksame rutinar for nødvendig kvalitetssikring.

8.6.3 Klarspråk

8.6.3.1 Bruken av omgrepet klarspråk

I Noreg har vi tradisjonelt snakka om behovet for eit enklare og meir forståeleg språk i offentleg forvaltning, men etter mønster frå Sverige er no termen *klarspråk* på god veg til å bli eit kurant ord også i norsk samanheng. Ordet er kome med i siste utgåve av Nynorskordboka, som kom i 2006.

Sverige har lenge nytta uttrykket *offentleg klarspråk*, og blant dei nordiske landa er det utan tvil i Sverige at dette arbeidet er best utbygd og sett mest i system. Svenskane nyttar også termen *klarspråksarbeite* om dei relevante aktivitetane. Denne parallelle norske termen *klarspråksarbeid* er brukt i den norske omsetjinga av den nordiske språkdeklarasjonen, som opphavleg er utforma i svensk språkdrakt.

Uttrykket klarspråk har også elles vunne innpass i det nordiske samarbeidet på dette feltet. Det blir no med jamne mellomrom arrangert nordiske klarspråkskonferansar. Det kan nemnast at Noreg hadde ansvaret for konferansen i 2004. Den vart halden på Kongsberg, medan den førebels siste nordiske klarspråkskonferansen var i Gilleleje i Danmark i 2006.

I den nordiske språkdeklarasjonen er omgrepet klarspråk brukt i eit avsnitt som handlar om Norden som språkleg føregangsregion. Her heiter det at Norden skal streva etter å vera leiande innanfor det området som blir kalla klarspråksarbeid, og som utdjupande forklaring er nytta formuleringa å gjera det offentlege språket tydelegare, på svensk «att göra myndighetspråket tydligare».

I norsk samanheng er uttrykket klarspråk også teke i bruk av den særskilde språktenesta som no er etablert som ein del av sekretariatet i Språkrådet, jf. kap. 8.6.4 nedanfor. Språktenesta har fått eit særleg ansvar for å driva klarspråksarbeid i staten.

8.6.3.2 Klarspråksarbeid i andre land – særleg i EU

Av andre land som driv med klarspråksarbeid, kan nemnast USA, Canada, Australia, Sør-Afrika, New Zealand, Italia, Tyskland, Belgia, Frankrike og Spania.

I Storbritannia går arbeidet for klarspråk under parolen «fight the fog». Språktåke er altså den underliggjande førestellinga ein der har om uklart språk. I institusjonane innanfor EU blir det stadig satsa meir på klarspråk, og formålet er å heva kvaliteten på lovgjevinga og betra kommunikasjonen med EU-borgarane.

For å få til ein betre dialog med borgarane i EU har Kommisjonen fått laga ein handlingsplan for kommunikasjon. Kommisjonen skal satsa på å vidareutdanna tenestemenn, verva kommunikasjonsspesialistar, samanfatta større kommisjonsforslag og kommunisera på eit språk som folk forstår.

Mange som arbeider med EU-spørsmål, nyttar gjerne ein slags EU-sjargong, ord og uttrykk som kan vera vanskelege å tolka for uinnvigde, utan at det eigentleg er spesifikt tekniske eller juridiske termar. På den felles heimesida for EU-institusjonane finst difor ein såkalla klarspråkgaid til EU-sjargongen.

8.6.3.3 Sverige

Som nemnt har klarspråksarbeid ein særleg tradisjon i Sverige.

I det svenske lovverket finst føresegner om at styresmaktene skal uttrykkja seg klart og skjønleg.

Fast tilsette språkeekspertar i *Regeringskansliet*, paraplyorganisasjonen for det svenske regjeringsapparatet, granskar lovforslag, forskrifter, utgreiingsmandat og andre tekstar for at dei skal bli meir formålstenlege og effektive. Dei skriv handbøker og held kurs for departementstilsette og andre og oppmuntrar og hjelper saksbehandlarar til å skriva så forståeleg og korrekt som råd er.

I det svenske Justitiedepartementet finst også ein særskild «EU-språkvård», som ikkje minst har ansvar for tiltak som kan fremja klarspråk i tekstar som er skrivne innanfor EU-administrasjonen.

Mange etatar, kommunar og andre offentlege organ i Sverige satsar også på klarspråk i ulik grad.

Tidlegare var det ei eiga gruppe knytt til Justitiedepartementet, Klarspråksgruppen, som hadde overordna ansvar for det offentlege klarspråksarbeidet i Sverige. I samband med reorganisering av dei svenske fagorgana på språkområdet i 2006 er denne funksjonen no flytta over til det nye svenske Språkrådet. Språkrådet har såleis ansvar for å støtta og inspirera klarspråksarbeidet hos offentlege styresmakter, og dei har også kontaktpersonar i klarspråksspørsmål i mange offentlege organ.

Mange av dei språkkonsulentane og språkeekspertane som arbeider med klarspråk i Sverige, har eksamen frå eit særskilt utdanningsopplegg, *Språkkonsultlinjen*, som mellom anna gjev kunnskapar i klarspråksarbeid og moderne språkutforming i det offentlege.

Til slutt må nemnast at offentleg språkbruk også inngår som eit av dei fire overordna måla for ein nasjonal språkpolitikk som Riksdagen vedtok i 2005. Her heiter det: «*Den offentliga svenskan ska vara vårdad, enkel och begriplig.*» Det heiter også at «*offentlig svenska ska vara föredömlig.*»

8.6.3.4 Danmark

Også i Danmark har omsorg for det offentlege språket kome med blant dei språkpolitiske målformuleringane som er utforma dei seinare åra.

Dette vart uttrykt slik i den språkpolitiske orienteringa som kulturministeren på vegner av regjeringa la fram for Folketinget i 2004:

«Sproget i den offentlige sektor skal være klart, forståelig og korrekt – hva enten det gjelder et brev fra kommunene, en pjece fra lægen eller en politisk vedtagelse i Folketinget.»

Den danske regjeringa oppmoda styresmakter og institusjonar til å intensivera den språklege innsatsen sin og gjorde greie for ulike initiativ i eigen regi, mellom anna i ein handlingsplan for «en mere virksomhetsnær offentlig sektor». Der vart det til dømes lagt opp til å innføra målingar som kan seia noko om effekten av offentleg informasjon.

8.6.3.5 Tidlegare klarspråksarbeid i Noreg

I Noreg er arbeidet for eit enklare og meir forståeleg forvaltningsspråk teke opp fleire gonger. Ein føregangsmann var juristen Nikolai Gjelsvik, som alt i mellomkringstida gjorde ein stor innsats med å omsetja lover til nynorsk og dermed skapte eit mønster for eit meir moderne lovsspråk, anten det er nynorsk eller bokmål. Seinare har professor Finn-Erik Vinje på mange måtar føljt opp det arbeidet Gjelsvik gjorde, i sitt arbeid for enklare lovsspråk og administrasjonsspråk på bokmål.

På 1950-talet såg det statlege Rasjonalitetsdirektoratet eit effektiviseringspotensial i eit betre offentleg språk. Og då ein på 1960-talet byrja å arbeida meir systematisk med offentleg informasjonspolitikk, vart nettopp godt språk stilt opp som eit av grunnkrava.

I 1975 stilte Einar Førde ein interpellasjon til forbrukar- og administrasjonsministeren med spørsmål om kva som kunne gjerast for å betra språket og framstillingsforma i offentlege doku-

ment og utgreiingar med sikte på å gjera dei meir tilgjengelege for folk flest.

I statleg regi vart det på 1970-talet sett i gang ulike tiltak for å betra forståinga mellom publikum og forvaltninga, for å hindra at forvaltninga skulle framstå som eit upersonleg vesen som ein kvidde seg for å ta kontakt med. Eitt av tiltaka gjaldt nettopp forvaltnings-språket.

Det vart streka under at det offentlege må leggja større vekt på å uttrykkja seg klart og lettfatteleleg, utan ord og vendingar som er ukjende for dei fleste. Det vart dessutan streka under at vi måtte få ein meir personleg tone i alle brev og meldingar, slik at publikum kunne kjenna at det stod menneske bak orda.

I regi av Statens personaldirektorat og Statens informasjonsteneste vart det sett i gang eit eige utviklings- og opplæringsprosjekt i forvaltnings-språk som ledd i eit større arbeid for betre forståing mellom publikum og forvaltninga. Dette resulterte mellom anna i to sentrale handbøker med råd og vink for offentleg språkbruk, *Norsk i embets medfør* for bokmål og *På godt norsk* om nynorsk målbruk.

På 1980-talet var arbeidet for betre offentleg språkbruk eit viktig element i *Aksjon publikum*, ein storstilt kampanje for å leggja til rette for ei meir publikumsvennleg forvaltning. Sist på 1990-talet vart det så – som ledd i programmet *Eit enklare Noreg* – lansert eit eige prosjekt for eit enklare språk i statlege dokument, som mellom anna resulterte i rettleiingsheftet *Språksjekken – ei hjelp til betre språk i staten*, utarbeidd i eit samarbeid mellom Norsk språkråd og Statens informasjonsteneste.

Og både Norsk språkråd og det noverande Språkrådet har gjennom arbeidet sitt prøvd å fremja bruken av klarspråk i mange samanhengar. Men eit meir planfast arbeid er ikkje kome i gang enno, trass i tidlegare initiativ og alle skippertak opp gjennom åra. Difor treng vi no både å ta eit krafttak og å få arbeidet inn i faste, organiserte former.

8.6.4 Språktenesta for statsorgan

8.6.4.1 Utgangspunkt og føresetnader

Eit godt utgangspunkt for å få til eit meir planfast arbeid er no på plass i og med den språktenesta som er skipa som ein del av sekretariatet i Språkrådet.

Retten er språktenesta etablert primært for å fungera som eit verkemiddel i arbeidet for måljamstillinga i staten, dvs. som ei hjelp og støtte for

statsorgan som slit med å fylla det nynorske kvotekravet på minst 25 prosent.

Men det å fylla dette kvotekravet er i stor grad eit spørsmål om språkkompetanse, evne til å skriva god og korrekt nynorsk, og det er nettopp her språktenesta skal tre støttande til. Som nemnt ovanfor er det nettopp på nynorsksida at utfordringane også når det gjeld språkleg kvalitet i staten, er aller størst.

Men i tillegg til dette kjem at det også i tidlegare grunnlagsdokument er streka under at den statlege språktenesta skal ha eit todelt formål, og at den andre funksjonen er å fremja godt språk i staten anten det er tale om bokmål eller nynorsk.

Tanken om ei statleg språkteneste vart opphavleg lansert i målbruksmeldinga frå 2001 som eit ledd i ein ny giv for nynorsk målbruk i staten, jf. St.meld. nr. 9 (2001–2002).

Også i den tilsvarande meldinga frå 2005, St.meld. nr. 7 (2005–2006), er språktenesta omtalt som eit verkemiddel i arbeidet med språkleg jamstilling. Det heiter at målet er å gjera språktenesta til ein integrert del av tilsynsarbeidet, slik at kontrolltiltak og rapportkrav kan kombinerast med tilbod om hjelp og støtte. Men det er samstundes streka under at den statlege språktenesta skal arbeida for eit betre og meir forståeleg språk uavhengig av målform.

I samband med lanseringa av språktenesta hausten 2006 vart det lagt til grunn at dei to nemnde funksjonane, det eine å fremja betre språk generelt, det andre å leggja til rette for ei jamnare fordeling av bokmål og nynorsk spesielt, i prinsippet er tenkt å vera to likeverdige og sidestilte oppgaver.

Også i den siste budsjettproposisjonen, St.prp. nr. 1 (2007–2008), heiter det at språktenesta skal fremja godt og formålstenleg forvaltnings-språk generelt og nynorsk forvaltnings-språk spesielt. Men det er samstundes streka under at det siste er ei prioritert oppgave og inngår som eit viktig ledd i ein intensivert innsats for å sikra auka bruk av nynorsk i staten i samsvar med føresetnaden i målbruksmeldinga frå 2005.

I målbruksmeldinga frå 2001 var språktenesta kostnadsrekna til om lag 3 mill. kroner, dvs. at ho var tiltenkt eit omfang tilsvarande fem–seks stillingar, og dette er også referert og lagt til grunn i meldinga frå 2005. Det vart lagt inn midlar for å følgja opp dette i budsjettframlegga for 2004, 2006 og 2007, og det er til no oppretta i alt fem språkkonsulentstillingar i sekretariatet i Språkrådet.

8.6.4.2 Rapport frå arbeidet i språktenesta

Jamvel om språktenesta no har eit omfang tilsvarende fem årsverk, har alle desse stillingane vore bemanna i relativt kort tid. Dette må det takast omsyn til når ein vurderer den rapporten departementet har fått om det arbeidet og dei erfaringane språktenesta har gjort i perioden frå lanseringa til 1. juli 2007.

Frå byrjinga har språktenesta i stor grad vore oppdragsstyrt, og grunnlaget for oppdragsverksemda har vore den marknadsføringa som har skjedd.

Dette har omfatta informasjon som var gjeven på ein konferanse for leiarar i utvalde statsorgan som vart halden i samband med lanseringa, dessutan informasjon på nettstaden til Språkrådet, gjennom språkrådspublikasjonen *Statsspråk*, som kjem tre-fire gonger i året, og gjennom dei tilbakemeldingsbrev. Språkrådet sender utvalde statsorgan i samband med den årlege rapporteringa om bruksfordelinga mellom bokmål og nynorsk.

I den mottekne rapporten heiter det at denne sparsame marknadsføringa har vore stor nok til å sysselsetja dei rådgjevarane som har vore i arbeid i perioden, og at oppdragsgjevarane dermed i stor grad har avgjort innhaldet av dei utførte oppgåvene.

Språktenesta deler elles dette arbeidet i fire aktivitetsområde: rådgjeving, opplæring, språkleg kvalitetskontroll og utarbeiding av informasjonsmateriell.

Det departementet særleg har merkt seg, er opplysingane om at fleirtalet av opplæringsoppdrag har vore bokmålsretta. Dette er i utgangspunktet overraskande når vi veit at statstilsette flest synest å ha langt dårlegare kompetanse i nynorsk enn i bokmål.

Språktenesta meiner grunnen kan vera den at oppdragsgjevarane har ønskt å konsentrera innsatsen om språkforbetring i bokmål, sidan dette er den målforma som er mest brukt. Ei anna forklaring kan vera at det er lettare å få aksept i organisasjonen for å setja inn tiltak på bokmålssida.

Det går elles fram av rapporten at statsorgana har ulike utfordringar og behov i dei to målformene. I bokmål har det vore mest spørsmål om å få ei generell vurdering av den språklege kvaliteten. I nynorsk har det først og fremst vore spørsmål om språkvask av tekstar, dessutan hjelp til omsetjing av dokument frå bokmål til nynorsk.

Det inntrykk språktenesta har danna seg om den språklege kvaliteten basert på dei oppdraga dei har hatt, er følgjande: Når det gjeld bokmål, har tekstane vore av svært vekslende kvalitet. Arbeidet

til språktenesta har her stort sett gått ut på å visa korleis ein kan forenkla og forbetra språket for å gjera tekstane meir brukarvennlege.

Når det gjeld nynorsk, heiter det i rapporten at mange av dei nynorsktekstane rådgjevarane har vurdert, rett og slett ikkje held mål. Fleire av dei har vore ord-for ord-omsetjingar av krunglete bokmålstekstar.

Språktenesta trur at ei forenkling av språket i bokmålstekstane kan vera med og gjera nynorsktekstane betre, nettopp fordi så mange nynorsktekstar synest å vera omsette frå bokmål. På den andre sida kan nynorsken vera eit viktig verktøy i arbeidet for å få til eit betre og klarare språk i bokmålstekstar. Slik sett er det ein tydeleg, gjensidig samanheng mellom det å arbeida med bokmåls- og nynorsktekstar.

Når det spesielt gjeld bruksfordelinga mellom nynorsk og bokmål, har språktenesta det generelle inntrykket at viljen til å bruka nynorsk er til stades, men at kompetansen er svak. Språktenesta vil difor prioritera arbeidet med å laga opplegg for dei statsorgana som har gode tiltaksplanar for å auka nynorskprosenten.

Det er elles klare grenser for kor mykje arbeid språktenesta kan nå over, også når bemanninga etter kvart blir fulltalig, særleg når det gjeld større oppdrag som til dømes omfattande språkvask eller omsetjing.

Difor er det i startfasen lagt ein god del arbeid i å laga opplegg for sertifisering av private språkkonsulentar slik at dei får eit korps av fagfolk som dei kan visa statsorgan til for dei oppdraga dei sjølve ikkje kan ta på seg. Skal språktenesta kunna gå god for slike private konsulentar, må ho vera trygg på at dei held eit høgt fagleg nivå.

Språktenesta har gått igjennom tekstar som er omsette frå bokmål til nynorsk av private språkkonsulentar eller byrå, og har konstatert at kvaliteten er svært varierende. Dette stadfestar at det nettopp er viktig å få sertifisert fleire språkkonsulentar.

Språktenesta arrangerte ein første sertifiseringstest hausten 2006. Fire av tretti påmelde kandidatar greidde bokmålstesten, medan berre éin av tretti bestod nynorsktesten. Førebels er det altså ikkje noka lang liste av sertifiserte konsulentar språktenesta har å visa til.

8.6.5 Oppsummerande vurdering

8.6.5.1 Generelt

Arbeidet med eit betre offentleg språk kan skjematisk delast i to, utan at det på nokon måte går klare

grenser mellom dei. Det eine er å sjå til at språket er formelt korrekt, med omsyn til rettskriving, teiknsetjing og andre skrivereglar. Det andre er arbeidet med å betra sjølve språkføringa, slik at resultatet blir tekstar av høg kvalitet, og slik at lesarane slepp å streva unødige mykje for å skjønna kva som er meint.

Innanfor ramma av ein statleg språkpolitikk ligg det eit særleg ansvar for å sikra den språklege kvaliteten innanfor staten sjølv. I tillegg må det sterkt strekast under at også kommunal og fylkeskommunal forvaltning har eit ansvar for det språket dei fører i alle former for kommunikasjon med innbyggjarane. Men overfor kommunesektoren vil staten ha mindre direkte innverknad enn det vi kan ha overfor eigne statlege organ.

Innanfor staten kan det elles vera grunn til å skilja mellom språket i regjeringsapparatet på den eine sida og språket i typisk utoverretta informasjon i dei store publikumsretta etatane på den andre sida.

Men også dette er berre eit skjematisk skilje. Formålet er først og fremst å streka under at det må stillast særleg strenge krav til godt og korrekt språk innanfor det øvste statsapparatet, fordi dette lett vil framstå som førebilete for andre. Vi kan ikkje forlanga at underordna statlege organ skal ta språket på alvor dersom ikkje dei kontora som står høgast i hierarkiet, går føre med eit godt eksempel.

8.6.5.2 Etablering av ein standard for språkleg kvalitet

Det grunnleggjande må vera å få etablert ein standard for språkleg kvalitet i det offentlege.

Dette kan skje ved at det blir ein uttalt ambisjon for alle offentlege organ at dei stadig skal leggja vinn på å skriva eit godt og korrekt språk, og at offisielle rettskrivings- og skrivereglar skal følgjast, dessutan dei lovheimla målbruksreglane.

Formuleringar om dette skal heretter takast inn i alle mål- og tiltaksdokument av typen sørviserklæringar, verksemdsplanar og liknande.

Også i den nye statlege kommunikasjonspolitikken som det no blir arbeidd med å utforma i regi av Fornyings- og administrasjonsdepartementet, vil det bli innarbeidd ein ambisjon om at det offentlege skal leggja vinn på å nytta eit enkelt og forståeleg språk, og at språket skal vera i samsvar med gjeldande rettskrivings- og måljamstillingsreglar.

8.6.5.3 Etablering av eit system for språkleg internkontroll

For å følgja opp det overordna standardkravet vil føresetnadene heretter vera at alle statleg organ

minst ein gong i året skal kontrollera den språklege standarden i viktige delar av den skriftlege informasjonen som organet produserer.

Her må ein særleg leggja vekt på å kontrollera at språket er formelt korrekt. Det bør mellom anna takast stikkprøver for å kontrollera at det ikkje utviklar seg ein praksis i strid med gjeldande rettskrivings- og skrivereglar. Departementet vil be språktenesta i Språkrådet hjelpa til med å utvikla tenlege testprogram for slike formål. Også praksis når det gjeld teiknsetjing, bør kontrollerast i samband med desse testane.

Spesielt viktig vil det vera å få luka ut systematiske feil og manglar i alle slags dokument som er tilgjengelege og i bruk over tid. Difor må det etablerast eit system for språkleg kvalitetssikring og oppretting av språkfeil i den informasjonen som blir lagd ut på statlege nettsider. Slik informasjon blir som regel liggjande ute på ubestemd tid, og då er det viktig at feil blir retta når dei blir oppdaga.

Særleg for offisiell informasjon frå regjeringsapparatet er det behov for å få på plass eit system for språkleg kvalitetssikring og oppretting av tekstar som blir lagde ut på regjeringa sine informasjonssider på Internett. Dette vil bli følgt opp i samråd med den sentrale redaksjonen for denne nettstaden og informasjonseiningane rundt om i departementa.

Det er også behov for å gå gjennom dei meir eller mindre standardiserte språkmalane som blir nytta i ulike typar trykte dokument frå departementa, og vurdera omfanget av standardiserte tekstar på nynorsk og bokmål. Dette arbeidet vil skje i samarbeid med Statsministerens kontor.

Departementa må også internt ha betre rutinar for språkleg kvalitetssikring av andre typar tekstar, mellom anna stillingsutlysingar og kunngjeringar av ulike slag. Dette er behov som først og fremst gjer seg gjeldande på nynorsksida.

8.6.5.4 Etablering av eit nettverk av språkkontaktar og språkkonsulentar

Føresetnaden er at språktenesta i regi av Språkrådet skal vera ein sentral aktør i det språklege kvalitetsarbeidet i staten. Departementet vil i samråd med Språkrådet vurdera om språktenesta sjølv i større grad enn til no kan styra aktivitetane og prioriteringane sine. Språktenesta må mellom anna fungera som eit språkleg autoritativt organ som kan påpeika feil og gripa inn for at ting skal bli retta opp når det er nødvendig.

Eit viktig tiltak for å få system og stabilitet i språkarbeidet vil vera å byggja opp eit nettverk av

språkkontaktar som språktenesta kan spela på, og som kan fungera som eit eksternt apparat for det språklege formidlings- og kvalitetsarbeidet i staten.

Somme departement og statsorgan elles har alt i dag tilsette som arbeider med interne språkspørsmål meir eller mindre på heiltid. Målet må vera å få utvida slike ordningar og sett det heile meir i system.

Departementet vil difor ta initiativ til at alle statsorgan peiker ut ein eller fleire språkkontaktar. Det vil vera opp til kvart enkelt organ sjølv kor mykje tid desse kontaktane skal setja av til språkarbeid. Føresetnaden må likevel vera at alle som eit minimum peiker ut ein person som eit kontaktpunkt.

I utgangspunktet treng ikkje systemet med språkkontaktar vera tufta på noko formelt pålegg. Departementet vil likevel vurdere om ei ordning med språkkontaktar kan og bør forankrast i eit meir formelt regelverk. Dette kan det vera naturleg å sjå i samband med spørsmålet om ny og revidert lovgjeving på språkområdet som blir nærare drøfta i kap. 3.

Også eksterne krefter og ressursar må trekjast inn dersom ein skal få gjort noko som monnar. Departementet legg såleis til grunn at språktenesta vil vidareføra arbeidet med å utvikla eit system for sertifisering av språkkonsulentar.

Det er her tale om eksterne konsulentar som språktenesta kan innestå for den faglege kvaliteten på, og som dei kan tilrå brukt når statsorgan treng språkfagleg hjelp. Det vil særleg vera aktuelt når det er behov for hjelp til språkvask og til omsetjing frå bokmål til nynorsk.

8.6.5.5 Etablering av eit system for språkleg kvalitet i lover og forskrifter

Eit spørsmål av særleg interesse er språket i lover og forskrifter.

Interimsstyret i Språkrådet peikte i 2006 på at det er behov for ei formalisering av kontrollen med språket i nye lover. Dette var eit sentralt framlegg i samband med at strategirapporten *Norsk i hundre!* vart oversend departementet.

Dette er eit spørsmål som det er naturleg å sjå i samband med det arbeidet Lovavdelinga i Justisdepartementet gjer for å fremja god lovteknikk og tenleg struktur i lov- og forskriftsverket.

Som oppfølging av den såkalla forskriftsdugnaden for nokre år sidan vart det i 2006 oppretta ei særskild forskriftseining knytt til Lovavdelinga. Denne eininga har eit særleg ansvar for å gje råd om utforming av forskrifter. Formålet er å fremja

eit meir einskapleg, oppdatert og lettare tilgjengeleg regelverk av høg kvalitet.

Forskriftene er monaleg meir omfattande enn lovverket, og kvaliteten er også gjennomgåande dårlegare. Forskriftsarbeidet må ofte skje raskare, fleire personar er involverte i arbeidet, og det kan ikkje alltid leggjast like mykje arbeid i forskriftsarbeidet som i det meir overordna og mindre omfattande lovarbeidet.

På den andre sida har forskriftene på mange område mykje meir å seia reint praktisk enn lovgjevinga. Difor er det også her om å gjera at den språklege utforminga er slik at forskriftene er forstålege for dei som er avhengige av å setja seg inn i dei. I tillegg må ein sjølvsagt leggja vekt på at språket er formelt korrekt.

Departementet vil i samråd med språktenesta, Lovavdelinga og Forskriftseininga drøfta kva som kan gjerast for å få ei meir systematisk tilrettelegging av den språklege kvaliteten i samband med endringar i lov- og forskriftsverket og utforming av nye lover og forskrifter.

Det er også behov for å arbeida systematisk for å få ein betre balanse mellom målformene i lover og forskrifter. Ei opteljing som vart gjord for ca. ti år sidan, viste at knapt 17 prosent av dei nye lovene som var vedtekne etter krigen, og som framleis var gjeldande, var på nynorsk. Rekna i sidetal var nynorskprosenten berre 10 prosent. Om ein berre tek med dei lovene som var vedtekne etter 1975, var sidetalsprosenten berre 5 prosent. Dette er ein klar indikasjon på ei negativ langtidsvikling, jamvel om vi ikkje har tal frå den siste tiårsperioden.

Det vil no bli lagt opp til at alle departement skal arbeida planmessig med utforming av lover og forskrifter på nynorsk. Målet må vera at minst 25 prosent av lovverket rekna i tekstmengd etter kvart skal vera på nynorsk.

Målforma i forskriftene bør som hovudregel følgja målforma i heimelslova. Auka bruk av nynorsk i lovverket vil dermed føra til betre måljamstilling også i forskriftsverket.

8.7 Oppsummering av prioriterte tiltak

- 1 Departementet vil leggja tilhøva til rette for nødvendig språkdyrking og språkrøkt for å sikra det kvalitative grunnlaget for norsk språk.
- 2 I samråd med Språkrådet vil departementet vurdere tiltak for betre språkleg kvalitet i nettaviser og andre nye publikasjonsformer.
- 3 Departementet vil drøfta den vidare forvaltninga av etablerte språksamlingar og vidare digitaliseringsbehov med involverte aktørar.

- 4 Departementet vil ta initiativ til eit prosjekt for registrering og kvalitetssikring av eksisterande stadnamnsamlingar.
- 5 Departementet vil gjennomgå den vidare innsamlingspolitikken for stadnamn spesielt og situasjonen for ulike språksamlingar generelt.
- 6 Departementet tek sikte på å bidra til at prosjektet Norsk Ordbok 2014 kan fullførast i samsvarende med dei bindande gjennomføringsplanane som ligg føre.
- 7 Departementet oppmodar dei ansvarlege for dei to leksikalske dokumentasjonsprosjekta på bokmålssida til å avklara faglege grenseflater og eit mogleg samarbeid. Departementet vil leggja til rette for at Det Norske Akademi store ordbok kan fullførast på ein fagleg forsvarleg måte i 2014.
- 8 I samråd med Språkrådet tek departementet sikte på innan utgangen av 2008 å få etablert eit nytt behandlings- og vedtakssystem for nødvendig normvedlikehald og nynormering.
- 9 Departementet vil leggja til rette eit system for betre og meir systematisk informasjon om gjeldande rettskrivings- og skrivereglar i det offentlege.
- 10 Departementet vil ta initiativ til å få endra ei misvisande føresegn i opplæringslova om rettsgrunnlaget for rettskrivinga.
- 11 Departementet vil følgja opp godkjenningssordninga for ordlister og ordbøker til skulebruk i samråd med Språkrådet og Kunnskapsdepartementet.
- 12 Departementet vil i samråd med Språkrådet følgja opp dei språkfaglege konsultasjonsrutinane ved namnelaging i staten.
- 13 Departementet vil i samråd med Kunnskapsdepartementet i nødvendig grad følgja opp resultatet av den pågåande kvalitetsgjennomgangen av språket i lærebøker.
- 14 Departementet vil vurdere korleis ein betre enn i dag kan sikra språkleg kvalitet i film- og fjernsynsteksting.
- 15 Departementet vil ta initiativ til å etablere ein standard for språkleg kvalitet i staten.
- 16 Departementet vil ta initiativ til å etablere eit system for språkleg internkontroll i staten.
- 17 Departementet vil ta initiativ til å etablere eit nettverk av interne språkkontaktar og eksterne språkkonsulentar i staten.
- 18 Departementet vil ta initiativ til å etablere eit system for språkleg kvalitet i lover og forskrifter.

9 Nynorsk – status og korpus

9.1 Nynorskens status og bruk

9.1.1 Grunnleggjande perspektiv

9.1.1.1 Innleiing

Arbeidet med å styrkja norsk språk handlar ikkje berre om å hindra domenetap til engelsk; like viktig er det å sikra grunnlaget for den nynorske skriftkulturen og for nynorsken sin posisjon i det norske språksamfunnet meir allment. Difor må språkstyrkingsarbeidet omfatta både norsk språk generelt og nynorsk spesielt. Dette er no også slått klart fast i formålsparagrafen til Språkrådet, statens fagorgan i språkspørsmål.

9.1.1.2 Nynorsk – formelt likestilt, reelt diskriminert

Nynorsk og bokmål er lingvistisk sett to variantar av norsk språk som har status som likeverdige målformer. Som skriftformer fungerer dei som egne språk; dei er formelt likestilte skriftspråk i offentlig bruk. Nynorsk og bokmål har dermed nøyaktig den same offisielle status.

Dei formelle mekanismane som sikrar bruk av nynorsk i opplæring og utdanning, i nasjonale allmennkringskastingskanalar, i lover og forskrifter, i offentlig politikk og administrasjon, inneber at nynorsk er eit samfunnsberande språk på linje med bokmål. Nynorsk er nasjonalspråk i Noreg på same måte som det bokmål er.

I viktige samfunnssektorar – ikkje minst i næringslivet, i reklame og teknologiutvikling, i dei riksdekkjande avisene – er nynorsk så godt som fråverande. Som bruksspråk har difor ikkje nynorsk ein like fullverdig posisjon som det bokmål har – i alle fall ikkje på landsbasis.

I somme delar av landet er nynorsk ikkje berre eit samfunnsberande, men også eit fullverdig bruksspråk. Her er nynorsk det dominerande språket, også i høve til bokmål.

Likevel, det gjennomgåande biletet når vi ser landet under eitt, er at nynorsk er eit språk som er diskriminert. Ikkje minst slår dette ut overfor brukarane av språket. Særleg gjeld dette innanfor privat sektor, men det er i høg grad tilfellet også innanfor det offentlege.

Mykje av denne diskrimineringa ligg innebygd i samfunnsstrukturane og har å gjera med dei ulempene som følger av at nynorsk i utgangspunktet er eit mindre brukt språk enn bokmål.

Men i tillegg kjem negative haldningar, både meir eller mindre uttalte haldningar og dei meir skjulte. Her viser vi ikkje minst til dei nærare analysane i kap. 5 om tilhøvet mellom språk og makt.

9.1.1.3 Nynorsk domeneerobring i kampen mot norsk domenetap

Til dels står nynorsk svakt innanfor delar av samfunnet der norsk språk er særleg utsett for domenetap til engelsk. Det går difor an å hevda at det er bokmål som har mest å forsvara.

Men språkstyrking kan ikkje vera rein forsvarskamp. Ein offensiv språkpolitikk må også ha domeneerobring som mål, og då er det særleg behovet for å utvida bruksområdet og bruksfrekvensen for nynorsk som peiker seg ut. I dette perspektivet er det ikkje konkurransen frå engelsk som er mest påtrengjande. Sett med eit nynorsk blikk er det dominansen frå bokmål som representerer den mest direkte utfordringa.

Som bokmål er pressa av engelsk, står nynorsk under press frå bokmål. Indirekte gjev dette ei kjede der engelsk også pressar nynorsk. For i den grad bruksområdet for bokmål verkeleg tek til å krympa til fordel for engelsk, vil også nynorsk få stadig mindre olbogerom. Når alt kjem til alt, er det difor liten tvil om at bokmål og nynorsk står i ein lagnadsfellesskap. I *Norsk i hundre!* blir det såleis slått klart fast: Nynorsken har ingen sjanse til å overleva i ein situasjon der bokmålet skulle bli alvorleg truga som samfunnsberande og fullverdig språk.

Det å styrkja nynorsk språk spesielt vil dessutan vera eit viktig bidrag til å styrkja norsk språk generelt. Som eit mindre brukt språk har nynorsk alltid måtta kjempa seg fram til formell status og sosial aksept. Av dette er det skapt ein språkvilje som også bør kunna koma den overordna kampen for norsk språk til gode.

Difor blir verdien av norsk språk sterkare og tydelegare framheva takk vera den nynorske språktradisjonen. Stilt overfor den engelske utfordringa

må vi utnytta den samla språkstyrken til nynorsk og bokmål. Til dømes kan det oppstå ein eigen språkleg dynamikk når terminologi skal utviklast både på nynorsk og bokmål. Denne dynamikken kan fungera som ein kulturell konkurranseføremøn for norsk i møtet med det store globaliseringspråket.

9.1.1.4 *Nynorsk – ein sjølvstendig og nødvendig del av norsk språkkultur*

Teknisk kunne vi klara oss godt med éi norsk målform og eitt norsk skriftspråk, men kulturelt er dette i dag ein utenkjeleg tanke.

Etter at Stortinget i 2002 samrøystes oppheva den såkalla tilnæringsparagrafen i den dåverande lova om Norsk språkråd, er det ikkje aktuelt å byggja ein ny språkpolitikk på den føresetnaden at dei to målformene skal smelta saman til eit felles norsk skriftspråk. Det å gå inn for eitt norsk skriftspråk i dag ville difor i praksis bety å gjera bokmål til einaste riksspråk i landet, dvs. å ta frå nynorsken offisiell status og offentleg støtte.

Det ville vera alvorleg, ikkje berre for alle nynorskbrukande nordmenn, men også eit åtak på ein integrert del av norsk skriftkultur og norsk språktradisjon. Dette ville bety eit kulturtap for alle og for Noreg som nasjon; det ville vera å fjerna eit offisielt uttrykk for det språklege mangfaldet i landet, i strid med det som i dag er gjengs politikk i internasjonalt kultursamarbeid.

Nynorsk er i dag både ei sjølvstendig målform og eit sjølvstendig skriftspråk og samstundes ein nødvendig del av norsk kultur og norsk språk. Ingen strategisk språkpolitikk for framtida kan gå utanom nynorsken.

Nynorsk språk og kultur eksisterer som ein integrert del av det norske kulturgrunnet og den norske kvardagen. Slik sett vedkjem nynorsken alle som lever i Noreg i dag.

I moderne tid har særleg radio og fjernsyn ført til at nynorsk språk stort sett kjem inn i alle heimar over heile landet.

Nynorsk er ei dagleg påminning om at Noreg har ein tradisjon for språkleg og kulturelt mangfald. Og mange fleire nordmenn enn dei som sjøve føretrekkjer å skriva nynorsk, har eit opphavleg talemålsgrunnlag som i større eller mindre grad fell saman med typiske språkdrag i normert nynorsk.

Vi treng å halda begge dei norske skriftspråka våre levande dersom vi ikkje skal forneкта ein vesentleg del av vår sosiale, kulturelle og historiske arv. Det at vi ikkje berre har eitt, men to norske skriftspråk med kvart sitt historiske og språklege opphav og kvar sin skriftkultur, gjev norsk

språk eit dobbelt uttrykksregister og ein dobbel verdi og representerer ein rikdom for norsk kultur og samfunnsliv.

9.1.1.5 *Utjamning av konkurransevilkår*

Ein ansvarleg språkpolitikk for vår tid kan ikkje byggja på føresetnaden om eit framhald av den historiske rivaliseringa mellom nynorsk og bokmål. Det betyr at vi ikkje kan sjå på forholdet mellom nynorsk og bokmål som ein språkstrid der ein nøytral stat skal halda seg passivt utanfor.

Staten må tvert imot ta eit ansvar for å leggja til rette for meir likeverdige vilkår, slik at begge målformene – også nynorsk – skal vera sikra vekst og utvikling. Ulike tiltak i offentleg regi vil likevel berre eit stykke på veg kunna vega opp for dei særlege motkreftene som nynorsk i alle høve vil vera utsett for jamført med bokmål.

Dette er motkrefter som har å gjera med marknads- og mediemakt, med teknologisk og demografisk utvikling, med geografisk og sosial mobilitet og med at nynorsk som eit mindre brukt språk har eit dårlegare utgangspunkt enn bokmål.

Ein politikk tufta på eit oppriktig ønske om å sikra ein levande nynorsk språkkultur for framtida må difor omfatta tiltak som er særleg innretta på å støtta opp under nynorsk språk.

9.1.1.6 *Positiv særbehandling og aktiv støtte*

At ein politikk for styrking av norsk språk også må omfatta tiltak for å styrkja nynorsk spesielt, er inga ny erkjenning i denne meldinga. Dette prinsippet kom til uttrykk i kulturmeldinga frå Bondevik II-regjeringa, St.meld. nr. 48 (2002–2003).

I den tilhøyrande innstillinga frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen, Innst. S. nr. 155 (2003–2004), gav medlemmene frå dei noverande regjeringspartia uttrykk for at dei særleg ville streka under følgjande av det departementet uttalte om nynorsk skriftkultur i meldinga:

«Både for å ta vare på det kulturelle mangfaldet som det representerer å ha to norske skriftkulturar, og for at dei som soknar til nynorsk, skal kunna bruka og utvikla språket sitt på nokolunde like vilkår, må det offentlege prinsipielt kunna favorisera nynorsk språk og kultur. Ei viss positiv diskriminering av nynorsk er rimeleg både ut frå allmenne rettferdsprinsipp og med basis i internasjonal språkkrettssteking.»

I tråd med dette prinsippet vart det i meldinga teke til orde for aktiv støtte til nynorsk språk generelt og nynorsk skriftkultur spesielt. Alle partia i komiteen med unntak av Framstegspartiet var samde i at slik aktiv støtte var nødvendig, og gav

uttrykk for at dei også støtta departementet si grunngeving for dette.

9.1.1.7 *Nynorsk for nynorskbrukarane – nynorsk for alle*

Behovet for ein slik aktiv politikk for å sikra og styrkja stillinga for nynorsk som bruksspråk har både samanheng med den generelle verdien som nynorsk språk og kultur representerer for heile det norske samfunnet og dermed for alle nordmenn, og med den særlege verdien denne målforma har for det mindretalet i folket som sjølve har nynorsk som det primære skriftsspråket sitt. Begge desse omsyna stiller krav også til det fleirtalet som helst bruker bokmål.

For det første må kjennskap til og kompetanse i begge dei to offisielle formene av det norske fellesspråket sjåast som ein nødvendig og sjølvsgd del av norsk allmenndanning som alle nordmenn i utgangspunktet bør ha rett og plikt til å få del i.

For det andre er eit alminneleg krav om kunnskap og kompetanse i begge målformer eit instrument for å leggja til rette for at også nynorskbrukarane som eit mindretal i folket skal få dei språklege rettane sine innfridde, og for at nynorsk skal vera godt synleg som bruksspråk på så mange språkbruksarenaer som råd er.

9.1.1.8 *Nynorsk – bruksfrekvens og bruksområde*

For nynorsken si stilling i det norske språksamfunnet i dag og i morgon har både å gjera med kor mange språkbrukarar som primært nyttar nynorsk, og med kor mykje nynorsk blir brukt innanfor ulike samfunnssektorar.

Utan ein kjerne av primærspåksbrukarar av ein viss storleik vil eit mindre brukt språk nesten alltid vera på vikande front.

Og på den andre sida – utan at språket blir brukt i eit visst omfang innanfor viktige samfunnssektorar, vil også talet på primærspåksbrukarar vera vanskeleg å halda oppe.

Utfordringa er difor å unngå at vi kjem inn i ein vond sirkel der minkande bruk av nynorsk og sviikt i talet på primærspåksbrukarar blir faktorar som forsterkar kvarandre gjensidig.

Å gjera nynorsk til eit mest mogleg fullverdig bruksspråk inneber at nynorsk skal kunna brukast, og at bruk av nynorsk skal bli akseptert og respektert innanfor alle delar av samfunnet. I alle samanhengar der ein kan nytta norsk språk, må det vera like naturleg at det er nynorsk som at det er bokmål. Nynorsk må kunna brukast uavhengig av sak, innhald eller emne.

Dette gjer det språkpolitisk nødvendig å stimulera bruken av nynorsk i samfunnet meir systematisk og aktivt enn det som har vore tilfellet til no.

For det første må det på ulike måtar sikrast at nynorsk ikkje blir oversedd, utegløymt og underrepresentert som ein konsekvens av bokmålsdominansen.

For det andre må vi halda fast ved og meir aktivt følgja opp eksisterande krav til bokmålsbrukarar om også å bidra til den nynorske tekstproduksjonen i samfunnet. Her må det offentlege og særleg staten gå føre med eit godt eksempel.

9.1.1.9 *Sidemålsundervisning i skulen og språkkrav i staten*

Direkte språkkrav av sistnemnde slag retta til enkeltpersonar er først og fremst aktuelt innanfor den delen av samfunnet som har ei form for offentlig tilknytning. Her vil lov om målbruk i offentlig teneste også i framtida vera eit svært viktig språkpolitisk instrument.

Eit fundament i denne lova er den plikta ei nærare definert gruppe av tilsette i staten har til å nytta begge dei norske målformene i arbeidet sitt, ei plikt som i praksis byggjer på føresetnaden om ein grunnkompetanse som igjen har basis i den pliktige skriftlege sidemålsundervisninga i skulen.

Desse to pliktene støttar gjensidig opp om kvarandre, og dei gjeld for nynorskbrukarar så vel som for bokmålsbrukarar. Som verkemiddel i norsk språkpolitikk har dei lang tradisjon, og som grunnleggjande prinsipp er det viktig at dei blir liggjande fast også for framtida. Nødvendige unntak eller tilpassingar må utformast og praktiserast slik at dei ikkje rokkar ved sjølve det prinsipielle utgangspunktet.

9.1.2 **Nynorsk for minoritetspråklege**

9.1.2.1 *Innvandrar-Noreg og Nynorsk-Noreg*

Det er særleg viktig at også nordmenn med eit anna morsmål enn norsk så langt råd er, blir fortrulege med den norske språkdelte kulturen. Difor må heller ikkje nynorsk ekskluderast som alternativ når språklege minoritetar i landet vårt skal få informasjon eller undervisning på norsk.

Nynorsk og bokmål ligg kvarandre så nær at vi som utgangspunkt må leggja til grunn at dei som har lært seg nok bokmålsnorsk til at dei kan tileigna seg tekstar på denne målforma, også vil kunna ta til seg ein normal nynorsk tekst, jamvel om dei kanskje må ha litt meir hjelp.

Noko av det som er utfordrande når det gjeld å fremja språkkontakt mellom det nynorske Noreg

og Innvandrar-Noreg, er at det bur relativt sett langt færre personar med innvandrarbakgrunn i det nynorske kjerneområdet enn i resten av landet.

Dermed har også nynorskbrukarar færre kontaktpunkt med innvandrarbefolkninga enn det bokmålsbrukarane har. Det gjer det desto viktigare å fremja fleire språk- og kultur møte mellom nynorskbrukarar og innvandrarar.

9.1.2.2 *Nødvendig lemping av språkkrav*

Jamvel om vi ikkje kan tilpassa nynorsken og bruken av nynorsk etter nordmenn som ikkje har norsk som morsmål, kan vi likevel ikkje utan vidare krevja av desse at dei skal ha same aktive dugleik i begge målformer som andre nordmenn.

Særleg gjeld dette dei som er komne til Noreg i vaksen alder, men det gjeld også dei med samisk eller annan minoritetsspråkleg bakgrunn elles. Dette er utgangspunktet for dei reglane vi lenge har hatt med heimel i opplæringslova om rett til fritak frå undervisning eller vurdering i norsk sidemål.

På dette grunnlaget har mange minoritetsspråklege elevar opp gjennom åra valt bort norsk sidemål, kanskje utan at dei alltid har fått full informasjon om konsekvensar for seinare tilsetjing i statlege stillingar med plikt til å nytta begge målformer.

Departementet finn det nødvendig å sjå nærare på praktiseringa av den aktuelle føresegna i lov om målbruk i offentleg teneste, mellom anna for å sikra at ho ikkje blir misbrukt til automatisk å stengja minoritetsspråklege søkjarar ute frå statlege stillingar berre fordi dei manglar karakter i sidemål frå vidaregåande skule.

Personar med minoritetsspråkleg bakgrunn representerer ein fleirspråkleg kompetanse som det er verdifullt å få inn i staten, og det er dessutan eit prioritert mål at den statlege arbeidsstyrken så langt råd er, skal spegla heile befolkninga.

Behovet for integrering og inkludering av den aukande innvandrarbefolkninga tilseier at staten i større grad opnar også for tilsetjing av personar utan norsk som morsmål.

9.1.2.3 *Språkleg kompetanseplan*

Formålet med føresegna i mållova om plikt for tilsette til å nytta både bokmål og nynorsk er at alle statsorgan skal ha ein stab med god realkompetanse i begge målformer slik at dei er i stand til å veksla mellom nynorsk og bokmål slik lova krev.

Å sikra at dei har slik kompetanse, er ei plikt for kvart enkelt organ, og det er behov for å sjå nærare på korleis dette i praksis blir følgt opp, slik at det ikkje einsidig blir lagt vekt på rein formalkompetanse ved tilsetjing.

I dag er det fastsett i forskrift til mållova at statsorganet har ansvar for at dei tilsette innan rimeleg tid får nødvendig opplæring i bokmål og nynorsk. Det er likevel ingen tvil om at svært mange tilsette i dag har for dårleg språkkompetanse, først og fremst i nynorsk.

Det er difor eit klart behov for meir systematisk oppfølging på dette området. Som grunnleggjande verkemiddel i dette oppfølgingsarbeidet legg departementet opp til at kvart statsorgan heretter skal ha ein oppdatert språkleg kompetanseplan.

Planen bør peika ut ein eller fleire interne språkkoordinatorar som har særleg god kompetanse i nynorsk, og som difor kan hjelpa til med språkleg kvalitetssikring. Kompetanseplanen må såleis sjåast i samanheng med etableringa av eit system for språkleg internkontroll og eit nettverk av språkkontaktar og språkkonsulentar som er omtalt under kap. 8.6.5.3 og 8.6.5.4 ovanfor.

Når ein som del av ein slik språkleg kompetanseplan får styrkt den interne nynorskkompetansen og organisert den nynorske kvalitetssikringa på ein meir systematisk måte, vil planen også kunna leggja til rette for å tilsetja medarbeidarar med minoritetsspråkleg bakgrunn utan formalkompetanse i begge målformer.

Det bør difor presiserast i forskrift til mållova at ein statleg arbeidsgjevar kan fritta ein medarbeidar frå plikta til å nytta begge målformer, men berre når dette inngår i ein plan som sikrar at organet samla sett har den nødvendige kompetansen i både nynorsk og bokmål.

9.1.2.4 *Rett til nynorsk for alle minoritetsspråklege*

Men ein statleg arbeidsgjevar må ikkje ha høve til automatisk å fritta ein medarbeidar frå denne plikta for dermed å sleppa unna sitt eige ansvar for å gje nødvendig språkopplæring dersom medarbeidaren har arbeidsoppgåver der det i utgangspunktet er behov for å nytta begge målformene.

Også alle med minoritetsspråkleg bakgrunn må ha full rett til å kvalifisera seg i begge målformer både før og etter tilsetjing. Heller ikkje i skulen må fritaksretten framstillast eller praktisert slik at han riv grunnen vekk under den retten alle elevar må ha – også dei med minoritetsspråkleg bakgrunn – til å få opplæring og vurdering i begge dei norske målformene.

I eit brev av 5. oktober 2006 frå MIRA – Ressurscenter for innvandrar- og flyktingjenter til Likestillings- og diskrimineringsombodet er det vist til at det ikkje finst forskning som tilseier at minoritetsspråklege barn ikkje vil kunna tileigna seg nynorsk på lik linje med sine norske medele-

var. At minoritetsspråklege barn er råde frå å velja nynorsk sidemål i skulen, kan difor etter MIRASenterets syn ikkje grunngjevast i minoritetsspråklege årsaker, heiter det i brevet.

Ved Holmlia skule i Oslo er det på ungdomsskulenivå dei siste åra gjennomført forsøk med nye undervisningsmetodar og vurderingsformer for å fornya sidemålsopplæringa. Om lag 30 prosent av dei elevane som deltok, hadde minoritetsspråkleg bakgrunn, og ei av rønslene frå prosjektet er at mange av dei meistrar begge målformer like godt som elevar med norsk som morsmål.¹

Inntrykket frå prosjektet er dessutan at dei minoritetsspråklege elevane ofte har ei opnare haldning til nynorsk og til sidemålsopplæringa, fordi dei ikkje har med seg dei same fordommane og mytane heimanfrå som det ein del av dei andre elevane har.

Det som her er referert, gjev ikkje nødvendigvis eit uttømmende bilete av situasjonen, men dei kan tena som ei nyttig motvekt til stereotype haldningar om at meir nynorsk og betre integrering er omsyn som ikkje går i hop.

Minoritetsspråklege og nynorskbrukarar er mindretalsgrupper som begge på ulike vis kan vera utsette for språkleg diskriminering, og dette gjer det ikkje mindre viktig å avvise alle forsøk på å setja dei opp mot kvarandre. Like viktig er det å motarbeida konflikt mellom den tradisjonelle språkdelte norske kulturen og det nye fleirkulturelle mangfaldet i landet vårt.

9.1.3 Oppslutninga om nynorsk

9.1.3.1 Talet på nynorskbrukarar

Akkurat kor stort talet på nynorskbrukarar er, om det går opp eller ned, er slett ikkje avgjerande når det gjeld stillinga for nynorsk, og slike tal er ikkje utan vidare dei som fortel mest om utviklingstendensane for nynorsk.

Likevel kjem vi ikkje utanom at det er eit viktig grunnlag for å styrkja nynorskens posisjon at talet på nynorskbrukarar held seg høgt.

I utgangspunktet vil samfunnsutviklinga naturleg tendera til å redusera oppslutninga om det minst brukte språket. Det er difor nødvendig med språkpolitiske tiltak som kan stimulera og leggja til rette for at så mange som råd er, bruker nynorsk som skriftsspråk i både privat og offentleg samanheng.

¹ Utdanningsdirektoratet/Språkrådet – 2007: Utkast til nasjonal strategiplan for nynorsk i opplæringa, s. 34.

9.1.3.2 Utviklinga i skulemålsprosenten

Utgangspunktet for fordelinga av nynorsk- og bokmålsbrukarar er reglane om opplæringsmålet i skulen.

Etter lova er det kommunen som avgjer kva målform som skal nyttast i skriftleg opplæring og skriftleg arbeid i kvar enkelt skule. Ved skifte av opplæringsmål eller når eit fleirtal i kommunestyret eller minst fjerdeparten av dei røysteføre krev det, skal det haldast rådgevande avrøysting. Røysterett har i dag alle røysteføre som bur i det området i kommunen som soknar til skulen, dessutan foreldre eller forsørgjar til barn på barnesteget ved skulen, utan omsyn til bustad eller statsborgarskap.²

I tidsrommet 1965–2006 har det vore halde 352 slike folkerøystingar. Til saman vel 65 000 personar har teke del i desse avstemningane, og 46 prosent av dei har røysta nynorsk, 54 prosent bokmål. I 205 krinsar vart det fleirtal for bokmål, i 144 krinsar for nynorsk. Nynorsk er i denne perioden ofte røysta ut med liten margin, etter tidlegare å ha vore røysta inn med til dels klart fleirtal.³

I tida fram til 1944 var det nemleg framgang for nynorsk i skulen. Det året hadde etter statistikken 34,1 prosent nynorsk som hovudmål. Tjue år seinare hadde prosenten falle til vel 20, om lag det same som i 1930.⁴

Dei siste førti åra er så nynorskprosenten i skulen redusert ein del meir, til i underkant av 14. Størstedelen av denne nedgangen skjedde likevel det første tiåret, fram til midten av 1970-talet. Då var reduksjonen på 4 prosentpoeng. Deretter låg nivået stabilt rundt 16,5–17,0 prosent nynorsk i tjuen år, medan det så har skjedd ein ny nedgang på vel 2,5 prosentpoeng den siste tiårsperioden.⁵

Mykje av tilbakegangen for nynorsk i skulen i den første etterkrigstida må sjåast i samanheng med den aukande urbaniseringa i samfunnet, og ikkje minst med den skulesentraliseringa som for alvor skaut fart i 1950- og 1960-åra. I mange kommunar hadde dei små utkantkrinsane nynorsk, medan skulane i det halvurbane bygdesenteret hadde bokmål. Når det så vart bygd ny fellesskule for eit større område, vart målforma ved den nye skulen gjerne den same som i sentrum.

I tillegg kjem at ein del av overgangen til nynorsk som skulemål fram mot 1945 skjedde i krinsar der målforma aldri vart ein sosial eller for-

² Røystereglane har vore endra i perioden. Sjå Grepstad: Makt og språk s.

³ Grepstad: Makt, språk og demokrati s. 12.

⁴ Johnsen, Egil Børre (red.) 2002: 82.

⁵ Grepstad, Ottar 2005b: tabell 8.4.

mell konvensjon i lokalsamfunnet utanom skulen. I røynda stod ho dermed svakt også som skulemål.⁶ At omslaget i negativ lei for nynorsken kom rett etter 1945, har dessutan vore forklart med at motstandskampen under krigen hadde vore med på å gjera bokmålet meir nasjonalt stoverint.⁷

9.1.3.3 Den nynorske lekkasjen

Ein ting er kor stor del av elevane som til kvar tid får opplæring på nynorsk dei første skuleåra; ein annan ting er kor mange som held fast ved nynorsk når dei kjem opp i høgare klassesteg, og når dei seinare går over i arbeid og yrke.

Etter folkeskulelova av 1959 kunne elevane frå og med 8. klasse sjølve avgjera hovudmålet sitt, og frå 1985 fekk dei denne retten eitt år tidlegare, frå og med det første året i ungdomsskulen. Elevane skal stadfesta eller gjera om dette valet når dei tek til i vidaregåande skule, og kan skifta på ny før avsluttande eksamen tre år seinare.⁸

Av dei som i skulemålsstatistikken vart rekna som nynorskelevar i 1940- og 1950-åra, var det truleg mindre enn halvparten som heldt fast ved nynorsk. Det vil seia at årskull på om lag 15 000 nynorskbrukarar i første klasse med tida skrumpa inn til ca. 7500. I seinare år er dei nynorske årskulla vortne mindre. Til gjengjeld er det fleire som blir verande nynorskbrukarar.

Men framleis er den såkalla nynorske lekkasjen ganske stor, og i dag er det rekna som sannsynleg at kvar tredje nynorskelev vil skifta til bokmål før vedkomande har fylt tjuve år.⁹

Analysar viser likevel at skifte frå nynorsk til bokmål i dag gjennomgåande skjer i høgare alder enn tidlegare. Det har nok samanheng med at lengre utdanning gjev mindre press frå arbeidsgjevar og andre i retning av målskifte i dei sårbare tenåra. Fleire arbeidsplassar enn før gjev no også rom for å bruka nynorsk, i større eller mindre grad.¹⁰

9.1.3.4 Tre spørjeundersøkingar om målform

Ein ting er målform i skulen og i kva grad den enkelte skiftar målform gjennom livet; ein annan ting er kor stor del av heile befolkninga som på eit bestemt tidspunkt kan reknast som nynorskbrukarar, heilt eller delvis.

I kap. 3.1 er det referert tre spørjeundersøkingar frå åra 1985, 1995 og 2005 som gav som resultat at ca. 8 prosent opplyste at dei helst brukte

nynorsk når skreiv i private samanhengar, medan vel 5 prosent svarte at dei nytta begge målformene omtrent like mykje. Dersom vi tek med begge desse svargruppene, er det altså om lag 13 prosent, svarande til nokså nøyaktig 600 000 personar, som kan reknast som nynorskbrukarar.

Når totaltalet blir nesten like høgt som skulemålsprosenten, trass i den omtalte lekkasjen frå nynorsk til bokmål, er det truleg at ein del av dei som svarer både-og, er personar som har hatt nynorsk som opplæringsmål, men som seinare i større eller mindre omfang har byrja å skriva bokmål.

9.1.3.5 Prosent nynorskbrukarar etter region og busetjingsmønster

Den sterke regionale variasjonen i oppslutninga kjem også tydeleg fram i materialet frå TNS Gallup.

Av fylka er det berre i Sogn og Fjordane at nynorskbrukarane er i fleirtal. I 2005 var det her vel 75 prosent som brukte anten berre nynorsk eller både nynorsk og bokmål.

Men også dei tre andre vestlandsfylka skil seg klart ut. Såleis var det tilsvarande talet for Møre og Romsdal 39,1 prosent, for Hordaland 31,9 prosent og for Rogaland 24,1 prosent. Også Telemark og Oppland låg over landsgjennomsnittet med respektive 18,5 og 13,4 prosent nynorskbrukarar.

Men like viktig som den fylkesvise variasjonen er skilnadene mellom byar og bynære strok på den eine sida og meir landlege og grisgrendte strok på den andre sida. Ikkje minst i vestlandsfylka Rogaland og Hordaland representerer veksten i og omkring dei store byregionane ei utvikling som naturleg svekkjer grunnlaget for nynorsken. Noko tilsvarande gjeld til dels også i Møre og Romsdal.

Ein indikasjon på samanhengen mellom nynorskbruk og busetjingsmønster får ein når ein konstaterer at dei 36,6 prosent av kommunane i landet som har gjort vedtak om å krevja nynorsk i skriv frå staten til kommunen, berre har om lag 11 prosent av folketalet i landet.¹¹

9.1.3.6 Nynorskkommunar og språknøytrale kommunar

No er det sjølv sagt ikkje slik at det berre er nynorskbrukarar som bur i desse såkalla nynorskkommunane. På den andre sida er det svært mange som soknar til nynorsk, som bur utanfor desse kommunane. I tillegg til dei 114 nynorskkommunane er det då også 157 kommunar som har erklært seg som språkleg nøytrale. Summen av

⁶ Grepstad, Ottar 2006b: 202.

⁷ Johnsen, Egil Børre (red.) 2002: 82-83.

⁸ Grepstad, Ottar 2006b: 255.

⁹ Grepstad, Ottar 2006b: 257.

¹⁰ Grepstad, Ottar 2006b: 257

¹¹ Grepstad, Ottar 2005b: 430 og tabell 11.3.

nynorskkommunar og språknøytrale kommunar utgjer 63 prosent av alle kommunar i landet og har til saman nærare 60 prosent av folketalet.

I Sogn og Fjordane har alle dei 26 kommunane gjort vedtak om nynorsk, og i Hordaland gjeld det same for 30 av 33 kommunar. Også i Møre og Romsdal er det eit fleirtal av nynorskkommunar, og i Rogaland er det klart fleirtal av nynorskkommunar og nøytrale kommunar til saman.

Alle desse fire fylka har dermed nynorsk som såkalla fleirtalsmålform etter reglane i lov om målbruk i offentleg teneste. Det betyr at alle statsinstitusjonar som har tenestedistriktet sitt avgrensa til eitt eller fleire av desse fylka, har nynorsk som tenestemål.

Mange nynorskbrukarar bur i dei større byane, og jamvel om dei her er i klart mindretal, er det eit viktig uttrykk for språkleg respekt og toleranse at dei fleste store bykommunane har erklært seg språkleg nøytrale. Det gjeld Oslo, Bergen, Trondheim, Tromsø, Drammen, Hamar, Moss, Bodø, Harstad og Hammerfest. I tillegg kjem meir nynorsknære byar som Molde, Ålesund, Namsos, Porsgrunn, Skien og Notodden.

9.1.3.7 Regionalisering og nasjonal institusjonalisering

Det bur sjølv sagt nynorskbrukarar over heile landet, truleg i kvar kommune, og det går nynorskelevane i 40 prosent av alle kommunane. Svært mange går i eit språkdelt skulemiljø av både nynorsk- og bokmålselevar, eventuelt også andre opplæringspråk.

Men 80 prosent av nynorskelevane i grunnskulen bur no på Vestlandet. Der ligg også meir enn 70 prosent av alle kyrkjjesokn med nynorsk liturgi og kommunar med nynorsk tenestemål.

Dette er eit uttrykk for at nynorsk som kvardagsspråk er vorte sterkare regionalisert.

Men på same tid har den nynorske skriftkulturen fått eit sterkare institusjonelt rotfeste på nasjonalt plan.

Og kyrkja er den samfunnsinstitusjonen der nynorsk kanskje står aller sterkast. Kvart år er 1,4 mill. menneske med på gudstenester med nynorsk liturgi, og eitt av tre sokn har liturgi på nynorsk. Like viktig kan det ha vore at nynorsken vart sunge inn i kyrkja, frå og med Blix-salmane i 1880-åra til Edvard Hoems nyaste.

Kvar tredje avis er redigert heilt eller delvis på nynorsk, og NRK har gjort nynorsk til eit vanleg språk i radio og fjernsyn. Men berre knapt ei av ti bøker som blir utgjevne, er på nynorsk.

I det nyaste mediet, Internett, er nynorsk alt like mykje brukt som i bøker. Det er også relevant å nemna at dialektane blir brukte jamt meir både i radio og fjernsyn og i lydfestingar og på cd-plater. I alle år har lyrikk i form av dikt og songar vore den mest brukte litterære sjangeren på nynorsk.

For første gong i norsk historie har i dag eit fleirtal av alle nordmenn hatt skriftleg undervisning i nynorsk. Det er den obligatoriske ungdomsskulen og den nye vidaregåande skulen frå 1970-åra som på denne måten har gjort nynorsk til direkte relevant for mest alle som veks opp i landet.

9.1.4 Nynorsken si stilling innanfor utvalde språkdomene

9.1.4.1 Generelt om næringslivet

I *Norsk i hundre!* er det slått fast at næringslivet er det domenet nynorsken aldri vann.

Med unntak av næringslivet i det nynorske kjerneområdet på Vestlandet er nynorsk så godt som fråverande på nettsider, i reklame og i korrespondanse. Også den delen av næringslivet i det nynorske kjerneområdet som har heile landet som marknad, har til no så å seia nytta berre bokmål i landsdekkjande reklame. Dette synest likevel å vera i sakte endring. I dag ser vi at større bedrifter som til dømes Hotell Alexandria i Loen, Lerum fabrikk og Fjord1 annonserer over heile landet på nynorsk.

Jamvel om dette er ei positiv utvikling, er det også eit uttrykk for ei utvikling i retning av sektorisering av nynorsk til ein bestemt del av landet.

Mange som i dag veks opp i det nynorske kjerneområdet og difor har hatt nynorsk som hovudmål, etablerer seg som vaksne i andre delar av landet, og det er normalt ikkje mogleg for dei å bruka nynorsk i arbeidet dersom dei blir tilsette i det private næringslivet. Dei vil heller ikkje møte nynorsk i fagspråklege tekstar eller i andre samanhengar på arbeidsplassen, og dei vil difor lett koma til å oppfatta nynorsk som mindreverdig og ubrukande innanfor dette domenet.¹²

9.1.4.2 Aviser og vekeblad

Nynorsk er lite synleg og til dels sterkt underrepresentert også i viktige delar av den mediebaserte offentlege samtalen, ikkje minst i aviser og vekeblad.

I dei fleste riksdekkjande avisene er nynorsk direkte utestengd ved at ikkje eingong journalistar

¹² Kristoffersen, Gjert et al. 2005: 107

som i utgangspunktet skriv nynorsk, til vanleg får lov til å bruka si eiga målform i redaksjonelt stoff.

I følgjebrevet frå interimsstyret i Språkrådet ved oversending av *Norsk i hundre!* i mars 2006 vart det vist til at dei store riksavisene diskriminerer nynorsk når dei ikkje tillèt nynorskjournalistar å bruka målforma si. Departementet blir bedt om å vurdere om det kan setjast inn tiltak for å sikra at denne diskrimineringa tek slutt.

Avisene er i privat eige, og i motsetnad til det som er tilfellet for radio og fjernsyn i statleg eige eller med statleg konsesjon, er det ikkje tradisjon for å stilla formelle krav til avisene om å nytta begge målformer.

Etter departementet si vurdering er det positivt dersom aviser i større grad enn i dag slepper til nynorsk på redaksjonell plass.

9.1.4.3 Krav til nynorsk i NRK og TV2

I vedtektene for NRK er det fastsett at begge dei offisielle målformene skal nyttast, og at minst 25 prosent av verbalinnsлага skal vera på nynorsk. I konsesjonsvilkåra for TV2 er kravet at begge dei offisielle norske målformene skal nyttast, men her er det ikkje fastsett spesifikke kvotekrav.

I 2006 var det registrert 23 prosent nynorsk i NRK1 og 14 prosent i NRK2. I radio var det 25 prosent nynorsk i P1 og 24 prosent både i P2 og i P3.

På dette grunnlag konstaterte Medietilsynet i allmennkringskastingsrapporten for 2006 at bruken av nynorsk i NRK-kanalane er nokså lik året før, men at ein nedgang for P2 og P3 innebar at desse kanalane i 2006 ikkje innfridde minstekravet om 25 prosent nynorsk. Etersom P1 dermed var den einaste av radiokanalane i NRK som hadde 25 prosent nynorsk, konstaterte Medietilsynet at NRK radio alt i alt ikkje innfridde minstekravet. Gjennomsnittstalet var 24,33 prosent nynorsk.

Medietilsynet slo fast at fjernsynskanalane mykje låg under minstekravet med eit gjennomsnitt på 18,5 prosent.

I rapporten for 2006 gjev Medietilsynet uttrykk for at det var kritikkverdigg at NRK for andre året på rad ikkje innfridde minimumskravet til nynorskprosent i programtilbodet sitt. Kritikken retta seg i særleg grad mot fjernsynstilbodet, men tilsynet var også kritisk til at nynorskprosenten i radio var redusert sidan 2005, jamvel om ein her låg tett oppunder minimumskravet.

Medietilsynet gav uttrykk for at NRK som statleg, lisensfinansiert allmennkringingkastar har eit særskilt ansvar for å sjå til at krav til nynorsk blir tilfredsstillande etterlevd. Medietilsynets konklusjon

er såleis at NRK ikkje innfridde kravet om bruk av nynorsk i kjerneverksemda si i 2006.

Av den nyleg framlagde rapporten for 2007 går det fram at situasjonen ikkje er vesentleg endra, og Medietilsynet rettar på nytt kritikk mot NRK for ikkje å innfri minimumskravet til nynorsk i programtilbodet. Det blir vist til at NRK har gjort greie for tiltak for å auka nynorskbruken, og Medietilsynet ventar at desse tiltaka no kjem til uttrykk også i det faktiske programtilbodet.

I allmennkringskastingsrapportane for 2006 og 2007 konstaterte Medietilsynet at begge målformer blir nytta i TV 2, og konklusjonen var at TV 2 innfridde konsesjonskravet.

9.2 Nynorske korpusspørsmål

9.2.1 Nynorsknorma

9.2.1.1 Innleiing

Det er ovanfor under kap. 8.4.2 gjort greie for det arbeidet med å rydda opp i rettskrivinga for bokmål og nynorsk som gjekk føre seg i regi av Norsk språkråd frå 1997 fram til endeleg vedtak på råds-møtet i 2003.

Det vedtektne framlegget til endringar i nynorskrettskrivinga vart forkasta av departementet ved brev av 16. februar 2005. Den nærare grunngjevinga i brevet er det gjort greie for under kap. 8.4.2.3. I brevet heitte det til slutt at spørsmålet om ein eventuell ny gjennomgang av rettskrivingssystemet for nynorsk var noko departementet tidlegast ville ta standpunkt til etter at omorganiseringa av Norsk språkråd var endeleg avslutta.

Det nye Språkrådet har etter vedtektene til oppgåve å forvalta den offisielle rettskrivinga. Generelt har Språkrådet også eit vedtektsfesta ansvar for å ta språkpolitiske initiativ overfor relevante styresmakter. I tråd med dette vedtok Språkrådet på styremøte 13. september 2007 å ta opp att arbeidet med nynorsknorma. I vedtaket heitte det at det var gjort under føresetnad av godkjenning frå departementet.

Etter å ha fått oversendt saka frå Språkrådet gjorde departementet den vurderinga at det ville vera rett å forankra det vidare arbeidet med denne saka i Stortinget. Dette må sjåast på bakgrunn av at saka har ei lang og vanskeleg forhistorie, og at spørsmålet om revisjon av nynorsknorma framleis synest å vera omstridd. Det er naturleg å sjå saka i ein større språkpolitisk samanheng. På denne bakgrunn gav departementet beskjed til Språkrådet i brev av 13. november 2007 om å venta med vidare

arbeid i denne saka til etter at språkmeldinga var behandla i Stortinget.

9.2.1.2 *Arbeidet med nynorsknorma frå 1997 til 2000*

Målet for det arbeidet styret i Språkrådet ønskjer å setja i gang, er etter ordlyden i vedtaket «å laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer».

Det å få laga ei strammare nynorsknorm, ei norm med færre valfrie former, var også målet for det oppryddingsarbeidet Norsk språkråd tok til med alt i 1997. Men den gongen sikta ein berre til læreboknormalen, den norma som er bindande for lærebøker og i statstenesta. Innanfor den vidare rettskrivinga skulle det framleis vera stor valfridom. Ein ville altså halda fast på eit system med sideformer på utsida av ein strammare læreboknormal.

Dette prinsippet vart så retningsgjevande for det vidare arbeidet og dei konkrete endringane i nynorsknorma som vart vedtekne på rådsmøtet i februar 2000. Men samstundes vedtok Språkrådet å avskaffa sideformsystemet i bokmål. I desember 2000 tok difor departementet initiativ til å få utgreidd ei tilsvarende løysing også for nynorsk.

I brev til Norsk språkråd av 5. desember 2000 gav departementet uttrykk for at det foreslåtte systemskiftet i bokmål tilsa at ein burde sjå nærare på dei ulempene som følgjer av den todelte rettskrivinga også i nynorsk. Som døme på slike ulemper nemnde departementet mellom anna at det kunne vera uheldig at skuleelevar lærer å bruka skrivemåtar og bøyingsformer som dei likevel ikkje har lov til å nytta dersom dei seinare blir tilsette i offentleg teneste, eller former og skrivemåtar som det ikkje finst støtte for i lærebøker.

Departementet uttalte vidare at dersom det skulle vera eit mål å etablere ei norm som er så fast at ho lettare kan verka som eit mønster for korleis språkbrukarane skal skriva rett, kan det synast inkonsekvent at det samstundes finst ei rad andre former og skrivemåtar som også er korrekt rettskriving i dei fleste samanhengar. I det heile kan den todelte rettskrivinga hevdast å innebera ein dobbeltkommunikasjon som er med på å skapa ei forvirring hos språkbrukarane som kjem i tillegg til den uvissa som valfridommen i seg sjølv representerer. Slik heitte det i brevet frå departementet i desember 2000.

Men det heitte også at departementet var fullt klar over dei ulike grunnane som kunne tala for at det framleis burde vera eit system med sideformer i nynorsk, og at ei fjerning av skiljet mellom hovud-

former og sideformer kunne framstå som ei drastisk endring som kunne skapa mykje uro og usemje. Departementet var likevel kome til at ei rettskrivingsendring som etter føresetnaden skal stå ved lag i lang tid framover, ikkje burde gjennomførast før dette spørsmålet er grundig utgreidd.

9.2.1.3 *Utgreiing, høyring og vedtak 2001–2003*

Dette initiativet frå departementet i desember 2000 fekk god mottaking, og Norsk språkråd gjekk i gang med ei meir omfattande utgreiing med det uttalte målet å gjennomføra ei systemforenkling i tråd med det departementet hadde ymta fram på om. Då saka vart førebels drøfta på møte i nynorskseksjonen i februar 2002, konkluderte møteleiinga med at det syntest å vera klar stemning for å oppheva skiljet mellom hovudformer og sideformer.

Etter kvart viste det seg likevel vanskeleg å koma til semje om kor stor valfridom ein skulle tilata innanfor eit nytt normsystem utan eit slikt statuskilje. På ekstraordinært møte i nynorskseksjonen av Norsk språkråd i mai 2002 gjekk likevel fleirtalet inn for det foreslåtte systemskiftet. Dermed kom spørsmålet om stor eller liten valfridom på spissen. Av to alternative framlegg, eit med relativt liten og eit med etter måten stor valfridom, vart det vedteke eit framlegg som låg nærmast det siste alternativet.

Med basis i desse vedtaka vart eit samla opplegg for revisjon av nynorsknorma sendt på høyring hausten 2002. Saka var kompleks fordi det både var spørsmål om systemskifte og dinest kva slags valfridom ein skulle leggja opp til på ulike punkt avhengig av det eine eller andre utfallet i det første spørsmålet. Høyringsfråsegnene sprikte då også i fleire retningar, men alt i alt var det likevel stor skepsis mot å fjerna statuskiljet.

Dette førte til at nynorskseksjonen snudde, og på rådsmøtet i 2003 vart det samrøystes vedteke å halda fast ved skiljet mellom hovudformer og sideformer. Deretter vart det gjort vedtak om visse endringar innanfor ramma av eksisterande normsystem, i hovudsak i tråd med dei tilsvarende vedtaka tre år tidlegare. Det var desse endringsframlegga som til slutt vart forkasta av departementet i februar 2005.

Som nemnt under kap. 8.4.2.3 var det to tilleggsvedtak om nynorsknorma på rådsmøtet i 2003 som var grunngevinga for at departementet på nytt avviste å gjera endringar innanfor ramma av eksisterande normsystem. Desse tilleggsvedtaka syntest nemleg å opna for ei snarleg revurdering av sjølv normsystemet.

Den eine tilleggsfråsegna var ei oppmoding til styret om å få vurdert om funksjonsfordelinga mellom hovudformer og sideformer framleis var tenleg i den nye situasjonen som ville oppstå når nynorsken vart åleine om dette systemet. Den andre fråsegna var eit ønske om forsøksprosjekt med ulike undervisningsopplegg for å samanlikna ei opplæring avgrensa til hovudformene med ei opplæring som også tok omsyn til den vidare valfridommen med sideformer.

9.2.1.4 Ulike omsyn i normeringa av nynorsk

Både den førebuande behandlinga og vedtaka i nynorskseksjonen av Norsk språkråd i 2003 gav altså noko motstridande signal om kva som kunne tenkjast å vera den mest tenlege utviklinga av rettskrivingssystemet i nynorsk på lengre sikt.

Når arbeidet med forenkling av normsystemet ikkje førte fram på nynorsksida, har det sjølv sagt samanheng med at statuskiljet mellom hovudformer og sideformer representerer eit kompromiss mellom stor og liten valfridom.

Dersom ei norm skal strammast inn, er det naturleg at det kan vera usemje om kva former som skal takast ut av norma. Det er lettare å gje visse former redusert status ved berre å ta dei ut av læreboknormalen. Då kan dei framleis brukast i dei fleste samanhengar – av dei som ønskjer å setja eit personleg preg på skriftspråket sitt med utgangspunkt i dialektbakgrunn eller språkideologisk ståstad.

Dette omsynet har tradisjonelt vore eit viktig prinsipp i nynorsknormeringa. Vid valfridom inneber at dialektmangfaldet i stor grad kjem til uttrykk innanfor norma. Tanken er då at den enkelte språkbrukar kan velja ein skriftvariant som ligg nær opp til talemålet sitt og dermed kanskje ha lettare for å meistra skriftspråket.

Valfridommen gjev også større rom for å finna ein personleg stil. Den legg til rette for språkleg identifikasjon og sjølvkjensle og kan på den måten også vera med og stimulera så vel uttrykksbehov som uttrykksevne. Det at skuleelevar kan bruka skriftformer som ligg nær opptil eige talemål, kan gjera sitt til å letta sjølv skivinga og skriveopplæringa.

Men det går også an å bruka pedagogiske argument den andre vegen. Ei norm med liten valfridom som dermed blir brukt om lag på same måten av dei fleste, er meir oversiktleg og kan slik sett vera enklare å læra og å bruka. Mange meiner at det er det visuelle førebiletet som best fremjar skriveopplæringa, dvs. at lesinga er med å prenta inn skriftbiletet. I så fall kan det vera uheldig å møta

det same ordet skrive snart på den eine måten og snart på den andre, eller at elevane sjølve skal skriva annleis enn dei formene dei møter i lærebøkene.

Det krev dessutan god innsikt i eige språk å vita kva former ein skal velja. Jamvel om ein kan bruka former innanfor norma som samvarer heilt eller delvis med eige talemål, vil det aldri vera fullt samsvar. Ein må heile tida læra seg kvar grensene går mellom eige talemål og normrett skriftmål. Då kan det henda at den store valfridommen fører til at språkbrukarane blir usikre, at dei stadig må slå opp i ordlista, at dei ikkje får utvikla eit snøgt og automatisert skriftspråk. Særleg kan valfridommen verka overveldande for dei som har nynorsk berre som sidemål. Resultatet kan bli at mangfaldet hemmar i staden for å frigjera.

Det er altså til dels motstridande vurderingar og omsyn som kan gjerast gjeldande i spørsmålet om framtidig normering av nynorsk. Dette har samanheng med spenningsforholdet mellom på den eine sida den tradisjon og ideologi som har bore nynorsken fram, og på den andre sida dei strategiske utfordringane som møter eit mindre brukt språk med så liten språkleg avstand til det dominerande fleirtalsspråket som tilfellet er for nynorsk.

Det kan hevdast å vera i samsvar med nynorsk tradisjon og ideologi at det skal vera høve til å skriva ein offisielt godkjend nynorsk med rom for regional og individuell variasjon. Formvariasjonen representerer dessutan viktige tradisjonar i nynorsk litteratur.

Og i dei geografiske randsonene for nynorsken kan det tenkjast å vera ein fordel for oppslutninga om målforma som skulemål og lokalt bruksmål at det er mogleg å velja former som ligg nær opptil bokmålsformer eller eige talemål. Slike strategiske vurderingar kan difor trekkja i retning av vid valfridom.

På den andre sida kan det hevdast at det først og fremst er dei profesjonelle og språkmedvitne skrivarane som er i stand til å realisera idealet bak valfridommen. Ei nynorskopplæring som utnyttar det speleroommet som formvariasjonen byr på, stiller store krav til normoversikt og pedagogiske evner hos lærarane.

For det store fleirtalet av språkbrukarar kan det henda at ei klarare og meir eintydig norm vil gjera det lettare å innprenta skilnadene mellom nynorsk og bokmål og dermed å halda dei to målformene frå kvarandre i eiga skiving. Det finst også undersøkingar som indikerer at normvariasjonen gjer brukarane usikre, og at ein god del av dei som byter hovudmål frå nynorsk til bokmål,

gjer det fordi dei har problem med nynorsk rettskriving og formverk.

Nynorskrettskrivinga vedkjem også dei meir usikre språkbrukarane. Ho vedkjem alle dei som lærer nynorsk som sidemål i skulen, og dei av desse som skal skriva nynorsk som tilsette i offentleg teneste. Spørsmålet er i kor stor grad ein også bør leggja vekt på slike pedagogiske omsyn i normeringsarbeidet.

Nynorskens strategiske situasjon som eit mindre brukt språk som i stadig sterkare grad må tevla med det dominerande bokmålet, er også eit moment som kan henda bør telja med i dei vurderingane som skal gjerast. Nynorsk lever i skuggen av bokmål, og påverknaden frå bokmål er i dag ganske stor.

Dessutan er nynorsk skriftspråk i mindre grad enn bokmål tufta på ei nokolunde fast talemålsnorm. Eit tilnærma normalisert nynorsk talemål kan høyrast i manusbundne program i radio og fjernsyn, men elles er det i dag svært få av dei som opptre i det offentlege rommet, som kan seiast å bruka eit nokolunde normrett nynorsk talemål. Svært mange av dei som reknar seg som nynorskbrukarar, har i talemålet sitt eit markert innslag ikkje berre av dialektformer, men også av talemålstrekk og ordtilfang henta frå normalisert bokmål.

Den valfridommen som voks fram på 1900-talet, hadde elles ikkje berre som mål å koma eit vidare spekter av dialektformer i møte. Det var også eit reformstrev som gjekk ut på å samordna bokmål og nynorsk innanfor ei tilnæringslinje.

Som det er gjort greie for under kap. 8.4.2.2, har Stortinget ved fleire høve stadfesta at slik tilnærming ikkje lenger er aktuell politikk. I dag kan ein difor på friare grunnlag normera dei to norske skriftspråka våre slik at deira eigen identitet blir klarare markert.

9.2.1.5 Vedtaket hausten 2007 om ny gjennomgang av nynorsknorma

På bakgrunn av forhistoria og dei ulike omsyna det er gjort greie for ovanfor, kan det verka som eit ambisiøst mål å laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer, slik styret i Språkrådet har vedteke.

Som venta har vedtaket også vekt debatt. Av dei som er kritiske, har nokre gitt uttrykk for at departementet bør setja ein stoppar for heile prosessen, medan andre har ønskt at departementet ikkje skal godkjenna det mandatet styret har vedteke, men i staden opna for ei ny høyring om kva retning normeringsarbeidet for nynorsk skal ta.

Vedtaket i Språkrådet er likevel meir omfattande enn det som så langt er referert. Det heiter mellom anna at styret legg vekt på å få til ein open og inkluderande prosess, dessutan at den gruppa som skal stå for sjølve arbeidet, skal ha med representantar frå målrørsla, forvaltninga, utdanningssektoren, forlagsbransjen og medieområdet.

Det heiter også at breitt talemålsgrunnlag, mykje brukte former og ord, geografisk spreing og skriftspråktradisjonar er blant dei faktorane som skal balanserast i den nye norma. Det går fram at målet er å etablera ei norm som skal vera eit tilbod til alle som ønskjer å skriva korrekt nynorsk, at ho skal gjelda for alle som pliktar å skriva innanfor ei norm. Målet, heiter det, er å etablera ei norm som gjer det lettare å vera nynorskbrukar, som er tydeleg for alle som bruker nynorsk som sidemål, og som er stabil over tid.

Det går elles fram av vedtaket at det er fagrådet for normering og språkbobservasjon, saman med sekretariatet, som skal planleggja og følgja opp prosessen innanfor dei retningslinjene som styret gjev. Fagrådet har også fått i oppgåve å gjera framlegg til samansetjing av den nemnde gruppa som skal gjennomføra arbeidet.

Fagrådet for normering og språkbobservasjon har på sitt arbeidsområde, til liks med dei tre andre fagråda på sine område, eit særleg ansvar for å sikra at Språkrådet har breiast mogleg samfunnskontakt for arbeidet sitt. Dei skal formidla synspunkt og impulsar frå det norske språksamfunnet til styre og sekretariat og skal på tenleg måte drøfta og førebu større saker som skal avgjerast i styret. Dette er fastsett i vedtektene for Språkrådet.

9.2.1.6 Oppsummerande vurdering

Departementet erkjenner at spørsmålet om ein ny gjennomgang av nynorsknorma er ei vanskeleg sak, og at det ikkje er lett å ha ei skråsikker oppfatning av kva slags normsystem som alt i alt vil vera mest tenleg for nynorsken og nynorskbrukarane på kort og lang sikt. Som vist ovanfor er det argument og omsyn som dreg i ulik retning.

Spørsmålet om endringar må nødvendigvis byggja på vurderingar og vedtak som er godt førebudde i Språkrådet. Samstundes er det grunn til å streka under at dette førearbeidet må ha best mogleg forankring blant språkbrukarane. Departementet oppfatar det slik at vedtaket i styret legg opp til ei slik brei forankring og ein prosess der ulike syn kan koma til orde.

Ein ny gjennomgang av nynorskrettskrivinga med sikte på endringar vil på nytt reisa fleire spørsmål, for det første om ein skal avskaffa det nover-

ande skiljet mellom hovudformer og sideformer, kor stor valfridommen skal vera innanfor eit eventuelt nytt system utan slikt statusskilje, og endeleg kva former som skal takast ut av norma, og kva former som skal bli verande i den grad ein strammar inn.

Det var det første spørsmålet, om eventuelt å oppheva sideformsystemet også i nynorsk, som var utgangspunktet for det utgreiingsarbeidet som departementet tok initiativet til å få sett i gang i desember 2000. I 2002 gjorde så Noregs Mållag eit vedtak på landsmøtet sitt der dei gjekk imot å fjerna sideformsystemet.

Departementet har merkt seg at Noregs Mållag no har endra syn i dette spørsmålet. På landsmøtet i slutten av april 2008 vart det vedteke ei fråsegn der det mellom anna heiter at Noregs Mållag meiner det er på tide å oppheva skiljet mellom hovud- og sideformene, slik at den normalen ein lærer i skulen, kan brukast overalt også seinare i livet.

I fråsegna er det også uttalt at Noregs Mållag ser positivt på at Språkrådet vil gjera eit oppryddingsarbeid i rettskrivinga, jamna ut inkonsekvensar og fjerna former det er dårleg grunnlag for i talemål og skriftsspråk.

På den andre sida er det som nemnt ovanfor fleire som har vendt seg til departementet for å få stoppa eller i det minste endra premissane for ein ny gjennomgang.

Etter ei samla vurdering har departementet kome til at det likevel er så mykje som taler for ein ny gjennomgang at det ikkje vil vera rett å gå imot at dette arbeidet blir sett i gang slik styret har vedteke.

Departementet har heller ikkje merknader til at styret har gjort vedtak om ei klar retning og ein klar ambisjon for arbeidet. Det må likevel leggjast til grunn at nynorsken framleis skal vera slik utforma at han kan ha appell til språkbrukarar over heile landet, og at ein ikkje stengjer ute former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar.

9.2.2 Ordtilfanget i nynorsk

9.2.2.1 Innleiing

Ein variant, til dels ein parallell, til ordskiftet om nynorsk rettskriving er spørsmålet om nynorsk ordtilfang. Også dette har mykje å seia for den vidare utviklinga av nynorsk som eit mindre brukt språk ved sida av det dominerande bokmålet.

Spørsmålet har nettopp sin bakgrunn i at nynorsk i sitt opphav er eit dialektbasert skriftmål

etablert på nasjonal grunn, som eit alternativ til eit bokmål utvikla gjennom fornorsking av eit opphavleg dansk skriftsspråk.

Som eit resultat har det utvikla seg ein nynorsk skrifttradisjon som har vore restriktiv til opptak av danske og lågtyske lånord som er vanlege i bokmål, mest typisk ord som blir danna gjennom avleiing av prefiksa an- og be- og suffiksa -heit og -else, dei såkalla anbeheitelse-orda. På den andre sida har mange lånord av dansk og lågtysk opphav lenge vore brukte i dialektane, og fleire er jamt komne inn i folkeleg talemål, til dels gjennom påverknad frå bokmål. Dette førte etter kvart saka inn i eit sterkare spenningsfelt.

9.2.2.2 To hovudsyn

Likevel har denne spenninga alltid vore der, og det har heile tida vore to hovudsyn på ordtilfanget i nynorsk.

Det eine standpunktet har vore at nynorsk skriftmål skal greia seg mest mogleg med heimlege, nedervde ord, det andre at lånord som er vanlege i talemålet, kan takast opp i skriftmålet utan mykje omsyn til korleis dei er laga, eller kva opphav dei har. Det første synet legg altså vekt på det nasjonale grunnlaget for nynorsken; det andre legg større vekt på talemålsgrunnlaget.

Det første standpunktet, det meir puristiske, avspeglar ei frykt for at lånorda i stor grad skal skuva tradisjonsorda ut av bruk, at mange lånord til dels høver dårleg i nynorsk språkbyggnad, og at nynorsk kan bli så likt bokmål at det taper noko av identiteten og dermed livsretten sin som eige skriftsspråk.

Det andre standpunktet byggjer på ein motvilje mot å forby ord som er vanlege i folkeleg talemål, ei tru på at ein meir liberal lånordpraksis gjer det lettare for breiare grupper å skriva nynorsk, og at språket blir rikare og meir nyansert når både lånord og tradisjonsord kan brukast, alt ettersom det høver.

9.2.2.3 Arbeidet med retningslinjer for nynorsk ordtilfang

I 1981 sette Norsk språkråd ned ei nemnd til å gjera ei samla vurdering av ordtilfanget i nynorsk.

I tilrådinga si frå 1983 streka nemnda under verdien av den nynorske skrifttradisjonen, og at det også for framtida var avgjerande viktig å byggja ut kjensla for lett, naturleg og heimleg ordlegging. Fleirtalet meinte likevel at nynorsk burde halda fram med å utvida normene for skriftleg ordval og ordbruk for å koma talemålet i møte. I tråd med

dette vart det trekt opp retningslinjer for og fremja konkrete tilrådingar om opptak av ord frå ulike ordgrupper.

Eit framlegg om at denne fleirtalstilrådinga skulle bli retningsgjevande, vart avvist av Norsk språkråd med dobbeltrøysta til leiaren på årsmøtet i 1984. I staden vart det vedteke at det vidare arbeidet med ordtilfanget også skulle ta omsyn til ein meir restriktiv dissens frå eit mindretal i nemnda og andre fråsegner som var komne inn i samband med behandlinga av saka.

Likevel vart det teke opp ein god del tidlegare utestengde ord det nærmaste tiåret etterpå, i alt om lag 175 ord fram til 1995.

Nye initiativ og ny debatt på 1990-talet enda så med at det på årsmøtet i 1999 vart vedteke klarare og fastare retningslinjer enn før.

Utgangspunktet her var at ord som har stor utbreiing i norske dialektar, ikkje bør haldast ute frå nynorske ordlister og ordbøker. Men dette vart moderert og presisert gjennom nokre andre allmenne reglar og fleire spesielle retningslinjer for særlege ordgrupper, mellom anna for lånord med endinga -heit og -else.

9.2.2.4 *Inntak av mykje nytt ordtilfang i 2000*

På grunnlag av retningslinjene frå året før gav så sekretariatet i Norsk språkråd i 2000 gjennom godkjenning av to nye ordlister grønt lys for om lag 290 nye ord, av desse særleg mange med endinga -heit.

Dette store inntaket av ord som braut med typisk nynorsk ordtilfang, gjekk ikkje upåakta hen, og landsmøtet i Noregs Mållag uttalte seg kritisk til den måten Norsk språkråd hadde tolka retningslinjene frå 1999 på. Landsmøtet kravde at godkjenninga vart trekt tilbake, og at orda vart vurderte på nytt.

Voss mållag følgde opp gjennom brevveksling med Norsk språkråd, som avviste å ta saka opp til ny vurdering, men opna for å vurdere dei vedtekne retningslinjene i lys av røynslene som vart gjorde, og dei motsynspunkta som var komne.¹³

I brev til Kultur- og kyrkjedepartementet av 24. april 2002 gav Voss mållag uttrykk for at det vedtekne ordinntaket braut så mykje med nynorsk språk- og stilkjensle at det burde krevjast godkjenning av departementet, på same måte som gjennomgripande rettskrivingsvedtak, etter dei dåverande vedtektene for Norsk språkråd.

Departementet konkluderte i svarbrev av 3. oktober 2002 med at den aktuelle saka ikkje kunne tolkast inn under det vedtektsfesta godkjennings-

kravet, og at departementet dermed ikkje hadde grunnlag for å gripa inn i ettertid.

Men departementet la til at dette omfattande inntaket av danske og tyske importord kunne synast såpass gjennomgripande at mykje kunne tala for ein tilsvarende behandlingssåte som for større normeringssaker. Departementet viste så til at den varsla omlegginga av Norsk språkråd ville føra til endringar i det framtidige avgjerdssystemet for normeringsspørsmål, og at det i samband med dette var naturleg å sjå nærare på dei spørsmåla som melder seg når det gjeld regulering av ordtilfanget i nynorsk.

Departementet vil følgja opp dette i samband med utforming av eit nytt regime for nynormering og normvedlikehald, jf. kap. 8.4.3 ovanfor.

9.2.2.5 *Nynorsk mellom tilpassing og identitetsmarkering*

På den eine sida vekte altså dei mange godkjende orda frå 2000 motreaksjonar hos mange, mellom anna i den organiserte målrørsla. På den andre sida kjem det frå tid til anna krav om at nynorsk treng ei grundigare modernisering.

For ei stund sidan vekte det ei viss merksemd at nynorskelevar ved ein vidaregåande skule på Vestlandet i ei undersøking oftast kryssa av for bokmålsordet eller bokmålsforma som meir naturleg for dei å bruka enn tilsvarende nynorskord eller nynorskform. Departementet legg til grunn at dette først og fremst er ein refleks av den sterke bokmålsdominansen i samfunnet i det heile, og at også nynorskelever er mykje meir vane med å høyra og lesa bokmål enn nynorsk.

Av same grunn er det heller ikkje til å undrast over at enkelte skrivande folk med nynorskbakgrunn synest dagens nynorsk kjennest gammaldags og lite funksjonell, og gjerne vil at det skal vera meir fritt fram for ord og uttrykk frå bokmål som dei også bruker i sitt eige talemål.

Alle individuelle språkval må respekterast, og synspunkt av dette slaget kan difor ikkje underkjennast. Samstundes kan det ikkje stikkast under stol at dei også er uttrykk for dei språklege makttilhøva i samfunnet.

Det er heller ikkje i andre land uvanleg at det dominerande språket blir oppfatta som naturleg og moderne, medan eit språk som er mindre brukt, ofte kan kjennest gammaldags og mindre funksjonelt, også blant mange av dei eigne primærbrukarane. Difor er det også meir krevjande å bruka eit slikt språk enn det språket eller den språkforma som dominerer.

¹³ Brev av 16. mars 2001 frå Norsk språkråd til Voss mållag, jf. sak 2001/00369.

Departementet legg til grunn at slike dominansforhold gjer at det alltid vil vera eit press for å endra nynorsk i retning av bokmål, ikkje berre når det gjeld ordtilfang, men også i rettskriving og formverk. Det eine kan også lett dra det andre etter seg. Det blir alltid ei avveging tufta på skjønns kor langt ein til kvar tid skal gå i det eine og det andre spørsmålet.

Det er naturleg at det er ulike syn på dette. Ulike haldningar til slike spørsmål vil dels vera ein funksjon av kva ein trur om verknaden for tilslutninga til nynorsken, dels av korleis ein ønskjer at den nynorske språkforma helst bør sjå ut.

Departementet legg til grunn at nynorsk i prinsippet må utformast først og fremst på eine eigne premissar, som ei sjølvstendig språkform, og ikkje som ein funksjon av utviklinga i bokmål. Det er også i samsvar med det prinsipielle synet på tilhøvet mellom bokmål og nynorsk som vart lagt til grunn då den såkalla tilnæringslinja vart endeleg avskreven som offisiell språkpolitikk gjennom oppheving av ei føresegn i lov om Norsk språkråd i 2002.

9.2.2.6 *Premissar for godkjenning av ordtilfang i nynorske ordlister*

Det kan elles vera grunn til å minna om at det aller meste av ordtilfanget i nynorsk og bokmål er felles, jamvel om skrivemåte og bøyning kan vera ulik, og at det allereie har skjedd ei omfattande modernisering av det nynorske ordtilfanget opp gjennom åra. Det til dels nye og moderniserte ordtilfanget lever side ved side med det meir tradisjonelle tilfanget.

Alt i alt representerer dette eit så rikt og variert register av ord og uttrykk at det ikkje er rimeleg å hevda at nynorsk i dag ikkje kan brukast til å uttrykkja og formidla kva det skal vera i eit naturleg og forståeleg språk. Her er det nok ikkje språket det kjem an på, men den evna språkbrukarane har til å formulera alt det språket kan utnyttast til å uttrykkja.

Departementet legg elles til grunn at når Språkrådet godkjenner ord som kan takast med i nynorske ordlister, inneber ikkje det ei blankofullmakt i retning av ukritisk bruk. Alle ord som står i ordlista, er ikkje nødvendigvis like gode eller høvelege i alle samanhengar, og kan heller ikkje alltid brukast i alle dei same tydingane som i bokmål. På den andre sida set heller ikkje ordlistene faste grenser for kva ord som kan nyttast i nynorsk; dei representerer såleis ingen fasit, verken i den eine eller andre retninga.

Det er i rundskriv streka under at ein særleg i grunnskulen bør vera varsam med å gje feil i elevarbeid for ord som høyrer med til det daglege

bruksmålet til elevane, og at det heller ikkje på høgare klassesteg må vurderast som negativt om elevane nyttar enkeltord som ikkje er med i ordlistene. Dette gjeld særleg ord som i bygnad og bruk ikkje bryt med det som særmerkjer god nynorsk språkføring, den verbale seiemåten og den munnlege uttrykkforma.¹⁴ Det motsette av dette – og såleis dårleg nynorsk – er substantivsjuke, abstrakte genitivskonstruksjonar og for mykje passiv uttrykksmåte.

Eit problem med ukritisk bruk av tilgjengeleg ordtilfang, særleg med mange av dei orda som ein har vore spesielt på vakt mot i nynorsk, er nettopp at dei ofte inviterer til slik tung, snirklet eller klisjébunden uttrykksmåte. Det gjeld særleg ord som er danna gjennom avleiing med prefiks som an-, be-, bi-, er- og for- og suffiks som -heit, -else, -aktig, -bar og -messig. Difor må ordval i nynorsk som regel sjåast i nær samanheng med ordleggingsmåten. For det er uttrykksmåte og setningsbygning, meir enn ordtilfanget i seg sjølv, som avgjer kva som er godt nynorsk språk. Viktigare enn orda er det korleis orda blir sambundne til språkrette setningar.

Granskingar og ordskifte om ordtilfanget i nynorsk isolert sett vil difor lett føra på avvegar og avspora debatten om korleis nynorsk skal skrivast, og kva det bør leggjast vekt på i all opplæring og undervisning i nynorsk, både i og utanfor skulen. Det same kan seiast også om visse delar av normeringsdiskusjonen, dvs. om kva for stave- og bøyingsformer av orda ein helst bør velja i nynorsk.

Å leggja større vekt på ordlegging og uttrykksmåte i all nynorskopplæring vil også kasta av seg på den måten at det kan smitta over på måten ein uttrykkjer seg på når ein skriv bokmål. Det er såleis liten tvil om at tradisjonelt nynorsk ordtilfang og typisk nynorsk ordlegging også har påverka bokmålet i gunstig retning. Såleis er det mange gamle lånord som opp gjennom åra er gått ut av bruk og er avløyste av heimlege ord også i bokmål. Bokmål er under påverknad av nynorsk vorte mindre prega av gammal og tung kansellistil og er i dag kjenneteikna av meir munnleg stil og verbal seiemåte enn i tidlegare tider.

9.2.2.7 *Oppsummerande vurdering*

Departementet er redd for at mykje diskusjon om nynorsk rettskriving og ordtilfang opp gjennom åra kan ha ført til at det i mange samanhengar skjer ei for mekanisk formalopplæring i nynorsk, utan at det blir gjeve nok akt på grunnleggjande krav til god nynorsk ordlegging og seiemåte. Dette er eit

¹⁴ Rundskriv F-123/84 av 22.10. 1984.

Boks 9.1

Målet med norskopplæringa må mellom anna vere å øve eleven i å arbeide med målet sitt og ikkje kritikklåust slå seg til ro med det som først fell i pennen av ord og klisjear, men kjenne glede over å leite etter – og finne fram til – eit meir råkande og meir innhaldsrikt, eit betre ord. Då vil ein òg bli meir klar over den uttrykksevna vi har i vårt eige mål, og då kan norske ord betre hevde seg i tevlinga med lånord og framandord.

Frå Alf Helleviks Nynorsk ordliste.

spørsmål som det kan vera grunn til å sjå nærare på som ledd i det vidare arbeidet med å skaffa fram meir kunnskap om nynorskopplæringa i skulen.

I språkopplæringsmeldinga frå Kunnskapsdepartementet er det vist til at det er behov for sterkare forskingsinnsats med sikte på å få fram meir kunnskap om nynorskopplæringa.¹⁵ Det er også nemnt at Nynorsksenteret har sett i gang mange tiltak for å styrkja nynorskopplæringa, men at mykje framleis er ugjort. Kunnskapsdepartementet slår fast at det difor er viktig med intensivert innsats og eit breitt engasjement for å gjera nynorskopplæringa betre.

Nynorsksenteret vart etablert frå 1. januar 2005 og skal vera eit nasjonalt ressurscenter for nynorsk i grunnopplæringa. Senteret skal mellom anna utvikla metodar og arbeidsmåtar som kan vera med på å skapa språkkompetanse og motivera for arbeid med nynorsk. Gode røynsler skal systematiserast, prøvast ut og spreia vidare til skuleverket.

Kunnskapsdepartementet har i språkopplæringsmeldinga varsla at departementet vil styrkja nynorsk i opplæringa gjennom ein tiltaksplan knytt til Nynorsksenteret. Kultur- og kyrkjedepartementet vil bidra med innspel til Kunnskapsdepartementet i arbeidet med denne tiltaksplanen.

At det er ulike vurderingar og til dels intern strid om spørsmål som gjeld ordtilfang og normsystem, er elles like mykje som noko anna eit uttrykk for livskraft og livvilje innanfor nynorskverda. Departementet vil difor átvara mot å bruka slik usemje som eit argument mot nynorsken. Ein skal heller ikkje sjå bort frå at dei vedtaka som er gjorde oppigjennom, både når det gjeld normering og ordtilfang, representerer etter måten fornuftige kompromiss i vanskelege spørsmål.

9.3 Politikk for nynorsk

9.3.1 Det politiske grunnlaget

9.3.1.1 Soria Moria-erklæringa og Kulturløftet

I den politiske plattformen si har regjeringa peikt på det verdifulle mangfaldet som ligg i det å ha to norske skriftkulturar. Det er vist til at nynorsk og bokmål er formelt likestilte, men at nynorsk likevel reelt sett har vanskelegare vilkår. Konklusjonen er at det difor er særleg viktig å sikra grunnlaget for ei god utvikling for nynorsken.

Også i Kulturløftet, som dei tre noverande regjeringspartia vart samde om vinteren 2004, er det vist til at norsk språk er under konstant press, at nynorsk er særleg pressa, at det er viktig å sikra skuleelevar god opplæring i begge målformer, og at sidemålsundervisninga må utviklast og utbetrast, ikkje reduserast. I Kulturløftet vart det også foreslått å oppretta eit fond, Vinjefondet, som skal ha som formål å styrkja nynorsk journalistikk.

9.3.1.2 Stortingsbehandlinga av den siste kulturmeldinga

Det er nemnt under kap. 9.1.1.6 ovanfor at det også i kulturmeldinga frå Bondevik II-regjeringa vart varsla aktiv støtte til nynorsk skriftkultur.

Det heitte om dette:

«Gjennom ei breitt spekter av tiltak skal det leggjast til rette for å styrkja nynorsk språk generelt og nynorsk skriftkultur spesielt, og dette vil òg omfatta tiltak som i visse samanhengar prinsipielt favoriserer nynorsk.»

Det heitte også:

«I 2013 er det 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd, og det tiåret som står att fram til dette jubileet, kan vera eit høveleg tidsperspektiv for eit meir systematisk arbeid med å styrkja den nynorske skriftkulturen. Eit slik arbeid må skje over eit breitt felt, gjennom eit samspel mellom private og offentlege aktørar.»

I innstillinga frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen våren 2004 uttrykte fleirtalet, alle unnatekne medlemmene frå Framstegspartiet, at dei var samde i at det er nødvendig med aktiv støtte til nynorsk skriftkultur, og fleirtalet støtta også departementet si grunngjeving for dette.

Tiltak som var nemnde i meldinga, var mellom anna ein offensiv for nynorsk målbruk i staten, arbeid for språkleg jamstilling innanfor informasjons- og kommunikasjonsteknologi, ein allmenn elektronisk kunnskapsbase på nynorsk og betre sidemålsundervisning i skulen.

¹⁵ St.meld. nr. 23 (2007–2008) kap. 4.2.1.

Medlemmene frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet gav uttrykk for full støtte til den offensive handlingsstrategien kulturmeldinga la opp til, men etterlyste samstundes ei utdjujing av kva tiltak som burde prioriterast, og streka under behovet for at dette vart følgt opp i seinare statsbudsjett.

I 2013 er det ikkje berre 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd. Det er også 100 år sidan Det Norske Teatret vart skipa. Frå budsjettinnstillinga for 2007 har departementet merka seg følgjande fråsegn frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen:

«Flertallet vil understreke språkets betydning for kultur og identitet og vil påpeke at man frem mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013 har et særskilt ansvar for å styrke arbeidet med nynorsk språk, litteratur og kultur. Nynorsk kultursentrum er sentralt i dette arbeidet.»

Departementet vil arbeida vidare med dette.

9.3.2 Tiltaksområde

9.3.2.1 Prinsipielt utgangspunkt

I dei politiske premissane ovanfor ligg det ei erkjenning av at tiltak som i nokon mon kan jamna ut dei ulike konkurransevilkåra mellom målformene, er nødvendige for å sikra ei god utvikling også for nynorsk som den minst brukte målforma.

Dette inneber mellom anna økonomisk støtte til institusjonar, organisasjonar og ordningar som har som ein uttrykt del av formålet sitt å byggja opp under nynorsk språk og kultur.

Det er likevel eit faktum at det aller meste av det som blir løyvt av midlar til dømes over det statlege kulturbudsjettet, går til tiltak som i hovudsak syner seg fram i språkleg bokmåls- eller riksmålsdrakt, jamvel om dette ikkje er ein uttrykt del av formålet med verksemda.

Økonomisk støtte til ein del særlege nynorsktiltak vil difor ikkje vera nok til å hindra ei utvikling der den minst brukte målforma kan koma til å bli meir og meir marginalisert.

Vel så viktig er det difor at det i den offentlege språkpolitikken blir bygd inn som eit prinsipp at nynorsk i utgangspunktet høyrer med der norsk språk blir tematisert eller brukt. Det betyr at det for alle offentlege tiltak og all politikktutforming med eit språkleg aspekt skal vurderast eksplisitt korleis dette kan utformast slik at ein også tek omsyn til nynorsk og dei behov som også nynorskbrukarane har.

Prinsippet må forankrast som ein del av ein sektorovergripande språkpolitikk slik at ikkje vurderinga av nynorskperspektivet blir oversett og ute-

gløymt. Eit slik prinsipp inneber at det normale vil vera at nynorsk alltid blir rekna med, og at det må grunngjevast særskilt når den nynorske sida av saka ikkje er relevant.

Departementet har innarbeidd dette prinsippet som ein del av dei språkpolitiske måla som Stortinget gjennom denne meldinga blir invitert til å slutta seg til, jf. nærare om dette i kap. 3.

9.3.2.2 Haldningsskapande arbeid

Som tilhøyrande eit mindre brukt språk er det ikkje unaturleg at ein del nynorskbrukarar kan ha svakare kulturell og språkleg sjølvtilitt og sjølvkjensle.

Det er indikasjonar på at det særleg blant unge nynorskbrukarar finst mange som er meir eller mindre negative til sitt eige språk. Ein må rekna med at dette er eit sjølvbilete som langt på veg blir forma av andre.

Eit bidrag til å byggja opp under den språklege sjølvkjensla hos nynorskbrukarane er å sikra at dei i større grad enn i dag får oppfylt dei språklege rettanane sine. Det kan til dømes vera ein fare for at skuleelevar som stadig opplever at nynorske utgåver av lærebøker ikkje ligg føre på same tid som bokmålsutgåvene, trass i klare reglar om det motsette, lett får forsterka eit inntrykk av at deira språk er mindre verd og mindre viktig.

Det som kanskje har mest å seia for den språklege sjølvkjensla hos dei som bruker nynorsk, er truleg den allmenne haldninga som språket deira blir møtt med av storsamfunnet. Ein viktig del av ein heilskapleg språkpolitikk i åra framover må difor vera å stimulera heile det bokmålstilhøyrande fleirtalet til å utvikla større forståing for den språkdelte norske kulturen.

Det må difor leggjast vekt på å utforma politikken og tiltaka slik at det kan byggjast opp eit meir positivt omdømme for nynorsk språk og kultur – som ein innebygd del av den norske fellesskulturen. Det må leggjast til grunn at dette er eit nasjonalt fellesprosjekt, og at vi har eit ansvar for å motverka negative haldningar til nynorsk og ubevisst neglisjering av nynorskbrukarane sine rettkomne interesser.

Departementet vil på ulike måtar medverka til å fremja dei positive verdiane ved den språkdelte norske kulturen og motverka negative haldningar til nynorsk.

I tillegg til dette vil departementet innanfor kulturpolitikken leggja særleg vekt på nynorsktiltak som spesielt rettar seg mot barn og unge, og søkja å styrkja desse i ulike samanhengar.

Departementet vil også leggja stor vekt på å gje eksisterande tiltak og ordningar ein profil som kan

vera med på å styrkja den språklege identiteten hos barn og unge med nynorskbakgrunn, og for reint allment å gjera nynorsk språk og kultur meir synleg for barn og unge frå heile landet.

I denne samanhengen er ikkje minst Den kulturelle skulesekken eit aktuelt utgangspunkt for sterkare profilering av nynorsk språk og kultur blant barn og unge, jf. nærare omtale i kap. 3.1.9 og i St.meld. nr. 8 (2007–2008) kap. 4.9.

9.3.2.3 *Større språkleg variasjon i kultur- og medieverda*

I delar av den norske populærkulturen er det eit etter måten sterkt innslag både av dialektar og av nynorsk. Men innanfor store delar av kulturlivet elles er det ønskeleg at den nynorske målforma, og gjerne også dialektar, blir meir synleg enn det som er tilfellet i dag.

Truleg har det hatt mykje å seia for nynorsken at populærmusikken og populærkulturen tidleg fekk ei forankring ved Det Norske Teatret, og at dette teateret vart ein heim for artistar og skodespelarar som har stått sentralt i det nasjonale kulturbiletet. Det Norske Teatret har også gripe fatt i dei internasjonale underholdningstrendane, ikkje minst ved å syna fram eigne oppsetningar av mange av dei store amerikanske musikalane i nynorsk språkdrakt.

Mange skodespelarar ved Det Norske Teatret var også med i pionertida for norsk film. Dei siste tjue åra er det dessutan vakse fram fleire filmmiljø i ulike område av landet, noko som har stimulert bruken av ulike dialektar i norsk film.

På den andre sida er det i det seinare sett søkelys på det problemet at nesten ingen utanlandske filmar for kino- eller dvd-marknaden blir teksta på nynorsk. All den tid film er eit svært populært medium blant unge, kan slik teksting gjera ungdom med nynorskbakgrunn tryggare på sitt eige språk, og gjera nynorsk meir synleg blant store grupper av bokmålsbrukande unge. Teksting av film er eit døme på ei mogleg domeneerobring for nynorsk.

I nær framtid vil kinofilmen bli digitalisert. Dette vil gjera det enkelt å teksta alle filmar på både bokmål og nynorsk. Den enkelte kinosjef kan då velja den målforma som høver best i sin kommune. Det vil kosta noko ekstra for distributørane å laga nynorsk tekst. Her er det naturleg at kinoorganisasjonen FILM&KINO og filmdistributørane samarbeider om tenlege løysingar.

Departementet vil elles gjera ein eigen gjennomgang av heile kultur- og mediesektoren for å vurdera kva som på ulike felt kan gjerast for å sti-

mulera til at nynorsk målbruk skal bli meir synleg i det samla norskspråklege kultur- og medietilbodet i landet.

Når det spesielt gjeld medietilbodet, vil departementet ta opp det framlegget som vart lansert av dei noverande regjeringspartia i Kulturløftet frå 2004 om å etablere eit fond, kalla Vinjefondet – som kan forvaltast og brukast uavhengig av dei prioriteringane som blir gjorde i dei årlege statsbudsjetta. I tråd med føresetnadene skal eit slikt fond ha som hovudformål i styrkja nynorsk journalistikk og anna publisistisk verksemd på nynorsk.

Fondet må mellom anna innrettast slik at det kan bidra til mykje større rekruttering av nynorskbrukande journalistar. For dette formålet er også Nynorsk mediesenter i Førde eit sær viktig tiltak.

Departementet vil elles leggja vekt på den funksjonen som ordninga med statleg pressestøtte har ikkje berre som eit mediepolitisk, men også som språkpolitisk verkemiddel. Alle dei små nynorskavisene som nyt godt av pressestøtte, gjer at dette kanskje er den viktigaste enkeltstående støtteordninga for nynorsk skriftkultur i det heile, jamvel om dette i utgangspunktet ikkje er ein del av grunngevinga for ordninga. Dette språkpolitiske perspektivet må i høg grad takast med i vurderinga ved framtidige vurderingar av pressestøtteordninga.

Innanfor ramma av dei midlane som til kvar tid står til rådvelde over det statlege kulturbudsjettet, vil departementet leggja vekt på å gje dei nynorske institusjonane gode rammevilkår. Departementet vil her visa til at det på budsjettet for 2008 vart lagt inn ein auke på i alt 6 mill. kroner til nynorsktiltak. Dei som vart prioriterte i den omgangen, var Det Norske Teatret, Innkjøpsordninga for nynorsk litteratur, Nynorsk kultursentrum/Dei nynorske festspela, Noregs Mållag og prosjektet Norsk Ordbok 2014.

9.3.2.4 *Meir nynorsk på Internett*

Etter kvart som dataskjermen blir eit stadig viktigare tekstmedium, blir det også særleg om å gjera at den nynorske målforma blir godt representert på Internett. I dag er det om lag 5 prosent av norskspråklege dokument på Internett som er på nynorsk. Særleg vil det ha mykje å seia å få meir kvalitetssikra nynorskspråkleg innhald på nettet.

Det er rekna med at om lag 1,5 mill. nordmenn har særleg bruk for digitalt stoff på nynorsk, anten i utdanning, arbeid eller på fritida. Om lag halvparten av desse er elevar og studentar som anten har nynorsk som hovudmål, eller som treng stoff på sidemålet sitt. Internett blir ein jamt viktigare del

av skulekvardagen, og bruk av digitale verktøy er fastsett som ein av fem grunnleggjande dugleikar i skulen, på linje med lesing og skrivning.

Når bokmålsstoffet dominerer så sterkt som det gjer på nettet, stiller nynorskelevane med eit handikapp også her. Det er difor særst om å gjera at det blir utvikla mykje meir allmenn, publikumstilpassa og tilgjengeleg informasjon på nynorsk på Internett.

På statsbudsjettet for 2006 vart det sett av 1,5 mill. kroner til det som vart omtalt som eit nynorsk digitalt leksikon. Midlane vart utbetalt til Det Norske Samlaget og øyremerkte til produksjon av nye artiklar om nynorsk kulturhistorie på Internett. Denne løyvinga har seinare vorte vidareført og utgjer frå og med 2008 eit element i det årvisse tilskotet til Det Norske Samlaget.

Departementet legg til grunn at Det Norske Samlaget, eventuelt i samarbeid med andre aktørar, arbeider vidare med å produsera og leggja ut nynorsk kvalitetsinnhald på Internett. Departementet vil også vurdere å gje Det Norske Samlaget økonomisk grunnlag for å utvida denne aktiviteten.

I St.meld. nr. 7 (2005–2006) har departementet gjort greie for situasjonen og dei føresetnadene som gjeld for bruk av nynorsk i alt det stoffet som statlege organ legg ut på heimesidene sine på Internett.

Dette temaet vart teke opp særskilt i eit rundskriv av 17. mars 2006 der vi bad alle sentrale statsorgan gå gjennom måljamstillingsarbeidet sitt. Her bad departementet om at dei i første omgang prioriterte å koma opp i minst 25 prosent nynorsk i det informasjonstilfanget som blir lagt ut på Internett. Det er i stortingsmeldinga vist til at nettstaden eller heimesida på mange måtar er det andletet som institusjonen viser fram for omverda, og at det difor er særleg viktig at den nynorske målforma er godt synleg i dette mediet.

Departementet konstaterer at det framleis manglar mykje på at nynorsk blir nytta i det omfanget og på den måten som følgjer av reglane i lova om målbruk i offentleg teneste. Det er difor nødvendig å intensivere innsatsen på dette området.

9.4 Oppsummering av prioriterte tiltak

1 Regjeringa legg opp til at omsynet til nynorsk alltid skal vurderast eksplisitt når spørsmål som vedkjem norsk språk, blir tematisert.

- 2 Departementet vil fremja dei positive verdiane ved den språkdelte norske kulturen og motverka negative haldningar til nynorsk.
- 3 Departementet vil identifisera og gjennomføra tiltak som kan vera med og synleggjera og fremja nynorsk språk og kultur.
- 4 Departementet vil profilera nynorsk språk og kultur blant barn og unge, og vil byggja inn ein særskild nynorskprofil innanfor generelle tiltak og ordningar retta mot barn og unge, ikkje minst innanfor Den kulturelle skulesekken.
- 5 Departementet vil i dei årlege statsbudsjetta leggja vinn på å gje dei særskilde nynorskinstitusjonane gode rammevilkår.
- 6 I tråd med lovnaden frå Kulturløftet vil departementet oppretta eit eige fond, Vinjefondet, med hovudformål å styrkja nynorsk journalistikk og anna publisistisk verksemd.
- 7 Departementet vil sikra det økonomiske grunnlaget for produksjon og publisering av nynorsk kvalitetsinnhald på Internett.
- 8 Departementet ventar at riksdekkjande aviser i større grad gjev høve til å nytta nynorsk på redaksjonell plass.
- 9 Departementet vil intensivere innsatsen for at statsorgan oppfyller kvotekravet om minst 25 prosent nynorsk, også i alle statlege heimesider på Internett.
- 10 Alle organ som kjem inn under mållova, skal halda seg med ein oppdatert språkleg kompetanseplan som sikrar fullgod nynorskkompetanse, og som også kan gje opning for å frita enkeltmedarbeidarar med minoritetsbakgrunn frå plikta til å nytta begge målformer.
- 11 Departementet vil i samråd med Språkrådet bidra til tiltaksplanen for nynorsk i opplæringa som er varsla i språkopplæringsmeldinga frå Kunnskapsdepartementet.
- 12 Departementet vil gje Språkrådet klarsignal til å setja i gang arbeidet med å førebu ein revisjon av rettskrivingssystemet i nynorsk.
- 13 Departementet vil vurdere korleis spørsmål som gjeld ordtilfanget i nynorsk, bør handterast innanfor ramma av eit nytt behandlings- og vedtakssystem for nynormering og normvedlikehald.
- 14 Departementet vil i samråd med Kommunal- og regionaldepartementet kartleggja nynorskbruken i kommunesektoren.

10 Det mangespråklege Noreg

10.1 Innleiing

10.1.1 Nemningsbruk

10.1.1.1 Mangespråkleg og fleirspråkleg

Ordet *mangespråkleg* i overskrifta på dette kapitlet reflekterer ein uttrykksmåte som er komen inn i norsk språk via det språkpolitiske grunnlagsarbeidet som er gjennomført som ledd i det nordiske språksamarbeidet dei siste åra.

Såleis heiter det i den norske versjonen av den nordiske språkdeklarasjonen at landa i Norden blir stadig meir *mangespråklege*, og at mange nordbuar i dag er *fleirspråklege*, først og fremst dei som har eit anna morsmål enn majoritetsspråket i landet.

Adjektivet *mangespråkleg* gjeld altså samfunnet, medan *fleirspråkleg* gjeld individet, og dei er begge ei direkte omsetjing av dei tilsvarande uttrykka *mångspråkig* og *flerspråkig* frå den svenske originalversjonen. Den store svenske språkutgreiinga frå 2002 har då også eit eige kapittel om «Det mångspråkiga Sverige».

I norsk samanheng har nok *fleirspråkleg* vore nytta både om individet og samfunnet. Når vi i denne meldinga har innført eit skilje mellom fleirspråkleg og mangespråkleg, er det fordi dette representerer ein meir presis språkbruk.

Ikkje minst er det behov for å operera med to ulike uttrykk når ein skal omtala dei to tilstandane som eigne omgrep i substantivisk form, såleis *mangespråklegheit* (om samfunnet) og *fleirspråklegheit* (om individet).

10.1.1.2 Språkleg og kulturelt mangfald

Når det er samfunnet vi skal karakterisera, kan vi på norsk også bruka uttrykket *språkleg mangfald* eller *språkmangfald*. Det første av desse uttrykka står som ein parallell til nemninga på det vidare omgrepet *kulturelt mangfald*. Men ei rimeleg tolking av uttrykket *språkleg mangfald* er at det kan omfatta både variasjonar innanfor norsk språk og mellom norsk og andre språk.

Tilsvarande kan kulturelt mangfald omfatta variasjonar både innanfor norsk kultur og mellom den norske kulturen og andre kulturar. For å skilja mellom desse alternativa har Ottar Grepstad innført omgrepet *fleirkulturelt mangfald* om den siste-

nemnde variasjonen.¹ Tilsvarande skulle ein då kunna bruka uttrykket *fleirspråkleg mangfald* når ein ikkje vil inkludera det norskspråklege mangfaldet.

10.1.1.3 Mangespråklegheit i eit fleirkulturelt samfunn

I denne meldinga vil vi likevel halda fast ved *mangespråkleg* og *mangespråklegheit* når det er samfunnet og ikkje individet vi har i tankane. Det er truleg ikkje på same måte eit behov for å skilja mellom fleir- og mange- når det gjeld kulturelt mangfald generelt. I den samanhengen er det difor mindre problematisk å halda fast ved det innarbeidde omgrepet om *eit fleirkulturelt samfunn*.

Med uttrykket *det mangespråklege Noreg* vil vi i denne meldinga streka under at ein ny norsk språkpolitikk må ta omsyn til at det her i landet blir brukt mange andre språk enn norsk. Det som først og fremst skaper den store språklege variasjonen, og som også er med på å gjera mangespråkleg til eit meir presist uttrykk enn fleirspråkleg, er alle dei nyare innvandrarspråka som har kome til som eit markert innslag i det norske samfunnet dei siste tiåra.

10.1.1.4 Kategoriar av språk i det mangespråklege

Framstillinga i dette kapitlet konsentrerer seg om dei språka som har eit meir tradisjonelt fotfeste i landet her, og som også har ein meir formalisert status i det norske samfunnet. For det første gjeld dette samisk, dinest dei tre språka til nasjonale minoritetar, dessutan det norske teiknspråket.

Uttrykket *det mangespråklege Noreg* vil i prinsippet også omfatta den situasjonen at mange nordmenn i ulike samanhengar bruker særleg engelsk og til dels andre språk som framandspråk. Dette blir ikkje nærare behandla i denne meldinga. Vi viser her i staden til den eigne meldinga frå Kunnskapsdepartementet om språkstimulering og språkopplæring.

Meldinga frå Kunnskapsdepartementet behandlar også spørsmål som reiser seg når det gjeld språkstimulering og språkopplæring for barn og

¹ Grepstad, Ottar (2002), s. 26.

vaksne med minoritetsspråkleg bakgrunn. Uttrykket minoritetsspråkleg er nytta om alle med eit anna morsmål enn norsk og samisk. Det vil seia at meldinga frå Kunnskapsdepartementet omhandlar sentrale spørsmål som gjeld språksituasjonen også for nordmenn med bakgrunn i dei nyare innvandrarspråka. Det er såleis nemnt at om lag 150 ulike språk er representerte blant førskulebarn og skuleelevar i Noreg.

Utover det deskriptive oversynet over det norske språklandskapet som er gjeve i kap. 4, blir det i meldinga her ikkje gått nærare inn på spørsmål som gjeld nyare innvandrarspråk. Unntaket er drøftinga i kap. 3.5.3 om å gje Språkrådet eit ansvar også for andre språk enn norsk. Spørsmålet om nyare innvandrarspråk vil også koma opp i samband med oppfølginga av framlegget i kap. 3.4.2 om å utarbeida ei allmenn språkløve.

I tillegg må her nemnast det som står i den nordiske språkdeklarasjonen om at det i Norden finst nesten 200 morsmål utanom dei språka som frå gammalt av høyrer heime i Norden. I deklarasjonen heiter det at det er ønskjeleg at det finst fagmiljø i Norden som har ekspertise, eller som kan visa til europeisk ekspertise innanfor dei fleste av desse språka.

Departementet vil følgja opp denne tilrådinga ved å gje Språkrådet i oppdrag å byggja opp eit oversyn over nordiske eller europeiske fagmiljø som kan gje nordmenn med minoritetsspråkleg bakgrunn informasjon om språket deira.

10.1.2 Urfolksspråk og språka til nasjonale minoritetar

10.1.2.1 Meir utsette språk

I eit språkvern- og språkstyrkingsperspektiv har naturleg nok urfolksspråk og minoritetsspråk i utgangspunktet ei mykje meir utsett stilling enn dei statsberande nasjonalspråka.

Medan det for nasjonalspråka i Norden er tale om å utforma ein politikk for å motverka domene-tap, er språkdød på ein heilt annan måte ein reell fare for andre språk med langvarig fotfeste i Norden.

10.1.2.2 Folkerettslege plikter

Ein nasjonal språkpolitikk for framtida må difor ha som mål ikkje berre å styrkja nasjonalspråket, men også å verna og fremja dei andre språka som høyrer til det tradisjonelle språkmangfaldet i dei nordiske landa, og som statane difor har teke på seg eit særleg ansvar for i medhald av internasjonale konvensjonar.

Som vist i kap. 3 er dette i Noreg urfolksspråket samisk og dei tre språka knytte til nasjonale minoritetar, kvensk, romani og romanes.

10.1.2.3 Nasjonalt og internasjonalt ansvar

Det er slett ikkje berre omsynet til dei språklege minoritetane sjølve og kulturen deira som tilseier eit statleg ansvar for å verna og styrkja desse språka. Dette er også ein del av eit generelt kulturpolitisk ansvar for å sikra språkmangfaldet i verda, og det er ikkje minst også eit ledd i å sikra ein viktig del av den språklege kulturarven i vårt eige land.

I tillegg kjem at urfolksspråket samisk står i ei særstilling som eit offisielt likeverdig og likestilt språk ved sida av norsk innanfor forvaltningsområdet for samisk språk, slik dette er nærare definert gjennom språkreglane i samelova, og ved at det overordna statlege ansvaret for samisk språk, kultur og samfunnsliv er forankra direkte i Grunnlova.

10.1.2.4 Individuelle språkerettar

Den nordiske språkdeklarasjonen frå 2006 slår fast at alle nordbuar har rett til å bevare og utvikla morsmålet sitt og sitt «nasjonale minoritetsspråk».

Deklarasjonen nemner dessutan at det er viktig at også teiknspråka får ei sterk stilling.

Etter denne deklarasjonen er det rett nok ikkje tale om juridisk bindande rettar, men eit slikt dokument som er underskrive av alle dei nordiske regjeringane, må likevel kjennast som sterkt politisk forpliktande.

Når deklarasjonen også nemner morsmålet til alle nordbuar, omfattar dette også alle dei språka som har fått fotfeste i dei nordiske landa gjennom innvandringa dei siste tiåra.

Det må her strekast under at det som er omtalt i deklarasjonen, ikkje omfattar ein rett til morsmålsundervisning som utløyser ei tilsvarande plikt for det offentlege. Uttrykka som er brukte i deklarasjonen, er såleis «bevare» og «utvikla» og omfattar altså ingen opplæringsrett. Dei juridiske rettane som gjeld i så måte, er her i landet regulerte i opplæringslova, jf. omtale i kap. 4.1.6, dessutan i språkopplæringsmeldinga frå Kunnskapsdepartementet.²

Likevel er det eit viktig prinsipp som er slått fast i den nordiske språkdeklarasjonen. Det byggjer på ei erkjenning av den spesielle verdien morsmålet har for den enkelte, og at alle individ og grupper uansett bakgrunn og tilhaldsstad må ha rett til av

² St.meld. nr. 23 (2007–2009): 14.

eige tiltak å verna og dyrka dette morsmålet utan på nokon måte å bli aktivt hindra i det.

Noreg har alltid vore eit mangespråkleg samfunn. I enkelte område har det vore vanleg at folk er fleirspråklege. Trass i dette har Noreg tradisjonelt av mange vore oppfatta som mykje av eit språkleg og kulturelt einsarta samfunn.

Det er først med innvandringa til landet dei seinare tiåra at dette biletet av Noreg definitivt er vorte endra. Denne innvandringa har gjort språklege behov og tilpassingsproblem meir synlege over heile landet.

10.1.2.5 Verdien av det eigne morsmålet

Eit felles språk er ein av dei viktigaste identitets- og skapande faktorane, og dette gjeld ikkje minst for dei språklege minoritetane i eit mangespråkleg samfunn. Bevaring og styrking av språket er ikkje minst av stor verdi for å verna og utvikla den kulturen og den livsforma som særpregar dei nasjonale minoritetane.

For at eit språk skal haldast levande må det vera i aktiv bruk. Det er difor viktig å etablere tospråklege samfunn der det er mogleg.

Norsk politikk overfor både samane og dei nasjonale minoritetane har opp gjennom historia vore prega av krav om fornorsking og ein-sidig tilpassing til storsamfunnet. Språket og kulturen deira vart i periodar systematisk nedvurdert og til dels forsøkt utsletta.

Gradvis har det skjedd ei endring i denne politikken, og verdien av at Noreg er eit fleirkulturelt og mangespråkleg samfunn har vorte erkjent.

Det er i dag eit uttalt mål for den politikken regjeringa fører overfor nasjonale minoritetar, at personar som tilhøyrer desse gruppene, skal kunna uttrykka, halda oppe og vidareutvikla sin identitet, sitt språk og sin kultur.³ Regjeringa vil også sjå til at personar som høyrer til nasjonale minoritetar, får høve til effektiv deltaking i saker som vedkjem dei.

10.1.3 Politisk-administrative ansvarstilhøve

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har samordningsansvaret for den statlege politikken overfor det samiske urfolket og dei nasjonale minoritetane, medan kvart fagdepartement har eit sektoransvar også overfor desse gruppene. I samsvar med dette har Kultur- og kyrkjedepartementet eit generelt kulturpolitisk ansvar og innanfor dette eit

særskilt språkpolitisk ansvar både overfor samar og nasjonale minoritetar.

Ein strategisk språkpolitikk som har språkstyrking som sitt fremste mål, vil samstundes vera ein samansett politikk som krev tiltak innanfor ulike samfunnssektorar.

Det språkpolitiske ansvaret under Kultur- og kyrkjedepartementet vil difor vera eit overordna ansvar som ikkje frittek dei andre departementa for det ansvaret dei må ha innanfor sine respektive sektorar for å ta språkpolitiske omsyn ved utforming av eigen sektorpolitikk overfor samane og dei nasjonale minoritetane.

Når det gjeld dei fem nasjonale minoritetane, vil det språkpolitiske ansvaret i hovudsak avgrensa seg til tre av dei, ettersom dei to andre – skogfinnane og jødane – ikkje lenger kan seiast å ha eit særskilt språk i levande bruk.

Den klare overlappinga mellom det generelle samordningsansvaret til Arbeids- og inkluderingsdepartementet og det kultur- og språkpolitiske samordningsansvaret til Kultur- og kyrkjedepartementet krev eit nært samarbeid og god koordinering.

Som språkpolitisk ansvarleg fagdepartement må i alle høve Kultur- og kyrkjedepartementet følgja opp det overordna ansvaret for urfolks- og minoritetsspråklege spørsmål på ein meir systematisk måte innanfor ramma av den nye heilskaplege språkpolitikken som denne meldinga skal leggja grunnlaget for.

Det er nærare omtalt i kap. 3.

10.2 Samisk

10.2.1 Situasjonen for samisk språk

10.2.1.1 Innleiing

I den nyleg framlagde St.meld. nr. 28 (2007–2008) *Samepolitikken* blir det i kap. 19 gjort meir utførleg greie for samisk språk og dei verkemidla som er tekne i bruk for å tryggja framtida for samisk. Av omsyn til heilskapen i presentasjonen av dei språkpolitiske utfordringane i landet vårt er det likevel nødvendig å gjera greie for samisk språk også i meldinga her.

Jamvel om også det samiske urfolket representerer ein språkleg minoritet i Noreg, står samisk språk i kraft av både offisiell status og meir omfattande bruk i ei særstilling jamført med dei tre språka til nasjonale minoritetar, kvensk, romani og romanes. Det er gjort nærare greie for dette i kap. 4.

³ St.prp. nr. 1 (2007–2008) AID: 279.

Som det er nemnt i kap. 6, er samisk i den nordiske språkdeklarasjonen klassifisert som eit samfunnsberande, men likevel ikkje eit komplett språk.⁴ I ei samla gruppering av alle språka i Norden er samisk i så måte plassert i same kategorien som grønlandsk.

Denne grovkategoriseringa indikerer at samisk innanfor det samiske språksamfunnet blir brukt i ulike offisielle samanhengar, i undervisning og i offentleg politikk og administrasjon, men at språket likevel ikkje er i fullverdig bruk innanfor alle delar av samfunnet.

10.2.1.2 Samiske språk er i ulik grad utsette eller truga språk

Uavhengig av om vi ser samisk som eitt eller fleire språk, er det eit mål å sikra framtida for eit størst mogleg spekter av dei samiske språkvarietetane. For norsk del inneber det at vi har eit særleg ansvar for lulesamisk og sørsamisk, i tillegg til nordsamisk, som i utgangspunktet står klart sterkare.

Men også nordsamisk blir i internasjonal samanheng karakterisert som eit truga språk.

I UNESCOs raudbok om truga språk frå slutten av 1990-talet er såleis lulesamisk og sørsamisk, til liks med enaresamisk, skoltesamisk og kildinsamisk, klassifiserte som alvorleg truga språk. Eit truga språk var definert som språk med nedgang i talet på barn som kunne tala språket, medan eit alvorleg truga språk etter definisjonen er eit språk med nesten berre vaksne brukarar.

I denne raudboka frå UNESCO er dei alvorleg truga språka den tredje svakaste av i alt seks kategoriar som omfattar alle språka i verda frå dei svakaste til dei sterkaste vurderte etter kva overlevingsutsikter dei synest å ha.

Dei truga språka, som altså omfattar nordsamisk, er den fjerde svakaste kategorien. Den aller lågaste kategorien omfattar språk som alt må reknast for utdøydd, og den nest lågaste nesten utdøydd språk. Her finn vi mellom anna umesamisk, pitesamisk, akkalasamisk og tersamisk.⁵

10.2.1.3 Tidlegare fornorskings- og assimileringsspolitikk

Det er ikkje råd å teikna eit rettferdig bilete av situasjonen for samisk språk i dag utan ei klar erkjening av den nedvurdering og diskriminering som

⁴ Karakteristikken «samfunnsberande» om samisk språk må her oppfattast å gjelda nordsamisk.

⁵ Salminen, Tapani, jf. seinare utgåve omtalt av Walton, Stephen J. 2004.

Boks 10.1

Regjeringen pekte i Ot.prp. nr. 33 (1986–1987) på at «en folkegruppes rett til kulturutøvelse i dag må anses som en del av de fundamentale menneskerettigheter», og uttalte videre: «Den samiske kultur er en truet kultur. Det foreligger en reell fare for at denne kulturen kan forsvinne som en del av det totale kulturbildet i Norge og i Norden og dermed i hele verdenssamfunnet. Den samiske kultur kan ikke sikres ved myndighetstiltak alene. Myndighetenes ansvar er å legge forholdene til rette for at samene får de nødvendige virkemidler til selv å sikre og videreutvikle sin kultur på egne premisser i den grad de selv ønsker det» (s. 24).¹

¹ Andersen og Strömngren 2007: 37.

både samisk språk og kultur har vore utsett for frå storsamfunnet si side heilt opp til ganske nær fortid. Kravet har vore at samane skulle leggja av seg sitt eige språk og bli norske i sinn og skinn.

Den offisielle fornorskingspolitikken tok rett nok slutt i 1950-åra, men dei positive enkelttiltaka som kom i staden, var ikkje tilstrekkelege til at samane kunne bevare og utvikla den kulturelle eigenarten sin.

I tillegg var skulen framleis sterkt prega av norske verdiar og kulturoppfatningar, og fråværet av samisk innhald i massemedia gjorde også sitt til å bryta ned samisk språk og samisk identitetskjensle. Ikkje minst førte innføringa av fjernsynet til eit sterkt aukande press på samisk språk.

I vår tid må samisk språk finna vern i andre faktorar enn dei tradisjonelle. Her vil ikkje minst skulen spela ei sentral rolle, men administrative ytringar, litteratur og massemedia og dei generelle teneste- og sørvistilboda må også sikra samiske språkinteresser.⁶

10.2.1.4 Den nordiske domenerapporten frå 2002

I 2001 undersøkte Nordisk Samisk Institutt situasjonen for samisk språk i Norden innanfor ulike språklege domene.⁷ Arbeidet var ledd i den samla status- og domeneutgreiinga for alle dei samfunnsberande språka i Norden som er omtalt i kap. 1.2.2.5.

I det følgjande refererer vi nokre hovudpunkt om den generelle situasjonen for samiske språk i

⁶ NOU 1985:14: 158.

⁷ Eira, Inger Marie Gaup 2001.

Norden, henta frå samanfatninga av den meir omfattande rapporten.⁸

Her blir det først vist til at situasjonen for folk i område der samisk blir nytta som daglegspråk, ikkje kan samanliknast med tilhøva for majoritets- språka. For dei samisktalande vekslar mellom å bruka samisk og majoritetsspråket avhengig av behov og situasjon.

Allmenn erfaring viser at val av språk i eit slik tospråkleg samfunn som oftast skjer til ugunst for det minste språket. Dette får oftast ei rolle som andrespråk, og dette verkar negativt inn på språkets status og prestisje. Til dømes tek samisk ofte opp lånord frå majoritetsspråket, medan det sjeldan skjer tilsvarende lån den andre vegen.

Dei områda der samisk språk har fått ein særskild status, omfattar dei kommunane som i Noreg og Sverige blir kalla *forvaltningsområdet* og i Finland *hembygdsområdet*, jf. nærare omtale i kap. 4.2.4.

Ikkje minst utanfor desse områda er det mange med samisk bakgrunn som ikkje lenger meistrar samisk språk. Jamvel i trakter der samisk er kvar- dagsspråket, er det mange som ikkje har fått lært seg å lesa og skriva på sitt eige morsmål. Det heiter i rapporten at meir enn 10 000 personar i Norden som talar og forstår samisk, ikkje kan lesa og skriva språket.

I stor grad er samisk avgrensa til den private sfæren og blir først og fremst brukt i dei nære omgjevnadene, i heimen, hos foreldre og slektningar, venner og kjende og ikkje minst i reinnæringa. I mindre grad blir samisk nytta ved til dømes lege- besøk, innanfor helsevesenet elles eller i andre offentlege institusjonar.

Utanfor forvaltningsområdet for samisk språk er stillinga for samisk relativt svak, ofte også innanfor, men her er det store variasjonar. Rapporten slår fast at situasjonen trass alt er best i Noreg, og at dette gjeld innanfor dei fleste domene.

Det vart vist til at det i Noreg takk vera stor interesse for å søkja offentlege midlar til språkutvik- lingsprosjekt var klare teikn på at samisk hadde hatt framgang i geografiske område der språket hadde vore nær på å forsvinna. Rapporten konkluderte med at røyntslene frå Noreg viste at samiske institusjonar som får økonomisk støtte, kan berga språket.

10.2.2 Oppfølging av relevant lov- og regelverk

10.2.2.1 Krav til samisk i allmennkringkastinga

I den nye NRK-plakaten heiter det at NRK skal bidra til å styrkja norsk og samisk språk, identitet og kultur. I vedtektene for NRK er det fastsett at det skal vera daglege sendingar for den samiske befolkninga og jamlege program for barn og unge på samisk, dessutan program for nasjonale og språk- lege minoritetar.

Konsesjonen for TV2 krev eigne program eller programinnslag for den samiske befolkninga, og at dei som hovudregel skal vera på samisk. TV2 skal også ha eigne program eller programinnslag for etniske minoritetar.

I konsesjonen for P4 er det krav om minst to daglege nyheitssendingar på samisk, medan det for Kanal 24 (no: Radio Norge) heiter at dei dagleg skal tilby nyhendesendingar på samisk, og at dei i tillegg skal samarbeida med samiske institusjonar om å presentera daglege analysar og kommentarar om samiske tilhøve på norsk språk.

10.2.2.2 Evaluering av språkreglane i samelova

Nordisk Samisk Institutt har i 2007 på oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet gjennomført ei evaluering av språkreglane i samelova. Bakgrun- nen for oppdraget var at Sametinget og departe- mentet meinte det var grunn til å sjå nærare på kor- leis språkreglane fungerer sett i høve til formålet med lova.

I tråd med føresetnadene i mandatet er evaluate- ringa basert på tilgjengelege data, særleg Sametin- get sine språkbruksundersøkingar frå 2000 og 2004. I tillegg er det nytta andre evalueringar og utgreiingar, og det er innhenta noko supplerande materiale.

Rapporten konkluderer med at dei fleste offent- lege organa som er omfatta av språkreglane, ikkje oppfyller krava i lova fullt ut. Dermed er heller ikkje innbyggjarane innanfor forvaltningsområdet for samisk språk sikra rett til bruk av samisk i kon- takt med offentlege organ i den grad språkreglane legg opp til.

Hovudgrunnen til dette synest å vera at det skortar på kompetanse i samisk språk blant offentleg tilsette i dei aktuelle etatane. Språkkom- petansen varierer både mellom kommunane i for- valtningsområdet og mellom etatane innanfor ein kommune. Dermed er det også store skilnader når det gjeld ein av dei viktigaste føresetnadene for å kunna følgja opp dei krav som ligg i språkreg- lane.

⁸ Höglin, Renée 2002: 67–71.

Innanfor offentleg sektor sett under eitt synest det også å vera store skilnader i korleis oppfølginga av språkreglane blir prioritert, og kor mykje innsats som blir lagt ned.

Av rapporten går det fram at jamvel om samisk og norsk enno ikkje er likestilte språk innanfor forvaltningsområdet, blir likevel dei to språka i større grad enn tidlegare oppfatta som likeverdige. Dette har truleg svært mykje å seia for identitet og sjølvvørnad, ikkje minst i område der samisk språk og identitet har vore særleg utsett for nedvurdering.

Språkreglane i samelova har også ført til at det er gjort eit omfattande og i stor grad også nyskapande arbeid for å oppnå målet om tospråklege samfunn og oppbygging av samiskspråklege tenester. Dette gjeld både kommunale, fylkeskommunale og statlege etatar. Det har altså skjedd positive endringar med omsyn til språklege rettar og språkleg status, men ikkje i tilstrekkeleg grad.

Materialet som ligg til grunn for denne evalueringa, viser at samisk språk framleis er i ein utsett posisjon. Særleg blir det uttrykt uro for sør- og lulesamisk, men også nordsamisk blir i rapporten karakterisert som eit truga språk.

Rapporten vurderer om språkreglane oppfyller dei internasjonale pliktene Noreg har teke på seg, særleg pliktene i minoritetsspråkspakta. Språkreglane i samelova gjennomfører ikkje alle føresegnene i denne pakta, som er eit svært omfattande og presist dokument. Rapporten konkluderer difor med at det er behov for å tilpassa språkreglane til internasjonale plikter.

Rapporten gjer framlegg om at styresmaktene vurderer å utvida verkeområdet for språklege rettar, og at det blir satsa på å revitalisera samisk språk. Det blir foreslått at omgrepa samiske distrikt, verksemder og eventuelt også samiske verksemder bør danna utgangspunkt for eit slik arbeid. Rapporten foreslår at det blir sett ned eit vitaliseringsutvalg for samisk språk.

Rapporten legg vidare vekt på behovet for språksamarbeid over landegrensene i samiske busetjingsområde.

10.2.2.3 Stadnamnlova

Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn har som formål å ta vare på stadnamn som kulturminne, gje dei ei skriftform som er praktisk og tenleg, og medverka til kjennskap til og aktiv bruk av namna. Lova skal også sikra omsynet til samiske og kvenske stadnamn i samsvar med nasjonalt lovverk og internasjonale avtalar og konvensjonar.

Lova vart endra i 2006, mellom anna for å forenkla saksbehandlingsreglane og samstundes

sikra ei grundig og fornuftig saksbehandling for samiske og kvenske stadnamn.

Lovendringa er i 2007 følgd opp gjennom endring i den tilhøyrande forskrifta. Arbeidet med forskriftsrevisjonen har skjedd i tett samarbeid med Sametinget og namnekonsulenten for samiske stadnamn, slik at ein skulle vera trygg på at det vart teke tilstrekkeleg omsyn til samiske stadnamn. Forslaga frå Sametinget er i hovudsak lagde til grunn.

Både i lova og forskrifta er det teke inn endringar som inneber at bruken av samiske namn kan styrkjast. Mellom anna blir det no stilt krav til bruk av korrekt stavemåte og bruk av samiske teikn. I medhald av føresegnene i lova skal det samiske namnet no alltid vera det første namnet som står oppført på skilt i det samiske forvaltningsområdet. I forskrifta er det foreslått å opna for at kommunen kan velja at det samiske namnet skal vera oppført først også på skilt i område utanfor det samiske forvaltningsområdet.

Bruken av samiske namn er ytterlegare styrkt ved at det i § 9 i lova er fastsett at samiske stadnamn som blir nytta av folk som bur fast på staden, eller som til vanleg har si næring knytt til staden, skal nyttast av det offentlege på skilt, kart osv. Føresetnaden er at stadnamnet blir nytta av eige tiltak.

Dessutan er det i § 10 i lova opna for å klaga over manglande bruk av fastsett samisk stadnamn. Klagenemnda kan gje Sametinget høve til å uttala seg. Etter § 11 har Sametinget fullmakt til å nemna opp konsulentar for samiske stadnamn.

10.2.3 Samisk språk og IKT

10.2.3.1 Generelt

Regjeringa har som mål at all teknologisk utvikling innanfor informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i offentleg sektor skal byggja på prinsippet om universell utforming. Det er likeins eit mål å motivera og leggja praktisk til rette for at alle skal kunna tileigna seg nødvendig kompetanse for å gjera seg nytte av ny teknologi og nye tenester på best mogleg måte.

I Ot.prp. nr. 44 (2007–2008) om ny diskriminerings- og tilgjengelegheitslov er det foreslått at all ny informasjons- og kommunikasjonsteknologi retta mot allmenta frå 1. juli 2011 skal vera universelt utforma, dvs. vera lagd slik til rette at tilbodet kan nyttast av flest mogleg. For eksisterande IKT-løysingar er det foreslått at den endelege fristen for dette skal vera 1. januar 2021.

I samisk samanheng handlar universell utforming av IKT først og fremst om å kunna bruka

samisk språk, at samiske namn kan skrivast korrekt i offentlege register, og at det kan utviklast programvare støttar samisk språk. For dei fleste vil ny teknologi, til dømes automatisering av tenester ved bruk av Internett, gjera kvardagen enklare.

Å sikra tilgang til den nye teknologien også for samiskspråklege har mykje å seia både for å kunna delta i samfunnet og for at samisk språk skal kunna utviklast. Offentleg sektor har eit klart ansvar for å sjå til at dei ulike IKT- og nettbaserte tenestene ikkje fører til at det byggjer seg opp nye barrierar mellom dei styrande og dei styrte.

10.2.3.2 *Bruk av samisk teiknsett – samisk i offentlege register*

Dei samiske språkgruppene har i alt 15 spesielle teikn i tillegg til dei ordinære teikna som eksisterer i det angloamerikanske systemet. Det byr på utfordringar når samisk skal nyttast i IKT-løysingar av ulike slag, men det har dei siste åra vore ei positiv utvikling når det gjeld å leggja til rette for samisk teiknsett.

Enkelte produsentar har implementert samisk språk i operativsystema sine. Den europeiske telekom-standardiseringa (ETSI) har dessutan fastsett ein felles standard for korleis samisk teiknsett kan gjerast tilgjengeleg i mobiltelefonastatur. Jamvel om standarden vart fastsett i 2003, er det ingen mobiltelefonar i marknaden i dag som støttar alle samiske teikn. Framleis står difor ein del att å gjera.

Europarådsresolusjon frå juni 2007 om korleis Noreg etterlever Minoritetsspråkpakta, oppmodar Noreg om å sikra at folkeregisteret og andre offentlege register og institusjonar kan støtta bruk av samisk teiknsett. Det er då også eit mål for regjeringa at alle offentlege register skal kunna bruka samiske teikn, og at datautvekslinga mellom registra skal fungera med samiske teikn. Samiske namn, stadnamn, adresser osv. må kunna registrast korrekt, slik det er nedfelt i namnelova og stadnamnlova.

Jamvel om situasjonen no i hovudsak er tilfredsstillande når det gjeld samiske teikn i personlege datamaskiner, står det framleis att ein del arbeid før dei store, offentlege registra kan handtera alle dei samiske teikna fullt ut.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet vurderer no om det skal etablerast eit obligatorisk krav for etatar og kommunar om bruk av ein felles teiknsettstandard (ISO/IEC10646 (Unicode)), som mellom anna vil sikra korrekt handtering av diakritiske teikn, inkludert samiske teikn, på offentlege nettsider og i grenseflatene til offent-

lege register. Dette vil mellom anna gjelda Folkeregisteret, Einingsregisteret i Brønnøysund og register over stadnamn og adresser i Statens kartverk.

Alle statlege etatar skal vurderer behovet for å ta i bruk programvare/plattformer som gjer det mogleg å bruka samisk teiknsett etter kvart som eksisterande programvare blir skifta ut. For å gjera det enklare for offentlege verksemder å ta i bruk samisk teiknsett finansierer Arbeids- og inkluderingsdepartementet ein kompetansebase og ein eigen nettstad for samisk teiknsett og IT – *www.samit.no*. Formålet er at offentlege verksemder skal kunna venda seg dit for å få bistand. Det er Standard Norge som driv kompetansebasen på oppdrag frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

10.2.3.3 *Samisk korrekturprogram*

Sametinget har frå 2004 drive eit prosjekt med utvikling av samisk korrekturprogram for elektronisk tekstbehandling. Prosjektet er finansiert av Sametinget og fleire departement. Ein stavekontroll til brukarar av nordsamisk og lulesamisk vart utarbeidd i løpet av 2007. Denne teknologien vil vera eit svært viktig hjelpemiddel for å ta vare på og utvikla samisk språk.

Målet er at stavekontrollen skal gjera sitt til at dei som elles ikkje er trygge på at dei meistarar samisk rettskriving, skal kunna bruka samisk skriftleg i fleire samanhengar. Ein del vaksne samar fekk ikkje opplæring i å skriva samisk då dei gjekk på skulen. Dei vil truleg kunna ha stor nytte av ein slik stavekontroll. Stavekontrollen vil også vera ein verdifull reiskap i skulen og i ulike former for språkopplæring.

I 2008–2010 vil stavekontrollen for nordsamisk og lulesamisk liggja føre i ferdig, fullstendig utgåve. Det er likevel naturleg å sjå på dei første åra som ein prøveperiode. Det er behov for ein prosjektorganisasjon som kan ta imot feilmeldingar og retta feil i programvara, rettleia brukarar som skal implementera løysinga, og tilpassa stavekontrollen til nye versjonar av programvare som kjem ut. Det sørsamiske språket er under sterkt press, med berre nokre hundre brukarar. Eit viktig tiltak for å styrkja sørsamisk språk vil vera å gje også dei sørsamiske språkbrukarane IT-reiskapar som ei rettskrivingshjelp.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Sametinget finansierer eit framhaldsprosjekt, «Divvun 2», som både skal stå for vedlikehald og prøvedrift av stavekontrollen for nordsamisk og lulesamisk, og dessutan utvikling av ein stavekontroll for sørsamisk. Prosjektet går

over tre år, og målet er at ein sørsamisk stavekontroll skal liggja føre innan utgangen av 2010.

10.2.3.4 Talesyntese

Stadig fleire tenester blir i dag elektronisk baserte, og mykje informasjon blir gjort tilgjengeleg i digital form, mellom anna i bibliotek. Fleire har peikt på at det trengs ytterlegare innsats frå det offentlege for å kunne gje alle tilgang, og mange aktørar har peikt spesielt på behov for tilgang til verktøy for talesyntese.

Tale har vist seg å vera ein effektiv måte å presentera informasjon på, anten den blir brukt åleine, saman med teksten, eller er synkronisert med teksten ved at markøren viser kva ord som blir lese. Taleprogram kan gje menneske med lese- og skrivevanskar tilgang til ulike typar tekst, frå fagbøker til aviser. Menneske som skal læra norsk, vil også kunna få god nytte av slik funksjonalitet.

Sametinget har greidd ut om det er råd å utvikla talesyntese for samiske språk. Talesyntesen er tenkt brukt som tilleggsverktøy i kombinasjon med ordinære korrekturprogram. Erfaring viser at bruk av talesyntese støttar både lese- og skriveprosessen. I tillegg vil talesyntese kunna bli brukt som grunnlag for å utvikla eit moderne tenestetilbod på mange felt.

10.2.4 Samisk terminologitviking

10.2.4.1 Generelt om terminologi

Utvikling av samiske termar er sentralt for å kunna bevara og styrkja bruken av samisk språk. Føresetnaden for at samisk kan brukast i faglege samanhengar, er at det finst fagterminologi og faglege omgrep på samisk.

Utviklinga av samisk terminologi er eit arbeid som går føre seg heile tida. Det skjer i form av omsetjing, gjennom media og gjennom saksbehandling i dei samiske institusjonane. Det er stort behov for å utvikla terminologi i lule- og sørsamisk, ikkje minst etter at kommunane Tysfjord og Snåsa vart innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk.

Sametinget har ansvaret for normering av samisk språk og godkjenning av samiske termar i Noreg. Det er Samisk språknemnd som godkjenner samiske termar. I Samisk språknemnds langtidsplan for 2007–2009 er termarbeid eit av tre hovudsatsingsområde. Språknemnda har som mål å koordinera terminologiprojekt, også over landegrensene, slik at knappe ressursar blir brukte fornuftig. Vidare er koordinering og kartlegging av ord viktig for å unngå ordforvirring. Dei ulike landa kan ha ulike termar for dei same omgrepa.

Sametinget har oppretta ordbasen *www.risten.no*. Over 14 000 ord er no registrerte i databasen. Basen er søkbar på norsk og samisk. Orddatabasen inneheld samiske termar på sørsamisk, lulesamisk og nordsamisk. I tillegg til databasen inneheld den nemnde nettstaden også ei grammatikkside med informasjon om sørsamisk, lulesamisk og nordsamisk grammatikk. Det er Sametinget i Norge som driftar *risten.no*.

Terminologitviking og normering er viktig i samband med omsetjing av mellom anna lover, forskrifter og skjema til samisk. Det er ei utfordring for offentleg forvaltning, ikkje minst for arbeidet med omsetjing av lover, at godkjenninga av samiske termar går sakte.

Det er eit mål at alle dokument som blir omsette av statlege organ, skal vera språkfagleg kvalitetssikra, og at ny terminologi er godkjend av rett instans. Arbeids- og inkluderingsdepartementet vil vurdere korleis ein best kan kvalitetssikra bruk av samisk språk ved omsetjing av lover og andre offentlege dokument.

10.2.4.2 Spesielt om samisk juridisk terminologi

For å vareta rettstryggleiken for samane er det viktig å unngå språklege mistydingar. Etter § 3–2 første ledd i samelova skal lover og forskrifter av særleg interesse for heile eller delar av den samiske befolkninga omsetjast til samisk. Men det er eit problem at mange juridiske termar ikkje finst på samisk.

For å bøta på dette gjekk Justisdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Sametinget, Finnmark fylkeskommune og Tana kommune i 2004 saman om å finansiera prosjektet «Samisk juridisk terminologi». Målet var å utvikla nordsamisk rettsterminologi. Samisk nærings- og utgreiingssenter (SEG) hadde leiinga av prosjektet.

Å utvikla samiske termar er eit vanskeleg og tidkrevjande arbeid. Det gjeld spesielt juridiske termar, fordi desse krev særleg stor presisjon. Prosjektet «Samisk juridisk terminologi» utvikla ei rekkje termar på samisk, mellom anna innanfor strafferett, straffeprosess og sivilprosess. Dessutan vart innhaldet av termane forklart, og det vart vist korleis uttrykka kan brukast i uttrykk og setningar. Termane blir lagde ut på nettstaden *www.risten.no* etter kvart som Samisk språknemnd har godkjent dei.

Nemnast skal også at Tana kommune er i gang med eit toårig prosjekt kalla «Samisk lovspråk». Første del av prosjektet er ferdigstilt i 2007, og det er produsert ei liste som inneheld 691 samiske juridiske termar. Språkfagleg og juridisk kompetanse

har vore representert i termutviklingsarbeidet. Tana kommune tek sikte på å driva prosjektet i eitt år til. Når prosjektet er avslutta, er det opp til Samisk språknemnd å vurdere godkjenning av termene.

10.2.5 Sametinget sitt arbeid for samisk språk

10.2.5.1 Innleiing

Sametinget behandla i 2004 ei melding om samisk språk (sak 24/04). Meldinga skisserer ei rad tiltak for samisk språk, mellom anna bruk av samisk i media, stoda for dei ulike samiske språka, samisk og IT og opplæring i samisk på alle nivå.

I samband med plenumsbehandlinga av språkundersøkinga for 2004 (sak 09/05) peikte Sametinget på ei rad utfordringar i språkarbeidet på ulike sektorar. Sametinget vedtok også mellom anna å arbeida for at fleire kommunar vart innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk, å skipa til fleire språksenter, å påverka kommunane når det gjeld grunnopplæringa, og å auka læremiddelproduksjonen, særleg for sør- og lulesamisk. Sametinget legg vekt på det grenseoverskridande samarbeidet i språkarbeidet. Vi viser elles til årsmeldingane for Sametinget for 2006 (punkt 6) og 2007 (punkt 7).

I samarbeidsavtalane med fylkeskommunane er språkarbeidet eit sentralt punkt. Samarbeidsavtalane omtaler mellom anna arenaer for samarbeid, tilskot frå Sametinget til samisk språk i fylkeskommunane og målsetjingar i språkarbeidet. I Finnmark har til dømes partane plikta seg til å motivera kommunane og regionale statsetatar til å prioritera samisk språk også utover minimumsføresegnene om språk i samelova. I sørsamisk område er partane samde om å arbeida fram eit språkutviklingsprogram som skal tryggja eit heilskapleg og kvalitativt språktilbod.

I 2008 fordeler Sametinget 54 mill. kroner til ulike tiltak for å ta vare på, styrkja og utvikla samisk språk (jf. sak 60/07). Midlar til Sametingets språktiltak blir løyvde over budsjettet til Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

10.2.5.2 Samefolkets fond – språkutviklingstiltak

I 2008 fordeler Sametinget 10 mill. kroner av avkastninga frå Samefolkets fond. 5,8 mill. kroner vil bli fordelte etter søknad. Av dette er 2 mill. kroner sette av til prosjekt som stimulerer til fleire aktive språkbrukarar og 0,8 mill. kroner til dokumentasjons- og formidlingsprosjekt innanfor tradisjonell kunnskap. 3 mill. kroner skal gå til å auka talet på utgjevingar av samiskspråkleg litteratur. 4,2 mill. kroner er i 2008 sette av til utviklings-, utgreiings- og

dokumentasjonsformål, av dette 3 mill. kroner til utvikling av språkprogram og 1,2 mill. kroner til dokumentasjon og formidling av tradisjonell kunnskap.

10.2.5.3 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar i forvaltningsområdet

Midlane til tospråklege tiltak er det mest sentrale verkemidlet for å oppfylle språkreglane i samelova. Midlane skal medverka til å tryggja eit tospråkleg tenestetilbod i forvaltningsområdet for samisk språk. Sametinget i plenum fastset fordelinga av desse midlane.

Ordninga vart etablert av Kommunaldepartementet i 1985 som ei tilskotsordning til samisk tolketeneste med ei løyving på 0,6 mill. kroner. Løyvinga vart stegvis auka, og tilskotet vart utvida til også å femna om tospråkleg forvaltning. Ved innføringa av språkreglane i samelova i 1992 var det sett av 16,35 mill. kroner til tilskot til tolketeneste og tospråklege tiltak i kommunane og fylkeskommunane innanfor forvaltningsområdet for samisk språk. Ordninga vart overført til Sametinget frå 1993. Tilskotet har auka monaleg dei siste åra. Ved utvidinga av forvaltningsområdet til også å femna om Tysfjord i 2006 auka regjeringa løyvinga med 5 mill. kroner. Tilsvarende auke i budsjettet har skjedd frå 2008 når no også Snåsa kommune inngår i forvaltningsområdet for samisk språk. Sametinget fordelte i 2008 om lag 43 mill. kroner til tospråkleg forvaltning.

Samtinget sitt siktemål med tilskotet til tospråklege tiltak er at det skal vera råd å nytta samisk språk på alle nivå og innanfor alle sektorar i samfunnet. Dette skal ein oppnå mellom anna gjennom dialog med kommunar og fylkeskommunar om korleis samisk språk skal fremjast og gjerast synleg. Sametinget gjennomfører faste møte med kommunane og fylkeskommunane i forvaltningsområdet for samisk språk.

Eit vilkår for utbetalinga av tilskotet frå Sametinget er at kommunane og fylkeskommunane utarbeider ein språkutviklingsplan. Kommunen skal også utarbeida ein rapport med vurderingar av effekten av verkemidla i kommunen i tillegg til å utarbeida rekneskap over bruken av midlane føregående år.

10.2.5.4 Samiske språksenter

I 2008 er det ni samiske språksenter som får tilskot frå Sametinget. Sentra er spreidde over eit stort geografisk område og ligg i Porsanger, Kåfjord, Tysfjord, Evenes, Nesseby, Tana, Ullsfjord, Røros og Alta. Formålet med språksentra er å fremja

samisk språk og styrkja bruken av samisk. Sentra arrangerer språkkurs, gjennomfører ulike prosjekt og andre aktivitetar der språket står i sentrum.

Dei samiske språksentra er viktige språkarenaer, særleg der samisk språk står svakt. Skipinga av språksentra er initiert av lokale aktørar, og ideen attom har vore behovet for å samla ressursane og skapa språkarenaer.

I samarbeidsavtalane mellom Sametinget og fylkeskommunane inngår språkutviklingsarbeid som ein del av avtalen. Dei samiske språksentra er nødvendige og tenlege arenaer for utvikling og bevaring av samisk språk. Difor ønskjer samarbeidspartane at det blir skipa fleire funksjonelle samiske språksenter i dei ulike områda.

10.2.5.5 Andre språktiltak

Sametinget gjev tilskot til språkprosjekt både innanfor og utanfor forvaltningsområdet for samisk språk. Dei siste åra har Sametinget lagt særleg vekt på innsamling, utvikling og registrering av terminologi og innsamling av samiske stadnamn. Sametinget har også funne det viktig å satsa på alternative språkarenaer for barn og unge utanom skule og barnehage. Ein strategi er å utvikla arenaer for barn og unge der samisk blir høyrtd, er synleg og gjev positive relasjonar.

Sametinget har skipa ei tilskotsordning for samiskspråklege publikasjonar. Det blir no gjevne ut publikasjonar som vender seg til barn, unge og kvinner. Sametinget tildeler også midlar til det tradisjonsrike religiøse magasinet Nuorttanáste.

Sametinget vil framleis arbeida for å styrkja tilbodet og samarbeida på nordisk nivå for å fremja samiske publikasjonar. Samiskspråklege publikasjonar er viktige for å styrkja samiskspråklege lesevanar, for å stimulera til skapande skrivetekunst særleg mellom barn og unge og for å synleggjera og stimulera mangfaldet i samisk kultur og identitet.

10.2.5.6 Samisk språknemnd

Samisk språknemnd er underlagd Samisk parlamentarisk råd og er eit vedtaksorgan i felles samiske språkspørsmål. Formålet med Samisk språknemnd er å vareta og utvikla den kulturarven som knyter seg til det samiske språket, og slik fungera som eit fag- og sakkunnig organ, samordna og tilpassa oppgåver ved bruk og røkt av samisk språk, driva formidling mellom nasjonale samiske språkorgan og koordinera samisk språkarbeid. Eit viktig felles mål er at samisk språk får same status i Noreg, Sverige, Finland og Russland. Samisk språknemnd samarbeider med språkråda i dei nor-

diske landa og med terminologifaglege institusjonar.

Språknemnda har tolv medlemmer oppnemnde av Samisk parlamentarisk råd etter framlegg frå sametinga i nordiske land og sameforeiningane i Russland. Sekretariatet, som for tida er to personar, er samlokalisert med Sametingets kontor i Kautokeino. Samisk språknemnd blir finansiert av sametinga i Finland, Sverige og Noreg.

I langtidsplanen for Språknemnda for 2007–2009 blir det lagt særskild vekt på termarbeid, bevaring og utvikling av samisk språk og samarbeidet mellom Samisk språknemnd og språkorgana til sametinga.

10.2.6 Oppfølginga av Noregs tredje rapport til Europarådet

Den tredje rapporten frå Noreg vart lagd fram i mars 2005. Her vart det gjort greie for det arbeidet som blir gjort innanfor ulike sektorar for å verna og odla samisk språk, mellom anna skipinga av Indre Finnmark tingrett, innlemminga av Tysfjord kommune i forvaltningsområdet for samisk språk og Elgå-prosjektet.

Ekspertkomiteen uttrykkjer lovord overfor norske styresmakter for det vidare arbeidet med å gjennomføra pakta i Noreg og viser til at Noreg har etterkomme tilrådingane frå ministerkomiteen i samband med dei to første rapportane. Komiteen augnar ei monaleg betring i etterlevinga av den europeiske pakta om region- og minoritetsspråk.

Ekspertkomiteen slår fast at innlemminga av Tysfjord kommune i forvaltningsområdet er eit rett steg for å ta vare på og utvikla det lulesamiske språket, men dette språket er likevel i ein utsett posisjon. Komiteen ser behov for strakstiltak for å bevare lulesamisk, særleg på område som utdanning, rekruttering av lærarar og utvikling av eigna læremateriell.

Ekspertkomiteen er også uroleg for det sørsamiske språket, som er i ein sær sårbar posisjon. Det er difor behov for strakstiltak som kan tryggja at sørsamisk blir eit levande språk i Noreg, særleg innanfor utdanning. Komiteen oppmodar til auka samarbeid mellom norske og svenske styresmakter om dette.

Det går fram av rapporten frå ekspertkomiteen at det er gjort store framsteg i arbeidet med å verna og utvikla nordsamisk, særleg ved skipinga av Indre Finnmark tingrett. Noreg oppfyller artikkular som pliktar styresmaktene innanfor område som utdanning, medium og kulturelle aktivitetar. Det står likevel att somme område der det lyt arbeidast vidare. Dette gjeld særleg samiskspråklege til-

sette og skort på kvalifiserte tolkar innanfor helse-sektoren. Dessutan er det framleis uråd å skriva samiske namn korrekt i nasjonale register, til dømes folkeregisteret.

På møtet i Ministerkomiteen 16. mai 2007 vart rapporten frå ekspertkomiteen behandla og euro-parårsresolusjon om Noregs etterleving av pakta om minoritetsspråk vedteken. Vedtaket inneheldt konkrete tilrådingar på følgjande punkt:

Noreg må styrkja innsatsen sin for å tilby læremateriell og opplæring av lærarar i lule- og sørsamisk.

Noreg må tryggja at sosial- og helsinstitusjonar innanfor det samiske forvaltningsområdet tilbyr tenester på samisk.

Noreg må tryggja at folkeregisteret og andre offentlege register og institusjonar stør bruk av samisk teiknsett.

10.2.7 Oppsummerande vurdering

Samisk språk er ein av berebjelkane i samisk kultur og er svært viktig for å halda oppe det samiske samfunnet. Språket er kulturberar og meiningsberar og er difor eit kjernepunkt i arbeidet med å vidareføra samiske verdiar og samisk samfunnsforståing.

Samisk språk er framleis i ei utsett stilling. Truleg er avgangen av samiske språkbrukarar større enn tilveksten. Spesielt er dette tilfellet utanfor forvaltningsområdet for samisk språk, der majoriteten av samane i Noreg bur. Over tid er dette ikkje kulturelt berekraftig og representerer eit av dei største trugsmåla mot den felles kulturarven vår.

Austsamisk/skoltesamisk språk er ikkje lenger eit levande daglespråk i Noreg. Sørsamisk og lulesamisk står overfor trugsmålet om å lida same skjebne. Også nordsamisk er i ei utsett stilling i kyst- og fjordområda. Til dømes er det berre om lag 500 elevar som årleg får opplæring i samisk språk på vidaregåande skule. Av desse har under halvparten samisk som førstespråk.

Eit levande samisk språk er ein sentral del av samisk kultur. Utan eit tilstrekkeleg tal av samiske språkbrukarar og språkarbeidarar er det vanskeleg å sjå føre seg eit levande samisk samfunn. Då vil det ikkje vera råd å gje opplæring i samisk språk i barnehagar, i grunnopplæringa, innanfor vidaregåande opplæring eller i høgare utdanning. Helse- og sosialtenestene vil ikkje kunna tilby kvalitativt gode tenester til samiskspråklege brukarar.

Samisktalande brukarar vil ikkje kunna nytta godt av offentlege tenester på samisk. Det offentlege samiske ordskiftet er ikkje mogleg utan journalistar med god kunnskap i samisk språk. Regje-

ringa vil difor leggja til rette for ein sterkare innsats for samisk språk.

Det må bli lettare å få opplæring i samisk for alle aldersgrupper.

For at samisk språk skal vera eit levande språk, er det også heilt avgjerande at det finst eit godt barnehage- og skuletilbod. Vi viser her til nærare omtale i språkopplæringsmeldinga frå Kunnskapsdepartementet og i meldinga om samepolitikken frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

I enkelte nordsamiske område, spesielt i Indre Finnmark, står det samiske språket sterkare. I andre nordsamiske område, som sjøsamiske bygder, blir det lagt ned mykje arbeid for å styrkja det samiske språket. Også innanfor forvaltningsområdet for samisk språk er det mange utfordringar i arbeidet med å styrkja samisk både som kommunikasjonspråk og forvaltningsspråk.

Dei små samiske språka, austsamisk, lulesamisk og sørsamisk, er i ein kritisk situasjon og treng snarlege tiltak. Desse språkgruppene har tilsvarende språkgrupper på andre sida av grensa i Sverige, Finland og Russland. For at innsatsen for desse små språka skal vera berekraftig, er det nødvendig å samarbeida over grensene, både på kommunalt, regionalt og statleg nivå.

At kommunane Tysfjord og Snåsa har vorte ein del av forvaltningsområdet for samisk språk, har mykje å seia for å styrkja samisk språk i desse områda. I lulesamiske og sørsamiske område står det samiske språket i utgangspunktet spesielt svakt. Det er difor nødvendig med ein dialog med desse miljøa for å finna ut meir om kvar det bør gjerast ein spesiell innsats for at desse språka skal få ein sterkare posisjon både i det private og i det offentlege rom.

Gjennom dei siste tiåra er det sett i gang ei rekkje tiltak for å styrkja og utvikla samisk språk innanfor mange sektorar i dagens samfunn. Mange av desse tiltaka har ført til at det samiske språket på mange vis har fått ein sterkare posisjon i både det norske og det samiske samfunnet. Det er uklart om desse tiltaka har ført til at det samiske språket har styrkt posisjonen sin i kvardagslivet for den enkelte same, og om dette såleis i tilstrekkeleg grad kan vera med å sikra framtida for det samiske språket.

Dei enkelte tiltaka for samisk språk er utforma innanfor ulike sektorar og er i liten grad vortne sedde i samanheng. For at det samiske språket skal få ei trygg framtid i Noreg, er det nødvendig å sjå innsatsen for samisk språk i samanheng.

Ei meir heilskapleg tilnærming til samisk språk vil kunna avdekkja veike punkt. Det er mellom anna nødvendig å sjå nærare på i kva grad ulike til-

tak har nådd fram til dei målgruppene dei har vore retta mot. Det er i denne samanhengen behov for å skaffa fram meir kunnskap og dokumentasjon om stillinga for samisk språk i det samiske samfunnet.

Regjeringa vil arbeida for å leggja grunnlaget for ein ny samisk språkpolitikk med eit strategisk og heilskapleg perspektiv på samisk språk og samfunn.

Eit sentralt utgangspunkt for det vidare arbeidet med en slik samisk språkpolitikk vil vera å arbeida fram ein handlingsplan for samisk språk. Regjeringa vil raskt setja i gang arbeidet med ein slik plan. Handlingsplanen vil bli utvikla i samarbeid med Sametinget, samiske miljø og aktuelle departement.

Regjeringa vil følgja opp evalueringa av språkreglane i samelova i samarbeid med Sametinget. Den evalueringsrapporten som ligg føre, vil vera eit viktig grunnlag for arbeidet med ein handlingsplan for samisk språk.

10.3 Kvensk

10.3.1 Situasjon og status for kvensk språk i dag

10.3.1.1 Innleiing

Kvensk innvandring og busetjing i Noreg er ein del av ei omfattande koloniseringshistorie til finske bønder. Det var i periodar tale om nærast ei masseflukt frå dei eldre jordbruksamfunna i Finland og Nord-Sverige.

Utvandringa heldt fram i fleire hundre år, frå 1600-talet og fram til første halvdel av det 19. hundreåret. Seinare følgde i sterkare grad ei moderne arbeidsinnvandring.

Kvensk språk er i dag i ein svært utsett situasjon. Det er få aktive talarar att, og dei fleste av desse er middelaldrande og eldre menneske. Det er få språkbrukarar under 40 år.⁹

Situasjonen må sjåast i samanheng med ein assimilasjonspolitik som har gått føre seg gjennom generasjonar, med omfattande språkskifte frå kvensk til norsk som resultat.

I dag er politikken frå storsamfunnet si side ein annan, og saman med ei minoritetspolitisk og språkpolitisk oppvakning blant kvenene sjølve kan dette vera med på å gje kvensk språk ein renesanse gjennom ny bruk. Dette blir omtalt som språkleg revitalisering, og det er ein slik revitaliseringsfase som også kvensk språk no er på veg inn i.

10.3.1.2 Revitalisering av kvensk

Språkleg revitalisering inneber eit bevisst strev for å ta tilbake eit truga språk.

På individplanet kan dette skje til dømes ved at folk som er vortne einspråklege i majoritetsspråket, lærer seg det minoritetsspråket som kunne ha vore førstespråket deira dersom ikkje språkleg assimilering og språkskifte hadde skjedd.

På samfunnsplanet kan revitalisering skje ved at minoritetsspråket får tilgang til språkdomene der majoritetsspråket har vore einerådande, til dømes innanfor massemedia, utdanning og i litteratur.

Eit truga språk kan likevel ikkje seiast å vera berga jamvel om det har kome inn i ein revitaliseringsfase. Det som ofte går føre seg med slike språk, er eigentleg eit kappløp mellom assimilasjon og revitalisering, og det er vanskeleg å vita kva som blir resultatet.

Inntil nyleg har kvensk vore eit språk som stort sett berre vart brukt munnleg og i private og lokale samanhengar innanfor ei til dels undertrykt språkgruppe. Dette er ein situasjon som no er på veg til å endrast. Kvensk byrjar å bli teke i bruk også på andre språkdomene.

Hausten 2004 kom til dømes den første romanen på kvensk, *Elämän jatko 1. Kuosuvaaran takana* av Alf Nilsen-Børsskog, og det er seinare kome endå ein roman frå den same forfattaren.

Det er også laga ein del læremiddel på kvensk, og språket blir nytta i gudstenester, i song og musikk, i omsetjingar, i annonsar i lokalaviser osv. Likevel er bruken av kvensk både skriftleg og munnleg heller marginal.

Ei av utfordringane i det kvenske revitaliseringsarbeidet er sjølve geografien, dei lange avstandane mellom små og skjøre språksamfunn. Difor å det viktig å byggja nettverk mellom desse.

10.3.1.3 Aktiv språkplanlegging

Aktiv språkplanlegging er ein avgjerande føresetnad for at kvensk skal vinna ny vitalitet.

Slik språkplanlegging kan seiast å ha to hovud-element eller fasar.

Den første fasen er statusplanlegging, den andre korpusplanlegging. Statusplanlegging omfattar formalisering av rettar for språkbrukarane og arbeid for å gje språket ein utvida samfunnsfunksjon.

Den andre fasen, korpusplanlegginga, gjeld slikt som terminologiarbeid, tradisjonelt språkkrøktarbeid og ikkje minst standardisering. Standardisering er ein føresetnad for etablering av eit levande

⁹ 2006/04040-72

skriftsspråk, og i vår tid kan eit språk knapt overleva utan skriftkultur.

Kvensk kan i dag seiast å stå på overgangen mellom statusplanlegging og korpusplanlegging, og det store arbeidet med å standardisera det kvenske språket er berre så vidt kome i gang.

I dag må all skriving framleis skje på kvenske dialektar. Men den skriftlege aktiviteten som på denne måten går føre seg, representerer eit godt grunnlag for standardisering. Det er elles ein stor fordel for dette arbeidet at det finst ein etablert ortografi for kvensk, nemleg den finske. Også det nærskyldte minoritetsspråket meänkieli (tornedalsfinsk) i Sverige nyttar finsk ortografi.

Den aller viktigaste føresetnaden for at eit språk skal overleva, er likevel aktiv handling frå språkbrukarane si side, og at språket blir overført til nye generasjonar. Dersom det ikkje skjer, vil det ikkje kunna overleva som eit levande språk, og det vil då ikkje kunna få noko anna enn ein symbolsk verdi.

10.3.1.4 Godkjenninga av kvensk som eige språk

Innanfor finsk språkforskning har både kvenske dialektar og dialektar av meänkieli vore sedde på som randdialektar i det finske dialektområdet. Det er då også mange felles dialekttrekk mellom nordfinske dialektar, meänkieli og kvensk. Det lét seg heller ikkje gjera på språkvitskapleg grunnlag å fastslå kor ulik ein språkleg varietet må vera ein annan for at varietetten skal få status som eige språk.

Som regel er territoriale språkskilnader kjenneteikna av små skilnader mellom nabodialektar, medan dei blir meir ulike kvarandre med aukande geografisk avstand. Det er såleis glidande overgangar, og språkvarietetane snakkar difor om eit dialektkontinuum. I ytterkantane av eit slikt dialektkontinuum kan dialektane vera gjensidig fullstendig uforståelege. Dei kvenske dialektane utgjør ein del av eit større austersjøfinsk dialektkontinuum.

Blant nordmenn med kvensk bakgrunn har det då også vore noko ulikt syn på forholdet mellom kvensk og finsk. Blant dei som har tilhald i ytterkantane av det kvenske busetjingsområdet, og blant dei som har vore engasjerte som finsklærarar i grunnskulen, har det også vore større identifikasjon med det finske språket. Mange har på dette grunnlag sett på kvensk som ein finsk dialekt, og i offisielle norske dokument har ein difor tidlegare nytta dobbeltnemninga kvensk/finsk.

Gjennom høyringa og den etterfølgjande behandlinga av den utgreiinga som vart gjennomført i 2003, er dette endra, jf. nærare omtale under kapittel. 3.3. Endringa vart formalisert ved at

kvensk i kongeleg resolusjon av 24. juni 2005 vart godkjent som eige språk. Med dette er det klargjort at kvensk ikkje berre skal behandlast som ein dialekt av finsk, men at det har status som eit sjølvstendig språk som skal stå på egne bein.

Trass i godkjenninga av kvensk som eige språk er likevel ikkje diskusjonen om forholdet mellom kvensk og finsk avslutta blant språkbrukarane sjølve. Frå regjeringa si side vil språkpolitikken overfor kvener ta utgangspunkt i det språket som denne minoriteten talar, uavhengig av kva språket blir kalla, eller kva skriftspråk kvar enkelt språkbrukar ønskjer å nytta. Gjennom godkjenninga av kvensk som eige språk er det likevel slått fast at det skal leggjast til rette for å utvikla eit eige kvensk skriftspråk, til skilnad frå riksfinsk.

Vi veit elles at delar av minoriteten ikkje ønskjer å kalla seg kvener, men føretrekkjer nemningar som norsk-finsk, finskætta eller «etterkomarar av finske innvandraran». I St.meld. nr. 15 (2000–2001) *Om nasjonale minoritetar i Noreg* vart det likevel slått fast at ein i offisielle samanhengar vil nytta nemninga *kvener* om denne minoriteten. Det er ein praksis som vil bli vidareført i offentlege dokument. Frå departementshald har ein ingen merknader til at medlemmer av gruppa vil nytta andre nemningar om seg sjølv, anna enn at vi uavhengig av nemning oppfattar dette som ei og same minoritetsgruppe.

I samband med godkjenninga av kvensk som eige språk, vart det elles vurdert om vernet av kvensk etter minoritetsspråkpakta skulle hevast frå nivå II til nivå III. Men det vart konkludert med at Noreg ikkje ville vera i stand til å oppfylle alle dei bindande plikter som eit slikt sterkare vern ville innebera, først og fremst fordi kvensk enno manglar ein grunnleggjande språkleg infrastruktur.

Her vart det særleg peikt på behovet for standardisering og det å få utarbeidd ordbøker og normativ grammatikk, dessutan lærebøker og anna undervisningsmateriell. I føredraget til resolusjonen vart det erklært at regjeringa i dei årlege statsbudsjetta ville vurdere eventuelle økonomiske tiltak for å stimulera utviklinga av kvensk språk.

10.3.2 Grunnleggjande tiltak for styrking av kvensk

10.3.2.1 Kvensk institutt

Erkjenninga av at det var nødvendig å koma i gang med standardisering av kvensk vart følgd opp ved at det i budsjettet for 2006 vart lagt inn ein auke på om lag 1,5 mill. kroner i statstilskotet til *Kvæntunet – Norsk senter for kvænsk språk og kultur*, som ligg i Børselv i Porsanger kommune i Finnmark.

I desember 2005 vart senteret omorganisert gjennom etablering av ei stifting med namnet *Kvensk institutt (Kainun institutti)*, og etter auken i 2006 er det samla tilskotet i 2008 kome opp i vel 3,5 mill. kroner.

Kvensk institutt skal vera eit nasjonalt senter for kvensk språk og kultur, og det samla driftstilskotet frå staten skal gå til utvikling, dokumentasjon og formidling av kunnskap og informasjon om kvensk språk og kultur. Tilskotet omfattar også driftsutgifter til administrasjonsbygningen på Kvæntunet, som stod ferdig i 2005, i hovudsak finansiert gjennom eit statleg investeringstilskot på 12 mill. kroner.

10.3.2.2 *Kvensk språkråd*

Ein del av den nemnde tilskotsauken frå 2006 skulle gå til arbeidet med å etablere ei språknemnd for kvensk. Denne nemnda vart konstituert på ein startkonferanse i Alta i april 2007 og fekk namnet *Kvensk språkråd*.

Til å sitja i rådet har styret i Kvensk institutt valt fem medlemmer og tre varamedlemmer med sterk språkfagleg kompetanse og innsikt i ulike kvenske dialektvariasjonar. Rådet er altså ei faggruppe som først og fremst skal arbeida med å utforma dei prinsipielle retningslinjene for etablering av eit felles kvensk skriftspråk.

Det er også meininga at det skal dannast eit breiare forum, førebels omtalt som eit språkting, der det skal vera med språkbrukarar frå fleire ulike miljø enn dei som har fått plass i sjølve rådet. Språktinget er meint å vera eit vedtaksorgan; det skal gjera vedtak i prinsipielle spørsmål etter forslag og tilråding frå Kvensk språkråd.

10.3.2.3 *Grunnlaget for standardiseringsarbeidet*

I 2006 starta eit heilt nytt studium i kvensk språk og kultur ved Universitetet i Tromsø. Til dette studiet er det utarbeidd egne tekstar, ei ordliste og forslag til ein grammatikk som i hovudsak byggjer på dialekten i Børselv. Det meste av det som finst av skriftleg kvensk, er frå denne staden.

Det finst også hundrevis av timar med lydopptak av finske dialektar frå Lyngen i Troms til Pasvik i Finnmark. Kvensk institutt er i gang med å skriva ut dette materialet, og det vil utgjera eit viktig grunnlagsmateriale for arbeidet med skriftspråket.

Det er også meininga å leggja vekt på å forma det kvenske skriftspråket slik at ein tek vare på det som kan kallast interfinsk språkforståing. Dette inneber at utviklinga av kvensk til skriftspråk også bør skje i samråd med nabospråka meänkieli og

finsk. Samstundes skal det nye skriftspråket også vareta sentrale identitetsskapande trekk i kvensk ordtilfang og grammatiske former.

Eit viktig prinsippsspørsmål er om skriftspråket skal ta utgangspunkt i éin dialekt, eller om det skal ha fleire dialektar som grunnlag.

10.3.2.4 *Kvensk i barnehagen*

Tospråkleg stimulering i barnehagen er truleg eit grunnleggjande tiltak for å kunna fremja ei minoritetsspråkleg utvikling hos barn med kvensk bakgrunn. Dette vil dermed vera med og leggja til rette for at kvensk språk kan overførast til komande generasjonar.

I dette arbeidet kan det trekkjast vekslar på røynselene frå samiske barnehagar. Dei viser at barna blir tospråklege dersom ein maktar å organisera minoritetsspråklege barnehagar.

Føresetnaden for å få dette til er at ein maktar å skaffa til vegar tospråkleg barnehagepersonell og kan utvikla nødvendige læremiddel. Då vil det kunna leggjast til rette for såkalla språkreiprojekt i barnehagar for barn med kvensk bakgrunn.

Det generelle målet i eit språkreir er å verna og revitalisera eit truga minoritetsspråk. Gjennom naturleg kommunikasjon i barnehagen vil barnet læra seg minoritetsspråket, samstundes som den tilhøyrande kulturen også blir ein naturleg del av barnehagekvardagen. Dette vil vera med og styrkja den kulturelle og språklege identiteten.

10.3.2.5 *Kvenskundervisning i skulen*

For å følgja opp ei større satsing på kvensk i barnehagesektoren bør det også arbeidast med å leggja til rette for at kvenske barn kan halda fram innlæringa av minoritetsspråket sitt også når det kjem over i vanleg skule. På denne måten vil det vera mogleg å overføra det kvenske språk til ein ny generasjon ved at barn i alle fall i dei kvenske kjerneområda vil bli tospråklege ved å læra seg å meistra både kvensk og norsk.

Etter opplæringslova har elevar med kvensk-finsk bakgrunn ved grunnskulen i Troms og Finnmark rett til opplæring i finsk. Villkåret er at det minst er tre elevar som krev det. I dag blir det undervist i finsk i grunnskule og vidaregåande skule. Det er ca. 1000 personar som nyttar dette tilbodet i dag.

Ved godkjenninga av kvensk som eige språk var det ein føresetnad at undervisning i kvensk skulle skje innanfor rammene til det eksisterande finskfaget.

I læreplanane for finskfaget er det lagt stor vekt på kunnskap i kvensk og på at undervisninga skal

ta utgangspunkt i den lokale kvenske dialekten. Det er lagt til grunn at undervisning i kvensk framover vil kunna skje innanfor den eksisterande finskundervisninga. Det er viktig at dette blir følgt opp også i praksis, slik at dei som har kvensk bakgrunn, får den kvenskapplæringa dei ønskjer.

Vi viser elles til omtalen av kvensk i språkopplæringsmeldinga frå Kunnskapsdepartementet.¹⁰

10.3.2.6 Vaksenopplæring i kvensk

Det er i dag berre eit fåtal av kvenskspråklege vaksne som også er i stand til å lesa og skriva språket sitt. Det er difor behov for eit alfabetiseringsprogram, slik at språket går over frå å vera eit passivt språk til eit levande språk som kan brukast i det daglege. Lese- og skriveopplæring må difor vera eit grunnelement i den kvenske revitaliseringsprosessen.

10.3.2.7 Høgare utdanning og forskning i kvensk

På Universitetet i Tromsø har det vore undervist i eit 60-poengskurs i kvensk språk og kultur på 1000-nivået og eit 30-poengskurs på 2000-nivået. Til dette har det vore nytta ressursar frå finskfaget, og kvensktilbodet har vore avhengig av eit særskilt engasjement frå entusiastiske enkeltpersonar.

Det er no nødvendig å arbeida for at det kan lata seg gjera å byggja opp eit fast studietilbod i kvensk språk og litteratur på universitetsnivå. Saman med dette må det også skapast grunnlag for å utvikla eit universitetsmiljø for forskning i kvenske kultur- og samfunnstilhøve. Dette må omfatta både språk, litteratur, kultur, historie og tilhøyrande disiplinær.

Det er også behov for å utvikla eit undervisningstilbod i kvensk for allmennlærarar, og det må arbeidast for å organisera eit etterutdanningstilbod for finsklærarar som ønskjer å leggja større vekt på kvensk i undervisninga. Vidare er det behov for å etablere kvensk som eit fag som kan inngå i den ordinære adjunkt- og lektorutdanninga.

10.3.2.8 Tiltak innanfor kultur- og mediesektoren

Kvensk litteratur er ikkje omfatta av eksisterande innkjøpsordningar eller av forlagsstøtte. I tillegg er det lite marknadspotensial for kvenske bøker. Det har difor vist seg vanskeleg å få sikra finansiering av kvensk litteratur innanfor gjeldande regelverk. Samstundes vil støtte til ein kvenskspråkleg roman ha stor språkpolitisk verdi.

I St.meld. nr. 48 (2002–2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014* heiter det at Norsk kulturråd nettopp ønskjer å stimulera eit skriftspråk som ikkje

har offisiell rettskriving og grammatikk. I St.meld. nr. 17 (2005–2006) *2008 som markeringsår for kulturelt mangfald* heiter det at det skal leggjast vekt på å utvikla det fleirkulturelle perspektivet innanfor etablerte tiltaks- og tilskotsordningar på kulturfeltet.

Det har elles vore arbeidd med å leggja til rette for at den einaste kvenskspråklege avisa i Noreg – *Ruijan Kaiku (Gjenklang frå Noreg)* – kan utviklast til ei vekeavis. At det på denne måten blir skapt eit fast offentleg forum for kvensk språk og kultur, vil kunna ha overlag mykje å seia for å gje kvensk ein synleg plass i det offentlege rommet. I dag kjem avisa ut med ei utgåve på om lag 20 sider ti gonger i året. Opplaget var i 2006 på 610 eksemplar.

På same måte som ymse andre publikasjonar fekk den kvenske avisa tidlegare tilskot direkte frå departementet over ein eigen budsjettpost under pressestøtteordninga. Med verknad frå 2007 er ansvaret for denne særskilde støtteordninga til namngjevne aviser overført til Norsk kulturråd. Grunngevinga var at det skjønnest som avgjer kva for aviser som skal få slik støtte, bør skje på armengds avstand frå politiske styresmakter.

Dette var basert på allmenne mediepolitiske vurderingar om at media skal vera frie og uavhengige av styresmaktene i redaksjonelle spørsmål. Men ei avis som er det einaste mediet i landet som blir utgjeve av og for ein nasjonal minoritet, lever ikkje først og fremst på ein konkurrerende meiningsmarknad slik som dei norskspråklege avisene.

Her dreier det seg meir om å sikra ein nødvendig infrastruktur for ein språkleg og kulturell minoritet som Noreg har teke på seg eit særskilt ansvar for å verne og fremja.

I tildelingsbrevet til Norsk kulturråd for 2007 har departementet difor, med underforstått referanse til den kvenske avisa, streka under at Kulturrådet ved tildeling av midlar skal leggja vekt på at tilskotet skal vera med på å oppfylla dei internasjonale pliktene Noreg har både etter FN-konvensjonen om politiske og sivile rettar og etter den europeiske rammekonvensjonen for vern av nasjonale minoritetar. Begge desse konvensjonane legg vekt på den retten minoritetane må ha til å bruka og dyrka mellom anna eigen kultur og eige språk.

Denne føresetnaden er ikkje teken med i tildelingsbrevet for 2008, men departementet legg likevel til grunn at føresetnaden står fast, og at Kulturrådet vil prioritera støtte til den kvenske avisa. I dei årlege statsbudsjetta kan dessutan departementet øyremerkja ein talfesta auke i den aktuelle løyvinga til Norsk kulturråd til prioriterte formål.

¹⁰ St.meld. nr. 23 (2007–2008): 69-70.

Departementet vil på denne måten ta sikte på å trappa opp tilskotet til den kvenske avisa dersom det elles kan liggja til rette for overgang til vekeavis.

NRK har kvar onsdag sending på finsk i Nordland, Troms og Finnmark. Kvar sending varer i 12 minutt. Sendinga er også tilgjengeleg på Internett.

10.3.2.9 Innsamling og registrering av kvenske stadnamn

I kulturmeldinga frå Bondevik II-regjeringa varsla departementet eit initiativ for å kartleggja kva som er innsamla av gamle stadnamn her i landet, og vurderte behovet for eit meir systematisk innsamlingsarbeid. Det vart også vist til at finske/kvenske og samiske stadnamn er særleg utsette, og at det her står att særleg mykje innsamlingsarbeid.

Som nemnt under kap. 8.3.3.5 er ikkje dette initiativet følgt opp. Rett nok har stadnamnsekretæren for kvensk med midlar frå Språkrådet dei seinare åra gjennomført eit par mindre innsamlingsprosjekt i nokre Finnmarks-kommunar, men det er stort behov for eit supplerande innsamlingsprosjekt på meir systematisk grunnlag.

Dessutan er det nødvendig å kvalitetssikra mykje av det materialet som er samla inn tidlegare med tanke på dagens namnebruk, innplassering på kart osv.

Det blir også arbeidd med å utvikla ein kvensk stadnamnbase og eit stadnamnleksikon.

Stadnamn er ein av dei viktigaste kulturelle markørane for den kvenske minoritetsbefolkninga og har difor stor symbolverdi. Men dei kvenske stadnamna er også en del av kulturarven i Noreg som bør vernast og gjerast kjend som ein del av den allmenne kulturarven vår.

Det hastar med å samla inn kvenske stadnamn både i Troms og Finnmark. Minst like viktig er det å formidla det kvenske namnematerialet som alt er samla inn, og som i dag i liten grad er tilgjengeleg for den kvenske befolkninga og alle andre namneinteresserte. Det er elles behov for å vidareutvikla den kvenske stadnamnbasen gjennom teknisk-fagleg assistanse.

Som ein del av forvaltningsapparatet etter stadnamnlova finst i dag ein eigen namnekonsulent for kvensk som arbeider halv stilling. Det er behov for å utvida den halve stillinga, mellom anna slik at det også blir tid til å arbeida meir med innsamling og registrering.

Etter at stadnamnlova vart endra i 2005, fekk lova ein formålsparagraf der sikring av kvenske stadnamn er spesielt nemnd. Det same gjeld samiske stadnamn. Etter ordlyden skal stadnamna

sikrast i samsvar med nasjonalt lovverk og internasjonale avtalar og konvensjonar, og i merknadene til føresegna heiter det at lova skal dokumentera, bevare og synleggjera språkleg og kulturelt mangfald slik det manifesterer seg i samiske, kvenske og skogfinske stadnamn.

Skrivemåten av kvenske stadnamn skal basera seg på finske rettskrivingsprinsipp fram til det eventuelt er utarbeidd eigne rettskrivingsprinsipp for kvensk.

10.3.2.10 Trespråkleg kulturbakgrunn

Fleire kommunar i Troms og Finnmark har innbyggjarar som høyrer til i både norsk, samisk og kvensk/finsk kultur. Storfjord kommune i Troms erklærte seg i mai 2007 som ein trespråkleg kommune.

Kommunen har sett i gang eit pilotprosjekt – *Mangfold styrker* – der målet er å synleggjera og likestillta norsk, samisk og kvensk/finsk kultur og språk.

I prosjektet skal det mellom anna utviklast ei opplæringspakke for dei tilsette i kommunen, og ein skal sjå om det er mogleg å oppretta eit språksenter som dekkjer både samisk og kvensk/finsk språk. Arbeids- og inkluderingsdepartementet gav i 2007 eit tilskot på 100 000 kroner til forprosjektet.

10.3.3 Merknader til oppfølging av Minoritetsspråkpakta

10.3.3.1 Oppmodingar frå ekspertkomiteen i Europarådet

Ekspertkomiteen i Europarådet som har gjennomgått den tredje rapporten frå Noreg om etterleving av Minoritetsspråkpakta, la fram vurderingane og merknadene sine i ein eigen rapport 16. mai 2007.

Komiteen oppmodar her norske styresmakter til å vidareføra og styrkja dialogen med dei kvenske språkbrukarane no som kvensk er godkjent som eige språk.

Komiteen viser til at han under vitjinga si i Noreg vart informert om at denne formelle godkjenninga ikkje har endra den reelle situasjonen for det kvenske språket, og at dette framleis er svært utsett. Ekspertkomiteen meiner det er behov for meir resolutt handling, ettersom kvensk i hovudsak berre er eit talespråk, og fordi det berre finst nokre hundre talarar som kan lesa språket.

Ekspertkomiteen oppmodar norske styresmakter til å auka innsatsen for å følgja opp godkjenninga av kvensk som eige språk, særleg ved å leggja til rette for arbeidet med standardisering, ved å støtta grunnleggjande forskning i kvensk

språk, og ved å skipa organ med ansvar for å fremja språket.

Komiteen meiner at den logiske konsekvensen av den nye formelle status som kvensk har fått, er at norske styresmakter set i verk snarlege tiltak for å styrkja bruk av kvensk språk i det offentlege livet. Her er nemnt auka støtte til kvensk litteratur, både gjennom generelle og spesielle støtteordningar.

Komiteen er også oppteken av behovet for å få på plass eit radiotilbod på kvensk, særleg for barn og ungdom som i dag får undervisning i kvensk på skulen. I dag har NRKs distriktskontor i Tromsø ei tolv minuttis radiosending kvar veke med det kvenske samfunnet som målgruppe, men etter det ekspertkomiteen har fått vita, går dette for det meste føre seg på standard finsk. Programmet går dessutan på eit tidspunkt av dagen då det er få som har høve til å høyra på. Komiteen viser i tillegg til at sendinga er altfor kort til å kunna møta behovet hos ulike delar av eit kvensk publikum.

Ekspertkomiteen tek også til orde for at norske styresmakter i samarbeid med dei kvenskspråklege får utvikla ein eigen læreplan i kvensk. I dag heiter det seg at kvensk språk skal tilleggjast vekt innanfor læreplanen i finsk.

Ekspertkomiteen oppmodar også styresmakterne til å setja i verk tiltak for å betra situasjonen for kvensk språk på alle relevante utdanningsnivå, under dette ikkje minst utvikling av læremiddel på kvensk. Vidare peiker komiteen på behovet for å fremja forskingsprosjekt for å utvikla det kvenske språket og for å støtta eit permanent studietilbod i kvensk på universitetsnivå.

Komiteen legg avslutningsvis vekt på at godkjenninga av kvensk som eige språk bør leggja til rette for ein betre dialog mellom styremaktene og representantar for kvenene, og vonar at dette vil bli organisert gjennom jamlege møte.

10.3.3.2 Tiltråding frå Ministerkomiteen i Europarådet

Som avslutning på behandlinga av den tredje norske rapporten til Europarådet om korleis Noreg etterlever Minoritetsspråkpakta, gjorde Ministerkomiteen på møte 16. mai 2007 vedtak om å tilrå at Noreg i samarbeid med dei kvenskspråklege utformar ein systematisk politikk for å verna og styrkja kvensk språk.

Som særleg viktige tiltak innanfor ein slik heilskapleg politikk vart nemnt behovet for standardisering av kvensk, betre undervisning både i og på kvensk på alle aktuelle nivå, dessutan auka bruk av kvensk i det offentlege rommet.¹¹

Ved tilsvarande behandling av korleis Noreg etterlever rammekonvensjonen til vern av nasjonale minoritetar, vedtok Ministerkomiteen på møte 20. juni 2007 å tilrå at Noreg vidarefører og styrkjer arbeidet med å fremja og støtta opplæringa i kvensk språk.

10.3.4 Oppsummerande vurdering

Departementet legg til grunn at kvensk er eit svært utsett språk, men at det blant kvenene sjølve finst så mange språkberarar og ressurspersonar og så stort medvit om verdien av å sikra språket og kulturen at grunnlaget for nødvendig revitalisering er til stades.

Departementet legg samstundes til grunn at ein aktiv statleg medverknad er ein nødvendig føresetnad for at arbeidet skal føra fram.

For at ambisjonen om revitalisering skal lykkast og kvensk språk skal overleva på lengre sikt, er det behov for å satsa sterkare på standardisering som kan leggja grunnlaget for ein kvensk skriftkultur. Det trengst i tillegg ulike særordningar som kan stimulera til bruk av kvensk på så mange språkbruksarenaer som råd er, og som kan sikra at barn med kvensk bakgrunn får meir systematisk språkstimulering og språkopplæring i kvensk frå og med barnehagealderen.

Skal kvensk sikrast som eit levande språk på lengre sikt, må det setjast inn adekvate tiltak. Forholdet mellom finsk og kvensk i opplæringa vil heile tida bli vurdert i dialog med brukarane og med utgangspunkt i lokale ønske og behov.

Departementet vil særleg peika på det Ministerkomiteen i Europarådet uttalte om behovet for ein systematisk politikk for kvensk språk. Dette krev ein heilskapeleg tankegang, slik at ein kan sjå ulike tiltak i samanheng, og slik at ein frå sentralt hald i samarbeid med representantar for kvenene kan gjera målretta og strategiske prioriteringar for å sikra at kvensk språk kan styrkja seg monaleg.

Til grunn for ein slik politikk må det liggja som eit overordna mål og ein klart uttrykt vilje å skapa grunnlag for at kvensk skal utvikla seg vidare som eit eige språk og dermed kunna bestå som eit levande språk også på lang sikt.

Systematisk styrking av kvensk språk må difor inngå som ein integrert del av ein heilskapleg norsk språkpolitikk.

¹¹ «... adopt a structures policy for the protection and promotion of the Kven language in co-operation with the speakers, in particular concerning the standardisation of Kven, the improvement of teaching in/of Kven at all appropriate stages, and the increase of the use of Kven in the public sphere.»

Departementet vil vurdere å invitera representantar frå kvenene, alle dei aktuelle departementa og representantar for relevante fagmiljø til ein større konferanse om revitalisering av kvensk språk.

I tillegg til samordningsarbeid overfor dei andre aktuelle departementa vil Kultur- og kyrkje-departementet innanfor eige sektoransvar i første omgang prioritera to konkrete tiltak.

For det første vil departementet ved vurdering av rammevilkåra til Kvensk institutt leggja vekt på behovet for å få fortgang i arbeidet med å standardisera kvensk språk.

For det andre vil departementet vurdere kva som kan gjerast for å leggja til rette for innsamling og registrering av kvenske stadnamn.

Utover dette vil departementet innanfor eige ansvarsfelt vurdere kva som kan gjerast i samarbeid med NRK for å få til eit monaleg betre radiotilbod på kvensk enn det som er tilfellet i dag.

Departementet vil også drøfta med dei ansvarlege kva som skal til for å vidareutvikla og styrkja den kvenske avisa Ruijan Kaiku.

Det langsiktige målet for arbeidet med å styrkja kvensk språk må elles vera at ein etter kvart kan skapa grunnlag for å gje kvensk vern på det høgaste og mest forpliktande nivået i den europeiske minoritetsspråkpakta. Førsetnaden er at det skjer ei utvikling der kvensk språk får ei stadig sterkare stilling. Då vil det kunna vera grunnlag for vern på høgaste nivå utan at ei slik formell statusheving i seg sjølv vil innebera nye plikter for norske styresmakter.

10.4 Romani og romanes

10.4.1 Bakgrunn og noverande situasjon

10.4.1.1 Opphavet til romani og romanes¹²

Moderne språkforskning legg i dag til grunn at begge dei minoritetane som i Noreg har nemningane romanifolket og romfolket, stammar frå eit folk som utvandra frå Nord-India i retning av Europa for tusen år sidan eller meir. Språket deira var i nær slekt med sanskrit.

Omkring 1300 var dei nådd så langt som til Balkan og reiste omkring i fleire land. Nokre av dei kom til Norden omkring 1500. Desse vart kalla tatarar, eit omgrep vi hadde fått frå tysk alt før 1350. Det språket som desse snakka, som opphavleg var eit seint mellom-indoiransk språk, utvikla seg under innverknad av nordiske språk til å bli eit nordisk indoiransk språk, kalla romani.

Langt seinare, på 1800-talet, då det osmanske riket var i oppløysing, byrja ei ny stor vandring blant dei av romfolket som hadde slått seg ned lengre sør i Europa, der dei vart kalla sigøynarar. Nokre av desse kom også til Norden.

Jamvel om det noverande romanifolket og romfolket frå byrjinga av hadde hatt eit felles opphav, levde dei i mange hundreår under sterkt ulike vilkår. I Norden tyder utviklinga av språket til romanifolket på at dei har blanda seg meir med den bufaste befolkninga. Mellom anna bruker dei norsk syntaks og norske bøyingsmønster.

Det språket romfolket ute i Europa snakka, var eit meir moderne indisk språk, ulikt romani. Truleg fordi denne gruppa var mindre integrert i dei samfunna dei levde i enn dei nordiske frendane sine, heldt dei oppe meir av det opphavleg indiske i språket sitt.

10.4.1.2 Norsk romani og romanes i dag¹³

Norsk romani, språket til romanifolket, og romanes, språket til romfolket, høyrer til to ulike greiner av europeisk romani, det første til nordleg romani, det andre til valakisk romani. Jamvel om norsk romani og romanes er språk i nær slekt, er dei i høg grad to separate språk. Dei har hatt minst 600-700 år på å utvikla seg i ulike retningar.

Begge språka har halde ved lag eit stort felles ordtilfang av indoarisk, iransk, armensk og gresk opphav. Norsk romani har teke opp ein del slaviske og tyske lånord som ikkje finst i romanes, medan romanes på si side har teke opp mange rumenske ord som ikkje finst i norsk romani.

Grammatisk har dei to språka utvikla seg svært ulikt. Norsk romani har teke til seg eit meir eller mindre reint norsk-svensk grammatisk system, både når det gjeld ordbøying og syntaks. Romanes derimot har halde fast ved store delar av eit indo-iransk grammatisk system, men også rumensk har sett tydelege grammatiske spor etter seg.

Dei to språka har elles ulike bruksområde. Romanes er førstespråket til det norske romfolket, og mange av dei eldre snakkar romanes betre enn norsk. Det norske romanifolket snakkar derimot ulike norske dialektar til dagleg, og ganske mange av dei har liten kunnskap om romani.

10.4.1.3 Nærare om romani i dag

Langvarig undertrykking og forsøk på assimilering av romanifolket har gjort sitt til at få personar i dag meistrar det opphavlege språket sitt. Jamvel om kulturen til romanifolket i dag held på å bli

¹² Sogner, Sølvi 2003 band 1: 360-361.

¹³ Framstillinga her byggjer på Theil, Rolf 2008.

akseptert av storsamfunnet, er difor språket likevel på veg til å forsvinna. Nesten alle som i dag meistar språket, er eldre menneske, og det hastar difor med å få teke vare på den språkkunnskapen som desse sit inne med.

Romani har overlevd som eit delvis hemmeleg språk, eit språk nytta som eit internt gruppespråk. Dette må sjåast i samanheng med at det tidlegare ikkje var nokon fordel å identifisera seg sjølv som tatar. Dette har også gjort at få utanforståande har vore klar over kor mykje av språket som faktisk er bevart og delvis i bruk. Mange har trudd at språket var på det næraste utdøydd.

Som eit delvis hemmeleg språk vart norsk romani først og fremst brukt når det var praktisk at ikkje dei fastbuande, *buoane*, forstod det som vart sagt. I dag har synet på eigen identitet og det eigne språket i stor grad endra seg, og det er stor interesse blant romanifolket for å revitalisera språket.

Som dei fleste språk i verda er norsk romani framleis ikkje eit skriftspråk, og ein del av revitaliseringa går nettopp ut på å ta det i skriftleg bruk. I samband med dette kan det vera ulike oppfatningar om korleis språket skal skrivast. Slik variasjon i skrivemåte har ikkje å gjera med variasjon i uttalen, men handlar om at det ikkje finst ei eintydig oppfatning blant dei romanitalande om korleis lydane i språket skal skrivast.

Romani blir elles ofte brukt i kombinasjon med norsk. Det er svært vanleg i fleirspråklege samfunn over heile verda at språkbrukarane uttrykkjer seg ved hjelp av setningar som hentar element frå to språk. Det er dette språkforskarane kallar kodeveksling, jf. også omtale i kap. 7.1.4.5, men det kunne også kallast språkveksling. I Noreg er dette fenomenet kjent ikkje berre frå romanimiljø, men også frå samisk og kvensk og frå innvandarmiljø.

Ved kodeveksling er det vanleg at dei to språka spelar litt ulik rolle i ei setning. Det eine språket fungerer som ei grammatisk ramme som element frå det andre språket blir sette inn i. I romani-norsk kodeveksling er det norsk som fungerer som grammatisk ramme, noko som kjem til uttrykk gjennom norsk ordstilling og ved at dei grammatiske småorda er norske.

Men det lét seg også gjera å snakka reint romani, utan å blanda inn norske ord. I 1993 gav den kjende predikanten Ludvig Karlsen (1935–2004) ut *Romani-folkets ordbok*. Der finst også ein god del setningar på rein romani.

10.4.1.4 Tiltak for styrking av romani

Departementet gav i 2007 eit tilskot på 278 000 kroner til eit språkprosjekt i regi av Taternes lands-

forening. Det er her tale om eit forprosjekt som ledd i arbeidet for å reetablera romani som eit meir fullverdig språk, mellom anna som skriftspråk.

Det er for det første tale om eit viktig innsamlingsarbeid. Det består i å gjera lydbandopptak med gamle tatarar som kan språket godt. For det andre skal lydmaterialaet skrivast ned. Frå før har Taternes landsforening i samarbeid med Dronning Mauds Minne i Trondheim fått utarbeidd fleire hefte med historier der gamle tatarar fortel om kultur og levesett, og dei skal omsetjast til romani.

Målet er at det etter kvart skal kunna lagast lærebøker som kan gje grunnlag for mormålsundervisning i romani i skulen.

Ikkje minst også i regi av Landorganisasjonen for romanifolket går det føre seg eit arbeid for å utvikla eit grunnlag for språkopplæring i romani. Prosjektet fekk i 2005 økonomisk støtte på 50 000 kroner frå dei tilskotsmidlane Arbeids- og inkluderingsdepartementet disponerer til nasjonale minoritetar.

Arbeidet i regi av Landorganisasjonen for romanifolket har teke sikte på å få unge medlemmer til å læra seg språket. Organisasjonen viser til at mange av dei som for første gong hadde stått fram som tilhøyrande romanifolket, har eit sterkt ønske om å læra språket.

Arbeidet i regi av Landorganisasjonen for romanifolket har vore organisert gjennom studieringar.

Det har vore fleire mål med det arbeidet Landorganisasjonen for romanifolket har drive dei siste åra. Prosjektskissa frå 2004 peikte på behovet for ein konstruktiv diskusjon om romanispråket for å motverka mytar om språket og usemje om kva som er det korrekte språket. Vidare var målet å skapa forståing for og kunnskapar om nyansar og dialektar i romanispråket.

Det var også eit mål å samla røynslene frå studieringane for å koma fram til gode og tilpassa metodar for vidare arbeid, dessutan å utvikla rettleiingsmateriell for leiarar av slike studieringar og å utarbeida kompendium med ord som eit supplement og etter kvart til erstatning for den eksisterande ordboka av Ludvig Karlsen.

Det viktigaste målet var å koma i gang med å utvikla materiell til bruk i språkopplæring, i form av ordliste, grammatikk, kassetband og ei meir utdjupande rettleiing både for studieringar og sjølvstudium.

Eit anna viktig bidrag på dette feltet er arbeidet med romanifolkets kultur og historie ved Glomdalsmuseet. Romani-avdelinga ved Glomdalsmuseet vil bli ein viktig stad med tanke på presentasjon av språket og kulturen til romanifolket.

10.4.1.5 Nærare om romanes i dag

Romanes er altså språket til romfolket i Noreg. Omkring 400 personar av romfolket har hatt tilhald i Noreg dei siste ti åra, hovudsakleg i Oslo-området. Det blir lagt til grunn at alle har romanes som morsmål.

I løpet av dei siste ti åra har det også kome enkeltpersonar til Noreg som flyktningar frå Bosnia og Kosovo. Sidan det ikkje finst statistikk over språkleg eller etnisk tilhøyrse (med unnatak av den samiske vallista), vil det eksakte talet på personar som tilhøyrer denne folkegruppa, vera usikkert.

I januar 2007 vart det i Sverige arrangert ein stor språkkonferanse, organisert av Kultursenteret for romfolket i Stockholm (the Roma Cultural Centre in Stockholm). Mottoet for konferansen var «eit språk utan grenser».

Formålet med konferansen var mellom anna å drøfta måtar å finna fram til ein metode for å standardisera språket.

10.4.2 Merknader om oppfølging av Minoritetsspråkpakta

10.4.2.1 Vurderingar frå ekspertkomiteen i Europarådet

I rapporten sin frå 2007 om korleis Noreg etterlever Minoritetsspråkpakta, la ekspertkomiteen i Europarådet vekt på at norske styresmakter har demonstrert vilje til – i samarbeid med representantar for dei respektive språkbrukarane – å støtta både romani og romanes og den kulturen som desse språka er eit uttrykk for.

Det blir likevel peikt på at det ikkje er sett i verk spesifikke legale tiltak for å sikra utvikling og vern av romani og romanes. Komiteen meiner difor at det er meir som kan gjerast for å betra situasjonen, og ser fram til å få meir informasjon om dette i den neste rapporten frå Noreg.

Komiteen oppmodar norske styresmakter til å intensivera innsatsen for å verna og fremja romani og romanes, i samarbeid med dei respektive representantar for språkbrukarane, særleg innanfor utdanningsområdet.

Komiteen konstaterer vidare at det ikkje finst mediepolitiske tiltak som er spesifikt innretta mot romani og romanes, at bruk av desse språka i det offentlege rommet bli hemma av ei motvilje mot å bruka språket anna enn i privat samanheng, og at tilhøva heller ikkje ligg til rette for dette. Komiteen oppmodar norske styresmakter til å ta initiativ til tiltak som kan fremja bruk av romani og romanes i det offentlege rommet.

Komiteen oppmodar vidare norske styresmakter til å intensivera arbeidet med å gje barn frå omreisande familiar eit fast og regelmessig undervisningstilbod. Det blir her peikt på behovet for å finna alternative måtar å organisera undervisninga på for barn av romfolket, under dette fjernundervisning og stipend for potensielle rettleiarar i Noreg eller utanlands, dessutan produksjon av tilpassa læremiddel.

Komiteen har elles notert seg at det i regi av Noregs forskingsråd er initiert eit treårig forskingsprogram om romani-språket og det lingvistiske opphavet til språket. Dessutan viser komiteen til opplysningar frå Noregs forskingsråd om at det er initiert fleire prosjekt for å utvikla romani-språket, men at desse førebels ikkje har gjeve nemnande resultat.

Det blir i den samanheng vist til informasjon komiteen har fått om at det manglar kvalifiserte personar til å gjennomføra nødvendige forskingsaktivitetar. Komiteen oppmuntrar norske styresmakter til å finna alternative løysingar for å gjera noko med denne situasjonen.

10.4.2.2 Tilråding frå Ministerkomiteen i Europarådet

Som avslutning på behandlinga av den tredje norske rapporten til Europarådet om korleis Noreg etterlever Minoritetsspråkpakta, vedtok Ministerkomiteen på møte 16. mai 2007 å tilrå at Noreg styrker innsatsen for å skaffa til vegar undervisningsmaterieil og utdanning av lærarar for undervisning både i kvensk, lule- og sørsamisk og romani og romanes.

10.4.3 Oppsummerande vurdering

Innanfor ramma av denne meldinga har det ikkje vore råd å koma langt nok i arbeidet med å analysa grunnlaget for ein framtidig språkpolitisk strategi for romani og romanes.

Departementet vil difor i dialog med språkbrukarane ta initiativet til ein dialog med sikte på å utforma tiltak for å sikra vern og utvikling av desse språka, mellom anna med utgangspunkt i merknaene frå Europarådet.

10.5 Norsk teiknspråk

10.5.1 Språkbrukarar i ei særstilling

10.5.1.1 Utgangspunkt

Dei typiske teiknspråkbrukarane, dei døve eller sterkt høyrselshemma, står i ei særstilling jamført

med andre språkbrukarar, fordi det i utgangspunktet ikkje er noko alternativ for dei å kunna kommunisera på eit auditivt språk.

Dei er normalt ikkje fysisk i stand til å kommunisera via eit verbalt språk anna enn i skriftleg form, og er difor avhengige av eit visuelt språk – teiknspråket – for i det heile å kunna oppnå primær språkkontakt med andre menneske.

Men dette utgangspunktet gjeld ikkje for alle, for det finst varierende gradar av nedsett høyrsel, og mange teiknspråkbrukarar kan i større eller mindre grad nyttiggjera seg talespråk. Dei kan likevel vera heilt avhengige av teiknspråket for å oppnå fullgod interaksjon med andre.

Dette kan også gjelda menneske som høyrer normalt, men som har ulike former for språkvanskar som gjer at dei likevel ikkje kan gjera seg nytte av talespråket.

10.5.1.2 Medisinsk-tekniske framskritt

Dei siste par tiåra har elles medisinsk-teknologiske framskritt gjort det mogleg å gjenvinna høyrsla for heilt døve personar og betra høyrsla hos dei som i utgangspunktet høyrer så dårleg at høyreapparat ikkje hjelper. Ved å få operert inn såkalla koklea-implantat kan også dei som er fødde som døve, bli i stand til å oppfatta lyd. Mange av dei blir gjennom opptrening i stand til å kommunisera i større eller mindre grad ved hjelp av talespråk.

Resultatet er likevel individuelt. Dei som blir opererte på denne måten, går ikkje automatisk over frå å vera døve til å bli høyrande. Behovet for teiknspråk vil framleis vera til stades, for dei aller fleste, i større eller mindre grad.

10.5.1.3 Ulike perspektiv på teiknspråk

Den særstillinga dei døve og sterkt tunghøyrde tradisjonelt har hatt som språkbrukarar, heng i utgangspunktet saman med den nedsette funksjonsevna dei har. For dei som er fødde som døve, har det visuelle språket vore det einaste språket dei kunne bruka.

Men også for dei som heilt eller delvis har mista høyrsla på ulike stadium i livet, gjeld det at teiknspråket i større eller mindre grad er nødvendig for å overvinna ei nedsett funksjonsevne.

Spørsmål som gjeld teiknspråk, må framleis sjåast som ein del av politikken overfor menneske med nedsette funksjonsevner. Det handlar om å leggja tilhøva til rette for at alle delar av samfunnet skal bli så tilgjengeleg som råd er også for menneske med eit bestemt funksjonshinder.

Dette er i neste omgang ein føresetnad for at dei også skal kunna delta i samfunnet på same vil-

kår som andre. På den måten må tilrettelegging for bruk av teiknspråk i tillegg sjåast i eit demokrati-perspektiv.

Alt i alt kan vi slå fast at for dei som er meir eller mindre avhengige av dette språket, er tilgangen til informasjon på teiknspråk og at dei skal ha sjanse til å gjera seg forstått på teiknspråket, ein grunnleggjande føresetnad for tilgjenge til og deltaking i samfunnet.

10.5.1.4 Teiknspråk i eit språkpolitisk perspektiv

Men i forlenginga av dette ligg det også i høg grad ein språkpolitisk dimensjon. Det grunnleggjande innhaldet i denne dimensjonen handlar om formelle rettar og reelle sjansar til å kunna bruka teiknspråket, dessutan at ingen skal diskriminerast på grunn av det språket dei bruker.

Fordi teiknspråket i utgangspunktet er eit språk som er utvikla til bruk for menneske med ei nedsett funksjonsevne, kan det elles vera ein fare for at språket blir sett på som eit erstatningsspråk. Eit slikt syn kan truleg også forklara at dei som har nytta teiknspråk, ofte har vore sedde ned på av majoritetssamfunnet.

Gradvis har det likevel vakse fram større innsikt i at teiknspråk er eit fullverdig språk på linje med andre språk. Teiknspråk må ikkje sjåast på som ein kommunikasjonsmetode for menneske med nedsette funksjonsevner, men som eitt av fleire språk som blir nytta i eit mangespråkleg samfunn.

I denne meldinga – som skal leggja grunnlaget for ein heilskapleg og sektorovergripande språkpolitikk – er det naturleg nok dette språkpolitiske perspektivet på teiknspråk som står i framgrunnen.

Med utgangspunktet i eit slikt perspektiv må vi slå fast at teiknspråk har ein grunnleggjande verdi i seg sjølv, mellom anna som identitetsmerke og ekte kulturuttrykk for ein språkleg minoritet i det norske samfunnet. Det norske teiknspråket er også eit genuint norsk språk, ein del av den norske kulturarven og ikkje minst ein del av det språklege mangfaldet i landet som vi alle har ei særleg plikt til å ta vare på.

10.5.2 Tilhøvet mellom teiknspråk og talespråk

10.5.2.1 Likt og ulikt talespråk

Teiknspråk og talespråk er skilde språk, men dei ulike teiknspråka som finst i verda, er innanlandske språk som i hovudsak formidlar den same kulturen som talespråket eller talespråka i vedkomande land.

Eit teiknspråk består av eit system av konvensjonelle symbol, eit ordtilfang og eit system av reglar for korleis symbola skal brukast, ein grammatikk. I så måte er ikkje teiknspråka annleis enn talte språk, og dei oppfyller på den måten alle krav som kan stillast til sjølvstendige språk.

Det som derimot skil eit teiknspråk frå eit talt språk, er at det blir formidla manuelt gjennom gestar, ikkje gjennom tale, og at det blir teke imot visuelt, via synet, ikkje via høyrsla. Det er også den skilnaden at teiknspråka saknar eit skriftspråk.

10.5.2.2 Teiknspråk som førstespråk og andrespråk

Ulikt talte språk blir teiknspråk som regel ikkje overført frå foreldre til barn, frå generasjon til generasjon. Fleirtalet av døve barn blir fødde inn i familiar der foreldra er høyrande og bruker talespråk.

Dei som har teiknspråk som *morsmål* i snever meining, er dermed svært få. Dei omfattar berre barn, døve eller høyrande, av døve foreldre. For å dekkja inn også det fleirtalet av døve barn som har høyrande foreldre, bruker ein gjerne i staden for morsmål den meir generelle termen *førstespråk* om det teiknspråket desse barna tileignar seg.

For dei fleste døve barn er altså situasjonen den at foreldra i utgangspunktet ikkje meistrar førstespråket deira, dvs. det teiknspråket som er det einaste språket barnet i utgangspunktet kan ta til seg.

Foreldra må med andre ord i kommunikasjonen sin med barnet bruka eit språk som for dei sjølv er nytt og framandt, og som dei difor må tileigna seg parallelt med at dei overfører det til det døve barnet. Dette fører naturleg nok til at språkutviklinga hos teiknspråkavhengige barn er noko annleis enn for dei fleste andre barn.

Foreldre med døve barn må altså lære seg teiknspråket som *andrespråk*.

Også sysken til døve barn kan tileigna seg teiknspråk som andrespråk. Og ikkje minst vil teiknspråket utgjera eit andrespråk for mange høyrselsskadde personar som har behov for eit språkleg alternativ til talespråket.

Teiknspråk vil også vera andrespråk for tolkar og andre som i yrkessamanheng heilt eller delvis har dette som arbeidsspråk.

10.5.2.3 Teiknspråkbrukarar som tospråkleg minoritet

Her i landet reknar Noregs Døveforbund med at det finst ca. 5000 døve. I tillegg reknar dei med at det er om lag dobbelt så mange – 10 000 personar – som sjølv er høyrande, men som bruker

teiknspråk fordi dei er i familie med eller er venner til døve. Anslaget frå Døveforbundet omfattar dessutan 1500 fagfolk som bruker teiknspråk i yrkesutøvinga si.

Det totale talet på teiknspråkbrukarar i Noreg blir etter dette ca. 16 500.

I alle land utgjer teiknspråkbrukarar ein minoritet blant ein talespråkleg majoritet. På same måten som andre språklege minoritetar må difor teiknspråkbrukarar vera *tospråklege* dersom dei skal ha sjanse til å delta i samfunnslivet på ein tilnærma fullverdig måte.

Dette behovet for tospråkleg kompetanse vil vera til stades jamvel om samfunnet blir lagt mykje betre til rette for teiknspråkbrukarar enn i dag.

I utgangspunktet er likevel døve og mange høyrselshemma tospråklege på ein annan måte enn det som er tilfellet for talespråklege minoritetar. Teiknspråkbrukarar blir ikkje på same måten spontant tospråklege.

For dei døve vil dessutan teiknspråket og majoritetsspråket fylla heilt ulike funksjonar. Teiknspråket har funksjonen som instrument for innlæring av kunnskapar som blir brukte i direkte kommunikasjon med andre, medan majoritetsspråket primært fyller ein rein lese- og skrivefunksjon.

10.5.2.4 Verknader av koklea-implantat

Det at om lag 90 prosent av alle døve barn i dag får operert inn koklea-implantat, vil gjera at mange av dei kan veksla mellom teiknspråk og talespråk, dvs. at dei blir tospråklege på ein annan måte enn dei som vekslar mellom teiknspråk og skriftspråk.

Når det gjeld språkutviklinga for slike barn, kan det elles variera i kva grad ein bør leggja vekt på talespråkleg stimulering eller tospråkleg tilnærming med teiknspråk. Dette er spørsmål som blir nærare behandla i meldinga frå Kunnskapsdepartementet om språkstimulering og språkopp læring.

Det som må strekast under i denne meldinga, er at det medisinsk-teknologiske framsteget som koklea-implantat representerer, ikkje vil gjera teiknspråk overflødig.

For det første er det mange nolevande døve som aldri vil bli opererte på denne måten, både barn og vaksne, og som vil nytta teiknspråket som kommunikasjonsmiddel i heile levetida si.

Dei som blir opererte, får heller ikkje fullgod høyrsel; dei må i regelen klassifiserast som tungheyrde.

I den offentlege utgreiinga om teiknspråk som vart lagd fram i Sverige i 2006, er det streka under at koklea-implantat ikkje gjenskaper naturleg høyrsel, men at det er tale om ei form for kunstig høyr-

sel. Det blir også vist til medisinske evalueringar og språkvitskaplege studiar som alle peiker i retning av at det er viktig for opererte barn å ha tilgang til teiknspråket for at dei skal vera sikra ei god språkutvikling.¹⁴

Også den nyleg framlagde svenske språkløvtgreiinga strekar under tilsvarande synspunkt.¹⁵

Her blir det vist til at koklea-implanat ikkje fungerer like effektivt for alle, at ein del rett nok får hjelp til å tolka lyd slik at dei blir i stand til å kommunisera på talespråk, men at det for andre fungerer mindre bra. Det kan koma av at barnet ikkje trivst med implantatet sitt, at det ikkje fungerer reint teknisk, eller at det ganske enkelt ikkje gjev så god hørselseffekt som føresetnaden var.

Utgreiinga strekar under at barn med koklea-implantat difor ikkje bør klassifiserast som høyrande, at dei treng teiknspråket for alle dei situasjonar i livet der høyrsla ikkje strekk til.

Det blir her vist til at det kan vera vanskeleg for barnet å forstå og uttrykkja det behovet det har for i visse situasjonar å ha tilgang til teiknspråk. Dette er noko barnet til vanleg lærer etter kvart som det blir eldre, men i mellomtida kan det ha gått glipp av mykje kunnskap og sosial kontakt.

Den svenske utgreiinga peiker på at den tiltrua som omgjevnadene kan ha til effekten av koklea-implantatet, ikkje alltid stemmer med den situasjonen barnet opplever, og at dette kan føra til at barnet ikkje får tilfredsstilt det behovet det har for ei tospråkleg utvikling der både talespråket og teiknspråket blir stimulert.

Norsk teiknspråk er og vil i framtida vera ein del av det språklege mangfaldet i Noreg. Det må behandlast som andre fullverdige språk og få den status som naturleg følgjer av dette.

10.5.3 Offisiell status for teiknspråk

10.5.3.1 *Initiativ frå Norges Døveforbund*

I tråd med dette har Norges Døveforbund i mange år arbeidd for å gje norsk teiknspråk høgare status.

Ein resolusjon som vart vedteken på forbundskongressen i 2001, tok til orde for å gjennomføra ei utgreiing med sikte på å lovfesta dei døves rett til teiknspråk. Det heitte at ei teiknspråkløvt måtte sikra retten for dei døve til å delta på alle område i samfunnet, så som retten til bruk av teiknspråk til utdanningsformål, i arbeid og religionsutøving og i samband med helsetenester, for informasjons- og kulturformål og i kultur- og fritidsaktivitetar.

I oversendingsbrev til fleire departement vart dette omtalt som eit arbeid for å lovfesta norsk teiknspråk som «offentlig» språk i Noreg, og seinare har saka vore omtalt som eit spørsmål om å lovfesta norsk teiknspråk som «offisielt» språk.

I brev frå Døveforbundet i mars 2002 vart Kultur- og kyrkjedepartementet bedt om å utgreia kva form ei teiknspråkløvt skulle ha, og kva konsekvensar det ville ha at teiknspråk vart offisielt språk i Noreg.

10.5.3.2 *Utgreiinga frå ABM-utvikling*

I 2003 gav departementet ABM-utvikling i oppdrag å gjennomføra ei utgreiing som mellom anna skulle drøfta kva verkemiddel som kan sikra at teiknspråkbrukarar får delta i samfunnslivet, og at dei får nødvendig informasjon og hjelp i dagleglivet.

Det gjekk fram av premissane frå departementet at det måtte vurderast nærare om lovfesting av teiknspråk som offisielt språk var den beste måten å oppnå dette på. Som mogleg alternativ til ei eiga lov om teiknspråk vart det vist til ei løysing med å sikra språklege rettar for døve gjennom eksisterande lovverk.

Resultatet av dette utgreiingsarbeidet vart i juni 2004 lagt fram i ein eigen rapport med tittelen «*Norsk tegnspråk som offisielt språk*».

Her finst nyttig bakgrunnsinformasjon og ei god kartlegging av dagens situasjon. Rapporten konkluderte med å tilrå at departementet utarbeidde eit lovforslag om at norsk teiknspråk blir offisielt språk i Noreg, men gjorde det ikkje særleg klart kva ein tenkte seg at dette i praksis skulle innebera.

10.5.3.3 *Uttrykket «offisielt språk»*

I Budsjett-innst. S. nr. 2 (2005–2006) vart regjeringa bedt om å halda fram arbeidet med spørsmålet om teiknspråk som offisielt språk.

Både rapporten og den måten saka elles har vore behandla på til no, synest å byggja på ei førestelling om at omgrepet «offisielt språk» i seg sjølv har eit nokolunde fast innhald som det automatisk følgjer visse konsekvensar av.

Men at noko er offisielt, tyder eigentleg ikkje noko anna enn at det er formelt autorisert, eller at det er godkjent av ansvarlege styresmakter. Uttrykket gjev ikkje utan vidare svar på i kva funksjon, for kva formål, til kva bruk det er autorisert eller godkjent.

Alle språk kan difor seiast å ha offisiell status dersom dei direkte eller indirekte er omfatta av eit eller anna slags tiltak som det offentlege er ansvar-

¹⁴ SOU 2006:54: 51-52.

¹⁵ SOU 2008:26: 121-122.

leg for å tilby i medhald av lov, forskrift eller på anna formelt grunnlag. Norsk teiknspråk er mellom anna omfatta av føresegner i opplæringslova som gjev rett til opplæring i og på teiknspråk for elevar som har dette som førstespråk.¹⁶ Også i vidaregåande opplæring har teiknspråklege elevar nærare definerte rettar etter lova.

Likevel blir uttrykket offisielt språk kanskje oftast brukt om språk som i kraft av vedtak eller sedvane har rettsleg status som offentleg administrasjonsspråk i eit land. Dette er som regel identisk med majoritetsspråket i landet, såleis norsk i Noreg, svensk i Sverige og dansk i Danmark.

Her i landet blir dessutan samisk rekna som offisielt språk i kraft av den særskilde grunnlovsføresegna og gjennom føresegna i samelova som seier at samisk og norsk er likeverdige språk, og at dei skal vera likestilte språk etter dei nærare reglane i den same lova. Gjennomgåande har likevel ikkje samisk og norsk same funksjonar som administrasjonsspråk i det norske samfunnet. Jamført med norsk er det offisielle bruksområdet for samisk avgrensa gjennom dei nærare språkreglane i lova.

Det at Noreg har ratifisert den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk, og at ratifikasjonen i tillegg til samisk er gjort gjeldande også for kvensk, romani og romanes, har gjeve desse språka ein særskild folkerettsleg status. Dermed har Noreg teke på seg visse plikter overfor desse språka, og også desse har på den måten fått ein offisiell status her i landet.

Vi ser av dette at uttrykket «offisielt språk» kan nyttast om språk med svært ulik formell og reell status, og at tydinga av uttrykket og dei substansielle følgjene av det kan variera mykje.

Det typiske for den offisielle status som ulike språk kan seiast å ha, er at han har ulik innretning og ulik styrke for dei ulike språka, og at også rettsgrunnlaget kan vera ulikt.

Slik sett blir uttrykket offisielt språk diffust, og det representerer dermed ikkje noko godt utgangspunkt for arbeidet med å betra stillinga for norsk teiknspråk og norske teiknspråkbrukarar.

Utgangspunktet er at norsk teiknspråk frå før kan seiast å ha ei form for offisiell status, primært gjennom føresegnene i opplæringslova. Departementet ser likevel eit klart behov for å gje språket høgare offisiell status. Ein slik status må byggja på eit meir generelt språkpolitisk grunnlag.

10.5.3.4 Svensk og finsk jamføring

Her er det mellom anna grunn til å visa til situasjonen i Sverige. Her gjorde Riksdagen alt i 1981 eit vedtak som godkjende («erkände») det svenske teiknspråket som dei døve sitt førstespråk.

I den offentlege utgreiinga om svensk teiknspråk frå 2006 heiter det om denne avgjerda at ho gav teiknspråket offisiell status som språk og stilling som undervisningsspråk ved undervisning av døve og høyrselsskadde. Gjennom at det svenske teiknspråket på denne måten vart offisielt godkjent som eit fullverdig språk, heiter det vidare, vart det lettare for dei teiknspråklege å hevda språket sitt og interessene sine i ulike samanhengar.¹⁷

Det er grunn til å merka seg at den sterke status teiknspråket har i Sverige, ikkje har grunnlag i lov. I Finland derimot er det fastsett i grunnlova frå 2000 at rettar for dei som bruker teiknspråk, og for dei som på grunn av handikapp treng tolkings- og omsetjingsstøtte, skal sikrast gjennom lov.

Denne grunnlovsføresegna er følgd opp gjennom ulike føresegner om teiknspråk i relevante særlover. Også i Sverige finst ulike føresegner om teiknspråk i særlovgevinga. Ingen av landa har eigne lover om teiknspråk, verken generelle overordna lover eller lover som meir i detalj samlar dei ulike rettane teiknspråkbrukarane har til å få informasjon på teiknspråk eller til å bruka teiknspråk i ulike situasjonar på ulike samfunnsområde.

Likevel er Sverige og Finland på teiknspråkområdet lyfta fram som førebilete for andre land i ein rapport frå 2003 utarbeidd på oppdrag av komiteen for juridiske spørsmål og menneskerettar i den parlamentariske forsamlinga i Europarådet.¹⁸

10.5.3.5 Offisiell godkjenning av norsk teiknspråk

Departementet finn heller ikkje her i landet at det vil vera formålstenleg å ta som utgangspunkt at det bør utarbeidast ei eiga lov om teiknspråk, og i alle fall ikkje ei lov som meir i detalj skal regulera kva rettar teiknspråkbrukarar har eller skal ha i ulike samanhengar. Dette bør regulast i særlovgevinga. Desse rettane bør også sjåast i samheng med rettar for menneske med andre kommunikasjons-handikapp.

Departementet vil likevel gå inn for ei løysing som inneber at norsk teiknspråk får høgare offisiell status gjennom ei generell lovforankring. Det kan best skje ved at norsk teiknspråk blir omfatta av ei allmenn språklov, slik det er gjort framlegg om i kap. 3 i denne meldinga.

¹⁶ Stortinget vedtok 23. mai 2008 å utvida retten til teiknspråk-opplæring for elevar i grunnskulen ved at lova opnar for at fleire barn får rett til opplæring i og på teiknspråk, jf. Besl. O. nr. 82 (2007-2008).

¹⁷ SOU 2006:54: 78.

¹⁸ Bruce, Malcolm 2003. Her referert etter SOU 2006:54: 78.

Grunngjevinga for ei allmenn språklov er først og fremst behovet for å gje eit sterkare fundament for arbeidet med styrking av norsk språk.

Men departementet legg til grunn at ei slik lov også bør innehalda tilpassa og oppdaterte føresegner om samisk, gamle og nye minoritetsspråk og om norsk teiknspråk. Målet vil vera å koma fram til ei lov som gjev eit samla uttrykk for den norske språksituasjonen, og som nærare definerer kva status og rolle også andre språk enn norsk skal ha innfor denne totaliteten.

For norsk teiknspråk vil ei slik løysing i seg sjølv innebera ei klar statusheving gjennom overordna lovforankring, og dessutan ei tydeleg markering av at omsynet til norsk teiknspråk og norske teiknspråkbrukarar for framtida skal inngå som ein integrert del av ein samla språkpolitikk i Noreg.

Departementet tek også sikte på at Språkrådet, som statens fagorgan i språkspørsmål, skal få eit utvida ansvar for andre språk enn norsk, og at dette også skal omfatta norsk teiknspråk. Ei tenkjeleg løysing vil då vera at det i Språkrådet blir oppretta ei eiga stilling som teiknspråkkonsulent. Også dette er nærare omtalt i kap. 3.

Ei løysing med ei allmenn språklov som også omfattar teiknspråk, vil i prinsippet vera i samsvar med det forslaget som vart lagt fram i den svenske språklovutgreiinga 18. mars i år. Dette lovframlegget omfattar i alt 16 paragrafar, og to av dei inneheld føresegner om teiknspråk.

Departementet vil arbeida vidare med spørsmålet om utforming av ei norsk språklov slik som skissert i kap. 3.

10.5.3.6 Tilhøvet til Minoritetsspråkkonvensjonen

I tillegg til å gje norsk teiknspråket høgare status i Noreg er det også behov for å arbeida internasjonalt for å gje teiknspråk generelt ei sterkare folkerettsleg stilling.

Mellom anna har det i samband med ein gjennomgang av den nordiske språkkonvensjonen vore vurdert om teiknspråk så langt råd er kan likestillast med talte språk.¹⁹

Under behandling av den nordiske språkdeklarasjonen hausten 2006 vedtok Nordisk råd ein rekommandasjon 23/2006, som mellom anna oppmodar Nordisk ministerråd å gje teiknspråk den same stillinga som lovfesta minoritetsspråk.

Det har også vore spørsmål om teiknspråk kan koma inn under den europeiske pakta om regions- og minoritetsspråk.

Kravet til minoritetsspråkstatus er at eit språk tradisjonelt blir brukt innanfor ein stat av ei gruppe borgarar av denne staten som i tal er mindre enn resten av folket i staten, og at språket er forskjellig frå det offisielle administrasjonsspråket i staten. Desse kriteria gjer at dialektar og nyare innvandrarspråk fell utanom. For å kvalifisera som minoritetsspråk må språket også talast av så mange personar at det rettferdiggjjer statlege tiltak for å verna og fremja språket.

I utgangspunktet tilfredsstiller dei nasjonale teiknspråka desse krava, og slik sett kunne det ligga til rette for at teiknspråk fekk status som ikkje-territoriale minoritetsspråk etter konvensjonen.

Som motargument har det vore vist til at språkkonvensjonen er ein kulturkonvensjon som tek sikte på å støtta historiske språk som er ein del av den europeiske kulturarven, og at den funksjonen teiknspråket har, ikkje først og fremst er kulturell. Det er då lagt vekt på at teiknspråk først og fremst er eit kommunikasjonsmiddel.²⁰

Også minoritetsspråkkomiteen i Europarådet har lagt til grunn eit slikt synspunkt, dvs. at den europeiske språkkonvensjonen er ein kulturkonvensjon som tek sikte på å verna og utvikla historiske minoritetsspråk, ikkje språklege minoritetar.

I den svenske teiknspråkutgreiinga frå 2006 blir ein del av grunnlaget for denne tolkinga avvist:

«Jag delar inte minoritetsspråkkommitténs bedömning att teckenspråkets funktion inte i första hand kan ses som kulturell. I likhet med andra språk är teckenspråk både ett kommunikationsmedel och ett medel att skapa kulturell gemenskap; der är över huvud taget mycket vanskligt att skilja på dessa uppgifter. Svensk teckenspråk uppfyller mycket väl de grundläggande kriterierna för territoriellt obundna minoritetsspråk enligt Euroaprådets ramkonvention. Det har använts av hävd i Sverige, det skiljer sig påtagligt från majoritetsspråket och det används av ett så stort antal individer att det motiverer olika åtgärder för skydd och främjande.»²¹

I utgreiinga blir det likevel vedgått at den tospråklege kompetansen som dei døve oppnår, i større grad er monokulturell enn det som er situasjonen når det gjeld talte minoritetsspråk. For teiknspråket formidlar i store trekk den same kulturen som det svenske nasjonalspråket, i og med at dei fleste teiknspråkbrukarar er fødde i Sverige av svensktalande foreldre.

¹⁹ SOU 2008:26: 98.

²⁰ SOU 2006:54: 83-85.

²¹ SOU 2006:54: 90.

Difor er det oftast den kulturarven og dei tradisjonane som høyrer til majoritetssamfunnet, teiknspråkbrukarane får formidla gjennom familie og nærmiljø. Dette gjer at det høver mindre bra å gje teiknspråket minoritetsstatus med grunnlag i ein konvensjon som har som hovudformål å fremja språk som eit uttrykk for ein særskild kulturarv.

Den svenske teiknspråkutgreiinga legg i tillegg vekt på at språkkonvensjonen heller ikkje elles er skriven med tanke på teiknspråk. Difor er fleire av føresegnene i konvensjonen ikkje utan vidare relevante for teiknspråk.

Det blir her vist til at teiknspråket for dei døve på ein heilt annan måte enn talte minoritetsspråk er tufta på eit grunnleggjande behov, og at teiknspråkbrukarar i mykje større grad har behov for tolk og for å få informasjon på sitt eige språk.

Dette inneber at fleire av rettane i språkkonvensjonen er inadekvate eller utilstrekkelege for teiknspråkbrukarar.

Utgreiinga legg difor til grunn at dei formåla som språkkonvensjonen har, ikkje fell saman med og ikkje er godt nok tilpassa dei behov som er dei mest påtrengjande for teiknspråket og for dei språkbrukarane som er avhengige av dette språket. Skilnadene er for store.

Konklusjonen er at teiknspråket treng eit vern som er sterkare og annleis enn det som ville følgja av minoritetsspråkstatus, og at det bør få ei folkerettsleg stilling som ikkje er identisk med, men som tilsvarer det som gjeld språka til nasjonale minoritetar.

Det heiter at dette siktemålet bør liggja til grunn for det vidare arbeidet med svensk språkløvgjeving, ved revisjon av den nordiske språkkonvensjonen og i samband med utforming av nordisk språkpolitikk. Det heiter avslutningsvis at Sverige i Europarådet bør arbeida for ein konvensjon som gjev dei europeiske teiknspråka ein status som tilsvarer minoritetsspråkpakta.

Frå norsk side vil det vera viktig å følgja nøye korleis dette blir følgt opp internasjonalt.

10.5.4 Anna arbeid for norsk teiknspråk

10.5.4.1 Eksisterande rettar for teiknspråkbrukarar

Parallelt med arbeidet for å gje norsk teiknspråk ein høgare status på eit overordna språkpolitisk grunnlag må det arbeidast vidare med å leggja til høve praktisk til rette for teiknspråkbrukarar på ulike samfunnsområde. I dette inngår også spørsmålet om i kva grad det er grunnlag for å byggja vidare ut dei rettar som teiknspråkbrukarane har gjennom særlovgevinga.

I dag er det føresegnene i opplæringslova som er grunnleggjande.

Utgangspunktet er elles at det er mangelen på kompetanse i teiknspråk som representerer det viktigaste hinderet for å kunna kommunisera på teiknspråk utanfor døvemiljøa sjølve. Svært få ikkje-døve kan teiknspråk. Det gjeld også tilsette i offentleg forvaltning.

Folketrygdlova gjev difor dei som ikkje kan kommunisera på talespråk, rett til gratis tolk for at dei skal kunna fungera i dagleglivet, i utdanning og arbeid og i samband med polikliniske helsetenester. Tolkeordninga blir administrert av Nav Hjelpemiddelsentral.

Vidare blir forvaltningslova tolka slik at eit forvaltningsorgan har plikt til å skaffa tolk for høyrselshemma som treng det. Tolk kan tingast frå Nav Hjelpemiddelsentral. Utgiftene skal dekkjast av forvaltningsorganet. Tilsvarande gjev domstollova rett til tolk for dei som skal forklara seg i retten.

Den høyrselshemma må sjølv sørgja for å tinga folketrygdfinansiert tolk. Det er opp til brukaren å avgjera til kva formål i dagleglivet vedkomande vil bruka tolk eller ha følgje av tolk, og også på kva tidspunkt tolkinga skal skje.

Problemet er at det ikkje finst god nok tilgang på tolkar. Behovet for tolk blir ofte ikkje forstått, heller ikkje den praktiske tilrettelegginga som krevst for at ein høyrselshemma skal kunna bruka tolk til dømes på eit politisk møte. Dessutan synest det heller ikkje i offentleg forvaltning å vera godt nok kjent at dei har plikt til å tinga og betala for tolk.

Føresegnene i folketrygdlova om rett til tolkehjelp står i kapitlet om ytingar under medisinsk rehabilitering. Tolkehjelp er ei teneste på linje med tekniske hjelpemiddel for menneske med nedsett funksjonsevne.

10.5.4.2 Pågåande arbeid og vidare initiativ

Regjeringa vil ta initiativ til å få utgreidd vidare kva rettar teiknspråkbrukarar skal ha, og kva plikter offentlege styresmakter og andre instansar skal ha overfor teiknspråkbrukarane og utviklinga av teiknspråket og teiknspråkkulturen.

Utgreiinga må også vurderer i kva grad og på kva måte dette treng forankring i lovverket. I dette arbeidet må det takast omsyn til kva som vil vera råd å gjennomføra både på kort og på lang sikt. Her er det særleg tilgangen på teiknspråktolkar som er den kritiske faktoren.

Noko av det som må vurderast, er kva plikter som kan følgja av ratifikasjon av FN-konvensjonen

om rettar for menneske med nedsett funksjonsevne.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet bad i oktober 2007 Arbeids- og velferdsdirektoratet om å laga en rapport med eit samla og framtidsretta oversyn over området tolking og kommunikasjons-tenester. I samband med dette har det vore arbeid med å laga ein heilskapleg plan for vidareutvikling av tenestetilbodet. Brukarperspektivet blir teke vare på gjennom ei referansegruppe som er breitt samansett. Rapporten vart avlevert til Arbeids- og inkluderingsdepartementet våren 2008.

Stortinget har nyleg vedteke ny diskriminerings- og tilgjengelegheitslov for menneske med nedsett funksjonsevne, jf. Ot.prp. nr. 44 (2007–2008) og Innst. O. nr. 68 (2007–2008). Mellom anna vil kravet i lova om universell utforming kunna føra til betre tilhøve også for teiknspråkbrukarar. Som nemnt i proposisjonen vil regjeringa arbeida vidare med å greia ut spørsmålet om rettskrav på tilgang til informasjon, varer og tenester.

Kyrkje- og kulturdepartementet skal greia ut om det bør innførast generelle krav til teksting og teiknspråktolking for digitale medium på fjernsynsområdet.

10.6 Oppsummering av prioriterte tiltak

- 1 Kultur- og kyrkjedepartementet har eit overordna språkpolitisk ansvar også overfor samisk, språka til nasjonale minoritetar, norsk teiknspråk og elles andre minoritetsspråklege grupper i Noreg.
- 2 Regjeringa vil følgja opp merknader og tilrådingar frå ekspertkomiteen og ministerkomiteen i Europarådet om korleis Noreg etterlever konvensjonen om regions- og minoritetsspråk.
- 3 Regjeringa vil setja i gang eit arbeid med sikte på å utvikla ein handlingsplan for samisk språk.
- 4 Regjeringa vil følgja opp rapporten frå 2007 om evaluering av språkreglane i samelova i samarbeid med Sametinget, også som eit viktig grunnlag for handlingsplanen for samisk språk.
- 5 Regjeringa legg til grunn at det er viktig å skipa tospråklege samfunn der dette lèt seg gjera, og er positiv til ei ytterlegare utviding av forvaltningsområdet for samisk språk.
- 6 Departementet vil halda fram arbeidet med å verna og styrkja kvensk språk.
- 7 Departementet vil vurdera å invitere representantar frå kvenene, alle dei aktuelle departementa og representantar for relevante fagmiljø til ein større konferanse om revitalisering av kvensk språk.
- 8 Departementet vil drøfta med dei ansvarlege kva som skal til for å vidareutvikla og styrkja den kvenske avisa Ruijan Kaiku.
- 9 Departementet vil leggja til rette for å intensivere arbeidet med innsamling og registrering av samiske og kvenske stadnamn.
- 10 Departementet vil ved vurdering av rammevilkåra til Kvensk institutt leggja vekt på behovet for å få fortgang i arbeidet med å standardisera kvensk språk.
- 11 Relevante departement vil vurdera kva som kan gjerast for å tryggja minoritetsspråka romani og romanes.
- 12 Departementet tek sikte på å forankra det overordna ansvaret det offentlege har for norsk teiknspråk, i den generelle språklova som er nærare drøfta i kap. 3 i denne meldinga.
- 13 Det vil bli vurdert å oppretta ei stilling som teiknspråkkonsulent i sekretariatet i Språkrådet.
- 14 Departementet vil også i internasjonal samanheng arbeida for å gje teiknspråk ei sterkare stilling.
- 15 Regjeringa vil vurdera situasjonen for teiknspråkbrukarane med omsyn til praktisk tilrettelegging for bruk av teiknspråk på ulike samfunnsområde og dei formelle rettar og plikter som er knytte til dette.
- 16 Departementet vil gje Språkrådet i oppdrag å byggja opp ei oversikt over nordiske eller europeiske fagmiljø som kan gje nordmenn med minoritetsspråkleg bakgrunn informasjon om språket deira.
- 17 Departementet vil vurdera kva konkrete oppgåver Språkrådet kan vareta når det gjeld dei nyare innvandrarspråka i Noreg.

11 Nordisk språkfelleskap og språksamarbeid

11.1 Nordisk språksamarbeid

11.1.1 Historisk forankring

Den kulturelle og språklege fellesskapen i Norden var ein grunnleggjande føresetnad for opprettinga av Nordisk råd i 1952 og utviklinga av samarbeidet mellom dei nordiske landa.

Språkfellesskapen var også ein viktig faktor då det nordiske samarbeidet vart formalisert gjennom Helsingfors-avtalen i 1962 og Nordisk ministerråd vart oppretta som det formelle forumet for samarbeid mellom dei nordiske regjeringane i 1971. Same året kom også den nordiske kulturavtalen som hadde som mål å vidareutvikla den nordiske kulturfellesskapen og auka den samla effekten av landa sine satsingar på utdanning, forskning og anna kulturell verksemd.

Det nordiske språksamarbeidet har ei lang historie, med røter heilt tilbake til 1800-talet. I mellomkrigstida fekk språksamarbeid eit oppsving, og det vart halde nordiske språkmøte både i 1937 og i 1938.

I 1950-åra, då det vart oppretta språknemnder i alle dei nordiske landa, fekk samarbeidet fastare former. Det første nordiske språkmøtet i regi av språknemndene vart arrangert i 1954. Etter dette har det vore slike møte kvart einaste år, og arrangementsansvaret har gått på omgang dei nordiske landa og sjølvstyreområda imellom. Ved sida av desse formelle møta var det i det minste i 1970-åra møtekontaktar på sekretariatsnivå for behandling av praktiske spørsmål.

Etter kvart voks det fram eit behov for eit fast nordisk samarbeidsorgan på språkområdet, og språknemndene vart samde om å foreslå etablert eit nordisk språksekretariat. Etter behandling i Nordisk råd vart Nordisk språksekretariat oppretta i 1978 som eit organ under Nordisk ministerråd. Sekretariatet fekk sin base i Oslo, med først og seinare tre fast tilsette.

Nordisk språksekretariat fungerte ikkje berre som eit samarbeidsorgan for språknemndene. I tillegg arrangerte sekretariatet kurs og konferansar og hadde ansvaret for ei rekkje aktivitetar for å fremja nabospråkundervisning og gjensidig språkforståing, mellom anna Nordenundervisning i

utlandet, lektorsamarbeid og samarbeidstiltaket *Nordspråk*.

Språksekretariatet stod for fleire konferansar og gav også ut ulike skrifter og rapportar, mellom anna årboka *Språk i Norden*.

Boka *Nordens språk* kom seinare ut også på japansk og engelsk. Sekretariatet gav vidare ut ein publikasjon om *Nordens språk i EUs Europa* og eit hefte med tittelen *Att forstå varandra i Norden*, som på den tida vart delt ut gratis til alle deltakarar på nordiske møte.

I 1996 vart språksekretariatet lagt ned, i samband med omorganiseringar i Nordisk ministerråd.

Etter nedlegginga av språksekretariatet var det nordiske språksamarbeidet i Nordisk ministerråd ei stund meir fragmentert. Dei nordiske språknemndene skipa på eige initiativ samarbeidsorganisasjonen *Nordisk språkråd* og heldt fram med nettverkssamarbeidet og dei nordiske språkmøta.

I 1999 etablerte Ministerrådet ei språkpolitisk referansegruppe, som i tillegg til å fungera som rådgjevande organ i språkpolitiske spørsmål fekk ansvar mellom anna for forvaltninga av eit program for nordisk språkforståing, kalla *Nordmål*.

I 2004 vart både Nordisk språkråd og den språkpolitiske referansegruppa lagde ned. I staden oppretta Nordisk ministerråd det rådgjevande organet *Nordens språkråd*. Det uttalte formålet var å samordna den språkpolitiske innsatsen i det nordiske samarbeidet.

Nordens språkråd fekk ansvaret for språkpolitikken i regi av Nordisk ministerråd, for forvaltninga av støtteprogrammet *Nordmål*, seinare *Nordpluss språk*, dessutan for samarbeidet mellom språknemndene og for *Samarbeidsnemnda for nordenundervisning i utlandet*.

11.1.2 Organisatorisk forankring

Språksamarbeidet i Nordisk ministerråd har sidan starten vore organisert under dei nordiske utdanningsministrane, som ein del av det forskings- og utdanningspolitiske samarbeidet. Språk og språkpolitikk er likevel eit tverrgående samarbeidsområde, og for det nordiske språksamarbeidet er difor

programma og verkemidla både på utdanningsområdet og på kulturområdet aktuelle.

I 2006 vart det sett ned eit utval under Nordisk ministerråd for å vurdera den framtidige organiseringa av det nordiske samarbeidet på språkområdet. Rapporten frå utvalet vart levert hausten 2007 og konkluderte med at ansvaret for språkpolitikken i framtida bør knytast til samarbeidsområdet for kultur.

Ei sentral grunngeving for dette er at dei overordna problemstillingane i språkpolitikken først og fremst høyrer heime i kulturpolitikken. Dessutan blir det vist til at ansvaret for dei ulike fagområda i Ministerrådet bør følgja ansvaret nasjonalt. Ansvaret for språkpolitikken i alle dei nordiske landa ligg i dag i kulturministeria, eller i kulturdelen av ministeria i dei tilfella der det er felles kultur- og utdanningsministerium.¹

Det er førebels ikkje teke noka avgjerd i spørsmålet om å overføra ansvaret for språkpolitikken frå det utdanningspolitiske til det kulturpolitiske samarbeidsområdet.

Den deklarasjonen om nordisk språkpolitikk som vart vedteken av Nordisk råd hausten 2006, er eit godt grunnlag for å fornya det nordiske språksamarbeidet og for å gje språkpolitikk ein meir framskoten plass også i det nordiske samarbeidet, jf. nærare omtale under kap. 1.2.2.6, kap. 4.4 og kap. 6.3.3.

Språkdeklarasjonen føreset også oppfølging gjennom tiltak på nasjonalt plan. Slik sett vil dette dokumentet kunna tena som inspirasjon også for dei enkelte landa og dei enkelte sjølvstyrte område i Norden i deira eige språkpolitiske arbeid.

11.1.3 Den nordiske språkfelleskapen

Språkdeklarasjonen bør også vera ei påminning for alle i Norden om å ta vare på den umistelige verdien som den nordiske språkfelleskapen representerer.

Det blir ofte hevda at denne språkfelleskapen er noko einståande i verdssamanheng, og at det unike består i at skandinavar kan nytta sitt eige morsmål i kommunikasjon med alle som taler eit av dei to andre skandinaviske språka. Men slik kommunikasjon mellom språkbrukarar med nærskylde morsmål er tvert imot ganske vanleg rundt om i verda.

Det som har gjort den nordiske språkfelleskapen spesiell, er den politiske viljen til å halda han ved like.

Det er denne politiske viljen som er stadfesta og styrkt gjennom vedtaket i Nordisk råd om ein eigen språkdeklarasjonen. Dette dokumentet er nettopp ei politisk viljeserklæring som særleg strekar under behovet for å styrkja arbeidet med å vedlikehalda og utvikla den gjensidige språkforståinga i Norden.

Med dei mange nye språkpolitiske utfordringane vi møter i ei globalisert verd, er denne språkforståinga i dag endå mindre enn før noko vi kan ta for gjeve.

I dag har dessutan ein fjerdedel av dei nordiske innbyggjarane eit anna morsmål enn dansk, svensk og norsk. Mange finnar forstår ikkje svensk, trass i at svensk er eit offisielt nasjonalspråk i Finland, og endå mindre forstår dei norsk og dansk.²

11.2 Internordisk språkforståing

11.2.1 Nabospråkforståing

Fleire granskingar dei siste tiåra har gong etter gong påvist at nordmenn kjem best ut når det gjeld å forstå dei andre skandinaviske språka. Dette bør heller ikkje overraska.

Den geografiske plasseringa Noreg har saman med Sverige på den skandinaviske halvøya, gjer det naturleg at talemålet i dei to landa våre er svært likt. Vi har i store drag den same uttalen. Dansk uttale derimot skil seg på mange viktige punkt klart ut både frå norsk og svensk.

På den andre sida, når det gjeld ordtilfanget, er det svenskane som skil seg ut. Nordmenn og danskar har i stor grad eit felles ordtilfang. Dette har sjølv sagt samanheng med at vi har ei firehundreårig felles historie i union med Danmark, og at svært mange av kulturorda i dei to landa våre dermed er dei same.

Den spesielle språkhistoria vår har altså gjort at vi har spesielt gunstige føresetnader for å forstå nabospråka, i og med at vi har uttalen felles med svenskane og orda felles med danskane, medan svenskar og danskar må slita med skilnader både i uttale og ordtilfang når dei skal tala saman.

I tillegg til dette kjem at Noreg har to norske målformer, medan danskar og svenskar har eitt nasjonalspråk. I Noreg har vi dessutan ein dialektflora som er langt meir levande og kan høyrast i fleire språkbrukssituasjonar enn tilfellet er i grannelanda. Der er dei tradisjonelle dialektane anten på det næraste uttrydda, eller dei kan berre høyrast i levande bruk i lokalmiljøet.

¹ Heder, Eivind et al. 2007.

² Mikkelsen og Sørensen 2004.

For di nordmenn er så mykje meir vane med variasjon, både i tale og skrift, har vi også mykje betre føresetnader for å meistra den variasjonen vi opplever i møtet med dansk og svensk.

11.2.2 Undersøkingane i 1972 og 2005

Den første undersøkinga av den internordiske språkforståinga vart gjennomført i 1972. Undersøkinga stadfesta at nordmenn forstår nabo- språka best, at mindre enn halvparten av svenskane og finlandssvenskane har god forståing av munnleg dansk, og at få finnar forstår kva danskane seier.³

I 2005 vart det gjennomført ei ny, stor undersøking av den internordiske språkforståinga. Prosjektet handla særleg om korleis danske, svenske og norske ungdommar forstår nabo- språka.

Også denne undersøkinga viste at nordmenn er klart betre enn svenskar og danskar til å forstå nabo- språka. Danskane er noko betre på nabo- språkforståing enn svenskane, og dei forstår også svensk og norsk betre når dei les, enn når dei lyttar.

Bokmål er lettare å lesa enn nynorsk for danskar, men for svenskane er det motsett.

Svenskar og finlandssvenskar er omtrent like gode på lytteforståing og leseforståing, medan dei forstår dansk mykje betre når dei les, enn når dei lyttar. Nordmenn klarer svensk lytte- og leseforståing omtrent like godt, medan dei er klart betre på dansk leseforståing enn lytteforståing.

Samanlikna med undersøkinga frå 1972 tyder resultatata på at nabo- språkforståinga i Danmark og Sverige er svekt, medan situasjonen for Noreg stort sett er uendra. I Sverige er det først og fremst danskkunnskapane som er vortne dårlegare, særleg forståinga av talt dansk, medan det i Danmark ser ut til å ha vorte ei dårlegare forståing av både svensk og norsk.

Undersøkinga viste elles at ungdommane i Norden er dyktige i engelsk. Dei er nesten gjen- nomgåande betre i engelsk enn i nabo- språka. Færøyingane er dei einaste som er betre i eit skandina- visk språk enn i engelsk. Danskane og finnane har noko dårlegare engelskkunnskapar enn dei andre nordbuane.⁴

11.2.3 Intern språkkontakt og eksternt språkpress

Kjerneområdet for den skandinaviske språkfelles- skapen, Noreg og Sverige, samhandlar generelt

godt og kommuniserer med sine egne språk. Den norsk-svenske arbeidsmobiliteten er god og er med på å styrkja språkforståinga mellom landa. I ytterkantane ser vi derimot klare tendensar til at mange fjernar seg frå det nordiske ved i større grad å nytta engelsk. Island har nyleg skifta frå dansk til engelsk som første framandspråk i skulen. Finland har tidlegare gjort det same for finnar som før hadde svensk som sitt første framand- språk. Denne utviklinga fører mellom anna til at stadig færre islendingar og finnar kan kommuni- sera med sine nordiske naboar på eit skandinavisk språk.

Språkkontakten mellom dei nordiske landa har gjennom tidene vore avgjerande for utviklinga av dei nordiske språka. I dag er det særleg kontakten med engelsk som har innverknad på språkutvik- linga. I perioden 2002–2006 finansierte Nordisk ministerråd eit stort fellesnordisk forskingspro- sjekt om behandling av moderne importord i dei nordiske språka.⁵

Dei nordiske landa har valt ulik strategi for å møta påverknaden frå engelske importord. Dan- mark er truleg det minst puristiske landet i Nor- den, medan Island kan plasserast på den andre ytterkanten. Innlånet av engelske og amerikanske ord på område som forskning, medium, handel og teknologi i dei nordiske landa er generelt stort.

I dag ser ein tendensar til at engelsk i aukande grad blir nytta som kommunikasjonsspråk mellom unge nordiske språkbrukarar.⁶ Engelsk ser også ut til å ta over som bruksspråk både innanfor høgare utdanning og innanfor nærings- og arbeidslivet. Domenetap på fleire område er difor ei reell utford- ring for alle dei nordiske språka.

11.3 Verkemiddel i det nordiske språk- samarbeidet

11.3.1 Verkemiddel på utdanningsområdet

Den viktigaste aktøren på språkområdet i det nor- diske samarbeidet i dag er Nordens språkråd. Nor- dens språkråd skal arbeida for å fremja internor- disk språkforståing og språkmeistring, styrkja den nordiske språkfelleskapen og kunnskapen om språk i Norden. Nordens språkråd skal også fremja ein demokratisk språkpolitikk og styrkja dei nor- diske språka si stilling i og utanfor Norden. Nor- dens språkråd skal ta utgangspunkt i dei politiske prioriteringane som kjem til uttrykk i Nordisk

³ Maurud, Øivind 1976. Undersøkinga vart gjennomført i 1972 og publisert fire år seinare

⁴ Delsing och Åkesson 2005.

⁵ Prosjektet Moderne importord ved Helge Sandøy, Universi- tetet i Bergen.

⁶ Sletten (red.) 2004: 9.

ministerråds overordna strategiar og handlingsplanar.

Nordens språkråd har fire hovudoppgåver. Dette er for det første å fungera som eit sakkunnig organ for Nordisk ministerråd i saker som gjeld nordiske språkspørsmål og nordisk språkpolitikk. For det andre skal det ha ansvaret for samarbeidet med dei nordiske språknemndene, og for det tredje skal Nordens språkråd ta eigne initiativ og løyva midlar til alle former for innsats som er med på å nå dei språkpolitiske måla. For det fjerde skal Nordens språkråd administrera støtteprogrammet *Nordpluss språk og kultur*.

Nordens språkråd har 14 medlemmer. Det er to representantar for kvart av dei nordiske landa Danmark, Finland, Island, Noreg og Sverige, ein representant frå kvart av dei sjølvstyrte områda Grønland, Færøyane og Åland og ein samisk representant. Det blir halde minst to møte i året, og ordførarskapen følgjer det landet som har ordførarskapen i Ministerrådet.

Hovudmålsetjingane for det tverrgåande støtteprogrammet *Nordpluss språk og kultur* er å styrkja språkforståinga og særleg nabospråkforståinga (dansk, norsk og svensk) og å stimulera interessa for, kunnskap om og forståinga for nordiske kulturar, språk og levevilkår. Nordens språkråd har ansvaret for programmet og ansvaret for den innhaldsmessige utviklinga av programmet. Gjennom programmet blir det gjeve støtte til etablering av nettverk, opplysningsarbeid, forskingsprosjekt, konferansar, kurs, språkteknologisk samarbeid, ordbokprosjekt, utvikling av læremiddel og undervisningsmateriale på språkområdet. I åra 2004–2007 har det vore om lag 8 mill. danske kroner årleg til utdeling, medan det i perioden er søkt om støtte for det tredobbelte. I 2008 er den samla løyvinga til programmet 10,027 mill. danske kroner.

Nordpluss rammeprogram 2008–2011 er Nordisk ministerråds mobilitets- og nettverksprogram på utdanningsområdet. Rammeprogrammet er delt i dei tre sektorprogramma *Nordpluss junior*, *Nordpluss høgare utdanning* og *Nordpluss vaksen* og i ein tverrsektoriell del – *Nordpluss horisontal*. *Nordpluss språk og kultur* som er omtalt ovanfor, ligg utanfor rammeprogrammet.

Overordna målsetjingar for Nordpluss ramme-program er mellom anna å fremja nordisk språk og kultur, kulturell forståing, kvalitet og innovasjon i utdanningssystema og livslang læring. Ei spesifikk målsetjing for *Nordpluss horisontal* er å støtta tverrsektorielle nettverks- og prosjektaktivitetar og å støtta innovative språkprosjekt. Samla løyving for Nordpluss rammeprogram i 2008 er 63,7 mill. danske kroner.

11.3.2 Verkemiddel på kulturområdet

Frå 1. januar 2007 vart det innført ein ny struktur for Nordisk ministerråds kultursamarbeid. Hovudkomponentane i den nye strukturen er dei tre rammeprogramma *Nordisk dataspelprogram*, *Kunst- og kulturprogrammet* og *Mobilitets- og residensprogrammet*.

Dataspelprogrammet skal i første rekkje stimulera til auka kvalitet og fleire tilbod av nordiskproduserte dataspel for barn og unge. Kunst- og kulturprogrammet skal gje støtte til produksjonsretta verksemd og formidling, kompetanseutvikling, kritikk og kunnskapsformidling. For alle prosjekta er utviklingsarbeid sett opp som eit viktig kriterium. Mobilitets- og residensprogrammet skal styrkja mobiliteten og nettverka for nordiske kunstnarar. Programmet er ope for alle kunststartar, kunstnarar og profesjonelle utøvarar, kulturprodusentar, distributørar og formidlarar.

Dei tre programma skal vera innretta mot utvikling, kompetanseheving, kunnskapsdeling og nettverksbygging. Rammeprogramma gjev aktørane eit tydeleg rom for å utvikla prosjekt med utgangspunkt i prioriteringar og økonomiske rammer for programma. Programma er opne for initiativ frå heile Norden, og det er aktiviteten hos aktørane som vil forma det konkrete innhaldet i dei. Samla løyving til dei tre programma på kulturområdet er i 2008 om lag 43,4 mill. danske kroner.

Rammeprogramma på kulturområdet blir administrerte av knutepunktet for det nordiske kultursamarbeidet – Kulturkontakt Nord – som vart etablert i Helsingfors i 2007. I tillegg til å administrera rammeprogramma skal den nye organisasjonen ha ansvar for å informera, gje råd og profilera nordisk kultursamarbeid i og utanfor Norden.

I tillegg til rammeprogramma på kulturområdet er Nordisk kulturfond ei viktig finansieringskjelde for nordisk kultursamarbeid. Kulturfondet er eit nordisk samarbeidsorgan som støttar kulturprosjekt i Norden eller nordiske prosjekt utanfor Norden. Ein gjennomgang av tildelingane i kulturfondet i perioden 1966–2004 viser at berre 2,4 prosent eller 12 mill. kroner har vorte tildelte til språkområdet.⁷ Avsetninga for kulturfondet i 2008 er 31,3 mill. danske kroner. Det blir arbeidd med å avklara rollene mellom dei nye programma på kulturområdet og kulturfondet.

På filmområdet gjev Nordisk Film- og TV-fond støtte til produksjon og distribusjon av audiovisuelle verk (film og tv), med særleg omsyn til produksjonar retta mot barn og unge. Fondet skal også

⁷ Kortlægningen af Nordisk Kulturfonds støtte til spogprojekter i perioden 1966–2004.

inspirera og styrkja det kreative samarbeidet på filmområdet i Norden og styrkja og spreia nordisk barnefilm av høg kvalitet. Budsjettet i 2008 er på om lag 23,8 mill. danske kroner.

11.4 Oppfølging av den nordiske språkdeklarasjonen

11.4.1 Bakgrunn og innhald

11.4.1.1 Innleiing

Den nordiske språkdeklarasjonen har sin bakgrunn i dei overordna utviklingstrekkene i samfunnet og dei utfordringane for nordisk språkfelleskap og språkforståing som er dokumenterte gjennom fleire undersøkingar og rapportar dei siste åra.

Deklarasjonen konkretiserer fire hovudtema som kulturministrane og utdanningsministrane skal arbeida med for å nå dei skisserte måla, jf. kap. 6.3.3. Det er språkforståing og språkkunnskap, parallellspråksbruk, det mangespråklege og fleirspråklege, og Norden som språkleg føregangsregion.

11.4.1.2 Språkforståing og språkkunnskap

For å oppnå betre språkforståing og betre språkkunnskap seier deklarasjonen at ein bør styrkja nabospråkundervisninga, styrkja undervisninga i skandinaviske språk som hjelpespråk og som framspråk i skulen. Det er viktig at Nordens samfunnsberande språk er synlege i det offentlege, til dømes på tv og på film. Ein bør oppmuntra til betre tilgjenge til bøker på Nordens samfunnsberande språk og utvikla internordiske ordbøker både på papir og i elektronisk form. Ein må utvikla både maskinomsetjingsprogram for dei samfunnsberande språka i Norden og program for fleirspråkleg søk i nordiske databasar.

11.4.1.3 Parallellspråksbruk

Med parallellspråksbruk meiner ein det å nytta fleire språk parallelt innanfor eitt eller fleire samfunnsområde, til dømes utdannings- og forskingssektoren. Språka blir nytta parallelt, og ikkje slik at eitt språk blir erstatta med eit anna, jf. elles nærare drøfting i kap. 7.1.8. Deklarasjonen seier at nordbuane, med sine internasjonalt sett gode kunnskapar i engelsk, har gode føresetnader for å utvikla parallellspråksbruk mellom engelsk og dei nordiske språka på visse område. Deklarasjonen legg til grunn at ein konsekvent politikk for parallellspråksbruk mellom engelsk og dei nordiske språka inneber

- at ein bør nytta både Nordens samfunnsberande språk og engelsk som vitskapleg språk
- at formidling av vitskaplege resultat på Nordens samfunnsberande språk bør vera meritterande
- at det blir gjeve undervisning i vitskapleg fagspråk, særleg i skrift, både på engelsk og på Nordens samfunnsberande språk
- at universitet, høgskular og andre vitskaplege institusjonar kan utvikla langsiktige strategiar for språkval, parallellspråksbruk, språkutdanning og omsetjing innanfor sine verksemder
- at nordiske terminologiorgan kan halda fram med å koordinera terminologien på nye område
- at ein bør oppfordra føretak og arbeidsmarknadsorganisasjonar til å utvikla strategiar for parallellspråksbruk

Parallellspråksbruk handlar ikkje berre om jamstilling mellom engelsk og dei nordiske samfunnsberande språka. I den nordiske språkdeklarasjonen handlar det også om

- at den nordiske språkkonvensjonen skal gje god juridisk grunn for dei som snakkar dei samfunnsberande språka i Norden
- at nordbuar med eit ikkje-nordisk språk som morsmål både har behov for ei godt utbygd utdanning i landets samfunnsberande språk og høve til å nytta og utvikla sitt eige morsmål

11.4.1.4 Det mangespråklege og fleirspråklege

I dei nordiske landa er det etter kvart mange som har eit anna morsmål enn eit nordisk språk, og mange nordbuar er i dag fleirspråklege. Dette gjeld i første rekkje samar og nasjonale minoritetar.

Den nordiske språkdeklarasjonen understrekar at nordisk språkpolitikk har eit ansvar for at dei språka som ikkje er nasjonalspråk, vil overleva, utviklast og kan halda fram med å eksistera. Språkdeklarasjonen understrekar at det er viktig at også teiknspråk blir tilkjent ei sterk stilling.

I tillegg kjem at nærare 200 andre framandspråk er morsmål for nordbuar i dag. Ifølgje deklarasjonen er det ønskjeleg at det finst fagmiljø i Norden som har ekspertise, eller som kan visa til europeisk ekspertise innanfor desse språka.

Grønlandsk står i ei særstilling. Grønlandsk er majoritetsspråk på Grønland, men har relativt få talarar. Grønlandsk bør få støtte, slik at det kan halda fram med å fungera som samfunnsberande språk.

11.4.1.5 Norden som språkleg føregangsregion

Deklarasjonen understrekar at Norden blir sett på som ein føregangsregion når det gjeld språkspørsmål. Nordisk språkfelleskap er prega av ønske og vilje til å forstå og respektera morsmålet til kvarandre. Nordisk språksamarbeid er demokratisk, ope for innsyn og i all hovudsak offentleg finansiert. Det finst ein politisk vilje til å bevare den nordiske språkfelleskapen, mellom anna gjennom den nordiske språkkonvensjonen. Den nordiske modellen for språkfelleskap bør lyftast fram i internasjonal samanheng. Norden skal vere leiande på klarspråkarbeid, det vil seia å gjera styresmaktene sitt språk klarare og tydelegare.

11.4.2 Generelt om oppfølgingsarbeidet

I Nordisk ministerråds strategi for utdannings- og forskingsområdet 2008–2010 er det lagt til grunn at Ministerrådet skal arbeida for å oppfylle måla i den nordiske språkdeklarasjonen. For å nå desse måla må ein styrkja nabospråkundervisninga, undervisninga i skandinaviske språk og i framandspråk. Ein skal prioritera språkteknologi fordi dei enkelte nasjonale forskingsmiljøa er små, og fordi det er nødvendig med ein felles nordisk innsats for å styrkja den språkteknologiske utviklinga.

I handlingsplanen for nordisk kultursamarbeid 2007–2009 er det lagt til grunn at kultursamarbeidet under Nordisk ministerråd skal fremja og verna om eit mangfald av kulturuttrykk i Norden og den nordiske dimensjonen i kulturlivet i landa.

Departementet vil følgja opp den nordiske språkdeklarasjonen både gjennom samarbeidet i Nordisk ministerråd og gjennom prioriteringar og satsingar i utdannings- og forskingspolitikken og i kulturpolitikken. Nasjonalt vil arbeidet med å følgja opp deklarasjonen inngå som ledd i den nye og heilskaplege språkpolitikken som denne meldinga legg grunnlaget for. Ved koordinert innsats på nasjonalt plan i dei nordiske landa og ei vidare utvikling av det nordiske språksamarbeidet kan Norden styrkja sin posisjon som ein språkleg føregangsregion i verda.

11.4.3 Språkforståing og språkkunnskap

11.4.3.1 Språk og kultur

Å styrkja den internordiske språkforståinga og språkkunnskapen er eit grunnleggjande mål i det nordiske språksamarbeidet. På utdanningsområdet har dette tradisjonelt vore kopla til å styrkja nabospråkundervisninga i dei nordiske landa, danna nettverk og støtta ulike prosjekt med undervisning som formål.

Språk og kultur heng nøye saman. Når nabospråkforståinga går tilbake, blir også dei kulturelle banda og opplevinga av ein nordisk identitet svekt. Verdien av auka mobilitet og samkvem mellom dei nordiske landa på utdannings- og kulturområdet kan ein difor ikkje vurdera høgt nok. Dei nordiske språka må vera godt synlege både i utdanningssystemet og i media, gjennom læreplanane i skulen, i lærarutdanninga, i tv, film og andre audiovisuelle medium. Nordiske språk bør bli lettare tilgjengelege i skrift og tale, i litteratur og i utøvande kunst.

11.4.3.2 Nabospråkundervisning

Gjennom det nordiske samarbeidet er det teke mange initiativ for å styrkja den nordiske nabospråkundervisninga. Det er mellom anna arrangert fleire konferansar om relevante tema i serien Nordmålforum og gjeve ut fleire bøker som ein kan nytta i språkundervisninga. Gjennom Nordens språkråd finansierer Nordisk ministerråd dessutan Nordspråk, som er ein samarbeidsorganisasjon for lærarar som underviser i nordiske språk som morsmål, nabospråk eller som framandspråk.

Eit viktig nettverksprosjekt for å styrkja nabospråkundervisninga er *Nordiske språkpilotar 2007–2008*. Prosjektet har som mål å styrkja nabospråkundervisninga i grunnskulane i Norden gjennom å byggja nettverk for lærarar som har rettleiingsansvar i praksisdelen av lærarutdanninga. Språkpilotane skal rettleia kollegaer og studentar og vera pådrivarar for utviklinga av ei betre og meir effektiv nabospråkundervisning. Prosjektet er initiert av Nordens språkråd og har fått støtte frå Fondet for dansk-norsk samarbeid, Nordisk kulturfond og Nordisk ministerråd gjennom Nordens språkråd.

Auka tilgang til bøker på nabospråka er viktige tiltak for å styrkja den internordiske språkforståinga og språkkunnskapen. Nordisk ministerråd har gjeve støtte til å utarbeida ein felles nordisk litteraturkanon som ein kan nytta i nabospråkundervisninga i dei nordiske landa. Bokverket er publisert både på nettet og i trykt utgåve med tittelen *Nordisk litteratur til tjeneste*.

Gjennom støtteprogrammet Nordpluss språk yter Nordisk ministerråd årleg støtte til internordiske språkkurs. På denne måten får elevar og lærarar kortvarige opphald i eit anna nordisk land og kontakt med ungdom frå andre delar av Norden. Det blir også arrangert nabospråkkurs for lærarstudentar i regi av dei bilaterale nordiske samarbeidsfonda.

I Kunnskapsløftet og det nye læreplanverket for grunnopplæringa i Noreg er nabospråkforståing og undervisning i nordiske språk inkludert i

kompetansemålet. Læreplanen for norskfaget slår fast at hovudområdet Språk og kultur handlar om norsk og nordisk språk- og tekstkultur, men med internasjonale perspektiv. Kompetansemåla for det same hovudområdet konkretiserer korleis ein skal følgja opp nabospråkforståing og nabospråkundervisning i opplæringa av elevane på dei ulike trinna.

I gjeldande rammeplan for allmennlærerutdanninga er ikkje nordiske språk og nabospråkforståing spesifikt nemnde som eit målområde for undervisninga. Rammeplanen tek utgangspunkt i at studentane skal utvikla eit fagleg og didaktisk grunnlag for undervisninga i norskfaget i samsvar med det gjeldande læreplanverket og dei kompetansemåla som er fastsette for dei ulike nivåa i grunnopplæringa.

11.4.3.3 *Språkdimensjonen i kultursamarbeidet*

Mange tiltak og satsingsområde på medie- og kulturområdet i det nordiske samarbeidet er viktige også i eit språkperspektiv. Kultursamarbeidet gjer sitt til at nordisk språk og kultur blir synleg i det offentleg rom. Litteratur- og biblioteksamarbeid, mobilitetsordningar, film- og tv-samarbeid og satsingar på å utvikla nordiske dataspel kan såleis vera med på å styrkja den internordiske språkkunnskapen og språkforståinga. Den nye strukturen på kulturområdet legg tilhøva godt til rette for mange og breie initiativ frå kulturfeltet i Norden, også når det gjeld satsingar som direkte eller indirekte kan styrkja det nordiske språksamarbeidet.

Gjennom Nordisk kulturforum ønskjer Nordisk ministerråd å arrangera konferansar, seminar og arbeidsgrupper for å drøfta tema og problemstillingar som ein bør gripa fatt i innanfor det nordiske kultursamarbeidet. I 2007 arrangerte Nordisk kulturforum eit seminar der mellom anna litteratursamarbeid, samarbeid om digitalisering, litteraturfestival, nettportal og nordisk nettbokhandel vart drøfta. Slike seminar og konferansar kan gjera sitt til at idear blir lyfta opp som politiske satsingsområde, og at det blir utforma konkrete prosjekt som kan få støtte gjennom dei nordiske kulturprogramma.

Under kulturområdet i Nordisk ministerråd er det avsett ein særleg pott som er øyremerkt støtte til omsetjing av nordiske bøker. Det at nordiske lesarar blir kjende med forfattarskap frå eit anna nordisk land, kan vekke ei interesse som gjer at dei i neste omgang kanskje vil lesa fleire bøker av same forfattar sjølv om dei ikkje er omsette, på nasjonalspråket. Ordninga med omsetjing av nordiske bøker kan vera med på å betra den internordiske kulturelle utvekslinga og forståinga. Også

dei nordiske prisane i litteratur, musikk og film er med og synleggjer det nordiske kultursamarbeidet og marknadsfører nordisk kultur både internt i Norden og i utlandet.

Sett frå norsk side er det særleg grunn til å framheva den auka satsinga på norsk filmproduksjon. Dette vil kunna styrkja formidlinga av norsk film i Norden og føra til at eit filminteressert publikum i dei andre nordiske landa i større grad blir eksponert for variantar av norsk talemål, på same måte som vi i Noreg særleg ser danske og svenske filmar og tv-produksjonar. Auka formidling av film- og tv-produksjonar i Norden kan difor vera med og styrkja den nordiske språkforståinga og kulturkunnskapen.

Ei auka satsing på nordiske samproduksjonar kan også ha innverknad på den nordiske språkforståinga.

Nordisk film kan ein også i større grad nytta i nabospråkundervisninga i Norden. Med støtte frå Nordisk ministerråd har Nordisk språk og Nordisk Film Vision utarbeidd ein Nordisk Filmpakke som kan gje eit nordisk perspektiv i undervisninga på eldste ungdomstrinn. Filmpakken omfattar seks nyare nordiske filmar og eit nettbasert undervisningsmateriale. Filmpakken blir distribuert via Nordisk Film Vision og kan nyttast lovleg i undervisninga.

Gjennom utviklinga av Den kulturelle skulesekken er det etablert eit omfattande kunst- og kulturtilbod til barn og unge i Noreg dei seinare åra. Med inspirasjon frå ordninga i Noreg har også Sverige (Skapande skola) og Færøyane (Listaleyppurin) no etablert sine variantar av Den kulturelle skulesekken. I Danmark har både Herlev kommune og Varde kommune etablert Den Kulturelle Rygsæk. Desse satsingane vil kunna leggja til rette både for utveksling av røymsler på tvers av dei nordiske landa og også noko utveksling av kunst- og kulturprosjekt mellom landa.

11.4.3.4 *Dataspel*

I 2004 vart det utarbeidd ein rapport om dataspel i dei nordiske landa på oppdrag frå Nordisk ministerråd. Ifølgje rapporten var berre éin prosent av spela som vart omsette i Norden i 2003, heilt nordisk. Grunnlaget for rapporten var om lag 5500 spel.

Grunnlaget for undersøkinga var at dataspel etter kvart har vorte eit viktig element i barn og unge sitt kulturforbruk, og at det difor var ønskeleg å auka produksjonen og utbreiinga av dataspel med eit klart nordisk innhald for barn og unge.

På grunnlag av dette oppretta Nordisk ministerråd i 2006 eit eige program for dataspel som skal vara fram til 2012. Programmet gjev tilskot både til spelutvikling, marknadsføring, konkurransar og festivaldeltaking, utdanning og forskning, infrastrukturtiltak, informasjon og nettverksbygging. Det er eit krav for å få støtte at det ferdige produktet blir lansert på minst eitt av dei nordiske språka.

I Noreg forvaltar Norsk filmfond ei norsk støt-teordning til dataspel. Det er eit krav for å få støtte at det også må lanserast ei norsk utgåve, sjølv om spelet også blir gjeve ut på engelsk. Eit døme er spelet *Dreamfall/Drømmefall* som det norske firmaet Funcom har gjeve ut på både norsk og engelsk.

11.4.3.5 Nabolandsfjernsyn

Tilgjenge til tv-kanalar frå dei nordiske landa er eit viktig instrument for både språkleg og kulturell forståing i dei nordiske landa. I dag er tilgjenget til nordiske tv-kanalar hos dei nordiske kabeloperatørane under press på grunn av eit stigande tal kommersielle kanalar med i hovudsak amerikansk-produsert innhald.

Spørsmålet om auka tilgjenge til nabolandsfjernsyn er teke opp ei rekkje gonger dei siste åra, mellom anna gjennom eit framlegg frå Nordisk råd i 2003. Som ei oppfølging av dette framlegget fekk Nordisk råd utarbeidd ein rapport som vart levert Ministerrådet i 2004.⁸ Ministerrådet oppnemnde deretter ei arbeidsgruppe som gjennomgjekk denne rapporten og andre tilgjengelege rapportar og hadde møte med fleire fagfolk. Konklusjonen til gruppa var at eit samarbeid om nabolands-tv vil føra til så høge kostnader at det ikkje er tilrådeleg.

Med overgangen til digitale sendingar for radio og tv i dei nordiske landa er problemstillinga om nabolandsfjernsyn aktualisert på nytt. I 2006 tok Nordisk råd opp spørsmålet i eit nytt framlegg til dei nordiske regjeringane. Nordisk råd bad regjeringane sikra at dei nordiske offentleg finansierte kanalane blir inkluderte i programtilbodet når digital-tv blir innført, og at det blir arbeidd med å harmonisera tekniske standardar for digital-tv. I sitt svar til Nordisk råd gjorde Nordisk ministerråd greie for i kva grad nabolandsfjernsyn vil vera tilgjengeleg i dei digitale tv-netta i dei ulike landa i tida framover. Utgreiinga viste at dei nordiske landa har valt ulike måtar å innføra digitalt sende-nett på, og at det vil variera i kva grad dei nordiske offentleg finansierte tv-kanalane blir tilgjengelege i dei nordiske landa.

I Noreg er utbygging og drift av det digitale bakkenettet gjeve til selskapet Norges Television som NRK, TV2 Norge og Telenor eig i lag. Selskapet er ikkje pålagt å tilby nabolandsfjernsyn. Gjennom selskapet RiksTV vil det bli tilbode ulike kanalpakkar mot betaling. Det er no klart at nabolandsfjernsyn ikkje blir ein del av tilbodet i det norske digitale bakkenettet i første omgang, men at svensk fjernsyn vil bli vurdert når kapasiteten blir større.

11.4.4 Språkteknologi

11.4.4.1 Generelt

Innanfor ramma av det nordiske samarbeidet har språkteknologi vore eit sentralt språkpolitisk arbeidsområde i fleire år. I perioden 2000–2004 vart det på initiativ frå Nordisk ministerråd gjennomført eit nordisk språkteknologisk forskingsprogram, med ei årleg løyving på 5 mill. danske kroner. Måla var å skapa større kontakt og betre samarbeid mellom nordiske forskarar innanfor språkteknologi, å betra samarbeidet innanfor utdanning av forskarar og å etablera eit dokumentasjonssenter som kunne garantera tilgangen til og spreinga av forskingsresultat og innsamla data.

I 2005 vart det halde ein nordisk språkteknologikonferanse i Pargas i Finland. Konferansen førte til at Nordens språkråd oppnemnde ei språkteknologisk arbeidsgruppe og tok initiativet til ein vismannsrapport om språkteknologi. Visjonen var å leggja til rette for at Norden i den næraste tiårsperioden skulle utvikla seg til ein leiande region innanfor språkteknologi.

Vismannsrapporten om språkteknologi vart utarbeidd av tre ekspertar frå Noreg, Finland og Sverige og offentleggjord i 2007.⁹ I rapporten er det peikt på at det mest påtrengjande behovet for å koma vidare er å investera i ein nødvendig infrastruktur av tilpassa språkressursar for dei aktuelle språka i Norden. Det blir streka under at dette må vera ressursar som er tilgjengelege for bruk både i forskning og undervisning og for kommersiell produktutvikling. Rapporten slår dessutan fast at dei viktigaste tekst- og taleressursane må samlast på nasjonalt nivå, medan ein kan samarbeida på nordisk nivå med å utvikla viktige språkuavhengige reiskapar og metodar.

Språkteknologi har vore eit sentralt arbeidsområde innanfor ramma av det nordiske samarbeidet dei siste åra. Nordens språkråd har utpeikt språkteknologi som eit prioritert område i arbeidet med

⁸ Norrback, Olle 2004.

⁹ Koskeniemi, Lindén og Nordgård 2007.

å følgja opp den nordiske språkdeklarasjonen. Nordens språkråd meiner at Norden har gode føresetnader for å bli ein føregangsregion på det språkteknologiske området, fordi ein svært stor del av folket har høg it-kompetanse, fordi språkteknologisk forskning har etter måten lang tradisjon og ligg på eit høgt internasjonalt nivå, og fordi det er eit velutvikla samarbeid mellom forskarar innanfor språkteknologi dei nordiske landa imellom.

Nordens språkråd peiker likevel på at den mest avanserte språkteknologien framleis berre finst primært for dei store språka, særleg engelsk, men også for språk som fransk, tysk og spansk. Enno finst det ikkje tilfredsstillande resultat for noko av dei nordiske språka innanfor språkteknologien.

Å utvikla nordisk språkteknologi vil kunna fremja den fellesnordiske språkforståinga. Ei slik satsing kan gjera det enklare å søkja på tvers av dei nordiske språka, ein kan utvikla tverrnordiske ordbøker, termbasar og program for omsetjing mellom dei nordiske språka. Effektiv språkteknologi kan også vera med på å fremja parallellspråksstrategien.

Nordens språkråd meiner difor at regjeringane i dei nordiske landa no må gjera sitt til å få på plass ein betre infrastruktur, dels i form av grunnleggjande språkressursar og modular som kan danna grunnlag for utvikling av avanserte program, dels ved forskning i ny språkteknologi for dei nordiske språka.

Nordens språkråd erkjenner at språkteknologi krev etter måten store økonomiske ressursar, og at eit nordisk, eventuelt også eit nordisk-baltisk samarbeid, er absolutt nødvendig. Dersom desse basisressursane blir produserte som nasjonale ressursar som er fritt tilgjengelege for forskarar og produktutviklarar, vil det bli økonomisk langt meir attraktivt å utvikla språkteknologi for dei nordiske språka og å innarbeida større språkleg intelligens i mange fleire kunnskapsteknologiske innretningar.

11.4.4.2 *Ein nordisk språkbank*

Dersom dei nordiske landa klarer å få på plass den nødvendige underleggjande infrastrukturen for ei språkteknologisk satsing, vil det vera mogleg å samarbeida på tvers av dei nordiske landa for å etablera ein nordisk språkbank. Ein nordisk språkbank kan fungera ved at dei nasjonale språkbankane tilbyr sine ressursar til andre gjennom ein felles nettportal. Eit anna alternativ er å etablera ei felles distribusjonseining for den nordiske språkbanken som også tek hand om dei respektive nasjonale språkressursane.

Den siste løysinga vil krevja eit meir formelt juridisk samarbeid på nordisk nivå. Den første løysinga vil berre krevja samarbeid om ei nettside, medan alt praktisk arbeid inklusive oppdateringar, drift og vedlikehald blir utført i dei respektive nasjonale språkbankane. Eit samarbeid mellom land i Norden vil kunna redusera delar av utgiftene til utvikling av verktøy fordi fleire språkbankar kan nyttiggjera seg dei.

Det er ikkje laga noko oversyn over kva ein nordisk språkbank vil kosta. Den språkteknologiske vismannsrapporten peiker på at det vil lønna seg for dei nordiske landa å gjera innsamlinga omtrent samstundes, og dei bør følgja same standardar når det gjeld lagring, merking og kontraktar.

11.4.4.3 *Satsing på språkteknologi*

I den nordiske språkdeklarasjonen er det konkret nemnt at ein bør utarbeida internordiske ordbøker både i papirform og i elektronisk form, i tillegg til maskinomsetjingsprogram for dei samfunnsberande språka i Norden og program for fleirspråkleg søking i nordiske databasar.

Nordisk ministerråd har via Nordens språkråd gjeve støtte til fleire språkteknologiske prosjekt som kan vera med på å styrkja den internordiske språkforståinga, og som kan motverka domenetap for dei nordiske språka på språkteknologifeltet.

Det er til dømes gjeve støtte til å utvikla ei internordisk nettordbok som har som mål å gi tilgjenge til leksikalske, parallelle ordbokressursar på Internett. Nordisk ministerråd har også gjeve støtte til å utvikla ein fleirspråkleg søkjemotor. Målet med ein fleirspråkleg søkjemotor er å gjera det enklare for nordbuar å finna informasjon på nabospråka. Nordbuar kan ofte lesa informasjon, men vil ha store vanskar med å finna den, dersom dei ikkje kjenner til det eksakte ordet på nabospråket.

11.4.5 *Oppsummerande vurdering*

Nasjonal oppfølging av nabospråkundervising blir grundigare omtalt i stortingsmeldinga frå Kunnskapsdepartementet om språkopplæring. I meldinga blir det gjort framlegg om å kartleggja status for undervising i og om nabospråk i grunnopplæringa og allmennlærerutdanninga.

På nasjonalt plan vil departementet informera og oppfordra aktørar på kulturområdet til å delta aktivt i det nordiske samarbeidet. Nettverksarbeid og samarbeidsprosjekt på tvers av dei nordiske landa vil gje verdifull fagleg inspirasjon og styrkja samanhengen mellom det nordiske samarbeidet og utviklinga av nasjonal kultur- og språkpolitikk.

Departementet vil vurdere å etablere eit fleir-årig formidlingsprogram i folkebiblioteka og gjennom dette mellom anna leggja til rette for auka formidling av nabolandslitteratur både for barn og vaksne. Ein kan tenkja seg at litteraturopplesingar og forfatterbesøk i norske bibliotek kan få eit større nordisk nabospråksperspektiv. Formidlingsprogrammet vil bli nærare omtalt i den komande bibliotekmeldinga.

Den kulturelle skulesekken skal tilby eit mangfald av kunst- og kulturtilbod innanfor alle sjangrar til barn i grunnskulen og vidaregåande opplæring. Departementet ønskjer å oppmuntra til at Den kulturelle skulesekken også kan vera open for noko formidling av kunst og kultur på nordiske nabo-språk.

Departementet vil arbeida for å styrkja norsk film- og tv-produksjon og formidlinga av denne i Norden. Det vil vera viktig å leggja tilhøva til rette for fleire nordiske samproduksjonar for film og tv.

Utvikling av dataspel er grundig omtalt i St.meld. nr. 14 (2007–2008) *Dataspill*. Departementet meiner at det er behov for å utvikla fleire dataspel med eit norsk og nordisk innhald. Dette er viktig for å skapa gode alternativ til dei mange dataspela som kjem på engelsk språk. Både den nasjonale og den nordiske støtteordninga for dataspel gjev betre høve til å utvikla spel med norsk og nordisk innhald. Departementet vil arbeida for å vidareføra begge ordningane. For å auka tilgangen til norske dataspel vil regjeringa også vurdere ei utlåns- og innkjøpsordning gjennom folkebiblioteka.

Frå eit kulturpolitisk og språkpolitisk synspunkt vil det vera positivt om nabolandsfjernsyn kan vera ein del av tilbodet i det norske digitale bakkenettet.

Som nærare omtalt i kap. 7 vil departementet oppretta ein norsk språkbank. Språkbanken vil også få i oppgåve å leggja tilhøva til rette for eit utvida nordisk samarbeid om språkressursar.

11.5 Oppsummering av prioriterte tiltak

- 1 Departementet vil oppmoda og stimulera aktørar på heile kulturområdet til å delta aktivt i nordisk samarbeid og nordiske samarbeidsprosjekt.
- 2 Departementet vil vurdere å etablere eit fleir-årig formidlingsprogram i folkebiblioteka som skal leggja til rette for formidling av nabolandslitteratur for barn og vaksne.
- 3 Departementet vil leggja til rette for at Den kulturelle skulesekken formidlar kunst og kultur også på nordiske nabo-språk.
- 4 Departementet vil leggja til rette for å styrkja formidlinga av norske film- og tv-produksjonar i Norden og for fleire nordiske samproduksjonar for film og fjernsyn.
- 5 Departementet vil leggja til rette for at aktuelle støtteordningar for dataspel også kan bidra til å utvikla og formidla dataspel på andre nordiske språk enn norsk.
- 6 Departementet vil halda fram arbeidet for å finna løysingar som kan bidra til betre gjensidig tilgang på nabolandsfjernsyn i Norden.
- 7 Som ledd i arbeidet med å byggja opp ein norsk språkbank vil det bli lagt til rette for eit utvida nordisk samarbeid om språkressursar.
- 8 Regjeringa vil aktivt bidra til å fremja og følgja opp mål og tiltak i den nordiske språkdeklarasjonen, mellom anna alle tiltak som kan styrkja den nordiske språkfellesskapen.

12 Økonomiske og administrative konsekvensar

Dei gjennomgåande verkemidla i den nye språkpolitikken som blir skissert i denne meldinga, vil vera av informativ, rådgevande, organisatorisk og prosessuell karakter.

Innanfor det statlege forvaltningsapparatet dreier det som om å innarbeida større merksemd og medvit om språkpolitiske omsyn, slik at desse blir fanga opp og tekne med i vurderinga i relevante saker og prosessar.

Føresetnaden for den nye politikken er at Kultur- og kyrkjedepartementet på ein tydelegare måte enn til no definerer eit overordna språkpolitisk fagansvar og fremjar språkpolitiske omsyn.

Det meir detaljerte og operative fagansvaret vil liggja til Språkrådet, statens fagorgan i språkspørsmål. Språkrådet skal ha ei nøkkelrolle i det informative og rådgevande arbeidet.

Den heilskaplege og sektorovergripande språkpolitikken som denne meldinga legg grunnlaget for, byggjer difor på den føresetnaden at Språkrådet blir tilført både nye ressursar og ny kompetanse. Dette er nødvendig for at institusjonen skal kunna vareta både nye og utvida oppgåver.

Desse og enkelte andre ressursbehov på Kultur- og kyrkjedepartementet sitt område vil vera av avgrensa omfang.

Det må likevel takast atterhald om kor raskt ulike tiltak av denne karakter kan gjennomførast. Dette vil på vanleg måte bli vurdert i dei ordinære budsjettførebuingane.

Det same gjeld det einaste større enkelttiltaket som blir foreslått i denne meldinga, nemlig etable-

ringa av ein norsk språkbank. Men oppbygginga av den språkteknologiske infrastrukturen det her er tale om, vil etter føresetnaden skje over fleire år, og dette vil gjera det lettare å løysa denne oppgåva innanfor tilgjengelege budsjetttrammer.

Jamvel om ein språkbank må byggjast opp til eit visst nivå for å vera eit meningsfullt tiltak, kan prosjektet likevel realiserast på ulike ambisjonsnivå. Prosjektet vil dermed kunna tilpassast ulike ressursrammer.

Eit viktig element i den nye språkpolitikken vil elles vera utarbeiding av ei overordna språklov og enkelte andre lovendringar.

Dette vil likevel ikkje ha eit innhald som fører med seg nemneverdige nye økonomiske utteljingar utover det som følgjer av gjeldande lovgjeving. Til dels vil det også kunna bli tale om administrative forenklingar. Eventuelle kostnader eller administrative konsekvensar elles vil bli vurderte som ledd i det vidare arbeidet.

Det er i alle høve føresetnaden at alle tiltak som er varsla i denne meldinga, skal kunna dekkjast innanfor dei til kvar tid gjeldande budsjetttrammane.

Kultur- og kyrkjedepartementet

tilrår:

Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 27. juni 2008 om Mål og mening blir send Stortinget.

Litteraturliste

- Akselberg, Gunnstein (2002): Kvifor kjem ikkje engelsk språk til å overta i Noreg? Nokre merknader til myten om norsk språkdød og engelsk språkovertaking i Noreg. *Nordica Bergensia* 26 (2002)
- Andersen, Gisle (2005): Gjennomgang og evaluering av språkressurser frå NSTs konkursbo. Avdeling for kultur, språk og informasjonsteknologi (Aksis) ved Universitetet i Bergen
- Andersen, Kjartan (red.) (2005): Makt – lesestykker for framtida. Norge 2005 AS. Oslo 2005
- Andersen, Per Thomas et al. (2007): Nordisk i nåtid. Innstilling fra oppfølgingsutvalget etter evalueringen av nordisk forskning i språk og litteratur, Norges forskningsråd 2007
- Andersen, Svanhild og Strömngren, Johan (2007): Evaluering av samelovens språkregler. *Nordisk Samisk Institutt* 2007
- Anderson, Ragnhild (2007): Nynorskkompetanse og haldningar til nynorsk hjå studentar i «nynorskland». I Akselberg og Myking (red.): Å sjå samfunnet gjennom språket. Oslo 2007
- Andreassen, Irene (2004): Ei framtid for kvensk språk? – Status og utfordringer i dagens situasjon. *Arina – Nordisk tidsskrift for kvensk forskning* nr. 1/2004-2005, s. 29-40
- Andreassen, Irene (2007): Et nytt skriftspråk blir til – om arbeidet med et kvensk skriftspråk. *Språknytt* nr. 3/2007
- Andreassen, Trond og Berge, Kjell Lars (2001): Norskfagets forfall og fall. *Samtiden* nr. 3/2001
- Andreassen, Trond og Berge, Kjell Lars (2002): Replik om norskfaget. *Samtiden* nr. 1/2002
- Arbeids- og inkluderingsdepartementet (2007): Et inkluderende språk. August 2007
- Askedal, John Ole (1999): Prinsipper for normering av norsk riksmål: homogenitet og variasjon. I Omdal, Helge (red.) 1999, s. 23-43
- Askedal, John Ole (2006): Nynorsk – regionalspråk og/eller riksspråk? *Kronikk i Dag og Tid* 14. januar 2006
- Askedal, John Ole (2007): Hvordan bør fremtidens nynorsk se ut? Et norsk fellesskapsperspektiv. *Nytt Norsk Tidsskrift* nr. 4 /2007
- Askedal, John Ole og Guttu, Tor (1999): Norsk standardspråk. *Nytt Norsk Tidsskrift* nr. 3/1999
- Bakke, Elisabeth og Teigen Håvard (red.) (2001): Kampen for språket. *Nynorsken mellom det lokale og det globale*. Oslo 2001
- Benum, Edgeir et al. (1999): Maktutredninga til debatt – fem kommentarer. *Makt- og demokratiutredninga 1998–2003*. Rapportserien nr. 1. Oslo 1999
- Berg, Sigrun Høgetveit (2003): Avmakt eller makt til samane. *Syn og Segn* nr. 3/2003
- Berge, Kjell Lars, Meyer, Siri og Trippestad, Tom Are (2003): *Maktens tekster*. Oslo 2003
- Bergens Riksmålsforening og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur (1993): *Standardspråk og dialekt*. Seminarer i Oslo 1991 og 1992. Bergen 1993
- Bergh, Grete (2004): Norsk tegnspråk som offisielt språk. *ABM-skrift* nr. 10. Oslo 2004
- Beskow, Per (2000): *Språkets makt och maktens språk*. *Signum* nr. 8/2000
- Bjerkeli, Bjørn og Selle, Per (2004): Den nye samiske offentligheten. *Norsk Statsvitenskapelig Tidsskrift* nr. 4/2004
- Bjerkeli, Bjørn og Selle, Per (red.) (2003): *Samer, makt og demokrati*. *Sametinget og den nye samiske offentligheten*. Oslo 2003
- Bjones, Jon (1995): *Språknormering i den siste tiårsperioden*. *Syn og Segn* nr. 1/1995
- Blakar, Rolv Mikkel (1989): «Språk er makt» – eit tilbakeblikk. *Syn og Segn* nr. 4/1989
- Blakar, Rolv Mikkel (1998): *Mannsvridd språk i likestillingssamfunnet*. *Syn og Segn* nr. 3/1998.
- Blakar, Rolv Mikkel (2004a) *Norsk er eit språk under aukande press*. *Kronikk i Aftenposten* 17. juni 2004
- Blakar, Rolv Mikkel (2004b): *Språkleg avmakt i globaliseringas tidsalder*. *Språklig samling* nr. 3/2004
- Blakar, Rolv Mikkel (2006): *Språk er makt*. Oslo 1973, 7. utgåve Oslo 2006
- Blom, Jan Petter og Gumperz, John J. (1972): *Social Meaning in Linguistic Structures: Code-Switching in Norway*. I John J. Gumperz og Dell

- Hymes (red.): *Directions in Sociolinguistics*. New York 1972, s. 407-435
- Blystad, Espen Seip og Maasø, Arnt (2004): Den usynlige teksten. Om teksting på norsk fjernsyn. IMK-tjenester, Institutt for medier og kommunikasjon, Universitetet i Oslo, mars 2004
- Breivega, Ola (1993): Brev til Edvard. (Kommentar til tale av Edvard Hoem på landsmøtet i Norges Mållag i 1992). Syn og Segn nr. 1/1993
- Breivega, Ola (1993): Råd for uråd. Vegvisar gjennom nynorske minefelt. Oslo 1993
- Breivik, Torbjørg (2004): Samarbeid mellom språknemndene i Norden i framtida. Språknytt nr. 1/2004
- Breivik, Torbjørg (red.) (2006): Språk i Norden 2006. Nettverket for språknemndene i Norden. Oslo 2006
- Brochmann, Grete, Borchgrevik, Tordis og Rogstad, John (2002): Sand i maskineriet. Makt og demokrati i det flerkulturelle Norge. Oslo 2002
- Brock-Utne, Birgit (2006): Universitetenes diskriminering av norsk som fagspråk. Språknytt nr. 1/2006
- Brock-Utne, Birgit (2006-2): Avviklingen av norsk fagspråk. I Bjerck Hagen og Johansen (red.): Hva skal vi med vitenskap? 13 innlegg fra striden om tellekantene. Oslo 2006, s. 27-31
- Broderstad, Else Grete et. al. (1999): Makt, demokrati og politikk – bilder fra den samiske erfaringa. Makt- og demokratiutredninga 1998–2003. Rapportserien nr. 8. Oslo 1999
- Bruce, Malcolm (2003): Protection of sign languages in the member states of the Council of Europe. Doc. 9738. 17 March 2003
- Brunstad, Endre (1997): Nordens språk. Syn og Segn nr. 4/1997
- Brunstad, Endre (2003): Omfanget av moderne importord i nordiske aviser. I Sandøy (red.): Med «bil» i Norden i 100 år. Ordlaging og tilpassing av utlandske ord. Oslo 2003, s. 111-119
- Bull, Tove (1988): Dagens Vinje – gårdsdagens Vinje. Syn og Segn nr. 3/1988
- Bull, Tove (1993): Om Hoem, Bjørnson og språkforsvar. (Kommentar til tale av Edvard Hoem på landsmøtet i Norges Mållag i 1992). Syn og Segn nr. 1/1993
- Bull, Tove (1996): Språkskifte hos kvinner og menn i ei nordnorsk fjordsamebygd. I Ernst Håkon Jahr og Olav Skare (red.): Nordnorske dialekter, s. 185–200. Oslo 1996
- Bull, Tove (2004a): Nynorsk som minoritetsspråk. Språknytt nr. 3-4/2004
- Bull, Tove (2004b): Dagens og gårdsdagens akademiske lingua franca. Eit historisk tilbakeblikk og eit globalt utsyn. I Simonsen (red.): Språk i kunnskapssamfunnet. Engelsk – elitesnes nye latin? Trondheim 2004, s. 35-45
- Bull, Tove (2007): Engelsk som lingua academica. Er norsk språk tapt for academia – og academia for sivilsamfunnet? I Akselberg og Myking (red.): Å sjå samfunnet gjennom språket. Oslo 2007
- Bull, Tove (2008): Har universiteta eit språkan-svar? Språknytt nr. 1/2008
- Clark, Burton (1995): *Places of Inquiry. Research and Advanced Education in Modern Universities*. Berkely: University Press 1995
- Council of Europe (Europarådet) Language Education Policy Profile Norway. Language Policy Division. Strasbourg 2003-2004
- Dahl, Arild (1992): Renegatens elegi. Syn og Segn nr. 1/1992
- Dansk Selskab for Fagsprog og Fagkommunikation (2003): Hvidbog om erhvervsliv, sprogpolitik og konkurrenceevne. København 2003
- Dansk Sprognævn (2001): Retskrivningsordbogen. 3. utgave. København 2001
- Dansk Sprognævn (2007): Notat om dansk sprog-politik. Dansk Sprognævn 23. januar 2007
- Delsing, Lars-Olof och Åkesson, Katarina Lundin (2005): Håller språket i hop i Norden? En forskningsrapport om ungdomars förståelse av danska, svenska och norska. Nordiska kultur-fonden 2005
- Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur (1994): Vår litterære arv. Privilegium og forpliktelse. Seminar i Oslo 1994
- Eide, Linda (1991): Kvifor vil ikkje Oslo kjennast ved oss? Syn og Segn nr. 1/1991
- Eikemo, Marit og Sandvik, Hilde (2004): Tre openberre krav. Syn og Segn nr. 1/2004
- Eira, Inger Marie Gaup (2001): Samisk språk i Norden. Status- og domeneutredning. Rapport til Nordisk ministerråd 2001
- Ellingsve, Eli Johanne og Mæhlum, Brit (2001): Hvordan takler vi språkspørsmålet? Globalisering og internasjonalisering – muligheter og utfordringer for norske bedrifter i en internasjonal økonomi. Arbeidsnotat nr. 1/2001 ved Institutt for tverrfaglige studier NTNU
- Engebretsen, Martin (1996): Språkkonsulenten – vakthund eller førarhund? Syn og Segn nr. 4/1996
- Engelstad, Fredrik (2003): Makt, kommunikasjon og retorikk. I Øivind Andersen og Kjell Lars Berge (red.): Retorikkens relevans. Sakprosa nr. 9. Oslo 2003

- Engelstad, Fredrik (2004): Den siste maktutredningen bør ikkje bli den siste. *Nytt Norsk Tidsskrift* nr. 1/2004
- Engelstad, Fredrik (red.) (1999): Om makt. Teori og kritikk. Oslo 1999
- Engelstad, Fredrik og Østerberg, Dag (1984): Språket. Kap. 10 i *Samfunnsformasjonen – en innføring i sosiologi*. Oslo 1984
- Erlenkamp, Sonja (2007a) Tegnspråket ties i hjel. *Kronikk i Aftenposten* 20. april 2007
- Erlenkamp, Sonja (2007b): Et tospråklig liv med norsk tegnspråk. *Språknytt* nr. 4/2007
- Erlenkamp, Sonja et al. (2007): Begrunnelser for å gjøre norsk tegnspråk til offisielt språk. Notat frå utval oppretta av styret for Norges Døveforbund. Oslo 2007
- Ersland, Geit Atle (2005): Språk har (tar) makta. I Andersen, Kjartan (red.) *Makt – lesestykker for framtida*. Norge 2005 AS. Oslo 2005
- Europarådet (1992): Europeisk pakt om regions- eller minoritetsspråk. Europarådet 1992
- Faye, Reidun og Halvorsen, Tor (2006): Evaluering av Kvalitetsreformen. Delrapport 8: Internasjonalisering. NIFU STEP 2006
- Fløttum, Kjersti (2004): Om fagtradisjoner, posisjonering og identitet i vitenskapelig skriving. I Simonsen (red.): *Språk i kunnskapssamfunnet*. Engelsk – elitenes nye latin? Trondheim 2004, s. 185-191
- Forberg, Sæbjørn (1992): La målstriden bli ein strid for skilnad. *Syn og Segn* nr. 4/1992
- Forr, Gudleiv (2004a): Språk og makt i politikken. *Språknytt* nr. 3-4/2004
- Forr, Gudleiv (2004b): Global samnorsk. Kommentar i *Dagbladet* 17. april 2004
- Fretland, Jan Olav (2000): På saklista. *Nynorsk språkbruk i statsforvaltninga*. Oslo 2000
- Fretland, Jan Olav (2005): Norsk språk: privat kosedyr eller effektivt verktøy? *Forskerforum* nr. 3/2005
- Fretland, Jan Olav (2007): Aldri har så mange skrive så mykje for så lite? Om ti års arbeid med nynorsknormalen. I Akselberg og Myking (red.): *Å sjå samfunnet gjennom språket*. Oslo 2007
- Fretland, Jan Olav, Rommetveit, Magne, Sudman, Arnulf og Vikør, Lars (1980): På godt norsk. Ei handbok i nynorsk målbruk. Oslo 1980
- Førde, Einar (2004): Mammons trufaste soldat. *Bergens Tidende* 18. februar 2004
- Førde, Einar et al. (1975): Interpellasjon i Stortinget om å betre språket og framstillingsforma i offentlege dokument. *Forhandlinger i Stortinget* 30. april 1975
- Faarlund, Jan Terje (1998): Nynorsk – bruksmål eller leikesak for filologar? *Syn og Segn* nr. 4/1998
- Faarlund, Jan Terje (2001): Kva er eit norskfag? *Samtiden* nr. 4/2001
- Gabrielsen, Finn (1984): Eg eller je? Ei sosiolingvistisk gransking av yngre mål i Stavanger. Oslo 1984
- Gramstad, Borghild (2003): Dei nynorske skylappane. *Syn og Segn* nr. 1/2003
- Gramstad, Sigve (1996): Minoritetsspråk i Europa. Oslo 1996
- Gramstad, Sigve og Lilleholt, Kåre (1983): Lov om målbruk i offentlig teneste med kommentarar. Oslo 1983
- Grepstad, Ottar (1997): *Det litterære skattkammer. Sakprosaens teori og retorikk*. Oslo 1997
- Grepstad, Ottar (2001): *Det nynorske blikket. Årstale nr. 1 om tilstanden for nynorsk skriftkultur*. Nynorsk kultursentrum. Ørsta 2001
- Grepstad, Ottar (2002a): *Viljen til språk. Årstale nr. 2 om tilstanden for nynorsk skriftkultur*. Nynorsk kultursentrum. Ørsta 2002
- Grepstad, Ottar (2002b): *Det nynorske blikket*. Oslo 2002
- Grepstad, Ottar (2003): *Kulturens kritiske masse. Årstale nr. 3 om tilstanden for nynorsk skriftkultur*. Nynorsk kultursentrum. Ørsta 2003
- Grepstad, Ottar (2004): *Den språklege lekkasjen. Årstale nr. 4 om tilstanden for nynorsk skriftkultur*. Nynorsk kultursentrum. Ørsta 2004
- Grepstad, Ottar (2005a): *Prinsippet nynorsk. Årstale nr. 5 om tilstanden for nynorsk skriftkultur*. Nynorsk kultursentrum. Ørsta 2005
- Grepstad, Ottar (2005b): *Nynorsk faktabok 2005*. Oslo 2005
- Grepstad, Ottar (2006a): *Den språkdelte kulturens lov. Årstale nr. 6 om tilstanden for nynorsk skriftkultur*. Nynorsk kultursentrum. Ørsta 2006
- Grepstad, Ottar (2006b): *Viljen til språk. Ei nynorsk kulturhistorie*. Oslo 2006
- Grepstad, Ottar (2006c): *Mannen som gjekk så skeivt*. Ivar Aasen på nynorsk. *Syn og Segn* nr. 3/2006
- Grepstad, Ottar (2007): *Makta over språket. Årstale nr. 7 om tilstanden for nynorsk skriftkultur*. Nynorsk kultursentrum. Ørsta 2007
- Grepstad, Ottar og Thorheim, Kirsti M. (2003): *Fotefar mot nord. En kulturhistorisk reise i Nord-Norge og Namdalen*. Oslo 2003
- Grepstad, Ottar, Helleve, Eirik og Langstøyl, Kirsti (2004): *Nynorsk innhald på Internett. Grunnlag for handlingsplan 2005–2013*. Småskrift frå Ivar Aasen-tunet. Ørsta 2004

- Grimstad, Ivar (1991) Kva ville Ivar Aasen ha sagt i 1991? Syn og Segn nr. 3/1991
- Grue, Jan (2007): Om å skrive utover. Prosa nr. 4/2007
- Grünbaum, Catharina (2000): Nordisk språkførståelse – att ha och mista. En rapport baserad på fyra konferenser om nordisk språkførståelse – «Det omistliga». Oslo 2000
- Grønstad, Asbjørn (2008a): Teljekantar og teljefantar – om forskning, formidling og den tospråklege fordringa. Syn og Segn nr. 1/2008
- Grønstad, Asbjørn (2008b): Eit forsøk på oppsummering av den evigvarande tellekantdebatten. Prosa nr. 1/2008 s. 62-63
- Grønvik, Anne Kringstad (2004): Behovet for økt engelskkompetanse i norsk næringsliv. Språknytt nr. 2/2004
- Grønvik, Oddrun (2007a): Ordbøker – kva har vi, og kva kan vi bruka dei til? Språknytt nr. 1/2007
- Grønvik, Oddrun (2007b): Ordbøker – kva har vi? Definisjonsordbøker for norsk. Språknytt nr. 2/2007
- Grøvik, Oddrun, Lundebj, Einar og Mæhle, Leif (red.) (1987) Fornying og tradisjon. Språkvern og språkrøkt 1972–1988. Oslo 1987
- Gumperz, John J. og Hymes, Dell et. al. (red.) (1972) Directions in Sociolinguistics. New York 1972, s. 407–435
- Gunnarsson, Britt-Louise et al. (2005): Nordisk språk og litteratur. Evaluering av forskningen ved universitetene og utvalgte høgskoler i Norge. Norges forskningsråd 2005
- Guttu, Tor (2003): Videreføringen av Norsk Riksmålsordbok – om redigeringsarbeidet. I Ruth Vatvedt Fjeld og Dagfinn Worren (red.): Nordiske studiar i leksikografi. Rapport frå konferanse om leksikografi i Norden. Volda 20.–24. mai 2003
- Guttu, Tor (2005): Rettskrivningsendingene i 2005. Språknytt nr. 3/2005
- Hageberg, Arnbjørg (1991): Språk, makt og kjønn. Syn og Segn nr. 2/1991
- Hageberg, Arnbjørg (1992): Norsk Ordbok – i 1950 eit nybrottsverk, i dag ein anakronisme? Syn og Segn nr. 3/1992
- Hagen, Erik Bjerck og Johansen, Anders (red.) (2006): Hva skal vi med vitenskap? 13 innlegg fra striden om tellekantene. Oslo 2006
- Hagen, Jon Erik (2001): Norskfaget som stengsel og opning. Samtiden nr. 4/2001
- Hannedóttir, Anna Helga och Mose, Gitte (2002): Undervisning i Nordens språk och litteratur vid universitet och högskolor i Norden. Utredning på uppdrag av Nordiska Ministerrådet. Desember 2002
- Hatlevik, Ida Katrine Riksaasen (2000): Norsk-språklige lærebøker i høyere utdanning. Delrapport 1. Kartlegging av pensumlitteratur. En foreløpig underveissrapport. NIFU Rapport nr. 11/2000
- Hatlevik, Ida Katrine Riksaasen og Nordgård, Jorunn Dahl (2001): Myter og fakta om språk. Pensumlitteratur på grunnnivå i høyere utdanning. NIFU Rapport nr. 5/2001
- Haug, Dag Trygve Truslew (2006): Den nye latinen? Prosa nr. 1/2006
- Haugan, Jens (2004): Om språkval: Sei meg kven du er, og eg skal prøva å kommunisere med deg slik at du skjønner meg. I Simonsen (red.): Språk i kunnskapssamfunnet. Engelsk – elitesnes nye latin? Trondheim 2004, s. 76-82
- Hauge, Rikke E. og Stokkeland, Jostein (2005): Språkkvaliteten i film- og fjernsynsteksting. Rapport frå ein konferanse i Oslo 2005
- Haugen, Einar (1996): Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre. Oslo 1996
- Haugen, Ola (1995): Skolens lærebøker: mellom læreplan og marked. I Egil Børre Johnsen og Trond Berg Eriksen (red.) Norsk litteraturhistorie – Sakprosa fra 1750 til 1995, bind II, s. 548-568
- Haugen, Ola (2003): Nordisk språkråd – takk og farvel. Språknytt nr. 1-2/2003
- Heder, Eivind et al. (2007): Organiseringen av sprogsamarbeidet i Nordisk ministerråd. Sprogorganiseringsutvalgets rapport. 2007
- Heid, Bernt Erik (2004): Engelsk – også Forskningsrådets «nye latin». I Simonsen (red.): Språk i kunnskapssamfunnet. Engelsk – elitesnes nye latin? Trondheim 2004, s. 192-198
- Helander, Nils Øyvind (2005): De samiske språkene. I Hauksdóttir, Lund og Skyum-Nielsen: Ordenes slotte. Om sprog og litteratur i Norden. Hyldest til Vigdís Finnbogadóttir, Islands president 1980–1996. Nordisk kulturfond 2005, s. 118-129
- Helland, Ann-Kristin (2007): Norsk som andrespråk. Syn og Segn nr. 4/2007
- Hellekjær, Glenn Ole (2007) Fremmedspråk i norsk næringsliv – engelsk er ikke nok. Fokus på språk nr. 3/2007. Nasjonalt senter for fremmedspråk i opplæringen. Halden 2007
- Hellekjær, Glenn Ole og Kvam, Sigmund (2006): Engelsk er ikke nok. En foreløpig rapport om bruken av fremmedspråk i norsk næringsliv i 2005. Halden 2006
- Hellevik, Alf (red.) (1966): Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Band I. Oslo 1966

- Hellevik, Alf og Lundebj, Einar (red.) (1964): Skriftspråk i utvikling. Tiårsskrift for Norsk språknemnd 1952–1962. Oslo 1964.
- Hernes, Gudmund (1975): Makt og avmakt. Oslo 1975
- Hernes, Reidun (2004): Makta i talemålet. Språknytt nr. 3-4/2004
- Hertzberg, Frøydis (1996): Hvilken faglig og pedagogisk betydning har lærebøker på norsk i universitets- og høgskolestudier? I Maal og Minne nr. 1996
- Hirdmann, Yvonne (red.) (1989): Maktens former. Stockholm 1989
- Hjorth-Andersen, Chr. (2004): Dansk språkpolitikk: på hvilke sprog skal danskere tale med utdlændinge I 2030? Memo nr. 211. Økonomisk institut Københavns universitet. August 2004
- Hjort-Larsen, Anne (2001): En reise i tid og språk. Intervju med Rolf Theil Endresen om taternes og sigøynernes språk. I Apollon, forskningsmagasin for Universitetet i Oslo, 2001
- Hjulstad, Håvard (2006): Hva er terminologi? Språknytt nr. 2/2006
- Hoel, Jan (2003): Refleksjoner omkring forholdet mellom avløserord og tekniske termer, med bakgrunn I arbeidet med IKT-ord i Ordsma. I Sandøy (red.): Med «bil» i Norden i 100 år. Ordlagning og tilpassing av utanlandske ord. Oslo 2003, s. 138-143
- Hoel, Jan (2006): Finn du ikkje ordet, er det ikkje sikkert at språket har skulda! Språkrådet og arbeidet med terminologi og fagspråk – status og planar. Språknytt nr. 2/2006.
- Hoel, Jan (red.) (2004): Hvem tar ansvaret for fagterminologien? Rapport fra strategikonferanse om terminologi og fagspråk i Norge. Oslo 2004
- Hoel, Jan (red.) (2006): Kan terminologi på norsk bidra til økonomisk lønnsomhet? Rapport fra konferanse 10. november 2005. Sampublikasjon fra Norges handelshøgskole (NHH) og Språkrådet. Instituttserie nr. 18/2006 fra Institutt for fagspråk og interkulturell kommunikasjon ved NHH. Bergen 2006
- Hoel, Trude og Helgevold, Lise (2005): «Jeg leser aldri – men jeg leser alltid!» Gutter som lesere og som bibliotekbrukere. Universitetet i Stavanger 2005
- Hoem, Edvard (1996): Mitt tapre språk. Oslo 1996.
- Holmesland, Hilde (2006): Arkivene, bibliotekene, museene og de nasjonale minoritetene. ABM-skrift nr. 25. Oslo 2006
- Hoyer, Karin (2008): Teckenspråkens och tecken-språkigas ställning i Norden 2008. Utredning på oppdrag frå Nordens språkråd. Nordens språkråd 2008
- Hustad, Jon (2002): Eit regime etter undergangen. Syn og Segn nr. 2/2002
- Hveem, Helge et al. (2006): Snart to hundre. Universitetet i Oslo og språket i internasjonaliserings tidsalder. Innstilling fra Utvalget for språkpolitikk ved Universitetet i Oslo. Mars 2006
- Hvinden, Bjørn (red.) (2007): Nasjonale minoriteter i Norge. Kunnskapsbehov og strategi for kunnskapsutvikling. Rapport frå en forskningskonferanse og forslag til oppfølging. Norsk institutt for oppvekst, velferd og aldring (NOVA). Oslo 2007
- Hyltenstam, Kenneth (2002): Engelskundervisning i Sverige. Vedlegg 2 til SOU 2002:27
- Hyltenstam, Kenneth (2003), under medverkan av Tommaso Milani (2003): Kvenskans status. Rapport för Kommunal- og regionaldepartementet og Kultur- og kirke departementet i Norge, oktober 2003
- Hætta, Odd Mathis (1981): Sámid Ædnan. I Semmingsen, Monsen, Tschudi-Madsen og Ustvedt (red.): Norges kulturhistorie, bind 8. Oslo 1981
- Höglin, Renée (2002): Engelska språket som hot och tillgång i Norden. Nordisk ministerråd 2002
- Höög, Catarina Nyström (2004): Teamwork? Man kan lika gärna samarbeta. Svenske åsikter om importord. Oslo 2005
- Jahr, Ernst Håkon (2007): Bruk av omgrepa «standardtalemål», «normalisering» og «knot» for å skildre språktilhøva i Noreg i dag. I Akselberg og Myking (red.): Å sjå samfunnet gjennom språket. Oslo 2007
- Jahr, Ernst Håkon et al. (2006): Framlegg til ein språkpolitikk for universitet og høgskolar i Noreg. Frå ein komite nedsett av Universitets- og høgskolerådet. Juni 2006
- Johansen, Anders (2006): Hva er vitenskap godt for? Prosa nr. 1/2006
- Johansson, Stig (2003): Engelsk eller ikke engelsk – is that the question? I Sandøy (red.): Med «bil» i Norden i 100 år. Ordlagning og tilpassing av utanlandske ord. Oslo 2003, s. 123-137
- Johnsen, Egil Børre (2006): Unorsk og norsk. Knud Knudsen. En beretning om bokmålet far. Tvedestrand 2006
- Johnsen, Egil Børre (red.) (1987): Vårt eget språk, bind 1–3. Oslo 1987
- Johnsen, Egil Børre (red.) (2002): Vårt eget språk. Oslo 2002
- Johnsen, Hans Chr. Garmann et. al. (red.) (2005): Metaforenes tyranni? Samtids- og fremtidsbilder av Norge i 2005. En essaysamling. Kristiansand 2005

- Johnsen, Sverre, Myrvoll, Klaus Johan, Olsen, Anders og Aasen, Kjetil (2002): Eit forsvar for norsken. Syn og Segn nr. 1/2002
- Jonassen, Knut (2004): Norsk terminologi. Kartlegging av nasjonale fagmiljøer, infrastruktur og holdninger. Prosjektrapport fra Standard Norge. Oslo 2004
- Jonassen, Knut (2006): Terminologi og fagspråk i Standard Norges perspektiv. Språknytt nr. 2/2006
- Jor, Finn (1995): Vernet om skriftkulturen. I Egil Børre Johnsen og Trond Berg Eriksen (red.) Norsk litteraturhistorie – Sakprosa fra 1750 til 1995, bind II, s. 582-590
- Josephson, Olle (2004): Sverige skaffar sig en språkpolitikk. Språknytt nr. 3-4/2004
- Kalleberg, Ragnvald (2004): Forskningsformidling, knippeinstitusjoner og norsk som fagspråk. I Simonsen (red.): Språk i kunnskaps-samfunnet. Engelsk – elitenes nye latin? Trondheim 2004, s. 85-111
- Kaplan, R. (2001): English – the Accidental Language of Science. I Ammon, U. (red.): The Dominance of English as Language of Science. Effects on Other Languages and Language Communities. Berlin 2001
- Kinn, Torodd (2006): Fag, fagmenneske og fagspråk. Språknytt nr. 2/2006
- Kjeldstadli, Knut (red.) (2003): Norsk innvandringshistorie, bind 1-3. Oslo 2003
- Kleiva, Turid (2006): Då målrørsla møtte kvinneverrsla. Syn og Segn ne. 2/2006
- Kleiva, Turid og Søyland, Aud (2002): Striden om formene. Syn og Segn nr. 2/2002.
- Knudsen, Trygve og Sommerfelt, Alf (red.) (1937): Norsk Riksmålsordbok. Bind I. Oslo 1937
- Kolmannskog, Håkon (2003): Nynorsk som motdressur. Mål og Makt nr. 3/2003
- Kolstad, Ellinor (2006): Skjær i sjøen under oversettelse av romanen Trawler. Språknytt nr. 2/2006. Språknytt nr. 2/2006
- Koskenniemi, Kimmo, Lindén, Krister and Nordgård, Torbjørn (2007): The Nordic Countries – A leading region in Language Technology. Expert Panel report. Publications No. 40/2007. University of Helsinki
- Koskenniemi, Kimmo, Lindén, Krister och Nordgård, Torbjørn (2007): Språkvis – Språkteknologisk vismansrapport. En utvidgad sammanfattning av The Nordic Countries – A leading region in Language Technology. Helsingfors 2007
- Kristiansen, Marita (2006): Fagspråkstrategien til Norges handelshøgskole. Språknytt nr. 2/2006
- Kristoffersen, Gjert et al. (2005): Norsk i hundre! Norsk som nasjonalspråk i globaliseringens tidsalder. Et forslag til strategi. Språkrådet 2005
- Kukkonen, Pirjo (2003): Mitt språk mitt liv mitt alt – språkspel och identitet. Tidskrift voor Skandinavistiek, 24, nr. 1/2003
- Kulbrandstad, Lars Anders (2003): Minoritetspråk og minoritetspråkbrukere i Norge. Språknytt nr. 1-2/2003
- Kulbrandstad, Lars Anders (2004): De øvrige språk i Norge. Sprogforum nr. 29. 2004
- Kultur- og kyrkjedepartementet (2003): Prosjektskisse for nytt kompetansesenter for norsk språk
- Kultur- og kyrkjedepartementet (2004): Omdanning av Norsk språkråd. Høringsbrev 20. januar 2004
- Kultur- og kyrkjedepartementet (2004): Høyringsfråsegner til høringsbrevet av 20. januar 2004
- Kultur- og kyrkjedepartementet (2005): Europeisk pakt om regions- eller minoritetspråk. Tredje rapport. Noreg. April 2005
- Kulturdepartementet (1997): Skape, bevare, formidle – handlingsplan for IT på kulturområdet 1009–2001. Oslo 1997
- Kulturdepartementet (2001): Evaluering av stadnamnlova. Rapport avgitt til Kulturdepartementet i januar 2001
- Kulturministeriet i Danmark (2004): Sprogpolitisk redegørelse. København 2004
- Kulturutskottets betänkande 2005/06:KrU4 (2005): Bästa språket – en samlad svensk språkpolitik. Riksdagen Stockholm 2005
- Langseth, Jann H. (2004): Tanker om forskning, samfunnsforpliktelser og språkvalg. I Simonsen (red.): Språk i kunnskaps-samfunnet. Engelsk – elitenes nye latin? Trondheim 2004, s. 76-82
- Langslet, Lars Roar (1999): I kamp for norsk kultur. Riksmålsforbundets historie gjennom 100 år. Oslo 1999
- Leira, Halvard (2003): Samnorsk som identitetspolitisk prosjekt. Nytt Norsk Tidsskrift nr. 4/2003
- Leira, Vagleik (2003): Forslag til ny bokmålsnorm. Språknytt nr. 1-2/2003
- Lie, Svein (2002): Truer engelsken det norske språket? Kronikk i Aftenposten 31. desember 2002
- Lie, Svein (2004): Språksamarbeid i Norden. Språknytt nr. 1 /2004
- Lie, Tarald (2003): Engelsk vs. morsmålet i norsk popmusikk. I Sandøy (red.): Med «bil» i Norden i 100 år. Ordlaging og tilpassing av utlandske ord. Oslo 2003, s. 95-110

- Lie, Tarald (2004): Hvorfor synger vi på engelsk? Språknytt nr. 1/2004
- Lilleholt, Kåre (1979): Målbruk i arbeidslivet – Om retten til å bruke dialekt og nynorsk. Mål og makt nr. 1/1979
- Lilleholt, Kåre (1981): Nynorsk i offentleg målbruk. I Målreising i 75 år – Noregs Mållag 1906–1981. Oslo 1981
- Lilleholt, Kåre (1997): «... man skal eie en ordliste» – litt om rettsgrunnlaget for normering av norsk språk. I Ånd og rett. Festskrift til Birger Stuevold Lassen. Oslo 1997
- Lilleholt, Kåre et al. (2000): Verkeområdet for mållova. Rapport frå arbeidsgruppe sett ned av Kulturdepartementet. Oslo, september 2000
- Ljosland, Ragnhild (2004a) Haldningar til engelsk. Språknytt nr. 2/2004
- Ljosland, Ragnhild (2004b) Engelsk, selvfølgelig!“ Språklig sosialisering blant doktorgradsstipendiater. I Simonsen (red.): Språk i kunnskapssamfunnet. Engelsk – elitenes nye latin? Trondheim 2004, s. 137-146
- Lockertsen, Roger (2007): Valfridom og norsk språk. I Akselberg og Myking (red.): Å sjå samfunnet gjennom språket. Oslo 2007
- Lomheim, Sylfest (2000): Skrifta på skjermen. Kristiansand 2000
- Lomheim, Sylfest (2001a): Kamp i all æve? I Bakke, Elisabeth og Teigen Håvard (red.): Kampen for språket. Nynorsken mellom det lokale og det globale. Oslo 2001
- Lomheim, Sylfest (2001b): Vil norsk overleva? Aftenposten 12. mars 2001
- Lomheim, Sylfest (2002): Språkteigen. Oslo 2002.
- Lomheim, Sylfest (2003): Berekraftig vegkart. Syn og Segn nr. 3/2003
- Lomheim, Sylfest (2004a) Språket på spel. Dagbladet 10. mars 2004
- Lomheim, Sylfest (2004b): Ord om ord. Frå Amerika til Åmot. Oslo 2004
- Lomheim, Sylfest (2006a): På lang sikt. Språknytt nr. 2/2006
- Lomheim, Sylfest (2006b): Norsk og nordisk. Språknytt nr. 4/2006
- Lomheim, Sylfest (2007a): Språkreisa. Oslo 2007
- Lomheim, Sylfest (2007b): De fire. Språknytt nr. 1/2007
- Lomheim, Sylfest (2007c): Mensa rotunda. Språknytt nr. 2/2007
- Lomheim, Sylfest (2007d): Bokbål i by'n. Språknytt nr. 3/2007
- Lund, Jørn (2004): A farewell to Danish? Språknytt nr. 1/2004
- Lund, Jørn (2007): Det faglige løft – om greb og misgreb i utdanning og forskning. København 2007
- Lund, Jørn et al. (2003): Sprog på spil – et utspil til en dansk sprogpolitik. Rapport fra arbeidsgruppe nedsatt av det danske Kulturministeriet. København 2003
- Lund, Jørn et al. (2006): Parallelsprog: En sproglig udfordring for universiteterne. Rapport fra arbeidsgruppe nedsatt av Nordens Sprogråd. September 2006
- Lund, Jørn et al. (2008): Sprog til tiden – rapport fra sprogutvalet. København 2008
- Magga, Ole Henrik (2006): Samisk aktivist i 40 år. Samtiden nr. 2/2006
- Materstvedt, Lars Johan (2004): Heller god norsk enn dårlig engelsk? I Simonsen (red.): Språk i kunnskapssamfunnet. Engelsk – elitenes nye latin? Trondheim 2004, s. 61-69
- Maurud, Øivind (1976): Nabospråkforståelse i Skandinavia. En undersøkelse om gjensidig forståelse av tale- og skriftspråk i Danmark, Norge og Sverige. Stockholm.
- Medietilsynet (2006): Allmennkringkastingsrapporten. Kringkastingsåret 2005. <http://kringkasting.medietilsynet.no/sw4179.asp>
- Medietilsynet (2007): Allmennkringkastingsrapporten. Kringkastingsåret 2006. <http://kringkasting.medietilsynet.no/sw4297.asp>
- Melander, Bjørn (2004): Svårare på engelska. En studie om svenska högskolestudenrandes forståelse av kurslitteratur på svenska respektiva engelska. Institutionen för nordiska språk Uppsala universitet. Uppsala 2004
- Mestad, Ola (2004): Norsk kultur inn i grunnlova. Leiarartikkel i Lov og rett nr. 4-5/2004
- Meyer, Siri (2001): Makt- og demokratiutredninga – sett fra Statistisk Sentralbyrå. Samtiden nr. 4/2001
- Mikkelsen, Gunvor og Sørensen, Torkil (red.): (2004): Norden har noe å bidra med. Nord 2004:3
- Myhre, Jan Eivind (2003): Med sersjanten i forskningsskapet: forskning med tellekanter. Nytt Norsk Tidsskrift nr. 2/2003
- Myking, Johan (1998): Oljespråket som laboratorieprodukt. Syn og Segn nr. 3/1998
- Myking, Johan (2003): Oljeterminologien: røynsler med vinning og tap. I Sandøy (red.): Med «bil» i Norden i 100 år. Ordlagning og tilpassing av utanlandske ord. Oslo 2003, s. 82-91
- Myking, Johan (2006): Nyare terminologiarbeid i Norge. Språknytt nr. 2/2006

- Mæhlum, Brit (2001) Framtida for norsk skriftspråk. Kronikk i Adresseavisen 26. februar 2001
- Mæhlum, Brit (2002): «Om hundre år er allting glemt.» Når pseudovitenskap får lov å prege den språkpolitiske agendaen. Norsk lingvistisk tidsskrift. Årgang 20. 2002
- Mæhlum, Brit (2002): Engelsk eller norsk? Samtiden nr. 4/2002
- Mæhlum, Brit (2004): Språk – bare et nøytralt verktøy? I Simonsen (red.): Språk i kunnskapsamfunnet. Engelsk – elitenes nye latin? Trondheim 2004, s. 180-184
- Mæhlum, Brit (2007): Det store språkspelet. I Akselberg og Myking (red.): Å sjå samfunnet gjennom språket. Oslo 2007
- Mæhlum, Brit (2008): Skal vi la norsk språk være en ulempe – i Norge? Språknytt nr. 1/2008
- Nilssen, Olaug (2003): Personleg nynorskbrukande kvinne. Syn og Segn nr. 2/2003
- Nordal, Anne Steinsvik (2004): Fokus på nynorsk i opplæringa. Språknytt nr. 2/2004
- Nordenstam, Kerstin (2003): Genusperspektiv på språk. Stockholm 2003
- Nordhaug, Odd og Veggeland, Noralv (red.) (1983): Makt i Norge. Hva gikk galt med Maktutredningen? Oslo 1983
- Nordisk råd (2006): Deklarasjon om nordisk språkpolitikk. Nordisk ministerråd 2006
- Norrback, Olle (2004): Varför syns inte nordisk TV i nordboarnas tv-apparater?
- Norsk språkråd (1994): Bruk av fremmedspråk i undervisningen ved universiteter og høyskoler i Norge. Rapport fra en spørreundersøkelse. Norsk språkråd 1994
- Norsk språkråd (1995a): Norsk som framtidsspråk i arbeidsliv og næringsliv. Norsk språkråds skrifter nr. 1. Oslo 1995
- Norsk språkråd (1995b): Norma i nynorsk – Debatt. Norsk språkråds skrifter nr. 2. Oslo 1995
- Norsk språkråd (1997): Purisme på norsk. Norsk språkråds skrifter nr. 4. Oslo 1997
- Norsk språkråd (1998): Ordtilfanget i nynorsk – synsmåtar og røynsler. Norsk språkråds skrifter nr. 5. Oslo 1998
- Norsk språkråd (1999): Godt språk i lærebøker. Norsk språkråds skrifter nr. 6. Oslo 1999
- Norsk språkråd (2001a): Handlingsplan for norsk språk og IKT. Februar 2001
- Norsk språkråd (2001b): Plan for styrking av norsk språk. Perioden 2001–2003
- Norsk språkråd (2002): Nynorskrettskrivinga. Utgreiing om og framlegg til revisjon av rettskrivinga i nynorsk. Oslo 2002
- Norsk språkråd (2004): Nye veier i norsk språkpolitikk? Rapport frå dagsseminar på Lysebu 12. februar 2004
- NOU 1982: 3 Maktutredningen. Sluttrapport
- NOU 1985: 14 Samisk kultur og utdanning
- NOU 1993: 24 Lov om universiteter og høyskoler
- NOU 1999: 27 «Ytringsfrihed bør finde Sted.» Forslag til ny Grunnlov § 100. Oslo 1999
- NOU 2003: 19 Makt og demokrati. Sluttrapport frå Makt- og demokratiutredningen
- NOU 2003: 25 Ny lov om universitet og høyskoler
- Nuolijärvi, Pirkko (2005): Svenskans ställning i Finland på 2000-talet. I Hauksdóttir, Lund og Skyum-Nielsen: Ordenes slotte. Om sprog og litteratur i Norden. Hyldest til Vigdís Finnbogadóttir, Islans president 1980–1996. Nordisk kulturfond 2005, s. 136-147
- Nybø, Bjørg (2007): Et nynorsk «gaeltacht» på Vestlandet? Syn og Segn nr. 2/2007
- Nylenna, Magne (2004): Engelskspråklig undervisning for medisinstudenter i Noreg – gode intensjoner, men store bivirkninger. I Simonsen (red.): Språk i kunnskapsamfunnet. Engelsk – elitenes nye latin? Trondheim 2004, s. 122-129
- Nymark, Johannes (2004): Kva kan katalanarane lære oss? Syn og Segn nr. 2/2004
- Omdal, Helge (2004): Språknormering – med mål i sikte. Om ymse effekter av norsk språknormering i 100 år. Kristiansand 2004
- Omdal, Helge (2004): Norskklærerne og overføring av språknormer. Språknytt nr. 3-4/2004
- Omdal, Helge (red.) (1999): Språkbrukeren – fri til å velge? Artikler om homogen og heterogen språknorm. Kristiansand 1999
- Osdal, Hilde (2006): Det norske språkmangfaldet – for alle? Syn og Segn nr. 4/2006
- Ot.prp. nr. 114 (2001–2002) Om lov om endring i lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold (ny organisering av arbeidet med samiske språk)
- Ot.prp. nr. 40 (2001–2002) Om lov om endringer i lov om universiteter og høyskoler
- Ot.prp. nr. 50 (2006–2007) Om lov om offentlege styresmaktens ansvar for kulturverksemd (kulturlova)
- Ot.prp. nr. 52 (1979–80) Lov om målbruk i offentlig teneste
- Ot.prp. nr. 60 (1989–90) Samisk språk
- Ot.prp. nr. 66 (1988–89) Lov om stadnamn
- Ot.prp. nr. 83 (2003–2004) Om lov om oppheving av lov om Norsk språkråd
- Ot.prp. nr. 95 (2001–2002) Om lov om endring i lov om Norsk språkråd

- Palm, Helena (2003): Termgrupper – ett sätt att hantera engelska, svengelska och svensk fackspråk. I Sandøy (red.): Med «bil» i Norden i 100 år. Ordlaging og tilpassing av utanlandske ord. Oslo 2003, s. 55-58
- Palmgren, Sten (2004): Den nordiska språkkonventionen – Utvärdering av eventuella behov att revidera konventionen
- Petersson, Olof (1987): Metaforernas makt. Stockholm 1987
- Petersson, Olof (2003): Den sista maktutredningen. Nytt Norsk Tidsskrift nr. 4/2003
- Preisler, Bent (2004): Engelsk ovenfra og engelsk nedenfra. I Simonsen (red.): Språk i kunnskapssamfunnet. Engelsk – elites nye latin? Trondheim 2004, s. 27-34
- Pålshaugen, Øyvind (2001): Språkets estetiske dimensjon. Oslo 2001
- Rambøll Management (2006): Evaluering av praktiseringen av norsk som andrespråk for språklige minoriteter i grunnskolen. November 2006
- Rasmussen, Torkel (2004-2005): Hvor mange kan finsk og kvensk i Nord-Norge? Arina – Nordisk tidsskrift for kvensk forskning nr. 1/2004-2005, s. 48-54
- Regeringens proposition – Prop. 2005/06:2 Bästa språket – en samlad svensk språkpolitik. Stockholm den 15. september 2005
- Reikvam, Rolf (2007): Interpellasjon til kultur- og kirkeministeren om deklarasjon om nordisk språlpolitikk. Stortinget 1. juni 2007
- Reikvam, Rolf (2007): Interpellasjon til kunnskapsministeren om norsk fagspråk. Stortinget 15. mai 2006
- Riise, Bente (2007a): Nynorsk – eit elitespråk? Syn og Segn nr. 2/2007
- Riise, Bente (2007b): Tidsskrifta – kor viktige er dei? Syn og Segn nr. 4/2007
- Riise, Grete (2007) Språkbruk – eit spørsmål om demokrati. Språknytt nr. 1/2007
- Riksmålsforbundet (1996a) Sidemålsstilen. Fem seminarinnlegg på Riksmålsforbundets landmøte 1996
- Riksmålsforbundet (1996b) Engelske ord i norsk rettskrivning? Seks seminarinnlegg 1996
- Roald, Borghild og Stray-Pedersen, Babill (2004): Ett semester bare på engelsk. Bakgrunn for og erfaringar fra en nyinnført ordning på medisinstudiet ved Universitetet i Oslo. I Simonsen (red.): Språk i kunnskapssamfunnet. Engelsk – elites nye latin? Trondheim 2004, s. 115-121
- Romaine, Suzanne (2000): Language in Society. An Introduction to Sociolinguistics. Oxford 2000
- Runnestø, Eilov (2003): Ei nynorsknorm som skal vara i tiår? Språknytt nr. 1-2/2003
- Rønsen, Arild (2007) Er norsk bevaringsverdig? Kronikk i Klassekampen 19. mars 2007
- Røyneland, Unn (red.) (1997): Language Contact and Language Conflict. Proceedings of The International Ivar Aasen Conference 14–16 November 1996. University of Oslo. Volda 1997
- Salminen, Tapani Unesco red book on endangered languages. <http://www.tooyoo.l.u-tokyo.ac.jp/Redbook/>
- Sametinget (2005a): Sametingsrådets tiltredelseserklæring. Framlagt for Sametinget 20. oktober 2005
- Sametinget (2005b): Sametingsrådets politiske program for perioden 2006–2009
- Sametinget (2006): Årsmelding for 2006
- Sametinget (2007): Årsmelding for 2007
- Sametingets språkstyre (2004): Bruken av samisk språk. Undersøkelse 2004
- Sametingsrådet (2004) Samisk er tøft! Sametingsrådets melding om samisk språk 2004
- Sandved, Arthur O. (2007) Engelske lån som leksikografisk problem. Språknytt nr. 1/2007
- Sandvik, Sigurd (1994): Skriv betre nynorsk! Bergen 1994
- Sandøy, Helge (1996): Talemål. Oslo 1996
- Sandøy, Helge (2000): Lånte fjører eller bunad. Om importord i norsk. Oslo 2000
- Sandøy, Helge (2002): Norsk tale i to generasjoner. Språknytt nr. 3-4/2002
- Sandøy, Helge (red.) (2003): Med «bil» i Norden i 100 år. Ordlaging og tilpassing av utanlandske ord. Oslo 2003
- Sandøy, Helge et al. (2007): Både i pose og sekk. Framlegg til språkpolitikk for Universitetet i Bergen. Bergen, februar 2007
- Sandøy, Helge og Östman, Jan-Ola (red.) (2004): «Det främmande» i nordisk språkpolitikk. Om normering av utländska ord. Oslo 2004
- Sannerholt, G. og Aarhus, L.J. (1992): Moderne nynorsk ordforråd. «Anbehetelse»-ord i nynorsk. Oslo 1992
- Schjerven, Petter Wilh. (red.) (2005): Typisk norsk. Oslo 2005
- Schwab, Inger-Lise (2004): Det nye forretningspråket – eller pynteengelsk? Språklig sosialisering blant magistergradsstudenter i økonomi. I Simonsen (red.): Språk i kunnskapssamfunnet. Engelsk – elites nye latin? Trondheim 2004, s. 147-162
- Schwab, Inger-Lise (2007): Engelsk i norsk næringsliv – en antropologisk tilnærming. Språknytt nr. 3/2007
- Schwach, Vera (2004a): Norsk vitenskap – på språklig bortebane? Et pilotprosjekt om språk-

- bruk blant fagsamfunnet av forskere i Norge. NIFU skriftserie 9/2004
- Schwach, Vera (2004b): Norsk vitenskap på engelsk? Presentasjon av en undersøkelse. I Simonsen (red.): Språk i kunnskapssamfunnet. Engelsk – elitenes nye latin? Trondheim 2004, s. 46-60
- Schwach, Vera (2007): En av tre masteroppgaver på engelsk. Undersøkelse presentert på Språkdagen 2007. <http://www.sprakrad.no/Aktuelt/En-av-tre-masteroppgaver-pa-engelsk/>
- Schwanitz, Dietrich (2002a): I språkets hus. I Dannelse – Alt det du må vite. Norsk oversettelse ved Kjell Olaf Jensen. Oslo 2002, s. 398-420
- Schwanitz, Dietrich (2002b): Bokens og skriftens verden. I Dannelse – Alt det du må vite. Norsk oversettelse ved Kjell Olaf Jensen. Oslo 2002, s. 421-431
- Simonsen Føyen Advokatfirma Da (2002): Betenkning om juridiske problemstillinger knyttet til samling og tilgjengeliggjøring av norske språkteknologiresurser. På oppdrag fra Norsk språkråd. Oslo 2002
- Simonsen, Dag F. (2002): Å velge bort norsk. Om begrepene «domene» og «domenetap» anvendt på skandinaviske land. Norsk læreren nr. 2/2002
- Simonsen, Dag F. (2003): Ordsミア – arbeidsmåte og erfaringar. I Sandøy (red.): Med «bil» i Norden i 100 år. Ordlaging og tilpassing av utlandske ord. Oslo 2003, s. 144-149
- Simonsen, Dag F. (2004a): Om fagknipper og domenetap. I Simonsen (red.): Språk i kunnskapssamfunnet. Engelsk – elitenes nye latin? Trondheim 2004, s. 130-133
- Simonsen, Dag F. (2004b): «Parallellspråklighet» – viktig nyorientering i norsk og nordisk språkpolitikk. Språknytt nr. 3-4/2004
- Simonsen, Dag F. (2006): Behov for en samlet, men differensiert språkpolitikk. Forskerforum nr. 2/2006
- Simonsen, Dag F. (2008): «Finn», «lapp» og «neger» – litt om sensitive ords liv og død. Språknytt nr. 2/2008
- Simonsen, Dag F. (red.) (2004): Språk i kunnskapssamfunnet. Engelsk – elitenes nye latin? Trondheim 2004
- Sivertsen, Gunnar (2004): Om valg av språk ved vitenskapelig publisering. I Simonsen (red.): Språk i kunnskapssamfunnet. Engelsk – elitenes nye latin? Trondheim 2004, s. 163-179
- Sivertsen, Gunnar (2007): Utdanning på engelsk og forskning på norsk? Forskningspolitikk nr. 2/2007
- Skirbekk, Gunnar (2004): Språk og makt. Er språkstriden over, eller er det berre vi som ser verda med ny-enkle briller? Språknytt nr. 3-4/2004.
- Skirbekk, Gunnar (2006): Språk i Norden. Syn og Segn nr. 1/2006
- Skjeseth, Alf (2003): Journalistens mange engelske kvaler. I Sandøy (red.): Med «bil» i Norden i 100 år. Ordlaging og tilpassing av utlandske ord. Oslo 2003, s. 59-63
- Skutnabb-Kangas, Tove (2000): Kommentarer til rapporten Undersøkelse om bruk av samisk språk 2000
- Sletten, Iben Stampe (red.) (2004): Nordens språk med røtter og føtter. Nordisk Ministerråd 2004
- Slaatta, Tore (red.) (2002): Digital makt. Informasjons- og kommunikasjonsteknologiens betydning og muligheter. Oslo 2002
- Sogner, Sølvi (2003): Taterne eller romanifolket. Kapittel 18 i bind 1 av Kjeldstadli (red.): Norsk innvandringshistorie, bind 1-3. Oslo 2003
- SOU 2002: 27 Mål i mun. Förslag till handlingsprogram för svenska språket. Betänkande av kommittén för svenska språket
- SOU 2005: 40 Rätten til mitt språk. Försterkt minoritetsskydd
- SOU 2006: 54 Teckenspråk och teckenspråkiga. Översyn av teckenspråkets ställning
- SOU 2008: 26 Värna språket – förslag til språklag. Betänkande av Språklagsutredningen
- Språkrådet (2007): Rapport om målbruk i offentlig teneste. September 2007
- Språkrådet, interimsstyret (2006) Tilråding om Norsk i hundre! Språkrådet 2006
- St.meld. nr. 100 (1980–81) Endringer i rettskrivningen og læreboknormalen for bokmål
- St.meld. nr. 8 (2007–2008) Kulturell skulesekk for framtida
- St.meld. nr. 13 (1997–98) Målbruk i offentlig teneste
- St.meld. nr. 14 (2007–2008) Dataspill
- St.meld. nr. 15 (1968–69) Om språksaka
- St.meld. nr. 17 (1996–97) Om innvandring og det flerkulturelle Norge
- St.meld. nr. 17 (2005–2006) 2008 som markeringssår for kulturelt mangfold
- St.meld. nr. 20 (2004–2005) Vilje til forskning
- St.meld. nr. 22 (1999–2000) Kjelder til kunnskap og oppleving
- St.meld. nr. 22 (2006–2007) Veiviseren
- St.meld. nr. 23 (1981-82) Kulturpolitikk for 1980-åra
- St.meld. nr. 23 (2007–2008): Språk bygger broer
- St.meld. nr. 27 (2000–2001) Gjør din plikt – Krev din rett. Kvalitetsreform av høyere utdanning
- St.meld. nr. 28 (2007–2008) Samepolitikken

- St.meld. nr. 30 (2003–2004) Kultur for læring
- St.meld. nr. 30 (2006–2007) Kringkasting i en digital fremtid
- St.meld. nr. 44 (1982–83) Om Maktutredningen
- St.meld. nr. 48 (2002–2003) Kulturpolitikk fram mot 2014. Kapittel 12 Språk
- St.meld. nr. 53 (1991–92) Målbruk i offentlig teneste
- St.meld. nr. 55 (2000–2001) Om samepolitikken. Kap. 7 Samisk språk
- St.meld. nr. 6 (2007–2008) NRK-plakaten. «Noe for alle. Alltid»
- St.meld. nr. 7 (2005–2006) Målbruk i offentlig teneste
- St.meld. nr. 7 (2007–2008) Statusrapport for Kvalitetsreformen i høgre utdanning
- St.meld. nr. 9 (2001–2002) Målbruk i offentlig teneste
- Statssekretærutvalget for IT under Samferdselsdepartementet (1996): Den norske IT-veien – Bit for bit. Rapport fra Statssekretærutvalget for IT. Oslo 1996
- Steffens, K.E. (2002): Nynorsk og drømmen om det ene samlende nasjonalsprog. Nytt Norsk Tidsskrift nr. 4/2002
- Stevenson, Victor (1985): Ordenes historie. den vestlige verdens språk i tekst og bilder. Oslo 1985
- Strubell, Miquel (1997): Korleis bevare og styrke minoritetsspråk. Syn og Segn nr. 2/1997
- Svendsen, Torbjørn et al. (1999): Norsk språkbank – utredning om et nasjonalt korpus for språkteknologi. September 1999
- Svendsen, Torbjørn et al. (2002): Samling og tilgjengeleggjering av norsk språkteknologiresursar. Prosjektgruppe oppnemnd av Kultur- og kyrkjedepartementet. Rapport oktober 2002
- Svenska Akademien (2006): Svenska Akademiens ordlista över det svenska språket. Stockholm 2006
- Søberg, Morten og Tangerås, Thomas P. (2007): Voter turnout in small referendums. I Electoral Studies 2007
- Theil, Rolf (2007): Reiser mellom språk. Oslo 2007.
- Theil, Rolf (n: 2008): Språk: Norsk romani og romanes. http://museumsnett.no/glomdalsmuseet/html/romani/latjo-drom/spraak/spraak_norskromani.htm. Oppslag 19.3.2008.
- Thue, Fredrik W. (2007): 1968 i reprise? Tellekanter og akademisk sjølråderett. I Prosa nr. 2/2007
- Tislevoll, Jan R. (2001): Norsk språkpolitikk og domenetap for norsk språk. Rapport til Nordisk ministerråd. Oslo 2001
- Tjeldvoll, Arild (2006) Kinesisk språk erobrer verden. Kronikk i Dagbladet 23. juni 2006
- Torp, Arne (2004): «Bætsjeler», «bakelore» – eller B.A. Om uttalen av nye norske gradsbetegnelser. Språknytt nr. 3-4/2004
- Torp, Arne (2004a): Skandinavisk nabospråksforståelse – ideal eller virkelighet? Forutsetninger for nabospråksforståelse og dagens virkelighet. Språknytt nr. 3-4/2004
- Torp, Arne (2004b): Språkrådet spør, men markedet rår. Språknytt nr. 3-4/2004
- Tryti, Ivar (1997): Språkets ville vekster. Metaforer og kuriositeter. Oslo 1997
- Türker, Emel (2000): Turkish-Norwegian codeswitching. Evidence from intermediate and second generation Turkish immigrants in Norway. Oslo 2000
- Tønnesson, Johan L. (2008): Hva er sakprosa. Oslo 2008
- Universitetet i Tromsø (2007): Språkpolitiske retningslinjer ved Universitetet i Tromsø. Vedtatt av universitetsstyret 21. juni 2007
- Universitets- og høgskolerådet (2006): UHR S 66/06: Språkpolitikk for universiteter og høgskoler i Norge: En oppsummering av høringssvar
- Universitets- og høgskolestyret (2007): Språkpolitisk plattform. Vedteken av styret i Universitets- og høgskolerådet 19. februar 2007
- Uri, Helene (2004): Hva er språk. Oslo 2004.
- Utdannings- og forskningsdepartementet (2005): Språk åpner dører. Strategi for styrking av fremmedspråk i grunnopplæringen 2005–2009. Juni 2005
- Vatvedt Fjeld, Ruth (2004): Behovet for et større ordboksverk for bokmål. Språknytt nr. 1/2004.
- Vestad, Jon Peder (2002): Den nynorske etnisiteten. Syn og Segn nr. 2/2002
- Vibe, Nils og Spord Borgen, Jorunn (2007): «Lese det, lære det, ja! Men å skrive det? Nei, det vil vi ikke.» Evaluering av forsøk med valgfritt skriftlig sidemål i Oslo. NIFU STEP, rapport 33/2007
- Viken, Anne (2007): En konvertitts bekjennelse. Syn og Segn nr. 2/2007
- Vikør, Lars S. (1994): Språkplanlegging. Prinsipp og praksis. Oslo 1994
- Vikør, Lars S. (1995): The Nordic Languages. Their Status and Interrelations. Oslo 1995
- Vikør, Lars S. (2003): Nordiske språkhaldningar. Presentasjon av ei meningsmåling. I Sandøy (red.): Med «bil» i Norden i 100 år. Ordlaging og tilpassing av utanlandske ord. Oslo 2003, s. 42-51
- Vikør, Lars S. (2004a): Kven har hatt makt i Norsk språkråd? Språknytt nr. 3-4/2004

- Vikør, Lars S. (2004b): Nordiske språkhaldningar i 2002. Ei meiningsmåling. Språknytt nr. 1/2004.
- Vikør, Lars S. (red.) (2005): Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Band V. Oslo 2005
- Vinje, Finn-Erik (1981): Språk og samfunn. I Norges kulturhistorie b. 8. Oslo 1981
- Vinje, Finn-Erik (1995a): Lovlig språk. Om språk og stil i lover og annet regelverk. Oslo 1995
- Vinje, Finn-Erik (1995b): Med alle skalker lukket. Aftenpostens og Dagbladets språkbruk i kritisk belysning. Fredrikstad 1995
- Vinje, Finn-Erik (1995c): Språkrøktens labyrinter. I Egil Børre Johnsen og Trond Berg Eriksen (red.) Norsk litteraturhistorie – Sakprosa fra 1750 til 1995, bind II, s. 568-582
- Vinje, Finn-Erik (1997): Norsk i embets medfør. Oslo 1977
- Vinje, Finn-Erik (2003): Språk 2004. En situasjonsrapport. Oslo 2003
- Vinje, Finn-Erik (2004) Et språkpolitisk scene-skitte. Kronikk i Aftenposten 18. februar 2004
- Vinje, Finn-Erik (2004): Språk 2005. En situasjonsrapport. Oslo 2004
- Vinje, Finn-Erik (2005a): Ut med språket. Oslo 2005
- Vaagan, Robert (2005b): Bibliotekene og det flerkulturelle Norge. En delarapport i biblioteksutredningen 2006. ABM-skrift nr. 22. Oslo 2005
- Walton, Stephen J. (2000): Feminiseringa av nynorsken, teatret og målrørsla. Syn og Segn nr. 3/2000
- Walton, Stephen J. (2004): Atlas over språk i fare. Språknytt nr. 1 /2004
- Walton, Stephen J. (2007): Perspektiv på skriftkulturforinkinga. I Akselberg og Myking (red.): Å sjå samfunnet gjennom språket. Oslo 2007
- Wangensteen, Boye (red.) (2005): Bokmålsordboka. 3. utgave. Oslo 2005
- Western, Knut (1984): Norsk i byrået. Statistisk sentralbyrå. Oslo/Kongsvinger 1984
- Wiggen, Geirr (1997): Ei verdserklæring om språklege rettar. Syn og Segn nr. 1/1997
- Wikander, Ola (2006): I döda språks sällskap. En bok om vällidigt gamla språk.
- Wold, Astri Heen (2006): Et bevisst og reflektert tospråklighetsperspektiv. Prosa nr. 1/2006
- Worren, Dagfinn (red.) (2000): Kvitbok om Norsk Ordbok. Oslo 2000
- Ystenes, Martin (2004): Norsk vitenskapsspråk = femi treski? I Simonsen (red.): Språk i kunnskapssamfunnet. Engelsk – elitenes nye latin? Trondheim 2004, s. 70-75
- Østby, Lars (2006): Innvanderne og det norske samfunnet. Samfunnsspeilet nr. 4/2006. Statistisk sentralbyrå
- Østerberg, Dag (2006): Maktutøvelsens apologi. Nytt Norsk Tidsskrift nr. 1/2006
- Østerud, Øyvind (1999): Den postnasjonale utfordringen. Mellom globalisert makt og nasjonalt demokrati. Nytt Norsk Tidsskrift nr. 4/1999
- Østerud, Øyvind, Engelstad, Fredrik og Selle, Per (2003): Makten og demokratiet. En sluttbok fra Makt- og demokratiutredningen. Oslo 2003
- Øvrebotten, Magni (2004): Nynorsk og ulv. Språknytt nr. 3-4/2004
- Åmås, Knut Olav (2005): Lysta over språket. Samtiden nr. 2/2005
- Aarflot, Anne Helene (2003): Avløserord i Ordsmia – sett i forhold til suksesskriterier for avløserord. I Sandøy (red.): Med «bil» i Norden i 100 år. Ordlaging og tilpassing av utanlandske ord. Oslo 2003, s. 150-152
- Aarflot, Anne Helene (2004): Ordsmia – der importord smis om til norske avløserord. Språknytt nr. 1/2004
- Aasland, Tora et al. (2006): Framtidas norskfag. Språk og kultur i eit fleirkulturelt samfunn. Rapport frå arbeidsgruppe nedsett av Utdannings- og forskingsdepartementet. Januar 2006
-
-

Offentlege etatar kan tinga fleire eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Post og distribusjon
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefaks: 22 24 27 86

Opplysningar om abonnement, laussal og pris får ein hos:
Akademika AS
Avdeling for offentlege publikasjonar
Postboks 84 Blindern
0314 OSLO
E-post: offpubl@akademika.no
Telefon: 22 18 81 00
Telefaks: 22 18 81 01
Grønt nummer: 800 80 960

Publikasjonen finst på Internett:
www.regjeringa.no

Omslagsbilete: Scanpix

Trykk: Lobo Media AS – 06/2008

